



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2015

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4481 og 5578



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2015

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4481 og 5578

Forord

Prop. 1 S (2014–2015) frå Klima- og miljødepartementet består av fire delar:

Del I presenterer hovudutfordringane i miljøpolitikken og hovudprioriteringar innanfor departementets budsjett i 2015. Klima- og miljødepartementet er eit sektorovergripande departement med ansvar for å samordne regjeringas klima- og miljøpolitikk. I del I er det derfor gitt eit oversyn over klima- og miljøpolitiske satsingar i andre departement. I del I er det òg omtalt oppfølging av oppmodingsvedtaka frå Stortinget.

Del II inneheld budsjettframlegget frå Klima- og miljødepartementet fordelt på programkategoriar, kapittel og postar.

Del III er ein presentasjon av verkemidla og resultatområda i klima- og miljøpolitikken. Inndelinga i verkemiddel og resultatområde med nasjonale mål på dei enkelte områda, dekkjer breidda i klima- og miljøpolitikken på ein heilskapleg måte. Ein kan lese om marin naturforvaltning, akvakultur, tareskog, oljeforureining og strandsona samla under Resultatområde 1 Naturmangfald. Samtidig kjem det fram korleis forskinga er nytta for å få fram meir kunnskap innan desse områda i omtala av verkemidla. Status og utvikling på områda blir vist ved spesielle indikatorar som ein finn på www.miljostatus.no.

Verkemidla som blir presenterte i Del III gjeld alle dei miljøpolitiske resultatområda, og dei er eit viktig grunnlag for å kunne oppnå resultat i miljøpolitikken. Verkemidla er delt inn i tre bolkar: kunnskap, regelverk og internasjonalt samarbeid.

Frå 2015 vil Klima- og miljødepartementet redusere talet på resultatområde frå 11 til 6, desse er:

1. Naturmangfald: Omfattar ivaretaking av arter, naturtypar og økosystemtenester i hav, kyst, elvar, innsjøar, våtmarker, skogar, fjell og kulturlandskap.
2. Kulturminne og kulturmiljø: Omfattar vedtaksfreda, automatisk freda og verneverdige kulturminne, kulturmiljø og landskap.
3. Friluftsliv: Dekkjer naturretta aktivitetar og tilrettelegging for menneske.
4. Forureining: Inneheld både giftforureining i miljøet og forureining i lufta.
5. Klima: Dekkjer regjeringa og Stortinget sine ambisjonar på klimaområdet.
6. Polarområda: Omfattar Noregs spesielle ansvar for å forvalte dei sårbare nordområda og Antarktis.

Godt bymiljø er ikkje eit eige resultatområde, men er ein naturleg del av dei andre resultatområda, spesielt kulturminne og kulturmiljø, forureining og klima.

Inndelinga i verkemiddel og resultatområde gjer det mogleg å sortere og samle alle dei ulike problemstillingane i ulike typar kategoriar eller temaområde på ein praktisk måte.

Del IV gir ei oversikt over organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling i miljøforvaltninga.

Innhald

Forord	3	Kap. 4429 Riksantikvaren	111
Del I Innleiing	11	Kap. 1429 Riksantikvaren: Rekneskap og rapport for 2013 jf. poststruktur i Prop. 1S (2012–2013).	112
1 Om klima- og miljøutfordringane	13	Kap. 1432 Norsk kulturminnefond	120
2 Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2015	16	Kap. 4432 Norsk kulturminnefond	120
3 Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet	18	<i>Programkategori 12.60</i>	
4 Oversiktstabellar	34	<i>Nord- og polarområda</i>	121
4.1 Merknader til budsjettframlegget	34	Kap. 1471 Norsk Polarinstitut	122
4.2 Utgifter	34	Kap. 4471 Norsk Polarinstitut	124
4.3 Inntekter	35	Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond	124
5 Om oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget	39	Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	125
Del II Klima- og miljødepartementets budsjettforslag for 2015	41	Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	125
6 Omtale av kapittel og post	43	<i>Programkategori 12.70</i>	
<i>Programkategori 12.10</i>		<i>Internasjonalt klimaarbeid</i>	128
<i>Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.</i>	43	Kap. 1481 Klimakvotar	128
Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet	44	Kap. 4481 Sal av klimakvotar	131
Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet	53	Kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak	131
Kap. 1406 Miljøvennleg skipsfart	53	Del III Omtale av Klima- og miljødepartementet sine resultatområde og verkemiddel	145
Kap. 1407 Miljøhensyn i offentlige innkjøp ...	54	7 Innleiing	147
Kap. 1408 Radioaktiv forureining i det ytre miljø	54	7.1 Endringar i verkemiddelområde og resultatområde	147
Kap. 1409 MAREANO	55	7.2 Bymiljø er eit satsingsområde i klima- og miljøpolitikken	147
Kap. 1410 Miljøforskning og miljøovervaking	56	7.3 Sektorovergripande resultatområde	149
<i>Programkategori 12.20</i>		8 Verkemiddel	150
<i>Klima, naturmangfald og forureining</i>	61	8.1 Kunnskap	150
Kap. 1420 Miljødirektoratet	62	8.2 Regelverk	160
Kap. 4420 Miljødirektoratet	92	8.3 Internasjonalt samarbeid	164
Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak	94	9 Resultatområde	176
Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet	98	9.1 Resultatområde 1 Naturmangfald	176
<i>Programkategori 12.30</i>		9.2 Resultatområde 2 Kulturminne og kulturmiljø	195
<i>Kulturminne og kulturmiljø</i>	103	9.3 Resultatområde 3 Friluftsliv	202
Kap. 1429 Riksantikvaren	103	9.4 Resultatområde 4 Forureining	206
		9.5 Resultatområde 5 Klima	220
		9.6 Resultatområde 6 Polarområda	242

Del IV	Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling	249	10.4	Informasjonstryggleik	252
10	Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling	251	10.5	Rapport om likestilling og mangfold i miljøforvaltninga	252
10.1	Organisering	251	10.6	Likestillingsvurdering på fagbudsjettområda	255
10.2	Oversikt over fornyingsarbeidet	251	10.7	Oppfølging av IA-avtala	256
10.3	Samfunnstryggleik og beredskap	252	Forslag		259

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Prioriterte satsingar i statsbudsjettet for 2015 med tydeleg miljøgevinst på andre departementers område	18	Tabell 6.11	Tilskot til freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap i 2013	115
Tabell 6.1	Fordeling av tilskot:	48	Tabell 6.12	Tilskot til dei 14 prioriterte tekniske og industrielle kulturminna i 2013	117
Tabell 6.2	Type senter	91	Tabell 6.13	Tilskot til andre tekniske og industrielle anlegg i 2013	117
Tabell 6.3	Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2015 (tal i heile kroner)	99	Tabell 6.14	Tilskot til verdsarvområda i 2013	118
Tabell 6.4	Berekning av kapital i Viltfondet i 2015	100	Tabell 6.15	Tilskot til verdiskaping i 2013	119
Tabell 6.5	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2015	100	Tabell 6.16	Tiltak for å sikre og forvalte arkeologiske kulturminne i 2013	119
Tabell 6.6	Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2015	101	Tabell 9.1	Oversikt over tilstanden i elvar og innsjøar	179
Tabell 6.7	Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2015	102	Tabell 9.2	Definisjonar	209
Tabell 6.8	Aktivitet i Kunnskapsløftet for Kulturminneforvaltninga i 2013	112	Tabell 10.1	Oversikt over del kvinner i pst.	252
Tabell 6.9	Rekneskap 2013 Post 72	113	Tabell 10.2	Prosentoversikt over kvinnene og mennene si månadlege gjennomsnittslønn	253
Tabell 6.10	Tiltak for å sikre og ta vare på kunnskap om automatisk freda kulturminne 2013	114	Tabell 10.3	Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn	253

Figuroversikt

Figur 6.1	Avskoging i brasiliansk Amazonas 1988–2013	138	Figur 9.1	Totale årlige menneskeskapte klimagassutslipp per gass 1970–2010	223
Figur 7.1	Miljøpolitiske resultatområde	147	Figur 9.2	Globale utslepp CO ₂ frå fossilt brensel og sementproduksjon per region, 1990–2012	223
Figur 8.1	Viktige lover	161	Figur 9.3	Utslepp av klimagassar i Noreg 1990–2013	224
Figur 8.2	Oversikt over dei viktigaste internasjonale konvensjonane på miljøområdet, og fordeling av hovedansvaret for oppfølging.	168	Figur 9.4	Utslepp av klimagassar etter kjelde (Noreg)	225

Oversikt over bokser

Boks 6.1	Resultat av klima- og skogsatsinga, evalueringar	135	Boks 9.1	Båtbyggjeringa på Moen i Aust-Agder	201
Boks 6.2	Hva er MRV?	139	Boks 9.2	Utvalgte kulturlandskap i jordbruket	201
Boks 6.3	Fokus på styresettforbetringar	142	Boks 9.3	Gjenbruk av industrimiljø	202
Boks 8.1	Miljøovervaking gir grunnlag for å oppdage nye problem og for tiltak	151	Boks 9.4	Kvikksølv – ei ny global avtale	208
Boks 8.2	Naturindeks for Noreg	153	Boks 9.5	Klimagassutslepp og klimaendringar	224
Boks 8.3	Definisjon av omgrepet truga arter	154	Boks 9.6	The New climate economy	235
Boks 8.4	Miljøprøvebanken	157	Boks 9.7	Kva gjer privat sektor for skogane i verda?	240



DET KONGELEGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2015

Utgiftskapittel: 1400–1482

Inntektskapittel: 4400–4481 og 5578

*Tilråding frå Klima- og miljødepartementet 12. september 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Innleiing

1 Om klima- og miljøutfordringane

Å løyse klima- og miljøutfordringane er blant dei største oppgåvene vi står overfor i vår tid. Dette er det brei semje om, både i Noreg og internasjonalt. Likevel har tiltaka for å møte dei mest alvorlege utfordringane ikkje vore tilstrekkelege.

På ein del område, slik som lokal forureining, har vi oppnådd mykje i vårt land. På fleire miljøområde er det likevel både rom for og behov for ein meir ambisiøs og handlekraftig politikk.

Internasjonalt samarbeid er nøkkelen til suksess i klima- og miljøarbeidet. Våre innanlandske miljøutfordringar er ein del av dei samla globale utfordringane. Vi gir våre bidrag til dei internasjonale problema, og vi blir utsette for mange av dei same miljøverknadane som andre land. Skal vi løyse dei internasjonale miljøproblema må vi samtidig løyse våre eigne. Internasjonalt samarbeid og betre teknologi har medverka til at vi har klart å redusere tilførslene til vårt land av sur nedbør og ozonskadelege gassar. Dette gir håp om at vi òg vil klare å løyse dei store klimautfordringane.

Gjennom klimaforliket på Stortinget har vi slått fast kva som er hovudutfordringane i klimapolitikken, kva mål vi skal nå og kva for verkemiddel vi skal nytte i arbeidet. Fram til 2020 skal vi kutte utsleppa av klimagassar tilsvarende 30 pst. av norske utslepp i 1990, gjennom nasjonale reduksjonar og kvotekjøp. I tillegg skal vi omstille Noreg til eit lågutsleppssamfunn fram mot 2050. Noreg arbeider saman med ei rekkje andre land for å hindre ei global oppvarming ut over 2 °C samanlikna med førindustrielt nivå.

Sjølv ein temperaturauke på 2 grader vil skape merkbare endringar og nye utfordringar. Alvorlege flaumar og skred dei seinare åra, både her heime og i andre land, viser kva klimaendringane vil føre til. Fleire stader på jorda er nedbørmangel og tørke eit aukande problem. Sjølv om vi i Noreg har betre føresetnader for å tilpasse oss klimaendringane enn mange andre land, vil dei globale økonomiske, sosiale og økologiske konsekvensane av eit endra klima komme til å merkast hos oss og.

Vi må derfor auke mot klimaendringane parallelt med at vi utformar tiltak for å tilpasse oss dei endringane som uansett vil kome. Infrastruktur,

bustadområde og viktige samfunnsfunksjonar må sikrast mot følgjene av eit endra klima. Klimapolitikken vil såleis påverke og omfatte mange område i samfunnet. Klimapolitikken kan berre lukkast dersom sektorane i samfunnet sjølv tar ansvar. Det er òg samfunnsøkonomisk lønsamt å setje inn effektive og ambisiøse tiltak no, samanlikna med å vente og dermed måtte ta større kostnader seinare. I åra fram mot 2020 må vi få til ei økonomisk vekst og utvikling som ikkje gir like høge utslepp til luft og vatn. Frå 2020 må Noreg, og alle andre land, auke ambisjonsnivået. Klimapolitikken handlar både om å hindre dramatiske klimaendringar og om å utvikle nye næringar, produksjonsmåtar og teknologiske løysingar.

Klimautfordringane vil forsterke behovet for kraftige omstillingar i åra som kjem. Vi må bli mindre avhengige av olje- og gassnæringane, og vi må styrkje kunnskap, kompetanse og utviklingsevne på andre område. Framtidas Noreg skal vere eit høgteknologisamfunn og eit lågutsleppssamfunn. Ein slik omstillingsprosess må byggje på eit nært samarbeid mellom styresmakter og næringsliv. Næringslivet må gjere jobben med å utvikle ny teknologi, nye produksjonsmetodar og meir effektiv energibruk. Styresmaktene må utforme krav og rammevilkår som stimulerer til omstilling. Dersom vi skal kunne sikre gjennomføringskraft i klima- og miljøpolitikken, må offentleg og privat sektor samarbeide om felles mål.

Samtidig må vi stimulere til etterspørsel etter produkt og tenester som er baserte på miljøvennleg teknologi. Gjennom ei rad stimuleringsiltak har vi klart å auke bruken av el-bilar i Noreg. Dette er eit døme på korleis det offentlege kan påverke utvikling og bruk av nye og meir miljøvennlege løysingar i transportsektoren.

Veksten i globale utslepp av klimagassar skriv seg no frå raskt veksande økonomiar, spesielt utviklingsland i Asia. Løysinga på klimautfordringa krev nytenking der alle land tek ansvar i tråd med den reelle kapasiteten og styrken landa har. Vi må samarbeide med utviklingslanda og støtte dei landa som har vilje, men ikkje kapasitet til å gjere grøne val. Dette vil på same tid medverke til å

løyse miljøutfordringar og til ei berekraftig utvikling. Den norske klima- og skogsatsinga er eit døme på slikt samarbeid, saman med det breiare miljøsam arbeidet med India, Kina, Sør-Afrika og Brasil.

Dei globale miljøutfordringane krev at miljøomsyn blir innarbeidde i andre delar av det internasjonale samarbeidet òg, til dømes internasjonal handel.

Om lag 2500 arter er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for arter 2010. Vidare er om lag 40 naturtypar klassifiserte som truga på Norsk raudliste for naturtypar 2011. Arealbruk sendringar er framleis den viktigaste årsaka til tapet av naturmangfald. Mange arter og naturtypar vil òg vere sterkt utsette for endringar i temperatur og klima, ikkje minst i arktiske strøk. På same tid vil klimaendringane òg føre til at arter og organismar spreier seg til nye område. Langs delar av norskekysten står tareskogen i fare for å bli borte. Klimagassen karbondioksid gjer havet surare, noko som trugar mange økosystem og livsformer. Endringane i økosystema vil òg kunne svekkje grunnlaget for matproduksjon, spreie dyre- og plantesjukdomar og skape nye helseutfordringar. Mangfaldet i naturen er med på å halde oppe både økonomiske og sosiale strukturar. Eit svekt naturmangfald vil òg få negative følgjer for økonomi og samfunn i det heile.

Naturens mangfald og dei tenestene naturen gir oss – økosystemtenestene – har stor økonomisk verdi. Det internasjonale prosjektet «The Economics of Ecosystems and Biodiversity» (TEEB) har konkludert med at utnyttinga av naturen no har gått så langt at økosystema si evne til å levere slike tenester globalt sett er redusert. Dei sosiale og økonomiske kostnadane vil komme til å vekse stadig raskare dersom vi ikkje reduserer belastninga på miljøet. Dette krev mellom anna at vi i langt større grad greier å integrere omsynet til økosystem og miljøverdier i dei politiske og økonomiske avgjerdsprosessane i samfunnet.

Helse- og miljøfarlege kjemikalier utgjer ei stor utfordring både nasjonalt og internasjonalt. Dei farlegaste kjemikaliane, miljøgiftene, blir sakte brotne ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Miljøgiftene er derfor eit alvorleg trugsmål mot mangfaldet i naturen og mot matforsyning og helse for kommande generasjonar. Kjemikalier finst i produkt og inngår i dei fleste industriprosessane. Helse- og miljøverknadene av mange kjemikalier på marknaden er ukjende. Det trengst derfor meir kunnskap på dette feltet.

Langtransportert luftforureining fører til vassforsuring, til overgjødsling av vegetasjon og til høge konsentrasjonar av partiklar, nitrogenoksid og bakkenært ozon som kan skade både helse, vegetasjon og materialar. Ei lang rekkje land har påteke seg forplikingar om å redusere sine samla utslepp av luftforureiningar, sist i 2012 gjennom revisjon av Gøteborgprotokollen av 1999 om reduksjon av forsuring, overgjødsling og bakkenært ozon. Hovudinnsatsen framover innanfor det nasjonale arbeidet med langtransportert luftforureining er å redusere utsleppa av NO_x og ammoniakk i tråd med forplikingane i Gøteborgprotokollen.

Den sterke folkeauken i sentrale strom av landet fører til nye og sterkare miljøutfordringar. Luftkvalitet, bu- og bustadmiljø, transportløyser, rekreasjon og friluftsliv er alle omsyn som må sjåast i samanheng. Det er særleg viktig å få til samordna løysingar, som til dømes at byutvikling og bustadbygging skjer i tilknytning til miljøvennleg, skinnegåande transport. Vi må syte for at byutviklinga skjer på ein måte som sikrar gode bumiljø, som løyser transportutfordringane gjennom meir og betre kollektivtrafikk og som ikkje går ut over bynære natur- og rekreasjonsområde. Prosjektet «Framtidas byar» har her gitt oss gode erfaringar som vi må bygge vidare på.

Kulturminne og kulturmiljø utgjer vårt kollektive minne om samfunn og levekår i tidlegare tider. Dei gir kontinuitet og karakter til dei fysiske omgjevnadene og skapar tilhøyrslø. Kulturminne og kulturmiljø er mange stader også viktige for reiseliv og turisme og kan nyttast som ein ressurs i nærings- og distriktsutviklinga. I ei tid med raske endringar og omstillingar på mange felt er det ekstra viktig å ta vare på dei verdiane som kulturarven representerer. Mellom anna er det viktig å forvalte dei kulturhistoriske verdiane og ressursane i dei store byane på ein god måte, for å sikre gode bymiljø og ei berekraftig utvikling.

Vi skal ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping, både for dagens og framtidens generasjonar. Endringar i klima, næringsstruktur, busetjingsmønster og livsstil kan skape ekstra utfordringar i arbeidet med å ta vare på desse miljøverdiane.

Noreg har eit særleg ansvar som miljøforvaltar i nordområda og på Svalbard. Aktivitetane i nord må tilpassast det naturen kan tole. Vi må òg ta omsyn til at naturen i Arktis kjem under stadig sterkare press, mellom anna som følgje av klimaendringar. Det internasjonale miljøsam arbeidet innanfor Arktisk Råd er i så måte svært viktig og

høgt prioritert frå norsk side. Arbeidet med å hente inn meir og betre kunnskap om tilhøva i nord er eit viktig bidrag til det internasjonale klimaarbeidet.

Sjølv om det kan hentast ut økonomiske gevinstar frå Arktis når havisen trekkjer seg tilbake, er slike gevinstar truleg små samanlikna med dei globale økonomiske kostnadane og miljøproblema som vil kunne oppstå som følgje av klimaendringane i desse områda. Særleg land og regionar lenger sør vil kunne bli hardt råka av vidare global oppvarming, havnivåstiging og endra vèrmønster. Dei fordelane som enkelte land kan oppnå, vil ikkje kunne vege opp for dei globale ulempene som issmeltinga fører med seg.

Som eit rikt og velutvikla land skal Noreg ha ein ambisiøs klima- og miljøpolitikk, både her

heime og internasjonalt. Norsk klima- og miljøpolitikk byggjer på ei rad viktige prinsipp: «Føre var-prinsippet» som inneber at mangel på kunnskap skal komme naturen til gode, prinsippet om at forureinaren skal betale, og prinsippet om samla belastning. Samla belastning inneber at ein skal leggje vekt på summen av påverknad på naturmangfaldet, både økosystem og arter, når planar skal utformast og vedtak fattast. Gjennom forureiningslova, naturmangfaldlova, kulturminnelova og plan- og bygningslova er desse prinsippa omsette i gode lov- og regelverk til sikring av natur og miljø. Regjeringa vil leggje desse prinsippa til grunn for vidareutviklinga av miljøpolitikken og arbeide for at miljøomsyn blir ein naturleg del av politikken i alle samfunnssektorar.

2 Hovudprioriteringar i Klima- og miljødepartementets budsjett for 2015

Regjeringa har eit generasjonsperspektiv i klima- og miljøpolitikken. Forvaltaransvaret betyr at vi må leggje til rette for ein berekraftig klima- og miljøpolitikk.

Siste rapport fra FN sitt klimapanel viser at vi vil få meir flaum, meir tørke og mindre fisk i havet. Klimapanelet viser at det er nødvendig å redusere klimautsleppa betydeleg. Midt i september vart rapporten *The New Climate Economy* lansert. Den viser at det ikkje er noko motsetjing mellom økonomisk vekst og reduserte klimagassutslepp, snarare tvert imot.

Regjeringas politikk skal medverke til omstillinga av Noreg til eit lågutsleppsamfunn. Grunnlaget for omstillinga må vere ein langsiktig og ambisiøs klimapolitikk.

Kutt i klimagassutslepp er ofte framstilt som ei bær, og som noko negativt. Vårt lågutsleppsamfunn inneber rein luft, lite støy, grønne arbeidsplassar og eit høgt velstandsnivå. Det blir eit godt samfunn å leve i for kommande generasjonar.

Innanfor eit budsjett som i hovudsak fører vidare nivået frå 2014, styrkjer Regjeringa satsinga på klima i 2015 i tråd med klimaforliket og Sundvolden-erklæringa. I tillegg til løyvingar over Klima- og miljødepartementets eige budsjett, er det mange og viktige klima- og miljøtiltak på budsjetta til andre departement. Regjeringas politikk vert såleis gjennomført i tråd med prinsippet om sektorane sitt ansvar for å medverke til at klima- og miljømåla kan bli nådde, jf. kapittel 3.

Regjeringas hovudprioriteringar i budsjettforslaget for Klima- og miljødepartementet i 2015 er følgjande:

- Klima- og skogsatsinga
- Biogasstrategien
- Brannsikring av stavkyrkjer og tette trehusmiljø
- Opprydding av forureina sjøbotn
- Friluftslivets år 2015

Regjeringa prioriterer å auke nivået på klima- og skogsatsinga, som bidreg til den internasjonale innsatsen med å redusere utslepp av klimagassar

frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland. Forslaget inneber at budsjettet aukar med 134,1 mill. kroner til klima- og skogsatsinga, inkludert meirverdiavgift som frå i år blir løyvt under Finansdepartementet. Klima- og skogsatsinga nå ei løyving på 3 mrd. kroner. Noreg er ein viktig pådrivar for å heve ambisjonsnivået i den internasjonale klimapolitikken. Måla for satsinga er ambisiøse og krevjande, like fullt viser resultatane så langt at det er mogleg å sikre ein heilskapleg og integrert klimapolitikk samtidig som omsynet til utviklingslanda sine behov blir teke vare på.

Regjeringa foreslår å løyve 10 mill. kroner over Klima- og miljødepartementets budsjett til å oppfylle biogasstrategien. Midlane skal gå til forskning og pilotanlegg for biogasproduksjon. Satsinga kan medverke til å redusere kostnadene ved produksjon av biogas.

For å sikre forsvarleg brannsikring av stavkyrkjene og tette trehusmiljø, foreslår Regjeringa ei satsing på 20 mill. kroner til naudsynt brannsikring for å unngå tap av uerstattelege kulturminneverdiar.

Regjeringa forslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner til opprydding i forureina grunn og sjøbotn som er forureina med miljøfarlege stoff. Dette gjer blant anna at enkeltprosjekt i Nord-Noreg kan gjennomførast.

I 2015 vil Regjeringa gjennomføre *Friluftslivets år*, med mål om å auke friluftslivsaktiviteten i befolkninga. Dette er òg eit viktig bidrag til Regjeringas folkehelsearbeid. I løpet av året vil det bli arrangert ei rekkje friluftslivsaktivitetar i heile landet. Dei fleste aktivitetane vil bli arrangerte i nærmiljøet, slik at terskelen for å delta blir låg. Hovudmålgruppa for året er barn, unge og barnefamiliar. Posten som gir tilskot til aktivitetane er styrkt med 10 mill. kroner.

Til etablering av genbank for laks og sjøaure med tilknytning til Hardangerfjorden er budsjettet auka med 27 mill. kroner. I denne sum ligg 2 mill. kroner til drift. I tillegg foreslår Regjeringa ei bestillingsfullmakt på 15 mill. kroner for restkostnader som kjem til utbetaling i

2016. Samla byggjekostad vil være 40 mill. kroner.

Eksempel på andre prioriterte saksområde innanfor Klima- og miljødepartementets budsjett er 10 mill. kroner til ny teljing av isbjørnbestanden i Barentshavet og 7 mill. kroner til generell vassforvaltning. Regjeringa foreslår å oppheve avgiftsfritaket for spillolje. For å sikre ei forsvarleg innsamling og behandling av spillolje foreslår Regjeringa òg å auke tilskotet som blir gitt ved innlevering av spillolje. Dette inneber ei auka løyving på 30 mill. kroner. Regjeringa foreslår at verknaden av oppheving av avgiftsfritaket for spillolje og auka tilskot vert evaluert etter to år. Om det då vert påvist ei negativ utvikling, skal ytterlegare tiltak vurderast.

Forslaget til budsjett for Klima- og miljødepartementet i 2015 har ei utgiftsramme på 8 029,3 mill. kroner mot 8 202,4 mill. kroner i 2014. Dette er ein netto reduksjon på 173,1 mill. kroner, eller 2,1 prosent, frå saldert budsjett 2014.

Reduksjonen i budsjettet er samansett. Innføring av nøytral meirverdiavgift reduserer budsjettet utan at dette går ut over aktivitetsnivået, og rammeoverføringar frå og til andre departement aukar budsjettet, men påverkar ikkje det samla aktivitetsnivået. Omprioriteringar på det samla statsbudsjettet har òg medført kutt på Klima- og miljødepartementets budsjett. Desse reduksjonane fører i hovudsak til noko lågare aktivitetsnivå på enkelte tiltak under forvaltningsdrift og naturmangfald samanlikna med 2014. Vidare er løyvinga til skogvern redusert med 210 mill. kroner og er no på 2012-nivå. Løyvinga i 2013 vart i hovudsak auka for å slutføre køen av frivillig skogvernsaker der det var inngått avtale om vern med skogeigarane. Køen er no teken unna. Nasjonalparkplanen er på det næraste slutført og løyvinga er redusert med 165 mill. kroner som følgje av dette. I tillegg har reforma for mindre byråkrati og meir effektiv bruk av midlane medført mindre reduksjonar på om lag 13 mill. kroner på driftspostane.

3 Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet

Klima- og miljødepartementet har ei rolle som koordinator og pådrivar for klimavennlege løysingar i alle departementa. Dette kapitlet samanfatar heilskapen i Regjeringas klima- og miljøinnsats på andre departement sine område. Årets klima- og miljøprofil er endra frå tidlegare år. Tabellen med samla miljørelevante utgifter under departementa er fjerna og omtalene under departementa er utvida. Ei utvida omtale under departementa gir eit meir informativt og heilskapleg bilete av klima- og miljøpolitikken. Ny tabell som berre viser nye miljøtiltak med tydeleg miljøgevinst gir òg meir

presis informasjon om neste års miljøinnsats. Miljøtilstanden i dei ulike samfunnssektorane er utgangspunktet for målsetjingar Regjeringa har på klima- og miljøområdet. For å oppnå måla for dei forskjellige sektorane er det sett i verk ein brei klima- og miljøpolitikk. Omtalene under departementa er òg baserte på deira eigne miljøomtaler i budsjettproposisjonane.

Miljøpolitikk er ikkje først og fremst løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø omfattar i stor grad avgjerder som ikkje har direkte konsekvensar for statsbudsjettet. Til dømes vil

Tabell 3.1 Prioriterte satsingar i statsbudsjettet for 2015 med tydeleg miljøgevinst på andre departementers område

	(i 1 000 kr)	
<i>Utgifter</i>		
Det grønne klimafondet	UD	200 000
NORFUND – auka løyving til fornybar energ	UD	125 000
Stimulering auka deltaking i Horisont 2020	KD	115 000
Innovasjon Noregs miljøteknologiordning	NFD	50 000
Auka kjøp av persontransporttenester med tog	SD	183 000
U-864 – miljøtiltak mot kvikksølvforureining – ubåten ved Fedje	SD	150 000
Tilskot til gang- og sykkelveggar	SD	10 000
Etablere miljøbase/oljevernbase i Lofoten/Vesterålen	SD	40 000
Bymiljøavtaler	SD	70 000
Særskilt tilskot til Fornebubana	SD	25 000
Jernbane: Nytt dobbelspor Oslo–Ski	SD	1 224 000
Teknologisenteret på Mongstad – vidareutvikling, modifikasjonar og vedlikehald	OED	65 000
Auka avkastning frå Klimafondet til Energifondet under Enova	OED	202 000
Utfase oljefyring i Statsbyggs eigedommar	KMD	15 000
<i>Fond</i>		
Kapitalinnskot i Fondet for klima, fornybar energi og energiomlegging	OED	9 250 000

planlegging av arealbruk vere viktig, det same er regulering av tillatne grenseverdiar for forureining. Vidare er skattar og avgifter på miljøskadelig produksjon, forbruk o.a. eit heilt vesentleg verkemiddel som ikkje kjem fram i Regjeringas utgifter på miljøområdet. Likevel er det klart at Regjeringas budsjettinnsats over statsbudsjettet er vesentleg. I Klima- og miljøprofilen er det inkludert ei oversikt over nye viktige satsingar for 2015 som Klima- og miljødepartementet vurderer som miljørelevante og som gir ein tydeleg miljøgevinst.

Regjeringas langsiktige mål er at Noreg skal bli eit lågutsleppsamfunn i 2050. Ei omstilling til lågutsleppsamfunnet vil opne opp høve til framtidig utvikling og vekst.

Noreg har høg kompetanse, kapital og ein næringsstruktur som speglar at vi har ein betydeleg olje- og gassproduksjon. Dette inneber kunnskap og ressursar som kan nyttast til å utvikle grøn konkurransekraft. Innovasjon og teknolog utvikling er naudsynt, saman med eit samarbeid på tvers av sektorar.

Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet syner mellom anna at fondet for klima, fornybar energi og energiomlegging vert styrka. Dette vil stimulere til miljøvennleg energiomlegging og medverke til utvikling av energi- og klimateknologi. Vi styrker òg forskinga, og klima, miljø og miljøvennleg energi er prioriterte område for regjeringa si forskingspolitikk. Det vil òg bli gjort store satsingar innan samferdsel. Gjennom innskott i det Grøne klimafondet vert finansieringa av u-landas forpliktingar under Klimakonvensjonen styrka, samt høve til å nå ei tilfredstillande klimaavtale på klimatoppmøtet i Paris 2015. Det vert òg gjort framlegg om at Enovas ordning for ENØK-støtte retta mot private hushald leggjast om og utvidast. Vi tek sikte på at ordninga seinare skal kunne endrast til ei frådragsordning i skattesystemet. Regjeringa vil halde fram med å sikre langsiktige og klare rammevilkår for næringsliv, kommunar og enkeltmenneske som legg til rette for grønne vegval.

Sektoransvaret ligg til grunn for Regjeringas klima- og miljøpolitikk

Regjeringas klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljøpolitiske måla kan bli nådde. Forureinar betaler-prinsippet er ein viktig del av sektoransvaret. Både miljø- og sektorstyresmaktene på sen-

tralt hald, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i tillegg til private aktørar skal medverke til at miljøomsyn blir tekne vare på.

Vidare har sektorstyresmaktene ansvar for å gjennomføre tiltak innanfor eige område som trengst for å kunne nå måla i klima- og miljøpolitikken. Dei har òg ansvar for å rapportere om miljøutviklinga i sektoren og om resultat av, og kostnader ved verkemiddelbruk og gjennomførte miljøtiltak.

Sektoransvaret medfører eit krav til alle departementa om at dei skal ta miljøomsyn når dei utformar planar og politikk på sine ansvarsområde. Dette gjeld både den økonomiske politikken generelt og politikken i dei einskilde sektorane. Miljøomsyn inneber både å førebyggje miljøbelastningar og å rydde opp der ein har skada miljøet.

Miljøansvar i offentleg sektor

Det blir arbeidd aktivt med miljøansvar i offentleg sektor. Eit godt, enkelt og effektivt miljøleingsystem, for eksempel ISO 14001, EMAS (Eco Management and Audit Scheme) eller Miljøfyrtårn, sikrar at verksemda har oversikt over dei mest vesentlege miljøbelastningane og har målsettingar og rutinar for kontinuerleg å redusere desse. For dei fleste statlege verksemdene vil tema som anskaffingar, energi, spesielt til bygg og IKT, transport og avfallshandtering, stå sentralt.

Departementas tryggleiks- og serviceorganisasjon og departementa vil etter planen bli sertifiserte i samsvar med EMAS i løpet av 2014. Ein stor del av departementa sine anskaffingar skjer via rammeavtalene til Departementas tryggleiks- og serviceorganisasjon, der det òg blir stilt miljøkrav. Fleire departement rapporterer òg om at dei har prosedyrar for anskaffingar utanfor rammeavtalene der det blir stilt miljøkrav. Det blir nytta miljøkriterium i tråd med tilrådingane på anskaffelser.no.

Også fleire underliggjande etatar og andre statlege verksemder har miljøleingsystem og arbeider systematisk med å redusere miljøbelastningar gjennom anskaffingar og dagleg drift. Prosjekt «Grønt sjukehus» har for eksempel mål om å innføre miljøleing og miljøsertifisering (ISO 14001) i alle norske helseføretak i 2014. Vidare har Forsvarsbygg oppført Nord-Noregs første kontorbygg som tilfredsstillar krava til passivbygg som gir redusert energibruk. Pr. august 2014 er det 451 statlege verksemder og over 1200 kommunale og fylkeskommunale verksemder som er Miljøfyrtårnsertifiserte.

Klima- og miljøpolitikk i departementa

Olje- og energidepartementet

Verksemda på kontinentalsokkelen står for ein vesentleg del av dei norske utsleppa av klimagassar. I 2013 sleppte petroleumsverksemda ut klimagassar tilsvarande 14,0 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, inkludert utslepp frå brenning og prosessar på offshore- og landanlegg. Ein reknar med at utslepp av klimagassar frå petroleumsverksemda vil auke fram til rundt 2017 for deretter gradvis å minke.

Noregs evne til å produsere elektrisitet frå vasskraft medverkar til låge luftutslepp frå den innanlandske stasjonære energibruken. Dette inneber òg at Noreg har eit snevrare grunnlag for å redusere utsleppa frå elektrisitetsproduksjon enn andre land. Utslepp frå innanlandsk energiforsyning og energi brukt til oppvarming av bygg i 2013 var i underkant av 3 mill. tonn CO₂-ekvivalentar. Samla utgjer utslepp frå energisektoren innanlands og energi brukt til oppvarming av bygg omlag 6 pst. av dei totale utsleppa i Noreg.

Regjeringa vil foreine Noreg si rolle som stor petroleumsprodusent med ambisjonen om å vere ein leiande klima- og miljønasjon. Noreg skal vere ein føregangsnasjon på klima- og miljøvennleg energibruk og produksjon og samtidig sikre ei berekraftig forvaltning av kyst- og vassdragsnaturen. Det er eit viktig mål å syte for at den auka utbygginga av fornybar kraft skjer utan at naturmangfald eller store landskapsverdiar går tapt.

Klimaendringane og verdas aukande energibehov er bakgrunnen for Regjeringas satsing på fangst og lagring av CO₂. Regjeringa har utarbeidd ein strategi for arbeidet med CO₂-handtering, denne er omtalt i Olje- og energidepartementets Prop. 1 S (2014–2015). Regjeringa sine tiltak omfattar eit breitt spekter av aktivitetar. Strategien inkluderer forskning, utvikling og demonstrasjon, arbeidet med å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg, transport, lagring og alternativ bruk av CO₂ og internasjonalt arbeid for å fremje CO₂-handtering. Teknologiseret for CO₂-fangst på Mongstad (TCM) står sentralt i denne satsinga. Regjeringa foreslår ei løyving til drift av TCM på 227,5 mill. kroner. i 2015, inkl. mva. I tillegg er det foreslått 65 mill. kroner til investeringar i vidareutvikling og vedlikehaldsmodifikasjonar på anlegget. Målet med teknologiseret er å skape ein arena for målretta utvikling, testing og kvalifisering av teknologi for CO₂-fangst. CLIMIT-programmet for forskning, utvikling og demonstrasjon spelar også ei viktig rolle i statens arbeid med

CO₂-handtering og har ei løyving på 200 mill. kroner for 2015.

Regjeringa har ein ambisjon om å realisere minst eitt fullskala demonstrasjonsanlegg for CO₂-handtering innan 2020. Det er utfordrande å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg i Noreg, blant anna fordi det er få eigna punktutslepp. Det vil bli arbeidd vidare med å kartleggje alternativa for fullskala demonstrasjon av CO₂-handtering i Noreg. Vidare vil Regjeringa fortløpande vurdere kva alternativ for fullskala demonstrasjon av CO₂-handtering som finst i utlandet. Regjeringa vil vurdere verkemiddel og gjennomføre studiar av moglege fangstprosjekt i Noreg og alternativ for transport og lagring til potensielle fangstprosjekt. Regjeringa vil arbeide vidare med å fremje CO₂-handtering internasjonalt.

Regjeringa har foreslått ei driftsløyving på 113 mill. kroner til Gassnova SF.

Olje- og energidepartementet har sidan 2013 leia oppfølginga av handlingsplanen for å fremje utvikling og bruk av CO₂-handtering internasjonalt. Målsetjinga for arbeidet er å få aksept for fangst og lagring av CO₂ som eit viktig klimatiltak, å etablere ei brei forståing for reduksjonspotensialet som følgjer av teknologien og å medverke til at teknologien blir teken i bruk utanfor Noreg.

Omsyn til miljø er ein integrert del av forvaltninga av dei norske petroleumsressursane. Miljøvurderingar skjer på alle stadium av verksemda; frå vurdering av om eit område skal opnast for petroleumsverksemd, ved leiting, ved vurdering av korleis eit felt skal byggjast ut, ved spesifikke løyve knytte til drifta av feltet, ved årlege endringar av desse og fram til avslutning av produksjon og disponering av innretningane.

Sidan 1996 har kraft frå land vore vurdert i samband med alle nye eller reviderte utbyggingsplanar. I dag er det fleire felt som får heile eller delar av kraftforsyninga frå land.

Etableringa av Enova og Energifondet i 2001 har vore ein viktig del av arbeidet for ei langsiktig og miljøvennleg omlegging av energibruk og energiproduksjon. Enova får midlane sine gjennom Energifondet og tilbyr økonomisk støtte og rådgiving for å stimulere til ei miljøvennleg energiomlegging og medverke til utvikling av energi- og klimateknologi. Energifondet er finansiert gjennom eit nettpåslag som er lagt på straumrekninga, og avkastninga frå «Fondet for klima, fornybar energi og energiomlegging».

Regjeringa har styrkt Fondet for klima, fornybar energi og energiomlegging utover ambisjonane i klimaforliket og har lagt fram ein tidsplan for ytterlegare styrking. I forhold til saldert bud-

sjett 2014 er fondet styrket med 9,25 mrd. kroner i 2015. Frå 2015 vil Regjeringa flytte satsinga på miljøvenleg transport frå Transnova til Enova og auke innsatsen på enøk i hushald.

I løpet av 2013 har Enova inngått nye avtaler som gir eit venta (kontraktfesta) energieresultat på om lag 1,4 TWh/år. Det blei inngått avtaler om fornybar varmemproduksjon på til saman 420 GWh/år i 2013. Samla sett estimerer Enova at dei i 2013 støtta varmeprosjekt og energibrukprosjekt som er venta å medverke til eit redusert oljeforbruk på 19 063 tonn pr. år når prosjekta er gjennomførte. Enova har estimert at dei samla direkte utsleppsreduksjonane knytte til alle energieresultata for 2013 var 114 000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Det har vore aukande interesse for utbygging av vasskraft, vindkraft og kraftleidningar dei siste åra. Noregs vassdrags- og energidirektorat s miljøtilsyn kontrollerer at miljøkrav som er fastsette i konsesjonar blir etterlevde, både i anleggs- og driftsfasen. Miljøtilsynet har i 2013 til saman gjennomført 195 inspeksjonar på staden av konsesjonsgitte vassdragsanlegg og sju av konsesjonsgitte energianlegg (kraftleidningar, vindkraftverk og transformatorstasjon).

Gjennomføringa av EUs vassdirektiv med tilhøyrande forvaltingsplanar er viktig for å fremje ei heilskapleg forvaltning av vassressursane, og Olje- og energidepartementet vil saman med Noregs vassdrags- og energidirektorat medverke aktivt til dette. I 2013 har Noregs vassdrags- og energidirektorat gitt innspel til tiltaksanalysane og vore med og kvalitetssikra forslag til tiltak frå andre. Departementet har i 2013 medverka til forskning innan miljøkonsekvensar og miljøtiltak i regulerte vassdrag.

Forskning og utvikling på fornybare energikjelder, klima- og miljøvenlege energiteknologiar og energieffektivisering er viktig for å nå klimamåla. Eit av hovudmåla for forskingsinnsatsen på energi- og petroleumsområdet er å medverke til å redusere negative klima- og miljøverknader. I 2015 blir det løyvd totalt 726 mill. kroner til energi- og petroleumsforskning over Olje- og energidepartementet sitt budsjett, av dette vil 695 mill. kroner gå til ulike program og verkemiddel i Noregs forskingsråd. ENERGIX er Forskringsrådet sitt store, målretta program for forskning på miljøvenleg energi og støttar FoU innan fornybar energi, effektiv energibruk, energisystem og energipolitikk, og miljø- og klimavenleg transport. Programmet hadde sitt første år i drift i 2013 og fekk finansiering frå seks departement. PETROMAKS 2 har òg ei viktig rolle i miljø- og klimarelevante forskning gjennom Noregs forskingsråd. Pro-

grammet har som hovudmål å medverke til auka verdiskaping for samfunnet ved at norske petroleumsressursar blir utvikla og nytta optimalt innanfor miljømessig forsvarlege rammer.

Forskingsenteret for auka utvinning ved Universitetet i Stavanger skal mellom anna utvikle metodikk for å velje dei beste og mest effektive injeksjonsmetodane for ulike felt. Når ein skal få mest muleg ut av eksisterande felt er det naudsynt å bruke energieffektive metodar og finne fram til injeksjonsmetodar som ikkje inneheld kjemikalier som kan skade miljøet.

Olje- og energidepartementet løyvde i 2013 òg midlar til andre forskingsprogram med miljørelevans, som PROOFNY og SEAPOP. Desse programma ser på, i same følgd, langtidverknader av utslepp til sjø frå petroleumsverksemda, og utviklinga av norske sjøfuglbestandar i lys av menneskeleg aktivitet i havområda og kystsona.

Samferdselsdepartementet

Tilstand og utfordringar

Transport er ei av dei største kjeldene til klimagassutslepp i Noreg. Berre vegtrafikken åleine gav i 2013 klimagassutslepp tilsvarande 10,1 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, som var 19 pst. av dei nasjonale klimagassutsleppa. Transport gjev også lokal luftforureining og støy. Dei viktigaste kjeldene til svevestøv er trafikk med eksos og asfaltstøv frå piggdekk, vedfyring og langtransportert forureining. Den viktigaste kjelda til utslepp av NO₂ er vegtrafikk. Vegtrafikken er også den største kjelda til støy.

Det kan vere vanskeleg, eller umogleg, å reversere konsekvensane av samferdselsprosjekt for naturmangfaldet. Ein må derfor vere varsam både ved planlegging og bygging av nye samferdselsanlegg og ved drifta av eksisterande anlegg. Vegsalting kan påverke jordsmonn og vegetasjon, grunnvatn og overflatevatn. Av om lag 200 undersøkte innsjøar er 71 påverka av salt eller miljøgifter.

Mål for departementets arbeid med miljøutfordringar

Eitt av hovudmåla er at transportpolitikken skal medverke til å avgrense klimagassutslepp, redusere miljøskadelege verknader av transport, og til å oppfylle nasjonale mål og dei internasjonale pliktene Noreg har på helse- og miljøområdet. Ved behandling av klimameldingen satte Stortinget eit mål om at utslepp frå nye personbilar ikkje skal overstige eit gjennomsnitt på 85 g CO₂/km i 2020.

EUs vassdirektiv set mål om miljøforbetringar og legg rammene for kva som er god vassforvaltning. Vassdirektivet blir gjennomført i Noreg gjennom vassforskrifta. Kystverket, Jernbaneverket, Statens vegvesen og Avinor AS deltek i arbeidet med å følgje opp vassforskrifta.

Resultat i 2013

Klimagassutsleppa frå vegtrafikken har auka med 30 pst. sidan 1990, men har vore om lag uendra i dei seinaste åtte åra. Fleire køyretøy og auka køyrelengder aukar utsleppa. Samtidig gjev meir energieffektive køyretøy, overgang frå bensin til diesel og el-/hybridbilar og innblanding av biodrivstoff lågare utslepp pr. kilometer. Utsleppa frå nye bilar er reduserte frå 177 g CO₂ pr. km i 2006 til 123 g/km i 2013 og 110 g/km første halvår 2014. Talet på elbilar var 32 500 pr. 1. september 2014 mot 13 700 på same tid i 2013.

I 2013 var det til tider høge konsentrasjonar av forureining frå transport i fleire byar, med overskridingar av krava til NO₂ og/eller svevestøv i forureiningsforskrifta. NO_x-utslepp omfatta av Gøteborgprotokollen gjekk i 2013 ned med 2,4 pst. til 160 000 tonn, men dette er framleis 4 000 tonn over krava i protokollen.

Den nasjonale handlingsplanen mot støy vart oppdatert i 2014, og transport er ein viktig del av denne.

Jernbaneverket og Statens vegvesen starta i 2013 eit samarbeid om å utvikle metodikk for før- og etterundersøkingar, der konsekvensar for naturmangfald inngår.

Kystverket sine hamne- og farleiltak kan påverke naturmiljøet m.a. gjennom å spreie partiklar og endre straumforhold og vassutskifting. Kystverket har i fleire tilfelle samarbeidd med kommunar og Miljødirektoratet om fellesprosjekt for å rydde opp i forureina hamnebasseng. I perioden 2008–2013 kartla Avinor biologisk mangfald på alle lufthamnene. Lufthamnene blir følgde opp og ei rekkje tiltak blir gjennomført for å unngå konflikthar med naturmangfald.

Ei arbeidsgruppe leidd av Samferdselsdepartementet la i august 2013 fram ein rapport som tilrår at det blir starta pilotprosjekt med fysisk kompensasjon av jordbruks- og naturområde knytt til store samferdselsutbyggingar. Verkemiddelet kan brukast for å erstatte jordbruks- og naturverdiar som elles ville gått tapt.

Statens vegvesen innførte i 2014 ein ny vinterdriftsstandard som kan påverke saltbruken. Frå vinteren 2012/2013 til vinteren 2013/2014 var saltbruken på dei vegane Statens vegvesen har drifts-

kontraktar for, redusert frå om lag 215 000 til om lag 185 000 tonn.

På Oslo Lufthamn var det i 2013 sju brot på utsleppsløyva for grunnvatnet og eitt brot for vassdrag.

Tiltak og politikk som bidreg til betre måloppnåing på miljøområdet

Det er stor variasjon for når ulike tiltak reduserer klimagassutsleppa. Utvikling av jernbanetilbodet, stimulering til overgang frå veg til sjø og forskning og utvikling vil gi utsleppsreduksjonar på lang sikt, mens t.d. biodrivstoff vil ha ein rask effekt i den nasjonale utsleppsrekneskapen. For å redusere klimagassutsleppa frå vegtrafikken er det viktig med tiltak som gir lågare utslepp frå kvart køyretøy og satsing på kollektivtransport, gange- og sykling i storbyområda. Elbilpolitikken er eit godt døme på at positiv skattestimulans har gode klimaeffektar. Dei viktigaste utsleppsreduserande tiltaka frå luftfart på kort sikt er knytte til flåteutskifting og effektivisering av luftrommet og optimalisering av landingar og avganger. Regjeringa vil satse på tiltak som har effekt både på kort og lang sikt.

Statens vegvesen har eit program for å skaffe meir erfaring med støysvake vegdekke. I tillegg til tiltak som gjeld køyretøy, bildekk og støysvake vegdekke, er det viktig å halde ved like eksisterande støyskjermar. I 2014 starta arbeidet med å konkretisere korleis miljøomsyn kan leggast til grunn når fartsgrenser skal fastsetjast. Ferdigstilte jernbaneprojekt i 2014 bidreg til å redusere støy. Venta kraftig auke i trafikkmengda på enkelte jernbanestrekningar i tettbygde strog gjer likevel at fleire kan bli utsette for støy i 2015.

Nye krav til utslepp av NO_x og NO₂ blir fasa inn i perioden 2014–2016 som følgje av EURO 6/VI-krava. Dette er krav retta mot nye bilar og som vil føre til at nye bilar vil ha svært låge NO_x- og NO₂-utslepp.

Statens vegvesen skal samarbeide vidare med lokale og statlege miljø- og helsestyresmakter for å få meir treffsikker kunnskap og berekningar av luftkvaliteten, og for å finne tiltak for å betre luftkvaliteten både på kort og lang sikt.

Transportetatane arbeider med å auke kunnskapen på naturmangfaldområdet og integrere han i relevante handbøker og prosedyrar. Råd og resultat frå konsekvensutgreiingar skal takast med i reguleringsføresegner eller i dei ytre miljøplanane i seinare planfasar. Transportetatane skal søkje å unngå inngrep i verna naturområde, tyngre inngrep i større samanhengande naturom-

råde, sårbare naturtypar, verdfulle kulturområde og dyrka jord. Dersom tap av viktige naturverdiar ikkje kan unngåast, skal nødvendige avbøtande og restaurerande tiltak setjast i verk. Statens vegvesen og Jernbaneverket tek del i ei direktoratsgruppe som samarbeider om å kartleggje og overvake naturmangfald. Det gir nyttig kunnskap i arbeidet med å planleggje nye prosjekt og å drifte og halde ved like infrastrukturen.

Ingen samferdselsprosjekt som opnar i 2015 er vurderte til å ha svært stor negativ konsekvens for naturmiljø. Det blir ikkje gjort inngrep med nærføring til nasjonalparkar eller landskapsvernområde i samband med riksveganlegg som opnar i 2015. Fem dekar naturreservat blir påverka. Ni registrerte konflikhtar mellom veg og naturmangfald vil bli utbetra i 2015.

Arbeidet med å overvake eit utval av innsjøar som ligg nær ein veg, held fram i 2015. Formålet er å få eit bilete av korleis forureininga utviklar seg og medverke til ny kunnskap om konsekvensane av avrenning frå vegar. Jernbaneverket følgjer opp vassforskrifta ved å utgreie og gjennomføre utbetringstiltak ved fem moglege fiskehinder i Trøndelag, og ved å kartleggje og utgreie to forureina grunnlokalitetar som påverkar vasskvaliteten. Tiltaka er planlagt gjennomførte i 2014–15. Opprydding av gammal forureining, avfall og kjelder til forureining er viktige tiltak for Jernbaneverket som blir prioritert.

Samferdselsdepartementet forvaltar store klima- og miljørelaterte løyvingar. Viktige løyvingar i 2015 er forslag om 17,7 mrd. kroner til Jernbaneverket, ein auke på 1,5 mrd. kroner frå 2014, i tillegg kjem 3,2 mrd. kroner til kjøp av persontransporttenester med tog. Vidare er det foreslått 975,6 mill. kroner til påskjøningsordninga for betre kollektivtransport i byområda, 70 mill. kroner til bymiljøavtaler, 25 mill. kroner i særskilt tilskot til Fornebubana, 386 mill. kroner til gang- og sykkeltiltak, 462 mill. kroner til akutt beredskap ved større forureining inkludert 150 mill. kroner til å etablere støttefylling til ubåten U-864 ved Fedje, 84 mill. kroner til kollektivtiltak på veg og 90 mill. kroner til miljø- og servicetiltak på veg.

Justis- og beredskapsdepartementet

Politi- og lensmannsetaten

Det er ei viktig oppgåve å motverke miljøkriminalitet. Omfanget av miljøkriminalitet er venta å auke i tida framover då presset på naturen aukar i takt med den økonomiske velstanden. For politi- og lensmannsetaten er arbeidsmiljø- og forureiningskriminalitet vurdert som den største risi-

koen mot miljøet. I tillegg blir natur- og fiskerikriminalitet sett på som store utfordringar. Politiet sine viktigaste oppgåver innanfor miljø er å kjempe mot miljøkriminalitet gjennom førebyggjande verksemd, og rask og adekvat reaksjon på brot mot lovgivinga som er sett til vern om miljøet. Økokrim har eit særskilt ansvar for miljøkriminaliteten og er kompetansesenter på området for politiet og påtalemakta. For 2015 er det løyvt 60,2 mill. kroner til miljøpolitiske tiltak i Politi- og lensmannsetaten.

Sysselemda på Svalbard

Det å halde ved lag omfanget av Svalbards særegne villmarksnatur ligg til grunn for miljøpolitikken på Svalbard. Svalbardmiljølova av 15. juni 2001 med tilhøyrande forskrifter tek vare på denne målsetjinga.

Det er store utfordringar knytte til klimaendringar og langtransportert forureining. Klimaendringar kan få konsekvensar for arter og økosystem på Svalbard, og med mindre sjøis vil det kunne bli auka skipstrafikk, auka turisme og auka fiskeriaktivitet.

Aktivitetsnivået innan gruveverksemd og forskning er framleis høgt. Utfordringa er å setje rammer og krav som tek vare på målsetjinga om å bevare Svalbard som eit urørt villmarksområde. Store Norske Spitsbergen Grubekompani AS leverte våren 2014 førehandsmelding for ny kolkgruve i Ispallen som inneber inngrep i eit til no urørt område. Dagens kolkraftverk i Barentsburg og Longyearbyen representerer òg miljømessige utfordringar. Avfallshandteringa på øygruppa er ei utfordring.

I verneområda på Svalbard er utfordringa å utvikle gode strategiar for å balansere bruks- og verneinteressene innanfor ramma av verneformålet. Forvaltningsplanar er eit viktig verktøy når det skal gjerast avvegingar mellom dei ulike interessene i behandlinga av enkeltsaker.

Sysselemda vil prioritere førebygging, informasjonsarbeid, rettleiing og tilsyn med ferdsel og verksemdar også i tida framover. Sysselemda sine miljørelaterte verksemd er anslått til 11,6 mill. kroner.

Nærings- og fiskeridepartementet

Næringsverksemd (og energiproduksjon) har miljømessige konsekvensar som naturinngrep, tap av naturmangfald, forureining av jord, luft og vatn og utslepp av klimagassar til atmosfæren. Ein god nærings- og miljøpolitikk vil søkje å avgrense miljø-

økonsekvensane av næringsverksemd innanfor rammene av ei berekraftig utvikling der òg omsynet til langsiktig verdiskaping blir teke vare på. Nærings- og fiskeridepartementets overordna mål i miljøpolitikken er størst mogleg samla verdiskaping i norsk økonomi, innanfor berekraftige rammer.

Hovuddelen av Nærings- og fiskeridepartementets klima- og miljøinnsats går til miljørelatert ressurs- og næringsforskning, tiltak for å stimulere til utvikling av miljøteknologi, tiltak for berekraftig forvaltning av fiskeressursar og berekraftig havbruk, og til oppbygging av kunnskap om marine ressursar.

I 2015 er det anslått at 380 mill. kroner over Nærings- og fiskeridepartementets budsjett til Noregs forskingsråd går til miljørelevante prosjekt. Det er eit mål for Nærings- og fiskeridepartementets arbeid på klima- og miljøområdet å føre ein aktiv innovasjonspolitikkk for å fremje utvikling og kommersialisering av meir miljøvennlege teknologiar og tenester. For 2015 foreslår Regjeringa å auke løyvinga til Innovasjon Noregs miljøteknologiordning med totalt 56,6 mill. kroner til 230 mill. kroner. Ordninga gir investeringstilskot til pilot- og demonstrasjonsprosjekt, og skal fremje norsk industri si konkurransevne på lengre sikt og over tid medverke til å realisere Noregs miljømålsetjingar. I 2015 er det anslått at 380 mill. kroner over Nærings- og fiskeridepartementets budsjett til Noregs forskingsråd går til miljørelevante prosjekt.

I kampen mot ulovleg, uregulert og uregistrert fiske prioriterer ein målretta kontroll og samarbeid på tvers av faglege linjer og styresmakter både nasjonalt og internasjonalt. Fiskeriaktiviteten sin påverknad på sjøbotnen og det ytre miljø elles skal reduserast mest mogleg, bl.a. gjennom utvikling av meir skånsame metodar innan alle dei viktigaste fiskeriteknologiane.

Det er eit mål at dei norske maritime næringane skal vere i front på miljøområdet. Nærings- og fiskeridepartementet koordinerer arbeidet med ein strategi om ein heilskapleg maritim næringspolitikk, der miljø er ein viktig del. Strategien skal leggjast fram våren 2015.

Regjeringa vil leggje til rette for ein miljømessig berekraftig vekst i havbruksnæringa. Smittepress frå lakselus og genetisk påverknad frå rømt oppdrettslaks er dei to viktigaste miljøutfordringane i norsk havbruksverksemd på kort sikt. Andre miljøkonsekvensar av havbruksnæringa er produksjon/hausting av fôrråvarer, utslepp av næringssalt og beslag på kystareal. Det er avgje-

rande at drifta er tilpassa og at det blir utvikla teknologiske løysingar fortløpande for å avgrense konsekvensane av verksemda.

Departementet disponerer òg midlar til opprydding og avgrensing av forureining i tidlegare gruveområde. Utarbeiding av heilskaplege tiltaksplanar for opprydding etter gruveverksemd i Follidal og i Sulitjelma vil bli prioritert i 2015.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Tilstandsbeskriving og utfordringar

Med utgangspunkt i plan- og bygningslova, arbeider Kommunal- og moderniseringsdepartementet med berekraftig byutvikling. Dette er ein dynamisk prosess som inneber ei brei tilnærming, der det er fokusert på økonomiske, sosiale og miljømessige aspekt.

Ein berekraftig bystruktur skal sikrast gjennom effektiv arealbruk og styrkt miljøvennleg transport. Konsentrert byutvikling er ein føresetnad for eit effektivt kollektivtrafikktilbod og at fleire sykklar og går. Dermed er det òg god klimapolitikk. Betre bustadplanlegging er ein viktig del av byutviklinga, og i arbeidet med å syte for tilstrekkeleg bustadforsyning er det viktig å sjå samhengane mellom tomteval og høvet til å nytte kollektivtransport, sykling og gåing. I ein berekraftig bystruktur er det lagt vekt på å styrkje sentrum i byar og tettstader og andre knutepunkt i kollektivnettet, saman med tilpassing til klimændringar og omsynet til å sikre høg kvalitet i byrom og uteareal og ta vare på grønstruktur og naturmangfald.

Bustader og andre bygningar står for ein betydeleg energi- og ressursbruk, og om lag halvparten av energibruken i Noreg skjer i bygningar, anslått til 80 TWh pr. år. Energieffektivisering i bustader og andre bygningar er eit viktig miljøvennleg bidrag.

På vegne av staten forvaltar Statsbygg 2350 eigedommar. Samla klimagassavtrykk frå bygningar i dag er i storleiksordenen mellom 40 og 90 kg CO₂-ekvivalentar pr. kvadratmeter pr. år. I Statsbyggs byggjeprojekt, eigedomsforvaltning og rådgivingsteneste, er miljøvennlege løysingar og reduksjon av klimautslepp i eit livsløpsperspektiv ei sentral føring.

Utfordringa i åra framover er å realisere nybygg og totalrehabiliterede bygningar med null utslepp knytt til produksjon, drift og avhending, og å oppgradere det store volumet av eksisterande eigedommar til eit tilfredsstillande energinivå.

Mål

Gjennom heilskapleg og samordna planlegging etter plan- og bygningslova er det eit mål å medverke til gode og miljøvennlege løysingar for bustadforsyning og transport i byar og byregionar, og å medverke til fleire energieffektive og miljøvennlege bustadar og bygningar. Vidare vil gode og samordna løysingar for knutepunktsutvikling blant anna kunne medverke til betydelege klimagassreduksjonar. I tillegg vil satsing på kollektivtransport, sykling og gange i byane medverke til betre lokal luft. Element i arbeidet vil òg vere høvet til aktivt friluftsliv, å ta vare på kulturminne og betre bymiljø.

Rapport 2013

Byutvikling er eit kommunalt ansvar. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har likevel ein viktig funksjon som øvste planstyresmakt. I 2013 vart det under dåverande Miljøverndepartementet sendt på høyring eit forslag til reviderte statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transport. Departementet medverka òg med finansiell støtte og starta opp nettverk for regionalt plansamarbeid på bustad-, areal- og transportområdet for dei store byregionane Bergen, Trondheim og Stavanger.

Programmet Framtidas byar vart ført vidare med statlege midlar både til pilotprosjekt og nettverksarbeid. Dette er eit breitt samarbeidsprogram mellom dei 13 største byane i Noreg, fire departement, KS og dei tre største næringsorganisasjonane i Noreg. Hovudmåla for programmet er å medverke til reduserte klimagassutslepp og klimatilpassing i dei største byområda. Programmet blir avslutta i 2014.

I 2013 vart Bjerkedalen park, Grorudparken, første etappe av Verdsparken med parkouranlegg og Rommensletta skulpturpark opna.

Eit hovudformål med låne- og tilskotsordningar i Husbanken er å fremje tilgjenge og redusert energibruk i nye og eksisterande bustader utover minstekrava i byggteknisk forskrift. I alt vart det gitt tilsegn om grunnlån for 16,5 mrd. kroner til 11 752 bustader i 2013, dvs. 32 prosent fleire bustader enn i 2012.

Statsbygg arbeider systematisk med energieffektivisering i eksisterande bygningar. For 2013 var gjennomsnittleg energiforbruk 201 kWh/m², marginalt over målet på 200 kWh/m².

Arbeidet i 2015 og vidare

Midlane til Lågenergiprogrammet (6,4 mill. kroner), kompetansetilskot til berekraftig bustad- og bygningskvalitet (21,8 mill. kroner), tilskot til bustad-, by og områdeutvikling (60,2 mill. kroner) og ulike forskings- og utviklingsmidlar er miljørelaterte tiltak i tilknytning til budsjettet for 2015. Miljørelatert løyving til Fylkesmannsembeta er anslått til 175 mill. kroner for 2015. I tillegg gir Husbanken grunnlån til oppføring og utbetring av bustader og bygningar med miljøkvalitetar ut over minstekrava i regelverket.

Områdesatsinga i Groruddalen vil vare ut 2016.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil med utgangspunkt i plan- og bygningslova i 2015 føre vidare sitt arbeid knytt til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og byutvikling. Programmet Plansatsing mot store byar (2013–2017) skal først vidare. Det vil bli gitt tilskot både til regionalt plansamarbeid som er sett i gang og pilot- og førebileteprosjekt i dei største byane. I arbeidet vil omsynet til klima, miljøutfordringar knytte til lokal luftforureining, grønstruktur, bynært friluftsliv, naturmangfald og kulturminne vere viktige premissar.

Det er varsl gjennom klimaforliket og klimameldinga at energikrava for nye bygg skal skjerpast til passivhusnivå i 2015 og nesten nullenerginivå i 2020. Utgreiing og innføring av nye energikrav har høg prioritet i 2015.

Statsbyggs prosjekt skal no oppnå minimum passivhusnivå for nybygg og totalrehabilitering, så langt oppdragsgivar har akseptert ambisjonsnivået. Dette nivået vil bli senka til «nesten nullenerginivå» innan 2018, og til nullutsleppsnivå innan 2030. 35 byggjeprojekt er no på passivhusnivå eller betre, dette inneber at omkring halvparten av Statsbyggs prosjekt når dette målet, når ein tek høgde for tidsforseinking i prosjekta. Det er likevel eit viktig atterhald at oppdragsgivar aksepterer dette ambisjonsnivået på energi, materialar og transportrelaterte utslepp.

Regjeringa vil forsterke klimaforliket og foreslår at det blir løyvd 15 mill. kroner på Statsbyggs budsjett for 2015 som ledd i arbeidet med å fase ut oljekjellar som hovudenergikjelde i Statsbyggs eigedommar innan utgangen av 2016. Ved å utfase desse anlegga vil Statsbygg fjerne det vesentlege av sitt CO₂-utslepp frå olje.

Utanriksdepartementet

Tilstand og utfordringar

Det internasjonale avtaleverket på miljøområdet, under dette særleg Klimakonvensjonen, Konvensjonen om biologisk mangfald og Forørkningskonvensjonen, gir viktige rammer og føringar for departementets arbeid med klima- og miljøtiltak. For departementet er særleg mattryggleik, berekraftig ressursforvaltning og å sikre menneske berekraftig energi viktig.

I dag er 1,2 milliardar menneske utan tilgang til straum og meir enn 2,8 milliardar menneske nyttar tradisjonell biomasse som ved og trekol til matlaging. Energisektoren står for over 60 pst. av utslepp av klimagassar og val av energiberarar har betydelege miljøkonsekvensar. I arbeidet med å auke energitilgang i utviklingsland er det viktig at moglegheitene som ligg i deira fornybare energiressursar (vasskraft, sol og vind) blir utnytta i staden for ytterlegare bruk av fossile energikjelder.

Mål for departementets arbeid med miljøutfordringar

Utanriksdepartementets mål på miljøområdet er å medverke til å førebyggje og løyse globale og regionale klima- og miljøutfordringar gjennom internasjonalt samarbeid. Klima- og miljøomsyn blir integrert i norsk utanriks- og utviklingspolitikk gjennom strategisk innsats. I dette arbeidet vil ein søkje å utvikle effektive modellar for privat/offentleg samarbeid og sjå på korleis bistandsmidlane kan nyttast effektivt for å utløyse investeringar frå privat sektor til klima- og miljøtiltak.

Ifølgje FNs prognosar vil vi vere over ni milliardar menneske innan 2050. For å sikre nok mat til alle har FAO rekna ut at produksjonen av mat må auke med 60 pst. innanfor same tidsperiode. Regjeringas strategi for mattryggleik i eit klimaperspektiv vart lansert i desember 2012. Strategien legg det politiske føringane for all norsk støtte til mattryggleik, gjennom både bilaterale og multilaterale kanalar.

Gjennom vår energibistand har Noreg som mål å medverke betydeleg til energiutbygging i utviklingsland. Satsinga på rein energi i utviklingslanda utgjer ein sentral del av den norske politikken på klima- og energiområdet. Måsetjinga med Energy+ er å medverke til ei oppskalering av prosjektbasert støtte til fornybar energi og energieffektivisering ved ei sektortilnærming, det vil seie at ein ser på heile energisektoren samla. Energy+ kombinerer utviklingspolitikk og

klimapolitikk på ein ny måte og gjer Noreg synleg internasjonalt.

Noreg har lansert «1 Giga Ton Coalition» for å vise korleis satsing på fornybar energi og energieffektivisering i utviklingsland kan redusere klimagassutsleppa. For å nå to-gradersmålet er det ifølgje FNs miljøprogram (UNEP) nødvendig å redusere dei globale klimagassutsleppa med 8–12 gigatonn pr. år innan 2020, utover det landa til no har forplikta seg til.

Resultat i 2013–2014

Den globale miljøfasiliteten (GEF), støttar tiltak som skal medverke til å betre det globale miljøet. Etter kapitalpåfylling våren 2014 forvaltar GEF vel USD 4,43 mrd. for perioden 2014–2018. Saman med andre nordiske land var Noreg bl.a. pådrivar for ei breiare tilnærming til kjemikalieområdet, inkludert kvikksølv, og avfallshandtering der dette er relevant i forhold til GEFs mandat.

Noreg har følgd opp Rio+20-vedtaket om å styrkje FNs miljøprogram (UNEP). Noreg har dei seinare åra støtta UNEP med 100 mill. kroner i året gjennom ein programsamarbeidsavtale. Noreg vart attvalt i UNEA-byrået i juni 2014, og er ein pådrivar for at UNEP skal bli ein meir open og ein medlemsstatsstyrt organisasjon.

Under klimatoppmøtet i september 2014 slutta Noreg seg til FNs generalsekretærs initiativ om ein global allianse for klimasmart landbruk der formålet er auka produktivitet som tek vare på viktige klimamål og hindrar ytterlegare avskoging.

I arbeidet med å sikre verda nok mat er forskning ein vesentleg komponent. Noreg støtta organisasjonen for internasjonal landbruksforskning, CGIAR-institutta (The Consultative Group on International Agricultural Research), med til saman 127,5 mill. kroner i 2013.

Klimaendringar, mattryggleik og mangfald av matplanter er sentralt for Noregs støtte til Den internasjonale plantetraktaten for mat og landbruk og Det globale fondet for mangfald av matplanter (GCDT). I 2013 løyvde Noreg eingongsbeløp på høvesvis 100 mill. kroner til GCDT og 40 mill. kroner til Plantetraktaten.

Noreg har inngått ei avtale med regionale afrikanske organisasjonar om støtte til eit regionalt klimaprogram med vekt på klimatilpassa landbruk. I dei ulike landa har det vore gjennomført tiltak med vekt på klimasmart landbruk, skog, naturressursforvaltning, og biologisk mangfald. Av konkrete resultat kan til dømes nemnast overgang til energieffektive kokeomnar i Malawi, klima- og skogsamarbeid med Tanzania, skogfor-

valtning og rehabilitering og forvaltning av nasjonalparker i Uganda og Kenya, Rwanda og DR Kongo.

Internasjonale avtaler og konvensjonar

Noreg er part til ei rekkje internasjonale avtaler på miljøområdet, og Regjeringa vil halde fram med å støtte utviklingsland og deira utvikling av strategiar og planar for å gjennomføre slike avtaler. Støtte vil òg bli gitt til sekretariata for konvensjonane og andre tiltak for å gjennomføre konvensjonane sine formål. Kapasitetsbygging set utviklingslanda betre i stand til å møte miljø- og klimautfordringane.

Multilateralt samarbeid

Mange FN-organ er sentrale aktørar i det globale arbeidet med miljø- og klimaspørsmål. Noreg er ein viktig bidragsytar til da organisasjonane og programma som har miljø som kjerneoppgåver. Noreg gir dessutan tilleggsmidlar for å styrkje arbeidet med miljø- og klimaspørsmål og har ein fortløpande dialog med institusjonane om integrering av miljøomsyn i verksemda deira. Noreg har følgd opp Rio+20-vedtaket om å styrkje FN's miljøprogram (UNEP). Noreg skal i 2015 fokusere på å styrkje UNEP og gjennomføre vedtaka frå UNEA-1, spesielt innan områda havforsøpling og mikroplast, luftforureining, og miljøkriminalitet.

Den globale miljøfasiliteten (GEF) støttar tiltak som skal medverke til å betre det globale miljøet. Noregs medverknad til den sjette påfyllinga av fondet gjeld for perioden 2014–2018, med eit beløp på 432 mill. kroner. Det grønne klimafondet (GCF) har særleg prioritet som finansieringskanal i dei kommande åra. Noreg har spela ei sentral rolle i opprettinga av fondet og er representert i styret. Noreg har annonsert eit bidrag på 200 mill. kroner i 2015. Fondet skal i framtida vere det sentrale verktøyet for finansiering av u-landas forpliktingar under Klimakonvensjonen. Det er svært store forventningar knytte til fondet, og ei solid kapitalisering av fondet i løpet av 2015 vil truleg vere avgjerande for å kunne oppnå ei tilfredsstillande klimaavtale på klimatoppmøtet i Paris i 2015.

Mattryggleik

Norge gir støtte til mattryggleik både gjennom bilaterale og multilaterale kanalar. Årleg støtte er

på ca. 1 mrd. kroner. Noreg støttar òg opp om initiativet som FAO har teke for å redusere tap av mat.

Rein energi

For 2015 vil Noregs bistand til rein energi vere 1 090 mill. kroner. I tillegg kjem investeringar i rein energi gjennom Norfund. Løyvinga til Norfund er foreslått auka med 250 mill. kroner til 1 480 mill. kroner, med framlegg om at minst halvparten skal gå til fornybar energi. Det internasjonale energi- og klimainitiativet Energy+ vil særleg satse på å utvikle den internasjonale partnerskapen og gjere den meir forpliktande. Noreg vil vurdere Energy+ samarbeid med eit par nye utviklingsland. Noreg spelar ei sentral rolle i FN's initiativ Berekraftig Energi for Alle (SE4All). Måsetjinga er innan 2030 å skaffe energitilgang til alle, doble forbetringa av energieffektivitet og doble delen fornybar energi. Noreg arbeider òg aktivt for å få til eit eige energimål under FN's nye berekraftsmål frå 2015. Saman med EU og Tyskland har Noreg medverka til å opprette og utforme eit innovativt fond for fornybar energi og energieffektivisering (GEEREF) i utviklingsland. Noregs bidrag er 110 mill. kroner over fem år.

Multilaterale finansinstitusjonar

Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane er viktige aktørar i det multilaterale samarbeidet for å møte klimautfordringane, både i deira generelle portefølje, og gjennom spesialfond. Eit eksempel er Asiabankens Clean Energy Financing Partnership Facility (CEFPF) som er eit multigivarfond, oppretta for å auke investeringar i og tilgang til teknologi innan rein energi. Noreg underteika i 2013 ei ny avtale med Clean Energy Fund (CEF) under CEFPF's på NOK 140 millionar kroner over 3 år (2013–16).

Nordisk Miljøfinansieringsselskap (NEFCO), som er dei nordiske landa sin internasjonale finansinstitusjon på tiltak på miljøområdet, forvaltar fleire fond for handel med klimakvotar og utvikling av klimamarknadene. NEFCO forvaltar på vegner av Klima- og miljødepartementet òg Norwegian Carbon Procurement Facility (NorCap), som har som mål å kjøpe inntil 30 millionar utsleppsrettar under Kyotoprotokollens andre tiltaksperiode.

Handel, miljø og klima

Noreg arbeider for å fremje berekraftig utvikling på alle relevante område i Verdas handelsorganisasjon (WTO) og i forhandlingar om frihandelsavtaler. Sommaren 2014 vart det sett i gang forhandlingar om reduserte tollsatsar på miljøvarer- og teknologiar. Noreg støttar òg arbeidet for auka handel med fornybar energi (SETI). OECD er ein viktig premissleverandør for den globale klima- og miljødebatten, eit arbeid Noreg tek del i og har nytte av. I EFTA arbeider Noreg aktivt med å utvikle bindande føresegner om miljø i EFTAs handelsavtaler.

EØS-midlane

Under EØS-midlane for perioden 2009–2014 medverkar Noreg med rundt 15 mrd. kroner til sosial og økonomisk utvikling i 16 EU-land. Om lag ein tredel av EØS-midlane er øyremerkt miljø, tiltak mot klimaendringar og grøn næringsutvikling. Miljø og klima er med dette det største innsatsområdet i perioden 2009–2014. Det blir òg i 2015 sett av betydelege pengar til miljørelatert arbeid under EØS-midlane.

Nordområda

Regjeringa vil ytterlegare styrkje samarbeidet om maritim tryggleik innanfor ramma av Arktisk råd. Forvaltningsretta forsking på dei levande ressursane i det marine økosystemet, i samarbeid med både russiske og andre lands forskingsmiljø, vil framleis ha høg prioritet.

Regjeringa vil òg arbeide for at det blir gjort ein større innsats regionalt for å redusere utslepp frå kortlevde klimadrivarar og CO₂.

Russland

Noreg har eit betydeleg bilateralt samarbeid med Russland for å møte felles miljøutfordringar, for kompetanseutvikling i miljøforvaltninga og for å fremje russisk tilslutning til internasjonale miljøavtaler. Arbeidet blir gjennomført i eit treårig samarbeidsprogram for 2013–15, med særleg vekt på å beskytte havmiljøet, grensenært samarbeid, biodiversitet og reduksjon av forureining.

Eurasia og Midtausten

Norske aktørar er engasjerte i store energiprojekt i regionen, og miljøarbeidet er ein av dei pri-

oriterte sektorane for samarbeid med landa i Eurasia regionen.

Prosjekt for utnytting av solenergi er eksempel på miljøsamarbeid i Midtausten.

Afrika

Noreg søker å medverke til omlegging av landbruket i Afrika i ei klimarobust og meir produktiv retning. Det er lagt vekt på program og tiltak som medverkar til at afrikanske småbønder får auka tilgang på teknologi, marknader og matplanter som toler klimaet i framtida.

Asia

Kinas utvikling har stor betydning for globale miljø og klimautfordringar. Det er derfor viktig å engasjere Kina i internasjonalt samarbeid på dette området. Noreg held fram med si kjernestøtte til tenketanken China Council for International Cooperation on Environment and Development, som gir policyråd direkte til den kinesiske leiarskapen. Vidare har Regjeringa sett av opptil 60 mill. kroner til støtte for eit europeisk-kinesisk samarbeid om karbonfangst og -lagring ved eit kolkraftverk i Kina (Near Zero Emission Coal).

Forsvarsdepartementet

Forsvarssektoren skal vere ei føregangsverksemd i å ta omsyn til miljøet. Miljøomsyn skal vere ein integrert del av alle plan- og avgjerdsprosessar på alle nivå, og vurderast på lik linje med krav til blant anna yting, kvalitet, kvantitet og økonomi. Forsvaret arbeider blant anna med opprydding i forureina sjøbotn, opprydding av miljøgifter, reduksjon av metallutlekking frå skytefelt, ivaretaking av naturmangfald i samband med bruk og utvikling av område, bevaring av kulturminne i skyte- og øvingsfelt, avfallshandtering, reduksjon av støy, og redusert klimagassutslepp. Innanfor alle desse områda er det lagt vekt på kunnskapsgrunnlag og overvaking.

Operasjonar i utlandet har òg ei oppgåve i å beskytte viktige naturressursar for lokalbefolkninga. All militær aktivitet i eit øvingsområde vil påverke miljøet i større eller mindre grad. Det er ein ambisjon å skape eit godt øvingsutbytte samtidig som ein unngår store negative konsekvensar for miljøet.

Kystvakta har lovfesta oppgåver blant anna innan miljøoppsyn, og ein del av Kystvaktas oppdrag har prioritet til verneområde, ulovleg fiske, ulovleg jakt, kulturminne, dykking etc. Kystvakta

gjennomførte 15 reine miljøoppsyn i 2013. Fleire av Kystvaktas fartøy har oljevernustyr om bord, og har ei viktig rolle i den operative nasjonale beredskapen mot oljesøl.

Prosjekt for tilbakeføring av Hjerkins skytefelt til sivile formål er truleg Noregshistorias største naturrestaureringsprosjekt. Prosjektet hadde i 2013 sitt åttande gjennomføringsår. Revegetering av anleggsflatene er ferdigstilt på Haukberget. På HFK-sletta gjenstår utplanting av vierplanter oppformert frå stadeige stiklingsmateriale og tilsåing med stadeigne frø av grasarta sauesvingel.

Fylkesmannen i Oppland starta i 2013 prosessen med verneplan for Hjerkins skytefelt. Planen blir utarbeidd med heimel i Naturmangfaldlova. Den skal leggje til rette for framtidig vern av skytefeltarealet i tråd med Stortingets vedtak i 1999 om nedlegging av skytefeltet. Tilrådinga frå Miljødirektoratet skal liggje føre innan utgangen av 2016.

Landbruks- og matdepartementet

Tilstand og utfordringar

Landbruksnæringa produserer viktige fellesgode som ulike former for kulturlandskap, natur- og kulturopplevingar og biologisk mangfald. Samtidig er landbruksdrift ei kjelde til forureining til luft, jord og vatn, og påverkar også truga arter og naturtypar i betydeleg grad. Berekraftig ressursforvaltning er ein føresetnad for å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon i framtida, og å bevare viktige miljøverdier.

Berekraftig landbruk er eitt av fire overordna mål for norsk landbruks- og matpolitikk, med delmål om å ta vare på jordbrukets kulturlandskap, sikre berekraftig bruk av og vern om landbrukets areal og ressursgrunnlag, sikre reduserte utslepp av klimagassar, auka lagring av karbon og gode miljøtilpassingar.

I skogbruket står arbeidet med skogbruksplanlegging, miljøregistrering i skog, Landsskogtakseringa, og FoU knytt til skogbruk og biologisk mangfald sentralt. Samarbeid med miljømyndighetene om frivillig vern og vidareutvikling av miljøstandardar i skogbruket er to viktige tilnærmingar til å ta vare på naturmangfaldet i skogen. Samtidig er 1400 truga og nær truga arter etter Norsk raudliste 2010 vurderte til å vere negativt påverka av skogbruksaktivitet. I dei seinare åra er det sett inn tiltak i skogbruket for å redusere desse effektane ved å unngå eller tilpasse hogst på areal som er særleg viktige for raudlistearter.

Landbruket har ei rekkje verkemiddel som skal medverke til eit ope og variert kulturlandskap

som tek var på dei natur- og kulturhistoriske verdiane i landskapet. For dyr på beite har det vore ei positiv utvikling med fleire dyr som et grovfôr og fleire dyre på utmarksbeite. Utfordringane framover ligg i å målrette miljøverkemidla til kulturlandskapsareal med store biologiske og kulturhistoriske verdiar. Om lag 44 pst. av truga arter på Norsk raudliste 2010 er knytte til jordbrukets kulturlandskap.

Kulturminne og bygningar som ikkje er skjotta eller er i bruk står i fare for å forfalle på linje med meir ekstensivt skjotta areal. Det blir gitt tilskot til istandsetjing og vedlikehald av freda og verneverdige bygningar, men omfanget avheng i stor grad av interesse og engasjement hos aktørane.

Utsleppa frå norsk jordbruk låg på 8,5 pst. av dei samla nasjonale klimagassutsleppa i 2013. Det er ein auke på 0,3 pst. sidan 2012. To tredelar av metanutsløppa og halvparten av lystgassutsleppa i Noreg kjem frå jordbruket.

Meir nedbør som følgje av klimaendringar vil kunne skade avlingar og føre til meir erosjon. Eit varmare og våtare klima kan gjere at nye sjukdommar og skadegjerarar etablerer seg i Noreg. Desse vil kunne gjere stor skade i plantedyrking og påverke skog, kulturlandskap og naturmangfald, noko som igjen kan føre til auka bruk av plantevernmiddel med uønskte effektar på helse og miljø. Eit varmare klima vil samtidig òg kunne ha positive effektar på norsk mat- og skogproduksjon.

Landbrukseigedommane sin natur, kulturlandskap og kulturarv er av stor verdi for samfunnet. Skogen, utmarksareal, vegane og stigane i kulturlandskapet er viktige for ferdsel, friluftsliv og grønt reiseliv. Ei sentral utfordring er gjengroing og opphøyr av tilrettelegging på grunn av nedlegging av bruk og fråflytting.

Tap av jord, næringsstoff og plantevernmiddel gir dårleg økologisk tilstand i vatn og vassdrag. Det er ei av dei største miljøutfordringane for jordbruket, og det er derfor sett i verk betydelege tiltak for å redusere tapane. Mildare vintrar med kortare frostperiodar har medverka til å auke utfordringane ved avrenning. I 2013 vart nesten 40 pst. av dei totale regionale miljøverkemidla nytta til tiltak mot avrenning.

I 2012 stod jordbruket for heile 92 prosent av ammoniakkutsleppa i landet. Ammoniakk-gass verkar forsurande på vassmiljøet og aukar avrenninga av nitrogen. Miljøvennleg spreing av husdyrgjødsel er eit viktig tiltak for å redusere ammoniakkutsleppa.

Tidlegare utsleppsproblem frå gjødselslager og siloar er betra gjennom 2013, og bruken av fosfor i landbruket er betre tilpassa opptaket i plantene dei siste åra. Samtidig har areal med ingen/utsett jordarbeiding, som er eit av dei viktigaste og mest omfattande avrenningstiltaka, gått ned dei siste to åra. Auka merksemd på soppsmitte i åkeren og meir målretta tiltak er to av fleire viktige årsaker.

Optimal utnytting av husdyrgjødsel medverkar til å redusere klimagassutsleppa, redusere behovet for handelsgjødsel og betrar vassmiljøet. Etter omlegging til nytt nasjonalt miljøprogram, var det i 2013 ein auke på 63 prosent i areal der husdyrgjødsel vart spreidd med miljøvennlige metodar.

Ved utgangen av 2013 var 714 000 dekar skog forvalta som nøkkelbiotopar. Dette er ein auke på 56 000 dekar frå 2012. Aktiv planting av skog har òg auka dei siste fire åra, noko som medverkar til å binde meir CO₂.

I 2013 gjennomførte 22 000 føretak tiltak innanfor dei regionale miljøprogramma.

Tiltak og politikk som medverkar til betre måloppnåing på miljøområdet

Landbruket sitt kulturlandskap og verdifulle naturverdiar vert først og fremst sikra gjennom eit aktivt, berekraftig landbruk, og ved at det blir lagt til rette for at verkemidla i naturmangfaldlova kan verke saman med verkemidla i landbruks- og matpolitikken.

Landbruks- og matdepartementet vil følgje opp arbeidet med genetiske ressursar, Svalbard globale frøkvelv og det internasjonale samarbeidet, blant anna delta aktivt i den internasjonale prosessen som er oppretta for å betre utvekslingsmekanismen for plantegenetiske ressursar under FAOs internasjonale traktat for plantegenetiske ressursar for mat og jordbruk. Landbruks- og matdepartementet arbeider òg aktivt med å førebyggje og redusere matsvinn, blant anna ved støtte til næringslivets ForMat-prosjekt og Mat-sentralen.

Regjeringa vil som tilsvar på klimautfordringa leggje større vekt på klimapolitiske målsetjingar i forvaltninga av norske skogar. Landbruks- og matdepartementet vil halde oppe satsinga på bioenergi og føre vidare Bioenergiprogrammet som blir forvalta av Innovasjon Noreg.

Skog og skogforvaltning blir eit sentralt tema i forhandlinga om ei ny internasjonal klimaavtale i Paris i 2015. Noreg er òg ein pådrivar for internasjonalt samarbeid om berekraftig skogforvaltning

både globalt gjennom FNs skogforum (UNFF) og regionalt gjennom Forest Europe.

Nokre viktige miljørelaterte løyvingar under Landbruks- og matdepartementet for 2015 er blant anna Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) (195 mill. kroner). Formålet med tiltaket er å ta vare på natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet, og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som blir forventa gjennom vanleg jordbruksdrift. Vidare utgjer tilskot til regionale miljøprogram (RMP) (436,5 mill. kroner), tilskot til økologisk landbruk (108,2 mill. kroner) og miljørelatert løyving til Noregs Forskningsråd (133,5 mill. kroner).

Fram til jordbruksforhandlingane 2015 skal det gjennomførast ei heilskapleg utgreiing av miljøverkemidla, med sikte på målretting og forenkling for miljø, næring og forvaltning, redusere talet på støtteordningar og auke formåls effektiviteten ved verkemiddelbruken. Det skal òg gjennomførast ei utgreiing om landbruket sine utfordringar i møte med klimaendringane i løpet av 2015.

Finansdepartementet

Finansdepartementet har eit sektorovergripande ansvar for å leggje grunnlaget for effektiv ressursforvaltning. I arbeidet med den økonomiske politikken skal Finansdepartementet medverke til at den økonomiske utviklinga skjer på eit miljømessig forsvarleg grunnlag.

For at ressursane i samfunnet skal nyttast effektivt må omsyn til miljø og andre eksterne effektar reknast med i økonomiske avgjerder. Bruk av økonomiske verkemiddel, som til dømes prising av miljøgode og indirekte verknader av utslepp av klimagassar, gjer at dei som skal ta avgjerdene i alle sektorar og på alle nivå får insentiv til å ta omsyn til miljøet. Dette medverkar til grøn vekst og auka velferd på lang sikt. Finansdepartementet har eit ansvar for innrettinga av avgifter i miljøpolitikken. Avgifter utgjer, saman med omsetjelege utsleppskvotar og direkte reguleringar, dei mest aktuelle verkemidla styresmaktene har mot miljøproblema. Rett utforma miljøavgifter gir tildriv til å minke utsleppa der det er billegast og sikrar at forureinarane betaler.

Noreg har ei rekkje miljørelaterte særavgifter. Ei av dei viktigaste avgiftene innanfor miljøpolitikken er CO₂-avgifta, som har til formål å medverke til kostnadseffektive reduksjonar av utslepp av klimagassen CO₂. Vidare er køyretøyavgiftene viktige, blant anna vegbruksavgiftene og eingongsavgifta. Innføring av CO₂-elementet i eingongsav-

gifta frå 2007 har på køyretøy hatt stor påverknad på endringar i CO₂-utsleppet frå nye personbilar. CO₂-utsleppa frå nye personbilar har gått ned frå 177 g/km i 2006 til 111 g/km i dei første åtte månadane av 2014. Auka sal av elbilar er hovudårsaka til nedgangen i utslepp frå nye personbilar dei siste to åra. Elbilsalet utgjorde 13 pst. av samla sal av nye personbilar i dei første åtte månadane av 2014, opp frå knapt 3 pst. i 2012. I arbeidet med bl.a. å utvikle vidare dei miljøpolitiske avgiftene har Regjeringa oppnemnt ein ny grøn skattekomisjon. Hovudmålet for utvalet sitt arbeid er å vurdere om og korleis ein ved auka bruk av klima- og miljørelaterte avgifter, og reduksjonar i andre skattar og avgifter, kan oppnå både lågare utslepp av klimagassar, eit betre miljø og ei god økonomisk utvikling.

Finansdepartementet har òg ansvaret for framskrivingar av miljøskadelege utslepp til luft og analysar av økonomiske sider ved klima- og miljøpolitikken.

Vidare arbeider Finansdepartementets underliggjande etat Statistisk sentralbyrå med statistikk og forskning på miljøområdet. Blant anna produserer dei statistikk på utslepp til luft, avfall og attvinning, arealstatistikken for Noreg (arealbruk og arealressursar) og viktige statistikkar som er baserte på rapportering i KOSTRA over kommunal og fylkeskommunal miljøforvaltning. Frå 2013 vart ei ny EU-forordning for miljørekneskapar sett i kraft, og tal for næringsfordelt utslepp etter nasjonalrekneskapsstandard, miljørelaterte skattar og rekneskapar for materialstraumar vert rapporterte.

Innanfor forskingsverksemda i SSB på klima- og miljøfeltet vil ein utvikle vidare fleire økonomiske analysemodellar av norsk, europeisk og global økonomi og bruke desse til analysar av norsk og europeisk energi- og klimapolitikk, og ressursforvaltning i Noreg og Arktis. Statistisk sentralbyrå har òg viktige prosjekt om økosystemtenester og naturressursverdiar innanfor fiske, skog og jordbruk, og forskinga medverkar til statistikkarbeidet på feltet.

I tråd med samarbeidserklæringa og Sundvolden-erklæringa har Regjeringa vurdert eit skattefrådrag for ENØK-tiltak i hushalda. Regjeringa foreslår i fyrste omgang at Enova si ordning for ENØK-støtte retta mot private hushald vert lagt om og utvida. Vi tek sikte på at ordninga seinare skal kunne endrast til ei frådragsordning i skattesystemet med Enova som godkjennar.

Ei viktig endring i omlegginga av ordninga slik ho er i dag, er at støtta vert gjort om til ein rett. Ein vil ikkje lenger trenge førehandsgodkjenning

frå Enova for å gjennomføre eit tiltak, men får utbetalt støtta basert på utgifter for utførte tiltak nærare spesifisert av Enova. Samstundes vert den eksisterande støtteordninga utvida med eit mindre tal produkt. Enova vil rette inn støtta til investeringar i energieffektiviseringstiltak frå private hushald slik at dei vil auke med om lag 150 mill. kroner samanlikna med utbetalt støtte i 2013. Den samla støtta til private hushald blir såleis om lag 250 mill. kroner i 2015. Utvidinga dekkjast innanfor Enovas eksisterande budsjett.

Regjeringa vil fremje forslag om gunstigare avskrivningar for vindkraftanlegg. Eit forslag vil bli sendt på høyring. Regjeringa tek sikte på å fremje eit forslag for Stortinget våren 2015 og at dei nye reglane blir gitt verknad for inntektsåret 2015. Innføring av raskare avskrivningar for ei avgrensa gruppe investeringar kan reise EØS-rettslege problemstillingar, og departementet vil vurdere spørsmål om notifikasjonsplikt etter EØS-avtala nærare før forslaget fremjast.

Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgsdepartementets hovudmålsetjing er å oppnå tryggare og meir helsefremjande miljø. Viktige tiltak er blant anna å støtte arbeidet i kommunane med miljøretta helsevern og arbeidet med å førebyggje allergi, astma og inneklimasjukdommar. Dette er aktuelt for miljøfelt som luftforureiningar, støy og helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Oppfølginga av folkehelsemeldinga frå 2012–2013 omfattar bidrag til at helseomsyn skal få ein større plass i utviklinga av stader, nærmiljø og lokalsamfunn, under dette at det skal leggjast til rette for helsefremjande transportløyningar.

Statens strålevern tek vare på oppgåver for Klima- og miljødepartementet innanfor fagfeltet radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljø. Strålevernet har vidare ansvar for fagleg utgreiingsarbeid, tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljø.

Helsedirektoratet og Nasjonalt folkehelseinstitutt, og fylkesmennene, er rådgivarar for sentrale og lokale helsestyresmakter, greier ut og tek del i overvaking av miljøforureining. Både folkehelse- og forskrift om miljøretta helsevern peiker på kommunane sitt ansvar for oversikt, rådgiving og medverknad som ledd i arbeidet med å fremje folkehelse og medverke til gode forhold med omsyn til miljøet. Kommunane skal òg gjennom planlegging sikre befolkninga mot skadelege faktorar i miljøet, bl.a. biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale, som kan ha negativ innverknad på helsa.

Kunnskapsdepartementet

Det å lære barn og unge å ta vare på naturen og fremje gode haldningar til miljøet er ein del av det pedagogiske opplegget i barnehagane og grunnskulane. Grunnlaget for gode haldningar blir lagt tidleg, og natur og miljø er derfor ein naturleg del av verksemda i barnehagane og skulane. Det inneber å tilføre kunnskap, dugleik og haldningar som gir grunnlag for å ta vare på jorda, og til å ta reflekterte val og delta i den demokratiske debatten.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å sikre god miljøopplæring gjennom heile utdanningsløpet gjennom fastsetjing av læreplanar, ansvar for lærarutdanninga, og å sikre gode miljø- og samfunnsrelevante utdanningstilbod i høgare utdanning, og rekruttering av forskarar innanfor miljøområde der samfunnet har bruk for kunnskap.

Kunnskapsdepartementets samla finansiering av miljørelatert forskning gjennom Noregs forskingsråd var i størrelsesorden 390 mill. kroner i 2013. Dette inkluderer både målretta tiltak og forskning finansierte gjennom ulike verkemiddel som ikkje er særskilt målretta mot miljø, som Fri prosjektstøtte (FRIPRO), Senter for fremragende forskning (SFF), Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI), og nasjonal satsing på forskingsinfrastruktur. Kunnskapsdepartementets midlar går i stor grad til klimaforskning og forskning på miljøvennleg energi, men ein del går òg til forskning på økosystem- og forureiningsområdet.

I tillegg får Senter for klimadynamikk (SKD) ved Bjerknæssenteret 25 mill. kroner årleg. Også Meteorologisk institutt har ei viktig oppgåve i å studere det norske klimaet og gi klimatologiske utgreiingar og formidle resultata av dette arbeidet. Kunnskapsdepartementet foreslår at satsinga på klima- og miljøområdet skal liggje på same nivå i 2015.

For 2015 er det foreslått ei auka løyving til Horisont 2020 på 115 mill. kroner. Å auke deltakinga i Horisont 2020 er eit viktig mål for norsk forskingspolitikk. Midlane stimulerer til auka deltaking på mange område, og av desse er klima- og miljøspørsmål eit av dei viktigaste. Større norsk deltaking i europeisk forskingssamarbeid gjev norske forskarar tilgang på internasjonalt framifrå fagmiljø, også fagmiljø på klima- og miljøområdet, og vil medverke til høgare kvalitet på forskinga.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Dei fleste forbrukarane i Noreg nyter godt av høg og aukande kjøpekraft og velstand. Tilbodet av varer og tenester blir stadig utvida og endra som følge av teknisk, kulturell og økonomisk utvikling. Miljøutfordringa knytt til forbruk handlar om å tilpasse forbruksmønsteret og den samla ressursbruken i samfunnet til det naturen kan tole. Både forbruksvolumet og forbruksmønsteret i samfunnet har innverknad på miljøet og klimaet.

I forbrukarpolitikken er det eit mål å medverke til større medvit om miljøutfordringane knytte til forbruket gjennom kunnskapsformidling og informasjon. Det er viktig å (1) leggje til rette, forenkle og standardisere informasjon om miljømessige og etiske aspekt ved forbruket, og (2) styrkje kunnskapen til forbrukarane om spørsmål knytte til berekraftig forbruk i vid forstand.

Dei offisielle merkeordningane Svanen og EU Ecolabel er viktige verktøy for å informere forbrukarar og gi grunnlag for miljøbevisste val. Målet er at talet på miljømerka produkt på den norske marknaden skal auke og at forbrukarane i større grad skal etterspørje slike varer. Det er viktig at næringsdrivande ikkje brukar miljø- og etikkargumentasjon på uriktig eller villeiande måte i marknadsføringa sin.

BLD har saman med KLD finansierte eit undervisningsopplegg om berekraftig forbruk i regi av Ungt Entreprenørskap i 2014. Prosjektet blir foreslått føre vidare i 2015.

BLD deltek i eit samarbeid med KLD, LMD, NFD, varehandelen og næringsmiddelprodusentane om prosjektet ForMat, om å redusere matsvinnet i samfunnet. Prosjektet blir ført vidare i 2015.

Kulturdepartementet

Museumssektoren forvaltar kulturminne i form av bygningar og anlegg, i hovudsak enkeltbygningar og bygningsmiljø, men òg tekniske og industrielle kulturminne, bergkunst og kulturlandskap. Det nasjonale museumsnettverket rapporterer om i alt 4 600 kulturhistoriske bygningar i 2013. Museas bevarings- og formidlingsarbeid medverkar til å spreie kunnskap om og oppleving av desse miljøverdiane. Over Kulturdepartementets budsjett blir det no gitt driftstilskot til 65 konsoliderte museum i det nasjonale museumsnettverket.

I samarbeidsprosjekt mellom fleire museum og Norsk kulturråd blir det utvikla eit betre grunnlag for dokumentasjon og forvaltning, drift

og vedlikehald av bygningar og anlegg. Norsk kulturråd forvaltar òg tilskotsordninga for sikringstiltak ved musea. Over ordninga vart det i 2013 innanfor ei ramme på 9,8 mill. kroner gitt tilskot til 42 tiltak fordelt på 28 museum.

Det er kommunane og Kyrkjeleg fellesråd som har ansvar for forvaltning av kyrkjer og gravplassar. I dette ligg bl.a. at kyrkjene skal vere tilfredsstillande sikra og vedlikehaldne. Kulturdepartementet medverkar, gjennom rentekompensasjonsordninga for kyrkjer, til dette arbeidet. Målet for ordninga er å stimulere til sikring og bevaring av kyrkjene og deira utsmykking og inventar. Sidan ordninga vart oppretta i 2005 er det gitt tilsegn om rentekompensasjon for ei samla investeringsramme på nærare 3 mrd. kroner.

Sidan storparten av kyrkjene er eldre bygningar, er det høge kostnader knytte til oppvarming. Kyrkjeleg arbeidsgivar- og interesseorganisasjon (KA) samarbeider med Riksantikvaren for å finne nye energisparande varmesystem som samtidig betrar bevaringsmiljøa for bygning og interiør. Det er òg etablert regionale energinettverk for kyrkjebyggjarar for å auke kompetansen på området.

Opplysningsvesenets fond (OVF) eig og forvaltar ein betydeleg eigedoms- og bygningsmasse. Fleire av dei gamle prestegardane er verdifulle kulturminne og kulturmiljø. Prestebustadene har eit samla areal (inklusive garasjar, uthus m.m.) på ca. 160 000 m², og det vart i 2013 brukt 83 mill. kroner til drift, vedlikehald og rehabilitering. OVF er òg ein av landets største skogeigarar, med ca. 860 000 dekar skogareal, der over halvparten av arealet er produktiv skog. Skogbruket skal drivast på ein miljøvennleg og berekraftig måte, og bevaring av biologisk mangfald skal ha høg prioritet.

Staten har hatt ansvaret for gjenreisinga av Nidarosdomen sidan arbeidet vart starta i 1869. Det bygningsmessige vedlikehaldet og den kontinuerlege restaureringa er teke vare på av Nidaros domkyrkjes restaureringsarbeid (NDR). NDR har òg ei overordna oppgåve i å føre vidare og utvikle våre unike handverkstradisjonar, og dei er ein pådrivar i utvikling av berekraftige handverksmiljø som kan forvalte den store nasjonale anti-kvariske bygningsarven.

Arbeids- og sosialdepartementet

Statens arbeidsmiljøinstitutt er det nasjonale forskingsinstituttet for arbeidsmiljø og arbeidshelse.

Statens arbeidsmiljøinstitutt skaffar fram avgjerdsunderlag av høg kvalitet som kan brukast innanfor fagfeltet helse- og miljøfarlege kjemikalier og som har overføringsverdi til det ytre miljø. Eksponeringar, mekanismar og helseeffektar som instituttet studerer, har i ei viss utstrekning relevans også når det gjeld det totale miljøet – dvs. utover den reint arbeidshelseretta konteksten.

Arbeidsmiljø- og sikkerheitsmyndigheitenes tilsyn med petroleumsvirksemnda på norsk kontinentalsokkel og på enkelte landanlegg blir utført av Petroleumstilsynet. Petroleumsvirksemnda er strengt regulert når det gjeld helse, miljø og tryggleik. Petroleumstilsynet skal på klima- og miljøområdet medverke til å førebyggje forureining til sjø og til luft frå petroleumsvirksemnda ved å byggje opp om dei nasjonale klima og miljømåla og klima- og miljøpolitikken.

Petroleumstilsynet overvakar blant anna utviklinga av risiko for ulykker som kan føre til akutte utslepp til sjø, under dette storulykkesrisiko. Ein årleg rapport om denne risikoutviklinga, RNNP-akutte utslepp, fungerer som eit underlag for Petroleumstilsynet sitt tilsyn med næringa. I tillegg blir rapporten presentert for næringa for at aktørane skal bruke denne som underlag for tiltak der risikobidraget er størst.

I 2013 skjedde 18 akutte utslepp av råolje til sjø. I perioden 2001–2013 har det vore ein tydeleg reduksjon i talet på akutte råoljeutslepp til sjø for norsk sokkel. Regulære utslepp til sjø omfattar i hovudsak produsert vatn, borekaks og restar av kjemikalier og sement frå boreoperasjonar og blir regulert gjennom utsleppsløyve etter forureiningslova. Petroleumstilsynet vil i 2015 arbeide vidare med å utvikle og forvalte sikkerheitsregelverket som gjeld for tap av liv, helse, arbeidsmiljø, ytre miljø og økonomiske verdiar slik at krav til teknologi, operasjonar og styring av verksemnda i petroleumssektoren underbyggjer nasjonale og regionale miljømål og klimapolitikk. Av alt utslepp til sjø frå petroleumsvirksemnda, inkludert akutte oljeutslepp, står produsert vatn for over 88 pst.

Petroleumstilsynet vil føre vidare eit aktivt samarbeid med andre etatar som forvaltar miljø i samband med utvikling og oppfølging av heilskaplege forvaltningsplanar for dei norske havområda (Barentshavet – Lofoten, Norskehavet og Nordsjøen – Skagerrak).

4 Oversiktstabellar

4.1 Merknader til budsjettframlegget

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Klima- og miljødepartementet på 8 029,332 mill. kroner på utgiftssida og 614,697 mill. kroner på inntektssida.

4.2 Utgifter

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1400	Klima- og miljødepartementet	609 721	494 694	435 437	-12,0
1406	Miljøvennleg skipsfart	3 943	4 132	5 111	23,7
1408	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	13 308	12 599	14 200	12,7
1409	MAREANO	12 671	27 500	27 362	-0,5
1410	Miljøforskning og miljøovervaking	623 559	637 727	635 601	-0,3
	Sum kategori 12.10	1 263 202	1 176 652	1 117 711	-5,0

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1420	Miljødirektoratet	2 521 516	2 807 167	2 557 908	-8,9
1425	Vilt- og fisketiltak	81 400	84 700	77 475	-8,5
	Sum kategori 12.20	2 602 916	2 891 867	2 635 383	-8,9

Utgifter under programkategori 12.30 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1429	Riksantikvaren	535 594	550 519	554 166	0,7
1432	Norsk kulturminnefond		63 590	65 487	3,0
	Sum kategori 12.30	535 594	614 109	619 653	0,9

Utgifter under programkategori 12.60 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1471	Norsk Polarinstitut	260 088	275 943	280 528	1,7
1472	Svalbard miljøvernfond	16 817	12 320	14 650	18,9
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	37 362	52 298	52 177	-0,2
	Sum kategori 12.60	314 267	340 561	347 355	2,0

Utgifter under programkategori 12.70 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1481	Klimavoter		313 300	316 546	1,0
1482	Internasjonale klima- og utviklingstil- tak		2 865 900	2 992 684	4,4
	Sum kategori 12.70		3 179 200	3 309 230	4,1

4.3 Inntekter

Inntekter under programkategori 12.10 fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
4400	Klima- og miljødepartementet	5 724	1 959	2 024	3,3
	Sum kategori 12.10	5 724	1 959	2 024	3,3

Inntekter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
4420	Miljødirektoratet	120 546	102 104	86 253	-15,5
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljø- departementet	94 417	93 200	90 666	-2,7
	Sum kategori 12.20	214 963	195 304	176 919	-9,4

Inntekter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
4429	Riksantikvaren	4 855	5 159	5 328	3,3
4432	Norsk kulturminnefond	1 400 000			
	Sum kategori 12.30	1 404 855	5 159	5 328	3,3

Inntekter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
4471	Norsk Polarinstitut	70 687	77 723	80 276	3,3
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljø- departementet	16 817	12 320	14 650	18,9
	Sum kategori 12.60	87 504	90 043	94 926	5,4

Inntekter under programkategori 12.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
4481	Salg av Klimakvotar			335 500	
	Sum kategori 12.70			335 500	

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
01–01	Driftsutgifter	1 619 030	1 374 911	1 262 507	-8,2
11–25	Varer og tenester	1 296 054	1 081 009	1 122 278	3,8
30–49	Nybygg, anlegg m.v.	457 386	618 950	223 178	-63,9
50–59	Overføringer til andre statsrekneskaper	434 288	501 315	513 042	2,3
60–69	Overføringer til kommunar	116 791	64 345	59 620	-7,3
70–89	Overføringer til private	1 525 258	4 561 859	4 848 707	6,3
Sum under departementet		5 448 807	8 202 389	8 029 332	-2,1

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
01–29	Sal av varer og tenester m.v.	932 713	186 945	509 381	172,5
50–91	Skattar, avgifter og andre overføringer	1 511 234	105 520	105 316	-0,2
Sum under departementet		2 443 947	292 465	614 697	110,2

Oversikt over bruk av stikkordet «kan overførast»

***Under Klima- og miljødepartementet blir stikkordet foreslått knytta til desse postane utanom postgruppe 30–49*

(i 1 000 kr)					
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2014	Forslag 2015	Grunngjeving for stikkordet
1400	65	Områdesatsing i byar		10 000	
1400	74	Tilskot til AMAP		4 000	
1400	76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak		30 507	
1409	21	Spesielle driftsutgifter		27 362	
1420	69	Oppryddingstiltak		41 120	
1420	70	Tilskott til vassmiljøtiltak		22 600	
1420	73	Tilskot til rovvilttiltak		68 077	
1420	78	Friluftsmål		137 275	
1420	79	Oppryddingstiltak		1 306	

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2014	Forslag 2015	Grunngjeving for stikkordet
1420	81	Verdensarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv		25 521	
1420	82	Tilskot til truga arter og naturtypar		33 439	
1420	85	Naturinformasjonssentre		47 720	
1425	70	Tilskot til fiskeformål		11 000	
1425	71	Tilskot til viltformål		27 600	
1429	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne		29 605	
1429	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap		114 375	
1429	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne		50 432	
1429	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring		44 997	
1429	74	Tilskot til fartøyvern		56 329	
1429	75	Tilskot til fartøyvernssenter		6 726	
1429	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde		7 964	
1429	79	Tilskot til verdsarven		38 227	
1471	21	Spesielle driftsutgifter		66 160	
1474	50	Tilskot til statlege mottakarar		24 177	
1474	70	Tilskot til private mottakarar		28 000	
1481	01	Driftsutgifter		8 746	
1481	22	Kvotekjøp, generell ordning		306 300	
1481	23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser		1 500	
1482	73	Klima- og skogsatsinga		2 909 998	

5 Om oppfølging av oppmodingsvedtak frå Stortinget

Vedtak nr. 271, 12. desember 2013

Den 12. desember 2013 vedtok Stortinget ei oppmoding til Regjeringa om å komme tilbake til Stortinget med ei sak om innretting av Noregs internasjonale klimainnsats i løpet av vårsesjonen 2014.

Klima- og miljødepartementet uttaler i brev 20. august 2014:

«Regjeringen har besvart anmodningen i Meld St. 2 (2013–2014) Revidert nasjonalbudsjett 2014, på sidene 95–110, hvor det gis en detaljert redegjørelse for Norges internasjonale klimainnsats.»

Vedtak nr. 473, 12. juni 2014

Stortinget ber Regjeringa i samband med arbeidet med framtidige klimamål, og i samband med vurdering av det føremålstenlege i ei klimalov, vurdere nærare korleis kontroll og overvåking av måloppnåing i klimapolitikken kan gjennomførast.

Klima- og miljødepartementet uttaler i brev 20. august 2014:

«Regjeringen vil utrede hensiktsmessigheten av klimalov, og det legges opp til en åpen innspillsprosess, som vil følges opp høsten 2014. Spørsmål knyttet til kontroll og overvåking av måloppnåelse i klimapolitikken vil være en viktig del av arbeidet. Regjeringen vil komme tilbake til Stortinget på en egnet måte.»

Vedtak nr. 549, 19. juni 2014

Stortinget ber Regjeringa snarast mogleg leggje fram forslag til endring av lov om motorferdsel i utmark og vassdrag som sikrar lokal forvaltning innanfor tydelege, nasjonale retningslinjer inn-tekne i lova.

Klima- og miljødepartementet uttaler i brev 20. august 2014:

«Klima- og miljødepartementet sendte forslag til endringer i regelverket om motorferdsel i utmark på høring 10. juli 2014 med høringsfrist 19. september 2014. Regjeringen tar sikte på å fremme en proposisjon med lovendringsforslag for Stortinget innen utgangen av 2014.»

Del II
Klima- og miljødepartementets
budsjettforslag for 2015

6 Omtale av kapittel og post

Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgiftene under programkategori 12.10 kan først tilbake til alle resultatområda. Kategorien omfatter verksemda til Klima- og miljødepartementet medrekna tilskot som blir behandla i departementet og løyvingar til forskning og overvaking. Delar av løyvingane kan bli stilte til disposisjon for eta-

tane som er underlagt departementet når det er naturleg at etatane utfører oppgåvene.

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2015 er på 1 117,7 mill. kroner. Dette er ein reduksjon på om lag 58,9 mill. kroner, eller 5 pst. samanlika med saldert budsjett for 2014.

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1400	Klima- og miljødepartementet	609 721	494 694	435 437	-12,0
1406	Miljøvennleg skipsfart	3 943	4 132	5 111	23,7
1407	Miljøhensyn i offentlige innkjøp	13 308			
1408	Radioaktiv forureining i det ytre miljø	12 671	12 599	14 200	12,7
1409	MAREANO		27 500	27 362	-0,5
1410	Miljøforskning og miljøovervaking	623 559	637 727	635 601	-0,3
	Sum kategori 12.10	1 263 202	1 176 652	1 117 711	-5,0

Kap. 1400 Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	253 750	215 314	213 181
21	Spesielle driftsutgifter	115 435	85 755	61 069
61	Framtidas byar og berekraftig byutvikling, <i>kan overførast</i>	31 024	19 000	
62	Den naturlege skulesekken	3 500	3 500	2 500
65	Områdesatsing i byar, <i>kan overførast</i>	33 798		10 000
70	Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar	51 212	58 005	54 705
71	Internasjonale organisasjonar	50 181	52 120	42 477
74	Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	4 000	4 000	4 000
76	Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	26 393	33 050	30 507
79	Tilskot til kulturminneforvaltning	22 539	14 993	16 998
81	Byutvikling, lokalt miljøvern og universell utforming, <i>kan overførast</i>	17 889	8 957	
	Sum kap. 1400	609 721	494 694	435 437

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene som er naudsynte for at Klima- og miljødepartementet skal kunne halde ved lag ei god verksemd. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld lønn til fast tilsette i departementet. Talet på tilsette var 234,6 årsverk i 2014. Om lag ein tredel av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, blant anna drift og utvikling av IT-anlegget til departementet, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Av desse fellesutgiftene er husleige og IT-utgifter dei største. Departementet har òg høge reiseutgifter grunna det internasjonale miljøarbeidet.

Løyvinga er føreslått redusert med om lag 2,1 mill. kroner. Det er lagt inn 5,9 mill. kroner i auka lønnskompensasjon, og reduksjonen i budsjettet skuldast i hovudsak innføring av nøytral meirverdiavgift. Innanfor løyvinga vil departementet nytte eit beløp til kjøp av klimakvotar. Beløpet vil tilsvare dei inntektene departementet

tek inn ved parkering på departementet sitt område. Desse inntektene blir førte under kap. 4400, post 02.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga på posten er redusert med 24,7 mill. kroner. Reduksjonen på posten er samansett, og er i hovudsak resultat av at posten er redusert med 13 mill. kroner til å dekke andre prioriterte formål, samt ein reduksjon på 7,8 mill. kroner pga. innføring av ordninga med nettoføring av meirverdiavgift i staten. Det er òg flytta 6,5 mill. kroner frå posten til kap. 1410 post 21.

Løyvinga på denne posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar. Løn til mellombels tilsette som er knytte til faglege prosjekt kan òg førast over posten. Prosjekta relaterer seg til heile miljøforvaltningas ansvarsområde.

Klima- og miljøpolitikken står overfor store utfordringar og det er viktig å ha eit grundig fagleg fundament for den politikken som blir lagt opp. Det er derfor viktig at Klima- og miljødepar-

temenet har tilstrekkelege ressursar til å kunne initiere utgreiingar av ny politikk og evaluere politiske tiltak og verkemiddel som er sette i gang eller gjennomførte. I tillegg blir ressursar nytta til å vurdere klima- og miljøkonsekvensar av forslag som er fremja frå andre sektorar.

Regjeringa foreslår å løyve 10 mill. kroner over Klima- og miljødepartementets budsjett til å oppfylle biogasstrategien. Midlane skal gå til forskning og pilotanlegg for biogassproduksjon. Satsinga kan medverke til å redusere kostnadene ved produksjon av biogass.

Posten finansierer òg eit nytt klimaråd, arbeidet med prosjektet «økonomisk vekst og ambisiøs og klimapolitikk» og miljøvennleg skipsfart.

Regjeringa vil følgje opp klimaforliket si målsetjing om å halde ved lag eller auke karbonlageret gjennom aktiv, berekraftig skogpolitikk, blant anna gjennom styrkt innsats innan skogplanteforedling, auka plantetettleik og ved å gjeninnføre forbodet mot hogst av ungsskog og styrking av skogvernet.

Eit viktig punkt i oppfølginga av klimaforliket er planting av skog på nye areal som klimatil- tak. I 2013 konkluderte Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet (dåverande Statens Landbruksforvaltning) og Skog og landskap i ein etatsrapport med at minst 50 000 dekar kan tilplantast pr. år over ein 20-årsperiode, med akseptable effektar for naturmangfald og andre miljøverdier. Arbeidet må vere tufta på grundige faglege avvegingar mellom klima-, miljø- og næringsomsyn. Klima- og miljødepartementet legg derfor opp til ein avgrensa oppstartsfasa, med mål om å hauste erfaringar med mellom anna klimaeffekt, miljøkriterium og gjennomføring før oppskalering og utvida implementering av tiltaket. I 2015 legg Klima- og miljødepartementet opp til å bruke 3 millionar kroner på dette arbeidet.

Ved behandlinga av Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk* føresette Stortinget at omsynet til naturmangfaldet blir teke vare på.

For å sikre god klimaeffekt, naturomsyn og lågt konfliktnivå vil pilotfasen berre omfatte (i) planting av norske treslag, (ii) planting på opne areal og areal i tidleg gjengroingsfasa, (iii) planting på areal med høg produksjonsevne og der det er venta låg negativ endring i albedoeffekten og (iv) planting på areal som ikkje er viktige for naturmangfaldet, friluftslivsinteresser, viktige kulturhistoriske verdier eller verdifulle kulturlandskap. Innretninga på kriteria vil bli vurdert etter at den treårige pilotfasen er gjennomført. Dersom evalueringa av pilotfasen viser at det er føremålstenleg, vil ein neste fase innebere ei mogleg

tilskotsordning for planting av skog som klimatil- tak.

Dei same etatane leverte våren 2014 òg ein rapport om målretta gjødsling av skog som klimatil- tak. Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet har rapporten til vurdering og vil komme tilbake til oppfølginga.

Som eit ledd i oppfølginga av punktet om styrking av skogvernet er det gitt i oppdrag til Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og Skog og landskap å sjå på under kva slag vilkår det kan vere mogleg å oppnå betre klimaeffekt ved vern av skog enn ved aktivt skogbruk og substitusjon av fossile utslepp.

Post 61 Framtidas byar og berekraftig byutvikling, kan overførast

Posten er rammeoverført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, og rapportering for 2013 vert gjort i Kommunal og moderniseringsdepartementets Prop. 1 S (2014–2015).

Post 62 Den naturlege skulesekken

Midlane under posten er knytte til alle resultatområde bortsett frå resultatområde 6 Polarområde. *Den naturlege skulesekken* er eit samarbeidstiltak mellom Kunnskapsdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Tiltaket er leia av Miljødirektoratet og Utdanningsdirektoratet, mens gjennomføringa skjer gjennom Nasjonalt senter for naturfag i opplæringa (Naturfagsenteret). Posten er redusert med 1 mill. kroner. Til *Den naturlege skulesekken* er det i tillegg til tilskotet på denne posten foreslått eit budsjett på 3,75 mill. kroner under kap. 1400 post 21 og 2,25 mill. kroner under kap. 1400 post 76 slik at samla prosjektmidlar frå Klima- og miljødepartementet er 8,5 mill. kroner i 2015.

Mål

Den naturlege skulesekken legg til rette for utvida bruk av nærmiljøet til skulane i undervisninga og set miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samanheng med realfag, samfunnsfag og mat og helse. Tiltaket legg til rette for samarbeid mellom skular og frivillige miljø- og friluftorganisasjonar med faglege ressursar skulen har nytte av. Det støttar utviklinga av lokale, fleirfaglege undervisningsopplegg tilpassa læreplanverket. Eit berande pedagogisk omgrep er å flytte læringsarenaen frå klasserommet til lokalsamfunnet. I *Den naturlege skulesekken* er varierte arbeidsmetodar utandørs, bruk av nærmiljøet og aktørar i nærmiljøet sen-

tralt. Skular skal i samarbeid med aktørar i nærmiljøet utvikle undervisnings- og arbeidsmetodar som inneber at elevar og lærarar oppsøker miljø utanfor klasserommet og brukar desse miljøa regelbunde som læringsarena. Opplevingar og erfaringar skal elevane ta med seg tilbake til skulen for å arbeide vidare med dei. Målet er å medverke til at elevane som framtidige arbeidstakarar får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og miljøutfordringane på kloden, og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar på miljøproblema i dag og i framtida.

Kriterium for måloppnåing

Den naturlege skulesekken skal koordinere læringsressursar innanfor dei aktuelle områda, og skape eit profesjonelt nettverk av foreiningar og organisasjonar som driv skuleretta verksemd. *Den naturlege skulesekken* skal medverke til å utnytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena og bruk av ulike regionale og nasjonale ressursar, i tillegg til å medverke til å styrkje samfunnsfaglege og naturfaglege metodar.

Tildelingskriterium

Den enkelte skulen kan søkje på årleg utlyste utviklingsmidlar. Kriterium for å få tildelt støtte er at dei planlagde undervisningsopplegga skal nytte skulen sitt nærmiljø som læringsarena, ha høg fagleg kvalitet og famne om 2 eller fleire fag. Minst eitt av desse faga skal vere naturfag eller samfunnsfag og skulane blir bedne om å samarbeide med ein ekstern aktør. Undervisningsopplegga skal ha som mål å utvikle elevane og lærarane si nyfikkne, kunnskapen deira om natur og samfunn, og medvit om berekraftig utvikling. Undervisningsopplegga skal femne om 2 eller fleire fag, slik at det blir fleirfaglege undervisningsopplegg. Det skal leggast vekt på grunnleggjande dugleikar i læringsprosessane, og utforskande arbeidsmåtar (Forskarspiren) skal vere ein viktig måte å arbeide på.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang, blir følgde opp fortløpande fagleg og økonomisk av Naturfagsenteret. Undervisningsopplegga blir vurderte for publisering på nettstaden www.natursekken.no slik at dei kan delast med andre. Det blir utarbeidd årlege rapportar om heile prosjektet frå

Naturfagsenteret, og *Den naturlege skulesekken* vert evaluert eksternt med rapport klar hausten 2014.

Rapport 2013

I 2013 fekk 178 skular midlar til utvikling av undervisningsopplegg. Skulane som deltek får pedagogisk rettleiing gjennom regionale nettverk ved høgskular og Naturfagsenteret. Naturfagsenteret arrangerer årleg ei nasjonal samling på hausten. I 2013 var tema klima og utdanning for berekraftig utvikling, og det deltok lærarar frå nesten 200 skular knytte til *Den naturlege skulesekken*. I tillegg er det totalt 7 regionkontaktar som arrangerer to nettverksmøte i sin region årleg. Våren 2013 vart det i tillegg arrangert tre regionale konferansar i Arendal, Trondheim og Tromsø i eit samarbeid mellom *Den naturlege skulesekken* og prosjektet *Miljølære* som samla totalt 200 lærarar.

Ei gjennomgang av *Den naturlege skulesekken* som vart gjennomført våren 2013 viste at dei gjennomførte prosjekta i stor grad er fleirfaglege, der naturfag og samfunnsfag er med i dei fleste prosjekta. Kroppsøving er representert i ca. halvparten av prosjekta. Dei aller fleste prosjekta har brukt ekstern kompetanse (organisasjonar, lag og foreiningar, bedrifter, kommunale etatar, universitet osv). Lærarane som har delteke meiner at ekstern kompetanse har ført til auka motivasjon hos lærarar og elevar, det har auka læraranes kompetanse og knytt skulane nærare til, og gjort elevane merksame på, lokale forhold.

Lærarane som har delteke i prosjekt meiner ved å arbeide med undervisningsopplegget i *Den naturlege skulesekken* har dei lagt større vekt på bruk av nærmiljøet som klasserom, på utdanning for berekraftig utvikling og på utforskande arbeidsmåtar. Lærarane som deltek meiner at tiltaket har styrkt deira engasjement og forståing for undervisning for berekraftig utvikling.

Tiltaket *Den naturlege skulesekken* vert evaluert eksternt, og hovudrapporten for 2013 er klar hausten 2014.

Post 65 Områdesatsing i byar, kan overføres

Midlane skal nyttast til å styrkje innsatsen for eit betre miljø i Groruddalen og nyttast av etatar i Oslo kommune og bydelane i Groruddalen.

Regjeringa og byrådet i Oslo har inngått ei intensjonsavtale om eit samarbeid om Groruddalen for 10-årsperioden 2007–2016.

Mål

Det langsiktige hovudmålet er ei berekraftig byutvikling, synleg miljøopprusting, betre livskvalitet og samla sett betre levekår i Groruddalen. Det skal utviklast eit lokalt og inkluderande samarbeid med dei som bur i dalen, organisasjonar, burettslag, næringsliv, bydelar og offentlege organisasjonar. Arbeidet blir følgt opp med dokumentasjon av tilhøve ved oppstart, evaluering undervegs og midvegs, samt avsluttande rapport.

Klima- og miljødepartementet har ansvar for programområde 2: Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø. Målet for dette programmet er å styrkje den blågrøne strukturen og naturmangfaldet i Groruddalen, og gi betre forhold for friluftsliv, fysisk aktivitet og idrett. Kulturminne skal vernast og brukast, og forståinga for historia skal styrkjast.

Kriterium for måloppnåing

Planarbeidet skal drivast i eit breitt samarbeid mellom partane innan programområde 2: Alna, grønstruktur, idrett og kulturmiljø og føre fram til fysiske forbetringar.

I arbeidet er det lagt vekt på tre hovudstrategiar:

- Utvikle samanhengande grønstrukturar og turvegar på langs og tvers av dalen og sjå ulike tiltak i samheng i utvalte geografiske innsatsområde.
- Vidareutvikle Akergardane og andre kulturminne som har potensial som møtestad med ulike tenester og kulturaktivitetar.
- Utvikle ein bydelspark i kvar bydel som kan gi attraktive møtestader i det grønne og vere arena for både organiserte og uorganiserte aktivitetar.

Rapport 2013

Rapport for 2013 vert gjort i Kommunal- og moderniseringsdepartementet Prop. 1 S (2014–2015)

Tildelingskriterium

Tildeling vil skje på grunnlag av søknad og handlingsprogram for programområde 2: Etatane og bydelane kjem med forslag til tiltak og samarbeider om dette i programgruppe 2.

Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang, blir følgde opp fortløpande fagleg og økonomisk. Kvart tertial blir det utarbeidd rekneskapsrapportar. Det blir utarbeidd årlege rapportar og handlingsprogram for kvar programgruppe.

Post 70 Frivillige miljøorganisasjonar og allmenntilgjenglege miljøstiftelsar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Mål

Formålet med tilskotsordninga er å leggje til rette for eit breitt folkeleg engasjement for miljøraker. Tilskotsordninga skal stimulere til miljøaktivitetar lokalt, regionalt og nasjonalt. Tilskotsordninga gjeld for frivillige organisasjonar og allmenntilgjenglege miljøstiftelsar med hovudformål for verksemda innanfor miljøforvaltninga sitt ansvarsområde.

Tilskotsordninga for grunnstøtte til frivillige miljøorganisasjonar vart lagt om i budsjettet for 2012 ved fastsetjing av føresegn om tilskot til frivillige miljøorganisasjonar og allmenntilgjenglege miljøstiftelsar av 29. september 2011, jf. Prop. 1 S (2011–2012). Løyvinga dekkjer etter dette grunnstøtte til frivillige miljøorganisasjonar og allmenntilgjenglege miljøstiftelsar.

Tildelingskriterium

Føresegna inneber at 70 pst. av grunnstøtta blir fordelt etter:

- om tilskotsmottakaren er ein frivillig organisasjon, ein barne- og ungdomsorganisasjon, ei samanslutning av organisasjonar (paraplyorganisasjon) eller ein allmenntilgjengleg stiftelse,
- talet på personlege medlemmer og medlemssinntekter frå personlege medlemmer,
- talet på personlege givarar etter skattelova sine reglar for frådrag for gåver til visse frivillige organisasjonar m.m. og givarinntektene får desse personane,
- talet på lokallag,
- talet på fylkes-/regionlag.

Dei resterande 30 pst. blir fordelte etter ei vurdering av den betydninga organisasjonane og stiftelsane har i samfunnet.

Etter gjennomgang av dei mottekne søknadene og vurdering av dei i høve til føresegna vil løyvinga for 2015 bli fordelt som vist i tabellen

nedanfor. Organisasjonen Grøn Kvardag har nedlagt verksemda si og blir teken ut av ordninga. Noregs miljøvernforbund blir teke ut av ordninga

på grunn av manglande grunnlag for å berekne tilskot i forhold til regelverket.

Tabell 6.1 Fordeling av tilskot:

Organisasjon/stiftelse	Rekneskap 2013	Løyving 2014	Forslag 2015
<i>Miljøorganisasjonar</i>			
Den Norske Turistforeining	5 555 000	5 934 000	5 978 000
Forbundet Kysten	3 813 000	4 981 000	4 827 000
Fortidsminneforeininga	3 652 000	3 892 000	4 375 000
Framtida i våre hender	3 364 000	3 770 000	4 067 000
Noregs Jeger- og Fiskarforbund	8 010 000	9 069 000	8 826 000
Noregs miljøvernforbund	1 290 000	1 883 000	0
Noregs naturvernforbund	7 400 000	7 496 000	7 261 000
Folkeaksjonen oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja		2 389 000	1 791 000
<i>Paraplyorganisasjonar</i>			
Sabima	1 427 000	1 708 000	1 688 000
Kulturvernforbundet	1 367 000	1 708 000	1 688 000
Grøn kvardag	3 502 000	1 400 000	0
Regnskogfondet	1 130 000	1 547 000	1 219 000
<i>Barn- og ungdomsorganisasjonar</i>			
Natur og Ungdom	2 437 000	3 625 000	3 676 000
Miljøagentane	1 252 000	1 293 000	1 266 000
<i>Miljøstiftelsar</i>			
Idébanken	1 655 000	621 000	612 000
Miljøstiftelsen Bellona	1 550 000	1 863 000	2 029 000
Norsk kulturarv	708 000	1 083 000	1 081 000
WWF Noreg	1 932 000	2 505 000	3 005 000
Zero	1 169 000	1 237 000	1 316 000
<i>Sum</i>	<i>51 213 000</i>	<i>58 005 000</i>	<i>54 705 000</i>

Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende årsmeldingar, og rekneskap stadfest av revisor.

Post 71 Internasjonale organisasjonar

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda. Løyvinga er foreslått auka med prisjustering,

men samtidig redusert med 11 mill. kroner for å prioritere andre formål.

Mål

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde ved lag drifta av organisasjonar som utfører viktig miljøretta arbeid av verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar der Noreg deltek

aktivt. Løyvinga under denne posten er ei direkte følgje av at Noreg har ratifisert avtaler med budsjettbindingar, eller at Regjeringa har vedteke norsk medlemskap. I tillegg blir det gitt eit frivillig bidrag til FN's miljøprogram (UNEP). Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar får bidrag:

- FN's miljøprogram (UNEP)
- Den internasjonale naturvernunionen (IUCN)
- Fellessekretariat for Oslo- og Pariskonvensjonane og Bonnnavtala (oljeforureining)
- Interimssekretariat for Ramsarkonvensjonen (vern av våtmarker)
- Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande arter av ville dyr (Bonnkonvensjonen)
- Vassfuglavgifta under Bonnkonvensjonen (AEWA)
- Albatrossavgifta under Bonnkonvensjonen (ACAP)
- Flaggermusavgifta under Bonnkonvensjonen (EUROBATS)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wienkonvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montrealprotokollen).
- Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO)
- Konvensjonen om biologisk mangfald (Biodiversitetskonvensjonen/CBD)
- Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- Konvensjonen om langtransporterte luftforureiningar (LRTAP)
- Det europeiske overvåkingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP)
- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Baselkonvensjonen)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)
- FN's klimapanel (IPCC)
- FN's Rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC) Kyotoprotokollen
- Stockholmkonvensjonen om persistente organiske sambindingar (POP)
- Rotterdamkonvensjonen om notifikasjon og førehandssamtykke ved eksport av kjemikalier
- Århuskonvensjonen om miljøinformasjon
- Århuskonvensjonsprotokoll om forureina utslepp og utsleppsregister (PRTR)

- International Council of Monuments and Sites (ICOMOS)
- Strategic Approach to International Chemicals Management (SAICM)
- Konvensjonen om vern av ville europeiske planter og dyr, og leveområda deira (Bernkonvensjonen)
- FN's naturpanel (IPBES)
- Minamata-konvensjonen om kvikksølv (interimfasen)

Oppfølging og kontroll

Kontroll og oppfølging av organisasjonane skjer ved generell formaliakontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar, deltaking i generalforsamlingar, årsmøte og liknande.

Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Løyvinga medverkar til å oppnå mål 3 under Internasjonalt samarbeid.

Mål

Dette er ei internasjonal forplikting Noreg har påteke seg, og målet med løyvinga er å sikre videreføring av programmet for arktisk miljøovervaking (AMAP) gjennom tilskot til drift av stiftelsen AMAP.

Stiftelsen AMAP vart oppretta av Klima- og miljødepartementet 24. juni 1997. Det internasjonale miljøvernssamarbeidet under den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) tok sikte på å redusere negative miljøverknader av den aukande økonomiske aktiviteten i området. Det internasjonale miljøvernssamarbeidet under den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) er no integrert i det breiare samarbeidet i Arktisk råd. Miljøovervåkingsprogrammet AMAP utgjer den viktigaste delen av samarbeidet.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversikter. I tillegg er det fagleg kontakt med stiftelsen.

Rapport 2013

Det har vore god drift av AMAP-sekretariatet i 2013, med fortløpande oppfølging av oppgåver sette i gang av Arktisk råd. Oppgåvene er først og fremst knytte til overvaking, vurderingar og

samanstilling av informasjon om miljøpåverknad og klimaendringar i Arktis.

AMAP har fått ei sentral rolle i utvikling av ein større studie om endringar i Arktis (Adaption Actions for a Changing Arctic – AACCA) under Arktisk råd. Vidare er AMAP gitt ei sentral rolle i utvikling og drift av eit nettverk av forskings- og overvåkingsstasjonar i Arktis (SAON). AMAP leverte den første gjennomgangen av det vitenskapelige grunnlaget for arktisk havforsuring i mai 2013. AMAPs arbeid med kartlegging av nivå og effektar av miljøgifter i arktiske område har hatt avgjerande betydning for den globale kvikksølvkonvensjonen, som vart undertekna i oktober 2013.

Post 76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, kan overførast

Midlane under denne posten gjeld alle resultatområda.

Mål

Posten sitt mål er todelt og skal:

- medverke til nasjonale tiltak slik at Noreg oppfyller sine internasjonale plikter når det gjeld biologisk mangfald, klima og forureiningar, og nasjonale mål, innanfor alle resultatområda.
- styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er svært viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Posten omfattar både øyremerkte og frie midlar.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på kva resultat Regjeringa ønskjer å oppnå i det nasjonale miljøarbeidet og dei pliktene Noreg har teke på seg i det internasjonale miljøsamrådet.

Øyremerkte midlar

På det nasjonale området blir det i 2015 føreslått å gi tilskot til:

- Opplæring i naturmangfaldlova (1 mill. kroner).
- «Den naturlege skulesekken» (2,250 mill. kroner).
- Framande arter (1,5 mill. kroner)
- Medverke til oppfølging av avfallsstrategien (1 mill. kroner)

På det internasjonale området blir det i 2015 gitt tilskot til:

- Noregs bidrag til reduserte utslepp av kortleva klimadrivarar gjennom eit styrkt internasjonalt engasjement, støtte til CCAC sitt arbeid (8 mill. kroner).
- Kontingent til *Climate Technology Initiative* (CTI) (0,125 mill. kroner).
- FN-organet Grid Arendal (4,5 mill. kroner).
- Sekretariat for *Conservation of Arctic Flora and Fauna* (CAFF) (0,2 mill. kroner).
- ForUM for utvikling og miljø (0,45 mill. kroner).
- EUs strålevernforskning (1 mill. kroner).
- Det internasjonale arbeidet til:
 - Norsk Institutt for Luftforskning (NILU) (1,421 mill. kroner),
 - Norsk institutt for vassforskning (NIVA) (0,45 mill. kroner)
 - Meteorologiske institutt (0,3 mill. kroner)
- Reisestøtte i samband med internasjonale klima- og miljømøte (0,7 mill. kroner).
- 2,661 mill. kroner i samband med internasjonalt klimaarbeid der KLD har ei sentral rolle. (Støtte til konferansar, møter, seminar osv., tilskot til internasjonale organisasjonar osv.).
- 2,5 mill. kroner til auka satsing på internasjonale tiltak for betre regulering av miljøgifter.
- Biocider (1,0 mill. kroner)

Frie midlar

Av den føreslåtte løyvinga er 0,75 mill. kroner opne for søknadar. Dette er ein reduksjon av løyvinga frå 2014. Desse midlane vil departementet tildele søknadar som gjeld informasjons- og utredningsarbeid for å fremje grøn vekst og omstilling til lavutslippssamfunnet, påvirkningsarbeid i EU og samarbeidsprosjekter om europeiske klima-, energi- og miljøspørsmål mellom norske og europeiske organisasjonar, deltakelse i EUs Green Growth Group. Søknadar om støtte til å initiere prosjekt med lokale initiativ for bærekraft, skape engasjement for enkeltmenneske og frivillige fellesskap vil òg bli vurdert, samt informasjonstiltak for allmenta om fiskehelse i vassdrag.

Oppfølging og kontroll

Årsrapportar og reviderte rekneskapar frå gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formaliakontroll.

Rapport 2013

Nasjonalt

Følgjande tilskot vart gitt i 2013 etter søknadsrunde:

1,6 mill. kroner til *ForMat* som er drive av NHO. ForMat-prosjektet er næringslivet si satsing for å redusere det vi kastar av mat. Målet er å redusere svinnet av mat i heile verdikjeda (næringsmiddelbedrifter, daglegvarehandelen og forbrukar) med 25 pst. innan 2015. Grøn kvardag har fått tilskot på 100 000 kroner til sitt arbeid med matsvinn.

Det er òg gitt tilskot til Rein Marina, 450 000 kroner, som fokuserer på avfallshandtering frå fritidsbåtar og tiltak for mottaksordningar for avfall i marinaer gjennom mellom anna informasjonstiltak. Det er vidare gitt tilskot til Avfall Noreg sin kampanje om miljøfarleg avfall, 850 000 kroner. Frameworks har fått tilskot på 350 000 kroner for utarbeiding av ein lyspæreguide.

I 2013 fekk Stiftelsen Miljømerking 300 000 kroner for å forsterke arbeidet med bygg og bustad. Standard Noreg fekk 100 000 kroner i støtte for å sikre norsk ekspertdeltaking på møte i den internasjonale standardiseringsorganisasjonen ISO på området miljøstyring.

2 mill. kroner av denne posten vart fordelt gjennom *Den naturlege skulesekken*, til 19 lokale og landsdekkjande ikkje-statlege lag, organisasjonar og privatpersonar som har søkt om tilskot til tiltak eller prosjekt som støttar opp under grunnskulane (1.-10. trinn og Vg1) si planlegging og gjennomføring av fleirfaglege undervisningsopplegg i deira nærmiljø.

Internasjonalt

På det internasjonale området er det gitt driftsstøtte til Grid Arendal, Forum for miljø og utvikling og Conservation of the Arctic Flora and Fauna (CAFF). Støtta til GRID Arendal er eit generelt basistilskot til drifta, og utgjer knapt 10 pst. av GRIDs samla inntekter. GRIDs hovudformål er å yte tenester som styrkjer FN's miljøprogram UNEP, gjennom utvikling, innhenting og bruk av vitenskapleg basert miljøinformasjon.

ForUMs verksemd i 2013 er i tråd med Strategi og fleirårig rammeplan 2010–2013 og omfattar sentrale saksområde for Klima- og miljødepartementet, bl.a. deltaking og innspel i tilknytning til klimaforhandlingane. ForUMs aktivitet på områda medverkar til å setje fokus på saksfelt av sentral betydning for Klima- og miljødepartementet nasjo-

nalt og støttar arbeidet med å få gjennomslag for norske miljøpolitiske prioriteringar internasjonalt.

Conservation of Arctic Flora and Fauna (CAFF) er Arktisk råds arbeidsgruppe for bevaring av arktisk biodiversitet. Klima- og miljødepartementet har medverka til drifta av det internasjonale CAFF-sekretariatet i Akureyri på Island.

Det er vidare gitt tilskot til IPCCs arbeid med FN's femte hovudrapport, der formålet med rapporten er å gi sikrere data om klimaendringane.

Bellona har motteke 1,4 mill. kroner i tilskot til prosjektet BEST+ som er eit samarbeidsprosjekt på CCS.

Vidare er det gitt tilskot til institutt som arbeider internasjonalt innanfor departementets resultatområde. Institutta har viktige internasjonale oppgåver og representerer Noreg i ulike samanhengar. Meteorologisk institutt har rolla som internasjonalt meteorologisenter under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining* og *Det europeiske samarbeidsprogrammet for overvaking og måling av luftforureiningar (EMEP)*. Tilskotet for 2013 er nytta til å vidareutvikle EMEPmodellen som vert nytta til å analysere spreieing, konsentrasjonar og avsetningar av luftforureiningar. Slike modellanalysar vert nytta som grunnlag for forhandlingar om internasjonale avtalar om reduksjon i utslepp av luftforureiningar, til dømes *Gøteborgprotokollen*. Norsk institutt for luftforskning (NILU) arbeider som European Topic Centre on Air Quality and Climate Change Mitigation under The European Environment Agency (EEA). Norsk institutt for vassforskning (NIVA) har ei tilsvarande rolle under EEA som European Topic Center for Water. Begge desse institutta er valde ut til arbeidet for EEA i konkurranse med liknande institutt i andre europeiske land. EEA har som føresetnad at institutta kan finansiere delar av kostnadane som Topic Centre nasjonalt. Tilskota frå Klima- og miljødepartementet dekkjer delar av kostnadene ved institutta sitt arbeid for EEA.

Noregs forskingsråd har fått tilskot til samarbeid med EU om strålevernforskning. Bidraget til EUs strålevernprogram sikrar norske forskarar tilgang på midlar og eit felles europeisk forskingsmiljø med fokus på verknaden av radioaktiv forureining av miljøet og grunnlag for å etablere rammeverk for vern av miljøet. Programmet fører saman nøkkelaktørar innan radioøkologisk forskning i Europa og har stor meirverdi for norske aktørar og den kunnskapsbaserte statsforvaltninga.

NEFCO Nordisk sektorinitiativ har motteke tilskot på 2 mill. kroner til arbeid med eit prosjekt på avfallshandtering i Peru.

Det er utbetalt kontingent til Climate Technology Initiativ, som mellom anna stimulerer til bruk av betre klimateknologiar i utviklingsland.

Det vart gitt reisestøtte til ulike organisasjonar. Naturvernforbundet, Natur og ungdom, Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn og Bellona fekk midlar til å dekkje utgifter i samband med deltaking i dei internasjonale klimaforhandlingane i Doha. Tilskotet til Bellona dekte òg støtte til samarbeidet *Sahara Forest Project* under COP 18.

Bjerknessenteret fekk tilskot til å halde ein jubileumskonferanse med hovudfokus på klimaforskning. Vidare har *Lofoten mot Sellafield* motteke støtte til ein Sellafield-konferanse i Oslo, InfoARENA. To personar har fått reisestøtte til UNEPs styremøte og tre personar til Green Week i Brussel.

Post 79 Tilskot til kulturminneforvaltning, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot tiltak som skal medverke til måloppnåing på kulturminneområdet, jf. resultatområde 2 Kulturminne og kulturmiljø.

Posten omfattar fleire kulturminnetiltak.

Førebuingar til etablering av nytt kategori II-senter for verdsarv er sett i gang. Parallelt med etableringsprosessen blir midlane for 2015 nytta til kapasitets- og kompetansebyggjande prosjekt og aktivitetar i regi av organisasjonar innanfor verdsarv- og Unesco-feltet (Unescos rådgivande organ som IUCN, ICOMOS, ICCRON o.a.)

Posten er foreslått auka med 2 mill. kroner. Auken består i ei styrking av arbeidet med verdsarven og av midlar til flytting av fangsthytta Fredheim på Svalbard.

Mål

Medverke til måloppnåing på kulturminneområdet.

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om kulturminnetiltak som mottek tilskot frå post 79.

Tildelingskriterium

Tiltaka er prioriterte med utgangspunkt i nasjonale mål og prioriteringar innanfor resultatområdet 2.

16,998 mill. kroner blir fordelte til følgjande tiltak:

- Verdsarv-Unesco (4,312 mill. kroner)
- Verdsarvsenter (7,675 mill. kroner)
- Foreining Freda (214 000 kroner)
- Bygg og bevar (2,018 mill. kroner)
- Klimapark 2469 (466 000 kroner)
- Etter- og vidareutdanning (EVU), (1,5 mill. kroner)
- Kulturminnedagen (313 000 kroner)
- Kulturminnetiltak Svalbard (500 000 kroner)

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke rapportar og revidert rekneskap. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

Rapport 2013

Følgjande tiltak fekk tilskot i 2013: Den nordiske verdsarvstiftelsen (NWHF), nettverksmøte for Unesco, Verdsarvsenter, (Vega, Vestnorsk fjordlandskap og Alta), Foreininga Freda, Bygg og bevar og Klimapark 2469.

Post 81 Byutvikling, lokalt miljøvern og universell utforming, kan overførast

Posten er rammeoverført til Kommunal- og moderniseringsdepartementet med 6 mill. kroner mens resterande midlar er overførte til post 76 støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak. Rapportering for 2013 ligg føre i Kommunal og moderniseringsdepartementets Prop. 1 S, og under post 76.

Kap. 4400 Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
02	Ymse inntekter	257	383	396
03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	1 491	1 576	1 628
16	Refusjon frå fødselspengar/adopsjonspengar	2 254		
18	Refusjon av sjukepengar	1 722		
	Sum kap. 4400	5 724	1 959	2 024

Post 02 Ymse inntekter

Under denne posten fører departementet meir tilfeldige inntekter, blant anna avgift for parkering på området til Klima- og miljødepartementet. Prosjektmidlar frå Nordisk Ministerråd blir òg førte her. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarende meirutgifter under kap. 1400 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1. Posten er auka i tråd med venta inntekter.

Post 03 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Det er budsjettert med 1,628 mill. kroner i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) som er utgiftsført over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Kap. 1406 Miljøvennleg skipsfart

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
21	Spesielle driftsutgifter	3 943	4 132	5 111
	Sum kap. 1406	3 943	4 132	5 111

Rolle og oppgåver for Sjøfartsdirektoratet:

Sjøfartsdirektoratet er underlagt Klima- og miljødepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljøet, og utfører viktig arbeid innanfor dette området. Arbeidet omfattar bl.a. utgreiingsoppgåver, utarbeiding av forskrifter, utferding av sertifikat, flaggstatskontrollar og hamnestatskontrollar. Sjøfartsdirektoratet utfører dessutan betydelege internasjonale oppgåver på miljøområdet retta mot FN's sjøfartsorganisasjon (IMO), EU, Nordsjøsam arbeidet og Det arktiske samarbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har som ei av sine hovudmålsetjingar å medverke til at skipsfarten er ei miljøvennleg transportform. Dette inneber at direktoratet skal medverke til at norsk maritim verksemd er minst like miljøeffektiv som alternative transportformer, og har gode tekniske og ope-

rasjonelle forhold som førebyggjer miljøskadar. Direktoratet skal òg medverke til god tryggleik mot forureining ved effektivt tilsyn av norske skip og hamnestatskontroll av framande skip.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten medverkar til å dekkje lønn til fast og melombels tilsette og driftsutgifter for Sjøfartsdirektoratet i arbeidet med ein miljøvennleg skipsfart. Reduksjonar i utslepp av SO₂, NO_x og klimagassar står sentralt i dette arbeidet. Vidare skal det gjennomførast tiltak for å redusere faren for utilsikta introduksjon og spreiding av framande arter i ballastvatn. I 2013 tiltredde Noreg Konvensjonen om sikker og miljøforsvarleg opphogging av skip, *skipsopphoggingskonvensjonen*. Vidare dekkjer posten midlar knytte til utgreiingar, infor-

masjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til miljøspørsmål. For å styrkje Sjøfartsdirektoratets arbeid med miljøvennleg skipsfart, er posten foreslått styrkt med 1 mill. kroner. Midlane er omdisponerte frå kap. 1400 post 21.

Rapport 2013

Midlane til Sjøfartsdirektoratet har gått til arbeid med: ballastvatn, nordsjønettverk, opphogging av skip, forvaltningsplanarbeidet, tungolje, EØS-arbeid, polarkoden, utsleppstal og prosjekt NO_x.

Kap. 1407 Miljøhensyn i offentlige innkjøp

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2015
		2013	Saldert budsjett 2014	
21	Spesielle driftsutgifter	13 308		
	Sum kap. 1407	13 308		

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten vert satt i null i saldert budsjett 2014.

Rapport 2013

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) sine hovudarbeidsområde i 2013 har vore å leggje til rette for miljøbevisste offentlege nyskaffingar.

Målet har vore å sikre at miljøomsyn blir integrerte som ein naturleg del av den generelle innkjøpspolitikken i all offentlig verksemd. Dette har omfatta vidareutvikling av verkemiddel, bl.a. miljøkriterium, for å fremje miljøansvarlege offentlege nyskaffingar, under dette å fremje bruken av miljøleingsystem i staten. Bygg og anlegg inkludert verktøy for livsløpskostnader, transport IKT og innovasjon har vore sentrale område.

Kap. 1408 Radioaktiv forureining i det ytre miljø

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2015
		2013	Saldert budsjett 2014	
01	Driftsutgifter	12 671	12 599	14 200
	Sum kap. 1408	12 671	12 599	14 200

Rolle og oppgåver for Statens strålevern:

Statens strålevern er Klima- og miljødepartementets direktorat på området radioaktiv forureining og anna stråling i det ytre miljøet, og er forureiningsmyndigheit etter forureiningslova på dette området. Verksemdar som er omfatta av Strålevernets forvaltningsmyndigheit er blant anna petroleumsverksemd, sjukehus og forskning, avfallsdeponi, forskingsreaktorane på Kjeller og i Halden og noko prosess- og mineralindustri. Strålevernet har ansvar for å støtte og gi råd i oppfølging av departementets beredskapsansvar.

Strålevernet har òg ansvar for fagleg utgreiingsverksemd og tilsyn med radioaktiv forureining og for å koordinere nasjonal overvaking av radioaktiv forureining i det ytre miljøet. Dette blir

gjennomført i samarbeid med andre relevante institusjonar og fagmiljø. Strålevernet deltek òg i arbeidet med forvaltningsplanane og leiar arbeidet i radioaktivitetskomiteen til OSPAR (RSC), i tillegg til å leie ekspertgruppa for radioaktiv forureining under Den blanda norskrussiske miljøvernkommisjonen.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultat-område 4 Forureining.

Statens strålevern si fremste oppgåve er å styrkje forvaltning og rådgivingsverksemd under Klima- og miljødepartementets ansvarsområde. Dette omfattar forvaltning og kartlegging av radioaktivt avfall og avfallsstraumar. Arbeidet med

å bidra til at utslepp av radioaktive stoff blir unngått eller minimert frå dei ulike kjeldene er sentralt, i tillegg til arbeid med miljøutfordringar i nord- og polarområda, vurdering av norsk oppfylging av OSPARs mål, formidling og beredskap.

Midlane i 2015 vil mellom anna verte brukte til oppfølging og tilsyn med verksemdar som har løyve etter avfallsforskrifta om radioaktive utslepp etter forureiningslova. Vidare skal Strålevernet undersøke om også andre verksemdar treng tilsvarende løyve – dette gjeld blant anna prosessindustri og gruvedrift. Det vil òg bli arbeidd med å auke deponikapasitet for radioaktivt avfall, med spesiell fokus på deponiløysingar for alunskifer. Det vert i 2015 sett i gang ein ekstra innsats for å sikre god forankring og gjennomføring av planverk for miljøforvaltninga for å følgje opp konsekvensane av ei atomhending. Posten dekkjer utgifter som Statens strålevern har til lønn og godtgjersler for fast og mellombels tilsette. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til oppdragsverksemd, ordinære driftsutgifter og utgifter knytte til etaten si samla utgreiings- og rådgivingsverksemd på området radioaktiv forureining i det ytre miljøet.

Rapport 2013

Hovudfokuset var på å utarbeide løyve etter forureiningsregelverket i tillegg til å få utført utgreiingar til bruk i forvaltninga. I perioden 2011–2013 kom det inn omlag 140 søknader om løyve og hovuddelen av desse vart behandla i 2013. Løyva femner all verksemd som har utslepp av radioaktive stoff eller handterer radioaktivt avfall som for eksempel sjukehus, forskning, IFE, prosessindustri, petroleumsvksemd, avfallshandteringsverksemd og deponi. Det er utarbeidd deklarasjonsskjema for radioaktivt avfall og inngått avtale med Norsas og gjennom dette har Strålevernet fått betre kunnskap om radioaktivt avfall. Det har òg vore fokusert på å få meir kunnskap om mogleg handtering av brukt kjernebrensel. Hovuddelen av midlane var lønn og drift som har dekt desse oppgåvene. Når det gjeld utgreiingar vart det sett ut oppdrag som handlar om konsekvensar knytte til kjelder og utslepp. Avrenning og spreining i miljøet frå alunskifer, frå ei hypotetisk ulykke ved Selafield og transport av radionuklidar med nedfall i Noreg, feltstudium av radionuklidar i miljøet, effekt av radionuklidar i terrestriske økosystem og utvikling av kjeldetermer for ubåten K-27. Vidare har det blitt utført noko tilsyn (petroleum/avfall).

Kap. 1409 MAREANO

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		27 500	27 362
	Sum kap. 1409		27 500	27 362

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane frå Klima- og miljødepartementet til gjennomføringa av kartleggingsprogrammet for havbotn, MAREANO.

Rapport 2013

MAREANO-programmet prioriterte i 2013 innsamling av djupnedata i Barentshavet søraust og midtnorsk sokkel i Norskehavet, innsamling av geologi-, biologi- og kjemidata frå midtnorsk sokkel i Norskehavet og Barentshavet søraust, og rapportering av resultat gjennom [ano.no, Noreg digitalt \(\[www.geonorge.no\]\(http://www.geonorge.no\)\) og resultatleveransar til oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet. Djupnedata vart samla inn frå i alt 26 805 km², av dette 7 008 km² i Norskehavet og 19 797 km² i Barentshavet, mens det vart samla inn bio-geo-kjemi-data frå eit areal på 28 925 km², av dette 12 000 km² i Barentshavet søraust og 16 925 km² frå midtnorsk sokkel i Norskehavet. I tillegg vart det samla inn data ekstraordinært frå eit totalt areal på 6.000 km², opphavleg planlagt for prøvetaking i 2015–2016, utanfor Finnmarkskysten og midtnorsk sokkel. Den ekstraordinære feltinnsatsen var mogleg pga. gode vêrforhold.](http://www.mare-</p>
</div>
<div data-bbox=)

Kap. 1410 Miljøforskning og miljøovervaking

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
21	Miljøovervaking og miljødata	177 492	181 021	165 625
50	Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta	163 998	163 338	167 647
51	Forskningsprogram m.m.	190 718	201 468	200 576
53	Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning	6 564	6 794	6 760
54	Artsprosjektet m.m.	30 000	30 000	29 850
70	Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta	28 773	33 773	40 810
72	Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	14 900	11 900	11 900
73	Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta	11 114	9 433	12 433
Sum kap. 1410		623 559	637 727	635 601

Kap. 1410 Miljøforskning og miljøovervaking gjeld forskningsprogram, basisløyvingar og andre tilskot til miljøforskningsinstitutta m.m., og miljøovervaking og miljødata. Kapitlet rettar seg mot alle resultatområda og verkemiddelkapitlet kunnskap. Kap. 1410 syner ein reduksjon på 2,1 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2014, men denne er ikkje reell. Grunna ny ordning med nettoføring av meirverdiavgift i staten er 23,3 mill. kroner av løyvinga under post 21 flytt inn under Finansdepartementets budsjett. Dette skal ikkje påverkar aktivitetsnivået. Regjeringa vidarefører løyvinga til forskning og overvaking på eit høgt nivå i 2015.

Post 21 Miljøovervaking og miljødata

Posten er føreslått med ei løyving som er 15,4 mill. kroner lågare enn saldert budsjett. Grunna ny ordning med nettoføring av meirverdiavgift i staten er 23,3 mill. kroner av løyvinga flytt inn under Finansdepartementets budsjett. Frå posten er det òg flytta 3,3 mill. kroner til kap. 1410 post 70 knytt til nasjonale lakseoppgåver ved Norsk institutt for naturforskning (NINA). Vidare er 0,3 mill. kroner flytta til kap. 1420 post 84 i samanhang med bidrag til kjerneoppgåver under Konvensjon om langtransportert luftforureining som ikkje er omfatta av bidraget til EMEP-protokollen. I tillegg er posten redusert med 0,9 mill. kroner som ledd i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform.

Det er lagt inn 4,5 mill. kroner til overvaking av miljøgifter og 1,5 mill. kroner til eit kartleggingsprosjekt om ulike tapsårsaker for husdyr i høve til rovviltproblematikk. Frå kap. 1400 post 21

er det flytta 6,5 mill. kroner til posten i samband med miljøovervaking i havområda.

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda. Finansiering av dei lange overvakingstidsseriene er framleis prioritert, men finansiering av nokre av dei lange tidsseriene er lagt på kap. 1410 post 70, Nasjonale oppgåver ved miljøforskningsinstitutta, fordi det er ei sentral nasjonal oppgåve å sikre viktige overvakingssdata for forskning.

Posten dekkjer utgifter til miljøovervaking og innhenting av data og miljøstatistikk knytt til dei miljøpolitiske resultatområda, under dette utgifter til resultatdokumentasjon og arbeidet med standardisering på miljøområdet. Posten dekkjer òg formidling av oppnådde resultat, blant anna utvikling og drift av Miljøstatus for Noreg på Internett. Midlar til overvaking av vilt- og fiskeressursar som kan haustast, er dekte over andre postar på Klima- og miljødepartementets budsjett.

Midlane blir nytta til å få fram kunnskap om miljøtilstanden og endringar i den, og er eit viktig grunnlag for å gjennomføre ein effektiv miljøpolitikk. Miljøovervaking og miljøstatistikk gir grunnlag for å setje mål for miljøpolitikken, vurdere i kva grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådde og kva slag miljø- og helseverknader ein oppnår med verkemiddelbruk og tiltak. I tillegg pliktar Noreg gjennom ei rekkje internasjonale miljøavtaler å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden, og deltek i ei rekkje internasjonale overvakingssprogram. Resultata frå desse programma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtaler og

etablering av nye. Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. For å få den nødvendige informasjonen må overvåkingsprogramma derfor gå over fleire år. Dette gjeld først og fremst område der det er nødvendig å underbygge argumenta for tiltak med eit godt kunnskapsunderlag, blant anna utslepp av næringsstoff til vassdrag og fjordområde, sur nedbør og ozon.

Det er i hovudsak forskingsinstitutt og andre som gjennomfører den praktiske innsamlinga og behandlinga av overvåkingsdata.

Situasjonen for tareskogen med tilhøyrande økosystem langs kysten er framleis alvorleg. Kunnskapen vi no har om årsaker til situasjonen gir grunnlag for å setje i verk tiltak. Den vil gi grunnlag for meir målretta tiltak for tareskogen.

Posten dekkjer òg overvaking av forureiningar og farlege kjemikaliar, det tverrsektorielle nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald, kvalitetssikring av data frå det kommunale kartleggingsprogrammet, bestandsovervaking av rovvilt, sjøfuglprogrammet SEAPOP (inkludert SEATRACK) og auka overvaking av truga og nær truga arter, og naturtypar, blant anna tareskog.

Rapport 2013

Midlane på posten går i hovudsak til å dekke lange tidseriedata om miljøtilstanden. Desse data er ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget i klima- og miljøpolitikken og i miljøforvaltninga.

Post 50 Basisløyvingar til miljøforskingstinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultat-områda.

Løyvinga i 2015 er foreslått auka med 4,3 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2014. Det er lagt inn ei prisjustering på 5,1 mill. kroner, og teke ut 0,8 mill. kroner som del av i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform. Posten dekkjer grunnløyvinga og dei strategiske instituttløyvingane til fordelingsarena for miljøinstitutta, og strategiske instituttløyvingar til Bioforsk, Jord og miljø på fordelingsarena for primærnæringsinstitutt.

I 2015 vil 5 pst. av grunnløyvinga bli omfordelte etter oppnådde resultat på resultatindikatorar som vitenskapleg publisering, samarbeid med universitet og høgskular (avlagte doktorgrader og bistillingar), internasjonale inntekter, inntekter frå Noregs forskingsråd og nasjonale oppdragsinntekter.

Mål

Fordelingsarenaen for miljøinstitutta inkluderer Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR), Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk Institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for Kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (CICERO), Nansensenteret (NERSC – Nansen Environmental and Remote Sensing Center) og Transportøkonomisk institutt (TØI) som er sentrale institutt innanfor sine område av miljøforskninga. Dei skal fungere som nasjonale kompetansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøforvaltninga, og skal innanfor sine område tilfredsstille samfunnet sitt behov for å løyse problem på kort og lang sikt.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane frå Norsk forskingsråd, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. For oppfølging av årsrapporten vil det bli halde møte med Forskringsrådet og det enkelte instituttet for drøftingar av miljøforvaltningas kunnskapsbehov.

Post 51 Forskringsprogram m.m.

Midlane under posten er retta mot forskingsprogram innanfor alle resultatområde.

Posten er redusert med 0,9 mill. kroner som del av ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform. Det er sett av 2 mill. kroner til forskning på kongeørn og sørsamisk reindrift som Miljødirektoratet administrerer. Dei andre midlane under posten blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd.

Mål for miljøforskninga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt miljøarbeid med stor vekt på relevans og for ei berekraftig ressursforvaltning og samfunnsplanlegging. Miljøforskninga skal gi eit godt kunnskapsunderlag for nasjonale forvaltningsoppgåver, for avgjerder i politikktutforming og som grunnlag for internasjonalt miljøsamarbeid.

Hovudvekta er lagt på forskning om klimaendringar, under dette forskning på biologiske og samfunnsvisse effektar av klimaendringar. Marin forskning og forskning om biologisk mangfald og helse- og miljøfarlege kjemikaliar blir òg prioritert. Klima- og miljødepartementet ønskjer å sikre at også dei mindre fagområda får naudsynt prioritet i både det nasjonale og det internasjonale

arbeidet. Forsking er nærare omtalt under dei enkelte resultatområda i Del III i denne proposisjonen. Det blir framleis arbeidd for å betre integreringa av miljøforskning i alle relevante delar av verksemda til Noregs forskingsråd.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar frå Noregs forskingsråd som er utarbeidd på bakgrunn av innspel frå programstyra. I tillegg er representantar frå miljøforvaltninga valde inn i programstyra.

Mål for Noregs forskingsråd

Regjeringa har fastsett nye mål for Forskingsrådet si verksemd. Bakgrunnen er at både evalueringa av Forskingsrådet og Riksrevisjonen peikte på utfordringar knytte til det eksisterande mål- og resultatstyringssystemet (MRS) for Forskingsrådet. Løyvingane til Forskingsrådet går over budsjetta til 15 departement, og Forskingsrådet er stilt overfor mange mål/delmål og ei rekkje foringar frå departementa. Det fører til at den samla styringa av Forskingsrådet står fram som uoversiktleg og styringsstrukturen som lite eigna. Kunnskapsdepartementet starta derfor hausten 2013 eit prosjekt for å utvikle vidare systemet for mål- og resultatstyring av Forskingsrådet.

Føremålet er å sikre eit system med meir overordna og strategisk styring av Forskingsrådet frå departementa si side, der den samla styringa blir dreia meir over i retning av resultat av Forskingsrådets verksemd og der Forskingsrådet får større fridom til å forvalte sine program og aktivitetar på tvers av departementsgrensene. Departementa og Forskingsrådet har delteke i arbeidet med å utvikle det nye systemet.

Regjeringa har fastsett følgjande mål for Forskingsrådets si verksemd frå 2015:

- Auka vitskapeleg kvalitet
- Auka verdiskaping i næringslivet
- Møte store samfunnsutfordringar
- Eit velfungerande forskningssystem
- God rådgiving

Systemet for styring av Forskingsrådet vil bli vidare utvikla i løpet av hausten 2014.

Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforskning

Posten er på omlag same nivå som saldert budsjett 2014.

Mål

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA).

Oppfølging og kontroll

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd som tek hand om den norske medlemskapen.

Post 54 Artsprosjektet m.v.

Posten er på omlag same nivå som saldert budsjett 2014.

Mål

Det norske Artsprosjektet vart etablert i 2009. Det finst truleg rundt 55 000 arter i Noreg. Så langt er vel 41 000 av desse funne. For svært mange av artene har vi likevel mangelfull og dårleg grunnleggjande kunnskap. Samtidig er det eit sterkt behov for å styrkje kunnskapen om arter (biosystematikk). Artsprosjektet er oppretta for å fylle desse kunnskapshola og å byggje opp vitskapeleg kompetanse slik at vi i framtida er betre rusta til å kartleggje artsmangfaldet vårt. Artsdatabanken er ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet og samarbeider nært med det svenske Artprosjektet ved ei bilateral samarbeidsavtale underteikna hausten 2009.

Denne løyvinga låg tidlegare på kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter.

Oppfølging og kontroll

Mandatet for Artsprosjektet er vedteke av Klima- og miljødepartementet. Artsdatabanken har ansvaret for gjennomføringa av Artsprosjektet, og Artsprosjektet får årleg budsjett- og styringssignal av departementet via Miljødirektoratet. Artsdatabanken er ansvarleg for å rapportere planar, budsjettforslag og årsrapportar til Klima- og miljødepartementet, og for å halde departementet fortløpande orientert om arbeidet.

Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskingsinstitutta

Frå kap. 1410 post 21 er det flytta 3,3 mill. kroner og frå kap. 1420 post 22 er det flytta 3,5 mill. kroner knytt til nasjonale lakseoppgåver ved Norsk Institutt for naturforskning.

Mål

Målet er å syte for at Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk Institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for Kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for Vassforskning (NIVA) og Bioforsk har ressursar til fagleg rådgiving til miljøforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i internasjonale organ ved behov, informasjons- og opplysningsarbeid overfor forvaltning, kvalitetssikring av data, vidareføring av viktige lange overvakingstidsseriar, og etablering og vedlikehald av relevante nasjonale databasar m.m.

Løyvinga inkluderer 3,2 mill. kroner til driftsstøtte for luftmålestasjon til NILU på Zeppelinfjellet ved Ny-Ålesund.

Det ligg òg inne 4 mill. kroner i driftsstøtte til Forskningscenter for miljø og samfunn (CIENS) som har fått ansvar for å drifte ny miljøprøvebank. Vidare ligg det 1,15 mill. kroner til Senter for klimaforskning (Cicero), og midlar til nasjonale lakseoppgåver ved NINA.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at institutta drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring med relevante etatar og Klima- og miljødepartementet. Det blir motteke rapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for drøftingar av dei nasjonale oppgåvene.

Rapport 2013

I 2013 vart løyvinga mellom anna nytta til deltaking og fagleg støtte for miljøforvaltninga i nasjonale og internasjonale organ, databasetenester, oppretthalding av algesamling som nasjonal referansesamling, vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget for forvaltninga av ville laksebestandar, nasjonal beredskap for konservering av kulturhistorisk viktige gjenstandar, driftsstøtte for målestasjonen på Zeppelinfjellet, Ny-Ålesund, referanselaboratorium for målingar av luftforureining og atmosfærisk korrosjon, og til vidareføring av viktige lange overvakingstidsseriar.

Post 72 Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik

Mål

Løyvinga skal sikre utviklinga av GenØk – Senter for biotryggleik som eit kompetansesenter på genteknologi. GenØk skal drive forskning, informasjon og rådgiving om helse og miljøkonsekvensar ved bruk av genteknologi og genmodifisering, for å sikre trygg bruk av genteknologi.

Oppfølging og kontroll

Det er ein føresetnad at instituttet drøftar prioriteringar og planar for gjennomføring med Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet. Det blir motteke rapport og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med instituttet for å drøfte prioriteringar.

Rapport 2013

I 2013 var løyvinga nytta til fagleg rådgiving til miljøforvaltninga, mellom anna i form av rapportar til Miljødirektoratet i samband med GMO-høyringar, rådgiving om genmodifiserte vaksiner, og til forskingsprosjekt for å utvikle vidare kunnskapsgrunnlaget for vurdering av helse- og miljøkonsekvensar av genmodifiserte organismar. Dette er prosjekt innan mikro- og molekylærbiologi, immunepidemiologi og økologi, virologi, økotoksikologi og økosystem, og samfunnsvitskaplege aspekt ved moderne bio- og nanoteknologi.

Post 73 Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta

Ein omstillingsprosess i Norsk Institutt for Kulturminneforskning vart starta hausten 2013, og for å styrkje økonomien og støtte omstillingsprosessen er posten auka med 3 mill. kroner.

Mål

Løyvinga skal støtte naudsynte infrastrukturtiltak ved miljøinstitutta Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR), Norsk institutt for luftforskning (NILU), Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norsk institutt for Kulturminneforskning (NIKU), Norsk institutt for Vassforskning (NIVA), Senter for klimaforskning (CICERO), Nansensenteret (NERSC – Nansen Environmental and Remote Sensing Center) og Transportøkonomisk institutt (TØI).

Av løyvinga skal 3 mill. kroner gå til å støtte drift av Norsk institutt for naturforsknings forskingsstasjon på Ims som blir nytta til overvaking av villaks.

Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for bruken av infrastrukturiltaka i samband med drøftingane av dei nasjonale oppgåvene.

Rapport 2013

I 2013 vart løyvinga mellom anna nytta til maskinvare for berekning av klimaprosessar og lagring av vitskapelege data, geofysiske undersøkingsmetodar i arkeologisk forskning, kopling av klimadata til den nasjonale reisevaneundersøkinga, stor-skala infrastruktur for forskning på land-sjø interaksjonar, vitskapelege databasar, og delfinansiering av basisdrift ved Birkenesobservatoriet.

Programkategori 12.20 Klima, naturmangfold og forureining

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld resultatområde 1 Naturmangfold, 3 Friluftsliv, 4 Forureining, 5 Klima og 6 Polarområda.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er på 2,635 mrd. kroner i 2015. Tabellen under syner at dette er ein reduksjon på 8,9 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2014.

Den største einskilde reduksjonen er på 210 mill. kroner og gjeld frivillig skogvern. Der vart løyvinga auka i 2013 for å slutføre køen av frivillig skogvernsaker der det var inngått avtale om vern med skogeigarane. Den nest største reduksjonen gjeld nasjonalparkerstatningar og er på 165 mill. kroner. I tråd med at gjenståande erstatningssaker etter anslaga vil bli dekte av løyvinga for 2014 og overført beløp frå 2013, er det ikkje naudsamt med løyving på posten i 2015. Av andre reduksjonar nemner vi òg at driftsløyvingane til Miljødirektoratet er reduserte med 16 mill. kroner, jf kap. 1420 postane 01 og 21.

Innføring av nøytral meirverdiavgift reduserer budsjettet under programkategorien med

110,0 mill. kroner, men dette er forhold som ikkje påverkar aktivitetsnivået.

Av aukeingar under programkategorien er den største på nær 74 mill. kroner og eit resultat av tidligare auke i bilvrakpanten. Vidare er løyvinga til CO₂-kompensasjonsordning for industrien auka med 57 mill. kroner på grunnlag av gjeldande anslag for å kunne utbetale kompensasjon i tråd med reglane for ordninga.

Posten for refusjonsordningar er auka med 36 mill. kroner. Av dette har 30 mill. kroner samanheng med ordninga for refusjon av smøreolje, og 6 mill. kroner med ordninga for refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK). Til etablering av genbank for laks og sjøaure med tilknytning til Hardangerfjorden, er budsjettet auka med 27 mill. kroner. Budsjettmidlar til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget (overvaking, kartlegging, artsprosjektet og liknande) er omtalt under programkategori 12.10 Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1420	Miljødirektoratet	2 521 516	2 807 167	2 557 908	-8,9
1425	Vilt- og fisketiltak	81 400	84 700	77 475	-8,5
	Sum kategori 12.20	2 602 916	2 891 867	2 635 383	-8,9

Kap. 1420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	795 775	709 049	586 860
21	Spesielle driftsutgifter	185 397	137 224	125 078
22	Statlege vassmiljøtiltak	175 640	199 700	183 940
23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd			86 108
25	Statleg ordning for frivillig kjøp av klimavotar	580		
30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	29 333	44 080	23 817
31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	64 600	55 693	46 600
32	Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, <i>kan overførast</i>	9 338		
34	Statlege tileigningar, nasjonalparker, <i>kan overførast</i>	43 823	164 528	
35	Statlege tileigningar, nytt skogvern, <i>kan overførast</i>	237 572	331 091	121 112
39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	18 444	23 558	31 649
60	Tilskot til lokalt utviklingsfond	6 000		
61	Tilskot til klimatilpassingstiltak			2 000
69	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	42 469	39 845	41 120
70	Tilskot til vassmiljøtiltak, <i>kan overførast</i>	29 651	20 800	22 600
72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	149 840	150 755	150 755
73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overførast</i>	61 583	64 600	68 077
74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien, <i>overslagsløyving</i>		243 000	300 000
75	Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>	409 906	346 320	420 000
76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	58 828	57 000	93 000
77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.	6 982	7 149	8 149
78	Friluftsførmål, <i>kan overførast</i>	87 308	106 588	137 275
79	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69</i>		1 264	1 306
81	Verdsarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	33 272	24 700	25 521
82	Tilskot til truga arter og naturtypar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	30 335	33 089	33 439
84	Internasjonalt samarbeid	1 137	1 434	1 782
85	Naturinformasjonssenter, <i>kan overførast</i>	43 702	45 700	47 720
	Sum kap. 1420	2 521 516	2 807 167	2 557 908

Midlane under budsjettkapitlet er retta mot alle resultatområde med unnatak for resultatområde 2 Kulturminne og kulturmiljø.

Miljødirektoratets rolle og oppgåver

Miljødirektoratet er Klima- og miljødepartementets sentrale rådgivande og utøvande fagorgan innan klima-, naturforvaltning og forureining. Hovudoppgåvene er å redusere klimagassutslepp, ta vare på naturmangfaldet og sikre den naturlege produksjonsevna, og hindre forureining. Dette betyr mellom anna å leggje til rette for å ta vare på naturen, berekraftig bruk og verdiskaping.

Omsynet til miljø og berekraftig utvikling og dei nasjonale miljømåla, jf. del III av denne proposisjonen, gir hovudrama for arbeidet i Miljødirektoratet. Viktige funksjonar for etaten er å utøve mynde, gi faglege råd til departementet, rettleie regionalt og kommunalt nivå, overvake miljøtilstanden og skaffe fram og formidle kunnskap, gjennomføre naturoppsyn/føre tilsyn, samarbeide med aktuelle sektorstyresmakter og medverke i internasjonalt miljøarbeid.

Arbeidet som Miljødirektoratet utfører er ein føresetnad for å få gjennomført nasjonal politikk og få sett i verk konkrete tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt.

På klimaområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med klimagassrekneskapan, under dette utsleppsrekneskapan, og overvaking av klimaendringar. Direktoratet deltek i dei internasjonale forhandlingane under Klimakonvensjonen, særleg med spørsmål knytte til utsleppsrapportering, kvoteregisteret, forskning og overvaking. Vidare er direktoratet Noregs nasjonale kontaktpunkt for FN's klimapanel og koordinerar alle prosessar knytte til klimapanelets arbeid.

Klima- og miljødepartementet har ansvaret for å leggje til rette for Regjeringas heilskaplege arbeid med klimatilpassing, og Miljødirektoratet er departementets fagetat på dette området.

På naturforvaltningsområdet arbeider Miljødirektoratet mellom anna med etablering og forvaltning av verneområde og forvaltning av truga arter og naturtypar, under dette etablering og forvaltning av prioriterte arter og utvalte naturtypar. Andre viktige oppgåver er forvaltning av rovvilt, vassforvaltning, heilskapleg havforvaltning, marin naturforvaltning og forvaltning av villaks, innlandsfisk, villrein og anna haustbart vilt. På same måte som på klimaområdet deltek etaten i dei internasjonale forhandlingane under Konvensjonen om biologisk mangfald. Eit delsekretariat for kapasitetsbygging under det internasjonale natur-

panelet (etter modell av klimapanelet) er under etablering i Miljødirektoratet.

Etaten medverkar vidare til at omsynet til langiktig disponering av naturressursane blir lagt til grunn ved arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

Statens naturoppsyn er ei avdeling i Miljødirektoratet og har ansvar for å føre tilsyn med naturtilstanden og med at reglane i miljølovgevinga blir følgde.

Tilrettelegging for friluftsliv, motivering av befolkninga til å utøve friluftsliv og sikring av friluftslivsområde er òg viktige oppgåver.

På forureiningsområdet er arbeidet med å redusere og førebyggje bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, arbeidet for å reinske opp i forureina sjøbotn og forureina grunn, hindre overgjødsling og nedslamming i vassdrag og langs kysten og å førebyggje og hindre oljeforureining viktige oppgåver. Direktoratet er aktivt involvert i internasjonalt samarbeid om strengare regulering av miljøgifter og betre forvaltning av kjemikaliar og farleg avfall. Direktoratet er òg ansvarleg nasjonal styresmakt med koordineringsansvar for oppfølging og gjennomføring av EU-forordninga REACH (Registrering, evaluering, godkjenning av kjemikaliar) i Noreg. I tillegg medverkar etaten til å auke ressursutnyttinga og å redusere miljøproblemm knytte til avfall og har viktige oppgåver i arbeidet med å redusere luft- og vassforureining. Etaten har vidare ansvar for å gjennomføre risikobasert tilsyn.

Miljødirektoratet har brei oversikt over naturtilstand og forureining i Noreg, og rapporterer dette fortløpande til resten av miljøforvaltninga, andre sektorar og allmenta mellom anna gjennom Miljøstatus.no. Etaten har òg fagleg instruksjonsmynde overfor miljøvernavingane hos fylkesmannen. Dei konkrete miljømåla som Miljødirektoratet arbeider etter er omtalte under dei ulike resultatområda og verkemiddelområda i del III av denne proposisjonen.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Naturmangfald, 3 Friluftsliv, 4 Forureining, 5 Klima og 6 Polarområda.

Posten dekkjer lønns- og driftsutgifter til verksemda ved direktoratets to hovudkontor i Trondheim og Oslo og dei lokale kontora til Statens naturoppsyn rundt omkring i landet. Meir spesifikt dekkjer posten lønn til faste og mellombels tilsette, husleige, reiser, IKT-utgifter, informasjon/formidling og drift av miljøinformasjonssystem og

nettstader som Miljøstatus i Noreg, Miljøkom-mune.no, kvoteregisteret og produktregisteret. Posten dekkjer òg drift av CO₂-kompensasjons-ordninga, jf omtale under post 74, og midlar til berekningsverktøy for luft. For ei vidare utgreiing om kva slags føremål løyvinga går til, viser vi til omtala under «Miljødirektoratets rolle og opp-gåver» i innleiinga til dette budsjettkapitlet.

Frå posten er det flytta inntektsfinansierte utgifter på om lag 102 mill. kroner til ny post 23 *Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd*. Midlane som er flytta er knytte til oppdrag direktoratet gjer for andre statlege instansar, og derfor mottok refusjonar for. Midlane er òg knytte til oppgåver som direktoratet med heimel i lovverket krev inn gebyr for å utføre.

Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015 er 37,9 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett. Posten er vidare redusert med 3,5 mill. kroner som del i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform, og med 4 mill. kroner som eit innsparingstiltak.

Til å dekkje konsekvensane av lønnsoppgjering i staten i 2014 for 2015-budsjettet, er det lagt inn 19,3 mill. kroner. I samband med overføring av informasjonsoppgåver frå departementet til direktoratet, er det flytta 2,7 mill. kroner frå kap. 1400 post 01 til posten.

Miljødirektoratet har utarbeidd ein gevinstrealiseringsplan for samanslåinga av Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet. I samband med dette vart direktoratets driftspost (kap. 1420 post 01) redusert med 15 mill. kroner i budsjettet for 2014 (jf. Prop. 1 Tillegg 1 (2013–2014)).

Rapport 2013

Av rekneskapsførte utgifter på 796 mill. kroner i 2013, vart om lag 60 pst. nytta til løn. Resten vart nytta til husleige, energi, drift og utvikling av IKT, reiseutgifter, kompetanse- og organisasjonsutvikling. Utgiftene til organisasjonsutvikling var særleg store i 2013 grunna etableringa av Miljødirektoratet etter samanslåinga av Klima- og forureiningsdirektoratet og Direktoratet for naturforvaltning. 67 mill. kroner vart tildelt fylkesmen-nene til å dekkje løn- og driftskostnader til nasjonalpark- og verneområdeforvaltere og til gebyrfinansierte tiltak på forureiningsområdet. Inntektsfinansierte internasjonale verksemd utgjorde 48 mill. kroner av utgiftene.

Hausten 2013 vart det gjennomført ei vurde-ring av den interne organiseringa i direktoratet

som resulterte i ei avgjerd om innføring av ny organisasjonsstruktur frå 1. mars 2014. Samanslå-ingsarbeidet har i stor grad bestått i å samkjøre arbeidsprosessar og etablere nye einskaplege arbeidsrutinar for å leggje til rette for at direktora-tet skal framstå samordna, heilskapleg og effek-tivt. Som ein del av etableringa av Miljødirektora-tet er det òg utarbeidd ein gevinstrealiseringsplan der potensialet for faglege gevinstar og effektiviseringsgevinstar er gjennomgått.

Nettstaden Miljøkommune.no har i 2013 nytta 1,2 mill. kroner til teknisk utvikling av plattformar og forbetring av innhald, marknadsføring og drift.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Naturmangfald, 3 Friluftsliv, 4 Forureining, 5 Klima og 6 Polarområda.

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt som direktoratet utfører, mellom anna i samband med skogvern, marin verneplan, tematiske verne-planar, nasjonalparker og drift av forvaltningsord-ningar, inkludert utgifter til drift av tilsynsutval og verneområdestyre. Vidare er direktoratets utgifter i samband med oppfølging av norske for-pliktingar i Ramsarkonvensjonen finansierte frå posten, likeins norsk implementering av det euro-peiske verneområdenettverket Emerald Network, oppfølging av vassforskrifta, verneplan for vass-drag og juridisk bistand til kommunar til arbeid med strandsona. I løyvinga ligg òg midlar til heil-skapleg forvaltning av norske havområde.

Posten finansierer òg arbeidet med prioriterte arter og utvalde naturtypar og andre truga og ver-difulle arter og naturtypar, arbeidet med naturin-deks, oppfølging av strategi mot framande og ska-delege arter, norsk oppfølging av det globale naturpanelet, og arbeidet med genmodifiserte organismar. I samband med forvaltning av rovvilt dekkjer posten drift av nasjonalt fagråd for overva-king av rovvilt og møtegodtgjersle for dei regio-nale rovviltnemndene.

Andre oppgåver som er dekte av posten er spe-sielle prosjekt knytte til lokalt klimaarbeid, kli-maarbeid generelt, arbeidet med internasjonalt kjemikaliearbeid, arbeidet med å stanse bruk og utslepp av miljøgifter og til oppfølging av forslag i stortingsmeldinga om helse- og miljøfarlege kje-mikaliar. Løyvinga skal elles nyttast til å styrkje internasjonale regulering av miljøgifter og kartleg-ging av miljøgifter.

Posten dekkjer òg utgifter til utgreiingar på avfallsområdet og utgifter direktoratet får ved å måtte fjerne spesielle typar avfall slik som eigar-

laust farleg avfall, farleg avfall frå konkursbu eller farleg avfall som eigaren ikkje klarer å ta hand om på ein forsvarleg måte, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

Delar av tenestekjøpet som Statens naturoppsyn gjer hos Fjellstyra blir dekte over posten. Tenestekjøpet frå Statens naturoppsyn til Fjellstyra omfattar mellom anna oppsynstjenester, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområde, skadedokumentasjon i samband med rovdyrtap, naturovervaking m.v. og blir dekt frå fleire postar under Klima- og miljødepartementets budsjett. Samla tenestekjøp hos Fjellstyra frå postar som Miljødirektoratet disponerer skal i 2015 vere på minst 7,6 mill. kroner.

Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015 er 22 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett. Posten er redusert med 12,7 mill. kroner som eit innsparingstiltak. Til post 82 Tilskot til truga arter og naturtypar er det flytta 7 mill. kroner. Frå posten er det flytta 1 mill. kroner til kap. 525 Fylkesmannsembeta post 01

Driftsutgifter i samband med at ansvaret for forvaltarstillinga for Trillemarka-Rollagsfjell naturreservat blir teken over av fylkesmannsembetet i Buskerud.

I samband med overføring av informasjonsoppgåver frå departementet til direktoratet, er det flytta 8,25 mill. kroner til posten frå kap. 1400 post 21.

Til nye tiltak innanfor naturmangfold, friluftsliv, forureining og klima er det lagt inn 18 mill. kroner.

Rapport 2013

Størstedelen av midlane på posten i 2013 vart nytta til tiltak knytte til forvaltning av nasjonalparkar, verneområde, framande og truga artar og rovvilt. Om lag halvparten av løyvinga var vidare tildelt fylkesmannen til bruk i dei einskilde fylka på dei same satsingsområda.

Ein del av midlane er òg nytta til kjøp av naturoppsynstjenester og arbeid med klima.

Post 22 Statlege vassmiljøtiltak

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
22.1	Kalking	76 471	71 000	57 772
22.2	Anadrome laksefisk	81 129	83 500	90 737
22.3	Generell vassforvaltning	18 040	45 200	35 431
	Sum post 22	175 640	199 700	183 940

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald.

Posten dekkjer ulike vassmiljøtiltak som ikkje er tilskot, under dette midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk (laks, sjøaure og sjørøye) og heilskapleg vassforvaltning. Tilskot til same føremål blir dekte over post 70.

Underpost 1 dekkjer kjøp av kalkingstenester.

Underpost 2 dekkjer tiltak, og forskning og utvikling knytt til forvaltning av anadrom laksefisk, under dette tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, bevaring i genbank og styrking av kunnskapsgrunnlaget.

Underpost 3 inneheld midlar til heilskapleg vassforvaltning etter vassforskrifta og anna vassforvaltning. Frå denne posten blir det òg fordelt

midlar til vassregionstyresmaktene og arbeidet i vassområda.

Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015 er 29,5 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett. Beløpet er trekt med 12,9 mill. kroner på underpost 1, 14 mill. kroner på underpost 2 og 2,5 mill. kroner på underpost 3.

Fleire av bestandane av laks og sjøaure med tilknytning til Hardangerfjorden er truga eller svært sårbar. For å sikre desse bestandane skal det etablerast ein genbank. Etableringa av genbanken vil gå over to år og er anslått å koste 40 mill. kroner, av dette 25 mill. kroner første året og 15 mill. kroner andre året. I tillegg kjem utgifter til førebuing av drifta, anslått til 2 mill. kroner første

året. Med sikte på byggjstart i 2015 gjer Regjeringa framlegg om å auke løyvinga for 2015 med 27 mill. kroner (jf underpost 2) og ei bestillingsfullmakt på 15 mill. kroner for å kunne teikne kontrakt for heile prosjektet og dei byggjeutgiftene som kjem i 2016, jf. forslag til vedtak V nr. 1.

Frå posten er det flytta 3,5 mill. kroner (jf underpost 2) til kap. 1410 post 70 Nasjonale oppgaver ved miljøforskningsinstitutta i samband med kartlegging og klassifiseringsarbeid knytt til kvalitetsnorma for villaks og i samband med langtidsseriar for overvaking av villaks. Samtidig er 1,8 mill. kroner flytta til post 70 under kap. 1420 for bruk som tilskotsmidlar for villaks.

For å styrke arbeidet med vassforvaltning er det lagt inn ei styrking på 7 mill. kroner (jf underpost 3). Fylkesmannsembeta har i tidligare år fått tildelt midlar frå direktoratet til å utføre miljøfaglege oppgåver i vassforvaltninga på regionalt nivå. I samband med at desse oppgåvene har fått stadig større preg av å være faste oppgåver, blir 14 mill. kroner no flytta (frå underpost 3) til kap. 525 Fylkesmannsembeta post 01 Driftsutgifter. På underpost 3 er det òg videreført 3,5 mill. kroner til tiltak mot krypsiv.

Rapport 2013

Miljødirektoratet brukte om lag 176 mill. kroner til ulike statlege vassmiljøtiltak i 2013. Knappt halvparten av midlane har vore nytta til kalking av vassdrag. Resten av midlane har i hovudsak vore nytta til tiltak mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, medan ein mindre del er nytta til generell vassforvaltning.

Kalking

Tilførsla av sur nedbør er sterkt redusert dei seinaste åra, men den positive utviklinga har flata ut etter tusenårsskiftet. Enno er om lag 10 pst. av arealet i Noreg forsuringsskadd, og fram mot 2030 er det berre venta små ytterlegare betringar i forsuringssituasjonen. For å oppnå ytterlegare betring i vasskvaliteten i Noreg, må utsleppa av svovel- og nitrogensambindingar til luft i Europa reduserast meir enn målsetjingane i Gøteborgprotokollen.

Totalt blir 21 lakseførande elvar i Noreg kalka. I dei elvane der laksen har gått tapt grunna sur nedbør er det etablert nye laksestammer. Det har vore godt laksefiske i mange av dei kalka elvane, med ein årleg totalfangst på 45–50 tonn (10–12 pst. av all laks fanga i norske elvar). Ein ny kalkdoserarar i Bjerkreimsvassdraget kom i drift hausten

2013. Rapportar om kalkavslutning i lokale prosjekt blir følgde opp.

Anadrom laksefisk

Løyving på underpost 2 vart i hovudsak brukt til tiltak mot *Gyrodactylus salaris* og bevaring av stammer i genbank. I 2013 vart det gjennomført første-gangs behandling av infiserte vassdrag i Raumaregionen mot *Gyrodactylus salaris*, og behandlinga av Lærdals- og Vefsnregionane er følgd opp med blant anna overvaking og oppbygging av dei opphavlege fiskestammene frå genbank. Planleggingsarbeidet med nedkjemping av *Gyrodactylus salaris* i Skibotnregionen starta òg opp. Behandlingane som er gjennomførte i fleire regionar dei siste åra har medført auka kostnader til bevaring og reetablering av fiskebestandane i genbank. I tillegg er noko av løyvinga brukt til arbeidet med å utvikle det faglege grunnlaget for berekraftige løysingar for fisket i Tana og til forhandlingar med Finland. Det er vidare brukt midlar til styrking av kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av laks gjennom Vitskapeleg råd for lakseforvaltning.

Generell vassforvaltning

Midlar til arbeidet med generell vassforvaltning i 2013 har vore prioritert til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for regionale vassforvaltningsplanar og tilhøyrande tiltaksprogram, under dette òg lokale tiltaksanalysar.

Post 23 Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd

Posten er ny og består av inntektsfinansierte utgifter som er flytta frå post 01. Løyvinga er knytt til utgifter som direktoratet har ved gebyrfinansierte verksemd og til utgifter ved oppdrag finansierte frå andre instansar. Midlane er retta mot resultatområda 1 Naturmangfald, 4 Forureining, 5 Klima og 6 Polarområda.

Direktoratet utfører med heimel i fleire forskrifter oppgåver som er gebyrfinansierte i samsvar med prinsippet om at forureinar betaler. Utgiftene til desse oppgåvene er budsjetterte til om lag 35 mill. kroner, ei auke på 4 mill. kroner. Sjø nærare forklaring under kap. 4420 post 04 der inntektene blir førte.

På same vis utfører fylkesmennene oppgåver i samband med konsesjonsbehandling og kontroll etter forureiningslova, jf. gebyrinntekter under kap. 4420 post 06 anslått til 28 mill. kroner. Inntektene blir tilbakeførte til fylkesmennene.

Til utgiftene ved kontroll og verifisering av kvotepliktige verksemd er det i samsvar med EUs reglar knytt gebyr som er førte under kap. 4420 post 07, anslått til 11 mill. kroner.

Omfanget av arbeid knytt til gebyrrelatert verksemd på naturforvaltningsområdet er forventta til om lag 4,6 mill. kroner, jf. inntekter under kap. 4420 post 08.

Posten dekkjer òg utgifter anslått til 7,1 mill. kroner ved internasjonale oppdrag som direktoratet får refunderte over kap. 4420 post 09. Dette er ein reduksjon på 22 mill. kroner samanlikna med 2014, fordi oppdragsutgiftene vil bli belasta dei andre statsinstansanes budsjettposter direkte ved bruk av belastningsfullmakter i staden for føring på Miljødirektoratets inntekts- og utgiftsposter.

Utgifter knytt til oppdrag som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog, er òg dekte av posten. Inntektene for desse er førte under kap. 4420 post 01. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4420 postane 01, 04, 06, 08 og 09, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 25 Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar

Posten vart lagt ned i budsjettet for 2014 og omfatta ei statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar.

Rapport 2013

Formålet med ordninga var å gi verksemd og privatpersonar høve til å kompensere for eigne utslepp ved at dei betaler for utsleppsreduksjonar ein annan stad. I 2013 selde Klima- og forureiningsdirektoratet totalt 32 737 kvotar, der 9 141 var EUA-kvotar og 23 595 var CER-kvotar.

Post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftslivsområde, kan overførast

Midlane på posten er retta mot resultatområde 3 Friluftsliv og blir nytta til statleg sikring av nye friluftslivsområde, ved anten offentleg erverv eller ved avtale om varig bruksrett (servituttavtale). Det er kommunane og dei interkommunale friluftsråda som kan søkje Miljødirektoratet om økonomisk medverknad til sikring av viktige friluftslivsområde. Miljødirektoratet kan òg i samarbeid med kommunane overta friluftslivsareal frå andre statlege etatar som ikkje lenger har behov for desse i si verksemd. I tillegg kan kommunale fri-

luftsområde vederlagsfritt bli omgjort til statleg sikra friluftslivsområde, dersom områda tilfredsstillar kriteria for statleg sikring. Slike område blir tinglyste som statleg sikra friluftslivsområde.

Noko av midlane på posten kan nyttast til enkelte opparbeidings- og tilretteleggingstiltak, til dømes oppføring av toalettbygningar eller opparbeiding av tilkomst i samband med nye sikringar av friluftslivsområde. Noko av midlane kan òg nyttast til nødvendig vedlikehald og rehabilitering av statleg eigde bygningar på områda.

Staten bidrar økonomisk til sikring av viktige friluftslivsområde av både nasjonal, regional og lokal verdi. For område av nasjonal og regional verdi kan staten bidra med inntil 100 pst. av kostnadane, for område av viktig lokal verdi med inntil 50 pst. av kostnadane. Det er særleg viktig at område i og ved store befolkningskonsentrasjonar og landfaste område i kystsona med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala blir sikra. Sentrale område ved innlandsvassdrag er òg prioriterte. Staten har ei sterk satsing på friluftsliv i nærmiljøet, og viktige friluftslivsområde både i og ved byar og tettstader er prioriterte. Å kunne gjere nye strandområde i befolkningsstette område tilgjengelege, er eit konkret tiltak som betrar tilhøva for friluftsliv for mange brukarar. Område i kystsona med landfast samband skal prioriterast framfor område som berre har tilgang med båt.

Løyvinga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak gjeld bygningar som anten skal rivast eller som kan nyttast i friluftslivsammenheng i området.

Sikringa blir gjennomført ved erverv eller ved servituttavtale med grunneigar. I tillegg til sikring av friluftslivsområde skal midlane dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av desse oppgåvene, til dømes transaksjonskostnader.

Investeringsmidlane blir utbetalte når Miljødirektoratet har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført og at statens vilkår er oppfylte.

Frå posten er det flytta 10 mill. kroner til kap. 1420 post 78, då det vil vere eit avgrense tal sikringssaker som kjem til utbetaling i 2015. Desse midlane er planlagt tilbakeført posten i 2016. Som eit innsparingstiltak i budsjettet er i tillegg løyvinga redusert med 9 mill. kroner. Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015, er 1,3 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 55 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2013

Det vart sikra 29 nye friluftslivsområde gjennom statleg medverknad med midlar frå post 30 i 2013. Om lag 80 pst. av områda kan definerast som nær-område til der folk bur, og det er slik skjedd ei gradvis dreiging av verkemiddelbruken i tråd med satsing på friluftsliv i nærmiljøet. Statistikken viser at sidan staten begynte å medverke til sikring på 1950-talet, er det sikra område som i hovudsak ligg meir enn 500 meter utanfor byar og tettstader. Dei fleste av desse ligg i strandsona og er mykje nytta. Målet no er at sikring av fleire område i og ved byar og tettstader skal auke tilgangen til område som er endå lettare tilgjengelege for folk i kvardagen og slik kan medverke til naturopplevingar, aktivitet og betre folkehelse. Staten vil gjennom sikringsordninga medverke til meir kvardagsfriluftsliv.

Områda som vart sikra i 2013 ligg i 14 ulike fylke. Det er både kommunar og interkommunale friluftsråd som har initiert desse sikringsprosessane og som vil stå for vidare drift og tilsyn i områda framover. Ulike typar område vart sikra i 2013. I Rana medverka staten til omdanning av eit tidlegare industriområde, Haukenesodden, slik at eit nytt og sentralt område i strandsona vart tilgjengeleg for allmenta. Gjennom eit samarbeid med Trondheim kommune over fleire år vart det i 2013 gjennomført sikring av viktige delar av den sentrale grønstrukturen. Dette er attraktive opphaldsområde og viktige ferdselskorridorar som går frå sentrale bydelar og opp til marka. Vidare vart Kroksand i Hvaler sentrum, som er sikra med midlar frå 30-posten, opna og teken i bruk i 2013. Området er eigna til bading, fiske og andre aktivitetar. Det er i bruk gjennom heile året av dei som bur i kommunen og er ekstra populært i sommarhalvåret med mange tilreisande. Kroksand er tilrettelagt for mange brukargrupper, blant anna menneske med nedsett funksjonsevne.

I ein del saker er det gitt bidrag til grunnleggjande tilretteleggingstiltak i samband med sikringa. Dette er tiltak som blir vurderte som naudsynte for at områda skal nyttast av allmenta. På Kroksand medverka staten til slike tiltak med midlar frå post 30.

I tillegg til gjennomføring av sikring av 29 område i 2013, søkte kommunar og friluftsråd om statleg medverknad til å sikre nye område. Det vart gitt tilsegn om statleg medverknad til sikring av 43 nye område i 2013. Kommunane og friluftsråda arbeider no med å få gjennomført sikringa av desse og med grunnleggjande tilrettelegging av areala.

Post 31 Tiltak i verneområde, kan overførast

Posten er retta mot resultatområda 1 Naturmangfald og 5 Klima. Midlane dekkjer statlege investeringsutgifter og andre typar tiltak i verneområde. Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgifter til informasjon, skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenget i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlande kan òg omfatte tiltak i samband med merkevare- og besøksstrategi for nasjonalparkane. Nasjonalpark-/verneområdestyra prioriterer bruken av dei tildelede midlane. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015, er 12,1 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett.

Posten kan òg nyttast til restaurering av grøfta myr inne i – og utanom verneområde, og posten er styrkt med 3 mill. kroner til dette formålet. Klimakur 2020 trekkjer fram restaurering av myr som eit tiltak som kan gi betydelege klimagassreduksjonar og er svært kostnadseffektivt. Restaureringa krev hovudsakeleg at eksisterande grøfter og røyr blir fjerna eller demde opp.

Regjeringa foreslår til materiellbestillingar (hovudsakleg båtkjøp) ei bestillingsfullmakt under posten på 3 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V nr. 1.

Rapport 2013

Midlane er i 2013 brukt til tiltak og investeringar som er nødvendig for å ta vare på og halde ved lag verneverdiane i verneområde over heile landet. Tiltaka er prioriterte først og fremst i verneområde der verneverdiane er truga, for eksempel uttak av framande arter som sitkagran og mink. Restaurering av verna våtmarksområde var òg prioritert i 2013, blant anna ved tildeling av midlar til oppstart av restaurering av Slevdalsvatnet i Vest-Agder. Restaurering av dette naturreservatet vil hindre at regionale og nasjonale naturverdiar går tapt.

Tilretteleggings- og informasjonstiltak er òg prioriterte og omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenget i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda.

Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald. Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa som eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten skal òg dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtakinga av innkjøpte eigedommar. Forutan erstatning og kjøp skal midlane på denne posten dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av verneplanane. Eventuelle utbetalningar i 2015 vil bli dekte av overføringar frå tidlegare budsjettår. Det er derfor ikkje naudsynt med løyving i 2015.

Det er planlagt at verneplan for Tyrifjorden i Buskerud skal vedtakast i 2014. For 2015 er det planlagt utviding av Herdla naturreservat i Hordaland. Hovudparten av utgiftene til dei to sakene vil komme i 2016 eller seinare.

Ut frå kostnadsoverslaga medfører dette behov for ei tilsegnfullmakt på 1,8 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2013

Overførte midlar og løyving for 2013 er brukte i arbeidet for å nå nasjonale mål om at eit representativt utval av naturtypar skal vernast for kommande generasjonar. I 2013 er hovudtyngda av utbetalningar knytt til erstatningar og omkostningar for område i Oslofjordverneplanen (delplanar for Østfold, Vestfold og Telemark), verneplan edellauvskog Sogn og Fjordane og enkeltområda Maridalen landskapsvernområde, Blankvann landskapsvernområde og Rinnleiret naturreservat.

Post 33 Statlege tileigningar, marine verneplanar, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald. Det er planlagt vern av ni nye marine verneområde i 2015. Utgiftene til desse vil komme i 2016 eller seinare. Det er derfor ikkje naudsynt med løyving i 2015, berre ei tilsegnfullmakt på 3,6 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2013

Posten er ny og det er derfor ikkje rapportering for 2013.

Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparker, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald.

Posten skal dekkje utgifter til gjennomføringa av nasjonalparkplanen, jf. St.meld. nr. 62 (1991–1992) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområde i Noreg* i form av erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Posten dekkjer òg tilsvarende utgifter for Fulufjellet og Færder nasjonalparker som er resultat av regionale/lokale verneinitiativ. Erstatningar blir i hovudsak fastsette ved minnelege avtaler. Nokre få saker går til rettsleg skjønn.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på posten dekkje andre lovpålagte kostnader som er knytte til gjennomføring av nasjonalparkplanen.

I tråd med at gjenstående erstatningssaker etter anslaga vil bli dekt av løyvinga for 2014 og overført beløp frå 2013, blir det ikkje fremja løyving på posten for 2015. Det er av same grunn ikkje fremja tilsegnfullmakt på posten.

Rapport 2013

Nye erstatningsreglar kom med naturmangfaldlova i 2009. Tilbod etter nye erstatningsreglar er no gitt frå staten til alle grunneigarar som på 2000-talet fekk lov til å utsetje sine erstatningssaker i påvente av dei nye reglane.

Oppgjer har vore utbetalt fortløpande etter som tilboda vert aksepterte av grunneigarar og rettshavarar gjennom minnelege avtaler, eventuelt etter nye forhandlingar. Svært få saker har vore naudsynt å avgjere ved rettsleg skjønn.

Overførte midlar og løyvinga for 2013 er nytta til oppfølging av dei nasjonale måla knytte til posten.

Post 35 Statlege tileigningar, nytt skogvern, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har ved skogvern etter naturmangfaldlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege forhandlingar eller ved rettsleg skjønn. Posten skal dekkje kjøp av skogområde som er verna eller føresett verna etter naturmangfaldlova, utgifter som staten som grunneigar har i samband med overtaking av innkjøpte eigedom-

mar, erstatningsordning for område som er under vurdering for vern, og utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar knytte til nytt vern.

Midlane på posten skal vidare dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av skogvernet, som registrering og vurdering av verneverdiar, grensemerking, utarbeiding av forvaltningsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene, o.a.

Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015, er 2,5 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett. Posten har fått ei prisjustering på 3,483 mill. kroner.

Ein gjer framlegg om å redusere posten med 210 mill. kroner. Løyvinga vart i 2013 auka for å slutføre køen av frivillig skogvern-saker der det var inngått avtale med skogeigarar om vern. Køen som hadde bygd seg opp er no fjerna. Forslaget til løyving på ca. 121 mill. kr. svarer til nivået i 2012.

Det blir fremja forslag om ei tilsegnfullmakt under posten på 116,4 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2013

Overførte midlar og løyving for 2013 er brukt i arbeidet for å nå nasjonalt mål om at eit representativt utval av naturtypar i skog skal vernast for kommande generasjonar. I 2013 er hovudtyngda av utbetalingane knytte til erstatningar i samband med frivillig vern av skog, der ca. 210 mill. kroner er utbetalt i erstatningar og vederlag. Det er utbetalt ca. 15 mill. kroner i erstatningar og omkostningar i samband med tradisjonelle verneprossar, i hovudsak knytt til erstatningsoppgjøret for Trillemarka-Rollagsfjell naturreservat.

Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79

Posten er knytt til resultatområde 4 Forureining. Utgiftene må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 69 og 79.

Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i grunn og botn i sjø og vatn som er forureina med helse- og miljøfarlege stoff. Løyvinga går i hovudsak til arbeid i tilknytning til opprydding i forureina sjøbotn og til å føre vidare arbeidet med å rydde opp i forureina jord. Vidare dekkjer posten utgifter til opprydding frå enkelte forureina lokalitetar der staten ved miljøforvaltninga er eigar. Fokus for opprydding i forureina sjøbotn er på 17 prioriterte område.

Ein foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner i 2015, mellom anna til enkeltprosjekt i Nord-Noreg.

Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015, er 2,6 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett.

Prinsippet om at forureinar betalar ligg til grunn for arbeidet med oppryddinga, og så langt det er rimeleg vil pålegg etter forureiningslova bli nytta som verkemiddel for å sikre opprydding. Det vil likevel vere ulike situasjonar der det er aktuelt at miljøforvaltninga dekkjer delar av utgiftene til undersøkingar, opprydding eller andre tiltak, som for eksempel:

- Der staten ved miljøforvaltninga er den ansvarlege for forureininga
- Der den ansvarlege ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig og/eller av andre grunnar ikkje kan stå for ei god opprydding
- Der det av miljøgrunnar hastar å få rydda opp. Staten kan forskottare oppryddingskostnadene for å komme raskt i gang, og krevje kostnadene refunderte frå den ansvarlege i etterkant
- Der miljøforvaltninga vil skaffe fram grunnlag for å leggje til rette for kunnskapsinnhenting og formidling
- Der det er nødvendig for å medverke til ei samla opprydding eller anna tiltaksgjennomføring i eit område
- Der det av andre grunnar er urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene

I 2012 vart løyvinga på post 39 fordelt på to nyoppretta postar; 69 og 79, i tillegg til 39-posten. Prinsippet om at forureinar skal betale ligg til grunn for alle postane. At løyvinga er delt på denne måten er ei oppfølging av Riksrevisjonens merknader i Dokument 1 (2011–2012) og Innst. 211 S (2011–2012) frå Kontroll- og konstitusjonskomiteen om utbetaling av tilskot over rett post. Resultata frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2013 er samla under post 79. Mange av dei store oppryddingsprosjekta i forureina sjøbotn er delfinansierte av kommunar og andre aktørar. Ettersom prosjekta strekkjer seg over fleire år, er det viktig at finansieringa er føreseieleg. Det er derfor høve til å kunne inngå forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1420 Miljødirektoratet postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak. Fullmakta til å inngå forpliktingar kan nyttast til innkjøp av både tenester og materi-

ell og til å gi eventuelle tilseger om tilskot, jf. vedtak VII. Fullmakten for 2015 er på 127 mill. kroner.

Posten kan òg nyttast til planvis kartlegging, oppfølging og tiltaksretta overvaking av forureiningssituasjonen (tilstandsdata), til undersøkingar og utgreiningar for å leggje til rette for ein målretta og effektiv innsats i oppryddingsarbeidet, og anna kunnskapsoppbygging.

Rapport 2013

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2013 er samla under post 79.

Post 61 Tilskot til klimatilpassingstiltak

Posten er ny og oppretta for ei ny tilskotsordning for klimatilpassingstiltak i kommunane. Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om midlar til utgreiing av konkrete klimatiltak og klimatilpassingstiltak, og til nettverksarbeid i og mellom kommunar. Posten er knytt til resultatområde 5 Klima.

Det er sett av 2 mill. kronar til ordninga.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje kommunane sitt arbeid med klima og klimatilpassing.

Kriterium for måloppnåing

Midlane må brukast på tiltak som medverkar til ein reell reduksjon i klimagassutslepp, eller som gjer samfunnet betre rusta mot klimaendringane.

Tildelingskriterium

Kommunar og fylkeskommunar kan søkje om støtte for å setje i verk eller vidareføre gode tiltak som gir reelle utsleppsreduksjonar eller som gjer samfunnet betre rusta til å møte klimaendringane.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at det blir følgt opp at tilskotsmottakarane nyttar midlane som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontroll av bruk av midlar skjer bl.a. gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsendt av tilskotsmottakar. Ordninga er av mellombels karakter.

Rapport 2013

Posten er ny og det er derfor ikkje rapportering for 2013.

Post 69 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79.

Utgiftene på posten må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under postane 39 og 79. Midlane er retta mot resultatområde 4 Forureining.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunane har til å undersøkje og til å gjennomføre oppryddingstiltak i grunn og sjøbotn som er forureina med helse- og miljøfarlege stoff.

Kriterium for måloppnåing

For forureina sjøbotn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet om at «Sediment skal ikkje føre til alvorlig forureining».

For forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet om at «Miljøgifter frå forureina grunn skal stansast».

Tildelingskriterium

I dei prioriterte tiltaksplanområda for forureina sjøbotn vil kommunen ofte stå for førebuing og gjennomføring av oppryddingstiltak. Posten skal nyttast til delfinansiering av oppryddingsprosjekt i kommunal regi, og der fleire aktørar er med på å finansiere tiltaket. Kommunen må normalt òg sjølv medverke med midlar. Sjå òg omtale under kap. 1420 post 39 og 79.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlar skjer mellom anna gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsendt av tilskotsmottakar.

Rapport 2013

Rapportering på resultat frå ressursbruken i oppryddingsarbeidet for 2013 er samla under post 79.

Post 70 Tilskot til vassmiljøtiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
70.1	Kalking	6 820	7 000	7 000
70.2	Anadrome laksefisk	6 120	6 000	7 800
70.3	Generell vassforvaltning	16 711	7 800	7 800
	Sum post 70	29 651	20 800	22 600

Posten samlar alle tilskotsmidlane til ulike vassmiljøtiltak. På same vis som post 22 er delt inn i midlar til kalking, bevaring og forvaltning av viltlevande anadrom laksefisk og heilskapleg vassforvaltning, er post 70 delt inn etter tilskotsmidlar for desse føremåla. Til posten er det flytta 1,8 mill. kroner frå kap. 1420 post 22 til bruk som tilskotsmidlar for villaks (jf underpost 2).

Tilskotsordningane under posten er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald.

Kalking

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å medverke til å redusere dei negative effektane av sur nedbør på naturmangfaldet i vassdrag.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av handlingsplanen for kalkingsverksemda.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli gitt til kjøp, transport og spreining av kalk, til informasjon om effektar av tiltak som er gjennomført og rettleiing om kalking i vassdrag. Det kan ytast tilskot til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsuring er overskriden, og der det kan påvisast eller er sannsynleg at skadar på naturmangfaldet skuldast forsuring. I område der tolegrensa ikkje lenger er overskriden, men der tidlegare forsuring har ført til at det opphavlege mangfaldet er borte, kan det bli gitt tilskot til å reetablere opphavleg naturmangfald. Det blir ikkje gitt tilskot til naturleg sure lokalitetar. Ved tildeling av midlar kan det stillast vilkår om at fisket i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gitt av miljøstyresmaktene, og

at søkjaren medverkar med ein viss eigeninnsats. Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering, dugnadsarbeid, kultiveringstiltak o.a.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2013

Det meste av midlane under ordninga vart i 2013 brukt til kalking av innsjøar og bekkar, hovudsakleg i Agder og Rogaland. Det vart òg gitt tilskot til bladet pH-status og til Voss klekkeri.

Innanfor det tidlegare resultatområdet Livskraftige elvar og innsjøar har tilskotsordninga særleg vore retta mot dei nasjonale måla 2.2 og 2.6.

Anadrom laksefisk

Mål

Målet med tilskotsordninga er å leggje til rette for bevaring og forvaltning av vill anadrom laksefisk.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er å medverke til å nå måla for viltlevande anadrom laksefisk.

Tildelingskriterium

Det kan gis tilskot til tiltak knytte til informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og sjørøye,

under dette bevarings- og kultiveringstiltak og til anvend FoU-verksemnd og overvaking som grunnlag for mellom anna lokal forvaltning av lakse- og sjøaurebestandar. Det kan òg gis tilskot til tiltak for å betre tilgangen til og moglegheita for fiske for allmenta.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgt opp for å sikre at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

I tillegg skjer resultatkontroll og oppfølging gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i vassdraga.

Rapport 2013

Midlane under ordninga vart i 2013 brukt til overvaking av referansevassdrag og overvakingsprogrammet for nasjonale laksevassdrag og -fjordar. Det er vidare gitt tilskot til forskning og utvikling innan arbeidet med nedkjemping av *Gyrodactylus salaris* og bevaring av fiskestammer i genbank. I tillegg er det gitt tilskot til arbeidet med fisketrapper i regi av brukarorganisasjonar, mellom anna rettleiing i samband med innføring av pliktig organisering i laksevassdrag. Samla har dette medverka til betre forvaltning og styrkt kunnskapsgrunnlag knytt til anadrom laksefisk.

Innanfor det tidlegare resultatområdet Livskraftige elvar og innsjøar har tilskotsordninga særleg vore retta mot det nasjonale målet 2.6 om levedyktige bestandar av anadrom laksefisk.

Generell vassforvaltning

Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å medverke til god økologisk og kjemisk tilstand i vatn, jf vassforskrifta.

Kriterium for måloppnåing

God vasskvalitet er hovudkriteriet for måloppnåing. Lokal involvering vil òg vere eit viktig kriterium. Kriteria og framdriftsplan for desse følgjer av vassforskrifta.

Tildelingskriterium

Tilskot kan gis til vassområde med særskilte utfordringar til tiltak der målet er god økologisk og/eller kjemisk tilstand i vatn, til tilrettelegging, organisering og informasjon knytt til arbeidet i vassområde og vassregionar og til utgreiingar og andre tenestekjøp knytte til særskilte utfordringar i vassområda.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane blir følgde opp for å sikre at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2013

I 2013 vart det over posten tildelt midlar til vassregionstyresmakter og vassområde. Frå 2014 er dette flytta til kap. 1420 post 22.

Det vart gitt tilskot til tre vassområde med særskilte utfordringar: Jæren, Haldenvassdraget og Morsa. Andre vassområde har fått midlar gjennom vassregionstyresmaktene.

Det vart òg gitt tilskot til landsdekkjande organisasjonar som har ei viktig rolle i medverknadsarbeidet. Innanfor det tidlegare resultatområdet Livskraftige elvar og innsjøar har tilskotsordninga særleg vore retta mot dei nasjonale måla 2.2, 2.5, 2.6 og 2.7.

Post 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
72.1	Erstatning for husdyr	74 577	75 378	75 378
72.2	Erstatning for tamrein	75 263	75 377	75 377
	Sum post 72	149 840	150 755	150 755

Posten er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald. Posten omfattar erstatningar for husdyr og tamrein som er drepne eller skada av rovvilt. Erstatningane kan variere frå år til år, bl.a. på grunn av naturgitte forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er derfor budsjettert som overslagsløyving.

Mål

Ordninga skal sikre full erstatning for dokumenterte og sannsynleggjorte rovviltsskadar på husdyr og tamrein slik dette er nedfelt i naturmangfaldlova.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at ordninga tek vare på dyreeigaren sin lovfesta rett til full erstatning i tilfelle der rovvilt er årsak til tap av dyr.

Tildelingskriterium

Erstatningar blir utbetalte i samsvar med «Forskrift om erstatning når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 30. mai 2014 og «Forskrift om erstatning for tap og følgeskader når tamrein blir drept eller skadet av rovvilt», fastsett 4. mai 2001.

Oppfølging og kontroll

Erstatningssøknadene blir gjennomgått for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte. Dokumentasjonen av skadane er betra mykje dei tre siste åra som følge av at innsatsen med bestandsregistrering og skadedokumentasjon er trappa opp. Det er Statens naturoppsyn som gjennomfører skadedokumentasjonen.

Rapport 2013

Erstatningsoppgjøret for husdyr og tamrein er gjennomført i medhald av gjeldane reglar. I 2011 vart det gjennomført ei utgreiing om moglege endringar i ordningane. Forslaga vart sende på høyring i 2012. I etterkant er det utarbeidd ei ny føresegn om erstatning for husdyr, som gjeld frå beitesesongen 2014. Endringane legg til rette for betre datasamordning med landbrukssida, og eit klarare definert ansvarsområde for dyreeigarar og styresmakter. For å kunne setje i verk endringar i erstatningsreglar for rein trengst det betre underlag som kan identifisere andre tapsårsaker. Resultat av oppgjøret blir som rutine rapportert gjennom ei nettside, der ein kan sjå på erstatning for dei aktuelle reindriftsåra eller for beitesesongen for sau. Det er framleis stor variasjon i tapsutviklinga i ulike område, men på nasjonalt nivå let det til å vere ein god samanheng mellom auka innsats på førebyggjande tiltak, og reduksjon i sauetapa. For reinnæringa ser ein ikkje ein tilsvarende samanheng. For denne næringa er det vanskelegare å finne eigna tiltak, og tapsforholda varierer i større grad med naturgitte forhold knytte til klima, beitegrunnlaget o.a.

Innanfor det tidlegare resultatområdet Mangfaldige skogar har tilskotsordninga vore særleg retta mot dei nasjonale måla 4.6 og 5.6.

Post 73 Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald. Posten dekkjer utgifter til førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, under dette godtgjering til lokale felingslag og tilskot til Rovviltkurssenteret i regi av Noregs Jeger- og Fiskarforbund. Posten er auka med 3,5 mill. kroner til omstillingstiltak. I tillegg er det innanfor øvrige midlar på posten sett av 3,5 mill. kroner til dette føremålet slik at det samla

sett er 7 mill. kroner som skal brukast til omstillingstiltak.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å medverke til å finansiere førebyggjande tiltak. Midlane skal òg nyttast til omstillingstiltak for dyreeigarar med utmarksbasert sauehald, som over eit lengre tidsrom har hatt omfattande rovviltskadar og ønskjer ei omstilling til anna næringsverksemd med tilknytning til landbruks- eigedommen. Vidare skal midlane nyttast til godtgjering ved forsøk på skadefelling av rovvilt, og medverke til å dempe konflikthar og auke verdiskapinga knytt til førekomst av rovdyr i lokalsamfunn. Det blir lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdemping med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003–2004) *Rovvilt i norsk natur*, jf. Innst. S. nr. 174 (2003–2004), og rovviltforliket på Stortinget våren 2011 (jf. Representantforslag 8:163 S (2010–2011)).

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konflikthar i forhold til rovviltførekomst i dei ulike rovviltregionane ved å setje i verk effektive førebyggjande og konfliktdempande tiltak. Vidare er det eit kriterium for måloppnåing at tilskotsordninga fører til omstillingar der dette fører til reduserte tap og konflikthar.

Tildelingskriterium

Tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak blir fordelte etter ei føresegn fastsett i 2013. Det er utarbeidd ei eiga nettside for bl.a. å gjere informasjon om dei ulike førebyggjande og konfliktdempande tiltaka meir tilgjengeleg for beitebrukarar, kommunar og lokalsamfunn. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift og til konfliktdempande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn. I kvar region har den regionale rovviltnemnda utarbeidd ein forvaltningsplan som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dette inneber bl.a. at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til nødvendige driftstilpassingar. Dei regionale rovviltnemndene har

hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltningsplan i den enkelte regionen. Det er utarbeidd nasjonale standardar for nokre av dei ulike førebyggjande tiltaka. Desse standardane skal følgjast ved iverksetjing av tiltaka. Det blir i samband med tildeling av tilskotet lagt stor vekt på samarbeid med dei ulike forvaltningsorgana, blant anna Mattilsynet, og på at næringsdrift skal ha langsiktige og føreseielege vilkår. Midlane til omstilling skal fordelast av Miljødirektoratet, etter innspel frå regionale og lokale miljø- og landbruksstyresmakter.

Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane er det lagt vekt på kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidd.

Rapport 2013

I 2013 vart det behandla i alt 590 søknadar om konkrete førebyggjande tiltak, og det vart behandla 257 søknader om tiltak for å dempe konflikthar kring rovvilt. Utover dette vart det behandla 42 søknadar om akutte tiltak for å stoppe ei pågåande skade. Det kan ut frå statistikk over erstatningsutbetaling for skade/tap av sau, sjå ut til at tapa går ned med ein auke i avsette midlar til tiltak. Reduksjon i tapsomfanget kan òg henge saman med den geografiske differensieringa av både rovviltførekomst og prioritering av tiltak. Det er ikkje gjennomført evaluering av ordninga basert på enkelttiltak. På overordna nivå kan ein likevel sjå at det truleg er større verknad av tiltak som blir sette inn mot bjørne- og ulveskadar, enn mot jerv og gaupe. Ein viktig konsekvens av dette er at det vil vere målretta regulering av rovviltbestandane som i størst grad påverkar jerv og gaupeskadar.

Ressursbruken under tilskotsordninga var i 2013 retta mot dei nasjonale måla 4.6 og 5.6 under dei tidlegare resultatområda Mangfaldige skogar og Storslått fjellandskap. Ettersom det har vore sær gode erfaringar med eit system der brukarar sender søknad elektronisk, er det no òg lagt til rette for at alle rapportar kan sendast inn på same vis. Dette vil føre til ei betre oversikt over oppnådde resultatet og brukarane si vurdering av måloppnåinga ved dei einskilde tiltaka. Resultata vert publiserte på ei nettside slik at alle kan ta del i vurderingane.

Post 74 CO₂-kompensasjonsordning for industrien

Posten er retta mot resultatområde 5 Klima.

Målet med ordninga er å kompensere norsk industri for auka kraftprisar som følgje av EUs kvotesystem for CO₂-utslepp. Kompensasjonen skal redusere faren for karbonlekkasje og slik hindre auke i globale utslepp som følgje av utflytting av industri til land med mindre stram klimapolitikk. Ordninga er basert på EU-kommisjonen sine retningslinjer som opnar for statsstøtte til utvalte industrisektorar som er vurderte til å vere særleg utsette for karbonlekkasje. Den norske ordninga vart godkjent av EFTA sitt overvakingsorgan ESA i september 2013.

Støttebeløpa blir utbetalte etterskotsvis og basert på gjeldande anslag er posten auka med 57 mill. kroner for å kunne utbetale kompensasjon i tråd med reglane for ordninga.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga reduserer faren for karbonlekkasje.

Tildelingskriterium

Ordninga omfattar industriverksemder i alle 15 sektorar som i høve til EUs retningslinjer har moglegheit for støtte. Dette inkluderer blant anna produsentar av aluminium, ferrolegeringar, kjemiske produkt og treforedling.

Ordninga vil ikkje gjelde for langsiktige kraftavtaler inngått før 2005. Vidare skal industrien sin eigen kraftproduksjon komme til fråtrekk i utbetalinga av støtte. Ordninga skal gjelde for perioden 1. juli 2013 til 31. desember 2020.

Dette inneber at det for støtteåret 2014 må løyvast pengar for utbetalningar i samband med statsbudsjettet for 2015.

Oppfølging og kontroll

Ordninga vil bli administrert av Miljødirektoratet, som i behandling av søknadene kontrollerer om dei enkelte verksemdene fyller vilkåra for utbetaling av kompensasjon. Det vil bli rapportert om bruken av midlar til EFTA sitt overvakingsorgan og til Stortinget i samband med budsjettet.

Rapport 2013

CO₂-kompensasjonsordninga starta opp 1. juli 2013. Sidan støttebeløpa blir utbetalte etterskot-

svis, hadde posten verken løyving eller utbetalningar i 2013. Fristen for å søkje om støtte for 2013 var 13. november 2013. Miljødirektoratet treffe på grunnlag av søknadene vedtak om kompensasjon for 41 bedrifter, og utbetalte før 15. april 2014 kompensasjonar på totalt 221 mill. kroner.

Post 75 Utbetaling for pant av bilvrak, overslagsløyving

Ordninga rettar seg mot resultatområde 4 Forureining. Posten er auka med 73,68 mill. kroner for 2015. Auken skuldast at vrakpanten vart auka frå 2 500 kroner til 3 000 kroner pr. bilvrak frå 1. juli 2013. Anslag på talet innleverte vrak ligg på om lag 140 000 vrak i året.

Mål

Målet med vrakpantordninga er å stimulere bileigarar til å levere utrangerte bilar til godkjend biloppsamlingsplass slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av vrakpant og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Forskrift om kasserte køyretøy gir produsentar og importørar ansvaret for handtering av kasserte køyretøy. Produsentansvaret er ein del av kapittel 4 i avfallsforskrifta om kasserte køyretøy. Sjølv om ansvaret er lagt på produsentar og importørar, vil Regjeringa inntil anna er avgjort vidareføre dagens statlege avgifts- og panteordning.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga medverkar til å auke innlevering av bilvrak slik at dei kan takast hand om på ein forsvarleg måte.

Tildelingskriterium

Vrakpanten blir utbetalt av tollregion Midt-Noreg mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjend biloppsamlingsplass for behandling.

Ordinær vrakpant for 2015 er sett til 3 000 kroner, same nivå som frå siste halvår av 2013, jf. Prop. 150 LS (2012–2013).

Oppfølging og kontroll

For å sikre at bilvraket har rett til vrakpant blir vrakmeldinga kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. Kontrollen skjer elles ved kontroll av lager på oppsamlingsplassane og rekneskap med vedlegg.

Rapport 2013

I 2013 vart det samla inn i overkant av 156 000 bilvrak, som er ein auke på 28,4 pst. frå 2012, då det vart samla inn nær 122 000 bilvrak. Dette skuldast at svært mange bilar vart vraka i 2013 som følgje av ein betydelig auke i vrakpanten.

Ressursbruken under tilskotsordninga var i 2013 retta mot dei nasjonale måla 9.1, 9.2, 9.3, 9.7 og 9.8 under det tidlegare resultatområdet Gifffritt miljø.

Post 76 Refusjonsordningar, overslagsløyving

Posten dekkjer ulike refusjonsordningar retta mot resultatområde 4 Forureining og 5 Klima. Posten dekkjer dessutan utgifter til ulike utgreiingar og tiltak som miljøstyresmaktene har behov for i samband med administrering av ordningane.

Posten er auka med 36 mill. kroner. Av aukinga er 30 mill. kroner knytte til ordninga for refusjon av smøreolje som følgje av oppheving av avgiftsfritak for spillolje.

Den resterande auken på 6 mill. kroner har samband med ordninga for refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK) og skuldast auka avgifter på desse gassane. I tillegg er det forventa ei auking i tilbakelevering av desse gassane.

Refusjon av smørjeoljeavgifta

Mål

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til miljøgodkjent behandling. Spillolje er brukt smørjeolje og transformatorolje og er klassifisert som farleg avfall. Smørjeolje er, med unntak av enkelte bruksmåtar, pålagt smørjeoljeavgift, jf. St. Prop. nr. 1 (2007–2008) Skatte-, avgifts- og tollvedtak, kap. 5542 post 71.

Frå 2015 foreslår ein at spillolje vert ilagt CO₂-avgift, svovelavgift og grunnavgift på mineralolje. Refusjonsordninga er viktig for samle inn spillolja. For å oppretthalde mengda innlevert spillolje foreslår ein å auke tilskotet som blir gitt ved innlevering av spillolje til godkjent mottak med 1,31 kroner pr. liter utover ordinær prisjustering. Smøreoljeavgifta blir auka med 0,61 kroner pr. liter ut over ordinær prisjustering. Verknaden av opphevinga av avgiftsfritaket for spillolje og auka tilskot skal evaluerast etter to år. Ein må vurdere ytterlegare tiltak dersom det då blir påvist ei negativ utvikling.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er totalt innsamla kvantum av spillolje.

Tildelingskriterium

Det blir utbetalt refusjon for dei fleste typar brukt smørjeolje og andre brukte oljer (transformatoroljer med meir) med tilsvarende eigenskapar, med unntak av blant anna spillolje som kjem frå større skip (større enn 250 fot) i internasjonal sjøfart. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Miljødirektoratet. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakar har plikt til å rette seg etter. Krav om utbetaling blir kontrollerte opp mot førehandstilsegna.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga blir teken vare på gjennom statistikk over årleg innsamla spillolje. Ved kontroll i tankanlegga dei siste åra er det konstaterert mange brot på ordninga for refusjonar. Miljødirektoratet følgjer opp brota ved å nekte refusjonsutbetaling eller krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalte refusjonar. Strengare reaksjonar som tilbaketrekking av tilsegna eller melding til politiet blir òg vurderte i alvorlege tilfelle.

Rapport 2013

Innsamlingsgrad for spillolje (med og utan rett til refusjon) er i dag i underkant av 90 pst. og har vore stabil dei siste åra. I 2013 vart det totalt samla inn 23 116 m³ som har krav på refusjon, medan tilsvarende mengd var 25 125 m³ i 2011 og 25 581 m³ i 2012. Det vart i 2013 utbetalt om lag 48,6 mill. kroner i refusjon. Refusjonssatsen var på 2,15 kroner pr. liter.

Refusjonen har gjort det attraktivt å levere inn spillolje som eigaren elles måtte betale for å levere, og har derfor medverka til å gi oss ein høg innsamlingsgrad

Ressursbruken under tilskotsordninga var i 2013 retta mot dei nasjonale måla 9.7 og 9.8 under det tidlegare resultatområdet Gifffritt miljø.

Refusjon av avgift på Trikloretten (TRI)

Mål

Målet med ordninga er å hindre utslepp til miljøet av TRI frå TRI-haldig avfall, og den er eit verke-

middel som skal medverke til at avgiftssystemet verkar optimalt.

Trikloretten (TRI) er ei miljøgift. Bruk og utslepp skal reduserast vesentleg. TRI, som er eit løysemiddel som først og fremst blir brukt til avfeiting i industrien, vart frå 1. januar 2000 pålagt avgift, jf. St. Prop. nr. 1 (1999–2000) Skatte, avgifts- og tollvedtak. Posten dekkjer utbetaling av refusjon og utgifter til informasjon og administrasjon av ordninga. Det har dei siste åra vore svært få utbetalningar gjennom ordninga som følgje av at bruken av ny TRI er kraftig redusert, og det er ikkje venta vesentlege endringar i framtida.

Tildelingskriterium

TRI-haldig avfall skal leverast til godkjent mottak eller behandlingsanlegg for farleg avfall, og ein vil få delvis refusjon av den innbetalte avgifta for den mengd TRI som finst i avfallet. For å stimulere til raskare utfasing av bruken av TRI vart refusjonsatsen sett til 25 kroner pr. kilo, noko som utgjer under halvparten av avgiftssatsen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølginga skjer gjennom statistikk over årleg innsamla mengd TRI. Anlegg som tek imot farleg avfall og gjenvinningsverksemda skal vere godkjende av Miljødirektoratet.

Avgifta har medverka til ein kraftig reduksjon i etterspørselen etter ny TRI. På grunn av dei små mengdene som er i bruk og som er omfatta av refusjonssystemet, vil eit forslag om å oppheve refusjonsordninga verte sendt på høyring.

Rapport 2013

Det har ikkje vore søknadar om utbetaling av refusjon korkje i 2012 eller i 2013. I 2011 var det éin søknad om refusjon. Ressursbruken under ordninga har samanheng med nasjonalt mål 9.7 og 9.8 under det tidlegare resultatområde 9 Giftfritt miljø.

Refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)

Mål

Refusjonsordninga er heimla i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 8. Hydrofluorkarbon (HFK) blir i første rekkje nytta i kjøle- og fryseanlegg, varmpumper og mobil luftkondisjonering.

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til miljøet av HFK og PFK. Gassane er klimagassar, og reguleringa av desse er ein del av strategien for å redusere utsleppa av klimagassar i samsvar med Kyotoprotokollen. Ordninga med avgift og refusjon skal medverke til meir bruk av miljøvennlige hjelpemedium og mindre bruk av dei mest skadelege HFK/PFK-gassane, stimulere til produktutvikling, styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Målgruppe for ordninga er aktørar som har HFK- og PFK-haldig avfall.

Tildelingskriterium

Forskrifta inneber at kuldebransjen og andre som leverer HFK og PFK til godkjent destruksjonsanlegg, kan krevje refusjon. Føresetnaden er dokumentasjon som viser kva for mengd og typar av HFK og PFK som er leverte.

Det blir utbetalt refusjon for den mengda HFK og PFK som er levert til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon. Refusjonsatsane vil vere lik dei gjeldande differensierte avgiftssatsane for avgifta på HFK og PFK ved innleveringstidspunktet, jf. Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1451 om særavgifter § 3-18-2.

Oppfølging og kontroll

Miljødirektoratet fører tilsyn med refusjonsordninga, jf. avfallsforskrifta § 17-3. Mengd HFK/PFK som blir samla inn og sendt til destruksjon varierer mykje frå år til år. Grunnen er at gassen blir innsamla på store tankar. Når ein tank er full, blir den sendt til forsvarleg destruksjon. Kvar tank som blir sendt til destruksjon utløyser om lag 3–5 mill. kroner til utbetaling i refusjon, avhengig av samansetjinga av gassane i tanken.

Rapport 2013

I 2013 vart to tankar med gass levert til destruksjon med eit samla refusjonsbeløp på om lag 8,5 mill. kroner. Det vart samla inn fire tankar i 2012.

Innhaldet i tankane er i all hovudsak ulike blandingar av HFK-gassar, då PFK-gassar er svært lite brukte i Noreg. Ressursbruken under ordninga var i 2013 retta mot dei nasjonale måla 10.9 og 11.2 under dei tidlegare resultatområda 10 Rein Luft og 11 Stabilt klima.

Post 77 Ymse organisasjonar og stiftelsar m. m.

Posten er firedelt, jf. omtale under. Midlane er retta mot resultatområda 1 Naturmangfald, 3 Fri-luftsliv, 4 Forureining, 5 Klima og 6 Polarområda. Frå nedlagt post 81 under kap. 1400 er det flytta 1 mill. kroner til posten i samband med tiltak for å bringe miljø nær folk.

Tilskot til frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige stiftelsar innanfor forureiningsområdet.

Tilskotsordningane til frivillige miljøorganisasjonar og tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk er sett i samanheng og vart lagt om i statsbudsjettet for 2012. Ein del av omlegginga innebar at frivillige organisasjonar og allmennyttige stiftelsar med ei utprega forureiningsfagleg avgrensing vart flytta til denne ordninga.

Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med arbeid mot forureining som formål, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Målet er òg å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk, og stimulere til berekraftig praksis i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett bl.a. ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstallet i organisasjonane.

Ordninga omfattar tilskot til:

- Norsk vassforeining
- Norsk foreining mot støy
- Tilskot til LOOP
- Avfall Noreg sin «Hald Noreg Reint»-kampanje

For 2015 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som for 2014. Det er ein føresetnad at organisasjonane og stiftelsane sender inn søknad om tilskot. Det blir fort-

løpande vurdert om organisasjonane og stiftelsane tilfredsstillar kriteria for å ta imot støtte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar bli følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar.

Rapport 2013

Midlane er brukte til grunnstøtte til drift, opplæringstiltak og informasjonstiltak og førebyggjande arbeid generelt i dei ulike organisasjonane.

Miljømerking, miljøvennleg forbruk og forbrukarinformasjon

Mål

Miljømerking er eit viktig ledd i ein førebyggjande miljøpolitikk og gir informasjon til og bevisstgjer av forbrukarar, næringsliv og offentlege verksemder om miljøvennlege val. Miljømerking er òg viktig for å fremje miljøtiltak langs heile produktkjeda, frå uttak av råvarer til produktet blir avfall. Dei offisielle miljømerkeordningane som Svana og Blomen er eit viktig supplement til lovpålagte krav. Ordningane er nærare omtalte i Barne- og likestillingsdepartementets budsjettproposisjon.

Posten omfattar driftstilskot til Stiftelsen Miljømerking.

Kriterium for måloppnåing

Klima- og miljødepartementet føreset at midlane blir nytta til å intensivere arbeidet med utvikling av miljøkriterium slik at fleire produktgrupper blir merkte. Det skal særleg leggast vekt på å utvikle kriteriesett for produktgrupper som medfører stor miljøbelastning, slik at forbrukarane får betre høve til å gjere miljørette val. Dette vil blant anna vere produktgrupper der innhald av helse- og miljøfarlege stoff og utslepp av klimagassar er eit problem. Det skal òg fokuserast på tiltak for å få fleire produsentar til å søkje om merket innanfor dei områda der det er utvikla kriterium og til å gi forbrukarar informasjon om spekteret av miljømerkte produkt på marknaden.

Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på Stiftelsen Miljømerking sitt resultat frå føregåande år og ein kon-

kret søknad om midlar for kommande periode, sett opp mot prioriterte nasjonale miljø- og berekraftsmål.

Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjekttilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i kvart enkelt tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og/eller rekneskapsversikt for alle tilsegner, i tillegg til at det er fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2013

Midlane er brukte til å auke kunnskapen om, kjennskapen til og aksepten av miljømerkinga si betydning.

Naturfaglege organisasjonar

Mål

Ordningane under posten skal medverke til å halde oppe eit utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar innan natur- og forureiningsområda for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøspørsmål lokalt, regionalt og nasjonalt, basert på fagleg innsikt.

Tildelingskriterium

Storleiken på driftstilskota blir fastsett mellom anna ut frå ei vurdering av organisasjonane sitt aktivitetsnivå nasjonalt og lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

Det er rekna med tilskot til:

- Foreininga Våre Rovdyr
- Norsk Biologforeining
- Norsk Botanisk Foreining
- Norsk Entomologisk Foreining
- Norsk Ornitologisk Foreining
- Noregs Sopp- og nyttevekstforeining
- Norsk Zoologisk Foreining

For 2015 er det rekna med tilskot til dei nemnde tilskotsmottakarane på same nivå som for 2014. Tilskot til den einskilde organisasjonen blir utbetalt etter søknad.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg

ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar. I tillegg kjem fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

Rapport 2013

Midlane vart nytta til informasjonsverksemd og prosjekt innanfor dei ulike organisasjonane sine område.

Tilskot til tiltak/prosjekt for å bringe miljø nær folk

Mål og målgruppe for ordninga

Ein stor del av den norske befolkninga har eit høgt miljømedvit, men ikkje så stor miljøhandlingsvilje. utfordringa er å gjere miljøvenlege val til løysingar som folk vil vere med på, og gjere miljøinformasjon lett tilgjengeleg for folk.

Føremålet er å informere og engasjere enkeltmenneske til miljøvennleg åtferd. Målgruppe for ordninga er organisasjonar, stiftingar og faglege nettverk.

Det er satt av 1 mill. kroner under denne ordninga i 2015.

Tildelingskriterium

Midlane kan nyttast til tiltak og prosjekt som er nyskapande og skal òg medverke til å gjere miljøinformasjon og miljøkunnskap tilgjengeleg. Det er viktig å nå breitt ut til befolkninga.

Oppfølging og kontroll

Det vert rapportert fagleg og økonomisk på tildelta midlar. Tilskotsmottakarar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporteringar.

Rapport 2013

Midlar er nytta til ei rekke prosjekt som til dømes kampanjar, informasjonsverksemd og prosjekt i det offentlege rom.

Post 78 Friluftslivsformål, kan overførast

Posten er retta mot resultatområde 3 Friluftsliv, spesielt dei nasjonale måla 3.1, 3.2, og 3.3.

Posten er i 2015 auka med 30,69 mill. kroner til 137,28 mill. kroner. Som ledd i Regjeringas arbeid med å forenkle tilskotsordningar og søknadspro-

sessar, er 20 mill. kroner flytta til posten frå Helse- og omsorgsdepartementets tilskotsordning «Fysisk aktivitet» under kap. 719 post 73. Til posten er det òg flytta 10 mill. kroner frå kap. 1420 post 30, sjå nærare omtale under post 30. Desse midlane er planlagt tilbakeførte til post 30 i 2016.

Frå posten er det overført 0,2 mill. kroner til kap. 1420 post 01, for å styrkje ramma til lønn og administrative utgifter for prosjektet for kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde.

Det er behov for ei tilsegnfullmakt på 3 mill. kroner på posten til anskaffingar i samband med kjøp og reparasjonar av båtar i Skjergardstenesta, jf. forslag til vedtak VI.

Til posten ligg fleire tilskotsordningar som er omtala under.

Friluftslivsaktivitet

Tilskot til friluftslivsaktivitet har ei økonomisk ramme på 37 mill. kroner, ein auke på 7,71 mill. kroner frå 2014.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 3 Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftslivsorganisasjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt tilskot til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til materiell og utstyr som medverkar til å fremje friluftslivsaktivitetar. Følgjande type aktivitetar blir prioriterte:

- Aktivitetar som er lite ressurskrevjande og lett tilgjengelege for ulike brukargrupper.
- Tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader.
- Tiltak som inkluderar ein plan for marknadsføring av tiltaket overfor aktuelle målgrupper.
- Tiltak som inneber utvikling av nye metodar.

Personar som er lite fysisk aktive, barn, unge og barnefamiliar, personar med nedsett funksjons-

evne og personar med innvandrarbakgrunn blir prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsyns-kontroll av innsende rapportar.

Rapport 2013

Totalt vart det i 2013 gitt 21,7 mill. kroner i tilskot til lag og organisasjonar som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv. Av dette fekk landsomfattande friluftslivsorganisasjonar 10,9 mill. kroner direkte frå Miljødirektoratet, mens lokale og regionale lag og organisasjonar fekk 7,5 mill. kroner frå fylkeskommunane. I tillegg ble det gitt midlar til direktoratets nærmiljøsatsing frå posten. Totalt ba 545 søkjarar om statleg støtte frå posten, og det totale søknadsbeløpet var 77 mill. kroner.

Midlane er i all hovudsak brukte til å støtte tiltak for barn, unge og barnefamiliar, tiltak som stimulerer nye grupper til deltaking i friluftslivsaktivitetar, til dømes personar med nedsett funksjons-evne og etniske minoritetar i Noreg, og tiltak som medverkar til å utvikle samarbeidet mellom friluftsliv og kulturminne. Eksempel på tiltak er DNT sitt prosjekt «Saman for et godt nærmiljø», Kristen Idrettskontakts prosjekt «Aktivitet under open himmel», Noregs Jeger- og Fiskarforbund sine prosjekt «Friluftsliv i skuleverket» og «Sportsfiskets år», og Noregs Orienteringsforbunds prosjekt «Turorientering».

Nærmiljøsatsinga vart ført vidare som planlagt i 2013. Dei sju pilotprosjekta som er tilknytte satsinga vart tett følgde i heile perioden, og mottok økonomisk støtte frå Miljødirektoratet på til saman 1,95 mill. kroner. Pilotane har hatt progresjon i høve til planar, og fleire av prosjekta er vedtekne utvida i perioden.

Ressursbruken under tilskotsordninga var i 2013 retta mot dei nasjonale måla 8.1 og 8.3 under det tidlegare resultatområdet Aktivt friluftsliv.

Friluftslivsaktivitet for personar med innvandrarbakgrunn

Ordninga har ei samla ramme på 5 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til auka delta-king i helsefremjande, trivselsskapande og miljø-vennleg friluftsliv for personar med innvandrarbakgrunn, og medverke til å auke integreringa av personar med innvandrarbakgrunn i befolkninga elles.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 3 Friluftsliv. Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat og omfanget av aktivitetsfremjande tiltak i regi av friluftstiltaksorganisasjonane.

Tildelingskriterium

Det blir primært gitt tilskot til friluftslivstiltak som stimulerer til direkte friluftslivsaktivitet. Det kan òg bli gitt støtte til utstyr og materiell som med-vekar til å fremje friluftslivsaktivitetan.

Følgjande type aktivitetar blir prioriterte:

- Tiltak som er lite ressurskrevjande og lett til-gjengelege.
- Tiltak som fører til auka integrering av perso-nar med innvandrarbakgrunn i befolkninga elles.
- Tiltak som blir gjennomførte i nærmiljøet med særleg vekt på byar og tettstader.
- Tiltak som inkluderar ein plan for marknadsfø- ring av tiltaket overfor aktuell målgruppe.
- Tiltak som inneber utvikling av nye metodar.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at mid-lane blir nytta som føresettt og at tiltak blir gjen-nomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsyns-kontroll av innsende rapportar.

Rapport 2013

Ordninga var ny frå 2013, med ei ramme på 3 mill. kroner. Totalt var det 19 søkjarar som til saman søkte om 7 mill. kroner. 17 lag og organisasjonar vart til saman tildelt 3 mill. kroner i tilskot.

Tiltaka omfatta tilbod om turar, men òg opplæ- ring av personar med innvandrarbakgrunn til å bli leiarar i lag og organisasjonar. Tanken er at leiarar med innvandrarbakgrunn er viktige for vidare rekruttering av personar med innvandrarbak- grunn.

Eksempel på tiltak er Sykklistanes Landsforei- nings prosjekt «Sykkelopplæring for innvandrar- kvinner», Wild X sitt ungdomsprosjekt «Wild X» med opplæring og tilbod om turar knytte til jakt, fiske og anna friluftsliv, Den norske Turistfore- ning/Raudekrossens «Til Topps lokalt», 4 H Noregs «Ingen grenser, ingen terskel – Ja til far- gerikt fellesskap» og Skiforeininga sitt tiltak «Fri- luftsglede for alle». I tillegg kjem Noregs Jeger- og fiskarforbund som gjennom 8 lokallag har gjen- nomført opplæring i ulike friluftslivsaktivitetar med målsetjing om at personar med innvandrarbak- grunn skal få tilstrekkeleg med kunnskap til å utøve friluftsliv på eiga hand.

Ressursbruken under tilskotsordninga var i 2013 retta mot dei nasjonale måla 8.1 og 8.3 under det tidlegare resultatområdet Aktivt friluftsliv.

Driftsstøtte til friluftslivsorganisasjonar

Ordninga har ei økonomisk ramme på 24,5 mill. kroner, ein auke på 1,2 mill. kroner frå 2014, på grunn av at Wild X frå og med 2015 får administra- sjonsstøtte frå ordninga.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje allmenta sine interesser for deltaking i friluftsliv gjennom det arbeidet som skjer gjennom dei store friluftslivsorganisasjonane og deira lokale lag og forei- ningar.

Friluftsrådenes Landsforbund (FL) er paraply- organisasjonen for dei interkommunale friluftslivs- råda, og har i dag 23 tilslutta interkommunale fri- luftsråd. Det er satt av 10,75 mill. kroner i adminis- trasjonsstøtte til FL og dei interkommunale fri- luftsråda. Det er eit mål at flest mogleg kommunar er med i eit interkommunalt friluftsråd.

Norsk Friluftsliv (tidligere Friluftslivets felles- organisasjon) er paraplyorganisasjonen for 15 fri- luftslivsorganisasjonar med til saman 724 500 medlemskap. FL, Norsk Friluftsliv og Samar- beidsrådet for naturvern (SRN) har etablert fyl- kesvise samarbeidsnettverk for natur og friluftsliv (FNF – Forum for natur og friluftsliv). Det er satt av 4,07 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Norsk Friluftsliv og 8,5 mill. kroner i administra- sjonsstøtte til FNF.

Organisasjonen Wild X tilbyr friluftslivsaktivi- tetar med personar med innvandrarbakgrunn i alderen 12–25 som hovudmålgruppe. Det er satt av 1,2 mill. kroner i administrasjonsstøtte til Wild X.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 3 Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane og friluftsråda sitt arbeid med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftsområde.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir tekne opp i årlege møte med FL, friluftsråd som ikkje er knytta til FL, FNF, Norsk Friluftsliv og Wild X.

Rapport 2013

Totalt vart det i 2013 tildelt 9,75 mill. kroner til FL og interkommunale friluftsråd. Midlane er nytta til drift, til å styrkje arbeidet i FL og til å utvide FLs engasjement geografisk. Det er ein markert auke i interessa for interkommunalt samarbeid om friluftsråd. I 2013 vart Lofoten friluftsråd og Grenland Friluftsråd etablert slikt at det no er 24 interkommunale friluftsråd med 208 medlemskommunar. I tillegg er det nye kommunar som melder seg inn i eksisterande friluftsråd. Desse femner vel 70 pst. av landet si befolkning.

Det er m.a. inngått avtale med grunneigarar om 270 km med nye turstigar, skiløyper og turvegar, og friluftsråda har saman med medlemskommunane arbeidd med sikring av 50 nye friluftsområde. Det er tilrettelagt 86 km med nye turstigar og friluftsråda har vore pådrivarar og koordinatarar i arbeid om ytterlegare 344 km. Fokus på turstigar i nærmiljøa er ein viktig del av friluftsråda si folkehelsesatsing.

Friluftsråda har hatt opne turar med 19 800 deltakarar – ein auke på 3 300 frå 2012. I tillegg har 63 000 vore med på turar der friluftsråda har vore medarrangørar, òg det ein auke på om lag 3 000. Friluftsråda har framleis stor innsats retta mot friluftsliv og bruk av naturen i læringsarbeidet i barnehage og skole. Friluftsråda engasjerer seg i arbeidet med å ta vare på arealgrunnlaget for friluftsliv gjennom verdikartlegging av friluftsområde, deltaking i dei fylkesvise Forum for natur og friluftsliv og gjennom uttale i ulike arealsaker.

Friluftsråda forvaltar over 500 offentleg eigde friluftsområde med omfattande oppgåver knytt til m.a. skjøtsel, vask av toalett og bosshandtering.

FRIFO (frå mai 2014 Norsk Friluftsliv) vart i 2013 tildelt 3,57 mill. kroner i administrasjonsstøtte. FRIFO fordeler aktivitets- og prosjektmidlar frå Miljødirektoratet for vidare tildeling til FRIFO sine medlemsorganisasjonar. FRIFOs arbeid innanfor friluftsliv er i stor grad påverknads- og informasjonsarbeid overfor offentlege styresmakter og andre organisasjonar, med sikte på å skape best mogleg vilkår for friluftslivet og at flest mogleg i befolkninga utøvar eit aktivt friluftsliv. I tillegg driv FRIFO fleire prosjekt, blant anna fekk FRIFO i 2013 ansvaret for dagleg leiing av planlegging og gjennomføring av Friluftslivets år 2015.

Forum for Natur og friluftsliv (FNF) vart i 2013 tildelt 7,5 mill. kroner i administrasjonsstøtte. I 2013 har sentralgruppa blant anna gjennomgått og revidert styringsdokumentet for drift av FNF. Styringsdokumentet tydeleggjer oppgåver, roller, ansvar og rutinar for samarbeidet i FNF. Alle fylke har ein eigen FNF-koordinator, og litt over halvparten av fylka har fulle koordinatorstillingar (80–100 pst. stilling). FNF-koordinatorane gjer eit betydeleg og viktig arbeid for natur- og friluftslivinteressene i dei enkelte fylka.

Ressursbruken under tilskotsordninga var i 2013 retta mot dei nasjonale måla 8.1, 8.2 og 8.3 under det tidlegare resultatområdet Aktivt friluftsliv.

Tiltak i statleg sikra friluftslivsområde

Ordninga har ei økonomisk ramme på 23,07 mill. kroner.

Mål

Målet med ordninga er å medverke til naturvennleg, fysisk tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftslivsområde og i område verna som friluftslivsområde etter markalova, slik at områda blir tilgjengelege og attraktive.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 3 Friluftsliv.

Måloppnåinga blir òg vurdert ut frå oppnådde resultat i kommunane med opparbeiding og skjøtsel av statleg sikra friluftslivsområde.

Tildelingskriterium

Det blir tildelt tilskot til tilrettelegging som har eit eller fleire av følgjande mål:

- Minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje til rette for auka friluftslivsaktivitet for alle.
- Ivareta kvalitetane for oppleving i området og leggje til rette for gode naturopplevingar
- Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrring av plante- og dyrelivet, kulturminne og kulturmiljø.

Tilskot kan berre bli gitt der tiltaket inngår i ein gjeldande og godkjent forvaltningsplan knytt til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområde. For område verna som friluftslivsområde etter markalova er det eit vilkår at tiltaka er i tråd med verneforskrift og eventuell forvaltningsplan for området.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2013

Budsjett for 2013 var 23,8 mill. kroner, som vart tildelt fylkeskommunane for vidare tildeling til kommunar og interkommunale friluftsråd. Det er ulik tildeling av budsjettmidlar mellom fylka, og fordelinga vart utført på grunnlag av omfanget av statleg sikra friluftslivsområde og om det låg føre forvaltningsplanar for friluftslivsområda som dokumenterer behov for tiltaksmidlar. I gjennomsnitt vart fylka i 2013 tildelt 1,25 mill. kroner.

Totalt mottok fylkeskommunane 258 søknader frå kommunar og interkommunale friluftsråd, og totalt søknadsbeløp var 60 mill. kroner. Tiltaka var totalt kostnadsberekna til 109 mill. kroner, noko som viser at mange søkjarar medverkar sjølve med egne midlar og dugnadsinnsats. Det vart i 2013 gitt statleg støtte til omkring 220 tiltak. Ein stor del av tiltaka omfatta universell tilrettelegging slik at fleire grupper av befolkninga får moglegheit til å nytte områda. Mange av tilretteleggings-tiltaka stimulerer til aktivitet, som til dømes etablering og merking av turveggar og stigar.

Eksempel på tiltak som fekk statleg støtte i Telemark fylke i 2013 er opparbeiding av turveg i

Rognstranda friluftslivsområde i Bamble kommune, opparbeiding av det nye området Evjudalen i Bø kommune med stigar, leike- og grillplass, og nytt toalett i Bærø Paradisbukta i Kragerø kommune. I Vest-Agder fylke har Midt-Agder friluftsråd fått støtte til oppgradering og utviding av parkeringsplass for bilar og sykklar i Paradisbukta i Søgne kommune, og Kristiansand kommune har fått støtte til etablering av bru, turveg og baderampe for personar med nedsett funksjonsevne på Østre Randøya. I Troms fylke har Tromsø kommune fått tilskot til skilting, turveg og universell tilrettelegging i Tromsdalen og Fagereng friluftslivsområde. I tillegg vart det gitt statleg støtte til tiltak som generelt betrar tilgjenge til friluftslivsområda, som parkering, tilkomstveggar og bruer, og til tiltak som kan stimulere til aktivitet, som for eksempel turveggar, kyststigar og badebryggjer.

Ressursbruken under tilskotsordninga var i 2013 spesielt retta mot det nasjonale målet 8.2 under det tidlegare resultatområdet Aktivt friluftsliv.

Skjergardstenesta

Ordninga har ei økonomisk ramme på 20,2 mill. kroner.

Mål

Ordninga gir statlege budsjettmidlar til drift av skjergardstenesta, inkludert kjøp og større reparasjonar av båtar knytte til tenesta.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 3 Friluftsliv.

Måloppnåinga blir vurdert ut frå aktiviteten til skjergardstenesta.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir òg tekne opp i møte mellom Miljødirektoratet/fylkesmannen og skjergardstenesta i dei tre regionområda, og skal rapporterast i samband med søknader om tilskot kommande år.

Rapport 2013

Skjergardstenesta hadde i 2013 eit relativt normalt driftsår, og gjorde ein god jobb og oppnådde gode resultat i alle driftseiningar. Det vart ikkje teke i bruk nye arbeidsbåtar i 2013, men det vart inngått kontraktar for bygging av nye båtar i to område (Friluftsrådet Vest og Bærum kommune) som blei klare til sesongen 2014. Eit oppdrag om evaluering av skjergardstenesta vart utført av Norsk institutt for by- og regionforskning og sluttrapporten lagt fram i mars 2013. Som ei oppfølging av rapporten vart det arrangert ein konferanse i mai 2013 for å presentere resultatane frå rapporten, og drøfte vidare utvikling av skjergardstenesta. Ein del tilrådingar i rapporten vart utførte hausten 2013, og fleire tiltak ble utført i 2014. Mellom anna er det gjort fleire tiltak på kompetansesida og tiltak for å styrkje styrings- og rapporteringsrutinane.

Ressursbruken under tilskotsordninga var i 2013 spesielt retta mot det nasjonale målet 8.2, men òg 8.1 og 8.2 under det tidlegare resultatområdet Aktivt friluftsliv.

Andre friluftslivstilskot

7,5 mill. kroner er satt av til Norsk Friluftsliv til arbeidet med dagleg leing og planlegging av Friluftslivets år 2015. Midlane skal gå til informasjonarbeid, markedsføring, kampanjer, løn og administrative utgifter.

15 mill. kroner er satt av til aktivitet og tiltak i samband med Friluftslivets år. Midlane er knytte til ei eiga tilskotsordning i samband med merkinga som vart lyst ut i 2014. Midlane i ordninga vart fordelte i 2014, og blir utbetalte i 2015.

Det er sett av 5,0 mill. kroner i tilskotsmidlar til prosjektet som skal stimulere til kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde i heile landet, som hadde oppstart i 2014. Dette er ein auke på 1,8 mill. kroner frå 2014. Til leing av prosjektet er det sett av midlar under kap. 1420 post 01.

Post 79 Oppryddingstiltak, kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 69

Utgiftene på posten må sjåast i samanheng med midlar til same føremål under post 39 og 69. Midlane er retta mot resultatområde 4 Forureining, i hovudsak nasjonalt mål 4.4. *Sediment i sjø som er forureina med helse- eller miljøfarlege kjemikalier skal ikkje medføre fare for alvorlege forureiningsproblem*, men er òg viktig for å nå nasjonalt mål 4.3 *Spreiing av miljøgifter frå forureina grunn skal*

stansast eller reduserast vesentleg. Spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikalier skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering. I dei fleste områda som får støtte stammar forureininga frå langt tilbake i tid, og det er vanskeleg å finne den ansvarlege forureinaren. Midlane som staten løyver over dei tre postane 39, 69 og 79 er derfor nødvendige for at oppryddinga av forureiningane skal bli gjennomført.

Mål

Posten skal nyttast til å dekkje utgifter som kommunale og interkommunale selskap/verksemdar, private verksemdar og privatpersonar har til å undersøkje og gjennomføre oppryddingstiltak i grunn og sjøbotn som er forureina med helse- og miljøfarlege stoff.

Kriterium for måloppnåing

For forureina sjøbotn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet om at «Sediment skal ikkje føre til alvorleg forureining».

For forureina grunn er bruk av midlane knytt opp mot det nasjonale målet om at «Miljøgifter frå forureina grunn skal stansast».

Tildelingskriterium

Posten skal nyttast til delfinansiering av utgreiings- og oppryddingskostnader. Prinsippet om at forureinar betaler ligg til grunn ved vurdering av om det skal givast tilskot.

Oppfølging og kontroll

Kontroll av bruk av midlar skjer bl.a. gjennom dokumentasjon av framdrift og sluttrapport innsendt av tilskotsmottakar.

Rapport 2013

Det blir her rapportert samla for oppryddingsarbeidet finansiert frå postane 39, 69 og 79.

Arbeidet med opprydding i forureina sjøbotn er godt i gang. Fram til no er undersøkingar gjennomførte i dei fleste av dei prioriterte områda, og i fleire av områda har dei viktigaste oppryddingstiltaka starta. Omfattande tiltak i sjø er gjennomført i Kristiansand, Oslo, Tromsø og Harstad. I Trondheim er den viktigaste tilførselskjelda på land (Killingdal gruver) stansa. To av dei 17 prioriterte områda med forureina sjøbotn er no rekna som ferdig rydda – Tromsø og Oslo. I 2013 er det gjen-

nomført ei stor opprydding i sjøbotnen i Harstad hamn. I Harstad er miljøoppdyddinga samkøyrte med Kystverkets mudring av farlei (som er ein del av Nasjonal transportplan), noko som har vore svært vellykka. Gjennom å samkøyre oppryddingsprosjekt med andre planlagde aktivitetar sikrar ein framdrift, og ein oppnår ei heilskapleg gjennomføring med både miljøvise og økonomiske fordelar. Det er òg gjennomført pilotprosjekt og planlegging av oppryddingstiltak i sjøbotnen i Trondheim hamneområde. Sjølve oppryddinga er planlagt gjennomført i perioden 2014–2016. Planlegging av oppryddingstiltak i sjøbotnen er òg gjennomført i Bergen, og i Oslo hamn vart nokre små gjenstående arbeid ferdige i starten av 2014.

Øg i dei andre av dei 17 prioriterte kyst- og fjordområda er det blitt arbeidd aktivt, både med kartlegging av forureining, planlegging av tiltak, overvaking og gjennomføring av tiltak i delområda. Arbeidet held òg fram med opprydding i forureina grunn på mange lokalitetar.

Ressursbruken under ordninga var i 2013 spesielt retta mot dei nasjonale måla 9.3 og 9.4 under det tidlegare resultatområdet Giftfritt miljø.

Post 81 Verdsarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv, kan overførast, kan nyttast under post 21

Posten gir tilskot til tre føremål: Forvaltningstiltak i verdsarvområde (10,166 mill. kroner), utvalde kulturlandskap (7,413 mill. kroner) og verdiskaping basert på naturarven (7,942 mill. kroner). Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald.

Forvaltningstiltak i verdsarvområde

Mål

Målet med tilskot til forvaltningstiltak i norske verdsarvområde med viktige naturverdiar er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske verdsarvområde.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for tildeling av verdsarvstatus og kriteria for utpeiking av utvalde kulturlandskap.

Tildelingskriterium

Dei aktuelle verdsarvområda er Vegaøyen som vart tekne inn på UNESCOs verdsarvliste i 2004, og det vestnorske fjordlandskapet med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden som vart ført på lista i 2005. Mottakarar er stiftingane Vegaøyen Verdsarv, Geirangerfjorden Verdsarv og Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Midlane må sjåast i samanheng med midlar til verdsarvområda i Noreg under kap. 1429 post 79 Tilskot til Verdsarven.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot blir følgde opp av Miljødirektoratet i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2013

Oppfølging av norske verdsarvområde med naturverdiar er organisert gjennom ideelle stiftelsar på staden som mottek tilskot til drift og gjennomføring av forvaltningstiltak innanfor rammer sett i forvaltningsplanar og retningslinjer for oppfølging av verdsarvkonvensjonen. Midlane har i 2013 medverka til gjennomføring av tiltak og satsingar på ulike tema for verdsarvforvaltning i verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap. Dette omfattar blant anna forvaltningsplanlegging og utarbeiding av skjøtselsplanar. Det er utarbeidd miljøanalysar og gjennomført vegetasjonskartlegging for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for naturovervaking og målretta skjøtsel. Forpliktingane knytte til formidling og informasjon om kultur- og naturverdiar er tekne hand om og utvikla vidare gjennom tiltak retta mot barn og unge og besøkande. Initiativ med målsetjing å utvikle betre besøkshandtering, redusert forureining og miljøsertifisering er sette i gang eller førte vidare.

Ressursbruken var i 2013 spesielt retta mot dei nasjonale måla 6.5, 6.6 og 6.8 under det tidlegare resultatområdet Verdifulle kulturminne og kulturlandskap.

Utvalde kulturlandskap

Mål

Målet med tilskotet er å sikre ei berekraftig forvaltning av norske kulturlandskap med særskilt høge verdier knytte til naturmangfald og kulturminneverdier. Dette gjeld Utvalde kulturlandskap i jordbruket og prioriterte område i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for utpeiking av utvalde kulturlandskap i jordbruket og prioritering av nasjonalt verdifulle kulturlandskap.

Tildelingskriterium

Om lag 6 mill. kroner av kulturlandskapsmidlane skal nyttast i utvalde kulturlandskap i jordbruket. Eit nasjonalt sekretariat leia av Landbruksdirektoratet, med Miljødirektoratet og Riksantikvaren, følgjer forvaltninga av områda i samarbeid med fylka. Fylka har ansvaret for administrasjon, tilskotsforvaltning og prioritering av tiltak i samråd med områdeutval i dei enkelte områda. Midlane blir tildelte med grunnlag i godkjende forvaltningsplanar. Om lag 1 mill. kroner frå posten blir nytta til tiltak i område prioritert i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskot blir følgde opp av Miljødirektoratet for å sjå til at midlane blir nytta som føresette og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2013

Midlane til utvalde kulturlandskap i jordbruket er ei spleiseordning med landbruket, der årlege løyvingar dei siste fire åra har vore til saman 14 mill. kroner, 6 mill. kroner over denne posten og 8 mill. kroner over jordbruksavtala.

Den samla potten av midlar til ordninga for utvalde kulturlandskap blir fordelt på tiltak innafor planlegging/prosess, kulturminne, naturmangfald og landskapskjøtsel, overvaking/dokumentasjon, formidling og andre tiltak (næringsutvikling, seterdrift, turstiar m.m.). Om lag 6 mill. kroner av totalpotten vart nytta til tiltak for å ta vare på miljø-

verdier knytte til naturmangfald og landskap i områda i 2013.

I 2013 vart det løyvd støtte til tiltak i 17 område prioriterte i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. I begge ordningane bidreg midlane til å hindre attgroing, gjennomføre skjøtsel av biologisk viktige areal og gjennomføre heilt naudsynte tiltak for å ta vare på verdier knytte til heilskaplege kulturlandskap. Områda i begge ordningane mottek òg tilskot frå andre ordningar innan miljø eller landbruk. Ressursbruken var i 2013 spesielt retta mot dei nasjonale måla 6.6, 6.7 og 6.8 under det tidlegare resultatområdet Verdifulle kulturminne og kulturlandskap.

Verdiskaping naturarv

Mål

Målet med ordninga er å medverke til at verneverdiane i verneområda blir haldne opp eller aukar slik at verneområde og andre verdifulle naturområde framleis kan vere ein viktig ressurs i samsfunnsutviklinga.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå om tilskotet stimulerer til at verneområda og andre verdifulle naturområde blir del av ei brei verdiskaping der natur, lokalsamfunn og næringsutvikling har ein langsiktig positiv effekt av tiltaka.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt til tilrettelegging for ferdsel, ulike typar informasjon, naturfagleg kompetanseheving i reiselivsverksemdar og til tiltak for å betre samarbeid og kunnskap om verneområde i koplinga mellom naturforvaltning, næring og lokalsamfunn. Tilskotet skal mellom anna gå til implementering av merkevare- og kommunikasjonsstrategien for nasjonalparker, dvs. blant anna til nasjonalparksenter, nasjonalparklandsbyar og nasjonalparkkommunar. Tilskot blir tildelt konkrete tiltak knytte til verdiskaping som har naturarven som utgangspunkt, og det er krav om minst 50 pst. eigeninnsats.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakeleg i form av fortløpande kontakt mellom Miljødirektoratet og prosjekta som får tilskot og gjennom at Fylkesmannen deltek i dei styrande organa for prosjekta, der det vert fatta avgjerder bl.a. om budsjett, framdrift

og økonomisk styring. Kontrollen skjer i hovedsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskap.

Rapport 2013

Posten finansierte til og med 2013 verdiskapingsprogrammet *Naturarven som verdiskapar*. Bruken av løyvinga for 2014 og 2015 skjer i forlenginga av dette programmet og dei erfaringane det gav. *Naturarven som verdiskapar* gjekk over ein 5-årsperiode, frå 2009 til 2013 og besto av 15 prosjekt. Årleg blei det generert resultatrapport for verdiskapingsprogrammet. Resultata indikerer ei positiv utvikling, spesielt gjeld dette talet på bedrifter som har utvida verksemda si som følge av programmet. Følgjeevalueringa viser at programmet nådde målet om bred verdiskaping, økt forståing for vernet og å samtidig bidra til lokalsamfunnsutvikling og økt inntening til bedriftene

som var med. Programmet hadde 15 prosjekter, 80 delprosjekt (praktiske tiltak) og ca 100 bedrifter med økt omsetning eller økt besøk. Dei prosjekta som byggjer vidare på tidlegare satsingar har komme lengst når det gjeld økonomisk verdiskaping. Det var eit krav om 50 pst. eigenfinansiering i prosjekta. Dei viktigaste finansieringskjeldene var kommunar og fylkeskommunar. Fleire finansieringskjelder har vore involverte, mellom anna reiselivsbedrifter, andre næringsaktørar og Innovasjon Noreg. Dette er teikn på auka lokal involvering og medverknad. Miljøvis og økonomisk verdiskaping har blitt høgt prioritert i prosjekta. Kulturell og sosial verdiskaping har òg høg prioritet, men noko lågare enn den økonomiske og miljøvise. Verdiskapingsprogrammet blir evaluert av Telemarksforsking og evalueringsrapport vil ligge føre i løpet av hausten 2014.

Ressursbruken var i 2013 retta mot det nasjonale målet 5.1 under det tidlegare resultatområdet Storslått fjellandskap.

Post 82 Tilskot til truga arter og naturtypar, kan overførast, kan nyttast under post 21

Underpost	Nemning	(i 1 000 kr)		
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
82.1	Tilskotordning – truga arter	11 271	19 127	22 888
82.2	Tilskotordning – truga naturtypar	19 064	13 962	10 551
	Sum post 82	30 335	33 089	33 439

Posten er oppretta som følge av naturmangfaldlova og er retta mot resultatområde 1 Naturmangfald. Posten er delt i to underpostar, ein for truga arter, og ein for truga naturtypar. Underposten for truga artar omfattar mellom anna tilskot til prioriterte arter og deira økologiske funksjonsområde og arter som er klassifiserte som truga på Norsk raudliste for arter 2010. Underposten for truga naturtypar omfattar mellom anna tilskot til utvalde naturtypar og naturtypar som er særskilt verdifulle, til dømes fordi dei inneheld eit stort arts- mangfald eller mange truga arter. Tiltak for bevaring av hubro er òg inkludert i posten med fokus på tiltak mot elektrokusjon.

Som eit innsparingstiltak er posten redusert med 7,5 mill. kroner. Frå post 21 er det flytta 7 mill. kroner i samband med fjellrev-arbeidet, jf underpost 1. Posten er gitt ei samla prisjustering på 0,9 mill. kroner.

Truga arter, inkludert hubro

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre tiltak for å ta vare på truga plante- og dyrearter, under dette arter som er valt ut som prioriterte arter. Ordninga inkluderar òg økologiske funksjonsområde for prioriterte arter.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytt til truga arter. Måloppnåinga for hubro blir vurdert ut frå talet stolpar/konstruksjonar som er sikra mot skade på hubro, og utvikling i hubrobestanden i desse områda.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt konkrete tiltak i felt til skjøtsel og vedlikehold, biotopforberende tiltak, restaurering, aktiv skjøtsel eller andre typar tiltak som er nødvendige for å ta vare på eller rette opp økologiske funksjonsområde for prioriterte arter, gjerding, nødvendig utstyr for å gjennomføre tiltak, informasjon retta lokalt/regionalt, kartlegging i knytt til tiltak og tiltak for hindre at hubro dør som følge av at dei brukar straumstolpar som sitjeplass.

Oppfølging og kontroll

Begge underpostar: Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2013

I 2013 kom det inn 102 søknadar til tilskotsordninga for prioriterte arter (unnateke hubro). Det vart utbetalt midlar til 63 tiltak, i alt omlag 8 mill. kroner (unnateke hubro). Midlane er gitt til konkrete tiltak, som f. eks. skjøtsel av lokalitetar med svartkurle, raud skogfrue og honningblom. Vidare er det gitt tilskot til biotopforberende tiltak som f. eks. salamanderdammar, og styrking av bestandar av elvemusling og edelkreps, gjerding og informasjon. 6, 6 mill. kroner av midlane gjekk til tiltak retta mot artane elvemusling, edelkreps og storsalamander. Tiltaka er sette i verk innanfor utarbeidde handlingsplanar og faggrunnlag, noko som skal styrkje artene sine høve til å overleve i lokalitetane.

Tiltaka knytte til hubro er retta mot å unngå elektrosusjon, som gjer at hubroen dør. Dei ulike nettselskapa nyttar i tillegg eigne midlar, slik at det blir gjennomført ei vurdering av aktuelle linjestrekk der hubroen er utsett. I dei høva selskapa sjølv ikkje finn løysingar som er bra for hubroen, kan det søkjast tilskot til konkrete tiltak. I 2013 vart 14 tiltak finansierte med delvise tilskot for om lag 2,8 mill. kroner. I tillegg nytta nettselskapa om lag 3,2 mill. kroner på dei same strekningane.

Ressursbruken under ordninga i 2013 hadde samanheng med dei nasjonale måla 1.5, 2.4, 3.3, 4.4, 5.3 og 6.8 under dei tidlegare resultatområde Levande hav og kyst, Livskraftige elvar og innsjøar, Frodige våtmarker, Mangfaldige skogar,

Storslått fjellandskap og Verdifulle kulturminne og kulturlandskap.

Truga naturtypar

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre tiltak og aktiv skjøtsel av truga naturtypar, under dette naturtypar som har status som utvalte naturtypar.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir vurdert ut frå talet på tiltak knytt til førekomstar av truga naturtypar.

Tildelingskriterium

Tilskot kan bli tildelt konkrete tiltak i felt til skjøtsel og vedlikehold, restaurering, gjerding, nødvendig utstyr for å gjennomføre tiltak, informasjon retta lokalt/regionalt, kartlegging knytt til tiltak og utvikling av skjøtsels-/tiltaksplan for tiltaket.

Oppfølging og kontroll

Begge underpostar: Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane blir følgde opp i forhold til at midlane blir nytta som føreset og at tiltaka blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapportar.

Rapport 2013

I 2013 kom det inn 435 søknadar til tilskotsordninga for utvalde naturtypar. Alle fylke i landet er no med i oppfølgingsarbeidet for handlingsplan for slåttemark, som òg gjeld for lauveng og slåttemyr. Ved utgangen av 2013 var rundt 500 verdifulle svært viktige (A) eller viktige (B) lokalitetar av slåttemark (inkludert lauveng og 11 slåttemyrar) under oppfølging. Målet i handlingsplanen er at alle A-områda og dei fleste B-områda skal skjøttast, noko som utgjer om lag 1000 område med slåttemark innan 2015. Det er laga 460 skjøtselsplanar og inngått 320 langsiktige avtaler med grunneigarar. Handlingsplanarbeidet så langt viser at både tilbakeføring av slåtteeenger under jengroing, og framhalden hevd på lokalitetar som er i god hevd frå før gir gode resultat med omsyn til å bevare ein god tilstand av naturtypen.

68 område med kystlynghei har fått tilskot til skjøtsel, restaurering, planlegging, informasjon

og investeringar i tråd med tilskotsreglane i 2013. Fire område med haustingsskog har motteke tilskot til restaurering, skjøtsel og til informasjon i 2013.

Det er gjennomført trepleie/skjøtsel av ca. 90 hole eiker, det er gitt tilskot til gjerding kring ein kalksjølokalitet, og til skjøtsel av ein lokalitet med kalklindeskog. Det er òg gitt midlar til å vidareføre eit større prosjekt med skjøtsel av ein lokalitet med ålegraseng.

Ressursbruken under ordninga i 2013 hadde samanheng med dei nasjonale måla 1.4, 2.1, 3.1, 4.1, 5.1 og 6.5 under dei tidlegare resultatområda Levande hav og kyst, Livskraftige elvar og innsjøar, Frødige våtmarker, Mangfaldige skogar, Storslått fjellandskap og Verdifulle kulturminne og kulturlandskap.

Post 84 Internasjonale avtaler og medlemskap

Tilskotsordninga er primært knytt til resultatområda 1 Naturmangfald, , 4 Forureining, men òg til 3 Friluftsliv, 4 Forureining, 5 Klima og 6 Polarområda.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å støtte organisasjonane som er nemnde nedanfor i deira internasjonale arbeid for vern av naturmangfald og berekraftig bruk av naturressursar, klima, og å setje Miljødirektoratet og andre delar av miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjær.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om Noreg gjennom si støtte til dei internasjonale organisasjonane i rimeleg grad medverkar til at desse kan utføre oppgåvene sine, og at Miljødirektoratet og anna miljøforvaltning får tilgang til arbeidet som skjer i dei.

Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Federation of Nature and National Parks of Europe (EUROPARC)
- Conseil International de La Chasse (CIC)

- International Union for Conservation of Nature (IUCN) (Government Agency member)
- Wetlands International (WI)
- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforskning (NKV)
- Den norske plantevernorganisasjonen (Planta Europa)
- Den europeiske organisasjonen for bevaring av geologiarven (ProGEO)
- Working Group on Harmonization of regulatory oversight in Biotechnology (WGHROB) under Biosafety-programmet til OECD
- Konvensjon om langtransportert luftforurensning, kjerneoppgåver som ikkje blir omfatta av bidraget til EMEP-protokollen
- Common Forum on Contaminated Land
- The European Union Network for the Implementation and International Transaction Log (IIL)
- Enforcement of Environmental Law (IMPEL)
- Organization of Economic co-operation and Development(OECD)

Posten skal òg dekkje utgifter knytte til relevante oppfølgingsprosjekt i tilknytning til medlemskapen, slik som i den nordatlantiske organisasjonen for laksevern, North Atlantic Salmon Conservation Organization (NASCO). Kontingenten til NASCO er dekt over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Det skjer ei kontinuerleg vurdering av organisasjonane sine målsetjingar og av tilhøvet deira til sentrale konvensjonar og avtaler og kva nytte Miljødirektoratet har av medlemskapen.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i og bidrag til møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Miljødirektoratet på møte i organisasjonane sine styrande organ, der det blir fatta avgjerder bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

Rapport 2013

Midlane dekte i 2013 medlemskontingenten i NKV, EUROPARC, IUCN, WI og ProGEO. I tillegg vart det gitt støtte til IUCN World Parc Congress 2014, bidrag til Bernkonvensjonens arbeid og støtte til ProGEO News.

Post 85 Naturinformasjonssenter, kan overførast

Tilskotsordninga på posten er i hovudsak retta mot resultatområda 1 Naturmangfald og 3 Friluftsliv. Naturinformasjonssentra skal vere spydspissar i kvalitetsformidling av kunnskap om nasjonalparker, villrein, våtmark, rovdyr, fugl og villaks til lokalbefolkninga og tilreisande, spesielt barn og unge. Posten er styrkt med 1 mill. kroner til auka grunntilskot for dei autoriserte sentra og autorisering av våtmarkssenter. Samstundes har posten fått ei prisjustering på 1 mill. kroner.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til drift, utvikling og etablering av naturinformasjonssenter.

Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for sentra blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar der sentra viser at dei fyller autorisasjonskrava.

Tildelingskriterium

Autoriserte nasjonalpark- og naturinformasjonssenter kan søkje om eit årleg grunntilskot til aktivitet knytt til administrasjon, planlegging og gjennomføring av informasjonstiltak, naturrettleiing m.m.. Grunntilskotet i 2015 er auka til 850 000 kroner pr. senter. Autoriserte senter kan i tillegg søkje om tilskot for å etablere ekstra tilbod for publikum i senter som har stort potensial for stor publikumstilstrøyming og samarbeid med reiselivet. Autoriserte senter kan òg søke kompetansetilskot til oppgåver som nøytrale kunnskapsformidlarar/kompetansesenter. Både autoriserte senter, andre som arbeider med naturinformasjon (for eksempel museum og stiftelsar) og naturinformasjonssenter som ikkje er autoriserte, kan søkje om tilskot til utstillingar og informasjonstiltak.

Tabell 6.2 Type senter

Tema for senter	(i 1000 kr)
Nasjonalparksenter og forvaltningsknutepunkt	26 070
Villreinsenter	6 600
Våtmarkssenter	6 250
Rovviltsenter	6 700
Klimapark 2469	1 100
Laksesenter, Namsos	1 000
Sum	47 720

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotmottakarane leverer årsmelding og revidert rekneskap, og budsjettforslag, plan for verksemda og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Sentra rapporterer tal på besøkande, aktivitetar og naturrettleiing, sal av logoprodukt, resultat frå brukarundersøkingar og eventuelle evalueringar av innhald og aktivitet ved senteret, og på andre forhold som var sentrale for å få tildelt tilskotet. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir nytta stikkprøvekontroll, bl.a. ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmateriell som det er gitt støtte til.

Ein gjer framlegg om ei tilsegnfullmakt knytt til nasjonalparksenter på 2 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Rapport 2013

Det vart i 2013 gitt grunntilskot til 15 autoriserte nasjonalparksenter. Det vart etter søknad gitt tilskot til fornying av utstillingar og informasjonstiltak, og til opparbeiding og tilrettelegging av forvaltningsknutepunkt. Under autorisasjonsordninga for rovviltsenter og våtmarkssenter vart Polar Zoo i Bardu autorisert som rovviltsenter i 2013, slik at til saman tre rovviltsenter fekk tilskot. Fem våtmarkssenter fekk òg tilskot. Det er vidare gitt tilskot til senter for laks, Norsk villreinsenter og til informasjonstiltak gjennom Klimapark 2469 med fokus på klimaendringar og naturfaglege aspekt og verneverdiar i Jotunheimen nasjonalpark.

Liste over alle sentra som fekk tilskot i 2013 er: Norsk Villreinsenter, Kunnskapsenter for laks og vassmiljø, Polar Zoo, Namskogan familiepark,

Bjørneparken i Flå, Breheimsenteret, Femundsmarka nasjonalparksenter, Folgefonna nasjonalparksenter, Halti nasjonalparksenter, Hardangervidda nasjonalparksenter, Hardangervidda naturparksenter, iNasjonalparker, Jostedalbreen nasjonalparksenter, Lierne nasjonalparksenter, Nordland nasjonalparksenter, Norsk Bremuseum, Norsk Fjellmuseum, Stabbursnes naturhus og museum, Ytre Hvaler nasjonalparksenter, Øvre Pasvik nasjonalparksenter, Balsfjorden våtmarkssenter – Midt-Troms museum, Dokkadelta våtmarkssen-

ter, Lista Fuglestasjon, Runde miljøsenter, Stiftinga Sunnmøre Museum avdeling Sykkylven, Naturhistorisk Museum, Gjesværstappan – informasjonssenter for sjøfugl, Kvikne nasjonalparksenter og Bunova i Vingelen.

Ressursbruken under ordninga hadde i 2013 samanheng med dei nasjonale måla 3.1, 4.1, 5.1 under dei tidlegare resultatområda Frodige våtmarker, Mangfaldige skogar og Storslått fjellandskap.

Kap. 4420 Miljødirektoratet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Oppdrag og andre ymse inntekter	382	1 363	1 401
02	Statleg ordning for frivillig kjøp av klimakvotar	957		
04	Gebyr, forureiningsområdet	44 040	29 759	34 587
06	Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernaktivitetar	20 546	27 000	27 752
07	Gebyr, kvotesystemet	3 019	10 600	10 895
08	Gebyr, naturforvaltningsområde	3 211	4 298	4 618
09	Internasjonale oppdrag	48 391	29 084	7 000
	Sum kap. 4420	120 546	102 104	86 253

Post 01 Oppdrag og andre ymse inntekter På posten er det budsjettert med enkelte ulike oppdragsinntekter og leigeinntekter som direktoratet har i samband med utleige av nokre kontorlokale og sitt konferansesenter i Oslo. Oppdragsinntektene er hovudsakeleg knytte til tenester som Statens naturoppsyn utfører for andre, mellom anna Statskog. På posten blir òg ført ymse inntekter, som frå sal av rapportar utarbeidde av Miljødirektoratet og enkelte andre produkt. Dei tilsvarande utgiftene er budsjetterte under kap. 1420 post 23 Driftsutgifter.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 04 Gebyr, forureiningsområdet

I samsvar med prinsippet om at forureinaren skal betale, er det innført gebyr på ulike område innanfor forureiningsområdet. Posten er auka med 4

mill. kroner i samband med den nye sertifiseringsordninga for fluorerte klimagassar. I tillegg er posten prisjustert med om lag 1 mill. kroner.

Posten omfattar Miljødirektoratets inntekter frå følgjande ordningar:

- gebyr frå utferding av sertifikat under ei sertifiseringsordning for bedrifter og personell som handterer fluorerte klimagassar (forskrift om fluorerte gassar). Ordninga er ein del av EØS-avtala som regulerer dei fluorerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ gjennom krav til blant anna lekkasjetesting og kvalifikasjonar til teknisk personell. EU vedtok 16. april 2014 ei revidert forordning som utvider sertifiseringsordninga til òg å gjelde personell som handterer kjølebilar og GIS-anlegg. Dette står bak aukinga på posten med 4 mill. kroner.
- gebyr for konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta)

- gebyr for tilsyn og kontroll med kjemiske stoff og stoffblandingar, i medhald av forskrift om klassifisering og merking m.v. av farlege kjemikalier
- gebyr for deklarasjon av farleg avfall, i medhald av avfallsforskrifta. Verksemder som leverer farleg avfall skal fylle ut eit deklarasjonsskjema med opplysningar om avfallsets opphav, innhald og eigenskapar. Det er fastsett eit gebyr for denne deklarasjonen, og gebyret skal dekkje Miljødirektoratets kjøp av tenester ved drift av systemet
- gebyr for drift av produsentregister for elektriske og elektroniske produkt (EE-registeret), i medhald av avfallsforskrifta. Alle som importerar og produserar elektriske og elektroniske produkt (EE-produkt) i Noreg pliktar å vera medlem av eit godkjent returselskap. Returselskapa finansierer drifta av EE-registeret gjennom eit gebyr som avheng av deira marknadsdel.
- gebyr for eksport og import av avfall. Verksemder som importerer eller eksporterer meldepiktig avfall må ha løyve til dette. Gebyret er basert på Miljødirektoratet sin timebruk og timekostnad til handsaming av søknadar om eksport og import av avfall
- I tillegg vil det på denne posten kunne komme inntekter frå andre ordningar, som for eksempel gebyr for behandling av søknader om godkjenning av biocidprodukt.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 06 Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvernavingar

Posten omfattar inntekter til Fylkesmannen frå gebyr for arbeid med konsesjonsbehandling og kontroll.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 07 Gebyr, kvotesystemet

Miljødirektoratet forvaltar kvoteforskrifta. Verksemder som er omfatta av kvoteplikta må ha løyve frå Miljødirektoratet til kvotepliktige utslepp, i tillegg til eit godkjent program for utrekning og måling av utsleppa. Dei kvotepliktige verksemdene sine årlege utsleppsrapportar blir kontrollerte og verifiserte av Miljødirektoratet.

I tråd med føresegnene i kap. 39 i forureiningsforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved utarbeiding av løyve til kvotepliktige utslepp finansierast av gebyr.

I tråd med føresegnene i kap. 9 i kvoteforskrifta skal Miljødirektoratets kostnader ved godkjenning av utsleppsrapportar finansierast av gebyr. Dette er i samsvar med EUs reglar. Miljødirektoratet har òg ansvaret for å drifte det elektroniske kvoteregisteret.

Post 08 Gebyr, naturforvaltningsområde

Inntektene på denne posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøven som vart sett i verk frå 1. april 1986, til utgifter i samband med merkjepliktig vilt, og til utgifter ved kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftskonsesjonar.

Kvar jeger som går opp til jegerprøven må betale eit eksamensgebyr. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarende utgiftene under kap. 1420 post 23 Driftsutgifter til å drive eksamensordninga. Utover den generelle prisutviklinga har utgiftene til drift av jegerprøven auka på grunn av utvikling av nye elektroniske løysingar tilpassa dagens behov. Ein gjer derfor framlegg om å auke gebyret med 20 kroner til 300 kroner.

Frå 1. januar 2005 vart det etablert merkje- og registreringsplikt for dødt vilt som tilfell Viltfondet, sjå vedlegg (artsliste) til forskrift 18. juni 2004 nr. 913 om handtering av dødt vilt. Dei som vil overta merkjepliktig vilt frå Viltfondet skal betale eit gebyr. Gebyret har vore 400 kroner pr. individ sidan 2005. Ut frå den generelle utviklinga av kostnader gjer ein framlegg om å auke gebyret til 450 kr pr individ.. Innbetalte gebyr blir nytta til drift og vedlikehald av ein sentral database for å ta vare på informasjon om individa. Desse utgiftene blir dekte over kap. 1420 post 01.

Miljødirektoratet tok i 2012 i bruk sin heimel til å krevje refusjon for utgifter det har knytt til kontroll av naturforvaltningsvilkår i vasskraftkonsesjonar. Gebyret er heimla i vassdragsreguleringslova § 12 punkt 19, i vassressurslova § 57-58 og den enkelte konsesjon.

Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten kjem frå andre statsinstansar og skal finansiere Miljødirektoratets utgifter under kap. 1420 post 23 til internasjonalt miljø-samarbeid og bistandsarbeid, for eksempel insti-

tusjonsbygging i samarbeidsland. Dette samarbeidet vil bli utvikla vidare og trappa opp. Posten er foreslått redusert med 27 mill. kroner, fordi dei andre statsinstansanes budsjettposter vil bli belasta direkte ved bruk av belastningsfullmakter

for dei fleste av oppdraga. Kap. 1420 post 23 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert bud- sjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	15 372	15 000	12 803
21	Spesielle driftsutgifter	29 670	30 600	26 072
70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overførast</i>	11 100	11 500	11 000
71	Tilskot til viltformål, <i>kan overførast</i>	25 258	27 600	27 600
Sum kap. 1425		81 400	84 700	77 475

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak omfattar utgifter til vilt- og fisketiltak og delar av vilt- og fiskeforvaltninga. Midlane under kap. 1425 er primært retta mot resultatområde1 Naturmangfald, men involverer òg resultatområde 3 Friluftsliv gjennom tilrettelegging for jakt og fiske.

Utgiftene over kap. 1425 er finansierte ved avgifter på jakt og fiske, som saman med utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01 og kap. 1410 post 50 korresponderer med inntektsløyvingane over kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet, post 71 Jeger- og fellingsavgifter og post 72 Fiskaravgifter.

Samla sett er løyvingane reduserte med 7,2 mill. kroner i høve til 2014. Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015, er 4,7 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett. Dette skal ikkje innverke på aktivitetsnivået finansierte frå postane. Anna reduksjon er primært knytt til ei markant nedgang i talet på innbetalte fiskaravgifter.

Både jeger- og fiskaravgiftene blir foreslått auka som følge av prisstigninga, men det er samstundes gjort ei avkorting i aukingane på 228 000 kroner som del i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform. Fordi det òg er ein viss reduksjon i innbetalte jegeravgifter, gir ikkje prisjusteringa auka inntekter til finansiering av vilttiltak, berre ei vidareføring om lag på dagens nivå.

For nærare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1425, 1420, 5578 og inntektene til dei to fonda, viser vi til omtale under kap. 5578.

Lønn og godtgjersler til fast tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men over kap. 1420 Miljødirektoratet og kap. 525 Fylkesmannsembeta.

Både løyvingsforslaga under tilskotspostane og store delar av løyvingsforslaget under post 21 går til føremål som er viktige for den lokale vilt- og fiskeforvaltninga. For at det skal vere ei tydeleg og kontrollbar deling mellom tilskot som blir løyvde til enkeltpersonar og organisasjonar over 70-postar på den eine sida, og på den andre sida spesielle driftsutgifter der ein regionalt eller sentralt set ut oppdrag til andre, vart det oppretta ein ny post 21 i 2013.

Bruken av fondsmidlane blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Føremålet med drøftingane er å sikre at midlane blir nytta på ein kostnadseffektiv måte og i tråd med måla innan vilt- og fiskeforvaltninga. Dette må sjåast i nær samheng med arbeidet for å styrkje den lokale vilt- og fiskeforvaltninga basert på bl.a. driftsplanar, og at dei sentrale ledda i frivillige organisasjonar skal arbeide for å oppnå ei samla målsetjing.

Store delar av dei midlane som blir løyvde til vilt- og fisketiltak blir nytta ved at brukarar, organisasjonar og lag søker om midlar til konkrete tiltak. Frå 2009 har ein kunna søkje om tilskot til vilttiltak og fisketiltak i eit nettbasert søknadssenter i regi av Miljødirektoratet. Føremålet har vore å sikre lik behandling og betre utnytting av resultatane frå tiltaka som blir utførte. Det er no obligatorisk for søkerar å sende inn søknad til dette søknadssenteret. Frå 2014 er det òg lagt til rette for at

allmenta skal kunne ta del i søknader og resultat for dei einstilte tiltaka som mottek midlar.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområda 1 Naturmangfald og 3 Friluftsliv.

Posten dekkjer utgifter til lønn og godtgjersler for dei statlege villreinnemndene og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltninga slik som det nasjonale jegerregisteret i Brønnøysund, utarbeiding av jaktstatistikk, og utgifter til utvikling og drift av betalingstenesta for jeger- og fiskaravgiftene, under dette trykking, porto og informasjonstiltak.

Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015, er 1,7 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett. Som del i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform er posten redusert med 75 000 kroner. Resterande reduksjon i posten skuldast nedgang i talet på avgiftsinnbetalingar til fonda.

Rapport 2013

Løyvinga er brukt til vidareutvikling av villaksportalen.no og til drift av betalingstenesta for fiskaravgift. Løyvingane innanfor viltforvaltninga er nytta til å oppretthalde verksemda i dei statlege villreinnemndene, slik at desse kan behandle den løpande bestandsforvaltninga og vere ein aktør i høve til andre sektorar som nyttar areal i villreinnområda. Utover dette er den aktiviteten som blir driven i samband med jegerregisteret oppretthalde på same nivå, og at Statistisk Sentralbyrå produserer statistikken over jegerar og jaktutbytte, og slik bidreg til overvaking av bestandar og deira utvikling.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Naturmangfald og 3 Friluftsliv.

Posten vart oppretta i 2013 for å etablere ei tydelig deling mellom på den eine sida tilskot som blir løyvde til enkeltpersonar og organisasjonar over 70-postar, og på den andre sida spesielle driftsutgifter som blir sette ut som oppdrag til andre eller utførte av statlege verksemdar. Til posten vart det i 2013 tilført midlar frå post 01, post 70 og post 71.

Posten skal dekkje utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som blir sikra gjennomførte av direk-

toratet eller fylkesmenn. Der regionale eller sentrale styresmakter set i verk oppdrag hos andre, eller kjøper tenester der det er krav om ulike leveransar, skal utgiftene posterast på post 21. Dette gjeld mellom anna nasjonale overvakingsprogram, forskning og utgreiing.

Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015, er 3,1 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett. Som del i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform er posten redusert med 153 000 kroner. Resterande reduksjon i posten skuldast nedgang i talet på avgiftsinnbetalingar til fonda.

Rapport 2013

Løyvinga er brukt til utviklingsarbeid knytt til gytebestandsmål for villaks, overvaking i Tanavassdraget, utvikling og drift av fangststatistikken og overvakingsprogram for rømt oppdrettsfisk. Innanfor viltforvaltninga er midlane nytta til forskning og utgreiing som gir eit betre kunnskapsunderlag for forvaltning av både haustbare arter og arter med meir usikre bestandstil høve.

Post 70 Tilskot til fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområda 1 Naturmangfald og 3 Friluftsliv. Løyvinga skal gå til å dekkje både lokale og sentrale tiltak.

I 2015 er posten foreslått redusert med 0,5 mill. kroner. Dette skuldast nedgang i talet på innbetalte fiskaravgifter. Ein viser til nærare omtale av fiskaravgiftene og fondet under kap. 5578 post 72 Fiskaravgifter.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å sikre og utvikle bestandar av vill anadrom laksefisk og leggje til rette for og motivere til fiske.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga bidreg til å nå målsetjingane for anadrom laksefisk. Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje bedømmast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium

Tiltak som kan få tilskot er tiltak knytte til informasjon om og forvaltning av villaks, sjøaure og røye, under dette kultiveringstiltak, driftsplanlegging, praktisk nytta forskning og overvaking. Det kan vidare bli gitt tilskot til tiltak som betrar tilgangen til og moglegheita for fiske for allmenta og tiltak retta mot rekruttering eller stimulering til fiske.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

Rapport 2013

I 2013 har det vore eit sentralt mål å gje tilskot til ei rekkje tiltak i regi av landsdekkjande organisasjonar knytte opp mot informasjon og forvaltning av anadrom laksefisk. Det er òg ytt tilskot til tiltak retta mot rekruttering og stimulering til fiske. Det

er vidare gitt tilskot til anvend forskning og overvaking.

Ein stor del av tilskotsposten er disponert av fylkesmennene for å støtte tiltak som informasjon, anvend forskning og overvaking, tilrettelegging og arrangement, kultiveringstiltak og driftsplanlegging. Det er totalt gitt tilskot til 147 lokale tiltak i 2013. Samla har dette medverka til betre forvaltning av laks, sjøaure og sjørøye, og ei meir berekraftig hausting av desse fiskeressursane. Tilskota har òg medverka til å styrkje kunnskapsgrunnlaget, til informasjon og formidling av tilstand og utfordringar knytte til anadrom laksefisk, og dei har medverka til å auke interessa for friluftsliv og fiske, særleg blant barn og unge.

Løyvingane til tilskot i 2013 og behandlinga av den einskilde søknaden har samla sett bygd opp under det nasjonale målet 2.6 under det tidlegare resultatområdet Livskraftige elvar og innsjøar. Dei som nyttar tilskotsordningane eller resultatata har eigeninteresse i å medverke til å oppnå måla, ettersom måloppnåinga er naudsynt for å kunne oppretthalde hausting.

Ressursbruken under ordninga hadde i 2013 samanheng med dei nasjonale måla 2.1, 2.5, 2.6 under det tidlegare resultatområdet Livskraftige elvar og innsjøar.

Post 71 Tilskot til viltformål, *kan overførast*

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert bud- sjett 2014	Forslag 2015
71.1	Hjortevilttiltak	3 296	3 250	3 250
71.2	Villreintiltak	2 518	2 850	2 850
71.3	Lokale vilttiltak m.v.	17 494	17 000	17 000
71.4	Viltovervaking	1 950	4 500	4 500
	Sum post 71	25 258	27 600	27 600

Midlane under posten er retta mot resultatområda 1 Naturmangfald og 3 Friluftsliv.

Utgifter knytte til tiltak der Miljødirektoratet eller fylkesmenn kjøper oppdrag frå andre er flytta til ein ny post 21 frå 2013. Utgifter knytte til tiltak der fylkeskommunane er ansvarlege er framleis budsjetterte under post 71. Samstundes vert det streka under at post 21 og post 71 må sjåast i samanheng dersom ein vil ha heilskapen i løyvingane til vilttiltak. På same måten må ein sjå løyvingar frå fylkeskommunar, fylkesmenn og Miljødi-

rektoratet samla, ettersom desse forvaltar ulike delar av artsomgrepet. Samla sett er løyvingane til vilttiltak baserte på inntekter frå avgiftene, jf. omtale under kap 5578 post 71.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskot av viltet, og at naturens produktivitet og mangfald blir teke vare på nasjonalt og regionalt.

Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga gjennom støtte til god forvaltning av viltet på nasjonalt og regionalt nivå medverkar til at det blir eit haustingsverdig overskot og slik at produktivitet og artsmangfald i naturen blir teke vare på. Tiltaka som blir sette i verk skal medverke til å gi eit betre kunnskapsunderlag om arter og bestandar, eller om korleis dei kan haustast på beste vis. Den faktiske effekten av tilskota kan ikkje bedømmast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Tildelingskriterium

Det blir gitt tilskot til tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jaktmoglegheiter, kartlegging av viltressursane/viltets leveområde og viltinteresser i kommunar og regionar, innarbeiding av viltets leveområde og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova, iverksetjing av tiltak der målet er betre bestandsoversikt, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i rettshavarar sitt driftsplanarbeid, forskings- og studentoppgåver og andre særleg prioriterte viltformål. Søknader om tilskot til tiltak som inngår som ein del av eit planmessig arbeid blir prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar, rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. I 2012 vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjon av Riksrevisjonen for desse ordningane. Dei manglane som vart påpeika der vil bli retta.

Rapport 2013

Løyvingane er i 2013 nytta omtrent som tidlegare år. For 2013 vart det levert 824 søknadar om vilttiltak i søknadssenteret. Av desse behandla direktoratet 143 søknadar, fylkesmennene 361 søknadar, og fylkeskommunane 320 søknadar.

Det har vore ytt tilskot til dei fleste aktørar og grupper som arbeider med viltforvaltning. Ordninga har gitt støtte til tiltak i regi av enkeltpersonar, organisasjonar og lag, og medverkar i relevante større prosjekt der andre har hovudfinansiering.

Ordinga er òg nytta til å støtte studentprosjekt, der dette inneber at det blir gjennomført fagleg relevante undersøkingar.

Ordinga er med på å auke tiltaksvolumet, stimulere ungdom og andre til friluftsliv og uteaktivitet, og gir eit utvida kunnskapsgrunnlag både for økosystem og arter.

Det er eit mål at resultatane frå bruken av tilskotsmidlane skal verte tilgjengelege for alle interesserte, og slik auke kunnskapen om og spreidinga av vellykka former for tiltak. Frå 2013 er alle rapportar frå prosjekt og oppnådde resultat lagt inn i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter.

Løyvingane til tilskot og behandlinga av den einskilde søknaden skal samla sett underbygge dei nasjonale måla for området. Ettersom det er fleire ulike styresmakter og mange tiltakshavarar vil det vere ei stor breidd i type tiltak, og i kva ein kan oppnå på eit enkelt år. Det er for ein stor del dei same som betalar avgift som nyttar høvet til å søke tilskot, eller nyttar resultatane. Dette fører til ein god samanheng mellom tiltakstypar og årlege behov for resultat. Det er vidare slik at ressurstilgangen samla sett er vurdert å vere god nok i forhold til dei prioriterte tiltaka. Dei som nyttar tilskotsordningane eller resultatane har eigeninteresse i å oppnå dei nasjonale måla, ettersom måloppnåinga er naudsynt for å kunne oppretthalde haustinga, og ha eit tilstrekkeleg godt kunnskapsunderlag for forvaltninga.

Ressursbruken under ordninga hadde i 2013 samanheng med dei nasjonale måla 4.5, 5.4 og 5.5 under dei tidlegare resultatområda Mangfaldige skogar og Storslått fjellandskap.

Underpost 71.1 Hjortevilttiltak

Underposten skal dekkje tiltak knytte til forvaltning av hjortevilt. Midlar blir nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m.

Underpost 71.2 Villreintiltak

Underposten skal dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, styrking av oppsyn og registrering i villreinområda, og utvikling av driftsplanar. Innbetalte fellingsavgifter skal tilbakeførast til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda til tiltak.

Underpost 71.3 Lokale vilttiltak m.v.

Midlane skal nyttast til tilskot i form av vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. I tillegg er tilskotsmidlane som fylkeskommunane nyttar samla på denne underposten. I samband med regionreforma har fylkeskommunane fått forvaltningsansvaret frå fylkesmannen for enkelte arter. Den einskilde fylkeskommunen gir etter søknad midlar frå posten til praktiske tiltak knytte til desse artene. Ettersom fylkesmannen på same tid forvaltar tilskotsmidlar innanfor sitt forvaltningsområde er det krav om god samordning av bruken av midlane.

Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innan viltforvaltning.

Underpost 71.4 Viltovervaking

Midlane blir nytta som tilskot til overvåkingsoppgåver som skal sikre ei fortløpande oversikt over bestandsstatus og utvikling av arter og artsgrupper av vilt som ikkje er dekt over underpost 71.1 eller underpost 71.2. Overvåkingsprosjekta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk både sentrale, regionale og lokale forvaltningstiltak og justering av verkemiddel, og avdekkje kunnskapsbehov.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert bud- sjett 2014	Forslag 2015
71	Jeger- og fellingsavgifter	16 817	75 200	74 982
72	Fiskaravgifter	77 600	18 000	15 684
	Sum kap. 5578	94 417	93 200	90 666

I tillegg til å finansiere utgifter under kap. 1425, dekkjer kap. 5578 postane 71 og 72 òg noko av utgiftene til vilt- og fiskeforskning under kap. 1410 post 50, og utgifter til forvaltning av ordninga under kap. 1420 post 01.

Forslaget er basert på venta inntekter frå avgiftene til fonda i 2014 og 2015, jf. omtale under kvart fond nedanfor.

Post 71 Jeger- og fellingsavgifter

Jeger- og fellingsavgiftene som blir innbetalte til Viltfondet er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

I dette framlegget er løyvinga om lag uendra i høve til 2014. Det er venta same nivå på innbetalingane i 2015 som i 2014. Avgiftene blir prisjusterte i 2015, men det er trekt frå 218 000 kroner som del i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform. Det som trekker mest ned er likevel at det er venta færre innbetalningar ettersom talet på aktive jegerar og tal felte elg er redusert.

Nærare om Viltfondet

Mål

§ 40 i Viltlova fastset at «den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastsetter» og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom behandlinga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget følgjande retningslinjer for bruken av midlane i Viltfondet:

Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegersørvis.

I den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde over, er det føresett at ca. halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til

vilttiltak i distrikta og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein skal nyttast i villreinforvaltninga.

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggings-tiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige inntekter frå enkelte typar fallvilt.

I 2001 vart det gjennomført ei omfattande omlegging av viltforvaltninga, der kommunane i staden for staten krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Omleggingsarbeidet

blir følgt opp fortløpande av Direktoratet for naturforvaltning. Det er fastsett ei statleg ramme-forskrift for dei kommunale viltfonda, der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For dei fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein er det etablert ei tilsvarande ordning, der midlar frå innbetalte avgifter føregåande år blir tilbakeførte til det enkelte villreinområdet.

Jeger- og fellingsavgiftene vart sist endra i 2013. Ein gjer framlegg om å prisjustere desse for 2015. Satsane for dei ulike avgiftene er oppgitte i tabell 6.3.

For oversikta sin del er dei økonomiske konsekvensane for kommunane i 2015 tekne med, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. For kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 6.3 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2015 (tal i heile kroner)

Type avgift:	Storleiken på avgifta i 2015	Estimert tal på innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
Jegeravgift generelt:	316	195 000	61 620 000	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt:	84	92 000	7 728 000	Viltfondet
Ekstraavgift ved manglande levering av jaktstatistikk: ¹	195	20 000	3 900 000	Viltfondet
Gebyr ekstra jegeravgiftskort:	64	2 000	128 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein:	279	5 100	1 422 900	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv:	163	2 000	326 000	Viltfondet
Sum statlege avgifter:			75 124 900	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg:	510	23 700	12 087 000	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv:	300	11 200	3 360 000	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort:	390	27 100	10 569 000	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv:	236	9 000	2 124 000	Kommunane
Sum kommunale avgifter:			28 140 000	Kommunane

¹ Innkrevjing skjer etterskotsvis i 2015 for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2013/2014. Talet er vurdert til om lag 20 000.

Inntektene frå avgiftene gjer at det blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabell 6.4.

Tabell 6.4 Beregning av kapital i Viltfondet i 2015

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.13:	3 955
Budsjettert innbetalt i 2014 ¹ :	75 337
Budsjettert refusjon i 2014 (utbetalinger frå fondet):	-75 200
Budsjettert saldo pr. 31.12.14:	4 092
Budsjettert innbetalt i 2015 ² :	75 525
Budsjettert refusjon i 2015 (utbetalinger frå fondet):	-74 982
Budsjettert saldo pr. 31.12.15:	4 635

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

² Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,4 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Viltfondet blir forvalta av Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitaliserast i fondet, og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Inntektene over kap. 5578 post 71 finansierer utgifter til vilttiltak, viltforvaltning og drift av Jegerregisteret over kap. 1425 postane 01 og 71, kap. 1420 post 01, og forskning på viltressursar over kap. 1410 post 50. I budsjettet for 2015 gjer ein framlegg om at 5,14 mill. kroner blir refunderte til Brønnøysundregistra for drifta av Jegerregisteret. Planlagt bruk av inntektene går fram av tabell 6.5.

Tabell 6.5 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2015

	(i 1000 kr)
Formål	
Drift av villreinnemndene, drift av jegerregisteret, offentlig jaktstatistikk og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltning (kap.1425.01):	12 477
Meirverdiavgift som føres under Finansdepartementet	1 591
Prosjekt, FoU, overvakingsprogram, sentrale fallviltutgifter m.v. (kap. 1425.21):	24 183
Meirverdiavgift som føres under Finansdepartementet	2 852
Hjortevilttiltak (kap. 1425.71.1):	3 250
Villreintiltak (kap. 1425.71.2):	2 850
Lokale vilttiltak (kap. 1425.71.3):	17 000
Viltovervaking (kap. 1425.71.4):	4 500
Sum under kap. 1425:	68 703
Viltforskning, NINA (kap.1410.50):	2 998
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap 1420 post 01):	3 281
Totalsum:	74 982

Spesielt om hjortevilt og fallvilt

Sjølv om kommunane har primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt, er det likevel nasjonale oppgaver innan desse felta som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom den differensierte jegeravgifta. Differensieringa inneber at hjorteviltjegerane betaler eit tillegg til jegeravgifta, og på denne måten medverkar til finansieringa av nødvendige nasjonale oppgaver.

Når det gjeld fallvilt, er det behov for å gjennomføre sentrale analysar av individ som blir funne igjen som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartene. Slike analysar må gjennomførast av Miljødirektoratet. Utgiftene til sentrale oppgaver i samband med hjortevilt og fallvilt er derfor budsjetterte under kap. 1425 post 21 Spesielle driftsutgifter. For dei artene der fallviltet har ein salsverdi etter at naudsynte analysar av dyra er gjennomførte, omset Miljødirektoratet skinn og skrottar til inntekt for Viltfondet.

Spesielt om lisensfelling av rovvilt

Lisensfelling av rovvilt vart innført i 2005. I 2006 vart det innført ei ordning slik at dei som deltek i lisensfelling registrerer seg særskilt i Jegerregisteret. Det er førebels ikkje lagt opp til at denne gruppa jegerar skal betale særskilte avgifter slik som hjorteviltjegerar.

Post 72 Fiskaravgifter

Fiskaravgiftene som blir innbetalte til Statens fiskefond er inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Posten er foreslått redusert med 2,3 mill. kroner i høve til 2014, sjølv om fiskaravgiftene blir auka grunna prisstigninga. Reduksjonen skuldast nedgang i talet innbetalningar. Det skal òg nemnast at prisjusteringa av avgiftene er avkorta med

52 000 kroner som del i ei avbyråkratiserings- og effektiviseringsreform

Nærare om Statens fiskefond

Fiskaravgift til staten skal betalast for fiske i vassdrag med anadrom laksefisk. Det skal òg betalast avgift for fiske med faststående reiskap i sjøen. Det er innført visse unntak, bl.a. for fiske i medhald av reindriftslovgivinga og til undervisnings- eller behandlingsformål.

Bruken av midlane blir fastsett gjennom statsbudsjettet

Inntekter og avgiftssatsar

Inntektene til Statens fiskefond kjem frå fiskaravgift på fiske etter anadrom laksefisk. Ordninga med Statens fiskefond synleggjer at tilretteleggingstiltak, og delar av fiskeforvaltninga retta inn mot anadrome fiskearter, for ein stor del er baserte på brukarfinansiering.

Årsavgiftene for fiske etter anadrom laksefisk gjeld frå og med 1. januar til og med 31. desember og vart sist justerte i 2013. For 2015 gjer Regjeringa framlegg om å endre avgiftene tilsvarende prisstigninga i perioden.

Årsavgifta for fiske etter anadrom laksefisk i vassdrag i 2015 blir 247 kroner for enkeltpersonar, mens familieavgifta blir 394 kroner. Familieavgifta gjeld for ektefelle/sambuarar med eventuelle barn mellom 18 og 20 år.

Fiske med faststående reiskap i sjøen med sesongstart før 1. juli har ei årsavgift på 616 kroner, mens satsen for dei som har fiskestart etter 1. juli er på 374 kroner.

Inntektene frå avgiftene gjer at det er budsjettert med ein kapitalstraum i Statens fiskefond som vist i tabell 6.6.

Tabell 6.6 Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2015

	(i 1000 kr)
Saldo pr. 31.12.13:	1 658
Budsjettert innbetalt i 2014 ¹ :	15 000
Budsjettert refusjon i 2014 (utbetalningar frå fondet):	-15 000
Budsjettert saldo pr. 31.12.14:	1 658
Budsjettert innbetalt i 2015 ¹ :	15 684
Budsjettert refusjon i 2015 (utbetalningar frå fondet):	-15 684
Budsjettert saldo pr. 31.12.15	1 658

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Statens fiskefond blir forvalta av Klima- og miljødepartementet ved Miljødirektoratet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei inntektene ein ventar at fondet vil ha same året. Even-

tuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Inntektene over kap. 5578 post 72 finansierer utgifter til fisketiltak og fiskeforvaltning over kap. 1425 (post 01, 21 og 70) og kap. 1420 (post 01), og forskning på fiskeressursar over kap. 1410 post 50.

Planlagt bruk av inntektene frå fiskaravgiftene går fram av tabell 6.7.

Tabell 6.7 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Statens fiskefond i 2015

Formål	(i 1000 kr)
Administrasjon m.v. (kap. 1425.01):	326
Meirverdiavgift som føres under Finansdepartementet	71
Prosjekt, utgreiingar (kap. 1425.21)	1 889
Meirverdiavgift som føres under Finansdepartementet	219
Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70):	11 000
Sum under kap. 1425:	13 505
Tilskotsforvaltning i Miljødirektoratet (kap. 1420.01)	1 196
Fiskeforskning, NINA (kap. 1410.50):	983
Totalsum	15 684

Spesielt om lokale tiltak

I fordelinga av fondsmidlane, fråtrekt nødvendige driftsutgifter, er målet at minst 50 pst. av midlane går til tiltak som er initierte lokalt. Andre tiltak som er meinte å gi effekt for eit avgrensa område,

eit bestemt vassdrag eller fjordområde, og der lokale aktørar deltek i stor grad, blir rekna som lokale tiltak, sjølv om dei er initierte og administrerte av offentleg forvaltning, organisasjonar eller institusjonar på sentralt nivå.

Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Løyvingane under programkategori 12.30 høyrer i hovudsak inn under resultatområde 2 *Kulturminne og kulturmiljø* og omfattar verksemda til Riksantikvaren og Norsk kulturminnefond.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2015 på om lag 619,7 mill. kroner. Dette er ein auke på 5,5 mill. kroner netto, samanlikna med saldert budsjett for 2014. Løyvingane på kulturminneområdet går til å følgje opp intensjonane i St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* og Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste*. I sistnemnde melding, som vart behandla av Stortinget i 2013, er både ambisjonsnivået og måla

som Stortinget vedtok i 2005 haldne ved lag og førte vidare. Målsetjinga er å ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Det er også eit mål at eit utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, nærings- og tidsmessig breidde skal ha varig vern innan 2020, ved freding. Løyvinga omfattar midlar til å sikre, setje i stand og halde ved like freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø og midlar til å føre vidare arbeid med verdiskaping knytt til kulturminne og kulturmiljø.

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1429	Riksantikvaren	535 594	550 519	554 166	0,7
1432	Norsk kulturminnefond		63 590	65 487	3,0
	Sum kategori 12.30	535 594	614 109	619 653	0,9

Kap. 1429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	124 955	135 348	130 159
21	Spesielle driftsutgifter	72 954	37 735	67 953
50	Tilskot til samisk kulturminnearbeid	3 195	3 307	3 399
60	Kulturminnearbeid i kommunane		2 000	4 000
70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>		30 005	29 605
71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overførast</i>		120 402	114 375
72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overførast</i>	252 994	58 821	50 432

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overførast</i>	14 274	41 997	44 997
74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overførast</i>	47 812	56 712	56 329
75	Tilskot til fartøyvernssenter, <i>kan overførast</i>	1 439	6 726	6 726
77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde, <i>kan overførast</i>	9 471	8 264	7 964
78	Tilskot til sikring og forvaltning av arkeologiske kulturminne, <i>kan overførast</i>	8 500		
79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overførast</i>		49 202	38 227
	Sum kap. 1429	535 594	550 519	554 166

Rolle og oppgaver for Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og Klima- og miljødepartementets rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet. Riksantikvaren skal medverke fagleg til departementet sitt arbeid med kulturminneforvaltning. Innsats og verkemiddel er særleg knytte til gjennomføring av 10 bevaringsprogram for nasjonalt viktige kulturminne, til prosjektet Kunnskapsløft for kulturminneforvaltninga og til verdiskaping på kulturminneområdet. Riksantikvaren skal i partnerskap med eigarar og næringsliv stimulere til auka verneinnsats og verdiskaping. Direktoratet har òg ein rådgivande funksjon overfor anna offentleg forvaltning, allmenta og næringslivet.

I saker der Riksantikvaren utøvar mynde etter særlov, skal både kulturminnefaglege og andre samfunnsomsyn leggjast til grunn for avgjerdene. Riksantikvaren har ansvaret for å gjennomføre den statlege kulturminnepolitikken, og har i den samanhengen eit overordna kulturminnefagleg ansvar for arbeidet til fylkeskommunane, Sametinget, forvaltningsmusea og Sysselmannen på Svalbard som regionale styresmakter for kulturminne. Tilretteleggings- og stimuleringsiltak skal medverke til at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar i sine omgivnader. Riksantikvaren skal formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sjå til at folkerettsleg bindande avtaler om kulturminne og kulturmiljø blir etterlevde.

Post 01 Driftsutgifter

Hovuddelen av løyvinga dekkjer lønn og godtgjersler til tilsette, husleige, oppvarming, reinhald, IT, reiseverksemd, informasjonstiltak og andre driftsutgifter for Riksantikvaren. Posten dekkjer i tillegg kjøp av konsulenttenester til faglege prosjekt og utgreiingar, under dette kostnader knytte til Riksantikvarens drift og oppfølging av elektronisk biletarkiv for miljøforvaltninga. Inntekter knytte til dette blir førte under kap. 4429 post 02 og 09.

Posten dekkjer òg driftsutgifter for Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim. Senteret er finansiert av Klima- og miljødepartementet og Kulturdepartementet. Som ein del av arbeidet med den nasjonale pilegrimssatsinga vart det i 2014 rammeoverført 5,682 mill. kroner frå Kulturdepartementet til Klima- og miljødepartementet. Desse midlane skal gå til drift av fem regionale pilegrimssenter som vart etablerte i 2010.

Posten er redusert med om lag 5,2 mill. kroner. Endringa er samansett og består av både utgiftsauke som lønns- og priskompensasjon og utgiftsreduksjonar. Reduksjonane på posten skuldast i hovudsak innføring av ordninga med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga, prioritering av andre formål og en foreslått flytting av midlar til drift av Kongsvoll fjellstove til post 21. Sistnemnde for å skilje beløpet frå Riksantikvarens eige driftsbudsjett.

Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 4429, post 02 og 09, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlar på denne posten blir nytta til kjøp av digitale utviklingstenester, støtte til registreringsarbeid og til å utvikle og etablere kompetansetiltak innanfor prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga (2011–2017) – ei omfattande satsing som er sett i gang av Riksantikvaren som eit svar på Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon, Dokument 3:9 (2008–2009).

Midlane blir elles nytta til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigar-/forvaltningsansvar for.

Riksantikvaren lyser ut Forskings- og utviklingsmidlar innanfor denne potten, og bestiller utgreiingar bl.a. på klima- og energifeltet.

Posten dekkjer òg kjøp av utviklingstenester for nett og arkiv.

Riksantikvaren har eit ansvar for å medverke til internasjonalt samarbeid om kulturminneforvaltning, markere Noreg som ein viktig medspelar til nøkkelorganisasjonar innanfor fagfeltet og som eit land med særleg kompetanse på forvaltning av bygningar i tre. Post 21 inkluderer prosjektmidlar til fagleg samarbeid med andre land i samsvar med norske prioriteringar, medlemsutgifter og utgifter knytte til samarbeidsavtaler og utgreiingsarbeid. Midlar til det internasjonale kurset i konservering av tre (ICWCT – International Course on Wood Conservation Technology) blir òg dekte over denne posten.

Posten er auka med om lag 30,2 mill. kroner.

Auken består i 26,5 mill. kroner som er foreslått flytta frå tilskotspostane 70, 71, 72, 73, 74, 77 og 79 til post 21. Desse midlane skal nyttast til kjøp av vedlikehald- og istandsetjingstenester i prosjekt der Riksantikvaren står som tilsegnshavar og gjennomfører prosjekta.

Auken omfattar også ein styrking av arbeidet med brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer med 20,0 mill. kroner. Av desse er 6,0 mill. kroner satt på post 21 og 14,0 mill. kroner på post 73. Vidare omfattar auken ein styrking av innsatsen i prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga med 3,0 mill. kroner.

Midlar til drift av Kongsvoll fjellstove, som har vore belasta post 01, er foreslått flytt til post 21 for å skilje midlane frå Riksantikvarens eige driftsbudsjett. Det foreslås også å omdisponere 2 mill. kroner til post 60 som gjeld styrking av kommunal kompetanse.

Andre endringar skuldast innføring av nøytral meirverdiavgift i staten.

Post 50 Tilskot til samisk kulturminnearbeid

Midlane er stilte til disposisjon for Sametinget, og skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane til kulturminneformål frå kap. 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap.

Mål

Å setje i stand og synleggjere samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane under post 50 er relaterte til dei nasjonale måla 2.1–2.4.

Kriterium for måloppnåing

- Tal på registrerte freda, samiske kulturminne i privat eige i kulturminnedatabasen Askeladden.
- Tal på freda, samiske bygg i privat eige med ordinært vedlikehaldsnivå.
- Opplysningar om tiltak retta mot freda, samiske kulturminne.

Tildelingskriterium

Målgruppa er private eigarar av samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane blir tildelte større vedlikehalds- og restaureringsarbeid, men går òg til skjøtsel, sikring, istandsetjing og formidling, etter søknad til Sametinget.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skal skje overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle kan det vere aktuelt med kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Post 60 Kulturminnearbeid i kommunane

Posten var ny i 2014 og oppretta som eit ledd i ei særskilt satsing, frå 2. halvår 2014 til 1. halvår 2016, på kommunal kompetanse. Midlane på posten er tilskot, som saman med midlar frå kommunane, skal initiere til etablering av byantikvarstilingar i 10 kommunar.

Posten er auka med 2 mill. kroner. Dette er midlar foreslått flytte frå post 21 til post 60 for å styrkje arbeidet med kommunal kompetanse.

Mål

Målet er å etablere ein kommunal faginstans som skal sikre at kommunane har kunnskap om, og gode oversikter over kulturhistoriske verdiar i eigen kommune, og planar for å ta vare på eit utval av desse på ein god måte. Midlane på posten er relaterte til nasjonalt mål 2.1: *Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det liggje føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.*

Kriterium for måloppnåing

- Tal på kommunar som har oppretta stillingar som byantikvar

Tildelingskriterium

Målgruppa er store og mellomstore bykommunar. Kommunane som er i NB!-registeret (<http://nb.ra.no/nb>), og som ikkje har byantikvar frå før, er inviterte til å søkje om tilskot til oppretting av byantikvarstillingar.

Kommunar med særskilt behov for å styrkje kulturminnekompetansen, mellom anna grunna stort press på areal, freda kulturmiljø, mange område regulerte til bevaring eller omsynssoner, utfordringar knytte til brannsikring eller til klimaendringar, vert prioriterte.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakarane skal rapportere om bruken av midlane til Riksantikvaren.

Post 70 Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, kan overførast

Posten erstattar post 72.1 Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak m.m., 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne og 78 Tilskot til sikring og forvaltning av arkeologiske kulturminne i gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013).

Posten dekkjer utgifter til arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak og når særlege grunnar ligg føre.

Delar av midlane under posten er knytte til bevaringsprogrammet for bergkunst og for utvalde, arkeologiske kulturminne.

Posten dekkjer òg tilskot til arkeologiske museum, sjøfartsmuseum og Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU).

Posten er òg nytta til finnarløn.

0,4 mill. kroner er foreslått flytt frå posten til post 21 og skal nyttast til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester i prosjekt der Riksantikvaren står som tilsegnshavar og gjennomfører prosjekta.

Mål

Medverke til forvaltning av, og ivaretaking av kunnskapen om, automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne.

Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål 2.2: *Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*

Kriterium for måloppnåing:

- Tiltak retta mot sikring, tilrettelegging og dokumentasjon av automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne i bevaringsprogrammet for bergkunst og bevaringsprogrammet for utvalde, arkeologiske kulturminne
- Tiltak retta mot sikring av kunnskap om automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne

Tildelingskriterium

Målgruppa for tilskotet er tredelt:

Ei målgruppe er private tiltakshavarar. Staten dekkjer som hovudregel utgiftene til registreringar og utgravingar av arkeologiske kulturminne i samband med mindre private tiltak og dersom det ligg føre særlege grunnar, jf. kulturminnelova § 10.

Ei anna målgruppe er eigarar og forvaltarar av arkeologiske kulturminne. Tilskota blir i hovudsak nytta til oppfølging av dei to bevaringsprogramma utvalde arkeologiske kulturminne og kulturmiljø og bergkunst. Tilskot kan mellom anna gå til skjøtsel, restaurering og formidling, og til tiltak som gir auka tilgjenge eller som medverkar til å avgrense slitasjen på kulturminna. Tiltak der mellom anna lokalt engasjement eller særlege opplevings- og formidlingsverdiar er knytte til kulturminna skal prioriterast. Midlane blir tildelte etter søknad til Riksantikvaren.

Den siste målgruppa er forvaltingsinstitusjonar med ansvar for arkeologiske kulturminne etter gjeldande forskrift. Midlane kan nyttast til nødvendig fagleg assistanse til fylkeskommunane

og Sametinget i forvaltningssaker. Midlane skal òg dekkje nødvendig fagleg assistanse frå Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) i samband med forvaltning av oppgåver der Riksantikvaren er rett styresmakt. Midlane skal vidare nyttast til å dekkje utgifter til nødvendige undersøkingar for å sikre det vitskaplege kjeldematerialet og til anna arbeid for å sikre kulturminnet på staden, og til hjelp i kulturminnekriminalitetssaker, ved dei arkeologiske forvaltningsmusea. I tillegg skal midlane dekkje saksbehandling og feltundersøkingar ved sjøfartsmusea.

Posten dekkjer òg finnarløn som blir fastsett etter skjønn av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova § 13.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren skal kontrollere at tiltakshavar oppfyller kriteria for å få tilkjent dekning av registreringar og utgravingar. Riksantikvaren overfører midlar til dei arkeologiske forvaltningsmusea og til regional kulturminneforvaltning etter framlegging av rekneskap over forskotterte midlar og etter framlagt slutfaktura.

Eigarar og forvaltarar av arkeologiske kulturminne leverer sluttrapportar på utført arkeologisk arbeid til Riksantikvaren som kontrollerer at arbeidet er utført i samsvar med dei aktuelle vilkåra. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Forvaltningsinstitusjonar rapporterer om bruk av tildelte midlar.

Post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap

Posten erstattar post 72.2 Vern og sikring av freda bygningar og anlegg i privat eige, 72.4 Kystkultur og 72.5 Vern og sikring av freda og særleg verdifulle kulturmiljø og landskap i gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Delar av midlane under posten er retta mot Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige.

6,0 mill. kroner er foreslått flytt frå posten til post 21 og skal nyttast til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester i prosjekt der Riksantikvaren står som tilsegnshavar og gjennomfører prosjekta.

Mål

Freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige skal

vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål 2.4: *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*

Kriterium for måloppnåing

- Tiltak retta mot freda bygningar og anlegg i privat eige
- Tiltak retta mot freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten
- Tiltak retta mot freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap

Tildelingskriterium

Ei målgruppe er private eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under behandling. Kulturminna må vere heilt eller delvis i privat eige. Tilskot skal dekkje meirutgifter, heilt eller delvis, i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø, som er i samsvar med fredingsføremålet. Følgjande prioriteringar gjeld: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Tilskota blir fordelte på grunnlag av følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av. I arbeidet med kystkulturen skal det leggast til rette for at kulturminne og kulturmiljø kan medverke til å skape attraktive lokalsamfunn.

Siste målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i første rekkje knytt til dei åtte freda kulturmiljøa, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskota skal primært tildelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtelsesplanar.

2 mill. kroner er øyremerkte sikring og istandsetjing av samiske bygningar. Midlane vil bli utbetalte av Riksantikvaren etter oppmoding frå Sameetinget. Riksantikvaren vil gi nærare føringar for bruken av tilskotet.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til fylkeskommunen/Sametinget som skal sjå til at arbeidet er utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Fylkeskommunen/Sametinget skal rapportere til Riksantikvaren.

Når det gjeld siste målgruppa og tilskot til dei åtte freda kulturmiljøa, og til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap, skal tilskotsmottakaren levere sluttrapportar på utført arbeid til Riksantikvaren som skal sjå til at arbeida blir utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggjast til fylkeskommunen/Sametinget.

I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden.

Post 72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne

Posten erstattar post 72.8 Tekniske og industrielle kulturminne i gammel poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Midlane skal rettast mot arbeidet med bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne.

Posten er redusert med 8,4 mill kroner.

0,4 mill. kroner er foreslått flytt frå posten til post 21 og skal nyttast til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester i prosjekt der Riksantikvaren står som tilsegnshavar og gjennomfører prosjekta.

Mål

Dei 10 opphavlege anlegga i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehalds nivå innan utgangen av 2015, mens dei fem anlegga som er inkluderte i programmet i ettertid, blant dei Bredalsholmen dokk/anlegg, skal vere sette i stand i løpet av tre til fem år. Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål 24. *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehalds nivå innan 2020.*

Kriterium for måloppnåing

- Dei prioriterte tekniske og industrielle kulturminna som er sette i stand
- Tilskot for å vedlikehalde dei prioriterte tekniske og industrielle kulturminna

Tildelingskriterium

Midlane på posten skal gå til bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne og blir primært brukte til sikring, vedlikehald og istandsetjing av anlegga. Det kan òg bli løyvd midlar til andre anlegg som representerer og dokumenterer Noregs tekniske og industrielle historie.

Målgruppa er i hovudsak private eigarar og forvaltalar. Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og tiltak for å fullføre pågåande arbeid med å setje i stand anlegga skal prioriterast ved tildeling av tilskot. Det kan òg ytast tilskot til vedlikehald. Det skal leggjast vekt på at kulturminna skal kunne gi grunnlag for verdiskaping gjennom ny bruk.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakaren skal levere sluttrapportar på utført arbeid til Riksantikvaren som ser til at arbeida er utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. Oppfølging på staden er særleg aktuelt, og viktig for å sikre at arbeidet vert utført etter antikvariske retningslinjer.

Post 73 Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring

Posten erstattar post 72.3 Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen og post 73 Brannsikring og beredskapsarbeid i gammel poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Tilskotsordninga er knytt til dei fire bevaringsprogramma; stavkyrkjer, ruinar, freda bygningar i privat eige og brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer.

11,0 mill. kroner er foreslått flytt frå posten til post 21 og skal nyttast til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester i prosjekt der Riksantikvaren står som tilsegnshavar og gjennomfører prosjekta. Arbeidet med brannsikring av tette trehusmiljø og stavkyrkjer er styrkt med 20,0 mill. kroner. Av desse er 14,0 mill. kroner satt på post 73 og 6,0 mill. kroner på post 21.

Mål

Dei 28 stavkyrkjene skal ha eit ordinært vedlikehalds nivå innan 2015. Prioriterte ruinar og profane bygningar frå mellomalderen skal ha eit ordinært vedlikehalds nivå innan 2020. Branntilløp og

brann i stavkyrkjer, og brannspreiing mellom hus i tette trehusmiljø, skal unngåast. Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål 2.2 *Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020* og nasjonalt mål 2.4 *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*.

Kriterium for måloppnåing

- Tiltak retta mot stavkyrkjer, profane bygningar og prioriterte ruinar frå mellomalderen, og opplysningar om tilstandane til desse kulturminna.
- Brannsikringstiltak i tette trehusmiljø og stavkyrkjer.
- Eventuell brann eller branntilløp i stavkyrkjer og om tilfelle av brannspreiing mellom hus i tette trehusmiljø.

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av automatisk freda bygningar og anlegg frå mellomalderen, og av utvalde tette trehusmiljø. Midlane skal gå til vern, sikring og beredskapsarbeid. Dette inkluderer brannsikringstiltak, istandsetjing av stavkyrkjene og sikring og konservering av verdifull kyrkjekunst i desse kyrkjene. Det skal òg ytast tilskot til sikrings- og restaureringstiltak på mellomalderbygningar og mellomalderruinar. Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi for brannsikring av andre verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

Istandsetjingstiltak skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren. Riksantikvaren kan sjølv prioritere og initiere oppgaver og tiltak på særleg viktige prosjekt.

I medhald av St.meld. nr. 26 (2006–2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* skal 45 av ruinane inkludert dei 12–15 største anlegga takast vare på. Vidare skal ruinar som engasjerer lokalmiljøet prioriterast.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar må levere sluttrapport på utført arbeid til Riksantikvaren som òg omfattar ein økonomisk rapport. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollerer at arbeida

blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Kontroll på staden er òg aktuelt.

Post 74 Tilskot til fartøyvern

Posten er vidareført frå gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Midlane skal gå til bevaringsprogrammet for fartøy.

0,4 mill. kroner er foreslått flytt frå posten til post 21 og skal nyttast til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester i prosjekt der Riksantikvaren står som tilsegnshavar og gjennomfører prosjekta.

Mål

Freda fartøy og eit utval fartøy der det er inngått avtale med eigarar om vern, skal vere sette i stand innan 2020. Tilskotsordninga er relatert til nasjonalt mål 2.4 *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020*.

Kriterium for måloppnåing

- Talet på freda og verna fartøy som er sette i stand.
- Opplysningar om restaurerings- og istandsetjingstiltak på verna og freda fartøy.

Tildelingskriterium

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av freda fartøy, og fartøy der det er inngått avtaler med eigarar om vern. Riksantikvaren fordeler midlane etter søknad til konkrete restaurerings- og istandsetjingsarbeid. I tillegg kan Riksantikvaren sjølv prioritere og initiere oppgaver og tiltak innanfor særlege satsingsfelt. Eit grunntilskot til Norsk Foreining for Fartøyvern blir utbetalt over denne posten etter søknad frå foreininga.

Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelte etter følgjande prioriteringar: allmenn interesse, offentleg tilgjengelege, økonomisk gjennomføringsvilje og -evne, potensial for lokalt engasjement, særlege opplevings- og formidlingsverdiar knytt til fartøyet. I tillegg skal tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall og fartøy som det finst få av prioriterast. Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren. For å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring av omfattande og kompliserte istandsetjingstiltak skal det i startfasen gjerast ei god planlegging og prioritering av tiltaka.

Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar leverer sluttrapport på utført arbeid, som også omfattar ein økonomisk rapport til Riksantikvaren. Meir detaljert informasjon om rapporteringskrav blir gitt i dei enkelte tilskotsbrev. Riksantikvaren kontrollere at arbeida blir utførte i samsvar med dei vilkåra som er sette. Oppfølging på staden er særleg aktuelt, og viktig for å sikre at arbeidet vert utført etter antikvariske retningslinjer.

Post 75 Tilskot til fartøyvernsenter, kan overførast

Posten erstattar post 72.7 Fartøyvernsenter i gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Midlane under posten er knytte til bevaringsprogrammet for fartøy.

Mål

Hjelpe dei tre utvalde fartøyvernsentra i deira funksjon som kompetansesenter for restaurering og vedlikehald av freda og verna fartøy, jf. nasjonalt mål 2.4 *Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.*

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om tiltak der det er ytt tilskot til fartøyvernsenter.

Tildelingskriterium

Målgruppa er Nordnorsk Fartøyvernsenter og Båtmuseum i Gratangen, Hardanger Fartøyvernsenter i Norheimsund og Bredalsholmen Fartøyvernsenter utenfor Kristiansand.

Tilskot kan ytast som driftstilskot for å dekkje sentra sine kostnader med fellestenester knytte til forskning, dokumentasjon og fagleg rådgiving. Tilskotet skal primært medverke til å finansiere stillingar knytte til dokumentasjonsarbeid i samband med istandsetjingsarbeid på fartøy som Riksantikvaren gir tilskot til. Noko av tilskotsmidlane kan nyttast til investeringar i anlegga.

Oppfølging og kontroll

Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget skal sjå til at tilskotsmottakaren leverer sluttrapportar på utført arbeid, og at arbeida blir utførte i samsvar med dei aktuelle vilkåra, for å sikre til at tiltak er gjennomførte etter antikva-

riske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet. Oppfølging på staden og i samarbeidsfora med dei tre fartøyvernsentra er viktig. Kontrollen overfor tilskotsmottakarar skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av revidert årsrekneskap og årsmelding frå fartøyvernsenteret.

Post 77 Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, kan overførast

Posten er vidareført frå gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013).

0,3 mill. kroner er foreslått flytt frå posten til post 21 og skal nyttast til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester i prosjekt der Riksantikvaren står som tilsegnshavar og gjennomfører prosjekta.

Mål

Kulturminne og kulturmiljø skal takast i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for miljøvis, økonomisk, sosial og kulturell utvikling. Tilskotsordninga er relatert til dei nasjonale måla 2.1 – 2.4.

Kriterium for måloppnåing

- Verdiskapingsresultat for næringsliv og lokalsamfunn.
- Talet på verdiskapingsprosjekt/-tiltak som er integrert i større utviklingsprosessar.
- Talet på kommunar og fylkeskommunar som deltek i verdiskapingsprosjekt med støtte frå post 77.
- Talet på kulturminne, kulturmiljø og landskap som er involverte, og kva prosjekta betyr for desse.

Tildelingskriterium

Midlane skal nyttast til satsingar som tydeleggjer og integrerer kulturminnefeltet i lokal og regional utvikling og som samstundes siktar mot ei koordinert og langsiktig forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Samhandling med aktørar og verkemiddel som støtter opp om dette vil bli prioritert. Det skal leggjast vekt på prosjekt som ser kulturarv og naturverdiar i samanheng og som involverer eigarar, bedrifter, frivillige, styresmakter og institusjonar for utvikling lokalt og regionalt. Det er ein føresetnad at fylkeskommunane og kommunane er aktive deltakarar. Arbeidet med Pilegrimsleia og Kultur- og naturreise vil bli prioritert.

Oppfølging og kontroll

I tillegg til gjennomgang av årlege prosjektrapportar og revisorstadfesta årsrekneskapar, vil prosjekta bli følgt opp i prosjektåret, både med sikte på bistand til nødvendig koordinering av verkemiddel frå fleire sektorar og for å synleggjere og formidle effektar av verdiskaping.

Post 79 Tilskot til verdsarven, kan overførast

Posten erstattar post 72.9 World Heritage List, nasjonale oppgåver i gammel poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013). Midlane under posten skal nyttast i bevaringsprogrammet for verdsarven, og er relaterte til dei nasjonale måla 2.1–2.4.

8,0 mill. kroner er foreslått flytt frå posten til post 21 og skal nyttast til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester i prosjekt der Riksantikvaren står som tilsegnshavar og gjennomfører prosjekta.

Posten er elles redusert med 3,0 mill. kroner.

Mål

Stadene på Unescos verdsarvliste i Noreg skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unesco verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinjene frå Unesco.

Kriterium for måloppnåing

Tiltak retta mot verdsarvstader i Noreg.

Tildelingskriterium

Målgruppa er stadene i Noreg som står på eller er under nominasjon til Unescos verdsarvliste. Det gjeld sju stader og for tida er det sett i gang arbeid med to nye nominasjonar. I spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte medverkar til sikring av disse stadene

Tilskot skal ytast i tråd med forpliktingane som følgjer av Unescos verdsarvkonvensjon og i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå Unesco.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Kontrollen overfor tilskotsmottakaren skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og innsende rapportar. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt at Riksantikvaren eller fylkeskommunen/Sametinget utfører kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Kap. 4429 Riksantikvaren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
02	Refusjonar og ymse inntekter	1 600	4 020	4 152
09	Internasjonale oppdrag	1 404	1 139	1 176
15	Refusjonar vedr. arbeidsmarknadstiltak	140		
16	Refusjon av fødsel- og adopsjonspengar	575		
17	Refusjon av lærlingar	300		
18	Refusjon av sjukepengar	836		
	Sum kap. 4429	4 855	5 159	5 328

Post 02 Refusjonar og diverse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar m.m., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er det budsjettert inntekter ved sal av Riksantikva-

rens rapportar og andre produkt, og inntekter frå Det nasjonale pilegrimssenteret og driftsvederlag frå Kongsvoll fjellstove. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarende utgiftene til internasjonale oppdrag. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1429 Riksantikvaren: Rekneskap og rapport for 2013 jf. poststruktur i Prop. 1 S (2012–2013).

Poststrukturen i kap. 1429 Riksantikvaren er endra og er gjeldande frå 2014. Her følgjer rekneskap og rapport for 2013 i samsvar med gammal poststruktur, jf. Prop. 1 S (2012–2013).

Post 01 Driftsutgifter

Rapport 2013

Størsteparten av midlane er lønnskostnader. I perioden frå 2010 til 2013 har talet på faste årsverk

vore uendra, mens lønnsbudsjettet har auka med rundt 20 pst. Veksten i lønnsbudsjettet skuldast generell lønnsauke og bruk av mellombels tilsette og ekstrahjelp. I den same tidsperioden har budsjettposten for andre driftsutgifter auka med rundt 5 pst. Dette skuldast blant anna auke i faste lisens- og vedlikehaldsavtaler knytte til utvikling og drift av fagsystem, prisstigning og auka driftskostnader i samband med pilegrimssenteret.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under postane 72 og 73

Rapport 2013

18,6 mill. kroner av post 21 er nytta i prosjektet Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga i 2013.

Tabell 6.8 Aktivitet i Kunnskapsløftet for Kulturminneforvaltninga i 2013

Aktivitet	Forbruk (i 1 000 kr)
Kulturminneportalen	1 100
Lønn, reise og kompetansemidlar	900
Lokale kulturminneregistreringar og arbeid med kulturminneplanar i kommunane	4 700
Fylkeskommunane sitt arbeid med kompetansemodellar for kommunar i eigen region	1 800
Systematisering og digitalisering av eldre analog dokumentasjon	4 800
Sametingets registreringar av automatisk freda samiske bygningar	3 400
Digitale verktøy og tekniske tilretteleggingar	1 500
Miljøovervaking, verneverdige	400
Sum	18 600

0,1 mill. kroner er nytta i prosjektet *Statens kulturhistoriske eigedommar* til freding av eigedommar tilknytte Landbruks- og matdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Det er òg gjennomført høyring av freding for eigedommar knytte til Kunnskapsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet.

0,7 mill. kroner er nytta i prosjektet Fredingsgjennomgangen.

0,8 mill. kroner er nytta til pilegrimsleia gjennom Nasjonalt pilegrimssenter. Midlane på posten

er elles nytta til kjøp av vedlikehalds- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigar-/forvaltaransvar for.

I 2013 har Riksantikvaren gitt støtte til fleire FOU-prosjekt. Blant desse prosjekta er bruk av høgteknologi i overvaking, husbukkangrep i eldre trehus og eit norsk forskingsprosjekt under Joint Programme Initiative – Cultural Heritage (JPI-CH). Direktoratet har òg administrert ein informasjonspakke om kulturminne og havnivåstigning frå CIENS-institutta, på bestilling frå Klima- og miljødepartementet.

Post 72 Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, kan overførast

Tabell 6.9 Rekneskap 2013 Post 72

Underpost	Nemning	Rekneskap 2013 (i 1 000 kr)
72.1	<i>Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak</i>	12 703
72.2	<i>Vern og sikring av freda bygningar og anlegg</i>	81 074
72.3	<i>Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen</i>	24 395
72.4	<i>Kystkultur</i>	14 884
72.5	<i>Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap</i>	4 580
72.6	<i>Skjøtsel av automatisk freda kulturminne</i>	3 684
72.7	<i>Fartøyvernsenter</i>	7 550
72.8	<i>Tekniske og industrielle kulturminne</i>	59 216
72.9	<i>World Heritage List, nasjonale oppgåver</i>	44 908
	<i>Sum post 72</i>	252 994

Underpost 72.1 Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak m.m.

Mål

Å sikre og ta vare på vitskapeleg kjeldemateriale knytt til automatisk freda arkeologiske kulturminne.

Rapport 2013

Det er gjennomført ei rekkje arkeologiske undersøkingar i 2013 knytt til ordninga der staten dekkjer utgifter til arkeologiske undersøkingar i samband med mindre, private tiltak, og dersom det ligg føre særlege grunnar.

Midlar frå posten er nytta til å dekkje utgifter som fell inn under ordninga for mindre private tiltak, herunder til eit prøveprosjekt med delegert mynde der fylkeskommunane gjennomført arkeologiske undersøkingar med føremål å forenkle og effektivisere saksbehandlinga og redusere utgifter i saker som krev dispensasjon frå kulturminnelova.

Midlar frå posten er i 2013 mellom anna òg brukt til å dekkje nødvendige utgifter til sikrings tiltak i samband med flaumskadar på ein mellomalderkyrkjegard på Listad i Sør-Fron kommune i Oppland.

Tabell 6.10 Tiltak for å sikre og ta vare på kunnskap om automatisk freda kulturminne 2013

Tiltak	Tal på saker	Tilskot (i 1 000 kr)	Merknader
Mindre private tiltak. Direkte tilskot frå RA	34	6 652	Midlane blir betalte ut til den institusjonen som gjennomfører utgravinga
Mindre, private tiltak. Tilskot til fylka i samband med prøveprosjekt med delegert mynde.	14	1 276	
Særlege grunnar. Direkte tilskot frå RA	8	2 737	
Sikring av arkeologiske kulturminne og vitskapleg kjeldemateriale	6	2 199	
Miljøovervaking	1	100	Vågen i Bergen
Finnarlønn	14	33	
Sum	77	12 995	

Underpost 72.2 Vern og sikring av freda bygningar og anlegg i privat eige

Midlane på posten går til bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige.

Mål

Målet er at alle freda bygningar i privat eige skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Rapport 2013

I 2013 vart det brukt 69 mill. kroner i bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Hovuddelen av posten ble fordelt til fylkeskommunar som vil setje i gang eit utval prioriterte prosjekt. På den måten vil midlane blir meir konsentrerte, slik at fleire prosjekt blir avslutta og effekten av den offentlege innsatsen blir tydelegare.

Det er gjort ei særskilt satsing på dei tre fylka Oppland, Hordaland og Telemark, som samla mottok 22,8 mill. kroner i tilskot i 2013. I desse fylka er utdanning av handverkarar godt i gang og satsinga som vil halde fram i nokre år, vil medverke til utviklinga av handverkskompetanse og gi fylka tid og kapasitet til å handtere fleire prosjekt.

Underpost 72.3 Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen

Midlane på posten går i hovudsak til dei tre bevaringsprogramma; ruinar, stavkyrkjer og freda bygningar i privat eige.

Mål

Målet for tilskotsordninga er å verne og sikre automatisk freda bygningar og ruinar frå mellomalderen, slik at dei oppnår eit ordinært vedlikehaldsnivå i 2020. Under dette skal eit utval ruinar sikrast og gjerast tilgjengeleg for publikum innan 2020, og dei 28 stavkyrkjene skal vere sette i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2015.

Rapport 2013

Det er brukt 11, 6 mill. kroner bevaringsprogrammet for ruinar (Ruinprosjektet) i 2013. Då er det utført arbeid på 18 anlegg; konservering, skjøtsel av murane og området omkring, skilting og tilrettelegging.

Det er utført dokumentasjon og forskning med vekt på gjenfinning og stadfesting av ruinar over og under bakken, og på lokalisering av steinbrot. Her kan nemnast undersøkingar med georadar på Ytre Giske ruin i Møre og Romsdal, og undersøkingar av steinbrot ved Selje kloster og Reinskloster.

Innan informasjon og formidling kan nemnast filmen *Stein på stein* – ein digital rekonstruksjon av Bergens steinbygningar i mellomalderen og kurs for murarar.

I bevaringsprogrammet for stavkyrkjer er det brukt 11,1. mill. kroner i 2013. Av dette gjekk 2,7 mill. kroner til konservering av kyrkjekunst og dekor. 23 av 28 kyrkjjer er no ferdig sette i stand. I 2013 vart arbeida i Undredal stavkyrkje ferdigstilte og det er sett i gang arbeid med istandsetjing i Høyjord, Ringeby og Haltdalen stavkyrkje. Det

er gjennomført større konserveringsarbeid i Kvernes, Ringebru og Undredal. Vidare er det blitt utarbeidd vedlikehaldsplanar for ein del av dei ferdigstilte kyrkjene, og ein er i gang med sluttrapportar for fleire kyrkjer.

Tilskot til hus frå mellomalderen blir òg henta frå denne posten. Istandsetjing av desse inngår i bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. I 2013 vart det brukt 2 mill. kroner til omfattande restaureringsarbeid ved ei mellomalderstove i Numedal og til mindre arbeid ved 6 andre tømmerhus frå mellomalderen. Arbeida spenner frå større utbetringar av lafteverk til tradisjonell taktækking og refundamentering.

Underpost 72.4 Kystkultur

Mål

Å sikre og setje i stand freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten.

Underpost 72.5 Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap

Mål

Å verne og sikre freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

Rapport 2013

Tilskot til freda kulturmiljø og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap går primært til skjøtsel av landskapet for å ta vare på heilskapen i kulturmiljøa. Midlane bidreg òg til at kunnskap om gamle driftsmåtar blir halden ved lag. Tildelinga frå posten er sett i samanheng med dei andre postane under post 72 Vern og sikring av freda kulturminne og kulturmiljø.

I 2013 har fire av dei åtte freda kulturmiljøa motteke tilskot etter søknad til fylkeskommunane. Dei fire er Birkelunden, Havråtunet, Sogndalstrand og Sør-Gjeslingan.

Andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap har fått tilskot til skjøtsel, mellom anna bidrag til forvaltningsplan for hagen til Nicolai Astrup, Sogn og Fjordane, Lyngheisenteret i Hordaland, Dyrøy kystgard i Nordland og Falstadsenteret i Nord-Trøndelag.

Elles har midlar frå posten vore bidrag til mellom anna Utvalte jordbrukslandskap, NRK-serien *Levende Landskap*, og grunnlagsanalysar for forvaltning av trehusbygningane ved Kongsvinger festning.

Tabell 6.11 Tilskot til freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap i 2013

Mottaker/tiltak	Tilskot (i 1 000 kr)
Havråttunet kulturmiljø, Hordaland	2 074
Lyngheisenteret, Hordaland	460
Buførevegen/Pilgrimsvegen, Ullensvang kommune, Hordaland	300
Sør-Gjeslingan kulturmiljø, Nord-Trøndelag	600
Falstadsenteret, Nord-Trøndelag	100
Utstein kloster kulturmiljø, Abbedens hus, Rogaland	500
Sogndalstrand kulturmiljø, Rogaland	300
Kystgården Dyrøy, Lurøy kommune, Nordland	26
Ottadalsreinen – bokprosjekt, Oppland	20
Kongsvinger – grunnlagsanalysar, Hedmark	100
Forvaltningsplan for hagen til Nicolay Astrup, Sogn og Fjordane	100
NRK-serien <i>Levende Landskap</i>	200
Sum	4 780

Underpost 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Midlane på posten går til Bevaringsprogramma utvalte arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (BARK) og bergkunst (BERG).

Mål

Eit utval automatisk freda arkeologiske kulturminne og kulturmiljø og bergkunstlokalitetar skal dokumenterast, sikrast og gjerast tilgjengeleg for publikum innan 2020 gjennom skjøtsel og tilrettelegging.

Rapport 2013

I 2013 har 37 prosjekt (til saman 107 lokalitetar i Askeladden) som inngår i bevaringsprogrammet for utvalte, arkeologiske kulturminne, motteke tilskot på til saman 2,5 mill. kroner. I dei ulike prosjekta er det utført skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø over heile landet. Midlar frå posten er òg brukt til fullføring av ein tilstandsanalyse som omfattar nærare 3000 kulturminne i 2013.

Gjennom bevaringsprogrammet for bergkunst er det i 2013 utført dokumentasjon, skjøtsel, tilrettelegging og sikring av bergkunstlokalitetar over heile landet, og det er gjennomført tiltak og prosjekt innan metodeutvikling og formidling. I 2013 er det gitt tilskot på 4,92 mill. kroner til fylkeskommunar/Sametinget og forvaltingsmuse for tiltak på 101 bergkunstlokalitetar.

Underpost 72.7 Fartøyvernssenter

Midlane på posten er tilskot til fartøyvernssenter.

Mål

At dei tre utvalde fartøyvernssentra kan fungere som kompetansesenter for restaurering og vedlikehald av fartøy.

Rapport 2013

I 2013 er 6,5 mill. kroner fordelt til dei tre fartøyvernssentra Nordnorsk Fartøyvernssenter og Båt-

huset på Gratangen, Hardanger fartøyvernssenter i Nordheimsund og Bredalsholmen Dokk og farøyvernssenter. Tilskota har mellom anna finansiert stillingar knytte til dokumentasjonsarbeid i samband med istandsetjingsarbeid på fartøy som Riksantikvaren gir tilskot til. Tilskota har vidare medverka til generell rådgivning, opplæring og kompetansebygging ved sentra og overfor fartøyeigarar.

Underpost 72.8 Tekniske og industrielle kulturminne

Midlane blir brukte på bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne.

Mål

Å setje i stand og vedlikehalde dei prioriterte tekniske og industrielle anlegga innan 2015.

Rapport 2013

I 2013 omfatta bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne 14 prioriterte anlegg, der ambisjonen er at desse anlegga skal oppnå normalt vedlikehaldsnivå.

I 2013 vart det brukt 56,2 mill. kroner i bevaringsprogrammet tekniske og industrielle kulturminne. Tilskotsfordelinga frem til i dag har hatt ein positiv effekt for å nå målsetjinga om normalt vedlikehaldsnivå, og åtte av dei 14 anlegga var ferdigstilte ved utgangen av 2013. Definisjonen «ferdigstilt» skal likevel ikkje likestillast eller forvekslast med slutført. Tekniske og industrielle anlegg vil også etter at dei har oppnådd normalt vedlikehaldsnivå ha behov for tilskot for å dekkje vedlikehald og eventuelle skadar.

For å sikre framdrift i måloppnåinga har Riksantikvaren i 2013 arbeidd med å definere omfanget til kvart enkelt anlegg.

Riksantikvaren starta i 2013 opp igjen Industri-anleggss Fellesråd, og vil arbeide med å utvikle forumet vidare. I 2013 vart også den pålagte sikringa av Odda smelteverk sett i gang, og vil bli fullført i 2014.

Tabell 6.12 Tilskot til dei 14 prioriterte tekniske og industrielle kulturminna i 2013

Anlegg			(i 1000 kr)
	Investering	Forvaltning, drift og vedlikehald	Tilskot totalt
Fetsund lenser, Fetsund	300	2800	3 100
Sjølingstad Uldvarefabrikk, Lindesnes	100	2 000	2 100
Klevfoss Cellulose- & papirfabrikk, Løten	6 200	1 300	7 500
Næs Jernverksmuseum, Tvedestrand		1 300	1 300
Norsk Vasskraft- og industristadmuseum, Tyssedal	1 000	2 000	3 000
Norsk Fiskeindustrimuseum/ Neptun sildøliefabrikk, Melbu		1 400	1 400
Spillum Dampsag & Høvleri, Namsos		2 100	2 100
Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter, Salhus/Bergen	1 200	1 900	3 100
Folldal Gruver, Folldal	2 900	1 100	4 000
Kistefos-museet, Jevnaker		1 100	1 100
Rjukan-banen, Rjukan	4 600	2 100	6 700
Haldenkanalen	900	1 600	2 500
Atlungstad Brenneri	1 500	1 400	3 000
Odda smelteverk		21 000	21 000
Sum			61 800

Tabell 6.13 Tilskot til andre tekniske og industrielle anlegg i 2013

Anlegg	Tilskot (i 1000 kr)
Sellevåg Treskofabrikk	519
Thamshavnbanen – tilstandsrapport kisivogner	365
Sporveishistorisk Forening	650
Eidsvoll Gullverk	15
Lokaltrafikkhistorisk Forening	400
Sum	1 949

Underpost 72.9 World Heritage List, nasjonale oppgåver

Mål

Sikre og setje i stand dei norske stadene på Unesco verdsarvliste.

Rapport 2013

I 2013 vart det brukt 56,2 mill. kroner på arbeid med verdsarven.

Tabell 6.14 Tilskot til verdsarvområda i 2013

Verdsarvområda	Tilskot (i 1000 kr)
Bryggen i Bergen	32 000
Røros bergstad og Circumferensen	15 100
Bergkunsten i Alta	2 200
Vegaøyen	2 000
Vestnorsk fjordlandskap	2 800
Urnes stavkyrkje, omgivnader	
Struves meridianboge	
Anna	2 100
Sum	56 200

Post 73 Brannsikring og beredskap, kan overførast, kan nyttast under post 21

Mål

Tilskotsordninga skal sikre eit utval trehusmiljø og dei 28 stavkyrkjene mot brann.

Rapport 2013

Totalt er det nytta ca. 25 mill. kroner på brannsikring av stavkyrkjene i 2013. Vedlikehald og oppgradering av brannsikringa i stavkyrkjene har høg prioritet, og det er derfor ikkje gitt tilskot til brannsikring av tette trehusmiljø, som posten òg omfattar, i 2013.

Post 74 Fartøyvern, kan overførast

Midlane på posten går til bevaringsprogrammet for fartøy.

Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand eit utval av freda fartøy og fartøy der det er inngått avtale med eigarar om vern.

Rapport 2013

Riksantikvaren gir økonomiske bidrag til antikvarisk istandsetjing og vedlikehald av freda og verna fartøy gjennom bevaringsprogrammet for fartøy. I 2013 vart 47,8 mill. kroner gitt i tilskot, i hovudsak

til freda fartøy, igangverande prosjekt, større fartøy som sto i fare for å miste sertifikata utan utbetringar og fartøy som fekk høve til å komme av slipp og/eller ut av dokk. Tilskota utgjer 28 pst. av den totale søknadssummen.

1,7 mill. av post 74 gikk som grunnstøtte til Norsk Foreining for Fartøyvern.

Post 75 Internasjonalt samarbeid, kan overførast

Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til internasjonalt samarbeid om kulturminneforvaltning, markere Noreg som viktig medspelar til nøkkelorganisasjonar innanfor fagfeltet og som eit land med særleg kompetanse på forvaltning av bygningar i tre.

Rapport 2013

Hovuddelen av posten, 997 000 kroner, blei utbetalt som tilskot til førebuingar av vidareutdanningskurset ICWCT (International Course on Wood Conservation Technology), som inngår i UNESCOs internasjonale kursportefølje. Posten har òg medverka med støtte til ICOMOS og komitéene CIAV - Internasjonal vitskapleg komité (53 000 kroner) og ICOMOS Polarkomité (50 000 kroner). Aktivitetane er med på å markere Noreg som eit land med særleg kompetanse på forvaltning av bygningar i tre, og som ein viktig medspelar til nøkkelorganisasjonar innanfor fagfeltet.

Post 77 Verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet, kan overførast, kan nyttast under post 21

Mål

Stimulere til at kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for næringsutvikling.

Rapport 2013

Det er brukt 9,4 mill. kroner til verdiskapingsarbeid over post 77 til prosjekt som dekkjer eit vidt spekter av kulturminne, mellom anna veganlegg, industrianlegg, historiske bymiljø, landbruksmiljø og landskap.

Tilskot frå post 77 utgjer om lag ein tredel av dei totale prosjektbudsjetta, fylkeskommunane og Sametinget har òg gitt tilskot tilsvarande ein tredel, mens den siste tredelen er spleiselag mellom andre offentlege midlar og private tilskot.

Tabell 6.15 Tilskot til verdiskaping i 2013

Tiltak/område	Tilskudd (i 1000 kr)
Kultur- og naturreise	1 050
Andre verdiskapingsprosjekt ¹	8 179
Kompetansetiltak, nettverk o.a. prosjektoppfølgning	242
Sum	9 471

¹ Andre verdiskapingsprosjekt omfattar 25 prosjekt

Post 78 Tilskot til sikring og forvaltning av arkeologiske kulturminne, kan overførast, kan nyttast under post 21

Posten er tilskot til arkeologiske museum, sjøfartsmuseum og Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU).

Mål

Sikre og styrkje forvaltninga av arkeologiske kulturminne.

Rapport 2013

Tabell 6.16 Tiltak for å sikre og forvalte arkeologiske kulturminne i 2013

Tiltak	Tal på saker	Sum tilskot (i 1000kr)
Sikring av arkeologiske kulturminne og vitenskapleg kjeldemateriale	14	2 741
Tilskot saksbehandling m.m. ved sjøfartsmusea	5	4 600
Tilskot til musea for bistand til fylka, NIKU og RA, og miljøkrim	5	1 159
Sum post 78	24	8 500

Kap. 1432 Norsk kulturminnefond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013 ¹	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
50	Til disposisjon for kulturminnetiltak		63 590	65 487
	Sum kap. 1432		63 590	65 487

¹ Norsk Kulturminnefond vart frå og med 2013 omdanna frå eit fond til eit forvaltningsorgan. I den samanhengen vart løyvinga for 2013 på 61,4 mill. kroner ved ein feil ikkje overført frå Klima- og miljødepartementet til Norsk Kulturminnefond oppgjerskonto i Noregs bank. Overføringa har ikkje skjedd som føresett i etterkant av tildelingsbrevet våren 2013. Norsk Kulturminnefond har inngått nye forpliktingar i tråd med føresetnadene, og har nytta avsetjingar til å dekkje fortløpande utgifter. Beløpet vart gjenløyvt i 2014.

Post 50 Til disposisjon for kulturminnetiltak

Norsk kulturminnefond er eit forvaltningsorgan med særskilte fullmakter. Midlane skal nyttast til kulturminnetiltak og til drift av administrasjonen og styret.

Kulturminnefondet har i hovudsak ansvaret for verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

Posten er auka med om lag 1,9 mill. kroner. Endringa består i hovudsak av priskompensasjon.

Mål

Medverke til å styrkje arbeidet med å bevare verneverdige kulturminne og kulturmiljø, og til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping. Midlane under posten er relaterte til nasjonalt mål 2.1: *Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det liggje føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.*

Kriterium for måloppnåing

Opplysningar om tiltak retta mot verneverdige og freda kulturminne og kulturmiljø.

Rapport 2013

Det vart brukt 15 mill. kroner til drift av Norsk kulturminnefond i 2013. Det vart gitt tilsegner på til saman inntil 62,1 mill. kroner, fordelt på 342 søknader.

Tildelingskriterium

Tilskotsmidlane blir fordelte av kulturminnefondets styre etter søknad. Den primære målgruppa er private eigarar av verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Tilskota blir i hovudsak tildelte istandsetjing og sikringsprosjekt. Tilskot til prosjekt som fremjar verdiskaping, handverk, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet er prioriterte. Dette er òg prosjekt som gir synergieffektar, og som løyser ut private midlar eller betydeleg eigeninnsats.

Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer overfor tilskotsmottakar gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I mange tilfelle er det aktuelt med kontroll på staden for å sikre at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

Midlane frå Kulturminnefondet skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane til Riksantikvaren.

Kap. 4432 Norsk kulturminnefond

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
90	Fondskapital	1 400 000		
	Sum kap. 4432	1 400 000		

Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda 4 Forureining, 5 Klima og 6 Polarområda. Programkategorien omfattar verksemda til Norsk Polarinstitut, Svalbards miljøvernfond og Fram – nordområdesenter for klima- og miljøforskning.

Regjeringa prioriterer høgt å styrkje forskning og overvaking i polarområda. Dette skal betre kunnskapen om klimaendringane og effektane av desse i nord og samtidig medverke til auka forståing av konsekvensane for det globale klimaet. Vidare er styrkinga av kunnskapsgrunnlaget for miljøforvaltninga av norske nord- og polarområde viktig. Hovudinnsatsen vil vere retta mot klimaendringar, miljøgifter og biologisk mangfald og kunnskap om miljøkonsekvensar av næringsverksemd. Det er òg behov for å framskaffe ny kunnskap om viktige delar av Barentshavets økosystem, bl.a. påverknaden frå klima, miljøgifter og hausting. Kunnskap til forvaltninga av isbjørnbestanden, arter som er sentrale for forvaltninga av Svalbard som villmarksområde, og raudlistearter som har regelmessig opphald på Svalbard, vil ha prioritet. Eit av dei viktigaste tiltaka i 2015 er ny teljing av isbjørnbestanden som kan gi indika-

sjonar på om det har skjedd drastiske endringar sidan 2004, ein periode med mange år med dårlege isforhold og tap av sjøishabitat. Ei slik teljing vil òg gi eit sentralt referansepunkt for å følgje med bestandsutviklinga i kommande år med store klimaendringar. Langtransporterte miljøgifter og miljøgifter frå kjelder med lokal betydning vil òg ha fokus. Vidare er verneområda på Svalbard viktige referanseområde for klima, miljøgift og økologisk forskning, og det er behov for auka kunnskap som grunnlag for forvaltning og vern av desse områda. Noreg har dessutan eit ansvar for å bringe fram kunnskap om og verne kulturminne som viser den menneskelege verksemda i polarområda gjennom tidene.

Framsenteret i Tromsø omfattar i dag 20 norske institusjonar, og det er full fagleg aktivitet som gir fortløpande resultat på alle dei seks tematiske flaggskipsområda (ref. kap. 1474). Framsenteret har nasjonal og internasjonal status som kompetansemiljø, og er attraktivt for lokalisering av nasjonale initiativ og for internasjonale sekretariat som Noreg har ansvaret for, bl.a. Sekretariatet for Arktisk Råd.

Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

Kap.	Nemning	(i 1 000 kr)			
		Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
1471	Norsk Polarinstitut	260 088	275 943	280 528	1,7
1472	Svalbard miljøvernfond	16 817	12 320	14 650	18,9
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning	37 362	52 298	52 177	-0,2
	Sum kategori 12.60	314 267	340 561	347 355	2,0

Kap. 1471 Norsk Polarinstittutt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter	191 622	205 903	213 872
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	67 968	69 542	66 160
50	Stipend	498	498	496
	Sum kap. 1471	260 088	275 943	280 528

Rolle og oppgaver for Norsk Polarinstittutt:

Norsk Polarinstittutt er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta forskning i Arktis og Antarktis, jf. St.meld. nr. 42 (1992–93) *Norsk polarforskning*, fagleg og strategisk rådgivar overfor den sentrale forvaltninga og fagleg rådgivar for miljødirektora og Sysselembannen i polarspørsmål.

Instituttet skal vidare:

- halde ved lag ein brei forskingsbasert kompetanse på områder der miljøforvaltninga har eit direkte forvaltningsansvar i nord- og polarområda eller har ein heilt sentral pådrivarrolle både nasjonalt og i internasjonale prosessar. Det omfattar klimaprosessar og klimarendringar og effektane av desse på naturen og viltforvaltning, område- og habitatvern, og miljøgift/forureiningsproblematikk
- ha ansvar for topografisk og geologisk kartlegging av landområda på Svalbard og norsk biland og territorialkrav i Antarktis
- utvikle, revidere og leie overvåkingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis
- medverke til å stimulere og koordinere nasjonal og internasjonal forskning på Svalbard gjennom å samarbeide om forskingsprosjekt og gi tilgang til instituttet sin infrastruktur, så som forskingsstasjon, feltutstyr og transport mot dekning av instituttet sine kostnader
- følgje opp og gjennomføre norsk miljølovgeving i Antarktis
- ta hand om forvaltningas kunnskapsbehov
- fremje miljøforskning og forvaltningsrådgiving innan det bilaterale norsk-russiske miljøsamarbeidet
- utforske og overvake det marine miljøet i det nordlege Barentshavet
- delta i sekretariatet for Fagleg forum for økosystembasert forvaltning av norske havområde

- representere Noreg i internasjonale samarbeidsfora og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø
- medverke til å styrkje Framsenteret
- utvikle samarbeidet med dei andre forskingsinstitusjonane i Tromsø og i Nord-Noreg
- drive utovervend informasjon om polarområda, blant anna gjennom samarbeid med Polarria

Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda 4 Forureining, 5 Klima og 6 Polarområda.

Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinstittutt har til lønn og godtgjersler for faste og mellomtids tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter, drift av forskingsstasjon og luftmålestasjon i Ny-Ålesund og utgifter knytte til instituttets samla forskings- og ekspedisjonsverksemd, inklusive satsinga på ICE (Senter for is, klima og økosystem).

Som nemnt over er posten auka med 10 mill. kroner til ei ny teljing av isbjørnbestanden i Barentshavet i 2015. Den er også styrkt med 1,5 mill. kr til instituttet sitt arbeid med heilskapeleg forvaltning av norske havområde med særlig vekt på Barentshavet. Midlane er omdisponerte frå kap. 1400 post 21.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd og drift av polarforskningsfartøyet R/V «Lance». Dei tilhøyrande inntektene er førte under kap. 4471 postane 01 og 03. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende meirinntekt under dei to nemnde postane, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Rapport for 2013:

Polarinstittuttet har i 2013 brukt ca. 80 pst. av løyvinga si til driftsutgifter, dvs. lønn, drift av bygnin-

gar på Svalbard og i Tromsø, Zeppelinstasjonen i Ny-Ålesund og drift av forskingsfartøyet R/V Lance. Resterande 20 pst. er brukt til forskning på områda forvaltningsplan for Barentshavet, miljøgifter og i ICE (Senter for is, klima og økosystem). Av forbruket på denne posten korresponderer omlag 55 mill. kroner med inntekter på kap. 4471 som gir Polarinstituttet høve til tilsvarende auke på utgiftssida. Dette er nesten alt saman knytt til ekstern finansiering av forskingsaktivitet frå mellom anna Forskningsrådet og EU.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde 6 Polarområda. Posten dekkjer utgifter til vitenskapelig samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det internasjonale Antarktis-samarbeidet og midlar til gjennomføring av dei norske Antarktis-ekspedisjonane.

Noreg medverkar gjennom forskingsinnsats og aktiv deltaking i arbeidet under Antarktis-traktaten med tilhøyrande Miljøprotokoll til eit globalt samarbeid for vern av det sårbare miljøet i Antarktis. Noreg deltek òg i viktige klimaforskningsprosjekt. Det er ein nær samanheng mellom å ha innverknad og å vere til stades, og norsk polarforskning i Antarktis har derfor ein viktig politisk og fagleg funksjon.

I tillegg til forskingsaktivitet skal løyvinga dekkje drift av forskingsstasjonen Troll og det internasjonale DROMLAN-prosjektet (Dronning Maud Land Air Network). Noregs nærvær i Antarktis er styrkt betydeleg, og vil i større grad medverke til det internasjonale arbeidet for å bevare Antarktis som det reinaste og minst påverka villmarksområdet i verda.

Posten dekkjer elles utgifter knytte til drift av TrollSat. Dei tilsvarende inntektene er førte under kap. 4471 post 21. Løyvinga kan overskridast dersom det er tilsvarende meirinntekt under den nemnde posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Rapport for 2013:

Av midlane på denne posten vart ca. 65 pst. brukt til lønn for dei som arbeider på Troll-stasjonen og drift av bygningar i Antarktis, fartøyleige og heli-

kopterleige. Resterande del av løyvinga, ca. 35 pst. går til forskning. Av forbruket på denne posten korresponderer ca. 13 mill. kroner med inntekter på kap. 4471 som gir Polarinstituttet høve til tilsvarende auke på utgiftssida.

Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda 4 Forureining, 5 Klima og 6 Polarområda.

Mål

Stipendmidlane skal auke rekrutteringa til og kompetansen innanfor den norske polarforskninga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforskning på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktorgradstudentar. Støtta skal dekkje ekstrautgifter ved opphald i felt.

Rapport for 2013:

Av 87 søknader vart 50 finansierte med totalt 2,4 mill. kroner. Av dette var 498.000 kroner midlar frå Norsk Polarinstitutt og 1,9 mill. kroner frå Forskningsrådet i Noreg.

Dei viktigaste norske institusjonane som får støtte var Universitetet i Tromsø, Universitetsstudia på Svalbard, Noregs Teknisk Naturvitenskapelige Universitet og Universitetet i Oslo. Halvparten av prosjekta (26 av 50) vart plasserte heilt eller delvis i Ny-Ålesund.

Kriterium for måloppnåing

Talet på hovudfagsoppgåver og doktorgrader med polarforskning som emne.

Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på relevante polare problemstillingar, fagleg kvalitet og i kor stor grad temaet ligg til rette for forskning.

Oppfølging og kontroll

Kravet er rekneskapsoversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

Kap. 4471 Norsk Polarinstitutt

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Sals- og utleigeinntekter	9 085	10 038	10 368
03	Inntekter frå ymse tenesteyting	46 030	55 327	57 144
16	Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar	981		
18	Refusjon av sjukepengar	782		
21	Inntekter, Antarktis	13 809	12 358	12 764
	Sum kap. 4471	70 687	77 723	80 276

Post 01 Sals- og utleigeinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilette og publikasjonar, mens utleigeinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, blant anna utleige av forskingsfartøy og andre inntekter. Kap. 1471 post 01 kan overskridast tilsvarande eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det private næringslivet. Meirinntekter under denne

posten gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1471 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Inntekter, Antarktis

Posten gjeld refusjon av utgifter Norsk Polarinstitutt har for andre land og verksemder knytte til Antarktis-samarbeidet. I hovudsak gjeld dette refusjon av driftsutgiftene ved TrollSat i medhald av avtale med Kongsberg Satellite Services og inntekter frå flygingar knytte til DROMLAN-samarbeidet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1471 post 21, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1472 Svalbard miljøvernfond

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
50	Overføringar til Svalbard miljøvernfond	16 817	12 320	14 650
	Sum kap. 1472	16 817	12 320	14 650

Svalbards miljøvernfond er føresett oppretta i svalbardmiljølova, og departementet etablerte fondet i 2005.

Fondet er sett saman av midlar frå miljøavgift for tilreisande til Svalbard, av midlar kravde inn gjennom avgift for kort og for felling i samband med hausting, avgift for elektronisk eksamen ved jegerprøva, verdien av flora og fauna som er handtert i strid med lova, miljøerstatning fastsett av Sysselmannen og tvangsmulkt. Både fondskapitalen og avkastninga skal nyttast til tiltak som har til føremål å verne miljøet på Svalbard. Fondet skal

sikre si eiga drift, slik at ein mindre del av midlane vil gå til forvaltning av fondsmidlane og til utgifter knytte til innkrevjing av inntektene. Svalbards miljøvernfond har eit styre som fordeler fondsmidlane etter eksterne søknader. Sekretariatet for fondet er lagt til Sysselmannen på Svalbard. Det er utarbeidd eigne vedtekter for verksemda til fondet og gitt forskrift om tilskot frå Svalbards miljøvernfond.

Inntektene til fondet gir grunnlag for tildeling til dei formåla som skal dekkjast av fondet i samsvar med svalbardmiljølova.

Svalbards miljøvernfond har vore operativt sidan 2007, og i 2014 var eit nytt styre på plass etter at det første styret har sete ut si tenestetid. Hovudinntekta til fondet er ei avgift for alle tilreisande til Svalbard. Kvart år tildeler fondet no 10–16 mill. kroner til ulike prosjekt etter søknad frå private og offentlege verksemder, privatpersonar og organisasjonar. Midlane går til ulike tiltak og prosjekt innanfor undersøkingar og tiltak for å kartleggje og overvake miljøtilstanden, kartleggje årsaker til miljøpåverknad og miljøverknader av verksemder, gjenoppretting av miljøtilstanden, tilskot til skjøtsel og vedlikehald og overvaking av kulturminne og informasjons-, opplærings- og tilretteleggingstiltak.

Rapport for 2013:

I 2013 vart det gitt 44 tilsegner til ulike prosjekt. Opplysningar om desse prosjekta finst på heimesida til fondet: <http://www.sysselmannen.no/Svalbards-miljovvernfond/>. Sidan fondet blei operativt i 2007 har det gitt støtte til 349 prosjekt med ein samla sum på 67,8 mill. kroner.

Post 50 Overføringar til fondet

Posten skal berre nyttast til overføring av inntektene frå kap. 5578 post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond.

Kap. 5578 Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
70	Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond	16 817	12 320	14 650
	Sum kap. 5578	16 817	12 320	14 650

Post 70 Sektoravgifter under Svalbards miljøvernfond

Denne posten blir nytta til avgifter som, i samsvar med svalbardmiljølova, skal overførast til Svalbards miljøvernfond. Miljøavgift for reisande til Svalbard er hovudinntektskjelda til fondet, men

under denne posten blir det òg budsjettert med sal av jakt- og fiskekort m.m.

Meirinntekter under kap. 5578 post 70 gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter som er budsjetterte under kap. 1472 Svalbards miljøvernfond, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 1474 Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2013	Saldert budsjett 2014	Forslag 2015
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under postane 50 og 70</i>		4 298	
50	Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 70</i>	22 498	20 000	24 177
70	Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 50</i>	14 864	28 000	28 000
	Sum kap. 1474	37 362	52 298	52 177

Midlane under dette kapitlet skal gå til å styrkje og skaffe framifrå ny kunnskap om klima og miljø og om miljøkonsekvensar av ny næringsverksemd i nord. Kunnskapen skal setje oss i stand til å forvalte hav- og landområda våre i nord, og dei res-

sursane som finst der, på ein endå betre måte, og sikre at ny næringsverksemd på dette området skjer innanfor miljøforsvarlege rammer. Betre kunnskap om klima og miljø har avgjerande verdi for ressursforvaltning, klimatilpassing, samfunns-

planlegging og beredskap i nord. Betre kunnskap om og forståing av prosessane i Arktis vil òg vere eit svært viktig bidrag til det internasjonale klimaarbeidet. Framsenteret vart opna i september 2010, og har no 20 deltakande institusjonar. Aktiviteten er delt inn i seks faglege satsingsområde (flaggskip). Dei er:

- havisen i Polhavet, teknologi og avtaleverk, leiar: Norsk Polarinstitut
- effektar av klimaendringar på fjord og kystøkologi i nord, leiar: Havforskningsinstituttet
- effektar av klimaendringar på terrestre økosystem, landskap, samfunn og urfolk, leiar: Universitetet i Tromsø
- havforsuring og økosystemeffektar i nordlege farvatn, leiar: Norsk Polarinstitut
- miljøgifter – effektar på økosystem og helse, leiar: Norsk Institutt for Luftforskning
- miljøkonsekvensar av næringsverksemd i nord (MIKON), leiar: Norsk institutt for naturforskning. Dette flaggskipet er nytt i 2014, og er i gang med 17 ulike prosjekt.

I 1. halvår 2015 vil Regjeringa komme tilbake til spørsmåla om eit nybygg for Framsenteret i Tromsø når det er gjort ein ny gjennomgang av kostnadene og behova.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under postane 50 og 70

- Denne posten er lagt ned frå 2015. Midlane er overførte til post 50.

Post 50 Tilskot til statlege mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 70

Mål

Midlane skal gå til dei statlege partnarane i Framsenteret, med mål å gjennomføre forvaltningsrelevante klima- og miljøforskning av høg kvalitet i nasjonale og internasjonale nettverk, og til å delta i og utvikle vidare både nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskingssamarbeid innanfor rammene av den faglege hovudsatsinga for senteret. Midlane skal òg gå til aktiv formidling av forskingsresultat frå klima- og miljøforskning i nord til næringsliv, skuleverk, forvaltningsnivå og eit breitt publikum.

Kriterium for måloppnåing

- Framskaffe ny kunnskap av framifrå kvalitet som kan publiserast.

- Etablert forskarutdanning og mastergradsutdanning gjennom samarbeid med relevante institusjonar innan høgre utdanning på klima og miljø.
- Etablert fagleg forskingssamarbeid mellom relevante nasjonale institusjonar, fyller «kunnskapshol» og gi nasjonal meirverdi.
- Etablerte gode forskingsretta nettverk nasjonalt og internasjonalt, og samarbeid med dei andre FoU-miljøa i landsdelen.
- Fleirfaglege og tverrfaglege samarbeidsprosjekt mellom institusjonane og forskarar med naturvitskapleg, teknologisk og samfunnsvitskapleg kompetanse.
- Faglege produkt i rett tid og form til bruk for politikktutforming, og som kan nyttast til å redusere risiko og sikre at ny verksemd skjer på ein berekraftig måte.
- Formidle forskingsresultat til brukarane, som til dømes næringsliv, skuleverk, andre relevante brukarar og eit breitt publikum.

Tildelingskriterium

Prosjekta må liggje innanfor dei vedtekne faglege satsingsområda, og vere kvalitetssikra av Noregs Forskningsråd. I tillegg må dei vere tverrfaglege. Etter at Senterets eigne organ har valt ut den årlege prosjektporteføljen, skal Klima- og miljødepartementet godkjenne denne før prosjekta kan starte opp.

Oppfølging og kontroll

Leiarane for kvar av dei faglege satsingsområda (Flaggskipsleiarane) er pålagt saman med dei andre deltakarane i flaggskipa å rapportere årleg om forskingsaktivitet som er sett i gang og oppnådde resultat innan 30. november.

Post 70 Tilskot til private mottakarar, kan overførast, kan nyttast under post 50

Midlane skal gå til dei ikkje-statlege partnarane i Framsenteret, til dei same føremåla som for post 50, og kriterium for måloppnåing, rapportering og tildeling, oppfølging og kontroll er dei same. Sjø elles omtala under post 50 ovanfor.

Rapport for 2013

Framsenteret har vore involvert i betydeleg nasjonal og internasjonal forskingsaktivitet i 2013. Forskningsmiddel frå flaggskipa har finansiert 57 forskingsprosjekt.. I tillegg kjem 15 prosjekt finansi-

erte på tvers av flaggskipa, med gjennomgåande middel og insentivmiddel. Prosjekta hadde deltakande forskarar frå 17 land og 53 ulike institusjonar (Noreg inkludert) i 2013. Produksjonen av vitenskaplege publikasjonar (60 i alt) og rapportar har vore betydeleg, og forskarar frå Framsenteret har delteke og presentert si forskning på ei lang rekkje nasjonale og internasjonale konferansar og workshops. Gjennom Framsenteret AS har forskinga i Framsenteret vore kommunisert til ei rekkje besøk frå ulike land og ambassadar, forskingsin-

stitusjonar, statlege organ, utdanningsinstitusjonar og media. Forskingsformidlinga har òg vore betydeleg blant anna gjennom Fram Forum (2. årgang i 2013). Fram Forum er engelskspråkleg og blir utgitt i papirform og i elektronisk utgåve med global distribusjon. I tillegg vert tre nettsider drifta, og forskinga vert formidla gjennom ei rekkje kanalar som Youtube (framshorts.com), fram-syningar, dei nasjonale forskingsdagane og stands ved ei rekkje nasjonale og internasjonale konferansar.

Programkategori 12.70 Internasjonalt klimaarbeid

Utgiftene under programkategori 12.70 gjeld resultatområde 5 Klima. Kategorien omfattar verksemda til Klima- og miljødepartementet med kjøp og sal av kvotar som vart overførte frå Finansdepartementet i 2014. Kategorien omfattar òg departementet sitt arbeid med klima- og skogsatsinga, der løyvinga vart flytta til Klima- og mil-

jødepartementet frå Utanriksdepartementet ved Stortinget si behandling av Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014).

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2015 er på 3 309 230 mill. kroner på utgiftsida og 335 500 mill kroner på inntektssida.

Utgifter under programkategori 12.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap		Forslag 2015	Pst. endr. 14/15
		2013	Saldert budsjett 2014		
1481	Klimakvotar		313 300	316 546	1,0
1482	Internasjonale klima- og utviklingstiltak		2 865 900	2 992 684	4,4
	Sum kategori 12.70		3 179 200	3 309 230	4,1

Kap. 1481 Klimakvotar

(i 1 000 kr)					
Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2015	
		2013	Saldert budsjett 2014		
01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>			5 500	8 746
22	Kvotekjøp, generell ordning, <i>kan overførast</i>			306 300	306 300
23	Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, <i>kan overførast</i>			1 500	1 500
	Sum kap. 1481			313 300	316 546

Regjeringa sitt mål i klimapolitikken er å redusere nasjonale klimagassutslepp samtidig som Noreg medverkar internasjonalt i forhandlingar og gjennom direkte tiltak til å redusere utsleppa av klimagassar i andre land. Deltaking i EU sitt kvotesystem (EU-ETS), CO₂-avgift og andre klimagrunngitte skattar og avgifter er hovudverkemidla i arbeidet med å redusere nasjonale klimagassutslepp.

Staten kjøper berre FN-godkjende klimakvotar og kvotekjøpa skjer på grunnlag av dei fleksible mekanismane i Kyoto-avtala, først og fremst Den

grøne utviklingsmekanismen (Clean Development Mechanism, CDM). Den grønne utviklingsmekanismen omfattar prosjektsamarbeid i utviklingsland og stimulerer til klimavennlege investeringar i utviklingsland der det ikkje er ein pris på utslepp av CO₂. I tillegg medverkar prosjekta til teknologioverføring og kapasitetsbygging både i offentlig og privat sektor.

FNs kontroll for å sikre at utsleppsreduksjonane er oppnådde i samsvar med dei godkjende prosjektdokumenta er grundig og ressurskrevjande. FN krev at utsleppsreduksjonane er

verifiserte av ein uavhengig, FN-godkjend tredjepart. Gjennomføringa av prosjekt vert systematisk overvaka gjennom målingar og rapportering av relevante data. CDM-prosjekt og verifiserte utsleppsreduksjonar må godkjennast av styret i CDM (CDM Executive Board), som òg utferdar kvotane.

I løpet av den første Kyotoperioden (2008–2012) inngjekk staten avtaler om kjøp av klimakvotar med ei forventta levering på om lag 22,3 mill. kvotar. Ved utgangen av august 2014 var nær 22,1 millionar av desse leverte inn på statens konto i kvoteregisteret. Førebelse overslag tyder på at staten har behov for 21,2 mill. kvotar for å nå målet om ei overoppfylling på 10 pst. i den første Kyotoperioden. Kvotar som ikkje vert nytta i den første Kyotoperioden (2008–2012) kan overførast til neste periode (2013–2020).

Ei oppdatert oversikt over kontraktar som er inngått ligg på heimesida til Klima- og miljødepartementet.

Staten har òg inngått avtalar om kjøp av kvotar som er genererte etter 2012, og som skal nyttast til å oppfylle den andre Kyotoperioden. Desse kjem først og fremst frå fond som staten deltek i, mellom anna to fond som Verdsbanken administrer, Prototype Carbon Fund (PCF) og Carbon Partnership Facility (CPF) og to fond som det nordiske miljøfinansieringsselskapet NEFCO administrerer, NEFCO Carbon Fund (NeCF) og Norwegian Carbon Procurement Facility (NoRCAP).

I slutten av september 2013 inngjekk staten ein avtale med NEFCO om forvaltninga av statens program for kjøp av kvotar frå såkalla sårbare prosjekt. Dette er utsleppsreducerande prosjekt som står i fare for å bli avvikla fordi sal av klimakvotar ved dagens låge prisar ikkje gir nok inntekter til å dekkje driftskostnadene. Kjøp skjer gjennom ein anbudsprosess, og ved utgangen av august var det inngått avtaler med forventta levering på nær 16 millionar kvotar.

Staten har fått levert om lag 3 mill. kvotar gjennom eit anna NEFCO-fond, NeCF, som kan nyttast i den første Kyotoperioden, og vil fram til 2020 få levert nær 400 000 kvotar som kan nyttast i den andre Kyotoperioden.

Gjennom si deltaking i Prototype Carbon Fund vil staten til saman få levert omlag 1,3 mill. kvotar som kan nyttast i den første Kyotoperioden og om lag 100 000 kvotar som kan nyttast i den andre perioden. Det blir ikkje inngått nye avtalar i dette fondet. Carbon Partnership Facility, der staten har forplikta seg til kjøp innanfor ei ramme på 35 mill. euro, inngår fortløpande avtaler om kjøp frå nye prosjekt. Ein ventar at staten i perioden fram til

2020 vil få levert om lag 4,7 mill. kvotar frå prosjekt som er avtalte pr. 1. september 2014.

Rapport 2013

Ansvarer for forvaltninga av statens kjøp av klimakvotar vart 1. januar 2014 overført frå Finansdepartementet til Klima- og miljødepartementet, jf. Prop. 1S Tillegg 1 (2013–2014). Ein viser derfor til rapportering for 2013 i Prop. 1 S (2014–2015) Finansdepartementet, kap. 1638 når det gjeld postane 01, 22 og 23.

Post 01 Driftsutgifter, kan overførast

Post 01 Posten omfattar utgifter til kjøp av eksterne tenester som kommersiell og juridisk rådgiving, og andre driftsutgifter i samband med arbeidet med kjøp og sal av kvotar. Departementet foreslår at det blir løyvd 8,7 mill. kroner under posten. Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015 er 0,7 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett.

Post 22 Kvotekjøp, generell ordning, kan overførast

Strategien for kjøp av klimakvotar i perioden 2013–2020 er drøfta i Revidert nasjonalbudsjett 2013. Der legg ein vekt på at staten gjennom sitt kvotekjøp skal medverke til utviklinga og legitimiteten til den internasjonale marknaden for klimakvotar. Kjøpsstrategien byggjer på FN-systemet, og ein vil i store trekk føre vidare strategien frå første Kyotoperiode (2008–2012). Staten vil spesielt kjøpe kvotar frå allereie registrerte prosjekt som står i fare for å avvikle drifta og frå nyutvikla prosjekt. Ein vil i utgangspunktet ikkje kjøpe kvotar frå registrerte prosjekt som har inntekter som dekkjer dagleg drift, sidan slike prosjekt mest truleg vil halde fram å generere utsleppsreduksjonar uavhengig av statens kvotekjøp. I samsvar med EUs regulering av kvotehandelssystemet vil staten ikkje kjøpe kvotar frå hydrofluorkarbonprosjekt og frå kolbasert energiproduksjon utan karbonfangst og -lagring. Klima- og miljødepartementet legg til grunn at staten framleis skal kjøpe kvotar frå FN's tilpassingsfond, eit fond som finansierer nødvendige tilpassingstiltak i utviklingsland som følgje av klimaendringar.

Det er inngått avtale med NEFCO om den operative forvaltninga av eit program for kjøp av inntil 30 mill. kvotar frå prosjekt som står i fare for å

avvikle drifta med dagens låge kvoteprisar, såkalla sårbare prosjekt.

Kjøp av kvotar frå nye prosjekt skjer i dag i første rekkje gjennom fond i Verdsbanken og NEFCO, men samarbeid med andre institusjonar og kjøparar vert òg vurdert, samtidig som det kan bli aktuelt å inngå avtalar direkte med prosjekteigarar.

Gjennom Verdsbankfondet Carbon Partnership Facility skal ein i tillegg til å kjøpe kvotar frå FN-godkjende prosjekt òg teste ut nye marknads-mekanismar. Departementet vurderer òg andre samarbeidsformer for testing av nye marknads-mekanismar. Innanfor ramma av klimaforhandlingane er det vedteke å etablere nye mekanismar som kan nyttast til oppfylling av skyldnader enkeltland har teke på seg. Det er ikkje utvikla noko regelverk og det er derfor uvisst om avtaler om kjøp av kvotar frå slike mekanismar gir kvotar som kan brukast til oppfylling av norske skyldnader. Det er derfor ein risiko for at staten må betale for kvotar ein ikkje kan bruke i oppgjeret for utslepp i den andre Kyotoperioden.

Klimakvotar vert normalt leverte over ei rekkje år, etter kvart som det enkelte prosjektet generer utsleppsreduksjonar som vert godkjende av FN. Departementet betaler først når kvotane er overførde til statens konto i kvoteregisteret. Det er derfor behov for fullmakt til at departementet kan pådra staten skyldnader for åra etter det aktuelle budsjettåret. For 2014 har Klima- og miljødepartementet såleis fått fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av klimakvotar med framtidig levering og betaling innanfor ei samla ramma på 2000 mill. kroner. Det er også for 2015 behov for ei fullmakt på 2000 mill. kroner. Denne ramma vil omfatte betalningar som knyter seg til avtalar som er inngått i 2014 og tidlegare år, og som vil gje utbetalningar i 2016 og/eller seinare år, og nye avtalar som vert inngått i 2015 og som fører til utbetalningar i 2016 og seinare år, jf. forslag til romartalsvedtak IV.

Seinare betalningar enn lagt til grunn ved utarbeidinga av budsjettet for 2014 fører truleg til at løyvinga for 2014 ikkje vil verte nytta fullt ut. Regjeringa vil derfor vurdere å foreslå ein reduk-

sjon i denne løyvinga når den legg fram proposisjonen om nysaldering av statsbudsjettet 2014.

I visse høve vil det vere ønskeleg å betale ein viss del på forskot, mellom anna ved deltaking i fond under Verdsbanken og NEFCO. I samsvar med tidlegare praksis kan det òg bli aktuelt å betale eit mindre forskotsbeløp for å dekkje ymse administrasjonskostnader for andre kjøp. Forvaltningskostnader til NEFCO, Verdsbanken og eventuelle andre forvaltarar vert òg ført på denne posten.

Det kan vere føremålsteneleg å endre samansetjinga av porteføljen til staten. Det kan ein gjere ved å selje vidare kontraktar for enkelte prosjekt, ved å selje framtidige volum frå enkelte prosjekt, eller ved å selje kvotar i marknaden for kvotar med garantert levering (andrehandsmarknaden). Den slags sal kan vere ønskeleg for å gjere tilpassingar i porteføljen, for eksempel for å få betre risikospreiing ved å kjøpe frå prosjekttypar og land som er underrepresenterte i porteføljen, eller for å tilpasse volumet til oppdaterte overslag over levering og kjøpsbehov. Det kan òg vere aktuelt å styre denne eksponeringa gjennom avleidde instrument, for eksempel bytteavtaler. Klima- og miljødepartementet ber derfor om fullmakt til å selje kvotar og å nytte salsinntekta til å kjøpe nye kvotar utover det som er løyvd, jf. forslag til romartalsvedtak III.

Post 23 Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, kan overførast

Ordninga med kvotekjøp for statstilsette sine flyreiser vart gjeninnført i 2013 etter at EU sitt opplegg for kvoteplikt for fly vart innskrenka til berre å omfatte flyreiser innanfor EØS-området. Det vil derfor verte kjøpt kvotar for statstilsette sine reiser som ikkje er omfatta av kvoteplikt. På bakgrunn av at alle flyreiser innan EØS-området er omfatta av kvoteplikt, er omfanget av reiser det skal kjøpast kvotar frå, avgrensa. Regjeringa foreslår at det vert løyvd 1,5 mill. kroner for å dekkje kjøp av kvotar for flyreiser statstilsette gjer på strekningar som ikkje er omfatta av kvoteplikt.

Kap. 4481 Sal av klimakvotar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2015
		2013	budsjett 2014	
01	Salsinntekter			335 500
	Sum kap. 4481			335 500

Post 01 (Ny) Salsinntekter

EUs reviderte kvotedirektiv, med underordna rettsakter, vart innlemma i EØS-avtala i juli 2012. Reglane er harmoniserte på EU-nivå og inneber m.a. at kvoteplikta skal utvidast til å gjelde fleire sektorar og klimagassar. Kvotar som ikkje vert tildelede gratis, skal seljast i den europeiske marknaden. Kommisjonen har fordelt mengda av kvotar som skal seljast etter ein bestemt fordelingsnøkkel. Noregs del av totalt salsvolum er om lag 0,75 prosent.

Sal av klimakvotar skal frå 2013 skje ved hjelp av auksjonar. Noreg skal delta på ei felleseuropeisk auksjonsplattform der kvotane vert selde til høgstbydande gjennom jamlege auksjonar. Prosessen med å knytte seg til denne auksjonsplattforma, som for tida er European Energy Exchange (EEX) i Leipzig, har teke lengre tid enn føresett. Dette skuldast mellom anna diskusjonar omkring EØS-rettslege spørsmål. Basert på kommisjonens overslag vert det lagt til grunn eit sal på

5,6 mill. kvotar i 2015. I tillegg kjem sal av luftfartskvotar. Eit vedtak i EU om ei førebels utsettning av salet av 900 mill. kvotar fører for Noregs del til at 2015-volumet vert redusert med 2,2 mill. kvotar. Dersom det ikkje er mogeleg å få til ei avtale med EEX om tilknytning til auksjonsplattforma i løpet av 2014, vert det lagt til grunn at kvotane som skulle seljast i 2014, til saman 12,9 mill., blir selde i 2015 saman med 2015-volumet. Med utgangspunkt i prisane sommaren 2014 har ein i budsjettet lagt til grunn ein kvotepris på om lag 54 kroner. Prisane i denne marknaden svingar sterkt, og overslaget er derfor usikkert.

Rapport 2013

Ansvar for sal av klimakvotar vart overført frå Finansdepartementet til Klima- og miljødepartementet i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2014, jf. Prop. 93 S (2013–2014). Ein viser derfor til Prop. 1 S (2014–2015) Finansdepartementet, kap. 4638 når det gjeld rapportering for 2013.

Kap. 1482 Internasjonale klima- og utviklingstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2015
		2013	budsjett 2014	
01	Driftsutgifter		71 900	82 686
73	Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i>		2 794 000	2 909 998
	Sum kap. 1482		2 865 900	2 992 684

* I 2013 var midlane plasserte på kap. 166, post 01 og post 73 på Utanriksdepartementets budsjett

Frå 2014 er forvaltninga av klima- og skogsatsinga samla i Klima- og miljødepartementet. Dagens organisering der ansvaret for satsinga er samla i eitt departement er vurdert som effektiv og å gi klarare ansvarsforhold enn tidlegare delt organisering mellom Klima- og miljødepartementet og Utanriksdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Midlane på posten låg tidlegare under Utanriksdepartementets kap. 166 Miljø- og bærekraftig utvikling. Midlane vart flytta til nytt kapittel 1482 under Klima- og miljødepartementet i Tillegg 1 til Prop. 1 S (2013-1014).

Posten omfattar driftsmidlane knytte til Regjerings klima- og skogsatsing. Posten dekkjer alle

driftskostnader til satsinga, under dette lønn, administrasjon, reiseutgifter, informasjonsverksemd m.v. i Klima- og miljødepartementet, Utanriksdepartementet (med ambassadane) og Norad.

I tillegg vil løyvinga dekkje kjøp av varer og tenester knytte til drift, slik som utgreiingar, verifiseringsoppdrag, konsulenttenester, seminar og internasjonale møte m.v.

For 2015 er det foreslått ei løyving på 82,6 mill. kroner på posten. I medhald av OECD/ DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjente utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482, post 01 er godkjent som utviklingshjelp. Posten er auka med 10,8 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2014. Auka på posten er samansett. Grunna innføring av ordning med nettoføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga frå 2015 er 7,3 mill. kroner av løyvinga flytta inn under Finansdepartementets budsjett. Det er òg flytta 16,0 mill. kroner frå post 73 under same kapittel, som heng saman med riksrevisjonens merknader i Dok. 1 til budsjettåret 2013 og evalueringane av satsinga som er publiserte i 2014 og som viste eit behov for å styrkje forvaltninga av klima- og skogsatsinga. Dette gjeld organisasjonen i Noreg og dei norske ambassadane som forvaltar midlar for satsinga. Klima- og skogsatsinga er eit internasjonalt nybrottsarbeid. Å drive dette arbeidet framover er krevjande, både politisk og fagleg. Det krev betydeleg reiseverksemd som er knytt både til arbeidet for å skape global oppslutning om redusert avskoging og skogdegradering som klimatiltak og for å følgje opp tiltak som mottek norsk støtte. Tilgang til variert og høg kompetanse og kapasitet gjennom målretta bruk av eksterne fagmiljø er avgjerande for å lykkast. Dette gjeld både for å drive det globale arbeidet med løysingsutvikling og klimapolitisk konsensusbygging vidare, og for å kunne støtte partnerland sitt arbeid med å utvikle og implementere sine klima- og skogstrategiar, jf. tilrådingane i evalueringane. Nokre av midlane på posten har vore brukte til å finansiere tiltak som er ein del av Noregs avtaler med andre land eller organisasjonar

Rapport 2013

Midlane på posten vart i Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) flytta frå Utanriksdepartementets kap. 166, post 01 til nytt kap 1482, post 01. Midlane på kap 166, post 01 har blitt nytta til løns- og driftsutgifter for klima- og skogsatsinga. Midlane dekkja løns-, drifts- og reiseutgifter til satsinga i Utanriksdepartementet, dåverande Miljøverndepartementet, Norad og ved norske utanriksstasjo-

nar som forvaltar midlar for klima- og skogsatsinga.

Klima- og skogsatsinga samarbeider med ei rekkje partnerland og organisasjonar internasjonalt. Dette inneber å delta på og arrangere internasjonale møte og konferansar, og prosessar for å etablere internasjonalt samarbeid, ofte med fleire aktørar. Midlar på posten har vore brukte til å dekkje utgifter knytte til å fremje slike arrangement, medverke til konsensusbygging, utvikle analysar og løysingar m.m. Midlar har òg vore brukte til å innhente eksterne vurderingar av partnerlands framdrifts- og utsleppsrapportar. Klima- og skogsatsinga inngjekk i 2013 ei rekkje bilaterale og multilaterale avtaler om norsk støtte til arbeid for skogbevaring og mot avskoging. Bl.a. for å gjennomføre avtaleforhandlingane og etablere avtalene har det vore behov for å kjøpe konsulenttenester internasjonalt. Tenestene har i hovudsak vore finansierte over driftsposten.

Post 73 Klima- og skogsatsinga, kan overføres

Midlane på posten låg tidlegare under Utanriksdepartementets kap. 166 Miljø- og bærekraftig utvikling. Midlane vart flytta til nytt kap. 1482 under Klima- og miljødepartementet i Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–1014).

For 2015 er foreslått løyvd 2 910 mill. kroner på posten. Regjeringa prioriterer å halde oppe nivået på klima og skogsatsinga, som er eit bidrag til den internasjonale innsatsen med å redusere utslipp av klimagassar frå avskoging og degradering av skog og foreslår derfor å auke budsjettet med 116 mill. kroner.

I medhald av OECD/ DACs direktiv kan visse utgifter godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjente utgifter). Heile løyvinga på kap. 1482, post 73 er godkjent som utviklingshjelp.

Mål

Tilskotet skal medverke til:

- at utslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland (REDD+) inngår i ei ny internasjonal klimaavtale
- kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland
- å bevare naturskog i utviklingsland for å sikre denne skogen si evne til å lagre karbon

Desse måla skal vere styrande for ressursbruk og prioriteringar, og vedtak om igangsetjing, vidare-

føring eller endring av støtte. Det er eit overordna mål for norsk utanriks- og utviklingspolitikk å medverke til berekraftig utvikling og reduksjon av fattigdom. For norsk klimapolitikk er det eit overordna mål å medverke til å få på plass eit globalt, bindande og langsiktig regime for reduksjon i utslepp av klimagassar. Dette er derfor naturlege overordna mål for klima- og skogsatsinga. Langsiktig bevaring av skog er avhengig av at det blir oppnådd resultat også på andre område enn reduserte utslepp av klimagassar. Klima- og skogsatsinga skal derfor gjennom arbeidet òg medverke til bevaring av naturskog, berekraftig utvikling og styrking av politisk og økonomisk styresett i naturressursforvaltninga og arbeide for å sikre rettane til lokalsamfunn og urfolksgrupper. I arbeidet for å nå måla skal klimapolitikken og utviklingspolitikken underbyggje kvarandre.

Tildelingskriterium

Tilskotet dekkjer tre kategoriar av tiltak: betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar, finansiering av program- og prosjektporteføljor og fondsoppbygging. Kategoriane vart etablerte i forbindelse med Revidert nasjonalbudsjett for 2014. Kriterium for utbetaling av tilskot i kvar kategori er beskrive under.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar

Eitt av klima- og skogsatsinga sine hovudmål er reduksjon av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. Tildelingskriterium for tilskotsmidlar er verifiserte reduksjonar av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog. Utbetaling er avhengig av effektive og robuste system for å måle og verifisere resultat, og storleiken på utbetalinga må stå i eit rimeleg forhold til det oppnådde resultatet. Blir det ikkje levert dokumentasjon på unngåtte utslepp eller auka klimagassopptak i skog, skal midlane ikkje utbetalast. Sjå boks 6.2 om måling, rapportering og verifisering (MRV) under rapport for 2013.

Finansiering av program- og prosjektporteføljor

For å nå måla om utsleppsreduksjonar gjennom bevaring av naturskog er det i mange land behov for førebuande innsats for å starte dei nødvendige prosessane, etablere strategiar og arenaer. For å få resultat av satsinga og sikre framdrift i arbeidet, er eit godt forvaltningsregime ein føresetnad. Klima- og skogsatsinga vil derfor søkje å styrkje gjennomføringstakten og hindre forseinkingar

ved å medverke til reformer og institusjonsbygging i mottakarlanda. Dette vil òg imøtekomme forventningar og behov i mottakarlanda og styrkje moglegheitene for varig betra skogforvaltning.

Målgruppe for tilskot er styresmakter, organisasjonar og grupper som blir påverka av tiltak for reduksjon i avskoging og effektane av reduserte klimautslepp, og andre aktørar som kan medverke til måloppnåing.

Midlane skal nyttast til prosjekt eller program som fremjar institusjonsbygging, planprosessar, kartleggingsarbeid, kompetansebygging, kunnskapsutvikling eller liknande, som medverkar til at måla for tilskotsposten blir nådde. Utbetaling direkte til mottakar finn stad når det er behov for å dekkje faktiske utgifter over ein periode på normalt seks månader eller mindre, og vilkåra elles i avtalen er oppfylde.

Fondsoppbygging (multilaterale satsingar) for framtidige utbetalingar for verifiserte utsleppsreduksjonar

I enkelte internasjonale organisasjonar kan det vere vanskeleg for Noreg å få gjennomslag for å følgje våre reglar om utbetaling etter behov og i terminar. Primært vil dette vere i tilfelle der fondsforvaltar ønskjer forskotsvise utbetalingar for å inngå juridisk forpliktande avtaler med tropiske skogland om framtidig kjøp av verifiserte utsleppsreduksjonar. Når Noreg ikkje finansierer klart avgrensa prosjekt, blir det vurdert om Klima- og miljødepartementet skal få høve til å tilpasse utbetalingane til den enkelte organisasjonen sitt regelverk. Slik utbetaling krev unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetaling av gitte tilskotsløyvingar. Sjå forslag til romartalsvedtak VIII. Klima- og skogsatsingas krav om at midlane skal rapporterast som bistand vil stå fast, og andre krav i økonomireglementet til forvaltning av tilskot vil bli følgde.

Fondsoppbygging skal vurderast separat for kvart enkelt tilfelle, og berre når følgjande kriterium er oppfylte:

- Betaling for resultat. Unntak bør avgrensast til initiativ der Noreg medverkar til å byggje opp fond med eksplisitt formål å betale for framtidige verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog.
- Noregs rolle er ikkje av ei slik art at vi åleine kan bestemme utbetalingspraksis. Nye unntak skal berre vurderast for initiativ der Noreg må ta omsyn til ein eller fleire andre store bidragsytarar og/eller multilaterale samarbeidspartnarar sin praksis og behov. Noreg skal i forhandlingar først ha forsøkt å få gjennomslag for

at midlane blir utbetalte til fondet etter at utsleppsreduksjonane er oppnådde.

- Forsvarleg forvaltning. Det må etablerast juridiske rammeverk knytte til fonda som sikrar god forvaltning av midlane. Dersom midlane er forvalta i felles fond med fleire bidragsytarar skal Noreg forsøke å etablere felles forvaltningskrav som sikrar effektiv forvaltning.

Oppfølging og kontroll

For kvar utbetaling skal det rapporterast på oppnådde resultat i samsvar med til dei inngåtte avtalene og dei klimapolitiske måla. Tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismar mot korrupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar.

Betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar skjer etterskotsvis. Utbetalingane vil skje til fond, som vil vere tilskotsmottakar. I tilfelle med delegert samarbeid med andre givarar der etterskotsvis betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar er praktisert, vil tilskotsmottakar vere den parten som er delegert forvaltninga. Klima- og miljødepartementets skyldnader knytte til oppfølging av midlane er derfor avgrensa til oppfølging av avtala mellom Noreg og mottakar. Mottakaren sine vidare tilskotsavtaler er ikkje regulerte av reglane om tilskotsforvaltning i det norske økonomiregelverket. Eit eksempel på eit slikt fond er Brasils Amazonas-fond, administrert av Den brasilianske utviklingsbanken.

Avtaler om utbetalningar til fond må gi høve til kontroll og tilbakebetaling av tilskotet innanfor eit rimeleg tidsrom dersom det ikkje er forvalta i tråd med intensjonen. Alle utbetalningar under klima- og skogsatsinga skal kunne klassifiserast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Ved utbetalningar til fond må det avtalast at fondet berre kan bruke norske midlar på tiltak som er godkjente som offisiell bistand. I tillegg skal avtalene fastslå at tilskotsmottakarar skal ha sikringsmekanismar mot korrupsjon og negative sosiale og økonomiske konsekvensar i deira vidare utbetalningar til ODA-godkjente aktivitetar, og at det blir rapportert på oppnådde resultat. Avtalene skal vidare medverke til klima- og skogsatsinga sine mål om biologisk mangfald, berekraftig utvikling og urfolk sine rettar. Dersom midlane er forvalta i felles fond med fleire bidragsytarar skal Noreg forsøke å etablere felles forvaltningskrav som syter for effektiv forvaltning.

Oppfølging og kontroll skal skje i medhald av regelverket for tilskotsforvaltning elles i bistandsforvaltninga. Som følgje av at Klima- og miljødepartementet overtok forvaltninga av midlane på posten i 2014 vart det etablert eit nytt ordningsregelverk for ordninga.

Rapport 2013

I 2013 låg midlane på kap. 166, post 73 under Utanriksdepartementets budsjett.

Nedanfor følgjer rapportering på klima- og utviklingseffekten av klima- og skogsatsinga sin innsats i 2013. I 2014 lagast ein eigen statusrapport for satsinga som vil vere å finne på departementet si heimeside. Måla for 2013 er dei same som er foreslått for 2015.

Brasil

Noreg har gitt ein lovnad om å betale inntil 1 mrd. dollar til Brasil innan utgangen av 2015, basert på Brasils reduserte avskoging. Så langt er 4,55 mrd. kroner utbetalt. Dei norske pengane blir betalte til Amazonasfondet, som igjen løyver pengar til tiltak som fremjar utvikling og god skogforvaltning. Arbeidet har det siste tiåret retta seg både mot å betre naturforvaltninga, beskytte naturskog, regenerere degradert naturskog og å auke jordbruksproduksjon gjennom meir effektiv heilskapleg arealbruk og meir effektiv jordbrukspraksis. Mange av prosjekta dreier seg om å finne alternative inntektskjelder for fattige som hogger ned skogen for å overleve. Amazonasfondet har bl.a. støtta opplæring i å drive berekraftige økonomiske aktivitetar og berekraftig produksjon. Mykje av støtta frå Amazonasfondet går òg til å handheve miljølovgiving for å hindre ulovleg hogst.

I 2013 oppnådde Brasil sitt nest lågaste avskogingsresultat sidan målingane begynte i 1988, dei var noko høgare i 2013 enn i 2012. Eit svært konservativt anslag på utsleppsreduksjonane som er oppnådde sidan partnerskapen vart inngått med Brasil er 2,6 mrd. tonn. Union of Concerned Scientists har forsøkt å berekne ei meir realistisk mengde utsleppsreduksjonar, og meiner utsleppa har blitt reduserte med 3,6 mrd. tonn i same perioden. Dette svarer til om lag 65 gonger Noregs årlege utslepp.

I 2013 betalte Noreg for Brasils oppnådde resultat i skogåret 2012. I 2012 reduserte Brasil avskoginga i Amazonas-regionen med 77 pst. samanlikna med årleg gjennomsnittleg avskoging i perioden 1996–2005. Den drastiske reduksjonen i avskoging som Brasil har oppnådd er av stor betydning for arbeidet med å redusere effektane av dei globale klimaendringane, som i sin tur kan ha ein positiv påverknad for dei 25 mill. menneska som bur i Amazonas-regionen, spesielt for urfolk og lokalsamfunn i og nær skogområde.

I den Norad-bestilte oppsummerande følgjevaluering av Klima- og skogsatsinga (heretter følgjevalueringa), er støtta til Brasil omtalt som vik-

Boks 6.1 Resultat av klima- og skogsatsinga, evalueringar

Følgjeevaluering

Norad gjennomfører ei følgjeevaluering av Klima- og skogsatsinga, som har resultert i 5 rapportar. Siste rapport vart utgitt i august 2014, og oppsummerer bl.a. resultat av Klima- og skogsatsinga frå 2008–2013 sett opp mot satsinga sine hovudmål. Hovedfunna under dei enkelte måla er som følgjer:

Utslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland (REDD+) skal inngå i ei ny internasjonal klimaavtale

Satsinga sitt arbeid for å inkludere REDD+ i det framtidige klimaregimet er vurderte som ein suksess. Norsk støtte, både finansiell og ikkje-finansiell, har medverka til at eit stort tal land har engasjert seg i arbeidet med REDD+. Gjennom bidrag til forhandlingane rundt ei ny klimaavtale og ved erfaringar framskaffa gjennom bilaterale partnerskap har satsinga medverka til å utvikle eit internasjonalt rammeverk for REDD+ og tilhøyrande finansieringsmekanismar. Dei store betalingsløfta for utsleppsreduksjonar, spesielt til Brasil og Indonesia, er vurderte til å ha medverka til å skape internasjonal framdrift og utløyse brei politisk støtte.

Kostnadseffektive, tidlege og målbare reduksjonar i utslepp av klimagassar frå avskoging og degradering av i utviklingsland.

Satsinga er vurdert å ha gitt gode bidrag til tidlege tiltak («early action») for å oppnå kostnadseffektive reduksjonar i klimagassutslepp som kan verifiserast. Dette er spesielt klart i dei mest effektive bilaterale partnerskapa, særleg Brasil og Indonesia. I Brasil har klima- og skogsatsinga medverka til utviklinga av eit nasjonalt lågkar-

bon-rammeverk, og gjennom betalinga til Amazonasfondet lagt til rette for vedvarande, framtidige utsleppskutt. I Indonesia har satsinga medverka til framgang i readinessarbeidet. Mens evalueringa påpeiker at det er oppnådd viktige resultat og erfaringar i partnerskapa med Tanzania og Guyana, blir det òg understreka at det i desse landa framleis er mykje ugjørt. Rapporten framhevar at dei beste resultatane er oppnådd i mellominntektsland der det finst ei reell evne og politisk vilje til innsats i forkant av økonomiske bidrag. Gjennom støtta til multilaterale organisasjonar har mange land komme i gang med førebunde REDD+arbeid, men foreløpig har få land komme til fasen med utsleppsreduksjonar. Evalueringa peiker på at tida det tek før REDD-land oppnår utsleppskutt gir grunn til bekymring. Det er framheva at satsinga har gitt viktige bidrag til utviklinga av system for måling, rapportering og verifisering (MRV) av utsleppsreduksjonar og at støtta som er gitt til sivilsamfunnet har gitt verdifulle bidrag til etableringa av sosiale og miljøvise sikringsmekanismar og breiare styresettreformer.

Bevare naturskog i utviklingsland for å sikre denne skogen si evne til å lagre karbon

Klima- og skogsatsinga har gitt eit solid bidrag til å bevare naturskogar gjennom pilotprosjekt, og til å etablere nye verneområde for skog. Indonesias moratorium mot nye konsesjonar for konvertering av skog er sett på som eit viktig steg i riktig retning. Sikringsmekanismar for naturskog er blitt utvikla og innførte med norsk støtte gjennom både bilaterale og multilaterale kanalar. Dette er sett på som å ha medverka til etableringa av rammeverk og verktøy for REDD+-aktivitetar som vil føre til at naturskogane blir tekne endå betre vare på.

Boks 6.1 forts.

Satsinga skal medverke til berekraftig utvikling og reduksjon av fattigdom

Satsinga er vurdert å ha gitt viktige bidrag til dei breiare måla for norsk utviklingsbistand. God skogforvaltning er implementert i heile prosjektporteføljen til klima- og skogsatsinga, inkludert tiltak mot korrupsjon og kriminalitet i skogsektoren. Sikringsmekanismar for å beskytte og ta vare på rettane til urfolk og andre lokalsamfunn har stått sentralt i klima- og skogsatsinga sine aktivitetar, både i bilaterale og multilaterale kanalar og i støtta til organisasjonar i det sivile samfunn. Satsinga har gitt eit breitt og kraftig bidrag til berekraftig utvikling. Mens rettane til urfolksgrupper har fått mykje merksemd, påpeiker evalueringa at rettane til andre folkegrupper enn urfolk krev styrkt innsats. Mens kjønnspektivet er blitt understreka og adressert i satsinga sine bidrag, har framdrift på dette området vore avgrensa på grunn av manglande forståing hos fleire samarbeidspartnarar av korleis dette temaet skal følgjast opp.

Evalueringa sine tilrådingar

Evalueringsrapporten inneheld òg omfattande vurderingar av organisering og arbeidsformer for satsinga, og om innsatsar og resultat i fire utvalte samarbeidsland (Brasil, Indonesia, Guyana og Tanzania) og gjennom multilaterale kanalar. Dette er viktige bidrag for vidare vurderingar av innretninga på satsinga i det heile, og i dei enkelte partnerskapa og finansieringskanalane.

Rapporten munnar ut i ein serie tilrådingar for det vidare arbeidet med satsinga:

- Klima- og skogsatsinga sin overordna strategi bør reviderast i lys av evalueringa og anna relevant materiale, under dette vurderingar av den globale status for REDD+, ana-

lysar av framdrift i enkeltland og ein analyse av dei viktigaste manglane i den globale innsatsen. Ein revidert strategi bør innehalde ein formalisert endringsteori kopla til eit resultatbasert rapporteringsrammeverk (tilråding 1 og 2).

- Det bør etablerast ei felles tilnærming med andre givarland til dei multilaterale organisasjonane for å auke effektiviteten og resultatoppgåinga for organisasjonane. Satsinga sitt noverande samarbeid med andre givarar og med multilaterale organisasjonar bør vurderast. Det bør takast omsyn til dei ulike organisasjonane sine mandat, avgrensingar og høvet til synergieffektar med satsinga (tilråding 3).
- Av ulike årsaker har det vore avgrensa framdrift i Guyana og Tanzania. Begge landa bør bli besøkte av fleirfaglege team for å diskutere årsaker til svak framdrift og korleis støtta evt. bør førast vidare (tilråding 4).
- Satsinga bør gi meir merksemd til kommunikasjon. Det bør spreiest meir informasjon om framdrift og resultat gjennom eit breitt spekter av kanalar. Det bør omfatte, men ikkje avgrensast til, ei omfattande nettside med linkar til rapportar og annan informasjon. Innsatsen for meir gjennomsluktige pengestraumar, særleg der midlar blir kanaliserte gjennom multilaterale partnarar, bør halde fram (tilråding 5).

Strategisk evaluering

Som eit supplement til Norads følgjeevaluering har departementet fått utført ei strategisk evaluering, gjennomført av Jonathan Lash, av klima- og skogsatsinga sine resultat og klimapolitiske betydning fram til no, inkludert betraktningar om satsinga si strategiske betydning i åra framover (Lash-rapporten).

Boks 6.1 forts.

Rapporten frå denne evalueringa vart lansert i mars 2014 og er tilgjengeleg på departementet si nettside. Konklusjonane om måloppnåinga i satsinga er i hovudsak samanfallande med dei positive konklusjonane frå Norads følgjeevaluering. Rapporten framhevar at løfta om storskala betaling for utsleppsreduksjonar har vore avgjerande for satsinga si måloppnåing. Økonomiske løfter, politisk engasjement på høgt nivå i Noreg og partnerskapstiltærming, har samla skapt politisk rom i skoglanda til å forbetre skogforvaltninga. Forfattarane peiker i tillegg på at Noreg har medverka til å forandre synet på og retorikken rundt bevaring av skog i utviklingslanda. Det er mindre vanleg å sjå på regnskogbevaring og økonomisk utvikling som motstridande mål i dag enn for fem år sidan.

REDD+ har motivert skoglanda til å forbetre oversikta over eigne skogar. Dette vil kunne ha stor betydning for deira utviklingsplanar og forvaltninga av naturressursar, uavhengig av om REDD+ blir del av ei internasjonal klimaavtale. REDD+ har, mykje takka vere Noregs leiarskap, bidrege til å konsolidere (Brasil) og katalysere (Indonesia) nødvendige endringar i viktige land sine styresett for og forvaltning av skogsektoren. Støtte til sivilsamfunnet sine organisasjonar har vore viktig. Den har medverka til meir opne nasjonale prosessar og dialog, og dermed til betre avgjerder med større legitimitet. REDD+, slik det er praktisert av Regjeringas klima- og skogsatsing, opnar for nye høve til samarbeid og dialog mellom grupper som tradisjonelt har hatt ein fastlåst kommunikasjon.

Rapporten gir råd og anbefalingar om vegen vidare:

- Hovudtilrådinga er at Noreg held fram med satsinga, og helst på eit høgare nivå enn

dagens satsing. Evalueringa understrekar òg at Noreg har eit ansvar for å følgje opp dei store forventningane som er skapt i skoglanda.

- Den resultatbaserte tiltærminga bør utviklast vidare gjennom å auke bruken av betaling for utvikling og implementering av relevante reformer i perioden før den tekniske kapasiteten til å gjennomføre utsleppsreduksjonar, og verifisere desse, er på plass, jf. tiltærminga som er brukt i Indonesia. Ei rekkje land, spesielt låginntektsland, kan neppe forventast å vere klare for betaling for utsleppsreduksjonar dei næraste åra.
- Satsinga gjennom multilaterale organisasjonar som UN REDD og Verdsbanken bør halde fram, og utvidast til fleire land.
- Engasjement på høgt politisk nivå, og godt samarbeid mellom dei involverte myndigheita i Noreg er viktig for fortsett suksess.
- Samarbeidet med både privat sektor og lokale sivile samfunnsorganisasjonar bør styrkast.
- Før ein global klimaavtale er på plass bør samarbeidet mellom givarland styrkast og formaliserast («coalitions of the willing»).
- Målsetningar, resultat og erfaringar frå klima- og skogsatsinga bør kommuniserast betre til omverda.

Regjeringas forslag til vidare innretting av klima- og skogsatsinga er omtalt i Del III under resultatområde 5 Klima.

tig både for Brasil og for REDD-agendaen globalt. Dei norske pengane gav aksept for dei nasjonale reformene som allereie var i gang for å takle avskoging, og truleg styrke til å halde fram i denne positive retninga.

Evalueringa peiker på at kjønnspektivet ikkje er tilstrekkeleg teke vare på i samarbeidet. I tillegg saknar evalueringa betre rapportering på Amazonasfondets samla effekt. Eit anna viktig moment som rapporten peiker på er at berre avskoginga i Amazonas er dekt av avtala. Det gjer

at potensiell lekkasje av avskoging til andre geografiske område ikkje blir fanga opp av avtala.


Samarbeidsavtala mellom Noreg og Den brasilianske utviklingsbanken (BNDES) om støtte til Amazonasfondet vart fornya 17. september 2013. Noregs totale utbetaling til Amazonasfondet i 2013 var på om lag 3,89 mrd. kroner. Av dette var 2,79 mrd. kroner allereie løyvd til Brasil for oppnådde resultat i perioden 2008–2011 og hadde stått på gjeldsbrevkonto i Noreg. Pr. 31.12.13 var 50 pro-

sjekt blitt godkjente for støtte frå Amazonasfondet.

I tillegg til støtta gjennom Amazonasfondet, opererer totalt 22 prosjekt under sivilsamfunns- løyvinga i Brasil.

Det har teke tid å setje i verk prosjekt finansierte av dei norske midlane som er utbetalte for

utsleppsreduksjonar. Den brasilianske utviklingsbanken arbeider kontinuerleg med denne problematikken, og forpliktingsgraden og utbetalings- takten i Amazonas-fondet aukar. Banken har strenge prosedyrar for å sikre at bidrag til fondet ikkje blir misleghaldne.



Figur 6.1 Avskoging i brasiliansk Amazonas 1988–2013

Indonesia

Samarbeidet med Indonesia har i første fase hatt som mål å etablere strukturar for god skog- og torvmyrforvaltning. Noreg skal betale for verifiserte utsleppsreduksjonar i tredje fase, som etter planen blir sett i gang i 2017. Samarbeidet er no i ferd med å gå over i iverksetjingsfasen (fase to), der Noreg skal medverke til å finansiere Indonesias handlingsplanar for redusert avskoging, særleg på lokalt nivå. Det vart i 2013 utbetalt 54 mill. kroner frå kap. 166, post 73 i støtte til Indonesia.

Indonesia har dei siste tiåra hatt høg avskoging. Det er ikkje etablert gode system for å måle og verifisere avskogingstal i Indonesia, men over- slag tyder på at om lag 800 000 hektar urørt regn- skog forsvinn årleg. I fase 2 av partnerskapen skal Indonesia ferdigstille eit rammeverk for måling og verifisering av utsleppsreduksjonar – ein føreset- nad for at Noreg skal betale Indonesia for utsleppsreduksjonar (i fase 3).

Indonesia har sidan 2011 vedteke stans i nye konsesjonar for hogst og plantasar i primærskog i eit område på storleik med Frankrike («moratoriet»), for å gi styresmaktene tid til å implemen- tere reformer for å begynne å redusere avsko- ginga. I 2013 vart moratoriet forlenga med ytterle- gare to år. Moratoriet har blitt kritisert for å vere for lite omfattande og å gi for svakt skogvern.

Indonesia har utvikla strategiar for å redusere avskoginga og skogdegradering og øydelegging av karbonrik torvmyr, både på nasjonalt nivå og i elleve provinsar. Hausten 2013 vart det etablert ei spsjaleining for REDD+ som koordinerer landets REDD+-innsats (REDD+ Agency). Ein finansieringsmekanisme for REDD+ i Indonesia er under etablering.

Tre ulike uavhengige evalueringar har nyleg blitt publiserte om klima- og skogpartnerskapen med Indonesia (Lash-rapporten februar 2014, Norads følgjeevaluering i august 2014 og konsu- lentselskapet Gaia hausten 2013). På overordna

nivå konkluderer alle evalueringane med at Indonesia som del av samarbeidet har hatt betydeleg framgang i å etablere strukturar som vil vere nødvendige for positive styresettreformer i skogsektoren. Norad- og Lash-rapportane framhevar det at Noreg ga lovnad om støtte og at Indonesias president forplikta seg til ambisiøse utslppsreduksjonar, har bidrege til den gode framgangen i Indonesia. Lash framhevar at klima- og skogomsyn no «i forbløffande grad» har blitt ein del av Indonesias utviklingsagenda i staden for å vere ein trussel mot den.

Norads følgjeevaluering fastslår at det har vore god framgang i det førebuande REDD+-arbeidet, deriblant arbeidet med å få på plass rammeverk for å måle og verifisere utslppsreduksjonar. Dei framhevar at utviklingspolitiske omsyn har blitt godt tekne vare på, at partnerskapen har medverka til grunnleggjande prosessar for å sikre rettane til urfolk, og til forbetringar i landet si skogforvaltning. Dei viser til god framgang i å integrere kjønnspektivet i politikktutforming og planlegging, men at det er for tidleg å seie noko om dei endelege effektane av dette.

Både Lash' og Norads rapportar peiker på at kommunikasjonen om partnerskapen må bli betre. I tillegg blir det etterlyst større nærvær og fleire tilsette for å betre oppfølginga frå norsk side. Rapportane peiker på kor politisk sårbar resultatoppnåinga i Indonesia er og framhevar vidare behovet for samordning mellom ulike institusjonar og initiativ i Indonesia.

Kongobassenget

Kongobassenget utgjer verdas nest største regnskogsområde etter Amazonas, og dekkjer seks land i Sentral-Afrika. Avskogingstakten er låg, men aukande. I 2013 er norskfinansierte tiltak i fleirgivarfond som medverkar til institusjonsbygging, godt styresett, og nasjonale REDD-strategiar i regionen førte vidare. Midlane er bl.a. forvalta av Afrikabanken, Verdsbanken og FNs REDD-program. Det blir òg gitt midlar til fleire sivile samfunnsorganisasjonar i området gjennom klima- og skogsatsinga si ordning for sivilt samfunn. Det blir gitt støtte til organisasjonar som arbeider for godt styresett, eigeomsrettar, offentleg tilgjengeleg informasjon om aktivitetar i skogsektoren, antikorrupsjon og tiltak mot ulovleg hogst og miljøkriminalitet, og sivilsamfunnets og urfolks deltaking i REDD+, inkludert det sivile samfunn.

Den demokratiske republikken Kongo (DR Kongo) oppnådde i perioden 2009 til 2012 fram-

Boks 6.2 Hva er MRV?

Forkortinga står for *Måling, Rapportering og Verifisering*. Overordna inneber MRV:

Måling – Kort fortalt er dette å måle omfanget av klimagassutslepp frå skogen. Ein må blant anna måle kor store område som blir skadde gjennom avskoging og degradering av skog, og kor mykje karbon som blir sloppe ut på grunn av denne skaden. Til saman blir denne informasjonen kalla ein klimagassrekneskap. Klimagassutslepp kan komme frå øydelegging av tre, greiner og blad over bakken, eller frå røter under bakken, og jorda trea stod på.

Rapportering – Når eit land har gjort sine målingar og utrekningar, skal resultatane av dette rapporterast til dei som skal betale for dei reduserte klimagassutsleppa. I desse rapportane skal ein sjølvstøtt rapportere resultatet, men òg kva slags metodar og matematiske formlar som er nytta i utrekningane. Dette er nødvendig for at neste trinn i prosessen – verifiseringa – skal bli best mogleg.

Verifisering – For at dei som betaler for redusert avskoging skal vere trygge på at resultatane er truverdige, må rapportane verifiserast. I ei verifisering blir metodane og utrekningane som vart brukt i rapportane grundig vurderte av ein uavhengig tredjepart. I tillegg til å sjekke at alt stemmer, kan dei som utfører verifiseringa gi nyttige råd og tilrådingar om korleis neste rapport kan bli endå betre. I heile MRV-prosessen er det viktig at aktørane er opne og gir innsyn i kva metodar og materiale som ligg bak resultatane. Dette gjer det mogleg for bl.a. sivile samfunnsaktørar og akademia å følgje med på prosessen og gå MRV-styresmaktene etter i saumane. Dette er spesielt viktig under Verifiseringsprosessen.

gang i REDD+-arbeidet, spesielt sett i lys av dei store styresett- og fattigdomsutfordringane. Som ein del av Verdsbanken og DR Kongos nye, forpliktande samarbeid medverka satsinga i Kongobassenget i 2013 til auka fokus på berekraftige økonomiske reformer. Samarbeidet inkluderer, etter forslag frå Noreg, viktige reformer for arealbruksplanar, eigeomsrettar og miljøstandardar for å redusere dei negative verknadene av olje- og gruvedrift i regnskogen. Det vart i 2013 inngått eit nytt samarbeid med U.S. Agency for International

Development (USAID), der Noreg i 2013 medverka med 47 mill. kroner til eit regionalt skogprogram i DR Kongo og Republikken Kongo. Programmet si todelte målsetjing er redusert avskoging og vern av biologisk mangfald. Det har vore arbeidd med å etablere system og kapasitet for god skogforvaltning i Kongobassenget. Arbeidet har teke lengre tid enn planlagt.

Gjennom Kongobassengfondet (Congo Basin Forest Fund, CBFF), eit fond i Den afrikanske utviklingsbanken (The African Development Bank – AfDB), støttar Noreg, Storbritannia og Canada prosjekt innan berekraftig skogforvaltning og REDD+ i dei ti landa i Kongobassenget som er medlem av Den sentralafrikanske skogkommisjonen (The Central African Forest Commission). Det har vore store utfordringar ved forvaltninga av fondet, og det er gjennomført tiltak for å betre fondsforvaltninga. Eit nytt resultatrammeverk vart utarbeidd i 2013 i samarbeid mellom givarar og sekretariatet i Afrikabanken. Norads følgjeevaluering framhevar at det er vanskeleg å sjå kva resultat fondet har hatt, men at betringar i rapporteringa den seinare tida kan gjere det lettare å sjå kva resultat fondet har ført til. Det vil ikkje bli utbetalt nye, norske midlar til fondet. Fokus ligg no på å syte for at allereie innbetalte midlar blir nytta på ein forsvarleg måte.

Tanzania

Norads følgjeevaluering viser at REDD-prosjekta i Tanzania har ført til betre skogforvaltning og redusert avskoging. Men den politiske viljen i landet har vore svak, samtidig som partnerskapen ikkje har struktur for å sikre strategisk og politisk dialog og framdrift, noko som har ført til manglande resultat i arbeidet.

Det vart i 2013 utbetalt 41,3 mill. kroner frå kap. 166, post 73 til støtte i Tanzania. Bl.a. vart støtta til ni REDD+-pilotar ført vidare. Ein av desse sluttførte sitt arbeid i 2013, mens to av pilotane vart avslutta på grunn av misleghald. Ein foreløpig konklusjon er at den norske støtta til pilotane har ført til auka kunnskap og praktisk erfaring knytt til gjennomføring av REDD+ på lokalt nivå. Fleire av pilotane gjennomførte test-karbonutbetalningar på grunnlag av reduserte utslepp i prosjektområda.

Norads følgjeevaluering peiker på at det sivile samfunn og lokale aktørar har vore godt involverte i det nasjonale klima- og skogarbeidet. Pilotprosjekta har òg lagt vekt på å bidra til utvikling av alternative inntektskjelder, som for eksempel produksjon av honning, for å kompensere for inntekt-

stap for dei som tidlegare hadde sitt utkomme knytt til skogprodukt.

Den nasjonale strategi og handlingsplan for REDD+ vart godkjent av nasjonalforsamlinga i 2013. Følgjeevalueringen viser at den norske innsatsen i Tanzania ikkje har hatt stor effekt for arbeidet med nasjonal måling, rapportering og verifisering av klimagassutslepp (MRV). Prosjekta Noreg har støtta har gitt både statstilsette, forskarar og sivilt samfunnsaktørar kunnskap om metodar for MRV-arbeidet, men det har vore politisk motstand mot å nytte dei i nasjonal skala i Tanzania.

Noregs opphavlege løfte om støtte til Tanzania er nær innfridd. Eit eventuelt vidare engasjement i landet vil bli vurdert i lys av evalueringa og viljen til eit resultatbasert samarbeid framover.

Vietnam

Vietnam har vist politisk vilje til å redusere klimagassutslepp frå skogsektoren og er eitt av få utviklingsland med konkrete planar om å redusere eigne klimagassutslepp fram mot 2020 før ei ny internasjonal klimaavtale trer i kraft.

Samarbeidet med Vietnam har retta seg mot kapasitets- og kompetansebygging på nasjonalt og provinsnivå med sikte på framtidig betaling for utsleppsreduksjonar. Den norske støtta til fase 2 (iverksetjingsfasen) er samla på 180 mill. kroner og blir kanalisert gjennom FN's klima- og skogprogram (UN-REDD). I juli 2013 vart det nasjonale programdokumentet for UN-REDD fase 2 godkjent og arbeidet sett i gang. Gjennomføring av faste to er venta å ta tre år.

Vietnam er kritisert for manglande presse- og ytringsfridom av menneskerettsorganisasjonar. I REDD-prosessen har likevel sivilsamfunnsaktørar, under dette minoritetsgrupper, blitt inkluderte i prosessen på ein god måte. For eksempel var Vietnam det første av UN-REDD-landa til å utvikle og setje i verk ein prosess for *Free Prior and Informed Consent* (FPIC) som skal sikre sjølvstendig og open deltaking frå lokale grupper. Dette er noko som er trekt fram som særleg positivt i Norads følgjeevaluering av klima- og skogsatsinga.

Etiopia

Klimaambisjonane i Etiopia er svært høge, og vil krevje ei omfattande omlegging og modernisering av nasjonaløkonomien. Ei modernisering vil òg vere positiv sett frå eit utviklingsperspektiv. Matproduksjon og lokal energiforsyning kan ikkje len-

ger baserast på vidare avskoging, tvert i mot er det akutt behov for restaurering av avskoga område. Det vil òg vere eit stort behov for teknologi- og kunnskapsinvesteringar for å skape nye jobbar i byane. Dette føreset integrering av klimatiltak og -omsyn i nasjonale utviklingsplanar.

Som del av klimapartnerskapen mellom Noreg og Etiopia som vart inngått i 2011, inngjekk Noreg i 2013 formelt ei fleirårig bilateral avtale om støtte til gjennomføring av Etiopias nasjonale REDD-arbeid. Avtala forpliktar Etiopia til å gjennomføre sitt nasjonale REDD+-arbeid i tråd med internasjonale retningslinjer. Den tangerer fleire grunnleggjande spørsmål som landrettar, deltaking, ressursfordeling og likestilling. Noreg forpliktar seg til å betale for oppnådde resultat. Viktige milepælar vart nådde i 2013. Det vart etablert eit eige miljø- og skogdepartement med samla ansvar for REDD+, skogforvaltning, klimaforhandlingane og gjennomføring av den nasjonale strategien for grøn vekst. Styresmaktene utarbeidde òg eit vegkart for etablering av eit system for måling, rapportering og verifisering av utslepp frå skogsektoren (MRV), noko som er ein føresetnad for å kunne generere framtidige inntekter frå resultatbasert REDD+. Dei bestemte vidare å utvikle eit regionalt pilotprogram i delstaten Oromia som etter planen skal kunne levere det første storskala-bidraget av verifiserte utsleppsreduksjonar frå REDD+ i løpet av 2016/2017.

Noreg har i 2013 samarbeidd tett med Verdsbanken og Storbritannia, og forplikta seg til å finansiere heile den førebuande fasen av REDD+.

Amazonas

I Amazonas utanom Brasil har Noreg arbeidd tett saman med Tyskland og Storbritannia for å gjere det mogeleg med eit samarbeid med Colombia, Ecuador og Peru om samarbeid basert på resultat i form av verifiserte utsleppsreduksjonar eller sentrale reformer.

I Ecuador har det i 2013 vore forhandlingar om potensiell støtte basert på målte og verifiserte utsleppsreduksjonar frå 2014, gjennom eit tysk program for finansiering av reduserte klimagassutslepp frå skog i utviklingsland: REDD Early Movers program. Rapportering på sosiale og miljøvise sikringsmekanismer, og at dei utbetalte midlane skal medverke til ein lokal berekraftig utvikling, vil stå sentralt i eit eventuelt samarbeid.

Noreg, Tyskland, Storbritannia og Colombia erklærte under Klimatoppmøtet i Warszawa i 2013 at ein ønskte å sjå på høvet til å samarbeide om redusert avskoging i colombiansk Amazonas.

Colombia er i ferd med å utvikle ein ambisiøs plan for berekraftig utvikling i Amazonas, som vil leggje grunnlag for samarbeidet. Noreg har ein god dialog med Tyskland om eit mogleg samarbeid gjennom REDD Early Movers program også her.

I Peru har det i 2013 vore framgang i den nasjonale prosessen for å setje opp eit fungerande system for å redusere avskoging. Blant anna vart planen for investeringar i redusert avskoging gjennom Forest Investment Programme godkjent i programmets styre. Peru hausta her særleg heider for konsultasjonane med urfolk.

Guyana

Norads følgjevaluering viser at den norske støtta har medverka til at Guyana har utvikla eit velfungerande system for måling, rapportering og verifisering (MRV) av utslepp frå avskoging gjennom bevaring av naturskog, og at dette systemet har hatt stor verdi for nasjonal ressursforvaltning elles. Guyanas avskoging auka betydeleg i 2012 og var då på 0,079 pst. (0,05 pst. i 2011). Gjennomsnittsraten for avskoging i utviklingsland er på 0,52 pst, så globalt sett er Guyanas avskoging fortsatt svært låg. I forhold til det avtalte referansenivået i Guyana er det unngått utslepp på i overkant av 13 mill. tonn CO₂. Dette er likevel ein auke frå tidlegare år og medfører ein avtalefesta reduksjon av utbetalingsgrunnlaget på omkring 19 mill. US\$. Forhandlingar om utbetaling for resultat i 2012 heldt fram hausten 2014. Det vart ikkje utbetalt pengar til Guyana i 2013.

Gjennom Guyana REDD+ Investment Fund (GRIF) er det sett i gang fleire REDD-prosjekt, der to rettar seg mot utvikling i urfolks landsbyar og avklaring av landrettar. Følgjevalueringa peiker på at utbetalingstakten frå fondet likevel er låg, og at arbeidet med å gjere fondet meir eigna for resultatbasert klimafinansiering er utfordrande.

Ei hovudårsak til forseinkingane er arbeidet med Amaila Falls, eit vasskraftverk som ved realisering vil levere straum til heile Guyana basert på fornybar energi. Prosjektet vil gi direkte effekt på Guyanas utslepp av CO₂ og vere av stor betydning for sosial og økonomisk utvikling i Guyana. Noreg deltek indirekte i forhandlingane om å etablere ein finansieringsstruktur for Amaila Falls. Prosjektet har vore utfordrande, og er betydeleg forseinka. Det vil like fullt, dersom det lykkast, bringe partnerskapen eit stort steg framover og også medverke til auka utbetalingstakt og til at Noregs uteståande forpliktingar, jf. manglande betaling i 2013, kan oppfyllest.

Boks 6.3 Fokus på styresettforbetringar

Klima- og skogsatsinga har aktivt fremja utviklingsmål knytte til forbetringar av politisk og økonomisk styresett og fattigdomsreduksjon. Dette er utviklingsmål som direkte og indirekte medverkar til klimaresultat. Det heng saman med at viktige drivarar bak avskoging i utviklingsland er knytte til styresettproblem, manglande institusjonell kapasitet og fattigdom. Norads følgjeevaluering i 2014 viser at klima- og skogsatsinga har hatt størst utviklingseffekt på styresettområdet.

REDD+ kan medverke til utvikling på fleire område, men Norads følgjeevaluering viser at utviklingsgevinstane er særleg tydelege på to felt: gjennom bidraget til levedyktige lokalsamfunn og gjennom bidrag til betre styresett. Det siste er i stor grad er ein føresetnad for det første. At satsinga har hatt effekt på styresettområdet er eit resultat av ei systematisk vektlegging og prioritering av tiltak for forbetring av styresettet knytt til naturressursforvaltning i våre partnerland.

Følgjeevalueringa viser at satsinga medverkar til å bevare levebrødet for skogavhengige lokalsamfunn, men òg til ny økonomisk aktivitet, som i sin tur skaper grobott for utvikling.

Med eksempel frå blant anna Indonesia og Brasil viser Norads evaluering at klima- og skogsatsingas arbeid med styrking av urfolks rettar, betre arealplanlegging, tilgang til informasjon, kartlegging av landrettar og bidrag til kampen mot korrupsjon og kriminalitet i skogsektoren har skapt konkrete utviklingspolitiske resultat. Arbeidet med forbetring av politisk styresett handlar i stor grad om katalytiske innsatsar som medverkar til politiske prosessar, tverrsektorielt samarbeid og reformer i naturressursforvaltninga, noko samarbeidet med Indonesia er eit godt eksempel på. I siste instans er arbeidet for betre styresett i naturressursforvaltninga eit vesentleg bidrag til statsbygging i skogland.

Klima- og skogsatsinga har støtta tiltak for likestilling, både i våre landpartnarskap, gjennom multilaterale organisasjonar og organisasjonar i det sivile samfunnet. Dette arbeidet er krevjande, og konklusjonane frå følgjeevalueringa viser at det bør vurderast å trekkje på erfaringar frå anna likestillingsarbeid for å styrkje innsatsen.

Guyana har gjennom avtala med Noreg knytt seg til fleire internasjonalt anerkjente prosessar som rettar seg mot betre styresett og auka transparens i skogsektoren. Guyana forhandlar med EU om ei avtale som skal stanse eksport av ulovleg hogd tømmer og landet har hatt uavhengige revisjonar av regelverk og praksisar i tømmerindustrien. Begge desse prosessane har god framgang. Guyana har gjennom avtala med Noreg forpliktet seg til eit samarbeid med Extractive Industries Transparency Initiative (EITI). EITI medverkar til auka økonomisk transparens i utvinning av naturressursar, for eksempel gruveindustri og skogdrift. Dette arbeidet har gått sakte over tid og er betydeleg forseinka. På grunn av auka gullprisar har gruve drifta i landet fått sterkare fotfeste og er i dag den største trusselen mot Guyanas regnskog. Norads følgjeevaluering peiker på at fleire tiltak bør rettast mot gruveindustrien, og dette er òg eit område som er prioritert av klima- og skogsatsinga i dialogen med Guyana.

Myanmar

Myanmar er eit av landa i Sørøst-Asia med mest skog og har tredje størst karbonvolum i skogen i regionen, etter Indonesia og Papua Ny-Guinea. Dei siste tiåra har det vore ei dramatisk avskoging i Myanmar og mellom 2000 og 2012 forsvann ca. 15 000 km² med skog, noko som tilsvarer eit område på størrelse med Buskerud fylke.

Noreg har ikkje eit etablert bilateralt skogsarbeid med Myanmar, men støttar arbeid innan klima- og skog gjennom FNs klima- og skogprogram. Myanmar vart teke opp som medlemsland av programmet i 2011 og ferdigstilte hausten 2013 sin vegkartrappreport for utarbeiding av eit nasjonalt REDD Program. Vegkartrappporten legg opp løpet for å etablere eit nasjonalt REDD-program i landet. Ei vidareføring og eventuell styrking av Noregs innsats vil bli vurdert og konkludert seinast i løpet av 2015.

Multilaterale satsingar

Noreg har over fleire år gitt støtte til ulike multilaterale program gjennom FNs klima- og skogprogram (UN-REDD), Verdsbanken (FCPF og FIP) og Afrikabanken (CBFF), og medverka aktivt i utforminga av programma sin policy og implementering. Totalt deltek meir enn 50 skogland i større eller mindre grad. Noreg har, som ein av dei største og mest aktive givarane til UN-REDD programmet og Forest Carbon Partnership Facility (FCPF), vore ein pådrivar for at FNs ulike organisasjonar skal operere som eitt FN på landnivå («delivering as one») og for betre samordning og samarbeid mellom FN-organisasjonane og Verdsbankens arbeid med skog og klima. Norads følgjevaluering framhevar at arbeid under Verdsbankens skogpartnarskap har i stor grad positivt påverka klimaforhandlingane om REDD, særleg på områda måling, rapportering og verifisering. I mange land har ein for første gong skapt ein nasjonal politisk dialog på høgt nivå om skogforvaltning som inkluderer eit breitt spekter av sektorar (landbruk, vasskraft og gruveindustri). Følgjevalueringa konkluderer med at multilateral innsats har styrka REDD-landas forståing av REDD + som eit viktig klimatiltak, og ført til forpliktingar som sikringsmekanismar (bevaring av naturskog og omsyn til urfolk).

Men evalueringa peiker òg på at samarbeidet mellom dei tre FN-organisasjonane, og med Verdsbankens FCPF, ikkje er godt nok og har høge transaksjonskostnader. Få land har komme vidare i arbeidet, og for mange land er utsleppskutt framleis langt fram i tid. Evalueringa framhevar manglande tryggleik rundt finansiering framover som den største risikoen for REDD-arbeidets framtid. Når landa som er i gang med førebuaende REDD-arbeid tek til med å levere resultat må finansieringa aukast betrakteleg.

FCPF, som er administrert av Verdsbanken, består av eit kapasitetsfond (Readiness Fund) som gir støtte til 44 skogland for innleiande strategiarbeid og kapasitetsbygging, og eit karbonfond (Carbon Fund) som er sett opp for å betale for utsleppsreduksjonar i stor skala. Både rapporten frå Verdsbankens interne evlueringseining og KoS' følgjevaluering viser at FCPF, og UN-REDD, har spela ei viktig rolle i landa sitt arbeid med å etablere standardar for REDD+ i klimaforhandlingane under FNs klimakonvensjon, og dermed medverka til klima- og skogsatsinga sitt første hovudmål. FCPF har òg gitt viktig støtte til system for måling, rapportering og verifisering (MRV) av klimagassutslepp, og desse systema

har hatt stor meirverdi i form av betre ressursforvaltning og arealplanlegging. Noreg, Tyskland og Finland gav eller lova i 2013 betydelege nye tilskot til fondet, og totalen er no på om lag 2 130 mill. kroner. Noreg gjorde ingen nye utbetalingar til fondet i 2013, men forplikta seg til å utbetale 600 mill. kroner til FCPF Readinessfondet.

I 2013 vart styret i FCPFs karbonfond etter to års forhandlingar einig om metoderrammeverket som utgjier spelereglane for korleis REDD-land kan få betalt for utsleppsreduksjonar. Costa Rica underteikna fondet sin første intensjonsavtale (LoI) og skogrike land som Indonesia og Den demokratiske republikken Kongo presenterte sine første programutkast til storskala utsleppsreduksjonar. Storbritannia lova auka bidrag på inntil 600 mill. kroner. Fondet er i positiv utvikling og milepålane over medverkar til alle hovudmål i skogsatsinga.

FNs klima- og skogprogram (UN-REDD) er eit samarbeidsprogram mellom FNs miljøprogram (UNEP), FNs mat- og landbruksorganisasjon (FAO) og FNs utviklingsprogram (UNDP) som skal bistå utviklingslanda innanfor følgjande prioriterte område: måling, rapportering og verifisering av klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog (MRV), urfolk og lokalsamfunns rettar, biologisk mangfald, grøn økonomi, godt styresett og antikorrupsjon. Colombia og Bangladesh vart i 2013 tekne opp som nye programland og 18 land mottek no direkte støtte til nasjonale program. Omkring 440 mill. kroner er sett av til nasjonale program. Rundt 600 mill. kroner er nytta for å støtte alle 49 deltakande land og til globale aktivitetar. I 2013 medverka Noreg med 258 mill. kroner, og i tillegg gav Danmark, EU og Luxembourg tilskot til programmet. Indonesia, Tanzania og Vietnam avslutta sine nasjonale program. Ei evaluering av UN-REDD konkluderer med at programmet har oppnådd moderat suksess. Programmet har særleg lykkast med å inkludere eit stort tal land i REDD-arbeidet, og gitt fagleg og praktisk rådgiving om landa sitt arbeid med sikringsmekanismar, eit viktig område i klimaforhandlingane. Utfordringar for programmet er betre samarbeid mellom organisasjonane og auka effektivitet i resultatoppnåinga. Organisasjonane har slutta seg til tilrådingane og er i ferd med å innføre tiltak.

Under klimakonvensjonens møte i Warszawa i desember 2013 vart det lansert eit nytt, multilateralt samarbeid gjennom Verdsbankens BioCarbon Fund (BioCF), i første omgang støtta av Noreg, Storbritannia og USA. EU vurderer også å delta. Sjølve fondet vart etablert allereie i 2004 som eit

offentleg-privat sektor-initiativ for å mobilisere finansiering til karbonprosjekt i skog- og landbruksbaserte økosystem. Det var den gongen verdens første karbonfond, og har sidan etableringa medverka til ei rekkje prosjekt som har endra landskapsområde og støtta tiltak for fattige bønder. BioCF er slik forløparen til dei andre karbonfonda Verdsbanken forvaltar, og blir no tilpassa regelverk og mål for REDD+. BioCF vil supplere Karbonfondet som ein fleksibel og innovativ resultatbasert mekanisme for å betale for og dermed auke etterspørselen etter verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog. Fondet skal i første omgang gjennomføre pilotprogram i 4–5 geografiske område. Dette er valt ut på bakgrunn av ein langt kommen førebuingssfase, demonstrert evne og vilje til å drive ei integrert landskapstilnærming for REDD+ og/eller har særskilte utfordringar knytte til arealpress frå store, mobile og ressurskrevjande råvareinvestorar/-selskap.

The Forest Investment Program (FIP) er eit klima- og skogfond under Verdsbanken. Styret godkjente i oktober 2013 finansiering av dei første 4 prosjekta av den lovande privat sektor-mekanismen (inntil 300 mill. kroner). Dei første utbetalningane for å gi direktestøtte til urfolk og lokalsamfunn si deltaking i nasjonalt REDD-arbeid vart òg vedtekne i 2013. Framdrifta har vore svakare enn venta, men Verdsbanken vurderer at takten for å setje i verk prosjekt vil auke i 2014. FIP-styret har godkjent 38 prosjekt med ein samla verdi på 2,5 mrd. kroner. Av desse er 11 blitt tildelt midlar med ein samla verdi på ca. 1,2 mrd. kroner. Noreg utbetalte i 2013 dei resterande 220 mill. kroner av vårt totale løfte på 900 mill. kroner til programmet.

Aktivitetar i det sivile samfunn

Noreg har gjennom si støtte til klima- og skogsatsingens ordning til det sivile samfunn medverka til å styrkje sivil samfunnsdeltaking i nasjonale REDD-prosessar og finansiert tiltak på eit tidleg stadium. Støtta har blant anna medverka til lovending og påverka nasjonalt arbeid på sikringsmekanismer. Dette går fram av Norads evaluering av støtta til sivilsamfunnsorganisasjonar for perio-

den 2008–2012. Etter tilrådingar frå evalueringa har 2013–2015-porteføljen ei meir heilskapleg strategisk innretning. Det inneber fagleg konsentrasjon rundt fire strategisk viktige tematiske område, med auka innsats mot drivarar bak avskoging og arbeid opp mot privat sektor. Norads følgjeevaluering av klima- og skogsatsinga slår fast at støtta til sivilt samfunn har medverka positivt til utvikling av sikringsmekanismer og breiare spørsmål knytte til styresett. Ifølgje evalueringa medverkar støtta positivt til å nå klima- og skogsatsinga sine utviklingsmål og er komplementær til dei nasjonale partnerskapa. I tillegg har støtteordninga god framdrift og oppfølging.

I 2013 var tilskotet til sivilsamfunnsorganisasjonane på rett under 300 mill. kroner, fordelt på 42 prosjekt i totalt 33 land. Landa med flest prosjekt er Indonesia (30), Brasil (19), DR Kongo (11) og Vietnam (9). Mange av prosjekta går føre seg i fleire land og mange har også, delvis eller fullstendig, ein global komponent.

Hausten 2013 arrangerte klima- og skogsatsingens konferansen Oslo REDD exchange. Over 400 internasjonale deltakarar frå frivillige organisasjonar, styresmakter, privat næringsliv og forskingsmiljø var samla for å dele erfaringar og kunnskap, og å diskutere korleis aktørane kunne medverke til å utvikle vidare arbeidet framover. I tilknytning til Oslo REDD Exchange arrangerte Norad eit møte for alle tilskotsmottakarane i den nye porteføljen (2013–2015) for å medverke til informasjonsdeling og erfaringsutveksling. Det vart utarbeidd og lansert ein eigen nettportal for klima og skog/sivilt samfunnsporteføljen på norad.no i samband med konferansen. Portalen har eit søkbart kart der ein finn alle dei 42 prosjekta under land, kategori og underkategori, prosjekttype og fokusområde. Målgruppe for nettsida er aktørar som arbeider med REDD+ og som vil å lære om andre prosjekt. I første omgang inneheld nettsida det søkbare kartet med kort informasjon om dei 42 prosjekta i den nye porteføljen, ein analyse av porteføljesamansetninga, lenker og nyttig informasjon om prosessane og regelverk for ordninga, og innrapporterte resultat og erfaringa frå den gamle porteføljen. Dette er òg eit ledd i kunnskapsforvaltninga og rapporteringa av porteføljen.

Del III

*Omtale av Klima- og miljødepartementet sine
resultatområde og verkemiddel*

7 Innleiing

Klima- og miljødepartementet har gjennom lang tid delt opp miljøpolitikken i resultatområde. På kvart resultatområde er det presentert tilhøyrande nasjonale mål.

Utgangspunktet er at dei nasjonale måla skal spegle kva Noreg vil oppnå på viktige miljøområde. Mange av dei nasjonale måla er sektorovergripande. Dette inneber at alle aktørar i samfunnet, både offentlege og private, har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for sine aktivitetar og for å medverke til at dei overordna måla i klima- og miljøpolitikken blir nådde. Det er utvikla indikatorar som viser grad av måloppnåing. Desse kan ein finne på www.miljo-status.no.

Miljøprofilen i statsbudsjettet gir ei oversikt over korleis Regjeringa samla sett vil medverke til å nå dei nasjonale måla.

7.1 Endringar i verkemiddelområde og resultatområde

I løpet av det siste året har Klima- og miljødepartementet redusert talet på resultatområde frå 11 til 6 og talet nasjonale mål er òg redusert betrakteleg. Mange av måla er i tillegg omformulerte slik at dei er meir einsarta, kortare, meir presise og enklare å forstå. Ambisjonsnivået i miljøpolitikken blir ikkje påverka av endringa i måla.

Klima- og miljødepartementet arbeider òg med bruk og utvikling av verkemiddel i miljøpolitikken, og deler verkemidla inn i eigne verkemiddelområde. Verkemidla er grunnleggjande føre-

setnader for å oppnå resultat i miljøpolitikken. For å nå miljømåla på alle dei miljøpolitiske resultatområda er ein heilt avhengig av dei verkemidla miljøforvaltninga og andre sektorar har til disposisjon og tek i bruk.


Kvart resultatområde og verkemiddel gir ei samla framstilling av tilstand, påverknader og politikk for å nå dei nasjonale måla. Dei nasjonale måla blir presenterte i starten på kvart område.

7.2 Bymiljø er eit satsingsområde i klima- og miljøpolitikken

Byane veks, og det må sikrast at denne veksten er berekraftig. Klima- og miljødepartementet har eit særskilt ansvar for å sikre at omsynet til klima, miljø og kulturminne blir teke vare på. Det gjeld både i byar og andre stader.

I byane samlast menneske og verksemder. Då samlast òg utslepp og andre miljøutfordringar. Byane er derfor særskilt viktige i klima- og miljøarbeidet. Dei kan vere ein del av problemet, men i endå større grad ein del av løysinga.

Befolkninga i Noreg vil truleg vekse med om lag to millionar fram mot 2060. Vi må handtere folkeveksten samtidig som vi skal redusere klimagassutsleppa, unngå forureining og trafikkaos, og ta vare på kulturarven vår òg naturen. 80 pst. av befolkninga i Noreg bur i byar, og store delar av folkeveksten i åra framover er venta å skje her. Kvaliteten på bymiljøet vil derfor vere vesentleg for kvardagen til store delar av befolkninga.



Figur 7.1 Miljøpolitiske resultatområde

Byborgaren forureinar ikkje meir enn andre, men på grunn av store folkekonsentrasjonar og sterk vekst representerer byane ei vesentleg kjelde til forureining og klimagassutslepp. Veksten i byane skapar òg eit stort press på vår felles kulturhistorie og grøne og blå «lungar» i byane og naturen i nærleiken. Det er derfor klokt å ha ein målretta bymiljøpolitikk som medverkar til å ta vare på miljøet samtidig med at bukvaliteten for borgarane aukar.

Miljøvennlig transport

Folkevekst gir auka belastning på både kollektivtilbod, vegar og areal i byane, og byane representerer ei vesentleg kjelde til klimagassutslepp, spesielt frå vegtrafikk. Veitrafikken i byane er òg ei vesentleg kjelde til utslepp av NO₂ (nitrogendioksid) og svevestøv. Desse utsleppa fører til lokale miljøproblem gjennom dårlegare luftkvalitet, og er i dag eit reelt helseproblem for fleire utsette grupper i storbyområda. Tilsvarande gjeld for støy. Støy og luftkvalitet er nærare omtalt under kapitlet om forureining.

Regjeringas mål om at all ny persontransport i byane skal skje med kollektivtransport, sykkel eller gange er viktig for å redusere utsleppa frå vegtrafikken.

Ei rekkje tiltak for meir miljøvennleg transport er gjennomført i mange kommunar. Til dømes viser tal frå Bergen at biltrafikken i Bergen har gått ned det siste tida. Det same skjer i andre byar. Biltrafikken i områda rundt Bergen har likevel auka. Denne situasjonen er ikkje unik, men illustrerer behovet for godt samordna planlegging på regionalt nivå.

For blant anna å avhjelpe dette problemet blir det no arbeidd med å etablere heilskaplege bymiljøavtaler mellom staten og dei største byane. Målet er å redusere biltrafikk og auke den delen trafikantar som nyttar kollektivtransport, sykkel eller går. Føremålet med avtalene er å sjå dei ulike verkemidla i samanheng: arealplanlegging, utbygging av kollektivtilbod og gang/sykkelstigar, og eventuelt restriktive tiltak, som rushtidsavgift og parkeringsrestriksjonar.

Eit godt kollektivtilbod medverkar til å løyse ei rekkje av utfordringane byane står overfor. Samtidig ser vi at ikkje *alle* som bur i by kan reise kollektivt, og då er elbil eit betre alternativ enn fossildrivne personbilar. Mange byar har allereie investert i bussar, søppelbilar og lastebilar som går på gass. Dersom vi kan produsere gass frå slam og organisk avfall, løysar vi fleire miljøpro-

blem med eitt tiltak. Biogass er nærare omtalt under resultatområde 5 Klima.

Energi i bygg

Energi i bygg er òg eit viktig element for energieffektivisering og for å redusere klimagassutslepp. I dag er det mogleg å byggje hus som produserer meir energi enn dei brukar.

Samtidig må vi passe på å utnytte den miljøressursen som ligg i eksisterande bygningsmasse. 80 pst. av bygga i dag vil framleis vere i bruk om 40 år. Det blir viktig å betre eksisterande bygningsmasse samtidig som vi tek vare på deira historiske og estetiske kvaliteter. Dersom vi riv mindre og brukar energien meir effektivt, reduserer vi utsleppa våre.

Klimatilpassing

Klimaendringane er venta å vise seg i Noreg mellom anna gjennom mildare vør og hyppigare og meir intens nedbør. Dette kan resultere i auka risiko for flaum og skred. Havnivåstiging kan også vere ein effekt av klimaendringar. Byane er spesielt utsette sidan det er mange bygningar og mykje infrastruktur samla der, og fordi det er mange tette flater som hindrar regn- og flaumvatn frå å renne unna. Dette stiller store krav til byane både med tanke på å førebyggje og å handtere hendingar. God planlegging som ikkje legg til rette for bygging i område som risikerer å bli ramma av klimarelaterte skadar, og som sikrar god handtering av regnvatn, er spesielt viktig i byområde.

Naturmangfald i bymiljø

Å ta vare på variert vegetasjon og samanhengande blå og grøne strukturar er viktig for naturmangfaldet. Blå og grøne strukturar gir folk i byane ei rekkje viktige gode som bidreg til livskvalitet i byen. Det gir til dømes reinare luft og vatn og mindre støy. Opning av bekkeløp og fleire grøne flater gir både grønar og trivelegare bymiljø. Samtidig handterer det aukande mengder regnvatn og er såleis eit viktig klimatilpassingstiltak. Det er viktig å bevare og fremje desse verdiane for framtida når byene veks.

Framande skadelege organismar er eit aukande problem i byer og tettstader. Talet på introduksjonar og utsetjingar av ei art er ofte høgt, til dømes av mange plantar. Samtidig kan menneskelege aktivitetar føre til vidare spreiding av framande skadelege organismar, som ved utkast av hageavfall eller flytting av jordmassar

med frø. Eit regelverk om framande organismar etter naturmangfaldlova vil regulere innførsel og utsetjing og gi krav om aktsemd for ulike aktivitetar og verksemdar som omfattar framande organismar. Etter planen skal regelverket tre i kraft 1.1.2015. Framande organismar er meir omtalt under resultatområde 1 Naturmangfald.

Planlegging er viktig

Arealplanlegginga må ta omsyn til framtidige behov for energieffektive bygg og korte reiseavstandar, mindre personbiltrafikk og meir kollektivt. Når byane veks set dette kulturminne, naturmangfald og friluftsliv under press. Samstundes er dette verdier som er vesentlege for at den store delen av folket som bur i byar skal kunne leve gode liv. Byane våre må derfor byggjast slik at vi ikkje byggjer ned parkar, grønne lunger, bymarker, elvebreidder, viktig landbruksareal og riv ned fortida. Ei dynamisk, men balansert utvikling er stikkordet.

I ordninga statleg sikring av friluftslivsområde er friluftslivsområde i nærmiljøet og område som som kan brukast av mange brukargrupper prioriterte. Ordninga har dermed medført at ei rekkje attraktive grøntområde både i og ved byar og tettstader har blitt sikra for allmenta. Regjeringa vil føre vidare denne ordninga og vil framleis prioritere friluftslivsområde som kan brukast av mange og som ligg i nærmiljøet.

Den historiske byen er viktig for trivsel, identitet og stabilitet. I byplanlegginga må vi ta vare på byane sin historiske identitet, gjennom å balansere bevaring og fornying. Kulturminne er ikkje

berre viktige for folk sin identitet og tilhørigheit, men er ofte også viktige for turisme og anna verdiskapning.

Miljøutfordringane i byar er samansette, og tiltak for å løyse éi utfordring har gjerne effekt også på andre miljøutfordringar. Byar er ein viktig del av løysinga for ei berekraftig framtid og for eit grønt skifte.

7.3 Sektorovergripande resultat-område

Resultatområda er etablerte for å vise heilskapen i klima- og miljøpolitikken, og for å gjere synleg at klima og miljø er eit ansvar for heile samfunnet.

Klima- og miljødepartementet har eit spesielt ansvar for å samordne miljøinnsatsen til departementa. Statsbudsjettet er fordelt på departement, der det igjen er delt inn i løyvingar til konkrete tiltak. Dette kan vere tiltak som er retta mot fleire resultatområde i klima- og miljøpolitikken. For å gi ei oversikt over Regjeringas samla klima- og miljøtiltak er det eit eige kapittel i starten av Klima- og miljødepartementets budsjettproposisjon som heiter Klima- og miljøprofilen i statsbudsjettet.

Sjølv om klima og miljø er eit ansvar for alle samfunnssektorar har Klima- og miljødepartementet eit særskilt ansvar for å sikre ei god og berekraftig miljøforvaltning. Ein stor del av dei budsjettløyvingane som går til etatane i miljøforvaltninga har direkte innverknad på utviklinga innan resultatområda.

8 Verkemiddel

8.1 Kunnskap

Klima- og miljøpolitikken skal vere kunnskapsbasert. Jo meir kunnskap vi har, desto meir presis, effektiv og målretta forvaltning får vi. Kunnskapen blir bygd opp gjennom forskning, kartlegging, overvaking, miljøstatistikk og ulike former for rapportering. Grunnleggjande geografisk informasjon som miljødata, plandata, eigedomsdata og andre geodata er òg ein føresetnad for god miljøpolitikk. Kunnskapsoppbygging på miljøområdet er derfor heilt avhengig av fagleg samarbeid på tvers av faggrenser og sektorar.

Utviklinga av klima- og miljøpolitikken krev eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag

Kunnskap om klima og miljø er i aukande grad ein viktig føresetnad for avgjerder som blir fatta på mange samfunnsområde.

Vi treng ulike typar kunnskap. For å kunne ta omsyn til viktige miljøverdiar er det naudsynt å ha stadfesta informasjon om arter, naturtypar, kulturminne og landskap, og andre forhold som kan ha innverknad på miljøverdiane.

Vidare treng vi kunnskap om korleis det står til med desse miljøressursane og korleis tilstanden utviklar seg. For å kunne seie noko om dette, treng vi overvaksingsdata over lang tid, slik at vi får lange tidsseriar. Miljøovervakinga tek i utgangspunktet for seg kjende problemstillingar og må vere langsiktig, stabil og føreseieleg. Miljøforskninga medverkar til å avdekkje og avklare nye problemstillingar, men er samtidig eit viktig supplement og korrektiv til miljøovervakinga. Vi treng òg overvaking av viktige påverknadsfaktorar. Det er knytt store utfordringar til å forstå samanhengen mellom ulike påverknader og langsiktige utviklingstrendar for arter, naturtypar, kulturminner og landskap. Det pågår ei rekkje overvaksingsprogram som gir oss kunnskap om utviklinga i norske økosystem, både i regi av sektorane og miljøforvaltninga. Miljødirektoratet er ansvarleg for å koordinere naturovervakinga i Noreg, Riksantikvaren for overvaking av kulturminner og Norsk Polarinstittutt for overvaking

knytt til Arktis. I tillegg går det føre seg ei rekkje kartleggings- og overvaksingsaktivitetar gjennom universitet og høgskular, forskingsinstitutt, foreningar, konsulentar og enkeltpersonar som utfører overvakinga på oppdrag frå offentleg forvaltning.

Rapporteringa skjer til databasar som dekkjer spesielle fagområde, f. eks. Naturbase (naturtypar, arter, statleg sikra friluftslivsområde, naturvernområde), Artskart (i regi av Artsdatabanken), Askeladden (kulturminne), Forureining, Vassmiljø, m. fl. Rapporteringsdata kjem frå både offentlege og private kjelder og kan vere lovpålagte eller frivillige. Spesielt kan nemnast KOSTRA, som skal omfatte all rapportering frå kommunane til staten, med unntak av den rapporteringa til sentrale databasar som allereie er pålagt.

Miljøforvaltninga samarbeider med Statistisk sentralbyrå om utvikling og produksjon av areal- og miljøstatistikk, som i hovudsak er basert på data som er henta inn gjennom overvaking og rapportering. Miljødata er stort sett stadfesta (koordinatbestemte), og det er lagt stor vekt på å utvikle digitale kart og system for å handtere geografisk informasjon. *Noreg digitalt* har stor betydning for utveksling av stadfesta informasjon på tvers av institusjonar og forvaltningsområde. Miljøstatus i Noreg, *miljøstatus.no* gir oppdatert informasjonen om tilstand og utvikling for miljøet, og presenterer miljøkunnskap i ein samanheng. Eit vesentleg mål er å skape forståing for samhengane mellom miljøtilstand, kva som påverkar den, konsekvensar og tiltak. Miljøstatus i Noreg inneheld miljødata for fleire viktige miljøtema. Nettstaden har i tillegg ei eiga kartløyning. Løyninga, som er Noregs mest omfattande samling av oppdatert offentleg miljøinformasjon på kart, vart i 2012 tilpassa for bruk med nettbrett og smarttelefonar.

Ny teknologi gir grunnlag for betre og meir effektiv miljøovervaking. På miljøområdet gjer spesielt nye satellittprogram det mogeleg å overvake store område både til lands og til havs på heilt nye måtar, og Noreg er truleg det landet i verda som vil ha størst nytte av desse nye teknologiane. Nytteverdien for Noreg vil vere stor når det

gjeld nordområda, maritim overvaking, miljø, ressursforvaltning, klima, Regjeringa si tropiske regnskogsatsing og forskning. Satellittane vil, meir konkret, overvake og gi ny informasjon om vind, bølger, straum, havnivå, skipsaktivitet, oljeutslipp, algeoppblomstring, sjøis, snø, isbrear, permafrost, nedsløkking, skred, vegetasjon, skogforvaltning, arealinngrep, jordbruk, vasskvalitet, luftforureining, metan, ozon- og UV-stråling.

Bruk av satellittar føreset omfattande internasjonalt samarbeid. Noreg deltek derfor aktivt i den globale satsinga i Group on Earth Observations (GEO). GEO er ei frivillig samanslutning av FN-land og internasjonale organisasjonar, med EU, USA, Kina og Sør-Afrika i spissen. Målet er å betre tilgangen til data frå jordobservasjon, både frå fjernmåling og vanleg overvaking (in situ).

Like viktig som kunnskapsinnhenting er oppgåva med å formidle kunnskapen til allmenta og avgjerdsstakarar. Miljøkunnskap og kunnskap om klima- og miljøutfordringar er eit viktig grunnlag for avgjerdsprosessar både i offentleg og privat sektor.

Ein betydeleg del av kunnskapsoppbygginga skjer gjennom utdanningsinstitusjonane. Både grunnopplæringa, under dette fagopplæringa, og høgare utdanningsinstitusjonar tilfører nye generasjonar kunnskap, haldningar og dugleik som kan medverke til ei berekraftig utvikling. Media, internett og bibliotek spelar òg ei viktig rolle i formidling av miljøkunnskap. Produktinformasjon og grønne sertifiseringsordningar er òg kjelder til slik kunnskap.

Det er ei plikt som følgjer av Grunnlova § 112, som slår fast at borgarane har rett til kunnskap

Boks 8.1 Miljøovervaking gir grunnlag for å oppdage nye problem og for tiltak

Overvaking av miljøtilstanden gir styresmaktene grunnlag for å setje i gang tiltak for å oppretthalde miljøverdiar, eller førebyggje at dei blir øydelagde. Målet med overvakinga er å skaffe god kunnskap for tiltak og politiske slutningar, og å sikre folk rett til informasjon om tilstanden i miljøet i tråd med miljøinformasjonslova. Gjennom miljøovervaking er det oppdaga ei rekkje miljøproblem som blant anna sukkertaredød, havforsuring, reduserte fuglebestandar og nye miljøfarlege stoff. Det er òg viktig å ha kunnskap om bruken av verkemidla som vert brukte for å ta vare på eller betre miljøtilstanden. Overvakingssystemet for verneområde er eit døme på dette. Førebels resultat frå arealrepresentativ overvaking av verneområde syner m.a. at omfanget av tekniske inngrep i verneområde er større enn ein har kjent til tidlegare.

Resultat frå nyare miljøovervaking syner at miljøgifter i større grad kjem frå forbrukarprodukt og folks kvardag. Merksemda i miljøovervakingssystemet har derfor i den seinare tida vorte flytt frå lokale utslippkjelder til internasjonalt reguleringsarbeid. Miljøovervakinga av miljøfarlege stoff er derfor innretta strategisk slik at ein har verktøy for tidleg å kunne oppdage nye stoff som kan vere problematiske.

Gjennom overvakinga av miljøfarlege stoff er det oppdaga nye problem i den seinare tida:

- Miljødirektoratet sitt screeningprogram har blant anna funne høge nivå av andregera-

sjon rottegifter i rovfugl. Etter desse funna stramma Miljødirektoratet inn på bruken av desse stoffa.

- Forsking og screeningprogrammet har vist at einskilde siloksanar blir oppkonsentrerte i næringskjeda i Mjøsa. Dette er verdifulle data for det internasjonale arbeidet med å regulere miljøfarlege stoff.
- I 2011 viste screeningprogrammet at bruk av to lusemiddel frå lakseoppdrett gir så høge konsentrasjonar i miljøet at det kan truge krepssdyr som krabbar og reke. Dette førte til ein reduksjon i bruken av stoffa, og det vart oppretta ei departementsgruppe som skal arbeide for å få ned bruken av desse stoffa.

Overvakinga har medverka til å få til internasjonal regulering av flammehemmarane dekabromdifenyletar (deka-BDE) og heksabromsyklododekan (HBCDD). I 2002 synte data frå miljøovervaking auka verdiar av miljøfarlege flammehemmarar nord i Mjøsa. På dette tidspunktet var nokre av desse stoffa allereie oppførte på Noregs liste over stoff som skulle avgrensast eller fasast ut. Eksempla viser kor viktig både regelmessig miljøovervaking og lange tidsseriar er for å leggje til rette for og gjennomføre nødvendige tiltak.

om naturmiljøet sin tilstand og verknadene av planlagte og iverksette inngrep i naturen. Miljøinformasjonslova gjennomfører denne plikta, og pålegg alle delar av offentleg forvaltning å ha og å gjere kunnskap om miljøtilhøve innanfor egne ansvarsområde tilgjengeleg for allmenta. Den pålegg òg verksemdar – offentlege og private – å ha kunnskap og gi informasjon om forhold ved verksemda. Auka kunnskap i folket om klima- og miljøutfordringar og om samanhengane i naturen og om kulturhistoriske verdiar stimulerer miljøinteressa og medverkar til auka aksept for miljøpolitiske tiltak og verkemiddel.

Kunnskap om klima- og miljøutfordringane er eit ansvar for alle sektorar i samfunnet

Eit kjenneteikn ved klima- og miljøpolitikken er overgripande problemstillingar der heilskapleg tankegang og avveging av ulike samfunnsinteresser er grunnleggjande for å få gjennomslag for tiltak. Kunnskapsoppbygging på området er derfor heilt avhengig av fagleg samarbeid på tvers av faggrenser og sektorar. Mange av klima- og miljøutfordringane er i dag tverrsektorielle når det gjeld styringssystem for opphav, utbreiing og moglege løysingar. Sektoransvaret står sentralt i miljøarbeidet, og miljøomsyn skal takast hand om innan rammene av styresmaktene sitt sektoransvar, inkludert forskning og overvaking. Dette inneber at sektorane har ansvar både for langsiktig kompetanseoppbygging for sektoren, og for meir forvaltningsretta overvakings- og forskingsaktivitetar innanfor miljøansvarsområda i eigen sektor. Felles forståing av røyndomen og kunnskapsgrunnlaget mellom miljøforvaltninga og andre departement og viktige samfunnsaktørar er ein føresetnad for å møte miljøutfordringane på ein heilskapleg måte, og for å få til ein god og konstruktiv dialog.

Miljøforskningsinstitutta har ei sentral og sjølvstendig rolle for utvikling av kunnskap som er naudsynt for god rådgiving i miljøspørsmål. Det er viktig og naudsynt at desse institutta kan tilby ein brei kompetansebase på høgt internasjonalt nivå for løysingar av komplekse problem, at dei samarbeider med dei beste internasjonale miljøa og har kapasitet og utstyr til å møte miljøforvaltninga sine behov.

Miljøforvaltninga tek vare på den langsiktige kompetanseoppbygginga både ved basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta og ved finansiering av visse grunnforskningsaktivitetar innanfor enkelte av forskingsprogramma i departementet sin programportefølje. Departementets eige kunnskaps-

behov blir teke vare på ved dei meir handlingsretta forskingsprogramma.

Næringslivet er ein viktig samarbeidspart for utvikling av kunnskap. Det er eit overordna forskingspolitisk siktemål at næringslivet aukar sin forskingsinnsats. Næringslivet har sjølv eit ansvar for kunnskap om miljøeffektar av eigen aktivitet. Det er òg viktig med innsats frå næringslivet for utvikling av miljøteknologi, bl.a. nye miljøvennlige produkt og produksjonsprosessar.

Det internasjonale perspektivet

Ei rekkje av dei miljøutfordringane vi står overfor er grenseoverskridande og dei kan ikkje løysast berre på nasjonalt nivå. Som ei følgje av dette må forskinga i større grad enn tidlegare forankrast i internasjonale aktivitetar. Det er derfor viktig at norske forskingsmiljø deltek i internasjonale forskingsaktivitetar, etablerer internasjonale kontaktar og inngår i internasjonale samarbeidskonstellasjonar der dette er føremålstenleg og kan gi utbytte.

Mange norske forskingsmiljø har i fleire år delteke i internasjonale forskingsprosjekt, og det er viktig å leggje til rette for ei vidareutvikling av internasjonalt forskningssamarbeid. Noreg er fullt medlem av EU sitt åttande rammeprogram Horisont 2020 for forskning og innovasjon. Av størst interesse for miljøforvaltninga er pilaren «Societal challenges» og tema under denne. EU sitt rammeprogram for forskning er Europas viktigaste arena for kunnskapsproduksjon og gir bidrag til vidareutvikling av europeisk politikk for å møte felles utfordringar, ikkje minst på miljøområdet. Norske miljøstyresmakter deltek i styringa av miljøprogram, og norske forskingsmiljø deltek aktivt i eit breitt spekter av forskingsprosjekt.

Forholdet mellom forskning og overvaking

Forskning er nødvendig for å sikre best moglege overvakingsdata, og overvakingsdata (inkl. lange tidsseriar) er et viktig grunnlag for mykje av forskinga. Utforming av program og val av metodar og parameter i overvakinga skjer derfor i samarbeid mellom forvaltning og forskingsmiljø. Kompetansen i forskingsmiljøa er òg sentral når overvakeringsresultat skal tolkast.

Miljøforskinga har stor nytte av det kunnskapstilfanget som kjem fram gjennom overvaking. Overvakingsdata gir forskarar høve til å analysere utviklingstrendar i miljøet, då dei same metodane er nytta over lange tidsperiodar. For-

sking med utgangspunkt i slike data har derfor stor verdi for miljøforvaltninga.

Mange prosjekt og arbeidsmåtar ligg i grenseland mellom forskning, overvaking og kartlegging. Det er derfor viktig, både fagleg, organisatorisk og økonomisk, å sjå ulike former for kunnskap-sinnhenting i samanheng.

Data frå satellittbilete og flyboren laserskanning er eit godt grunnlag for å visualisere landskapsrelaterte problemstillingar. Det er likevel behov for meir kunnskap om korleis slike data kan supplere og rasjonalisere eksisterande metodikk innanfor miljøforvaltninga sine fagområde, og medverke til større målretting og presisjon i nødvendig feltarbeid. Slike data er særleg aktuelle i overvaking av endringar i arealbruk, under dette diverse arealinngrep og arealfragmentering, atgroing, endringar i kulturarven, utvikling i polarområda, utvikling i verneområde og overvaking av klimaendringar.

Kunnskap om naturmangfaldet

Stortinget har vedteke at forvaltninga av naturmangfaldet skal vere kunnskapsbasert. I naturmangfaldlova § 8 og gjennom dei globale måla for å ta vare på naturmangfaldet er nødvendigeita av eit godt kunnskapsgrunnlag framheva. Dette er

ein føresetnad for å sikre at gode og effektive miljøtiltak blir gjennomførte på rett stad til rett tid.

Kunnskapsgrunnlaget for natur i Norge er styrkt dei seinere åra. Gjennom *naturkartlegging* får vi kartfesta kunnskap om om arter og naturtypar si utbreiing. Slike data er ein føresetnad for ein berekraftig arealforvaltning kor omsynet til naturmangfaldet er eit viktig premiss i avgjerder knytt til arealinngrep. Eit godt kunnskapsgrunnlag tidleg i prosessen er konfliktdempande. Døme på kartleggingsprosjekt er naturtypekartlegging, kartlegging av framande arter og kartlegging av truga arter.

Overvaking av naturmangfaldet er grunnleggjande for å kunne danne seg eit bilete av utviklinga for arter og område over tid, og for å kunne seie noko om årsaka til utviklinga og om tiltak har ønskt effekt. Døme på overvakingsprosjekt knytt til naturmangfald er overvaking av sjøfugl gjennom programmet SEAPOP, terrestrisk overvaking (TOV) og overvaking av ei rekkje arter/artsgrupper (t.d. hjortevilt, rovvilt, villaks, og fjellrev).

Det nasjonale overvakingsprogrammet for rovvilt omfattar dei fire store rovdyra gaupe, jerv, bjørn og ulv, og kongeørn. Rovdata har ansvaret for det faglege innhaldet, formidling, drift og utvikling av overvakingsprogrammet, og er ein

Boks 8.2 Naturindeks for Noreg

Naturindeks for Noreg gir eit overordna bilete av korleis det står til med norsk natur, og viser korleis dette utviklar seg over tid. Arbeidet byggjer på internasjonale metodar for liknande indeksar, men det er gjort eit betydeleg arbeid for å utvikle denne metodikken. Noreg var det første landet i verda som innførte ein offisiell naturindeks.

Naturindeksen viser tilstanden og utviklingstrendar for naturmangfaldet i dei store økosystema. Verdien for tilstand er samanlikna med ein referansetilstand (som er sett til 1):

- havbotn
- hav-pelagisk (dei opne vassmassane i havet)
- kystvatn-botn
- kystvatn-pelagisk (i vassmassane langs kysten)
- ferskvatn
- ope lågland (ekstensivt drifta kulturlandskap)
- skog
- myr-kjelde-flaummark (våtmark)
- fjell

For kvart av økosystema er det valt ut eit sett med indikatorar, i dei fleste tilfelle data om enkeltarter. Desse representerer ulike artsgrupper i dei ulike økosystema og omfattar mest vanlege arter, men òg nokre sjeldne og/eller truga arter. Ved å sjå indikatorane i samanheng får ein eit bilete av tilstanden for naturmangfaldet innanfor kvart økosystem, og samla for norsk natur. Naturindeksen består av 309 indikatorar fordelte på dei ni hovudøkosystema.

Kvar indikator er gitt ein verdi mellom 1 og 0. Referanseverdien er sett lik 1. Verdien 1 betyr at tilstanden for indikatoren er svært god («naturtilstand» eller lite menneskepåverka natur), mens 0 betyr at tilstanden er svært dårleg (for eksempel at ei art er utrydda). Ved å sjå på verdien for alle indikatorar som er knytte til eit økosystem, får ein eit gjennomsnittstal som gir eit bilete av tilstanden for naturmangfaldet i dette økosystemet.

Boks 8.3 Definisjon av omgrepet truga arter

Artsdatabanken nyttar følgjande kategoriar i Norsk Raudliste for arter 2010:

Utdøydd (EX): Ei art er utdøydd når det er svært liten tvil om at arta er globalt utdøydd.

Utdøydd i vill tilstand (EW): Arter som ikkje lenger lever fritt, men der det framleis finst individ i dyrehagar, botaniske hagar og liknande.

Regionalt utdøydd (RE): Ei art er regionalt utdøydd når det er svært liten tvil om at arta er utdøydd frå aktuell region (her Noreg). For at arta skal inkluderast må den ha vore etablert reproduserande i Noreg etter år 1800.

Kritisk truga (CR): Ei art er kritisk truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for kritisk truga er oppfylt. Arta har då ekstremt høg risiko for å dø ut.

Sterkt truga (EN): Ei art er sterkt truga når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av

kriteria A-E for sterkt truga er oppfylt. Arta har då svært høg risiko for å dø ut.

Sårbar (VU): Ei art er sårbar når best tilgjengeleg informasjon indikerer at eitt av kriteria A-E for sårbar er oppfylt. Arta har då høg risiko for å dø ut.

Nær truga (NT): Ei art er nær truga når den ikkje tilfredsstillar nokre av kriteria for CR, EN eller VU, men er nær ved å tilfredsstillar nokre av desse kriteria no, eller i nær framtid.

Datamangel (DD): Ei art blir sett i kategori datamangel når uvisse om arta si korrekte kategori plassering er svært stor, og klart inkluderer heile spekteret av moglege kategoriar frå og med CR til og med LC.

Definisjonane er utarbeidde av den internasjonale naturvernunionen (IUCN). Omgrepet truga arter er eit samleomgrep for kategoriane: kritisk truga, sterkt truga og sårbar.

uavhengig leverandør av overvakingsdata for dei fem nemnde artene i Noreg. Rovdata har fokus på å styrkje lokal deltaking i overvakinga, og har mellom anna i samarbeid med Artsdatabanken etablert ei nettbasert publikumsløysing for innmelding av observasjonar av dei store rovdyra. Dette er i tråd med rovviltforliket inngått i Stortinget i 2011. Det har vore viktig å vidareutvikle samordninga av overvakingsmetodar og samanstilling av bestandsdata i samarbeid med nabolanda våre.

Ved bruk av eksisterande kunnskap kunne ein i 2010 presentere ein *Naturindeks* for heile Noreg som gir eit samla bilete av tilstand og utvikling av naturmangfaldet i dei store økosystema, jf. boks 8.2. Ein slik indeks er eit viktig barometer for korleis det står til med norsk natur. Kunnskapen om status og trendar i dei store økosystema blir nytta som grunnlag for sette i verk tiltak for å stanse tapet av naturmangfald i Noreg, og til formidling til politikarar, forvaltninga og allmenta. Naturindeksen synleggjer også at kunnskapen om naturmangfaldet på mange område er mangelfull. Kartlegging og overvaking må derfor utviklast vidare for å få meir presis kunnskap slik at vi lettare kan peike på årsaker til endringar, og for at tiltaka skal vere kostnadseffektive og målretta. Ein oppdatering av heile naturindeksen skjer kvart femte år, og den neste kjem i 2015.

Den naturindeksen som vart presentert i 2010 er starten på eit langvarig arbeid med å måle

endringar i naturen, og gi eit stadig betre grunnlag for å prioritere kor tiltak for å betre miljøet skal setjast inn og kva som bør prioriterast innanfor kartlegging og overvaking. Men naturindeksen aleine kan ikkje måle om vi når målet om å stanse tapet av naturmangfald. Sjølv om naturindeksen viser betring eller inga endring i naturmangfaldet, kan det likevel vere alvorlege faresignalar som ikkje blir fanga opp. Det er derfor viktig å supplere naturindeksen med annan kunnskap som til dømes delindeksar, andre indikatorar for berekraft, raudlister og ny kartlegging, overvaking og forskning. *Norsk Raudliste for arter 2010* og *Norsk Raudliste for naturtypar 2011* inneheld spesifikk informasjon om mange truga arter og naturtypar som ikkje inngår i naturindeksen, men som er viktige for forvaltninga av desse artene. Kunnskapsinnhenting knytt til raudlistene held derfor fram med full styrke.

Artsdatabanken, som er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfald, har ansvaret for arbeidet med raudlistene og arbeidet med økologiske risikovurderingar av framande arter. Artsdatabanken spelar òg ei sentral rolle i arbeidet med å samordne og gjere data om mangfaldet i naturen tilgjengelege for brukarar i areal- og miljøforvaltninga. Talet på observasjonar i rapporteringsverktøyet Artsobservasjonar i regi av Artsdatabanken har passert 11 millionar. I tillegg til at denne portalen tilfører kunnskap om førekomstar av arter,

er den eit verktøy som aukar engasjement og kunnskap hos brukarane. Artsdatabanken har òg ansvaret for det norske Artsprosjektet kor målet er å sikre langsiktig kartlegging og kunnskapsoppbygging om arter i norsk natur. I løpet av prosjektet sine fem første år vart det oppdaga 1165 nye arter i Noreg. Av desse er truleg ein fjerdedel nye for vitskapen. Arbeidet i prosjektet skjer i nært samarbeid med det svenske artsprosjektet, og ambisjonen både i Sverige og Noreg er å kartleggje alle fleircella arter av planter og dyr i dei to landa. Artsprosjektet har stort fokus på å gjere kunnskapen lett tilgjengeleg, mellom anna via internett. I 2014 har Artsdatabanken lansert *Arter på nett* som er ei informasjonskjelde om arter som inneheld kvalitetsikra tekstar, bilete og kartinformasjon. Så langt er dette lansert for 900 sommarfuglar og nærare 200 bier. Fleire artsgrupper vil bli lanserte etter kvart.

Internasjonalt skjer det òg mykje arbeid for å skaffe eit betre kunnskapsgrunnlag om naturmangfald og økosystemtenester. På det 10. partsmøtet for konvensjonen om biologisk mangfald i oktober 2010 vart det vedteke at vi innan 2020 skal ha betre kunnskap, vitskapleg grunnlag og teknologi knytt til biologisk mangfald, verdiar, funksjon, statusutviklinga og trendar. Endeleg vedtak om å opprette eit internasjonalt naturpanel etter modell av klimapanelet (IPCC) vart fatta på møte i regi av FNs miljøprogram i 2012. Naturpanelet skal vere eit vitskapleg uavhengig panel som skal gi kunnskap om jordas naturmangfald og økosystemtenester og fremje forslag til ny politikk. Regjeringa vil arbeide for at FNs miljøprogram og andre relevante FN-organisasjonar støtter opp om naturpanelet sitt arbeid framover. Noreg vil aktivt følgje opp Naturpanelets (IPBES) første arbeidsprogram (2014–2018) slik det vart vedteke på møtet i desember 2013 (IPBES-2). I samarbeid med blant anna Noregs forskingsråd blir det viktig å få norske kunnskapsmiljø involverte i dei vedtekte utgreiingane – både for å betre kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet og for utvikling av norske kunnskapsmiljø. Ei avtale mellom Naturpanelets hovudsekretariat i Bonn og Miljødirektoratet om støtte til kapasitetsbygging i utviklingsland er no på plass.

Kunnskap og kompetanse om kulturminne og kulturmiljø

Kunnskap og kompetanse er grunnleggjande for å ta vare på kulturminne og kulturmiljø, og for å

møte framtidens utfordringar på kulturminneområdet. Det gjeld kunnskap om og oversikt over kulturminne i den enkelte kommune og kompetanse til å kunne forvalte dei på ein god måte. Det gjeld òg kompetanse i arbeidet med å setje i stand og vedlikehalde kulturminna, noko som er avgjerande for å ta vare på dei i eit langsiktig perspektiv. Det er og viktig å ha kunnskap om miljø- og arealbruksendringar og dei konsekvensar dette kan innebære av alt frå fullstendig øydelegging av historiske og naturlege landskap til ei gradvis oppsplitting av kulturmiljø og nedbryting av kulturminne. Det same gjeld for metodeutvikling for kulturmiljøkartlegging og –overvaking, som i aukande grad trengs som grunnlag for integrert planlegging og miljørapportering. Gjennom pågåande miljøovervakingssprosjekt følgjer kulturminneforvaltninga med i kvantitative og kvalitative endringar i kulturminne og kulturmiljø.

Betre grunnlagsdata og utvikling av nye metodar for innsamling av kulturminnedata er ein føresetnad for forvaltninga si deltaking i planprosessane. I Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga (2011–2017) vart satt i gang av Riksantikvaren i 2010 blir datagrunnlaget og styringsinformasjonen forbetra, noko som gir grunnlag for ei meir målretta og effektiv forvaltning av midlar på kulturminneområdet.

Kulturminne og kulturmiljø i byar vert utfordra som følgje av kompakt by- og tettstadsutvikling. Her treng vi studiar av kva konsekvensar utviklinga har. Vi har og behov for å vite meir om korleis for eksempel kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som ressursar i by- og stadutviklinga, mellom anna ved å vurdere dei historiske bygningssmiljøa i eit klimaperspektiv. Vi treng og meir kunnskap om korleis kulturarv kan skape kulturelle plattformer for forståing, integrasjon og synleggjering av fellesverdiar som inkluderer ulike minoritetar og etniske grupper i eit multikulturelt samfunn.

Klimaendringane vil krevje tilpassingar i forvaltninga og meir kunnskap om korleis venta klimaendringar vil påverke kulturarven. Det er ei utfordring i dag at vi ikkje har tilstrekkeleg faktabasert og systematisk kunnskap om korleis dei venta klimaendringane vil påverke kulturminna. Kunnskapen om dette skal derfor aukast gjennom å prioritere kulturminneforvaltninga si miljøovervaking. På grunn av manglande oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø som kan bli truga av klimaendringane, vil det bli utarbeidd ein strategi for ei nasjonal kartlegging av desse.

Kunnskap om klimautfordringa og omstilling til klimaendringane

Klimautfordringane

Klimautfordringane stiller samfunnet overfor store langsiktige utfordringar. Kunnskap om korleis konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren kan avgrensast, særleg forskning på utsleppsreduserande teknologiar og praksis, vil spele ei avgjerande rolle. Klimaforskinga er internasjonal, samtidig som kvart land treng tilpassa klimakunnskap for å møte klimautfordringa. Ein god nasjonal forskingsbasis set også Noreg i stand til å medverke vesentleg i den internasjonale klimaforskinga.

Forskningsrådets store program for klimaforskinga, NORKLIMA, vart avslutta i 2013 og blir ført vidare i programmet KLIMAFORSK.

FNs klimapanel vil i 2014 avslutte arbeidet med den femte hovudrapporten. Rapporten understrekar alvoret i klimautfordringa og at det hastar med å redusere utsleppa av klimagassar og tilpasse samfunnet til klimaendringane. Rapporten viser at det har vore ein omfattande kunnskapsproduksjon dei siste åra og at vi aldri tidlegare har hatt eit så godt fagleg grunnlag for klimapolitikken. Klimapolitikken skal vere kunnskapsbasert, og omfanget og tempoet som er nødvendig i den omstillingsprosessen verda står framfor inneber store kunnskapsbehov.

Ein overgang til lågutsleppssamfunnet vil krevje vesentlege omstillingar, og innsatsen for å skaffe nødvendig kunnskap må styrkast. Ressursutnytting, utvikling av grøn teknologi og nye produksjonsmetodar i industrien er viktige kunnskapsområde. Vi treng ei betre forståing av korleis lågutsleppssamfunnet vil sjå ut, kva som kan bringe oss dit, og kva for samfunnsutfordringar som ligg i lågutsleppsutvikling. Vi treng ny kunnskap for ei framtidsretta og moderne byutvikling for å leggje byane til rette for klima- og miljøvennleg transport, meir effektiv energibruk og betre ressursutnytting. Næringslivet er ein nøkkel i omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Vi treng meir kunnskap om næringslivet som drivar i omstillinga, kva som stimulerer omstillingsprosessane og om samspelet mellom næringsliv, arbeidsliv og styresmakter. Vi må òg byggje kunnskap om samfunnskonsekvensane av omstillingsprosessen, mellom dette konsekvensar for norsk næringsstruktur og arbeidsliv.

Vi treng nye og betre analysar av kva for gevinstar og moglegheiter som ei lågutsleppsutvikling gir for samfunnet, og meir innsikt i det økonomiske grunnlaget.

Ei omstilling mot lågutsleppssamfunnet krev ein heilskapleg forskings- og innovasjonsinnsats og tverrfagleg samarbeid mellom samfunnsvitenskap, humaniora, teknologifaga og naturvitskap. Utdanningane må innrettast slik at dei fagfolka vi utdannar i Noreg blir pådrivarar og sentrale aktørar i omstillinga.

Omstilling til klimaendringane

For å kunne setje i verk målretta og kostnadseffektive tiltak på tvers av samfunnssektorane, må vi ha forskingsbasert kunnskap om effektane av klimaendringar på lokalt, regionalt og globalt nivå.

Meir kunnskap om kortlevde klimadrivarar som svart karbon (sot) og metan er nødvendig for betre å kartleggje reduksjonspotensialet, helseeffektane og den totale klimaeffekten.

Utover i dette hundreåret vil klimaendringane gradvis få aukande innverknad på natur og samfunn, jf. Innst. 497 S (2012–2013) om *Klimatilpassing i Norge*. Kunnskap om klimaendringane er ein føresetnad for effektiv klimatilpassing. Det trengst meir kunnskap om korleis klimaendringane vil påverke det norske samfunnet. Natur og naturbaserte næringar, infrastruktur og busetnad er spesielt utsette. Det trengst kunnskap om korleis sårbare og utsette naturtypar blir påverka av klimaendringar. Det trengst òg meir kunnskap om korleis vi kan forvalte naturen betre, spesielt den delen av naturen som leverer viktige økosystemtenester som flaumvern, mat og drikkevatt, for å verne oss mot uønskte verkningar av klimaendringar. Naturen spelar ei viktig rolle i klimasystemet. Det trengst meir kunnskap om kva rolle norsk natur og norske havområde spelar, og korleis desse områda kan forvaltast på ein måte som mest mogleg medverkar til å avgrense den globale oppvarminga og tilpasse samfunnet til dei klimaendringane som er uunn-gåelege.

Vi treng også kunnskap for at kvar enkelt kommune og samfunnssektor skal kunne kartleggje kvar dei er sårbare og gjennomføre høvande tilpassingstiltak tilpassa lokale forhold. Skal vi kunne handtere klimaendringane må vi utvikle klimarobuste løysingar og materiale for både infrastruktur, bygg, anlegg og omgivnader.

Kunnskap om helse- og miljøfarlege kjemikalier

Kunnskapsheving er svært viktig i kjemikaliearbeidet. Regjeringa arbeider for å auke kunnskapen om kjemiske stoff og kartleggje miljøgifter i naturen og i produkt. Auka kunnskap om

helse- og miljøfarlege kjemikaliar er nødvendig for å identifisere risiko for helse og miljø og for å kunne setje i verk effektive reguleringar og tiltak. Det er svært dyrt å rydde opp når miljøgifter først er spreidde i naturen. I mange av tilfella er det òg svært vanskeleg, då miljøgifter blir spreidde diffust over store område. Det er derfor svært viktig å oppdage spreiding av ulike miljøgifter i tide slik at nødvendige tiltak kan setjast i verk. Gjennomslag i arbeidet med å styrkje internasjonale reguleringar er òg heilt avhengig av at det blir gjort ein betydeleg innsats i å leggje fram god dokumentasjon. Dei grunnleggjande kjemikalierregelverka som REACH, klassifisering og merking, og biocidregelverket framskaffar mykje auka kunnskap når det skal vurderast kor strengt stoff skal regulera. Overvaking av miljøgifter i naturen for å følge utviklinga over tid vil framleis vere prioritert. Resultat frå overvakinga har vore avgjerande for at Noreg har fått gjennomslag for strengare regulering av miljøgifter i EU og globalt. Ein nasjonal miljøprøvebank med ulike typar prøvemateriale for seinare analysar av miljøgifter vart opna i 2012.

Overvakinga av langtransportert luftforureining i luft og nedbør

Overvakinga av langtransportert luftforureining i luft og nedbør omfattar undersøkingar både av tilførsler og effektar av forureiningar. Miljødirektoratet har ansvaret for dei fleste overvakingsprogramma.

Langtransporterte luftforureiningar omfattar forsurende sambindingar (svovel- og nitrogen-sambindingar), eutrofi (nitrogensambindingar),

bakkenært ozon, partiklar og miljøgifter (tungmetall, persistente organiske sambindingar).

Atmosfærisk tilførsel av forureinande sambindingar er overvaka ved måling av kjemiske komponentar i luft og nedbør. Formålet er å registrere nivå og eventuelle endringar i tilførsla av langtransporterte luftforureiningar. Målestasjonane er derfor plasserte slik at dei er minst mogleg påverka av lokale utsleppskjelder (bakgrunnsstasjonar).

Tilførsler av sambindingar i luft som fører til forsuring og eutrofiering er overvaka på fem stasjonar (inkludert Zeppelin-observatoriet på Svalbard). Tilsvarende sambindingar i nedbør er overvaka på 13 stasjonar.

Bakkenært ozon kan skade menneske si helse, vegetasjon og materialar. Atmosfæriske tilførsler av bakkenært ozon er overvaka på seks stasjonar i fastlands-Noreg, og ein på Svalbard.

Atmosfæriske tilførsler av partiklar i luft er overvaka på tre bakgrunnsstasjonar i fastlands-Noreg, og ein på Svalbard. Partiklar kan i særleg grad føre til helseskadar, og til skadar på materialar. Sotpartiklar kan medverke til klimaendringar.

Forsuringsverknader på vasskvalitet er følgt gjennom overvaking av innsjøar og små nedbørfelt. Vasskvaliteten i om lag 80 innsjøar og seks små nedbørfelt blir undersøkt årleg for å gi ei regional/landsdekkjande beskriving av vassforsuringsproblemet og endringar i situasjonen. Det biologiske overvakingsprogrammet følgjer verknader på fisk gjennom regionale undersøkingar, og omfattar fiskebestandar i innsjøar og bekker, og botndyr i innsjøar. Verknader av eutrofiering i terrestrisk miljø (vegetasjonsendringar) er overvaka av Miljødirektoratet som dekkjer delar av dette gjennom Program for terrestrisk naturovervaking (TOV).

Atmosfæriske tilførsler av miljøgifter er overvaka på tre stasjonar (i luft og nedbør på Birkenes og Andøya og i luft på Svalbard). Førekomstar av langtransporterte miljøgifter er overvaka med nokre års mellomrom i innsjøar (fisk og sediment).

Auka kunnskap om- og for polarområda

Bedre kunnskap er nødvendig for å møte både utfordringane og dei nye høva klimaendringane medfører og for at vi skal kunne drive ei kunnskapsbasert, heilskapeleg og langsiktig forvaltning som sikrar miljøet og livsgrunnlaget i nord.

Bedre kunnskap om klima i Arktis kan både gi oss ei unik innsikt i dei klimaendringane som alleie finn stad, og eit varsel om framtidig regio-

Boks 8.4 Miljøprøvebanken

Miljøprøvebanken er plassert i Forskingsparken i Oslo og er administrert av forskingsinstitutta i CIENS. Miljøprøvebanken for miljøgifter samlar inn og tek vare på prøver av biologisk materiale. Prøver av til dømes fisk, blåskjel, krabbe, fugleegg, slam og mosar vil bli nedfrosne for seinare analysar og undersøkingar. Innsamlinga skjer frå dei same lokalitetane kvart år. Føremålet er å kunne gjere nye analysar av prøver når det er utvikla betre metodar for å oppdage miljøgifter, fastsetje bakgrunnsnivå for nye miljøgifter og etablere tidstrendar. Dette vil bli eit svært nyttig verktoy i forvaltning av og forskning på miljøgifter.

nale og globale konsekvensar av desse klimaendringane.

Ei rekkje miljøgifter blir transporterte langvegs frå med luft-, is- og havstraumar til Arktis. Det er no registrert ein nedgang i dei «gamle» miljøgiftene, til dømes PCB, men samtidig er det påvist fleire nye kjemiske stoff i sediment og ei rekkje arktiske dyrearter.

Auka kunnskap om miljøgifter i Arktis og Antarktis er viktig både for å iverksetje nasjonale tiltak og for å styrkje Noregs rolle og gjennomslag i det internasjonale arbeidet for å stanse bruk og utslepp av miljøgifter.

Norsk Polarinstitut med senteret ICE (Ice, Climate & Ecosystems) representerer saman med Framsenteret (Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning) sentrale element i den nasjonale forskingsatsinga for å bringe fram meir kunnskap for å møte klima- og miljøfordringane i nord- og polarområda.

Norsk Polarinstitut og Framsenteret si forskning gir òg viktige kunnskapsbidrag til det internasjonale miljø- og klimaarbeidet.

Norsk forskning i Antarktis gir viktige bidrag inn i det internasjonale samarbeidet om forvaltninga av Antarktis for å verne kontinentets særigne og svært sårbare miljø. Denne forskinga er òg viktig for å halde oppe verdien av Antarktis som referanseområde og for å auke kunnskapen om området si rolle i dei globale miljøsystema og som indikator for jordas miljøtilstand. Vi har vore eit føregangsland i forskinga i Antarktis, og det er viktig at Noreg bidreg til internasjonal polarforskning med sine spesielle fortrinn med stasjonar både i Antarktis og på Svalbard.

Norsk Polarinstitut

Norsk Polarinstitutts forskings- og miljøovervåkingsverksemd er konsentrert om dei fem prioriterte tema miljøgifter, naturmangfald, kryosfære, oseanografi og geologisk kartlegging, og har geografisk hovudfokus på Svalbard, havmiljøet i nord og Antarktis med Bouvetøya og omkringliggjande havområde.

Instituttet leier òg overvåkingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis og held ved lag lange tidsseriar frå både det fysiske miljøet og økosystemet.

Norsk Polarinstitutts forskning i Antarktis gir viktige bidrag inn i det internasjonale samarbeidet om forvaltninga av Antarktis for å verne kontinentet sitt særigne og svært sårbare miljø, og til det internasjonale klimaarbeidet.

For Norsk Polarinstitutts senter ICE (Senter for is, klima og økosystem) er havis, isbrear og marine økosystem og oseanografi viktige satsingsområde både i Arktis og i Antarktis.

Norsk Polarinstitut har dei heilårige forskingsstasjonane Troll i Antarktis og Sverdrupstasjonen og Zeppelinstasjonen i Ny-Ålesund på Svalbard.

Stasjonane utfører kontinuerlege langtidsmålingar av meteorologisk data, kort- og langbølga radioaktiv stråling frå sola, og måling av overflatealbedo og spektralrefleksjonar. Det blir òg gjort daglege observasjonar av atmosfærisk ozon og UV-stråling med ei rekkje instrument.

Zeppelinstasjonen, der NILU har det faglege ansvaret, spelar ei viktig nasjonal og internasjonal rolle for kartlegginga av klimaendringar; stratosfæreozon- og UV-endringar; miljøgifter og langtransporterte luftforureiningar.

Framsenteret

Framsenteret, Nordområdesenter for Klima- og Miljøforskning, utfører omfattande forskning innanfor dei seks temaområda, kalla «flaggskip»:

- Havisen i Polhavet, teknologi og avtaleverk – leia av Norsk Polarinstitut
- Effektar av klimaendringar på fjord- og kystøkologi i nord – leia av Havforskningsinstituttet.
- Havforsuring og økosystemeffektar i nordlege farvatn – leia av Norsk Polarinstitut
- Effektar av klimaendringar på terrestre økosystem, landskap, samfunn og urfolk – leia av Universitetet i Tromsø.
- Miljøgifter – effektar på økosystem og helse – leia av Norsk institutt for luftforskning.
- Miljøkonsekvensar av næringsverksemd i nord (MIKON) – leia av Norsk institutt for naturforskning

Med forskning som grunnlag formidlar Framsenteret kunnskap til forvaltning, næringsliv og publikum generelt, og gir innspel i klimarelaterte spørsmål. Senteret medverkar òg til å styrkje koplinga mellom forskning og utdanning, og er ein viktig nasjonal og internasjonal møteplass for forskarar og avgjerdstakarar.

Informasjon og kommunikasjon

Miljøforvaltningas kommunikasjonsarbeid bygger på plikta alle offentlege organ har etter Grunnlova § 112, Århuskonvensjonen og miljøinformasjonslova til å ha og gjere kunnskap om miljøforhold tilgjengeleg for allmenta, og på prin-

sippa i staten sin kommunikasjonspolitik. Vi legg vekt på å vise fram Regjeringas miljøpolitikk og fakta om miljøtilstanden på ein forståeleg måte. God informasjon er viktig for at innbyggjarane, næringslivet, det offentlege og organisasjonar skal kunne ta omsyn til miljø i kvardagen, at dei skal ha eit godt kunnskapsgrunnlag for å delta i demokratiske prosessar knytte til miljø i samfunnet, og ivareta retten dei har etter Grunnlova § 112 til eit miljø som sikrar helsa, og til ein natur der produksjonsevne og mangfald blir teke vare på.

Informasjonen skal vere tydeleg og tilgjengeleg og nå fram til ulike målgrupper og til dei som tiltaka får innverknad for. Det er viktig å gi informasjon om rettar, plikter og moglegheiter. Kommunikasjonstiltaka skal medverke til at folk blir engasjerte og medvitne på miljøspørsmål og får djupare forståing og kunnskap.

Klima- og miljødepartementet tek i bruk ulike kommunikasjonskanalar. Ein viktig kanal er departementet si nettside regjeringen.no/md. Departementet sine internettsider er ein formidlingskanal i pakt med lov om rett til miljøinformasjon og Regjeringas kommunikasjonsstrategi. Eitt døme er høyringssaker, høyringsfråsegnene blir lagt ut på nettet. Internasjonale standardar for tilgjenge/universell utforming er innarbeidde på internettsidene. Syntetisk tale er tilgjengeleg på alle departement sine nettsider på regjeringen.no.

I tillegg til nettsidene nyttar departementet ulike sosiale medium som Facebook, Twitter, Flickr og YouTube. Konferansar, seminar og kurs er døme på andre kanalar som òg blir nytta til å spreie informasjon.

Miljøstatus i Noreg (www.miljostatus.no) er inngangsporten til fakta og annan informasjon knytt til tilstand og utvikling for dei miljøpolitiske resultatområda. Departementet har eit nært samarbeid med dei underliggjande etatane om informasjon til utvalde målgrupper. Nyhende, avgjerder og tolkingsfråsegner innan planlegging etter plan- og bygningslova og kartforvaltning blir formidla gjennom departementet sine nettsider og gjennom publikasjonane Plannytt og Planjuss.

Miljøkommune.no er ein stadig viktigare kommunikasjonskanal mellom staten og kommunane innan kommunale miljøoppgåver. At fleire etatar samlar sin kommuneretta informasjon på ein felles nettstad gjer informasjonen godt tilpassa kommunale behov.

Klima- og miljødepartementet har sidan 2007 hatt ei eiga satsing på klimainformasjon retta mot folk flest. Nettsida til Klimaløftet har vore navet

for informasjon om klimaet og med råd til både bedrifter og folk flest om klimavenlege tiltak. Hovudsatsinga til Klimaløftet har retta seg mot dei unge i skulen, med tilbod om foredragsturnear og andre opplegg. Informasjonstiltak retta mot befolkninga generelt har vore kampanjar, bilag i aviser, støtte til tv- og filmproduksjon og nettsider, og støtte til andre kampanjar som til dømes Earth Hour.

Klimaløftet blir lagt ned i 2014, og frå 1. april 2014 er ansvaret for tiltak knytte til klimakommunikasjon til befolkninga flytta til Miljødirektoratet.

Møte- og debattserien *Grøn Agenda* som vart etablert i 2013 for å inspirere til diskusjonar om grønne vegval, vil bli ført vidare i 2015. Møta blir arrangerte rundt om i landet, men dei fleste i Oslo.

Miljøforvaltninga si satsing på skule og kunnskapsoppbygging

Føremålet med miljøforvaltninga si skulesatsing er å byggje opp kunnskap om dei samla klima- og miljøutfordringane og skape nyfikne og vitetrong for klimatema, natur og miljø i den oppvaksande generasjonen. Det er viktig å medverke til at berekraftig utvikling blir eit omgrep som alle elevar forstår og har eit forhold til.

Elevar og lærarar treng fleire innfallsvinklar for å setje klima- og miljøfaglege tema på timeplanen. Klima- og miljødepartementet har derfor i samarbeid med skulesektoren utvikla fleire pedagogiske tilbod. Mest ressursar blir nytta på Den naturlege skulesekken som er eit samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet og Klima- og miljødepartementet.

Den naturlege skulesekken (DNS) skal medverke til kunnskap om naturen og om berekraftig utvikling. Tiltaket legg til rette for utvida bruk av nærmiljøet til skulane i undervisninga og set miljø, friluftsliv og berekraftig utvikling i samheng med realfag, samfunnsfag, kroppsøving og mat og helse. Tiltaket legg til rette for samarbeid mellom skular og frivillige miljø- og friluftsansjonar med faglege ressursar skulen har nytte av, og støttar utviklinga av lokale, fleirfaglege undervisningsopplegg tilpassa læreplanverket for Kunnskapsløftet. Eit berande pedagogisk omgrep er å flytte læringsarenaen frå klasserommet til lokal samfunnet. Den naturlege skulesekken gir elevane variasjon i opplæringa og har fått svært positive tilbakemeldingar og evalueringar.

Andre skuleprosjekt i miljøforvaltninga har som mål å inspirere lærarar og elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skular, og er tilpassa kom-

petanse måla i læreplanen i ulike fag for desse trinna. Miljødirektoratet har fleire tilbod. Miljøambassadørane held engasjerande føredrag på ungdomsskular og vidaregåande skular. Friluftsliv i skulen tek for seg betydninga av naturoppleving som innfallsport til naturforståing, og nasjonalparksentra er viktige formidlarar til skular i nærleiken av dei aktuelle parkane. I tillegg driv Statens naturoppsyn naturformidling til skulen. Miljøstatus i Noreg (www.miljostatus.no) vert nytta som verktøy for oppdatert miljøinformasjon i skulen. Riksantikvaren har undervisningsopplegga Rydd eit kulturminne og Minnefinnar, og Polarinstitutet har nettstader og filmar laga for skulen.

Skriftleg materiell utvikla av miljøforvaltninga i Noreg og EU vert distribuert gratis til skulen. Dette er oppdatert materiell som skulane kan nytte til å arbeide med grunnleggjande dugleik i faga samtidig som dei arbeider med kunnskapsmål.

8.2 Regelverk

Det er fleire sentrale prinsipp i forvaltning av miljø. Alt i § 112 i Grunnlova er omsynet til miljø og naturverdiar og borgarane sin rett til miljøinformasjon slått fast: Her heiter det at «Enhver har rett til et miljø som sikrer helsen, og til en natur der produksjonsevne og mangfold bevares. Naturessurser skal disponeres ut fra en langsiktig og allsidig betraktning som ivaretar denne rett også for etterlekten. Borgerne har rett til kunnskap om naturmiljøets tilstand og om virkningene av planlagte og iverksatte inngrep i naturen, slik at de kan ivareta den rett de har i første ledd. Statens myndigheter skal iverksette tiltak som gjennomfører disse grunnsetninger».

Føre var-prinsippet som er nedfelt i forureiningslova, naturmangfaldlova, kultuminnelova og svalbardmiljølova, seier at dersom det er fare for at ein aktivitet kan skade miljøet eller kunnskapen er mangelfull, skal ein ta tilstrekkelege forholdsreglar mot slik skade, eller late vere å gjennomføre aktiviteten. Manglande eller utilstrekkeleg kunnskap skal ikkje vere argument for ikkje å setje inn tiltak. Dette kan sjåast på som ei form for forsikring.

Prinsippet om samla belastning står sentralt i naturmangfaldlova og inneber at ein skal leggje vekt på summen av påverknad på naturmangfaldet, både område, naturtypar og arter, når planar skal leggjast og vedtak skal fattast.

Forureinar betaler-prinsippet er òg ein del av forureiningslova og inneber at den som har ansva-

ret for at forureining skjer, har ansvaret for å rydde opp og å ta kostnadene ved dette. Tilsvarende har naturmangfaldlova eit prinsipp om at kostnadene ved at miljøet blir dårlegare skal berast av tiltakshavaren. Kulturminnelova har føresegn om at tiltakshavar skal betale kostnader ved arkeologiske undersøkingar av automatisk freda kulturminne. Svalbardmiljølova har òg slike føresegner.

Samfunnsplanlegging og samordna berekraftig arealbruk medverkar til måloppnåing på ei rekke miljøområde. Plan- og bygningslova er eit særskilt viktig verkemiddel i dette arbeidet.

Det er òg eit viktig miljøpolitisk prinsipp at vi skal ta i bruk den til ei kvar tid best tilgjengelege teknologien, i lys av økonomiske forhold, for å løyse miljøproblema. Dette er mellom anna nedfelt i naturmangfaldlova og forureiningslova. Jamfør òg verkemiddelområdet Kunnskap.

Bruken av miljøpolitiske verkemiddel må òg vere styrings- og kostnadseffektiv. Det vil seie at dei må utformast slik at dei medverkar til å nå dei fastsette måla utan unødig bruk av tid eller ressursar. Til saman skal prinsippa og arbeidsmåtane syte for at miljøpolitikken blir effektiv og målretta, og at den blir gjennomført ved hjelp av dei best tilpassa verkemidla. I denne samanhengen er det òg viktig at verkemidla har eit langsiktig perspektiv, og at dei er nokolunde stabile over tid. For at verkemiddel i form av regelverk og skattar og avgifter skal ha god effekt, bør dei vere utforma slik at dei blir opplevd som rimelege og rettferdige. Miljøpolitikken må òg utformast på ein slik måte at den kjem i minst mogeleg konflikt med andre sentrale samfunns mål. Planlegging etter plan- og bygningslova er eit sentralt verkemiddel for samordning mellom dei ulike samfunnsinteressene og samfunnsmåla. Døme på dette er reglane for kommuneplanens samfunnsdel og at dei fleste fysiske tiltak har krav om at dei skal vere i samsvar med ein godkjend arealplan for å kunne gjennomførast.

Tilsyn er eit viktig miljøpolitisk verkemiddel som avdekkjer brot på lova og verkar til å verne om helse og miljø. Tilsyn sikrar dessutan likskap for lova.

I tillegg til lov- og regelverk blir økonomiske instrument i form av til dømes gebyr og avgifter viktigare i miljøpolitikken. Dei einskilde sektorane har i òg verkemiddel som kan nyttast i miljøet si teneste, anten for å løyse eigne miljøproblem eller som på transportområdet der miljøvenlege transportformer kan erstatte dei som er miljøskadelege.


Klima- og miljødepartementet og miljøforvaltninga har ansvar for å utforme mål og strategiar i

miljøpolitikken og for å utarbeide planar for korleis miljøverdiar skal forvaltast. Mål- og resultatstyringssystemet i miljøpolitikken er eit døme på korleis departementet arbeider med dette. Forvaltningsplanane for havområda i nord (Barentshavet og Norskehavet) er døme på heilskapelege planar for større område, og som omfattar fleire sektorar. Arbeidet med forvaltningsplanane viser dessutan Klima- og miljødepartementets pådrivar- og samordningsrolle i høve til andre sektorar. Klima- og miljødepartementets ansvar omfattar òg å skaffe fram fagleg grunnlag for miljøpolitiske vedtak, å overvake utviklinga i miljøtilstanden og

å forvalte verkemiddel på dei områda der miljøforvaltninga har hovudansvaret. Ein skal òg analysere verknadene av miljøpolitikken som grunnlag for vidareutvikling og eventuelle endringar i mål og verkemiddel. Klima- og miljødepartementet er både eit sektordepartement og eit samordningsdepartement.

Lov- og regelverk på miljøområdet

Nokre sentrale lover er omtalte nedanfor. For omtale av anna lov- og regelverk, sjå Lovdata og omtale under dei respektive resultatområda.



Figur 8.1 Viktige lover

Plan- og bygningslova – planlegging for ei miljømessig berekraftig utvikling

Kor og korleis vi planleggjer område for bustader, handel, næring, vegar og annan infrastruktur er avgjerande for å nå dei nasjonale miljømåla. Arealpolitikk etter plan- og bygningslova er derfor eit sentralt verkemiddel på miljøområdet. Ved kgl. res. av 13. desember 2013 vart det bestemt at Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal overta Planavdelinga, og dermed eit overordna ansvar for plan- og bygningslova. Klima- og miljødepartementet har med denne endringa fått

ei tydeligare rolle som sektorstyresmakt etter plan- og bygningslova på egne ansvarsområde, og vil i samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet spele ei viktig rolle i arealplanlegginga for at framtidig samfunnsutvikling og arealbruk kan skje på ein miljømessig berekraftig måte.

Planlegging etter plan- og bygningslova skal mellom anna medverke til å sikre allmenta sin tilgang til areal for rekreasjon, fysisk aktivitet og naturopplevingar langs strandsona, vassdrag og innsjøar. Fjellandskapet skal forvaltast på ein måte som sikrar levedyktige bestandar av villrein, all-

menta sin tilgang til attraktive friluftsområde og balanse mellom bruk og vern. Planlegginga skal sikre verdifulle kulturminne og kulturlandskap, og medverke til å sikre god tilgang på dyrka og dyrkbar matjord. Planlegging skal òg brukast til å redusere utslepp av klimagassar og til klimatilpassing, mellom anna knytt til areal-, energi- og transporttiltak. Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er på denne måten eit viktig verkemiddel for måloppnåing innan dei enkelte resultatområda for miljøforvaltninga.

Planavdelinga i Kommunal- og moderniseringsdepartementet arbeider no med ei oppfølging av «motsegnprosjektet» som vart avslutta hausten 2013. Eitt av fleire funn i dette prosjektet er at god dialog tidleg i planprosessen er viktig, og at tydelege innspel og avklaringar tidleg i planprosessen reduserer talet på konfliktsaker i slutfasen av planprosessane.

Klima- og miljødepartementet vil medverke aktivt i den vidare oppfølginga av prosjektet, mellom anna ved å medverke til å tydeliggjere kva som er nasjonalt og regionalt viktige miljøinteresser og ved å styrkje og vidareutvikle opplæringa om miljøinformasjon i planprosessar til statlege etatar, fylkesmenn, fylkeskommunar og kommunar. Departementet vil òg føre vidare arbeidet for å styrkje kunnskapsgrunnlaget og betre tilgjenge til stadfesta informasjon om miljøverdiar.

Desse tiltaka vil gi betre og meir effektive planprosessar, der miljøinformasjon blir trekt inn tidleg og det blir meir dialog og mindre behov for bruk av motsegn. Dette gir òg grunnlag for at lokaldemokratiet kan utøvast på ein miljømessig berekraftig måte innanfor ramma av den nasjonale miljøpolitikken.

Naturmangfaldlova

Lov av 3. april 2009 Om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) har til føremål å ta vare på naturen sitt mangfold og dei økologiske prosessane gjennom berekraftig bruk og vern. Lova omfattar all natur, og gjeld for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller tek avgjerder som har konsekvensar for dette mangfaldet. Lova verkar saman med andre lover som påverkar eller regulerer bruk av norsk natur. Då lova gjeld på tvers av sektorar vil ho medverke til ei betre samordning av den samla forvaltninga av naturmangfaldet.

I kapittel II om reglar om berekraftig bruk blir det gitt forvaltningsmål for naturtypar og arter, og det blir stilt krav til kunnskapsgrunnlaget for offentlege avgjerder som påverkar naturmangfal-

det. Lova krev vidare at vurderingar av dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 skal gå fram av slike vedtak. Ved behandling av planar etter plan og bygningslova vil ei utgreiing i samsvar med naturmangfaldlova kapittel II inngå.

Naturmangfaldlova inneheld fleire nye verkemiddel. Dei viktigaste er ordningane med prioriterte arter og utvalde naturtypar. Kongen i statsråd kan ved forskrift peike ut enkelte arter som prioriterte og naturtypar som utvalde. På den måten kan vi beskytte truga arter og naturtypar og andre arter/naturtypar som har spesielt behov for det, slik at dei kan overleve i norsk natur, og på sikt få ei tilfredsstillande utvikling. Dette er viktige verkemiddel for å nå forvaltningsmåla for arter og naturtypar.

Kapittel V handlar om vern av område på land, i vassdrag og i sjø ut til 12 nautiske mil. I kapittel IV har vi fått reglar som skal medverke til å hindre framande organismar å etablere seg i norsk natur. Innførsle og utsetjing av ein rekkje framande organismar vil krevje løyve, og det er gitt klare reglar om aktsemd for utsetjing og andre verksemder og tiltak knytte til framande organismar. Regjeringa la i 2014 fram ein lovproposisjon om endringar i naturmangfaldlova kap IV som legg til rette for eit enklare og meir føremålstenleg regelverk om framande organismar. Stortinget vedtok våren 2014 Regjeringas forslag om endringar i naturmangfaldlova. Endringane legg rammer for ei vidare utvikling av ei utfyllande forskrift om framande organismar. Forskrift om framande organismar blei send på høyring sommaren 2014, og skal etter planen setjast i kraft 1. januar 2015.

Naturmangfaldlova er den første lova som regulerer forvaltning av genetisk materiale, og uttak og utnytting av genetisk materiale, (kapittel VII).

Forureiningslova

Lov av 13. mars 1981 nr. 6 Om forurensninger og om avfall (forureiningslova) skal verne det ytre miljøet mot forureining og redusere eksisterande forureining. Lova skal òg redusere mengda avfall og fremje betre avfallshandtering. Lova byggjer bl.a. på prinsippet om at forureinar betalar, prinsippet om føre var og prinsippet i lova om at det skal takast utgangspunkt i den teknologien som ut frå ei samla vurdering av noverande og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold gir dei beste resultat. Lova skal sikre at forureiningar og avfall ikkje fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturen si evne til produksjon og sjølvforying. Lova legg til grunn at forureinings-

styresmaktene skal samordne verksemda si med planstyresmaktene slik at planlovgivinga kan brukast saman med forureiningslova for å unngå og avgrense forureinings- og avfallsproblem.

Forureiningslova set eit generelt forbod mot forureinande utslepp, men opnar for at verksemdar kan søkje miljøstyresmaktene om utsleppsløyve. Behandling av utslepp etter forureiningslova tek utgangspunkt i prinsippet om kostnadseffektiv regulering. Vurderinga skal byggje på kunnskap om kostnader og teknologiske moglegheiter basert på informasjon frå aktuelle verksemdar, sektorstyresmakter og andre fagmiljø. Økonomiske forhold i verksemda og lokalsamfunnet kan tilleggjast vekt.

Store delar av transportsektoren er unnatekne frå føresegnene i forureiningslova.

I avfallsforskrifta og forureiningsforskrifta, som begge er heimla i forureiningslova, er det gitt utfyllande føresegner om forureining og avfallshandtering. Tilsyn blir nytta for å avdekkje eventuelle brot på regelverket. Det er i stor grad direktorata og fylkesmennene som har ansvaret for å utføre tilsyn etter forureiningslova og anna miljøregelverk. Forureiningsstyresmaktene gjennomfører miljøtilsyn og avdekkjer eventuelle brot på forureiningsregelverket. Informasjon i forkant av, under og etter tilsyn og aksjonar er nyttig for å sikre at regelverket blir etterlevd. Klima- og miljødepartementet er ansvarleg departement for forureiningslova. Miljøstyresmaktene er i forureiningslova delte inn i riksnivå (Kongen, Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet/Statens strålevern), fylkesnivå (fylkeskommunen og fylkesmannen) og kommunalt nivå (kommunen). Kvart nivå er tildelt miljømynde etter forureiningslova.

Kulturminnelova

Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (Kulturminnelova) er det sentrale statlege verkemiddelet i kulturminnepolitikken. Føremålsparagrafen slår fast at kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ta vare på desse ressursane som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd for nolevande og framtidige generasjonar. Alle typar kulturminne eldre enn frå 1537 og bygningar eldre enn frå 1650 er automatisk freda. Kulturminnelova gir heimel til å freda bygningar og anlegg eller delar av dei, uansett alder.

Samiske kulturminne eldre enn 100 år er automatisk freda. Når det etter anna lov blir treft vedtak som påverkar kulturminna, skal det leggjast vekt på kulturminnelova sitt føremål. Lova sitt føremål og internasjonale konvensjonar understrekar òg at vi må ta vare på breidda og mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø. Plan- og bygningslova har fleire verkemiddel for å følgje opp dette i regionale og kommunale arealplanar.

Svalbardmiljølova

Lov av 15. juni 2001 nr. 79 om miljøvern på Svalbard har som føremål å ta vare på eit tilnærma urørt miljø på Svalbard når det gjeld samanhengande villmark, landskapselement, flora, fauna og kulturminne. Svalbardmiljølova er ei rammelov som trekkjer opp hovudprinsipp for forvaltninga av miljøet på øygruppa. Lova og forskriftene regulerer dei fleste delar av miljøvernet på Svalbard, slik som områdevern, naturinngrep, ferdsel, vern av kulturminne, arealplanlegging i busetjingane, lokal forureining og avfall, i tillegg til jakt og fiske. Lova er eit viktig verkemiddel for å oppnå Stortingets høge mål for miljøvernet på Svalbard. Det er særlege reglar for arealplanlegging på Svalbard fastsett i kapittel VI om «Arealplanlegging i planområdene» og plan- og bygningslovas føresegn for verkeområde.

Klimakvotelova

Lov 17. desember 2004 nr. 99 om kvoteplikt og handel med kvoter for utslipp av klimagasser (klimakvotelova) har som formål å avgrense utsleppa av klimagassar på ein kostnadseffektiv måte gjennom eit system med kvoteplikt for utslipp av klimagassar og fritt omsetjelege utsleppskvotar. Lova gjennomfører EUs kvotehandelsdirektiv (direktiv 2003/87/EF). Lova slår fast at kvotepliktig verksemd må innlevere kvotar tilsvarande sine kvotepliktige utslepp. Lova gjeld utslepp av klimagassar frå stasjonære industriverksemdar, både landbaserte og på kontinentalsokkelen, og luftfartsaktivitetar. Lova gir heimel til å presisere nærare reglar i forskrift. Dette er gjort ved Forskrift 23. desember 2004 nr. 1851.

Miljøinformasjonslova

I tråd med Grunnlova § 112 som gir borgarane rett til kunnskap om naturmiljøet sin tilstand og om verknadene av planlagte og iverksette inngrep i naturen, fastslår miljøinformasjonslova (lov 9. mai 2003 nr. 31) at offentlege organ har plikt til å

ha kunnskap om miljøet innanfor sine ansvarssområde og å gjere den tilgjengeleg for alle. Dei har med enkelte unntak òg plikt til å gi alle som ber om det den miljøinformasjonen dei har. Den pålegg òg offentlege og private verksemdar å ha kunnskap om tilhøve ved verksemda, under dette innsatsfaktorar og produkt, som kan medføre ein ikkje ubetydeleg påverknad på miljøet. Verksemdane har med einskilde unntak òg plikt til å gi ut slik informasjon til alle som ber om det. Lova slår òg fast at allmenta har rett til å delta i avgjerdsprosessar knytte til utforminga av regelverk, planar og program.

Fylkesmannen og fylkeskommunen

Fylkesmannen er staten sin fremste representant i fylket. Ein stor del av den statlege regionale miljøforvaltninga er lagt til fylkesmannsembeta, og fylkesmannen ser til at nasjonale miljømål blir følgde opp regionalt og lokalt. Det arbeidet som embeta utfører er ein føresetnad for å gjennomføre miljøpolitikken. Fylkesmannen har ei sentral rolle knytt til samarbeid og samordning med andre sektorar og forvaltar viktige delar av lovverket på plan- og miljøområdet. Kommunane har svært varierende kapasitet og kompetanse på plan- og miljøområdet, og fylkesmannen og fylkeskommunane si oppfølging og rettleiing av kommunane er derfor viktig.

Dei prioriterte oppgåvene for fylkesmannen på miljøområdet er knytte til vassforskrifta og heilskapeleg vassforvaltning, å ta vare på miljøomsyn i planprosessar etter plan- og bygningslova og andre større utbyggingssaker, å leggje til rette for å sikre eit best mogleg kunnskapsgrunnlag, tilsyn, arbeid med opprydding i forureina grunn og sjøbotn og skogvern. Andre viktige oppgåver for fylkesmannen er knytte til forvaltning av verneområde og å ta vare på truga og sårbare arter, under dette villaks, rovvilt og villrein, og kjempe mot framande organismar.

Som ei følge av forvaltningsreforma overtok fylkeskommunen frå 1. januar 2010 dei fleste av fylkesmannen sine oppgåver innanfor friluftsliv, bestandsforvaltning av ikkje truga arter av vilt og innlandsfisk som det kan haustast av og vassregiomyndet. Det betyr at både fylkesmannen og fylkeskommunen har viktige oppgåver innanfor vassforvaltning, og i dei fleste fylka samarbeider dei godt på dette området.

Gjennom forskrift til kulturminnelova har fylkeskommunane sidan 1990-talet hatt ansvar for den regionale kulturminnepolitikken. Fylkeskommunane skal medverke i alt arealplanarbeid for å

ta vare på desse interessene, bl.a. gjennom å ha definert motsegnrett og rett til å påklage kommunale dispensasjonsvedtak m.v. Vidare har fylkeskommunane mynde etter kulturminnelova til å avgjere søknader om dispensasjon og søknader om tilskot. Dei har òg oppgåver innan arkeologi gjennom mynde til å søkje etter og registrere automatisk freda kulturminne og til å drive skjøtsel av desse.

Fylkeskommunane kan òg vedta mellombels freding og dispensere frå slike vedtak. Endeleg har fylkeskommunane fokus på kulturarven i rolla som regional utviklingsaktør, bl.a. når det blir arbeidd med tilrettelegging for friluftsliv og i arbeidet med utvalte kulturlandskap i jordbruket.

Midlar til løn og drift for miljøoppgåvene som fylkesmannen utfører på miljøområdet er budsjettert på kap. 525 Fylkesmannsembeta under Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett og for fylkeskommunen over kap. 572 , post 60 under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Nettbasert rettleiing for kommunane på miljøområdet – www.miljokommune.no

Kommunane har omfattande ansvar, oppgåver og mynde etter miljølovverket. Nettstaden www.miljokommune.no er ein vegvisar for kommunane. Nettstaden samlar og legg til rette rettleiing frå miljøetatane til kommunane, og skal medverke til miljøforbetring ved å hjelpe kommunane til å nytte miljømyndet og utføre pliktene på miljøområdet betre og meir effektivt enn i dag. Miljødirektoratet har redaktøransvaret for nettstaden som er eigd av Klima- og miljødepartementet. At fleire etatar samlar sin kommuneretta informasjon på ein felles nettstad gjer informasjonen godt tilpassa kommunale behov, og www.miljokommune.no er ein stadig viktigare kommunikasjonskanal mellom staten og kommunane.

8.3 Internasjonalt samarbeid

Dei viktigaste miljøproblema, klimaendringar, tap av naturmangfald og spreining av miljøgifter, er globale. Skadeverknadene kan komme på heilt andre stader enn der problema har sitt opphav. Fattigfolk med låg energibruk og små klimagassutslepp kan bli ramma spesielt hardt av klimautviklinga. Nord- og polarområda blir sterkt påverka av klimaendringar, med surare hav og miljøgifter som skuldast utviklinga i heilt andre delar av verda. Ein kan dessutan ikkje sjå desse problema iso-

lerte frå kvarandre. Endringane vil kunne skape problem både for ville arter og økosystem og for landbruket i viktige område.

Dei store miljøutfordringane kan berre løysast gjennom eit tett samarbeid mellom landa i verda. Her vil dei globale miljøavtalene stå heilt sentralt. På same tid er drivkreftene bak miljøutviklinga ei følgje av den allmenne samfunnsutviklinga nasjonalt og globalt. Samarbeid for å sikre ein god miljøpolitikk må derfor skje innanfor dei organa som har miljø som hovudoppgåve, men òg i fora der ein fastset andre viktige rammevilkår. Drivkreftane bak den allmenne utviklinga i samfunnet og dermed miljøutviklinga blir i aukande grad internasjonaliserte i dagens globale økonomi. Både EU og Verdas handelsorganisasjon set t.d. viktige rammevilkår for utviklinga i Noreg. Det er derfor viktig å arbeide for eit internasjonalt rammeverk som fremjer det grønne skiftet og støtter opp om klima- og miljøpolitikken på nasjonalt, regionalt og globalt nivå, både innanfor dei organisasjonane som har miljø som føremål og innan bilateralt samarbeid og innanfor dei institusjonane som legg rammene for den allmenne utviklinga.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla og indikatorane presenterte.

Internasjonalt samarbeid nasjonalt mål 1: Noreg skal vere ein pådrivar for at EUs politikk- og regelverksutvikling, og samarbeidsorgan på miljøområdet, under dette FN's miljøprogram UNEP og UNESCO, og rammevilkår for handel og investeringar medverkar til sterke miljøkrav og fremjar ei berekraftig utvikling.

Indikatorar:

- Norsk deltaking i EUs avgjerdsprosessar og forvaltningsregime i tråd med Klima- og miljødepartementets strategi for påverknadsarbeidet overfor EU.
- Rask avklaring av norske posisjonar på nytt EU-regelverk.
- Norsk miljøforvaltning deltek i samarbeidsprogram i prioriterte land som mottek støtte frå EØS-midlane (2009–2016), og klima- og miljø skal framleis vere prioritert satsingsfelt.
- FN's miljøprogram som meir autoritativt, relevant og resultatorientert miljøorgan og det faglege tyngdepunktet i FN-systemet på miljøområdet.
- Målretta arbeid for gjennomføring av strategisk plan for biologisk mangfald 2011–2020.
- Målretta nordisk samarbeid for aktiv påverknad av globalt og regionalt miljøarbeid.

- Miljøomsyn integrerte i handels- og investeringsavtaler.
- Eigne miljøkapittel i bilaterale og regionale handelsavtaler.
- Føresegner i internasjonale avtaler på handels-, investerings- og miljøområdet som byggjer på prinsippet om at avtalene er likestilte og sidestilte.

Internasjonalt samarbeid nasjonalt mål 2: Utviklingspolitikken og samarbeidet med utviklingsland skal medverke til ei grønare utvikling og oppbygging av kapasitet og kompetanse til å forvalte miljø og naturressursar.

Indikatorar:

- Styrkt klima- og miljør samarbeid med Kina, Sør-Afrika, Brasil, India og Myanmar der prosjektporteføljen speglar dei globale miljøutfordringane og medverkar til å styrkje landa si evne til å ta på seg og gjennomføre internasjonale miljøforpliktingar
- Gjennomføring av St.meld. nr. 14 *Mot en grønnere utvikling* med vekt på handlingsplanen for miljøretta utviklingsarbeid, miljøpilaren i programmet Olje for Utvikling, Energy + og satsinga Rein Energi for utvikling.
- Miljøforbetringar som følgje av finansieringa av globale miljøtiltak gjennom det globale miljøfondet (GEF).

Internasjonalt samarbeid nasjonalt mål 3: Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i nord- og polarområda skal reduserast.

Indikatorar:

- Storleiken på utslepp frå Petsjenga-Nikkel.
- Talet på område med samordna forvaltning mellom Noreg og Russland og kvaliteten på dette samarbeidet.
- Talet på miljøprosjekt i Nordvest-Russland med norsk samarbeidspartnar.

Internasjonalt miljør samarbeid skjer under globale miljøavtaler som dekkjer klima (jf. resultatområde 5), naturmangfald (jf. resultatområde 1), forureining (jf. resultatområde 4), polarområda (jf. resultatområde 6) og under det bilaterale miljør samarbeidet med ein del sentrale utviklingsland, som Kina, India, Brasil og Sør-Afrika. Kapitlet om internasjonalt samarbeid omfattar òg anna relevant samarbeid (ut over dei reine miljøavtalene) innanfor FN, EU, Verdas handelsorganisasjon, anna samarbeid om handels- og investeringspolitikk og OECD. I tillegg er det eit breitt nordisk og europeisk samarbeid, bl.a. program- og prosjektsamarbeid under EØS-midlane, og gjennom samarbei-

det i nord- og polarområda. Verkemidla dekkjer både Klima- og miljødepartementets og andre departement sine ansvarsområde.

Klima- og miljosamarbeid under FN-paraplyen

Ein rapport frå FNs generalsekretær (mai 2010) slår fast at miljøpilarane sakkar akterut samanlikna med dei andre pilarane i berekraftig utvikling. Styrking av internasjonalt styresett for berekraftig utvikling var eit hovudtema på Rio+20-konferansen. Sjølv om det ikkje vart semje i Rio om å oppgradere FNs miljøprogram til FNs miljøorganisasjon vil Noreg framleis arbeide for dette på sikt.

Arbeidet med å realisere Rio-vedtaket frå 2012 om å utvikle universelle berekraftsmål blir no sett under eitt med arbeidet med tusenårsmåla etter 2015. Måla skal vere grunnlag for FNs arbeid med global fattigdom og klima og miljø. Arbeidet med universelle berekraftsmål har skjedd i ei opa arbeidsgruppe og har vist at måla kan komplementere miljøkonvensjonane godt. Måla angår alle dei områda som er viktige for miljøtilstanden. Måla kan derfor styrkje miljø i sektorane og medvitet om naturgrunnlaget si betydning for andre mål. Ikkje minst er det potensial for framgang for klimaarbeidet gjennom viktige delmål då fleire er blitt medvitne om at klimaproblema kan avgjere i kva grad ambisiøse mål kan nåast. Klima- og miljødepartementet vil medverke til at utviklingsland som ønskjer det får støtte frå FN til å utvikle ein grøn og inkluderande økonomi. Gjennom det 10-årige rammeprogrammet for berekraftig produksjon og forbruk forankra i UNEP vil Klima- og miljødepartementet fremje konkret læring i Noreg og i andre land om å foreine vekst og miljø. Departementet vil òg prioritere arbeidet for å styrkje FNs miljøprogram. FNs generalforsamling vedtok i mars 2013 at UNEPs øverste styrande organ skal heite FNs miljøforsamling (UNEA, United Nations Environment Assembly) og med universelt medlemskap frå alle FNs medlemsland. UNEA har møte annakvart år, første gong i juni 2014. FNs miljøprogram må styrkjast i rolla som det viktigaste FN-organet for utforming av politikk på miljøområdet. Frå norsk side vil vi ha spesielt fokus på å forbetre UNEPs styringsstruktur gjennom å gjere UNEP til ein meir medlemslandsstyrt organisasjon, og at UNEA får ei tydelegare rolle i FN-systemet, blant anna som viktig aktør for miljødimensjonen i berekraftig utvikling. Det er òg viktig å lage strategiar for FN-systemet sin samla innsats på miljøområdet. Regjeringa vil arbeide for å styrkje FNs miljøprogram UNEP som FNs fremste miljøorgan, gjennom oppfølging av vedtaka frå

FNs miljøforsamling UNEA som fant stad i juni 2014. I 2015 er det viktig å styrkje dei normative og kunnskapsgenerande funksjonane til UNEP, gjennom blant anna aktivt å delta i utarbeidinga av den 6. globale miljøtilstandsrapporten Global Environmental Outlook 6 som skal vere ferdig i 2016. Noreg skal medverke til å sikre ein open, transparent og kvalitetssikra prosess for utarbeidinga av miljøgjennomgangen, nettopp for å sikre ei felles tolking av miljøinformasjonen og leggje til rette for semje om felles tiltak.

Med Noreg som initiativtakar etablerte FN i 2008 *The United Nations collaborative initiative on Reducing Emissions from Deforestation and forest Degradation (REDD) in developing countries (UN-REDD)*. Formålet er å koordinere og styrkje innsatsen frå FNs miljøprogram (UNEP), FNs utviklingsprogram (UNDP) og FNs mat- og landbruksorganisasjon (FAO) på klima- og skogområdet i utviklingsland. FNs REDD program støttar skogrike utviklingsland i arbeidet med å redusere klimagassutslipp frå avskoging og skogdegrade-ring.

Havforsøpling kom sterkt på dagsordenen på Rio+20 og har fått auka fokus internasjonalt. UNEA 2014 vedtok at UNEP skal styrkje sitt arbeid med havforsøpling og mikroplast, basert på eit forslag fremja av Noreg. Noreg skal følgje opp UNEPs arbeid med å innhente kunnskap om havforsøpling og mikroplast og medverke til auka bevisstgjerung rundt desse problema globalt.

Miljøkriminalitet har komme høgare på dagsordenen i FN-systemet. Noreg skal arbeide for eit breiare perspektiv på miljøkriminalitet som ikkje berre fokuserer på ulovleg handel med flora og fauna, men som òg inkluderer tømmer, ulovleg fiske og omsetjing av farleg avfall og kjemikalier.

I denne samanhengen er det òg viktig å følgje arbeidet i det nyoppretta høgnivåforumet for berekraftig utvikling som erstattar FNs kommisjon for berekraftig utvikling (CSD). Målet er at det nye høgnivåforumet som erstattar kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD) skal medverke til å setje berekraftig utvikling høgare på den internasjonale politiske dagsordenen. Forumet som ligg under ECOSOC skal stimulere til oppfølging av internasjonale vedtak og mål på området og styrkje arbeidet for å sjå økonomiske, sosiale og miljøspørsmål i samanheng. Ei av nyvinningane med forumet er regelbundne gjennomgangar (review-mekanisme) frå 2016, av korleis land og FN organisasjonar følgjer opp dei nye berekraftsmåla og post 2015-agendaen. Ei anna nyvinning er at det skal utarbeidast regelbundne «Global Sustainable Development Reports». Målet er å kunne formidle

kunnskap (evidensbasert) til dei som utformar politikk, om vi er på rett veg i skiftet mot ein grøn økonomi og ei verktøykasse for å oppnå dette.

Det er viktig å medverke til å utvikle vidare arbeidet kring verdsetjing av naturkapitalen. I samarbeid med Utanriksdepartementet og Finansdepartementet vil Klima- og miljødepartementet følgje opp forslaga frå Rio+20-møtet om å supplere måling av brutto nasjonalprodukt (BNP) med måling av utviklinga i naturkapitalen og befolkninga si reelle velferd. Klima- og miljødepartementet deltek òg i det internasjonale samarbeidet for å styrkje berektrafrapportering frå verksemder. Desse verkemidla vil medverke til bevisstgjerung om den økonomiske verdien av å byggje sosial og miljørelatert velferd, ikkje minst i privat sektor, i den enkelte bedrift og i finansmarknaden. Noreg vil òg føre vidare internasjonalt samarbeid knytt til verdiar av økosystemtenester og biologisk mangfald gjennom TEEB-prosjektet (The Economics of Ecosystems and Biodiversity) og arbeid for å synleggjere naturkapitalen gjennom Verdsbankens prosjekt om verdsetting av naturkapitalen (WAVES). Eit anna viktig område vil vere å medverke inn i utviklinga av ein FN-prosess for vern av havområde utanfor nasjonal jurisdiksjon, basert på ei økosystembasert forvaltning. Departementet vil òg medverke til å følgje opp FNs generalsekretær sitt initiativ om berekraftig energi til alle (Sustainable Energy for All), der den norskinitierte partnerskapen på klima og energi vil vere ein del av iverksettinga. Alle desse tema blir følgde opp i arbeidet med post 2015-agendaen med berekraftsmål, og mellom anna i styrearbeidet i det globale miljøfondet GEF.

I tett samarbeid med dei nordiske landa vil Klima- og miljødepartementet følgje opp arbeidet med det internasjonale panelet for kunnskap om biologisk mangfald og økosystemtenester – Naturpanelet – etter modell av Klimapanelet. Naturpanelet har no meir enn 110 medlemsland, og eit hovudsekretariat er etablert i Bonn. Noreg har på vegner av Vestgruppa ein av viseformennene i Naturpanelets første periode. Naturpanelet sitt plenumsmøte i desember 2013 vedtok panelets arbeidsprogram for perioden 2014–2018. Arbeidsprogrammet omfattar mellom anna utar-


beiding av utgreiing om pollinering og matproduksjon i 2015, om forringing og restaurering av jordsmonn i 2016, fleire regionale og subregionale utgreiingar i 2016 og ei global utgreiing i 2018. I tillegg blir det arbeid med metodar og tilnærmingar til scenario, verdsetjing, data og ulike kunnskapsformer. Samarbeid om bygging av kapasitet hos ekspertar og institusjonar i utviklingsland er viktig for å sikre breidda i Naturpanelets arbeid. Noreg har fått ansvar for å medverke med ein støtteining for kapasitetsbygging lokalisert i Miljødirektoratet i Trondheim. Eininga vil bli sentral i eit verdsomspennande nettverk av institusjonar og ekspertar innan biologisk mangfald og økosystemtenester.

Viktige internasjonale miljøavtaler

Noreg skal vere ein pådrivar i arbeidet med å utvikle vidare nye globale avtaler for å møte miljøutfordringa og skal vere eit føregangsland i oppfylling og implementering av avtaler.

Nokre internasjonale avtaler dekkjer spesielle og regionale utfordringar, mens andre er globale. Mange av miljøavtalene er underlagt FN, fordi samarbeid over nasjonale grenser er nødvendig for å løyse problema. Miljøforvaltninga deltek i forhandlingar for å utvikle best moglege avtaler, og i arbeid for å medverke til at avtalene blir følgde i praksis. Noreg skal vere ein pådrivar for å sjå miljøutfordringane i samanheng på tvers av det internasjonale samarbeidet for å hindre negative synergieffektar og i staden finne løysingar som er gode for fleire miljøområde på same tid.

Her er det gitt ei kort beskriving av dei viktigaste avtalene på miljøområdet. Elles viser vi i ein tabell dei viktigaste avtalene for Noreg. Andre internasjonale avtaler har òg stor innverknad på miljøområdet, her er EØS-avtala i ei særstilling. UNESCO-konvensjonen om verdas kultur- og naturarv, Forørkningskonvensjonen om kampen mot forørkning, Antarktistraktaten og Havretts-traktaten er òg sentrale avtaler for Noreg. Noreg har òg underteikna mange bilaterale avtaler og ministererklæringar på miljøområdet. Ei oversikt over alle internasjonale avtaler på miljøområdet finst på www.miljostatus.no.



Figur 8.2 Oversikt over dei viktigaste internasjonale konvensjonane på miljøområdet, og fordeling av hovedansvaret for oppfølging.

Noreg underteikna i 1992 *FNs rammekonvensjon om klimaendring (Klimakonvensjonen)*, som er det sentrale rammeverket for det internasjonale klimasamarbeidet. Konvensjonen er ratifisert av 195 partar. Gjennom Klimakonvensjonen er partane forplikta til å arbeide for at konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren skal stabiliserast på eit nivå som hindrar ein farleg og negativ menneskeskapt påverknad på klimasystemet. Dette skal gjerast gjennom å etablere nasjonale klimastrategiar og gjennomføre tiltak for å redusere utslipp av klimagassar. Klimakonvensjonen inneheld ingen talfesta utslppsforpliktingar for partane. I Mexico vart det i desember 2010 oppnådd semje om togradersmålet, dvs. at vi saman med andre land har forplikta oss til å redusere omfanget av klimaendringane til ein auke i verdas gjennomsnittlege temperatur på under to grader samanlikna med førindustriell tid.

Kyotoprotokollen frå 1997 er ei juridisk bindande internasjonal klimaavtale under Klimakonvensjonen. På FNs klimakonferanse i Doha desember 2012 vart det vedteke ein ny periode med talfesta utslppsforpliktingar for ei gruppe land for perioden 2013–2020. I tillegg til Noreg er

det vedteke nye talfesta utslppsforpliktingar for Australia, EU, Kviterussland, Island, Kroatia, Liechtenstein, Monaco, Sveits, Ukraina og Kasakhstan. Som eit supplement til nasjonale utslppsreduksjonar kan landa kjøpe og selje FN-godkjente kvotar og bruke desse til å oppfylle sine utslppsforpliktingar under Kyotoprotokollen. Dette for å sikre at klimagassutsleppa blir gjennomførte der dei kostar minst, samtidig som målet for dei samla totale utslppsreduksjonane står fast. Styrken i Kyotoprotokollen er at den har nedfelt bindande kvantitative utslppstak for kvart land. Den har felles reglar for korleis landa skal rekne, rapportere, måle og bokføre utslppsreduksjonar og felles retningslinjer for korleis landa skal bokføre bruk av fleksible gjennomføringsmekanismer. Ein stor veikskap med protokollen er at den i seg sjølv ikkje er tilstrekkelig til å nå togradersmålet. I dag er berre om lag 10–15 pst. av dei globale klimagassutsleppa omfatta av protokollen. I tillegg har meir enn 80 land fastsett mål om utslppsreduksjonar fram til 2020, men ambisjonane er for låge til å halde oppvarminga under to grader. Noreg var det ellefte landet som ratifiserte endringane frå Doha 12. juni 2014, og det

første landet som er medlem av OECD. På FNs klimakonferanse i Durban i 2011 vart partane til FNs Klimakonvensjon samde om å forhandle fram ei ny bindande avtale som skal gjelde for alle land, frå 2020, for vedtak i Paris i desember 2015. Det vart òg vedteke å lage ein arbeidsplan for å auke ambisjonane før 2020. Noreg arbeider for ei global ambisjøs og bindande avtale som skal avgrense veksten i den globale gjennomsnittstemperaturen til to grader i forhold til førindustrielt nivå.

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er det sentrale internasjonale rammeverket rundt arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet, og seier òg at goda som oppstår gjennom bruk av genetiske ressursar skal fordelast rettferdig. Avtala vart framforhandla i 1992 og er ratifisert av 194 partar. Konvensjonen er ein prosessorientert rammekonvensjon som fastlegg overordna mål, prinsipp og generelle forpliktingar, mens spesielle forpliktingar blir utforma gjennom protokollar, arbeidsprogram og partsmøtevedtak. Sentralt i gjennomføringa av konvensjonen er oppfølging av strategisk plan og dei 20 globale Aichi-måla frå 2010. Dei globale måla skal vere gjennomførte på nasjonalt nivå innan 2020. Det 12. partsmøtet for konvensjonen blir halde i oktober 2014. Sentrale tema på dette møtet er ei midtvegsevaluering av gjennomføring av strategisk plan, mobilisering av ressursar til gjennomføring, bevaring av marint og kystnært naturmangfald, godkjenning av økologisk og biologisk signifikante område (EBSA), tiltak for å redusere stress på korallrev, styrking av internasjonalt samarbeid for å betre overvaking av havforsuring, oppstart av pilotfase for ein frivillig landgjennomgangsmekanisme, vurdering av terminologi knytt til urfolksgrupper og vurdering av korleis REDD+prosjekt best kan medverke til å bevare naturmangfaldet.

Noreg har i ei årrekkje arbeidd for å etablere ein frivillig mekanisme for landgjennomgang (peer-review mechanism) for å støtte gjennomføring av konvensjonen. I 2015 vil dei første landgjennomgangane truleg bli gjennomførte. Noreg vil medverke aktivt i dette arbeidet.

Noreg har sidan 1993 arrangert 7 Trondheimskonferansar om naturmangfald i samarbeid med ei rekkje FN-organisasjonar. Den 7. Trondheimskonferansen som blei arrangert i mai 2013 hadde som mål å medverke til å styrkje gjennomføringa av dei 4 første måla i konvensjonen sin strategiske plan som gjeld styrking av kommunikasjon, innlemming av verdiane frå naturmangfald og økosystemtenester i nasjonale avgjerdsprosessar, skadelege subsidiar og produksjon og forbruk. I 2015 vil førebuingane til den 8. Trond-

heimskonferansen som skal haldast våren 2016 bli sett i gang. Konferansen skal ta opp tema som medverkar til sektorintegrering av verdiar av naturmangfald, og legg opp til deltaking frå minst 2 sektorar frå kvart land.

Det er i aukande grad nødvendig å handtere miljøutfordringar samla for å sikre effektive og kostnadseffektive løysingar både nasjonalt og internasjonalt. I det internasjonale samarbeidet om å ta vare på naturmangfaldet vil Noreg vektleggje at utfordringar knytte til klimaendringar og tap av naturmangfald blir sett i samanheng, og prioritere arbeid med å vidareutvikle kunnskap og forvaltningsråd for utvikling av naturbaserte løysingar for å møte klimautfordringa.

Konvensjonen om biologisk mangfald har i dag to protokollar. Den eine er Cartagena-protokollen om handel med og bruk av levande genmodifiserte organismar (GMO). Den andre er Nagoya-protokollen om tilgang til genressursar og rettferdig fordeling av fordelar ved bruk av desse, som vart vedteken på det 10. partsmøte i Nagoya, Japan, hausten 2010. Noreg ratifiserte protokollen i oktober 2013. Protokollen trer i kraft 12. oktober 2014, og det første partsmøtet blir halde 13.-17. oktober. I tillegg til samarbeids- og handhevingsprosedyrar er sentrale tema under protokollen blant anna utvikling av ein delingsmekanisme for informasjon (Access and Benefit-sharing Clearing House), eventuell etablering av ein global multilateral fordelsdelingsmekanisme og kapasitetsbygging. Norsk oppfølging av Nagoyaprotokollen er i gang mellom anna ved at eit framlegg til forskrift om uttak og utnytting av genetisk materiale i Noreg heimla i naturmangfaldlova og havressurslova har vore på høyring. Forskrifta skal etter planen bli ferdig i løpet av 2014. I tillegg har Stortinget vedteke Prop. 134 L (2012–2013) om endringar i naturmangfaldlova som mellom anna går ut på å ta inn ein ny forskriftsheimel i naturmangfaldlova om tradisjonell kunnskap knytt til genetisk materiale. Etter planen skal ei eiga forskrift om dette vere klar i løpet av 2014.

Bonnkonvensjonen er ei global avtale med 119 partar, og har som mål å verne trekkande arter av ville dyr som regelmessig kryssar nasjonale grenser. Konvensjonen inneheld to lister over arter. Liste I omfattar trekkande arter der heile arta eller delbestandar står i fare for å bli utrydda og forpliktar partane til strengt vern for truga trekkande arter. Liste II omfattar trekkande arter som ikkje er truga av utrydding, men der internasjonalt samarbeid er nødvendig for å sikre eit tilstrekkelig vern. Av avtaler under Bonnkonvensjo-

nen har Noreg underskrive avtaler om vern av flaggermus (EUROBATS), vassfugl i Europa (AEWA) og albatrossar og stormfuglar (ACAP). Noreg har foreslått å inkludere isbjørn på Liste II i Bonnkonvensjonen, og medlemslanda vil på partsmøtet i november 2014 ta stilling til dette forslaget. Bonnkonvensjonen fokuserer òg på utvikling av handlingsplanar for truga arter. Noreg er førande for arbeidet med oppfølging av den internasjonale handlingsplanen for dverggås og samarbeider her med 21 andre land. Noreg har òg teke initiativ til den internasjonale handlingsplanen for Svalbardbestanden av kortnebbgås, der vi samarbeider med 3 andre land. Internasjonale handlingsplanar er òg laga for åkerrikse og svarthalespove.

Bernkonvensjonen har som føremål å verne om europeiske ville dyr og planter og deira levestader. Partane frå 51 medlemsland i Europa, Asia og Afrika legg særleg vekt på truga og sårbare arter. Konvensjonen har fire ulike lister – tre over arter og ein over ulovlege fangstredskap og jaktmetodar.

Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter av vill flora og fauna (CITES) skal sikre berekraftig handel med arter som er omfatta av konvensjonen. Eit stort tal dyr og planter er ettertrakta til bruk i mellom anna medisinar, som utsmykking, til materialar o.a., og internasjonal handel er ein stor trussel mot mange arter. Reguleringa etter CITES-konvensjonen skjer på grunnlag av tre ulike lister etter ulikt behov for vern og ved eit system av løyve. Departementet arbeider no med utkast til ei ny CITES-forskrift. Fleire tilhøve gjer at det er behov for ein revisjon av regelverket, mellom anna auka fokus internasjonalt på ulovleg handel, auka behov for kontroll, behov for å bringe norsk regelverk i samsvar med EUs CITES-regelverk og vedtak frå partsmøte som ikkje er innarbeidde i forskrifta. Utkastet til ny forskrift omfattar òg hald og omsetjing i Noreg som regulerer grensepasserande handel. Dette vil innebere ei utviding frå gjeldande forskrift.

Internasjonalt arbeid er nødvendig for å redusere *bruk og utslepp av miljøgifter* globalt, både for å redusere mengda langtransportert forureining og for å redusere produksjonen, omsetjinga og bruken av miljøgifthaldige produkt som er produserte utanfor Noreg. Noreg arbeider med å få inn forbod og avgrensingar mot fleire stoff gjennom Stockholm-konvensjonen om persistente organiske miljøgifter, Rotterdam-konvensjonen om handel med farlege kjemikaliar, og UNECE-protokollane om respektive organiske miljøgifter og tungmetall. Noreg ønskjer òg å styrkje Basel-kon-

vensjonen om farleg avfall, bl.a. for å sikre at ikkje farleg avfall blir dumpa i utviklingsland. Noreg er òg ein pådrivar for streng regulering av bruk og utslepp av kvikksølv i den nye globale konvensjonen om kvikksølv som er ferdigforhandla. Denne konvensjonen blei undertekna hausten 2013. Noreg støttar den globale kjemikaliestrategien SAICM, som medverkar til grunnleggjande kapasitetsbygging for kjemikalieforvaltning i utviklingsland, og er ein viktig del av den norske satsinga for å redusere dei globale utsleppa av helse- og miljøfarlege kjemikaliar.

Noreg skal vere ein pådrivar for gjennomføringa av UNESCOs sentrale kultur- og miljøkonvensjonar tufta på rettferd, blant desse *Konvensjon for vern av verdas kultur- og naturarv* og *Konvensjon for vern av kulturarv i væpna konflikt*, og gjennom aktivt og synleg arbeid medverke til klare prioriteringar i det internasjonale samarbeidet, og til at dette blir basert på gode fagvurderingar.

Tilgang til *miljøinformasjon*, deltaking i avgjerdsprosessar og høve til å klage på domstolsprøving i miljø saker er heilt sentralt for at allmenta skal kunne medverke til å fremje eit miljø som sikrar helse og trivsel og ei berekraftig utvikling. Grunnlova § 112 gir borgarane rett til kunnskap om tilstanden i miljøet og verknadene av planlagte og iverksette inngrep i naturen. Noreg har derfor slutta seg til UN/ECE-konvensjonen om tilgang til miljøinformasjon, allmenta si deltaking i avgjerdsprosessar og høve til å klage på domstolsprøving på miljøområdet (Aarhuskonvensjonen). Ei viktig drivkraft bak arbeidet har òg vore ønsket om å medverke til demokratiseringsarbeidet i ECE-regionen og då særleg i Sentral- og Aust-Europa og Sentral-Asia.

Noregs internasjonale arbeid på havmiljøområdet omfattar mellom anna samarbeid under Konvensjonen om bevaring av det marine miljøet i Nordaust-Atlanteren (OSPAR). OSPAR handlar om eit breitt spekter av havmiljøspørsmål, mellom anna dumping/disponering av avfall i havet, forureining frå kjelder på land, utslepp frå offshore olje- og gassverksemd, og spørsmål knytte til vern av marint naturmangfald. For EUs medlemsland er OSPAR-konvensjonen òg ei viktig regional plattform for ei koordinert gjennomføring av EUs havstrategidirektiv i konvensjonsområdet. For Noreg som tredjeland i gjennomføringa av direktivet er konvensjonen derfor eit viktig forum for samarbeid med EU på dette feltet. Hovudfokus i arbeidet i 2015 vil vere knytt til gjennomføring av tiltak for å bevare truga arter og deira leveområde, utvikling av tiltak for å redusere marin forureining i tråd med handlingsplanen som vart ved-

teken i 2014, vidare arbeid for å sikre eit godt forvalta nettverk av marine beskytta område, og vidareutvikling av felles indikatorar for miljøovervaking.

Skipsfarten er internasjonalt regulert gjennom konvensjonar fastsette av FNs sjøfartsorganisasjon (IMO). IMOs regelverk er svært omfattande, og det er etablert bindande regelverk for alle dei sentrale miljøutfordringane for skipsfarten. Noreg medverkar til at utsleppskrava til skip blir stadig strengare gjennom å arbeide for strengare regelverk, ratifisere konvensjonane og syte for god handheving.

Gjennomføring av globale miljømål for bevaring av naturmangfald

På det 10. partsmøtet under Konvensjonen om biologisk mangfald i 2010 i Nagoya, Japan, vart det semje om eit nytt globalt mål: «Effektiv og umiddelbar handling for å stanse tap av biologisk mangfald for å sikre at økosystemene i 2020 er velfungerende og leverer nødvendige økosystemtjenester.» I tillegg vart det vedteke ein strategisk plan med 20 delmål, dei såkalla Aichi-måla, for korleis ein skal oppnå dette overordna globale målet. Dei globale delmåla skal implementerast i den nasjonale politikken i partslanda, og landa rapporterte om dette til partsmøtet i India i oktober 2012. Vidare vart det vedteke at landa skal revidere sine nasjonale handlingsplanar ut frå dei nye globale måla, og at gjennomføringa av slike handlingsplanar skal vere starta seinast innan 2015. Mange av dei globale delmåla er fanga opp av dei nasjonale måla under resultatområde 1 Naturmangfald. Dei globale måla vil ligge til grunn for Regjeringas handlingsplan for naturmangfald som etter planen skal leggjast fram i 2015. Formidling av og innarbeiding av verdiane av naturmangfald i rapporteringssystem, nasjonale avgjerdsprosessar og om mogleg i nasjonalrekneskapar, er vurderte av Regjeringas ekspertutval for verdiar av økosystemtenester som la fram NOU 2013: 10 *Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester* sommaren 2013. NOUen har vore på offentleg høyring, og mange av forslaga vil bli tekne opp i handlingsplanen for naturmangfald.

Partslanda er òg forplikta til å rapportere om implementering av konvensjonen, inkludert status for norske økosystem, drivkrefter og tiltak. Noregs 5. nasjonalrapport blei levert CBD-sekretariatet sommaren 2014. På det 12. partsmøtet i oktober 2014 i Sør-Korea blir det viktig å halde momentum for gjennomføring av den strategiske

planen og sikre at partslanda er på rett spor for å nå Aichimåla frå Nagoya.

Finansiering av globale miljømål

Det er stor skilnad på landas kapasitet til å utføre plikter under Konvensjonen om biologisk mangfald. Utviklingslanda er forvaltarar av størsteparten av jordas naturmangfald. Derfor vil finansiering av tiltak for å ta vare på naturmangfald vere sentralt også i 2014. For å sikre ei rettferdig byrdefordeling er dei industrialiserte landa forplikta til å medverke med finansiering, overføring av teknologi og tiltak for rettferdig fordeling av gode. På det ellefte partsmøtet i India i 2012 vart landa samde om ei dobling av internasjonale overføringar til utviklingsland før 2015, og ei vidareføring av minst dette nivået fram til 2020. Gjennomsnittlege internasjonale overføringar for perioden 2006 – 2010 vart vedteke som utgangspunkt for dette målet som vil bli teke opp til ny vurdering på partsmøtet i 2014. På dette partsmøtet vil det òg vere eit mål å fastsetje eit endeleg mål for behovet for internasjonale overføringar til gjennomføring av Aichimåla.

Noreg brukar bistand aktivt for å sikre utviklingsland større tilgang til internasjonale finansielle ressursar for naturmangfald og klima. Regjeringas klima- og skogprosjekt er den største satsninga på naturmangfald i norsk bistand. Med internasjonale overføringar er det ikkje berre bistand som blir inkludert, men også til dømes bidrag frå privat sektor. Det vart semje på det ellefte partsmøtet om å føre vidare arbeid i eit globalt panel for å vurdere ressursar for å nå måla i den strategiske planen (High level panel on the Global Assessment of Resources for Implementing the Strategic Plan for Biodiversity 2011–2020). Noreg er representert i panelet som vil leggje fram ein rapport til partsmøtet i 2014.

Noreg vil fortsetje å arbeide breitt på tvers av tematikk, sektorar og andre institusjonar for å nå måla under den strategiske planen innan 2020. Sjå nærmare omtale under Internasjonalt samarbeid for å beskytte havområda.

For å medverke til å sikre felles globale miljøgode i fattige land har velstående land over to tiår medverka til verdas største miljøfond, *Det globale miljøfondet (GEF)*. Investeringsbehovet er mange gonger større enn GEF-midlane, og det er derfor viktig å bruke desse midlane til å skape størst mogleg spreingseffekt, bl.a. til å innarbeide miljøomsyn i regelverk og politikk på viktige sektorar. Fondet er ei finansieringskjelde for dei multilaterale miljøavtalene og har særskilt høve til å sjå

ulike miljøproblem under eitt. Frå 2014 vart også kvikksølvkonvensjonen innlemma for finansiering av GEF. GEF har fått 10 implementerende institusjonar, men FNs Miljøprogram, FNs Utviklingsprogram og Verdsbanken er fortsatt størst blant dei. GEF har i juni 2014 etter eit års forhandlingar blitt påfylt for fire nye år med 4,4 mrd. US\$ og fått nye integrerte program på strategiske område som skog, mattryggleik og råvarekjeder. Programma skal gjere GEF betre i stand til å motverke drivarane bak miljøskadar. Skadane må motarbeidast tidlegare for å lukkast. Men framleis er nasjonalt eigarskap til prosjekt og program høgt prioritert. Landa vil gjerne å sjå lokale utviklingsfordelar av prosjekta, men det er positiv verknad på globale miljøproblem som utløyser støtte fra GEF.

Handel, investeringar og miljø

Ei viktig utfordring er korleis ein skal sikre at dei store handels- og investeringsstraumane støttar ei berekraftig utvikling, medverkar til grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøpolitikken. Forhandlingane om ei ny internasjonal avtale om liberalisering av handel med miljøvarer (Environmental Goods Agreement) mellom ei gruppe WTO-medlemmar (14 forhandlingspartar, blant desse USA, Kina og EU) er eit døme på dette. Eit av formåla med avtala er å styrkje rammevilkåra for den globale handelen med teknologi knytt til fornybar energi slik som vindkraft og solenergi, i lys av klimautfordringa og omstillinga til lågutsleppsamfunnet. Den nye avtala om offentlege anskaffingar mellom ei stor gruppe WTO-medlemmar gjer det heilt klart at det kan stillast miljøkrav ved slike anskaffingar, og det er også vedteke eit arbeidsprogram for å sjå på korleis slike anskaffingar kan gjerast berekraftige. Vidare vil kapitlet om handel og berekraftig utvikling, som er tema i alle EFTA-forhandlingar, utgjere eit viktig bidrag. I dei landa der avskoging er eit problem, spesielt i land Noreg samarbeider med under Klima og skog-initiativet, vil eit slikt kapittel vere viktig for å sikre eit gjensidig støttande forhold mellom klima- og skogsamarbeidet og handelsavtala. Vidare kan òg referansar til tekst i Konvensjonen for Biologisk Mangfald (CBD) i handelsavtala sitt kapittel for immaterielle rettar vere eit nyttig bidrag. Bilaterale og regionale handels- og investeringsavtaler er i sterk utvikling. Fleire andre land legg òg aukande vekt på omsynet til mellom anna klima og miljø i desse avtalene. EU og USA er blant landa som har komme lengst med dette. Dei forhandlar no om ei handels- og investeringspart-

narskapsavtale. Ei slik avtale vil leggje sterke føringar også på andre slike avtaler.

Utanriksdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet har hovudansvaret for handels- og investeringspolitikken. Klima- og miljødepartementet har ei viktig rolle for at nye bilaterale, regionale og multilaterale handels- og investeringsavtaler blir utforma slik at dei medverkar til grøn vekst og støttar opp om klima- og miljøpolitikken både nasjonalt og internasjonalt. Det er naudsynt for å gjere det mogleg å løyse dei store globale miljøutfordringane.

EU, EØS og miljøpolitikken

EU er ein pådrivar i internasjonal miljøpolitikk. Internasjonalt samarbeid i globale og regionale miljøfora er ramma både for EU og Noreg når miljøpolitikken blir utforma. Internasjonale konvensjonar er følgde opp og dannar ofte utgangspunkt for meir ambisiøst regelverk i EU. Det gjeld blant anna på område som kjemikalier, vatn, klima, luft og avfall. Vi har dei seinaste åra sett ein stadig sterkare dynamikk mellom EU og arbeidet i dei ulike konvensjonane der samspelet fremjar ein meir ambisiøs miljøpolitikk. Når utviklinga av globalt regelverk ikkje lykkast, kan EU gå føre ved utvikling av eige regelverk.

Noreg og EU har eit omfattande og forpliktande miljør samarbeid. I lys av utviklinga sidan avtala vart inngått og den omfattande praksisen som ligg føre i å innlemme EUs rettsakter på miljøområdet, er miljøpolitikken ein sentral del av EØS-samarbeidet. Ein del sentrale miljøpolitiske område er likevel ikkje omfatta av EØS-avtala. Det gjeld naturvern og forvaltning av naturressursar, landbruk og fiskeri. På desse områda er ikkje Noreg forplikta av EUs rettsakter, men EUs regulering av vilkåra for desse sektorane har innverknad for Noreg.

EU/EØS-regelverket er viktig for å sikre felles reglar og for å arbeide for ein høg miljøstandard i heile Europa. Det felles europeiske regelverket har òg betydning i forhold til handel med tredje land, det gjeld til dømes krav til kjemikalier, avfallshandtering og handel med tømmer.

Miljør samarbeidet med EU stiller stadig auka krav til Noreg, blant anna som følge av raskare utvikla og meir sektorovergripande miljøregelverk. EU vedtek no ofte rammeverk som fortløpande blir utvikla vidare og konkretisert i eige regelverk. Aktiv deltaking og påverknad av EUs miljøpolitikk krev god koordinering mellom departementa og rask utvikling av nasjonale posisjonar. Det er viktig å gi konkrete og fagleg godt

grunngitte innspel i alle fasar av EUs politikkkutvikling. God miljøpolitisk dialog med sentrale aktørar i Europakommisjonen og Europaparlamentet er sentralt. Innlemming og gjennomføring av EU-regelverk i norsk rett er ein viktig del av EU/EØS-samarbeidet. Å delta i relevante EU-komitear gir, i tillegg til tidleg påverknad, høve til å opparbeide naudsynt kompetanse for å innlemme regelverket i norsk rett. Gjennom å delta på dei uformelle miljørådsmøta i EU har Noreg ein god kanal for politisk dialog og påverknad.

Dei pågåande forhandlingane mellom EU og USA om ei avtale om handels- og investeringspartnerskapsavtale har derfor stor betydning også for Noreg. Ei målsetjing med forhandlingane er auka samarbeid om regelverk for å redusere skilnader i reglar som kan gjere det vanskelegare og dyrare å handle mellom landa. Ei avtale mellom EU og USA vil såleis kunne leggje føringer for kva retning regelverksutviklinga i EU tek. EU og USA har ulikt syn på føre var-prinsippet og regulerer område av betydning for helse og miljø ulikt, blant anna gjeld dette kjemikaliar. Samtidig understreker dei at avtala ikkje skal endre vernenivået.

Miljø har ein sentral plass i EUs strategi for berekraftig vekst og auka sysselsetjing, Europe 2020. Auka ressurseffektivitet er sett på som ein føresetnad for å skape ein meir konkurransedyktig grøn og sirkulær økonomi og nye arbeidsplassar. Politikken skal medverke til å nå fleire av EUs mål samtidig, både å redusere klimagassutslipp, verne økosystem og skape berekraftig industri, transport, landbruk og fiskeri. Milestolpane for eit ressurseffektivt Europa i 2020 skal òg gi klare signal til næringsliv og investorar, med stor vekt på betre produksjonsprosessar og innovasjon i næringslivet. Noreg vurderer EØS-relevans og betydning for norsk miljøpolitikk av dei enkelte forslaga til nye og endra verkemiddel og regelverk slik det er foreslått i EUs strategi, det såkalla flaggskipet for ressurseffektivitet.

EU vedtok i desember 2013 det sjuande miljøhandlingsprogram «Living well, within the limits of the planet». Miljøhandlingsprogramma setter mål og prioriteringar for EUs miljøarbeid. Det sjette miljøhandlingsprogrammet har vore ein del av EØS-avtalas protokoll 31, og det sjuande miljøhandlingsprogrammet vil bli vurdert teke inn i avtala på same måte. I det nye miljøhandlingsprogrammet er det laga ein visjon for eit grønt Europa fram mot 2050 og ni prioriterte mål som skal nåast innan 2020. Målsetjinga for EØS-midlane er å medverke til sosial og økonomisk utjamning i Europa. Det er òg eit mål å styrkje bilateralt samarbeid mellom Noreg og mottakarlanda. Mott-

akarlanda er EUs 12 nye medlemsland frå 2004 og 2007, og i tillegg Hellas, Portugal, Kroatia og Spania. Miljø og klima er eit stort satsingsområde i perioden 2009–2014. EØS-midlane er eit viktig miljøpolitisk verkemiddel for Noreg, og midlane er eit bidrag til at dei nye EU-landa gjennomfører vedteken miljøpolitikk i EU. EØS-midlane gir oss òg høve til å styrkje det langsiktige miljø- og kulturarvsamarbeidet med styresmaktene i mottakarlanda, og norsk kunnskap og erfaring har vist seg å vere etterspurt. Miljødirektoratet er involvert i åtte land som programpartner og deltar i seks andre prosjekter, mens Riskantikvaren er involvert som programpartner i fem land og deltar i prosjekter i fire andre land. Denne innsatsen har òg betydning for vårt nasjonale arbeid, og forvaltninga får ny kunnskap gjennom europeisk samarbeid. Det vil bli lagt til rette for å involvere norske kommunar, organisasjonar, forskning og næringsliv i prosjekt og andre former for bilateralt samarbeid. Støtte til kulturarv, energieffektivisering, fornybar energi, og reduksjon av klimagassutslipp har vore viktige satsingar og er det framleis. I tillegg er satsing på klimatilpassingar, naturmangfald, vass- og havforvaltning og miljøgifter viktige område. Det vil vere stor aktivitet i dei fleste programma i 2014. Det har pågått parallelt arbeid med å fastsetje rammene og utforme program for neste periode basert på erfaringar med inneverande periode og prioriteringar frå EUs side.

Nordisk og OECD

Det nordiske samarbeidet er først og fremst eit viktig verkemiddel for å påverke regelverksutviklinga som i dag skjer i EU og i andre internasjonale prosessar. Inn i desse prosessane medverkar dei nordiske landa med fagleg kunnskap som i mange tilfelle har hatt betydeleg innverknad på politikk- og regelverksutviklinga.

Klima- og miljødepartementet vil framleis medverke til at det nordiske miljøsamarbeidet påverkar globalt og regionalt miljøarbeid på prioriterte område som grøn samfunnsutvikling, klima, naturmangfald og kjemikaliar. I tillegg til oppfølging av det nye miljøhandlingsprogrammet for perioden 2013–2018 vil oppfølging av Rio+20 og rapporten til dei nordiske statsministrane om *Norden – ledende i grønn vekst* stå sentralt framover.

Det er òg viktig å medverke til at *Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling* (OECD) held fram med å støtte den miljøpolitiske agendaen globalt og medverkar til kunnskapsutvikling saman med andre internasjonale institusjonar. OECD er ein viktig leverandør av fagleg og poli-

tisk relevante analysar av høg kvalitet, i tillegg til å utarbeide retningslinjer og normer for økonomisk politikk og internasjonalt samarbeid. Særleg viktig er samarbeidet med sentrale u-land og land med overgangsökonomiar om utvikling av berekraftig økonomi.

OECD arbeider med grøn vekst, klima, kjemikalier og verdisetjing av økosystemtenester av stor betydning på miljøområdet. OECD styrkjer òg samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar (FNs miljøprogram, FNs utviklingsprogram og Verdensbanken) om kunnskapsutvikling innan grøn økonomi.

Working Group on Harmonization of regulatory oversight in Biotechnology (WGHROB) arbeider under Biosafety programmet til OECD.

Gruppa utarbeider konsensudokument om planter, dyr og mikroorganismar som er aktuelle for genmodifisering. Dokumenta er av høg fagleg kvalitet og er viktige under vurdering av risiko ved genomdiserte variantar. Noreg deltek blant anna i leiargruppa for utarbeiding av eit konsensudokument på atlantisk laks.

Utviklingssamarbeid og bilateralt miljøsamorbeid

Klima- og miljødepartementet har særskilde avtaler om samarbeid med miljøstyresmaktene i dei store utviklingslanda Kina, India, Brasil og Sør-Afrika. Desse landa har stor betydning for utvikling av den globale miljøtilstanden og er heilt sentrale i internasjonalt miljøsamorbeid og i utvikling av globale miljøavtaler. Det bilaterale samarbeidet skal byggje relevant fagleg samarbeid på styresmaktnivå og gi ei plattform for dialogen om internasjonale miljøutfordringar. I alle landa har Klima- og miljødepartementet medverka til ein portefølje av prosjekt som er retta inn mot det enkelte land si evne til å gjennomføre internasjonale forpliktingar under miljøkonvensjonane. Prosjekta er hovudsakleg retta mot forvaltningssamarbeid, der Miljødirektoratet er ein viktig partner på norske side. Finansiering skjer i hovudsak over Utanriksdepartementets budsjett. I tillegg vert det nytta midlar over Klima- og miljødepartementets budsjett for å setje i gang nye prosjekt og utgreiingar. I Kina er det ekspertssamarbeid innan klima, naturmangfald og forureining. I Sør-Afrika er det innleia samarbeid om utvikling av utslepprekneskap for klima, og samarbeid om havforvaltningsplanar. I India er det samarbeid om eit senter i Chennai for naturressursar og lovgiving og om miljøgifter. I Brasil pågår det eit havmiljøsamorbeid.

Klima- og miljødepartementet er, i tillegg til samarbeidet med dei store utviklingslanda, i tett dialog med Utanriksdepartementet om oppfølginga og etableringa av eit miljøsamorbeid med Myanmar, der samarbeid om vass- og naturressursar og verdsarv er sentralt.

Regjeringa har gjort miljø og klima til sentrale satsingsområde i Noregs bistand til dei fattigaste landa og i samarbeidet med land med rask økonomisk utvikling.

Klima- og miljødepartementet vil, i samarbeid med Utanriksdepartementet, stimulere det grøne skiftet i global økonomi gjennom fleire verkemiddel. Kunnskapsgrunnlaget, nødvendige institusjonar, lover, reguleringar og andre verkemiddel må på plass for å kunne realisere ei grønarare utvikling. Mellom anna støttar Regjeringa ulike initiativ som byggjer grøn økonomi-kapasitet i u-landa, i og utanfor FN. Departementet følgjer særskilte initiativ frå Regjeringa i så måte, under dette Regjerings klima- og energiinitiativ (Energy+) og programmet *Rein Energi for utvikling*, i tillegg til Regjerings klima- og skogsatsning (sjå nærare omtale under resultatområde 5 klima). Klima- og miljødepartementet med Miljødirektoratet deltek òg i Olje for Utvikling-programmet, mellom anna i Ghana, Uganda, Sør-Sudan, Sudan og Tanzania. Formålet med programmet er å overføre norsk kompetanse slik at utviklingsland kan forvalte petroleumsressursane på ein måte som medverkar til varig reduksjon av fattigdom og sikrar at ein tek miljøomsyn.

Nord- og polarområda

Ei berekraftig forvaltning av miljøet i nord krev ein målretta nasjonal innsats og eit målretta internasjonalt samarbeid. Slikt samarbeid må famne om både dei landa vi deler naturrikdommane med, og dei landa som driv verksemd i nord. Samarbeidet må òg knytast opp mot globalt samarbeid for å stanse klimaendringar og forureining som trugar miljøet og dei levande ressursane i regionen.

Miljøsamorbeid i nord har òg betydning for Noregs høve til å oppfylle sine plikter under miljøavtaler på område som klima, forureining, naturvern og vern av kulturminne.

Aktiv medverknad i Barentssamarbeidet og Arktisk råd gir gode høve til koordinering av miljøarbeidet i nord når det gjeld forureining og miljøgifter, klimaendringar og bevaring av biologisk mangfald

Arktisk råd

Klima- og miljødepartementet arbeider for at Arktisk råd skal medverke til eit betre kunnskapsgrunnlag om miljøet i Arktis som legg grunnlag for koordinering og samarbeid mellom landa i Arktis i samband med internasjonale konvensjonar. På ministermøtet i Arktisk råd i 2013 vart det lagt fram ny informasjon om viktige miljø saker, under dette havforsuring, biodiversitet, såkalla kortlevde klimadrivarar som svart karbon og metan, og miljøgifter. Noreg er aktiv i arbeidet med prosjekt og utarbeiding av oppfølgingsplanar på desse områda. Nye oppsummeringar av kunnskap om mellom anna forureining og helse i Arktis blir laga til ministermøtet i 2015. Innanfor Arktisk råd er Noreg viktig for å fremje heilskapleg havforvaltning og beskytte dei arktiske marine områda. Noreg har òg teke initiativ til ei samla utgreiing av dei endringane som skjer i Arktis, og kva dette vil bety for framtidig miljø, aktivitet, forvaltning og behov for tilpassing.

Samarbeid med Russland

Eit breitt og effektivt miljø samarbeid med Russland står sentralt i Regjeringas nordområdestrategi. Miljø samarbeidet vil bli ført vidare innanfor den norsk-russiske miljøvernkommissjonen, Barentssamarbeidet og Arktisk råd. Hovudvekta er lagt på det bilaterale samarbeidet, som med arbeidsprogrammet for 2013–15 har ei særleg prioritering av havmiljø og samarbeid i grenseområda.

Samarbeidet om naturmangfald i Barentsregionen, reduksjon av forureining og undersøkingar av radioaktiv forureining vert òg ført vidare.

Innan havmiljø samarbeidet er utviklinga av eit konsept for ein forvaltningsplan for russisk side av Barentshavet, basert på norske erfaringar med forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten, høgt prioritert. Saman med etableringa av eit felles norsk-russisk miljøovervakingsprogram og vidareutvikling av den felles miljø databasen Barentsportalen vil dette utgjere viktige premissar for auka verksemd innan fiskeri, skipstransport og olje- og gassverksemd. Risikoanalyser og erfaringsutveksling om kontroll av petroleumsvksemd er òg viktige element i havmiljø samarbeidet.

I grenseområda er utsleppa frå nikkilverka på Kola framleis den største utfordringa, og styrkt miljøovervakning har derfor ein sentral plass i det grensenære samarbeidet. Noreg vil halde fram med påverknadsarbeid for å få redusert utsleppa.

Mange av prosjekta i det bilaterale miljø samarbeidet med Russland støttar opp under miljø samarbeidet under Barentsrådet og Arktisk råd, der Noreg er ein aktiv deltakar. I Barentssamarbeidet fokuserer ein på reinare produksjon i industrien og berekraftig forbruk, forvaltning av naturmangfaldet og av vassressursane i regionen. Ei høgt prioritert oppgåve er å medverke til å løyse dei store og samansette miljøutfordringane i russisk del av Barentsregionen, dei såkalla *hot spots*, som er beskrivne i Arktisk råds miljøovervakingsprogram og The Nordic Environment Finance Corporation (NEFCO) si *hot spot*-liste frå 2003. Det ligg stor grad av norsk eigeninteresse i å få løyst desse miljøproblema. I denne sammanhang er både NEFCO og Miljøpartnerskapet under den Nordlege Dimensjon (NDEP), viktige verkemiddel som vil bli brukt aktivt frå norsk side.

9 Resultatområde

9.1 Resultatområde 1 Naturmangfald

Presset på naturen frå ei aukande befolkning og auka forbruk har ført til at mennesket har påverka jordas natur meir i løpet av dei siste femti åra enn nokon gong tidligare i mennesket si historie. At arter blir utrydda er ikkje nytt i jordas historie. Problemet er at arter i dag forsvinn mykje raskare enn det som er naturleg. Om utviklinga held fram i same tempo vil kvar tiande dyre- og planteart vere borte om 25 år (Miljøstatus 2009). Dei viktigaste årsakene til at naturmangfaldet går tapt er arealendringar, forureining, overhausting og frammande organismar. I tillegg forsterkar klimaendringane belastninga på ein allereie pressa natur, og vil bli ein aukande trussel framover. Der- som gjennomsnittstemperaturen på jorda stig med 2–3 grader, vil om lag 30 pst. av artene forsvinne (FNs klimapanel).

Mangfaldet av arter, mangfaldet av naturtypar og det genetiske mangfaldet er grunnlaget for livet på jorda og er den viktigaste livsforsikringa vi kan investere i. Naturen er vår største leverandør av varer og tenester. Dette blir oftast omtalt som den økologiske verdien av naturmangfaldet. Pro- cessane i naturen reinsar vatnet og lufta, binder CO₂, sikrar pollinering av planter, resirkulerer næringsstoff, bind jordsmonnet, dempar flaumar og mykje meir. Mangroveskogane i tropiske strøk dempar bølger og stormar. Ein mangfaldig natur gir òg meir robuste økosystem som er betre i stand til å tilpasse seg endringar i naturen, mellom anna klimaendringane.

Menneska er heilt avhengige av naturens goder og tenester, som til dømes fisken vi et, kledda vi har på oss, treverket i husa våre og medisinane vi brukar – alt takka vere velfungerande økosystem. I tillegg gir mangfaldet i naturen grunnlag for opplevingar, rekreasjon og ikkje minst inntekt frå ulike næringar. Mange av desse såkalla økosystemtenestene kostar oss ingenting, til tross for at den økonomiske verdien av dei er enorm. Samtidig har FN slått fast at ca. 60 pst. av økosystemtenestene har blitt reduserte i løpet av dei siste 50 åra.

Naturmangfaldet har òg ein eigenverdi. Vi deler kloden med millionar av arter som alle har ein verdi i seg sjølve. Dette enorme mangfaldet av arter, dei fantastiske tilpassingane og det kompliserte samspelet som har utvikla seg gjennom millionar av år, gir grunn til respekt og audmjuke.

Rapporten *Global Biodiversity Outlook* frå 2010 åtvarar mot at vi nærmar oss vippepunkt der heile økosystem kan bryte saman og der gjenopp- retting kan vere svært vanskeleg eller umogleg. Slike dramatiske endringar i naturen får ikkje berre konsekvensar for planter og dyr, det rammar òg vårt eige livsgrunnlag. Eit døme er korall- reva, eit av verdas mest artsrike økosystem, som òg er svært sårbare for endringar. Havforsuring, høgare havtemperatur og andre menneskeskapte påverknader kan få desse systema til å kollapse. Ei rekkje arter vil då forsvinne frå desse områda, noko som òg vil ramme vårt eige matfat.

Nasjonale mål

Resultatområde «Naturmangfald» tilsvarar dei tidlegare resultatområda «Levande hav og kyst», «Livskraftige elvar og innsjøar», «Frodige våtmarker», «Mangfaldige skogar», «Storslått fjelland- skap» og kulturlandskapsdelen i «Verdifulle kul- turminne og kulturlandskap». Talet på nasjonale mål er redusert kraftig til tre nasjonale mål på naturmangfald.

Dei tre nasjonale måla innan naturmangfald er baserte på dei internasjonale måla som blei ved- tekne på det 10. partsmøtet under Konvensjonen om biologisk mangfald i 2010 i Nagoya, Japan, EU sitt vassdirektiv og dei nasjonale måla i budsjett- proposisjonen for 2014. Ambisjonsnivået i arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet er det same som tidlegare.

Det overordna internasjonale målet som blei vedteke i Nagoya er: «Effektiv og umiddelbar handling for å stanse tapet av biologisk mangfold for å sikre at økosystemene i 2020 er velfunge- rende og leverer nødvendige økosystemtjenes- ter.» Fristen for å nå det internasjonale målet er 2020. Vassforskrifta, som er ei oppfølging av EUs vassdirektiv, har 2021 som frist for å nå god til-

stand i alt ferskvatn og kystvatn. For å følge opp det overordna internasjonale målet og vassforskrifta har dei nye nasjonale måla også ein frist innan 2020.

Status for nasjonale mål og indikatorar for 2014 er presenterte på www.miljostatus.no.

Det vil i løpet av hausten 2014 bli arbeidd med å få på plass indikatorar for dei tre nasjonale måla på naturmangfald som vil gjelde for 2015 og framover slik at indikatorane (gamle og eventuelt nokre nye) er klare til 1. januar 2015. Dei nye nasjonale måla med indikatorar vil vere grunnlag for rapportering i Miljostatus.no i 2015.

Dei tre nye nasjonale måla er:

- Nasjonalt mål 1.1: Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Nasjonalt mål 1.2: Ingen arter og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga arter og naturtypar skal betrast.
- Nasjonalt mål 1.3: Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.

Tilstand i hovudøkosystema

Tilstanden i hav og kystvatn

Dei norske havområda utgjer om lag seks gonger Noregs totale landareal, og har eit rikt naturmangfald med internasjonalt viktige bestandar av fisk, sjøfugl og sjøpattedyr. Korallreva langs norskekysten er unike i global samanheng. Ein viktig grunn til det store mangfaldet er dei grunne havområda slik som Nordsjøen, Barentshavet og kontinentalsokkelen langs kysten. Svært mykje av havets biologiske produksjon går føre seg i slike grunne område. Noreg har Europas lengste kyst. Når vi reknar med alle øyar, holmar, skjer og fjordar, måler kystlinja vår over 100 000 kilometer. Miljøtilhøva i kystvatn gjer det mogleg med spesialisering og sameksistens av mange arter som ikkje lever i andre naturtypar.

Dei heilskapelege forvaltningsplanane for kvart av havområda gir ein karakteristikk av miljøtilstanden. Tilstanden i Barentshavet og Norskehavet er generelt god med unntak av nokre sjøfugl- og fiskebestandar. Miljøtilstanden i Nordsjøen og Skagerrak var tidlegare dårlegare enn den er i dag. Likevel er miljøtilstanden bekymringsfull og på mange område ikkje tilfredsstillande.

Det er rekna ut naturindeks for naturmangfaldet (jf. boks 8.2 om Naturindeks for Noreg under verkemiddelområde Kunnskap) knytt til vassmassane (pelagisk) og botnlevande arter i havet. Datagrunnlaget for dei botnlevande artene er vesent-

leg dårlegare enn for artene i vassmassane. Tilstanden for botnforholda er betre i det djupe Norskehavet enn i dei grunnare områda i Barentshavet, Nordsjøen og Skagerrak. Naturindeksen for 2010 viser best tilstand i vassmassane i Barentshavet (NI = 0,76), noko dårlegare i Norskehavet (NI = 0,68) og Nordsjøen (NI = 0,62), og dårlegast i Skagerrak (NI = 0,49). Tilstanden i kystvatn er varierende. Tareskogane er blitt reduserte i fleire tiår både i nord og sør, og bestanden av kysttorsk ligg svært lågt.

Fisk er næringsgrunnlag for sjøfugl, og den rike tilgangen på fisk forklarar i stor grad plasseringa til dei største sjøfuglkoloniane. Sjøfuglane er ein viktig del av kystnaturen og det marine økosystemet, og sjøfuglartene er sikre indikatorar på miljøtilstanden i havet. Fleire sjøfuglbestandar langs norskekysten har hatt ein urovekkjande tilbakegang. Lomvi er klassifisert som truga på Norsk raudliste for arter 2010, og det kan vere eit spørsmål om tid før den forsvinn som hekkefugl i mange fuglefjell langs fastlandskysten. For fleire sjøfuglarter utgjer bestandane i Noreg ein vesentleg del av den europeiske eller nordatlantiske bestanden.

I kystvatn og på sokkelområda finst spesielt artsrike samfunn knytte til tare, koralldyr og svamp. Desse artene skaper livsmiljø som gir skjul til og levestad for ei rekkje arter som igjen er næring for fisk og sjøfugl langs kysten. Vi veit lite om tilstanden til desse artene totalt sett, men botndyr som korallar, svamp og sjøfjør er særleg utsette for påverknad og belastning frå botnslepande reiskap i fiskeria, som botntrål.

Tareskogane langs kysten er viktige leveområde med stort naturmangfald og høg produksjon. Dei gir mat og ly til viktige arter som det blir hausta av og mange hundre mindre arter som er del av tareskogen sitt økosystem. Tilstanden for tareskogane er framleis varierende og mange stader bekymringsfull. Tilstanden for stortare er i ferd med å betre seg noko. Det er observert at stortare har etablert seg igjen i ytre kystområde nord til Bodø. Lengre nord er det framleis store område som er dominerte av kråkeballar.

Sukkertaren er kjensleg for auka temperaturar i vatnet, men òg auka overgjødsling og tilførsle av slam, og den er delvis forsvunnen frå svenskegrensa til Stadt. Det er tidlegare anslått at om lag 80 pst. av sukkertaren er forsvunnen frå den norske Skagerrakkysten og om lag 40 pst. frå kysten av Rogaland og Hordaland. Nye målingar viser at tilstanden på Skagerrakkysten totalt sett er i betring, men framleis moderat til dårleg på dei fleste målestasjonane.

Noregs naturtypar vart vurderte for første gong av Artsdatabanken i 2011. Av marine naturtypar på djupt vatn er korallrev og muddervulkanbotn døme på truga naturtypar. Vi finn sju naturtypar i kystvatn på Norsk raudliste for naturtypar 2011. Av dei truga artene som er registrerte på Norsk raudliste for 2010 lever 87 arter (3 pst.) i havet. Den låge delen skuldast i stor grad manglande kunnskap, både om enkelte arter og grupper av arter, og det er dermed ikkje grunnlag for å gjere raudlistevurderingar. Døme på truga arter i havet er dvergålegras, europeisk østers, ål, brugde, vanleg uer, klappmyss, narkval og grønlandskval. Blant sjøfuglane er artene krykkje, lomvi, lunde og makrellterne nokre eksempel på truga arter. Isbjørn er òg ei truga art.

Introduksjon og spreing av framande organismar i det marine miljø har auka betydeleg. Problema oppstår når framande arter konkurrerer ut dei staeigne artene eller endrar deira naturlege utbreiingsområde. Døme på slike arter i det marine miljøet er japansk drivtang, stillehavsosters og kongekrabbe. Klimaendringane vil ventleg forsterke dette problemet, blant anna grunna varmare vatn.

Merksemda rundt marin forsøpling som miljøproblem aukar. Avfallet kjem frå kjelder både på land og på sjø og blir spreidd med havstraumar. Hovuddelen av det marine søppelet er plast, som blir sakte nedbrote. Det går for eksempel 450 år før ei plastflaske er broten ned. Det er anslått at 15 pst. av det marine søppelet blir skylt på land, at 15 pst. flyt i havet og at heile 70 pst. endar på havbotnen. Konvensjonen for vern av det marine miljø i nordaust-Atlanteren (OSPAR) har gjennomført undersøkingar av strandsøppel for å vurdere forsøplingssituasjonen i Nordaust-Atlanteren. I undersøkingane er det registrert gjennomgåande høge nivå av søppel. Nordsjøområdet har blant dei høgaste nivåa av marint søppel i Nordaust-Atlanteren. Marin forsøpling kan ha store negative konsekvensar for marint dyreliv. Det er anslått at det på verdsbasis dør om lag 1 million sjøfugl årleg som følge av plastsøppel. Undersøkingar frå 2013 viste at 90 pst. av sjøfuglen havhest på Svalbard hadde plast i magen. Søppelet reduserer også friluftssopplevingar i kystsona, og kan skape utfordringar for fiskeri og skipstrafikk.

I Barentshavet og Norskehavet er konsentrasjonar av miljøfarlege stoff stort sett låge, med unntak av nokre stoff målt i enkelte arter. Nordsjøen og Skagerrak har høgare konsentrasjonar av miljøgifter enn dei andre norske havområda og tilstanden her er ikkje tilfredsstillande. Mål som

omhandlar oljeforureining ligg under resultatområdet 4 Forureining.

Overgjødning (eutrofiering) som følge av stor tilførsel av næringssalt og nedslamming er ei utfordring i enkelte kyst- og fjordområde, særleg langs Skagerrak og delar av Nordsjøen. Heile indre kyst i Skagerrak er klassifisert som problemområde for overgjødning ifølgje OSPARs klassifiseringssystem. Kunnskapen om tilstanden langs kysten på Vestlandet er mangelfull, men berekningar indikerer at utslepp av næringssalt ikkje har regionale effektar. Lokale effektar er likevel påvist. Tilstanden med omsyn til næringssalt ved ytre kyst og i opne havområde er vurdert som god.

Tilstanden i elvar og innsjøar

Ferskvatn omfattar innsjøar, elvar, bekkar, dammar og grunnvatn. Vasssystema i Noreg er prega av mange små innsjøar og raskt strøymande elvar. Nesten alle dei store vassdraga startar i fjellet, og norske elvar er derfor prega av fossar og stryk. Glomma, Tana og Pasvikelva er dei einaste vassdraga som nærmar seg det ein kan kalle ei flod. Vi finn dei fire djupaste innsjøane i Europa i Noreg. Alle desse er djupare enn 450 meter.

Innhaldet av kalk i ferskvatn og surleiksgarden (pH) i vatnet er ein av dei viktigaste faktorane for kva slag arter av planter og dyr som vil trivast i vatnet. Til dømes har berggrunn og jordsmonn på Sørlandet og Sørvestlandet lita evne til å nøytralisere tilførsler av sur nedbør. For å behalde plante- og dyreliv i vassdraga i desse områda har ein derfor kalka i mange år. Andre viktige miljøfaktorar i ferskvatn er straumtilhøve, temperatur og om det er grus, sand og leire eller fast fjell, store stein og grov grus på botnen.

Om lag 2800 dyrearter lever heile eller delar av livet sitt i ferskvatn. Dette omfattar mange grupper av dyr som pattedyr, fisk, amfibium, insekt, krepsdyr og ei rekkje arter av dyreplankton. Vi finn flest arter av insekt og krepsdyr, og det er registrert 45 arter av ferskvassfisk. Døme på fisk i ferskvatn er aure, røye, åbor og gjedde. Den atlantiske villaksen er nok den fiskearten som flest har eit høve til, som til dømes god mat og som grunnlag for verdiskaping eller naturopplevingar og rekreasjon. Noreg er i dag eit av laksen sine viktigaste leveområde, og vi finn om lag ein tredel av all atlantisk villaks i Noreg. Tana-vassdraget er verdas mest produktive laksevassdrag.

Alle dei seks artene av amfibium i Noreg er knytte til ferskvatn. Stor salamander er avhengig

av små dammar utan fisk i for ynglinga si, særleg er gardsdammar godt eigna. I dag er mange gardsdammar grodde eller fylte igjen, og stor salamander er ei truga art, hovudsakleg fordi den har mist svært mange av yngleområda sine. Bever og oter er to arter av pattedyr som lever i eller nært knytt til bekkar og vatn. For om lag 80 fuglearter er ferskvatn viktig føde og/eller reproduksjonsområde. Døme på fugl knytt til ferskvatn er ulike arter av ender og gjæser, fossefall, hegre og trane.

Totalt 97 karplanter er registrerte i ferskvatn. Ulike sumpplanter og planter med blad og blomster i eller rett under vassflata er enklast å få auge på. Døme på slike arter er kvit nøkkerose, ofte kalla vasslilje, og store samlingar av sumpplanter som flaskestarr, elvesnelle og dunkjevle. I tillegg finn vi ei rekkje arter av planteplankton som lever i dei frie vassmassane, og algar og sopp som er festa til botn eller til andre planter og dyr. Plante-

plankton er den mest artsrike gruppa i ferskvatn med minimum 1050 arter. Ein reknar med at det finst minimum 900 arter av fastsitjande algar i rennande vatn i Noreg. Vi finn mosar i alle storleikar i rennande vatn, frå små såkalla levermosar som er vanskelege å sjå utan lupe, til vanleg elvemose som kan bli eit par meter lang. I mosevegetasjonen er det ein rik fauna av smådyr som til dømes ulike insektlarver og fiskeyngel.

Ifølgje Naturindeksen for Noreg for 2012 er tilstanden for naturmangfald i ferskvatn samla sett god med ein indeks på 0,72. Tilstanden i ferskvatn er betra sidan 1990. Noreg er delt inn i 11 vassregionar frå kyst og fjord til fjell. Vassregionane er igjen delte inn i 105 vassområde og om lag 29 600 vassførekomstar. Av desse er om lag 26 100 vassførekomstar i vassdrag, fordelte på om lag 19 800 vassførekomstar i elv, 6 300 vassførekomstar i innsjø og 1250 vassførekomstar av grunnvatn.

Tabell 9.1 Oversikt over tilstanden i elvar og innsjøar

Tilstand	Svært god	God	Moderat	Dårleg	Svært dårleg	Ikkje kjent
Innsjøar	16%	38%	25%	10%	1%	10%
Elvar	22%	37%	23%	10%	3%	5%

Over halvparten av førekomstane av ferskvatn er vurdert til å vere i god eller svært god økologisk tilstand. Om lag 36 pst. har moderat eller dårleg tilstand, mens den økologiske tilstanden ikkje er definert for ca. 10 pst av vassførekomstane. Kartlegging og overvaking vil vere viktige oppgåver framover for å få meir sikre data om tilstanden i ferskvatn i Noreg.

Om lag 7 pst. (267 arter) av dei truga artene har meir enn 20 pst. av bestanden sin i ferskvatn. Av kransalgane er 17 av 20 arter truga. Også ein stor del av amfibie (67 pst.) og augestikkarane (37 pst.) er med på Norsk raudliste for arter 2010. Døme på truga arter i eller knytte til ferskvatn er karplantene korsandemat og mjukt havfruegras, glasskivesnigel, billa elvesandjeger, edelkreps, elvemusling, oter og damfrosk.

Talet på laksebestandar har gått kraftig tilbake og mange bestandar er truga eller sårbare. Om lag 50 norske laksebestandar er utrydda eller har så få individ at dei står i fare for å bli utrydda. I følge Miljødirektoratets lakseregister er om lag 45 pst. av dei om lag 400 laksebestandane som er igjen, i svært dårleg eller dårleg tilstand. Vi finn sju naturtypar i ferskvatn på Norsk raudliste for

naturtypar 2011. Døme på truga naturtypar er kalksjøar og klare kalkfattige innsjøar.

Om lag 15 pst. av ferskvatnet er verna etter naturmangfaldlova. Elvesandjeger er utpeikt som prioritert art med økologisk funksjonsområde, og kalksjø er utvald naturtype. Gjennom Verneplan for vassdrag er 388 vassdragsområde sikra mot kraftutbygging.

Tilstanden i våtmark

Med våtmark meiner ein her, som i Naturindeksen, myr, kjelde og flaummark, under dette elvedelta. Nye kartanalysar syner at om lag 18 730 km², eller om lag 5,8 pst, av Fastlands-Noreg består av myr, kjelde og flaummark. Hovuddelen av dette er myr. Til samanlikning var arealet av myr om lag 30 000 km² før siste verdenskrig.

Myr og kjelder er område med høgt nivå av grunnvatn heile eller store delar av året, og her lever arter som er tilpassa eit liv under tilhøve metta av vatn. Flaummark er område langs elvar og innsjøar som blir utsette for overfløyning, erosjon og sedimentering. Naturtypene i våtmarksområda er svært mangfaldige og mange er artsrike. Myrer har høgt nivå av grunnvatn som gir

høg markfukt og oksygenfattig miljø nesten heilt opp til overflata. Dette gir dårlege livsvilkår for mange arter. Likevel er det stort mangfald av liv i den øvste delen av torva, ikkje minst av arter som bakteriar, algar og sopp. Torvmosane er spesielt tilpassa eit liv på myr ved at dei veks raskt i spissen av skotet, og dør nedanfrå. Daude torvmosar utgjer derfor ein stor del av torva i mange myrar. Karplantene som lever på myr har oftast luftvev i stengel og rot (sumplanter) som til dømes mange arter av starr, myrull og bukkeblad. Andre planter har tilpassa seg ved at dei lever nær overflata der det er god tilgang på oksygen, som til dømes soldogg og tettegras. Desse to artene fangar i tillegg insekt som blir sitjande fast på klissetre blad og dei får på den måten tilleggsnæring.

Vi finn fleire typar av myr i Noreg, med næringsfattige nedbørsmyrer og næringsrike grasmyrer som dei to ytterpunkta. På dei næringsfattige nedbørsmyrene finn vi berre om lag 20 arter av karplanter, mens vi på ei rikmyr finn meir enn 200 arter av karplanter. Insektlivet på myr er heilt spesielt. Mest iaugefallande er dagsommarfuglane og augestikkarane. Ei rekkje insekt lever nesten berre på og i torvmosar, og det øvste laget på torvmyrer inneheld store mengder av edderkopparter og billearter. Vi finn fleire arter av frosk og salamander i myrvatn- og i flaummarksdammar som ikkje er for sure. Slike område har òg ein karakteristisk fuglefauna. Det er særleg mange vadefuglar som er avhengige av våtmark, men òg andre arter som gjæser, ender, riksefuglar og ein del arter av sporvefugl treng slike naturtypar som hekke- og rasteplass, og for nokre er dei òg overvintrings- og fjørfellingsområde.

Kjelder har oksygenrikt grunnvatn som spring fram frå undergrunnen, og dekkjer vanlegvis små areal. Ei rekkje plantearter er karakteristiske for kjelder, til dømes trillingsiv, gulsildre og mange mosearter. Faunaen er meir artsfattig. Fjørmygg, døgnfluger, steinfluger og vasskalvar er typiske insektarter rundt vasskjelder.

Ifølge Naturindeksen for Noreg for 2012 er tilstanden for naturmangfaldet i våtmark middels god med ein indeks på 0,52. Om lag 15 pst. (443 arter) av dei truga artene lever i våtmark. Dei fleste av planteartene på raudlista er knytte til rikmyr. Døme på slike arter er plantene huldrestarr, myrflangre, knottblom og alvemose. Våtmarker er viktige hekkeområde for dverggås, åkerrikse, dobbeltbekkasin, storspove og svarthalespove som alle er med på Den globale raudlista. Dverggåsa har dei seinare åra minka sakte men sikkert, til nokre få attverande par i Finnmark. Av andre dyr er spissnutefrosk og storsalamander arter på

Norsk raudliste for arter 2010. Vi finn 16 naturtypar i våtmarksområde på Norsk raudliste for naturtypar 2011. Døme på ein slik naturtype er palsmyr.

Ein god del av dei mest verdifulle areala av våtmark som er att, er verna etter naturmangfaldlova. Gjennom verneplan for myr og våtmark er meir enn 600 naturreservat oppretta. Om lag 18 pst. av myrene er verna. Myrer i fjellet er godt dekte av områdevernet, mens langt færre våtmarker i låglandet i Sør-Noreg er verna. Inkludert Svalbard har vi no 63 våtmarkssystem som blir rekna som internasjonalt viktige våtmarksområde på lista til Ramsarkonvensjonen. Døme på slike område er Stabbursneset (Finnmark), Nordre Øyeren (Akershus) og Åkersvika (Hedmark). Dverggås og svarthalespove er prioriterte arter med økologisk funksjonsområde, og slåttemyr er ein utvald naturtype.

Tilstanden i skog

Skog dekkjer om lag 130 000 kvadratkilometer, tilsvarende om lag 34 pst. av fastlands-Noreg. Produktiv skog, som er definert som skog som årleg kan produsere minst ein kubikkmeter tømmer pr. hektar, utgjer om lag 86 500 kvadratkilometer. Grunna ulikt klima varierer skoggrensa mot fjellet i ulike delar av landet, frå havnivå i Finnmark til 1200 meter over havet i innlandsstrøk i Sør-Noreg.

Skog er, forutan fjell, den hovudnaturtypa vi har mest av i Noreg. Hovudtypar av skog er barskog og lauvskog, men desse skogtypane opptre ofte i blanding. Barskogen er dominert av gran og furu. Furu likar seg på tørr og næringsfattig jord, mens gran trivst best på djup jord med god tilgang på vatn. Den vanlegaste typen av lauvskog er nordleg (boreal) lauvskog med blant anna osp, bjørk, rogn, selje og gråor, og finst ofte i blanding med barskogar. Edellauvskog har varmekjære tre som eik, ask, hassel, svartor, lind og spisslønn, som veks særleg i sørlege og vestlege delar av landet nær kysten. Fjellbjørkeskogen dannar ofte eit belte mellom barskogen og snaufjellet.

Trea gir ein spesielt stor variasjon i strukturar, levestader og miljø med rom for fleire arter enn naturtypar som ikkje har tresjikt. Tre kroner, stammer og greiner har sine unike samfunn av arter. Når trea dør blir det skapt nye livsmiljø, og eit stort tal arter deltek i nedbrytinga av ståande og liggjande tre. Dette er ein viktig grunn til at heile 60 pst. av artene som er kjende i Fastlands-Noreg er knytte til skog.

Dei mest artsrike gruppene av arter i skog er insekt og edderkoppar, sopp, lav og mosar. Vel-

kjende dyregrupper som fugl og pattedyr utgjør mindre enn 1 pst. av alle artene i skog. Eit stort tal sopparter gjer næringa i dødt plantevev tilgjengeleg for andre arter ved å bryte ned cellulose og lignin. Det er enorme mengder sopp i skog, men det aller meste ligg skjult som eit nettverk av «trådar» (hyfar) under bakken og inne i ved og andre plantedelar. Det er først når det blir danna fruktlegam, hattsopp på bakken og kjuker på død ved, at vi legg merke til dei.

Norske skogar har eit stort mangfald av lav og mosar takka vere den kystnære plasseringa med rikeleg nedbør. Mosar og lav dominerer på flater utan jord slik som stein, berg og trestammar der dei slepp å konkurrere med karplanter om plassen. Av karplanter i barskog dominerer ofte ulike lyng- og bærlyngvekstar som røsslyng, blåbær og tyttebær vegetasjonen på bakken. I lauvskogane er blåveis, kvitveis og grasarter som skogsvingel ofte vanlege arter. Av vanlege pattedyr i skog er rådyr, mus, ekorn, rev og elg dei som er lettast å få oppleve. Fjellnære skogsområde er viktige leveområde for mange arter som også lever i fjellet. Ein av desse er kongeørna. Av dei store rovdyra er gaupe, brunbjørn og ulv i hovudsak knytte til skogen.

Naturindeksen for Noreg for 2012 gir tilstanden for naturmangfaldet i skog ein indeks på 0,40. Tilstanden i skog er dårlegast i Midt-Noreg og Hedmark. Om lag 1840 truga arter, eller 50 pst. av dei truga artene, er knytte til skog. Døme på truga arter i skog er orkideen raud skogfrue, lavarten huldrestry, ei rekkje arter av sopp og mose og ei rekkje insektarter i gruppene tovingar og biller. Døme på truga pattedyr som lever i skog er brunbjørn, gaupe, ulv og flaggermusartene breiøyre og børsteflaggermus. Der den truga hubroen finst i innlandet, hekkar den som oftast i skogsterreng. Vi finn 19 naturtypar i skog på Norsk raudliste for naturtypar 2011. Døme på truga naturtypar er kystgranskog, temperert kystfuruskog, olivinskog og kalklindeskog.

Om lag 2,6 pst. av den produktive skogen er verna etter naturmangfaldlova. Dette gjeld strengt vern i naturreservat eller i nasjonalparkar der skogbruk ikkje er tillate. Kalklindeskog er ein utvald naturtype. Raud skogfrue er vedteken som prioritert art med økologisk funksjonsområde etter naturmangfaldlova. Eremitt, som er knytt til gamle og hule lauvtre, er òg ei prioritert art.

Tilstanden i fjellet

Om lag 30 pst. av fastlands-Noreg er fjell. Med fjell meiner ein her areal over og nord for skoggrensa.

Elvar og vatn i fjellet er ikkje inkluderte i dette. I størstedelen av Noreg er det fjellbjørkeskogen som dannar skoggrensa. Fjellandskapet inkluderer òg berg og grunnlendt mark, det arktiske tundralandskapet og is- og brelandskapet som er særleg utbreidd på Svalbard og Jan Mayen. Noreg har i overkant av 1600 isbrear.

Fjellet representerer ekstreme livstilhøve for alt levande. Faktorar som vind, is, snødekke, store temperatursprang, tørke og fukt i marka, verknad av frost og kalkinnhald i jord og stein påverkar planter og dyr. På grunn av dei ekstreme tilhøva er det mange spesialistar blant planter og dyr i fjellet. Til dømes har fleire sjeldne fjellplanter svært snevre tolegrenser for temperatur eller dei krev høgt kalkinnhald i jorda. For mange pattedyr og fuglar i fjellet er tilgang på føde den viktigaste faktoren for å overleve. På grunn av dei spesielle tilpassingane til ekstreme miljøtilhøve er artene i fjellet svært sårbare når dei blir utsette for ytterlegare påverknader.

Vegetasjonen i fjellet er dominert av dvergbusker, gras- og starrarter, mosar og lav, og stort innslag av urter på kalkrik grunn. Tjukkeleik og fordeling av snøen avgjer plantene si fordeling frå avblåst rabbe til snøleie. I snøleia blir snøen ofte liggjande til ut i juli, og ny snø kjem allereie i september/oktober. Dei plantene som veks slike stader må vere raske og effektive for å rekke å blomstre og setje frø før snøen kjem. Døme på planter som veks i snøleie er musøyre, moselyng og polarvier. Dei plantene som veks på rabbane har lita eller inga skjerming frå snøen om vinteren, og må tole vind, enorme variasjonar i temperatur og ofte lite og tørr jord. Døme på slike planter er kreling, greplyng, rabbetust og fleire arter av mose og lav. Den hardføre blomen mogop, som slår ut i full blom mens det enno er skiføre i fjellet, trivst òg i slike område. Dei næringsrike og lett forvitrande bergartene i delar av Dovrefjell har resultert i svært rike plantesamfunn. Insektfaunaen i fjellet er dominert av dei store insektgruppene tovenger, veps, biller og sommarfuglar. Typiske fjellfuglar er heilo, snøsporv, steinskvett, fjellrype og ramn.

Villreinen har gjennom utviklingshistoria tilpassa seg dei barske tilhøva i fjellet, særleg om vinteren. Pelsen er tjukk og svært tett, og sjølv mulen er hårkledd i motsetning til hos dei fleste andre arter i hjortefamilien. For 200–300 år sidan levde villreinen i fjellet i heile landet, og i Nord-Noreg var villreinen framleis talrik omkring 1800. Villreinen er ikkje ein truga art, men Norge er nå det einaste landet i Europa som har fjellområde med villrein, og arten blir rekna som ein norsk

ansvarsart som vi har eit spesielt ansvar for å ta vare på. Villrein i Skandinavia finst i dag berre i fjellet i Sør-Noreg som 23 meir eller mindre skilte grupper av individ. Lemen er ein karakteristisk smågnagar i fjellet. Av andre pattedyr er fjellrev og jerv viktige. Fjellreven er kritisk truga, og det er sett i gang ei rekkje tiltak, under dette Avlsprosjektet, for å sikre at fjellreven framleis skal kunne opplevast i norsk natur. Jerven er sterkt truga, og held først og fremst til i fjellområda langs grensa mot Sverige og Finland frå Hedmark og nordover.

I følgje naturindeksen for Noreg 2012 er tilstanden for naturmangfald i fjellet samla sett god med ein indeks på 0,63, men i enkelte sentrale fjellområde i Sør-Noreg er tilstanden dårlegare. Berre 4,2 pst. (147 arter) av dei truga artene lever i fjellet. Dette betyr ikkje nødvendigvis at den negative påverknaden på naturmangfaldet her er mindre enn i andre system, men heller at delen av arter knytt til fjellet er låg. Døme på truga arter i fjellet er plantene masimjelt, knuthørapp, aksveronika og brannmyrklegg, og fugleartene dobbeltbekkasin og snøugle. Døme på truga naturtypar i fjellet er fuglefjell, jordpyramide og polarørken.

Om lag 75 pst. av areala i nasjonalparkane ligg i fjellområde. I tillegg finn vi om lag 70 pst. av landskapsvernområda og litt over 20 pst. av naturreservata i fjellet. Med unntak av dverggrås er det førebels ingen prioriterte arter eller utvalte naturtypar i fjellområda.

Vi finn ein stor del av den inngrepsfrie naturen i fjellområda. Det var ein nedgang i bortfall av inngrepsfri natur frå perioden 1988–1994 og fram til og med perioden 1998–2003, mens det i dei to siste måleperiodane (2003–2008 og 2009–2013) har vore ein auke frå periodane før. Bortfallet av inngrepsfri natur i siste periode (2009–2013) var på om lag 900 km². Om lag 1/3 av bortfallet var i fjellområda.

Fjellområda er viktige område for friluftsliv for mange, både for fotturar om sommaren og/eller på ski om vinteren. Statistisk sentralbyrås levekårundersøking for 2011 viser at i løpet av eit år er åtte av ti nordmenn på fottur i skogen eller på fjellet. 55 pst. har vore på ein lengre fottur i skogen eller på fjellet dei siste tolv månadene. Deltakinga i fotturar i fjellet har auka betydeleg sidan 1970 og fram til i dag, frå 38 pst. deltaking i 1970, 47 pst. i 2001 til 56 pst. i 2011.

Tilstanden i kulturlandskapet

Det opne og svært artsrike kulturlandskapet er eit resultat av menneskelege aktivitetar, og er avhengig av slik aktivitet for å haldast ved like. Utrek-

ningar gjennomførte ved Norsk institutt for skog og landskap indikerer at om lag 20 pst. av arealet i Sør-Noreg viser klar påverknad frå jordbruksverksemd. Til samanlikning dekkjer det aktive produksjonsarealet, dvs. jordbruksområde med innmark, tun og hagar, om lag 3,6 pst. av det totale arealet i Noreg.

Både ekstensive og meir intensivt drivne jordbruksareal har viktige funksjonar som kulturlandskap, leveområde for arter, korridorar og bufferzonar. Ekstensive areal som gamle kulturmarker leverer mange viktige fellesgode, som til dømes pollinering, mat, genressursar, opplevingar, identitet i landskapet og historie. Døme på gamle kulturmarker er eng og åker, dammar, strandeng, kystlynghei, haustingsskog, slåttemark og open beitemark. Engvegetasjon, som har oppstått som resultat av slått og/eller beite, er blant dei mest artsrike livsmiljøa i Norden. I Noreg finn vi mellom 650 og 700 plantearter i slike enger, og om lag halvparten av dei finst ikkje andre stader.

Om lag 500 truga arter held til i kulturlandskapet. Dette er i hovudsak sopp, karplanter, biller og sommarfuglar. Døme på truga arter i kulturlandskapet er orkideen svartkurle, solblom og billa eremitt. Åkerrikse, svarthalespove og sanglerke er døme på truga fuglearter, mens slåtteeeng og kystlynghei er døme på truga naturtypar. Rundt 70 pst. av dagsommarfuglar er knytte til open eng.

I følgje naturindeksen for Noreg har ope lågland (der kulturlandskapet i jordbruket utgjer ein stor del) og skog den dårlegaste tilstanden av alle dei store økosystema med ein indeks på 0,40 i 2012. Samla sett er tilhøva i kulturlandskapet i jordbruket mest bekymringsfullt. Mange areal er pressa av utbygging, gjengroing, driftsendringar og nedlegging.

Dragehovud, honningblom og klippeblåvinge er prioriterte arter, mens slåtteeeng og hole eiker er utvalde naturtypar i kulturlandskapet.

Det kulturpåverka landskapet med kulturminne, naturmangfald og naturlege landskapselement skapar karakteristiske og verdifulle landskap med stor opplevingsverdi. Det er òg ein viktig del av «merkevara Noreg» og det turistane kjem for å sjå og oppleve.

Påverknadar

Hav og ferskvatn

Påverknadene på dei marine økosystema og kystsona skuldast menneskelege aktivitetar i havområda slik som fiskeri, skipsfart og petroleumsverksemd, og påverknader utanfrå som langtransportert forureining, havforsuring og klimaendringar

som medfører stigande havtemperatur og auka issmelting. Risiko for ulykker og utslepp som kan påverke miljøverdiar er òg ein del av den samla belastninga på dei marine økosystema. I grunne område i kystsona har endringar i arealbruk størst påverknad på naturmangfaldet.

Dei viktigaste truslane mot økosystema og artene i elvar og innsjøar er fysiske inngrep og endringar i arealbruk eller vassføring, forsuring, avrenning frå jordbruket, spreidd avløp og introduksjonar av framande organismar.

I kystsona omfattar *arealendringar* alle former for nedbygging, utfylling og omdisponering av naturmark til andre formål. For dei mange artene av algar og virvellause dyr som lever på godt beskytta stader i kystsona, i fjordbasseng eller i brakkvatn medfører mudring i strandsona, båthammer, veganlegg og fritidsbusetnad store påverknader. Slike beskytta område er òg viktige gyte- og oppvekstområde for kystbestandar av fisk.

I ytre kystområde og ope hav kan viktige leveområde bli skadde ved fiske med *botntrål*. Trålinga kan skade eller øydeleggje viktige leveområde og endre karakteren på samfunn av botndyr. Særleg utsett er fastsitjande organismar som korallrev, korallskogar, sjøfjør og svampsamfunn. Spesielt korallane er svært sakteveksande, og ny oppbygging vil ta lang tid. Kartleggjing av havbotn har påvist mange område med sårbare og trua naturtypar, og det er samtidig registrert forekomstar med skadar etter slepande botnreiskapar. Det er strenge restriksjonar på bruk av botntrål i territorialfarvatnet.

I ferskvatn er *vassdragsutbygging* den viktigaste arealtrusselen. Om lag 1/3 av innsjøarealet er påverka av vasskraftutbygging, og 15 av Noregs 20 høgaste fossefall er regulerte. Etablering av ny vasskraft, og då særskilt små vasskraftverk, har auka betrakteleg dei siste åra. Det er gitt totalt 917 konsesjonar for småkraftverk (1 – 10 MW), og det er bygd om lag 550 mini- og mikrokraftverk (opp til 1 MW). Det ligg i dag i tillegg ein stor mengd konsesjonssøknader i kø hos Noregs vassdrags- og energidirektorat. Mens ein tidlegare har trudd at små vasskraftverk har små miljøkonsekvensar, blir den samla utbyggingsmengda likevel ein reell trussel mot mange miljøkvalitetar som naturmangfald, landskaps- og friluftssinteresser og i nokre tilfelle også kulturminne og kulturmiljø. Inngrep i form av vegar, drenering og gjenfylling er ein trussel mot mindre vassførekomstar.

Hausting er den aktiviteten som har størst direkte påverknad på marine fisk og sjøpattedyr.

Ei berekraftig forvaltning av fiskebestandane betyr at det er produksjonsoverskotet i bestanden som det blir hausta av. Når bestandane likevel varierer, kan det komme av at rekrutteringa til bestandane varierer. Dei store kommersielle bestandane, slike som lodde, sild og nordaustatlantisk torsk blir i dag berekraftig utnytta. For kysttorsk og nokre mindre bestandar som blålange og vanleg uer er fiskepresset for stort.

Forureining påverkar miljøtilstand både i marine område, langs kysten og i ferskvatn. Tilførsel av næringssalt (overgjødsling) er eit betydeleg forureiningsproblem, særleg i område med tett busetnad og jordbruksintensive område i kystsona og langs vassdrag. Dei viktigaste tilførselene kjem frå jordbruk, fiskeoppdrett, kommunalt og spreidd avløp og industri.

Forureining frå miljøgifter har vore og er framleis eit stort problem i mange kyst- og fjordområde og i ope hav, sjølv om tiltak gjennom mange år har medverka til å redusere problema. I nordområda er det spesielt problem med miljøgifter som vert transporterte over lange avstandar med luft og havstraumar, og som kjem inn i dei arktiske næringskjedene der dei endar opp i isbjørn, sel og sjøfugl. Mange typar av utslepp til havet når strendene med større eller mindre effekt. Langtransportert forureining via luft- og havstraumar og diffuse utslepp frå land er dei viktigaste kjeldene til miljøfarlege stoff i norske havområde. Oljeforureining kan skuldast operasjonelle utslepp eller utilsikta utslepp frå skip, petroleumsverksemd og landbasert industri. Særleg sjøfugl, sjøpattedyr og strandområde er sårbare for akutte utslepp av olje.

Havet og kysten blir tilført store mengder *menneskeskapt avfall*. Avfallet kjem frå kjelder både på land og i sjø, og blir spreidd med havstraumar. Gjenstandar av plast, gummi og andre materialar som er vanskelege å bryte ned kan bli verande i miljøet i hundrevis av år, og skader dyr og menneske. Sjølv om det tek lang tid før plast blir broten ned, vil alt materiale av plast som blir utsett for sol, bølger, vær og vind over tid bli delt opp i bitte små bitar som blir omtala som mikroplast. Mikroplast kan òg bli skyld ut i havet gjennom avløp, til dømes som restar frå kosmetikkprodukt eller vaskevatt frå vask av fleeceprodukt. Mikroplast har evna til å overføre miljøgifter til dyr i havet, og det er aukande bekymring for at mikroplast som blir eten av dyreplankton og andre små organismar kan førast vidare til større dyr som et dyreplankton slik at både mikroplasten og miljøgiftene blir transporterte oppover i næringskjeda. Sjøfugl er særleg utsett for plastfor-

søpling ved at den forvekslar plastfragment med mat. I tillegg følgjer økonomiske og sosiale effektar, som kostnader relaterte til opprydningsarbeid langs kysten, skadar på båtar, tapt fiskeutstyr og reduksjon av kystnaturen sin estetiske verdi.

I ferskvatn er nivået for forsuring som følgje av sur nedbør framleis over tolegrensa i 8 pst. av Noregs landareal, sjølv om forsuringssituasjonen har blitt betre dei 10–15 siste åra. Det er særleg område på Sørlandet og Vestlandet som framleis er påverka av forsuring. Forsuring har gjennom fleire tiår ført til store skadar på plante- og dyrelivet i ferskvatn. Mange sniglar og amfibium er gått tapt i store areal på Sørlandet, og det er anslått at 94 pst. av totalt 47 kjende bestandar av elvemusling i Vest- og Aust-Agder er borte. For enkelte grupper av vassplanter er meir enn 50 pst. av dei opphavlege artene tapt frå delar av dei mest forura vassdraga i Sør-Noreg.

Klimaendringane vil ha store effektar på enkelte arter både i havet og i ferskvatn. Ved auka sjøtemperatur vil arter med nordleg utbreiing bli påverka direkte ved at livsvilkåra blir dårlegare. For tareskogen kan auka sjøtemperatur få alvorlege konsekvensar fordi artene av tare er tilpassa eit relativt kaldt klima. Temperaturauke medverkar saman med overgjødsling og nedslamming til at sukkertaren blir borte. Forsuringa av det marine miljøet vil på sikt kunne få store konsekvensar for ei rekkje marine arter. I kystsona vil høgare vasstand gi endringar i leveområde, og meir hyppig uvêr og sterkare vind vil påverke både planter og dyr.

Spreiing av framande organismar har auka betydeleg dei siste 30 åra. I dei marine områda skuldast dette særleg auke i skipstrafikk mellom ulike havområde og tømning av ballastvatn. Også oppdrett basert på framande organismar har skapt problem ved uønskt spreiiing, og ved spreiiing av andre organismar som utilsikta har følgt med. Klimaendringane vil venteleg forsterke dette problemet, blant anna grunna varmare vatn.

Også i elvar og vatn er spreiiing av framande organismar eit alvorleg trugsmål, og lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* og signalkreps er døme på arter som har hatt negative konsekvensar på økosystema i ferskvatn.

Dei historiske truslane mot dei ville laksestammene, som til dømes sur nedbør, vasskraftutbygging og andre inngrep i vassdrag, blir i dag motverka på ein effektiv måte og vil truleg ikkje føre til ytterlegare nedgang i laksestammene. Også lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* kan handterast, men her må innsatsen for å nedkjempe parasitten først vidare. Hovudutfordringane for villak-

sen i dag er i følgje Vitskapeleg råd for lakseforvaltning lakselus og innblanding av oppdrettslaks i dei ville stammene. I nokre tilfelle er hausting òg ei utfordring.

Fleire sjøfuglarter er i sterk tilbakegang, og sjøfuglane er døme på arter som blir påverka av ei rekkje truslar. Klimaendringar, konkurrans med fiskeria og oljeforureining er pekt på som dei viktigaste påverknadar på sjøfugl. Matmangel på grunn av konkurrans mellom sjøfugl og fiskeri er identifisert som ei viktig årsak til problema for mange sjøfuglbestandar, der det blir fiska på dei same bestandane som er sjøfuglane sin mat. Konkurransen er ofte forseinka og indirekte, og vi treng meir kunnskap for å forstå mekanismane og kvantifisere samanhengane. Sjøfugl blir òg påverka av bifangst og forureining.

Natur på land – våtmark, skog, fjell og kulturlandskap

Fysiske inngrep og endra arealbruk er den viktigaste trusselen for arter og naturtypar på land. Minst 1/3 av det opphavlege arealet av myr under skoggrensa er brukt til landbruks- og utbyggingsføremål. I låglandet i Sør-Noreg er ein endå større del av myrene øydelagde som naturlege økosystem. I Vestfold, Østfold og Akershus er så godt som alle større myrer som ikkje er verna øydelagde eller sterkt påverka av tekniske inngrep.

Heilt sidan midten av 1700-talet og fram mot år 2000 har ein i Noreg drive med grøfting av myr for å auke arealet av dyrka mark og for å auke skogproduksjonen. I perioden 1919–1996 blei det gitt tilskot til oppdyrking av om lag 2000 km² myr, og meir enn 4000 km² myr er grøfta for skogplanting. For slike landbruksføremål er rikmyrene best eigna, og det er no berre att små areal av rikmyrer i låglandet. Bruk av myr til torvstrø og brenntorv har gått hardast ut over nedbørsmyrene. I tillegg kjem nedbygging til vegar, idrettsanlegg, tomtegrunn og vassmagasin knytte til kraftutbyggingar. Mange arter i flaummark er blitt sjeldne som følgje av kraftutbyggingar. Døme på dette er karplantene sibirstjerne, småjonsokblom og kveinhavre. Billa elvesandjeger og fuglen fjellmyrløpar er døme på sjeldne dyr.

Fjellområda har dei siste tiåra vore utsette for fleire store fysiske inngrep som følgje av vasskraftutbyggingar som gir store inngrep utanom sjølve vassdraget i form av blant anna vegar og neddemming av areal. Bygging av vegar og kraftlinjer fører til fragmentering av område og påverkar trekkmonsteret til villrein og truleg og andre dyr som trekkjer over større område. Hyttebyg-

ging skjer som oftast i randsonene av fjellet, men gir òg ringverknader oppover i fjellet. Fjellområde med reisetid inntil 3 – 4 timar frå dei større byane har hatt ein sterk vekst i talet på fritidsbustader dei seinare åra, og fleire stader er det konflikt og vanskelege avvegingar mellom natur- og friluftsin-teresser og utbyggingsinteresser. Det er eit gene-relt press for utbygging inn mot fleire verneom-råde.

Skoglandskapet blir i dag i stor grad forma av bestandsskogbruket med hogstflater, plantefelt og skogsvegar. Bestandsskogbruket inneber at bartre blir hogde ved ein alder på ca. 80 år, mens den økologiske alderen er opptil 500 år for gran og 7–800 år for furu. Nokre stader i høgare lig-gjande skogstrøk ligg store areal med hytter og alpinanlegg. I låglandet kring byar og tettstader har skogen nokre stader måtta vike for ny buset-nad og industri. Samla sett har det totale tømmer-volumet auka mykje dei siste tiåra, mellom anna som følge av storstilt treplanting og skogskjøtsel sidan 1950-talet.

Skogbruk er i Norsk raudliste for arter 2010 oppført som negativ faktor for meir enn 1400 av dei truga artene i skog. Det er særleg hogst som er ein negativ faktor for mange arter, men treslagsskifte og skogsvegar påverkar òg eit betyde-leg tal arter negativt. Når tre blir hogde blir struk-turen og samansetninga av skogen endra. Ved fla-tehogst er endringane spesielt store i og med at nesten alle trea blir fjerna. Få tre blir ståande til dei blir fleire hundre år gamle, og mengda av død ved blir i eit skogbruksareal vesentleg redusert samanlikna med naturskogar. Ein stor del av dei truga artene i skog lever i eller av død ved. Mange av dei er avhengige av spesielle kvalitetar av død ved, som til dømes av grove dimensjonar og ulike nedbrytingsstadium. Ein annan effekt av hogst og planting er at dei lokale klimatilhøva endrar seg. Først blir det skapt lysopne, varme og tørre hogst-flater som seinare blir til mørke og kjølige plante-felt. Bygging av nye skogsvegar kan vere proble-matisk for ulike typar av naturverdiar, og fører ofte til hogst i gamal skog som er levestad for truga arter.

Kulturlandskapet, dei mange kulturhistoriske verdiane og det store naturmangfaldet ein finn her, er heilt avhengig av menneskeleg aktivitet for å kunne haldast ved like. Fråflytting, nedlegging av bruk og omdisponering av areal til utbyggings-føremål påverkar i stor grad kulturminne og naturmangfaldet i kulturlandskapet.

Endra driftsformer i jord- og skogbruket er òg ein sær viktig påverknad for utviklinga i jordbru-kets kulturlandskap. Det gamle arealkrevjande

jordbruket er erstatta med intensiv drift på dei mest produktive areala, særleg i dei sentrale strøka. Faktorar som har påverka om lag 25 pst. av dei truga artene i desse områda er mellom anna pløying, gjødsling, bruk av sprøytemiddel og manglande eller for høgt beitetrykk.

Naturmangfaldet i våtmark, skog og fjell blir òg påverka av dei nye driftsmetodane i jord- og skogbruk. Myrer og flaummarker har gjennom generasjonar vore hausta gjennom husdyrbeite og utmarksslått, men i 1950-åra blei det slutt på slik bruk. Resultatet i dag er attgroing og store endringar i dei artsrike, kulturprega naturtypane. Ei rekkje arter som krev mykje lys og open vege-tasjon, som til dømes den truga orkideen svart-kurle, får problem med å overleve.

Sjølv om få menneske bur fast i fjellområda, er ei rekkje av desse områda sterkt prega av og forma av mennesket. Husdyrbeite i fjellet og fjell-bjørkeskogen er ein gammal aktivitet som etter kvart utvikla seg til å bli ein viktig del av jordbru-ke gjennom etablering av setrar i fjell og fjellnære strøk. Frå om lag 100 000 setrar som var i drift i 1850, var vi nede i om lag 1000 setrar i 2013. Kul-turpåverka naturtypar knytte til seterbruk er der-for i sterk tilbakegang. Sjølv om seterdrifta er kraf-tig redusert, er det framleis omfattande husdyr-beiting i fjellområda. Moderat beite har ein positiv effekt for mange arter, men dei økologiske effek-tane av beite varierer avhengig av type beitedyr og mengda av dei. Utrekningar frå Hardangervidda viser at enkelte område har beitegrunnlag for meir sau, mens det i Setesdalsheiane er område med meir sau enn det er beite til. Finnmarksvidda er eit viktig vinterbeite for tamrein, og her er lav-dekket blitt betydeleg redusert som følge av over-beite. I områda langs skoggrensa har reduksjon i hogst og slått og endring i husdyrbeite ført til gjengroing. Den tradisjonelle bruken og støls-drifta går framleis tilbake, og tregrensa er flytta høgare opp mange stader.

Styving og lauving av haustingsskogane er døme på ei gamal driftsform som har gitt arter nye og attraktive leveområde. Dei er særleg rike på mosar, sopp og lav fordi trea blir så gamle grunna styvinga og lauvinga. I dag finst denne driftsforma berre nokre få stader i Sør-Noreg.

Framande organismar skader naturmangfaldet ved at dei konkurrerer ut dei artene som høyrer naturleg heime i økosystemet, og dei medverkar på den måten til å endre struktur og samansetjing i økosystemet. Det er over lang tid nytta eit stort tal framande treslag i skogbruket, også utanland-ske treslag som høyrer heime på andre kontinent. Det er dokumentert at desse utplanta framande

treslaga spreier seg i stor grad i norsk natur, noko som mellom anna er ein trussel mot verneverdiane i fleire verneområde. Framande organismar kan òg true naturmangfald i kulturlandskapet og produksjonen i landbruket.

Klimaendringar vil mellom anna gi mildare klima, lengre vekstsesong og meir nedbør. Dette vil på sikt påverke samansetninga av arter i økosystem på land, og nokre arter og naturtypar vil få problem med å overleve. Mange av artene som er tilpassa fjellmiljøet vil få det spesielt vanskeleg. Ettersom temperaturen aukar kan dei «flytte» til høgareliggande område, men etterkvart har dei ingen stader å flytte til. Eit anna døme er dei nordlege bjørkeskogane som ikkje er spesielt artsrike, men som representerer ein særreigen skogstype for Norden. Bjørkeskogen vert normalt angripen av målarlarver med om lag ti års mellomrom. Kraftige angrep fører til at skogen døyr, og blir fornya over store areal. Klimaendringar kan føre til endringar i frekvens og lokalisering av desse insektangrepa, med konsekvensar også for andre arter som lever i dei nordlege bjørkeskogane. Endra miljø for enkelte nøkkelarter kan føre til endringar i næringsnettet. Eit døme på dette er smågnagarar som tidlegare hadde toppar med 3–5 års mellomrom i nordleg del av Skandinavia. Dei siste tiåra har smågnagarsyklusane vore betydeleg svakare med mindre toppar og lengre tid mellom toppane. Dette påverkar dei artene som lever av smågnagarar. Eit særtrekk ved påverknad frå klimaendringar er at dei forsterkar negative effektar av andre truslar, til dømes endra driftsformer, forureining og framande organismar. Eit varmare klima aukar òg prosessen med gjengroing.

Av truslar frå *forureining* er miljøgiftene den viktigaste for artene på land. Effektane av miljøgifter blir nærare omtalt under resultatområde 4 Forureining.

Aukande motorferdsle påverkar kvaliteten på norsk natur som tur- og turistobjekt, både innanfor og utanfor verneområda. Det totale talet på snøskuterar har auka jamt frå om lag 53 500 i 2003 til om lag 76 400 ved utgangen av 2013. Auken frå 2012 til 2013 er på om lag 3000. Talet på barmarkskøyretøy (All Terrain Vehicles – ATV) har òg auka kraftig, frå 295 nyregistrerte køyretøy i 1995 til 44 774 pr. 31. desember 2013. Talet har auka med nær 12 000 berre dei tre siste åra. Dette betyr at omfanget av motorferdsle i utmark har auka kraftig.

Talet på dispensasjonar gitt i medhald av motorferdslelova og den nasjonale forskrifta viser at det i 2013 vart behandla 120 151 søknader om dispensasjon for motorferdsle i utmark. Av desse

vart 96 pst. godkjende, ein stor del av desse handla om motorferdsle i fjellet. I tillegg kjem dispensasjonar som er gitt for fleire år, slik at det i 2013 var 25 931 aktive dispensasjonar. For barmarkskøyring vart det totalt godkjent 1351 søknader i 2013.

Undersøkingar viser at for mange, ikkje minst utanlandske turistar, er stille noko av det som er oppfatta som unikt ved den norsk natur. Motorferdsle har negative effektar på dyre- og plantelivet òg. I sårbare område med liten tilvekst, spesielt i fjellområda, gjer barmarkskøyring stor skade. Sår i terrenget brukar lang tid på å lækjast, nokre gror aldri til. For planter og annan vegetasjon er skadane langt mindre for snøskuter enn for barmarkskøyring. Men også køyring på vinterføre kan gi mekaniske skadar på dvergbjørk og vier i lynghei og dvergbjørkhei, av den direkte kontakten mellom skuter og buskene. Køyning med snøskuter på mark som ikkje er snødekt gir stor skade på vegetasjonen og øvre jordlag. Snøskuteren sin store fart og evne til å komme fram over alt aukar stressbelastninga på dyrelivet, og opnar for tilgjenge til tidlegare uforstyrta område. Forstyrningar gir mindre beitetid og mindre tid for inntak av mat for mellom anna villrein, kongeørn og andre rovfuglar. Hekkande rovfuglar kan oppleve mislykka hekkingar på grunn av auka bruk av snøskuter.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for naturmangfald

Arbeidet med Nasjonal handlingsplan for naturmangfald

På det 10. partsmøtet under Konvensjonen om biologisk mangfald i Nagoya i 2010 blei det vedteke ein ny strategisk plan (2011–2020) med nye globale mål for biologisk mangfald fram mot 2020. Den langsiktige visjonen er at «i 2050 er det biologiske mangfaldet verdsatt, bevart, restaurert og bærekraftig brukt på en måte som vedlikeholder økosystemtjenester, opprettholder en sunn planet og gir livsviktige goder til alle mennesker». Det meir kortsiktige målet fram mot 2020 gjeld mellom anna effektiv og rask handling for å stanse tapet av biologisk mangfald. Det er òg gitt konkrete mål om restaurering av økosystem med dårleg tilstand og om å ta vare på eit representativt utval av natur. Eit viktig element i den strategiske planen fram mot 2020 er at alle land innan 2015 skal ha «utviklet, vedtatt og begynt gjennomføringen av en nasjonal strategi og handlingsplan for biologisk mangfald som er effektiv, oppdatert og basert på medvirkning.»

Nagoyamåla krev samla sett at Noreg har ein strategi for å nå god tilstand i økosystema, under dette startar restaureringsarbeid i visse område, reverserer trenden for truga natur og sikrar eit representativt utval av norsk natur. Regjeringas politikk for å følgje opp dette vil bli operasjonalisert i den nasjonale handlingsplanen for naturmangfald. Arbeidet med handlingsplanen er starta, og vil etter planen liggje føre våren 2015. Arbeidet krev eit breitt sektorsamarbeid.

Heilskapeleg forvaltning av havområda – forvaltningsplanar

Dei heilskapelege forvaltningsplanane for havområda er Regjeringas verktoy for å samordne berekraftig bruk og skjerming av dei marine økosystema i dei norske havområda. Forvaltningsplanane dekkjer havområda frå grunnlinja og utover i ope hav og påverknader som følgje av menneskeleg aktivitet i desse områda. Formålet med forvaltningsplanane er å leggje til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar og økosystemtenester i havområda, og samtidig halde oppe struktur, verkemåte, produktivitet og naturmangfald i økosystema.

Eit godt kunnskapsgrunnlag er sentralt i utarbeiding, oppdatering og revidering av forvaltningsplanane. Kartleggingsprogrammet for havbotn, MAREANO, har gitt betydeleg ny kunnskap om marin natur, og vil bli ført vidare i 2015. Kartleggings- og overvåkingsprogrammet for sjøfugl, SEAPOP, har skaffa viktige data om sjøfuglbestandane og grunnar til nedgangen i desse. Dette programmet vil òg bli ført vidare.

Klimaendringar og havforsuring er av dei største utfordringane havmiljøet står overfor i tida framover. Forsking på verknadene av havforsuring er i startgropa, men vi veit at endringar skjer raskast i dei kalde farvatna i nord og at dyr som er avhengige av kalkskal vil vere særleg sårbare. Det er derfor viktig å skaffe betre kunnskap om utviklinga i forsureninga i havet og om effektane av forsurening både på enkeltarter, i næringskjeda og på økosystema. For å oppnå dette er det avgjerande å halde ved lag ei dekkjande og langsiktig overvaking.

Marine verneområde

Oppretting av marine verneområde etter naturmangfaldlova og marine beskytta område er eit viktig verkemiddel innanfor ein heilskapeleg havmiljøpolitikk og økosystembasert forvaltning. I tillegg til å hindre tap av naturmangfald og sikre res-

sursgrunnlaget er målet med dette å bevare eit representativt utval av marin natur for kommande generasjonar og som referanseområde for forskning og miljøovervaking. Det blei i 2004 identifisert 36 kandidatområde for marint vern. Dei tre første marine verneområda vart oppretta sommaren 2013. Det blir vurdert nye marine verneområder for mulige vedtak i 2014 og 2015

Tiltak mot marin forsøpling

Innsatsen for å halde nede marin forsøpling er trappa opp. Frivillige organisasjonar, velforeiningar, skuleklassar og enkeltpersonar gjer ein stor innsats med å rydde søppel frå strender og i skjergarden. Regjeringa vil støtte opp om frivillige oppryddingstiltak, haldningsskapande arbeid og lokalt engasjement i arbeidet mot marint søppel, mellom anna ved å medverke til vidareføring av den årlege strandryddedagen i regi av Hald Noreg Reint. Tiltak for å redusere tilførsel av plastavfall og anna søppel er ein del av avfallspolitikken og er omtalt under resultatområde 4.

Regjeringa vil prioritere gjennomføring av tiltak under handlingsplanen mot marin forsøpling under OSPAR-konvensjonen. Innanfor OSPAR har Noreg teke leiaransvar på utvikling av tiltak for reduksjon av plastavfall frå fiskerinæringa og utgreiing av best tilgjengelege teknikkar for reinsing av mikroplast i kloakkreinseanlegg. Oppfølging av det norske forslaget om mikroplast som blei vedteke av FN's miljøforsamling UNEA i 2014, har òg høg prioritet.

Heilskapeleg vassforvaltning

Gjennomføring av EU sitt vassdirektiv som er nedfelt i vassforskrifta om heilskapeleg vassforvaltning, er eit viktig verktoy for å sikre god tilstand i norske vassførekomstar. I samsvar med vassforskrifta skal regionale vassforvaltningsplanar, som har vore på høyring i 2014, bli vedtekne av dei aktuelle fylkestinga og godkjende ved kongeleg resolusjon i løpet av 2015. For vassområde som har vore med i pilotfasen frå 2009, og som no gjennomfører sine tiltaksprogram, blir planane rullerte og innlemma i dei nye planane. Ved utgangen av 2012 var nær halvparten av om lag 1500 tiltak som vart vedtekne i 2010 sette i verk, og resten vert i stor monn sett i verk i 2014–15.

Vassdirektivet stiller krav om etablering av eit system for vassovervaking. Ein gjennomgang då vassdirektivet vart innlemma i EØS-avtala i 2007, jf. St. prp. 75 (2007–2008), syner blant anna at dette føreset at ein måler på andre stader og på

andre kvalitetselement enn det vi gjer i dag. Gjenomgangen synte behov for ei vesentleg auke i løyvingar til vassforvaltning og overvaking av vassførekomstane. Tilstandsvurdering basert på godt datagrunnlag finst i dag for om lag 7 pst. av vassførekomstane. Regjeringa aukar løyvinga til vassforvaltning noko i 2015, og vil samtidig vurdere behovet for endringar i overvakinga av vassførekomstane for å ivareta krava i vassdirektivet.

Forvaltning av villaksen

Eit godt vassmiljø er ein føresetnad for god tilstand for dei artene som lever der. Dette er likevel ikkje tilstrekkeleg. I tillegg til økosystemforvaltninga, blir det arbeidd med ein del tiltak som er konkret retta mot enkelte arter.

For å ta vare på dei nordatlantiske villaksstammene har det i mange år vore gjennomført ei rekke ulike tiltak. Viktige tiltak i 2015:

- Kalking av laksevassdrag som er ramma av forsurening vil halde fram i 2015.
- Arbeidet med å utrydde parasitten *Gyrodactylus salaris* vil bli ført vidare i tråd med oppdaterte faglege tilrådingar.
- I Raumaregionen vil arbeidet med reetablering av fiskestammene bli starta i 2015. Oppfølging av Lærdals- og Vefsregionane vil bli prioritert med blant anna overvaking og vidare oppbygging av fiskestammene.
- Første rotenonbehandling i Skibotnregionen er planlagt i 2015.
- Arbeidet med oppbevaring og oppbygging av lokale fiskestammer i genbank vil halde fram.
- Det er sett i gang ein prosess for å gjennomgå reguleringane i laksefisket, med sikte på at ny forskrift om laksefiske i sjø og elv skal tre i kraft i 2016. Ei ny avtale med Finland om fisket m.v. i Tanavassdraget skal etter planen tre i kraft i 2016.

Kvalitetsnorm for villaks skal vere eit verktøy både for miljøstyresmaktene og for andre styresmakter i forvaltninga av saker som er viktige for villaksen. I 2015 vil Klima- og miljødepartementet føre vidare arbeidet med å klassifisere dei viktigaste bestandane etter norma. Norma vil vere eit hjelpemiddel for å identifisere tilstanden til dei ulike laksestammene, og vil verke saman med målemetodar og grenseverdiar for lus og rømming innan oppdrett som Nærings- og fiskeridepartementet utviklar. Arbeidet med å kvalitets sikre risikovurderingar knytte til påverknader frå lakselus og rømt oppdrettsfisk vil halde fram. Tiltak mot lakselus og rømming er òg omtalt i

Nærings- og fiskeridepartementets budsjettproposisjon.

Berekraftig vasskraftproduksjon

Internasjonale juridiske forpliktingar gjennom fornybardirektivet og tidlegare vedtekne verkemiddel som elsertifikatordninga, har ført til stor auke i talet på omsøkte og konsesjonssøknader små vasskraftverk. Talet på nye konsesjonssøknader som er til behandling i Noregs vassdrags- og energidirektorat tyder på at det fram mot 2020 truleg vil bli gitt konsesjon og bygd ytterlegare fleire små vasskraftverk.

Noreg har allereie bygd ut mange vasskraftverk, og vasskraftproduksjon gir i dag den tredje største påverknaden av vassdrag i Noreg. Sjølv om miljøkonsekvensane i kvart enkelt småkraftverk ofte er relativt avgrensa, fører mange nye, små vasskraftverk til store utfordringar i arbeidet med å gjennomføre gode vurderingar av konsekvensar for viktige miljøverdiar og den samla belastninga på arter og økosystem i og ved vassdrag og for vassdragslandskapet. Miljøforvaltninga arbeider med å betre kunnskapsstatus og metodeutvikling for å auke kvaliteten på vurderingar av same belastning. Noregs vassdrags- og energidirektorat har òg starta ein praksis med å gjennomføre meir samtidige og samla vurderingar av fleire søknader om små vasskraftverk som er lokaliserte innanfor same område. Dette gjer det lettare for styresmaktene og allmenta å vurdere den samla belastninga av mange nye inngrep.

Det blir arbeidd kontinuerleg med å betre kunnskapen om miljøverdiane i vassdraga. Dei vassforvaltningsplanane som blir vedtekne i 2015 inneheld mellom anna ein beskriving av miljøtilstanden, tiltak som er nødvendige for å rette opp tilstanden der denne ikkje er god nok og kven som skal syte for at tiltaka blir gjennomførte.

Miljødirektoratet og Noregs vassdrags- og energidirektorat har tidlegare gjennomført ein kartlegging av kor det i allereie utbygde vassdrag vil vere viktig å betre og rette opp tidlegare skader på vassdragsmiljøet som følgje av vasskraftutbyggingar. I dei nasjonale føringane for arbeidet med vassforvaltningsplanane er dette følgt opp med råd om kva for slags vassdrag som bør prioriterast med tiltak for miljøforbetring, tiltak som òg vil kunne føre til noko redusert kraftproduksjon. Slike miljøtiltak i utbygde vassdrag vil bli vurderte av nasjonale styresmakter når dei aktuelle konsekvensane kjem opp til vilkårsrevisjon. Her vil samfunnsnyten som ulike miljøgevinstar av tiltaket bli vurdert opp mot samfunnskostnaden i form av

reduisert kraftproduksjon. Ei oversikt utarbeidd i samarbeid mellom Noregs vassdrags- og energidirektorat og Miljødirektoratet viser allereie no at potensialet for miljøforbetring i mange av dei utbygde vassdraga er stort med relativt avgrensa reduksjonar i kraftproduksjonen. Mange tiltak for å betre miljøet kan òg gjennomførast i utbygde vassdrag utan at det vil føre til redusert kraftproduksjon. Vassforvaltningsplanane vil gi ei viktig samla oversikt over miljøforbebrande tiltak som bør gjennomførast av ulike nasjonale sektorstyresmakter, kommunar og private aktørar som er ansvarlege for negativ påverknad på vassdragsmiljøet.

Miljøstyresmaktene kan òg i mange tilfelle med heimel i eksisterande konsesjonsvilkår påleggje konsesjonseigar undersøkingar om miljøeffektane av tidlegare vasskraftutbyggingar, og også påleggje ulike miljøforbebrande og avbøtande tiltak. Behovet for miljøforbebrande tiltak i allereie utbygde vassdrag aukar i takt med mange nye inngrep i vassdragsmiljøet.

Sikring av verneverdiane i nasjonalparkane og andre verna område

Dei verna områda representerer store ressursar og høve til opplevingar, samtidig som dei sikrar naturverdiar og områda sin funksjon som leveområde for planter og dyr. God forvaltning i desse områda som byggjer opp under verneformålet slik at verneverdiane ikkje blir reduserte eller øydelagde som følge av inngrep eller bruk som ikkje er berekraftig er ein føresetnad, både for å ta vare på dei økosystema som er sikra for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane no og i framtida.

Forvaltninga må vere kunnskapsbasert og ha ei god lokal forankring. Der det er naudsynt skal alle verneområde ha skjøtsels- og forvaltningsplanar. Slike planar gir konkrete forvaltnings- eller bevaringsmål for området, retningslinjer om bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging. På den måten medverkar forvaltningsplanane til å oppretthalde og fremje naturverdiane i verneområda. Dei siste åra har forvaltningsplanar for Ramsarområde blitt prioriterte, og dei fleste eldre Ramsarområda har no ein ferdig forvaltningsplan, eller ein slik plan er under arbeid. Arbeidet med å utarbeide forvaltningsplanar for alle Ramsarområda som vart melde inn til Ramsarkonvensjonen i perioden 2011–2013 vil halde fram i 2015. Det skal òg utarbeidast forvaltningsplanar for dei verna våtmarksområda som ikkje er Ramsarområde. Ein del verna våtmarksområde har ei avgrensing som

vart vurdert som riktig på vernetidspunktet, men som vi med ny kunnskap vurderer som for små til at dei økologiske funksjonane i områda kan bli oppretthaldne. Miljødirektoratet har starta ein gjennomgang av prioriterte Ramsarområde for å vurdere om det er behov for ei anna avgrensing. Samtidig blir dei gamle verneforskriftene vurderte og oppdaterte i tråd med naturmangfaldlova.

Skjøtsel og tilrettelegging er viktige tiltak for å ta vare på verneverdiane. Ulike miljøverkemiddel i landbruks- og miljøforvaltninga medverkar til skjøtsel og istandsetjing av naturmangfald og kulturminne i kulturlandskapet. Det er behov for å arbeide vidare med målretting og samordning av desse. Ein viktig føresetnad er eit godt samarbeid mellom naturforvaltninga, landbrukssektoren og grunneigarar. Miljøverkemidla som blir innvilga over jordbruksavtala skal utgreiast med sikte på meir målretting og forenkling. Utgreiinga skal òg sjåast i samanheng med verkemiddel på Klima- og miljødepartementet sitt område, som til dømes utvalde naturtypar og prioriterte arter.

Skogreservat er oftast lite skjøtselkrevjande, og i mange tilfelle gir fri utvikling av skogen best resultat for naturmangfaldet. For ein del område er det likevel behov for tiltak, til dømes fjerning av framande treslag. Dette er mellom anna utanlandske treslag som sitkagran, som tidlegare er planta ut i skogbruket og som no spreier seg i stor grad både innanfor og utanfor verneområde. Det er prioritert å fjerne slike treslag før skadane på staeigne arter og naturtypar i verneområda blir uopprettelege, og før spreininga kjem ut av kontroll.

Lokal forvaltning av verneområde

Modellen for lokal forvaltning av nasjonalparkane og dei store verneområda er no i all hovudsak etablert. Det er etablert 43 nasjonalpark-/verneområdestyre, det er tilsett 48 nasjonalpark-/verneområdeforvaltarar og det er etablert 37 forvaltningsknutepunkt. Om lag 80 pst av det verna arealet på fastlandet blir no forvalta lokalt gjennom nasjonalpark- og verneområdestyra.

Klima- og miljødepartementet følgjer fortløpande opp forvaltninga av verneområda for å sikre at forvaltninga skjer innanfor ramma av naturmangfaldlova, verneforskrifter og forvaltningsplanen for det enkelte området. Departementet vil arbeide aktivt for å sikre ei tydeleg rolledeling mellom nasjonalpark-/verneområdestyra, Fylkesmannen og nasjonalparkforvaltaren. Dei fagleg rådgivande utvala er ein viktig føresetnad

for at grunneigarar og andre brukarinteresser skal ha medverknad i forvaltninga. Departementet vil derfor sikre at det blir oppretta fagleg rådgivande utval slik som føresett, og slik at desse utvala utnyttar den viktige rolla dei er meint å ha i forvaltninga av verneområda.

Riksrevisjonen har som del av ein internasjonal samarbeidsrevisjon om forvaltning av nasjonalparkar (Riksrevisjonens administrative rapport nr. 1 2014), undersøkt nasjonalparkane som blir forvalta av nasjonalparkstyre, jf. modellen som blei innført for lokal forvaltning av nasjonalparkar og andre store verneområde gjennom behandlinga av Prop. 1 S (2009–2010), side 218–226. I sin rapport peikar Riksrevisjonen på at modellen har gitt større grunnlag for medverknad og betre samhandling lokalt, at motsetningar er dempa og konflikhtar førebygde. Modellen har medverka til at både erfaringsbasert, lokal kunnskap, og vitskapeleg og forskingsbasert kunnskap nå er lagt til grunn i forvaltninga.

Riksrevisjonen gjer merksam på at innføringa av modellen ikkje fullt ut er i samsvar med Stortingets vedtak når det gjeld kven som nemner opp styra. I Prop. 1 S (2009–2010) er det fastsett at styra skal veljast av kommunestyra, og at det i tillegg til representantar frå kommunane skal oppnemnast representantar frå fylkestinget frå den/dei aktuelle fylkeskommunane. Vidare står det at Sametinget skal oppnemne representant(ar) i område med samiske interesser. Styra er likevel omtalt som «interkommunale styre». I ettertid ser departementet at dette er ei noko misvisande omtale av styra i lys av at dei òg består av representantar frå fylkeskommunar og representantar oppnemnt av Sametinget.

Departementet ser òg at Prop. 1 S (2009–2010) er upresis når det gjeld omtala av kven som skal oppnemne styra. Det framgår på den eine sida at «styrene velges av kommunestyrene». På annan plass står et at styremedlemmer skal oppnemnast av fylkestinget og Sametinget. Sidan medlemmer òg blir oppnemnde av andre organ enn kommunar, blir det ikkje rett å leggje til grunn at styra skal oppnemnast av kommunan(e) åleine. Det er vidare ein føresetnad i Prop. 1 S (2009–2010) at det ved etablering av det enkelte styret skulle vurderast om det var behov for spesielle lokale tilpassingar i samansetjinga av styret. Det har i fleire tilfelle vore usemje mellom kommunane eller mellom kommunane og Sametinget om kor mange representantar den enkelte kommunen eller Sametinget skal ha i styra. Slike situasjonar vil bli vanskelegare å løyse dersom styra blir oppnemnde direkte av berørte kommune-

styre. Då styra òg skal bestå av representantar oppnemnde frå andre organ enn berørte kommunar, og sidan det kan vere behov for lokale tilpassingar, bør oppnemning skje frå overordna organ, etter innstilling frå kommunane, fylkestinget og Sametinget. Departementet har derfor lagt til grunn ein slik praksis. Departementet kan ikkje sjå at avviket mellom Prop. 1 S (2009–2010) og dagens praksis for styreoppnemning har fått praktiske konsekvensar for innføringa av den lokale forvaltningsmodellen, eller ført til følgjefeil i forvaltninga av verneområda.

Riksrevisjonen skriv vidare i sin rapport at forvaltninga av nasjonalparkane ser ut til å ha blitt lite tids- og kostnadseffektiv fordi det blei innført tre nivå i samanheng med klagebehandling av vedtak fatta av nasjonalpark-/verneområdestyret. Klima- og miljødepartementet vil derfor delegere klagemyndet for vedtak fatta av styra til Miljødirektoratet.

I sin omtale av tids- og kostnadseffektivitet trekker Riksrevisjonen fram at finansieringa av nasjonalparkforvaltninga er fragmentert. Departementet vil her vise til at alle midlar til forvaltninga av verneområde er samla under budsjettet til Miljødirektoratet (kap 1420), med unntak for midlane til nasjonalpark-/verneområdeforvaltarane som frå og med 2014 er plasserte på kap 525 Fylkesmannsembeta under Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Mens drifta av styra blir finansiert frå Miljødirektoratets budsjett over kap. 1420, post 21 Spesielle driftsutgifter, blir konkrete forvaltningstiltak i verneområda finansierte over kap. 1420, post 31 Tiltak i verneområde. Miljødirektoratet ved Statens naturoppsyn gjennomfører ein bestillingsdialog med verneområdestyra om fordelinga av hovuddelen av midlane på post 31. Bestillingsdialogen med Statens naturoppsyn er naudsynt for å kunne gjennomføre ei riktig nasjonal prioritering og deling av ressursane som er tilgjengelege for forvaltning av verneområda. Nasjonalpark-/verneområdestyra prioriterer sjølv bruken av dei tildelte midlane. Det er ein føresetnad at alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltnings/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Naturinformasjonssentra og verdiskaping

Formidling og informasjon er eit viktig verkemiddel for å sikre naturverdiane. Miljødirektoratet har autorisert til saman 24 naturinformasjonssenter fordelt på nasjonalparkar (15), rovvilt (3) og våtmark (5), inkludert Stiftelsen Norsk Villreinsenter med dei to driftseiningane på Skinnarbu i

Tinn kommune og på Hjerkins i Dovre kommune. Sentra skal formidle informasjon om natur- og kulturverdier og medverke til ei god forvaltning av natur- og verneområde. Villreinsentret formidlar kunnskap om villrein og medverkar til ei god forvaltning av villreinen i Noreg. Rovviltsentra er faglege, nøytrale kunnskapsarenaer om rovdyr i norsk natur – bjørn, ulv, jerv og gaupe. Våtmarksentra sprer kunnskap om verdiane og økosystemtenestene frå våtmark, spesielt til barn og unge.

Arbeidet med å utvikle ein merkevare- og kommunikasjonsstrategi for nasjonalparkar er starta, og held fram i 2015. Merkevarestrategien skal mellom anna medverke til å gi nasjonalparkane ein meir tydeleg identitet, sikre meir heilskapleg informasjon om nasjonalparkane sine verdier og attraksjonar og informasjonssentra sine tilbod. Strategien skal og medverke til å styrkje nasjonalparkane som attraksjonar for besøkande gjennom høg kvalitet på tilbodet i og rundt parkane. Målet er at fleire skal bruke nasjonalparkane, og at den lokale verdiskapinga, mellom anna i reiselivet, kan auke. Samtidig skal naturverdiane i parkane sikrast på ein endå betre måte.

Parallelt med merkevarestrategien skal eit utval nasjonalparkar utvikle besøksstrategiar, planar for korleis besøkande kan takast i mot, opplevingskvaliteten kan aukast og verneverdiane oppretthaldast, for å førebu seg på auka besøk. Dei fire utvalde er Rondane, Jotunheimen, Varangerhalvøya og Hallingskarvet nasjonalparkar. Slike besøksstrategiar vil vere eit viktig tillegg til dagens forvaltningsplanar.

Arbeidet i nasjonalparkkommunar og nasjonalparklandsbyar held fram i 2015, og vil bli tettare koordinert enn tidlegare. Desse ordningane gir kommunane ein kanal til å samarbeide for at verneområda skal skape positive ringverknader i lokalsamfunna.

Sikring av truga arter og naturtypar

Det viktigaste tiltaket for å sikre truga arter og naturtypar er å ta vare på leveområda og førekomsstar gjennom mellom anna vern og andre verkemiddel for å sikre område. Andre viktige verkemiddel er å gi arter status som prioriterte arter og naturtypar status som utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova. Staten kan gi tilskot til tiltak for å ta vare på truga arter og naturtypar. Arbeidet med å ta vare på truga og sårbare arter vil halde fram. I Regjeringas nasjonale handlingsplan for naturmangfald vil vurdering av verkemiddel for å ta vare på truga natur bli eit viktig tema.

Kunnskap om kor dei truga artene lever og korleis dei skal takast vare på er avgjerande for å kunne vurdere tiltak. Satsinga på kartlegging og overvaking, med tilgjengeleggjering av kunnskap bl.a. gjennom Artskart og Naturbasen, vil bli ført vidare.

Roviltforvaltning

Dagens forvaltning av våre roviltarter byggjer på roviltforliket frå 2004 og 2011. Forvaltninga skal skje i samsvar med internasjonale forpliktingar og innanfor ramma av naturmangfaldlova. I roviltforliket frå 2011 blei den todelte målsetjinga om å ta vare på høvesvis beitenæring og rovilt vidareført.

Det viktigaste verkemiddelet for å nå måla er ei arealdifferensiert forvaltning der ulike geografiske område blir prioriterte til høvesvis beitedyr og rovilt. Det er roviltnemndene i dei ulike forvaltningsregionane som gjennom sine forvaltningsplanar har ansvaret for den geografiske differensieringa i sin region. Unntaket er for ulv, der Stortinget har avgrensa forvaltningsområdet for ynglande ulv.

I tråd med føringane i roviltforliket frå 2011 vil Regjeringa i 2015 fremje ei sak for Stortinget om bestandsmål for ulv, og avgrensing av forvaltningsområde for ynglande ulv. Bestandsmåla skal nåast i prioriterte roviltområde. I tråd med roviltforliket frå 2011 vil arbeidet med å halde bestandane av brunbjørn, ulv, jerv og gaupe så nær bestandsmålet som mogleg bli ført vidare. Lisensfelling av ulv, jerv og brunbjørn og kvotejakt for gaupe, er dei viktigaste verkemidla i reguleringa av bestandane. Det vil bli lagt vekt på å få breiast mogleg aksept for roviltpolitikken. For å komme nærare det nasjonale bestandsmålet for jerv har miljøstyresmaktene dei siste åra sett seg nøydd til å gjennomføre ekstraordinære uttak av jerv før beitesesongen. Forvaltninga vil framleis gjennomføre slike uttak der det er naudsynt. I tråd med roviltforliket vil styresmaktene i større grad enn tidlegare vurdere slike uttak før lisensfellingsperioden er over. Vidare skal det framleis vere fokus på å auke kompetansen hos jegerane, slik at lisensfellinga blir meir effektiv.

Det skal leggjast vekt på å gi realistiske lisensfellingkvotar, som skal setjast i verk så langt råd er. Vidare vil alle forvaltningstyresmakter i roviltforvaltninga ha høg beredskap og tett oppfølging med beitenæringa slik at vi så langt det er mogleg sikrar at uttak av skadegjerande rovilt blir gjennomført i prioriterte beiteområde.

Roviltnemndene skal arbeide for ei meir tydeleg soneinndeling mellom prioriterte beiteområde

og prioriterte rovviltområde. Ved val av prioriterte rovviltområde skal det leggast vekt på mellom anna dei store rovdyra sin biologi, noverande utbreiing og kva som er eigna leveområde for dei ulike artene. Område som blir prioriterte for beitebruk skal vere samanhengande og ha ei arrondering som gir føreseieleg forvaltning. Rovvilt-nemndene skal søkje å få til ei best mogleg geografisk samordning i grenseområda mellom regionane.

Rovviltnemndene skal vidare prioritere overlappende yngleområde for dei ulike rovviltartene der dette er føremålstenleg. I dei prioriterte rovviltområda skal hovuverkemiddelet vere effektive førebyggjande tiltak og driftsomlegging.

Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet vil arbeide for å skaffe fram mest mogleg kunnskap om årsaker til tap i husdyr- og tamreinnæringa, noko som kan setje forvaltninga betre i stand til å medverke til både å redusere tapet som faktisk skuldast rovvilt og tap som skuldast andre årsaker. Dette vil òg medverke til at vi får ei mest mogleg riktig erstatningsutmåling for dei som taper husdyr/tamrein til rovvilt.

Betring av kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald
Naturforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Dersom natur skal takast vare på og bli teken omsyn til må ein ha tilstrekkeleg kunnskap. Det er òg viktig at denne kunnskapen er lett å finne og at den vert brukt av dei som tek avgjerder. Naudsynt kunnskap omfattar stadfesta informasjon om arter, naturtypar og landskapstypar og kunnskap om arters økologi og levestader, om samspelet i naturen og om økosystemtenester som naturen leverer. Vidare treng vi kunnskap om kva for arter som finst, kvar dei lever, tilstanden og utviklinga i økosystema over tid (lange tidsseriar frå overvaking) om årsaker til påverknader og endringar som finn stad. Slik kunnskap får vi frå data frå forskning, kartlegging og overvaking. I tillegg vert det utarbeidd ulike typar risikovurderingar, synteserapportar, kartdatabasar og innsynsløysingar som utgjer sentrale kunnskapskjelder for forvaltninga og andre brukarar. Eksisterande aktivitetar på desse områda vil bli vidareførte og vidareutvikla.

Eit ekspertutval om verdiar av økosystemtenester la fram NOU 2013:10 *Naturens goder – om verdiar av økosystemtenester* i august 2013. Utvalet diskuterte til dømes tilstand og utvikling for norske økosystem og økosystemtenester, og samtidig metodar for betre å synleggjere verdiar av økosys-

temtenester. Utvalet konkluderer mellom anna med at tilstanden til norske økosystem er relativt god, men at det òg er eit stort behov for meir forskning og kunnskap om naturmangfald (både arter, naturtypar og landskap) og kva for økosystemtenester dei norske økosystema faktisk leverer, vidareutvikling av indikatorar og utvikling og testing av metodar for verdsetjing av økosystemtenester. Forslaga frå utvalet og innspel frå dei om lag 50 høyringspartane vil bli brukte i det vidare arbeidet med å styrkje kunnskapsgrunnlaget og innretninga på forskinga gjennom Noregs forskingsråd.

Nye verneområde

Gjennomføringa av nasjonalparkplanen og dei fylkesvise verneplanane er på det næraste slutført. Pr. september 2014 gjenstår fire verneplanar i nasjonalparkplanen og ein fylkesvis verneplan. Det har dei siste åra komme fleire lokale initiativ til å opprette nye nasjonalparkar. Føresetnaden for at slike forslag skal kunne følgjast opp er mellom anna at dei inneheld naturtypar som er underrepresenterte blant eksisterande verneområde, at naturverdiane i områda oppfyller vilkåra for områdevern i naturmangfaldlova og at det er lokalpolitisk semje om framlegga. Lofotodden i Nordland og Jomfruland og Raet i Telemark og Aust-Agder er døme på slike område som vil vere i prosess i 2015. Det kan òg vere aktuelt å revidere eksisterande verneområde, anten ved endring av vernekategori eller grense- og forskriftsendringar.

Som ei oppfølging av Stortingets vedtak i 1999 om å opprette Regionfelt Austlandet og kompensere dette med restaurering og vern av naturverdiane på Dovrefjell, er det starta verneplanprosess med utviding av Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark som eit ledd i tilbakeføring av Hjerkinns skytefelt til naturleg tilstand.

Arbeidet med skogvern skjer i hovudsak ved frivillig skogvern på privat grunn, og ved vern av skog eigd av Statskog SF og av Opplysningsvesenets fond (prestegardsskogar). Ein auke i løyvinga til frivillig vern i 2013 blei gjennomført for å avvikle køen av frivillige verneområde. Køen som hadde bygd seg opp er no fjerna, og løyvinga er sett på same nivå som i 2012. Dette gjer det mogleg å halde fram med å verne skog på om lag same nivå som tidlegare.

Framdrifta i arbeidet med vern av skog på statsgrunn som involverer allmenningssyre og fjellstyre har ikkje vore slik ein la til grunn i mellom anna Prop. 1 S (2011–2012). Miljødirektoratet har vurdert korleis framdrifta i dette arbeidet kan

betrast. Erfaringane frå perioden 2008–2014 viser at frivillig vern på statsallmenning i liten grad har ført fram, og direktoratet viser til at det ikkje er motteke tilbod frå fjellstyre eller frå allmenningar som er oppretta etter lov om skogsdrift m.v. i statsallmenningane. Klima- og miljødepartementet vil i Nasjonal handlingsplan for naturmangfald leggje fram tiltak for å betre framdrifta i arbeidet med skogvern på statsgrunn i tråd med føresetnadene.

For 2015 er hovudelementa i skogvernarbeidet:

- Frivillig skogvern på privat grunn: Føre vidare arbeidet med vern av tilbodne område, og inngå nye avtaler for område med viktige verneverdier.
- Vern av skog eigd av Statskog SF og Opplysningsvesenets fond (prestegardsskogar): Halde fram med verneprosessar som er i gang og starte opp nye verneprosessar. Følgje opp Statsskog sitt sal av eigedommar ved å bruke forkjøpsretten på areal som er viktige for vern eller makeskifte.
- Gjennomføre systematiske kartleggingar mellom anna i kystfuruskogar og kalkskogar som grunnlag for skogvernarbeidet.

Berekraftig skogbruk

Berekraftig skogbruk inneber blant anna at skogen blir driven slik at arter og naturtypar som finst naturleg på staden blir tekne vare på. I følgje Norsk raudliste for arter 2010 gir skogbruk ein negativ påverknad for om lag 1400 av dei truga og nær truga artene i skog, og det er særleg hogst som påverkar mange arter negativt. I dei seinare åra er det sett inn tiltak i skogbruket for å redusere negative effektar ved å unngå eller tilpasse hogst på areal som er særleg viktige for raudlista arter. Det blir arbeidd vidare med å utvikle eit berekraftig skogbruk, blant anna ved å sikre at hogst ikkje skjer i område som har viktige verneverdier og ved å vidareføre kartlegging av viktige leveområde for raudlista arter gjennom Miljøregistreringar i skog (MiS).

Regjeringa har fjerna formelle bindingar til inngrepsfrie naturområde (INON) i regelverk. Likevel er det eit mål å ta vare på dei miljøverdiane som er knytt til dei større samanhengande naturområda. Til dømes skal viktige område for friluftsliv og opplevingar i naturen og viktige område for naturmangfald framleis takast omsyn til i arealforvaltninga. Skogbruket vektlegg også dette ved bygging av nye skogsvegar. Norsk

PEFC skogstandard har følgjande føring: «I større sammenhengende skogarealer som har spesielle verdier for miljøvern og friluftsliv i kraft av lite omfang av tekniske inngrep, skal nye veganlegg søkes unngått.»

Utplanting av utanlandske treslag er frå 1. juli 2012 regulert i ei ny forskrift under naturmangfaldlova om utsetjing av utanlandske treslag til skogbruksformål. Forskrifta krev løyve frå ansvarleg styresmakt (Fylkesmannen) til utsetjing av utanlandske treslag og gir derfor betre kontroll med nye utplantingar av utanlandske treslag, men regulerer ikkje spreieing frå tidlegare utplantingar. Føremålet med forskrifta er å hindre at utsetjing av utanlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet. Det er òg forbode å setje att tre (livsløpstre) av utanlandske treslag ved hogst. Forskrift om innførsle og utsetjing av framande organismar som er under arbeid, vil gi krav til aktsemd og tiltak for å unngå spreieing av andre framande organismar i skog. Utanfor verneområde har skogstyresmaktene og skogbruket ansvar for å hindre spreieinga frå gamle utplantingar av utanlandske treslag.

Internasjonalt skogarbeid

EU-forordninga om omsetjing av tømmer og tømmerprodukt vart vedteken hausten 2010 og tredde i kraft 3. mars 2013. Forordninga inneber at den som første gong plasserer tømmer og tømmerprodukt på EUs indre marknad, skal sikre seg at tømmeret er lovleg hogd i samsvar med lovgivinga i opphavslandet. Forordninga er EØS-relevant, og Regjeringa vil setje i verk forskrifter for å regulere omsetning av tømmer og tømmerprodukt i samsvar med EU-regelverket så snart dette regelverket er endeleg innlemma i EØS-avtala. Stortinget gav sitt samtykke i desember 2013. Importørar og eksportørar er informerte om regelverket.

Økonomiske verkemiddel for å ta vare på naturmangfald

Økosystemtenesteutvalet foreslo bruk av ei rekke økonomiske verkemiddel for å ta vare på naturmangfald og økosystem på ein betre måte. Arbeidet i Grøn skattekommissjon kan medverke til vurderingar om dette. Nasjonal handlingsplan for naturmangfald vil òg vere viktig for å følgje opp tilrådingane i NOU 2013: 10. Noreg vil føre vidare internasjonalt samarbeid knytt til verdier av økosystemtenester og naturmangfald.

Tiltak mot uønska spreieing av framande organismar

Det er viktig å få på plass eit regelverk for å motverke dei negative effektane som framande organismar har på naturmangfaldet i Noreg. Regjeringa la i 2014 fram ein lovproposisjon om endringar i naturmangfaldlova kap IV som legg til rette for eit enklare og meir føremålstenleg regelverk om framande organismar. Etter planen skal forskrifter etter lova tre i kraft frå 1. januar 2015.

I norske havområde er det særleg kongekrabba som skaper problem, samtidig som den blir utnytta som ressurs. Det er dokumentert at krabba påverkar havbotnen negativt der den har vore lenge. Miljøforvaltninga vil medverke til å auke kunnskapen om desse påverknadene. Klima- og miljødepartementet samarbeider nært med Nærings- og fiskeridepartementet for å stoppe spreieinga av kongekrabba vest- og sørover.

Noreg har tiltredd konvensjonen om kontroll og behandling av ballastvatn og sediment frå skip (Ballastvatnkonvensjonen). Konvensjonen er nær ved å tre i kraft internasjonalt, og dette vil medverke til at risikoen for introduksjon av framande organismar frå skip vil bli betydeleg redusert. Ei nasjonal forskrift om handtering av ballastvatn tredde i kraft 1. juli 2010. Forskrifta stiller krav om at ballastvatn skal skiftast ut i bestemte avstandar frå kysten eller i bestemte soner for å hindre introduksjon av framande arter. Etter at konvensjonen har tredt i kraft internasjonalt, vil det òg bli innført obligatoriske krav om reinsing av ballastvatnet før det blir sloppet ut.

Sikring av villreinen

For villreinen, som er ei norsk ansvarsart, er større samanhengande og lite forstyrta område ein føresetnad for å overleve. 11 fylkeskommunar med i alt 61 kommunar har utarbeidd regionale villreinplanar, som vil bli lagt til grunn for vidare regional og kommunal planlegging. Dei regionale villreinplanane gir hovudtrekka i arealbruken og drøftar høve til lokal verdiskaping og utvikling. Handlingsprogramma i dei regionale planane gir grunnlaget for vidare arbeid. Det skal òg gjennomførast forsøk knytt til avbøtande tiltak i fokusområde. Vidare vil naturvitskaplege data som er og vil bli samla inn i regi av lokale/regionale FoU-prosjekt bli analyserte og tekne i bruk. I 2015 skal ei arbeidsgruppe leggje fram ein rapport som skal konkretisere korleis vi kan bruke den norske og europeiske villreinhistoria til auka medvit om villreinen si betyding og auka verdiskaping.

Hjorteviltforvaltning

Økosystembasert og berekraftig hjorteviltforvaltning føreset god kunnskap om økosystema i skog og god kompetanse hos jegerane og i dei ulike forvaltningsorgana. Ei vidare utvikling av Hjorteviltportalen har som mål at alle aktørar frå jeger til forvaltning skal ha god tilgang til relevante data, oppdatert kunnskap basert på forskning og gode høve til utveksling av kunnskap. Hjorteviltstrategien skal følgjast, under dette skal bestandar av hjortevilt haldast på eit nivå som ikkje verkar negativt på naturmangfaldet.

Bevaring av naturmangfald som klimatiltak

Å ta vare på økosystem kan medverke både til å dempe negative effektar av klimaendringar og til å minske utsleppa av klimagassar. Økosystema kan òg fungere som karbonlager eller ta opp i seg karbon. Skogane i Noreg tek opp om lag 60 pst. av dei årlege klimagassutsleppa, og er i seg sjølve eit enormt karbonlager. Å ta vare på skogen som økosystem er derfor også eit viktig klimatiltak.

Intakte våtmarkar har ein flaumdempande effekt. I tillegg bind intakte våtmarkar effektivt karbon. Ved drenering eller anna øydelegging slepp våtmarkene ut karbon langt raskare enn ein fangar opp karbon ved restaurering. Det er derfor mest effektivt å sikre at dei våtmarkene vi har held fram med å vere intakte, men vi bør òg restaurere der det er mogleg. Som det går fram av Stortingsmeldinga om klimatilpassing er restaurering av våtmark eit viktig tiltak for å møte og tilpasse seg klimaendringane også nasjonalt. Drenerert og dyrka myr representerer ei vedvarande kjelde til utslepp av CO₂. Klimakur 2020 trekkjer frem restaurering av dyrka myr som eit tiltak som kan gi betydelege klimagassreduksjonar samtidig som det er kostnadseffektivt. Restaurering av myr som er teken ut av drift av naturlege årsaker kostar om lag 168 kroner pr. tonn CO₂-ekvivalentar, og tiltaket gir ein netto årleg reduksjon på 1,1 tonn CO₂-ekvivalentar pr. dekar. I 2015 set Regjeringa for første gong av midlar spesielt til lukking av grøfter i drenerte myrer som tidlegare har vore forsøkt dyrka eller omgjort til skogsareal. Desse skal nyttast på areal utpeikt av Miljødirektoratet. Lokalitetar der restaurering har låg kostnad og stort potensiale for klimagassreduksjon og betring i økologisk status, vil bli prioriterte.

Snøheimvegen

Som det går fram av omtale av saka i Prop 1 (2013–2014) vil Klima- og miljødepartementet og Forsvarsdepartementet halde ved lag ordninga med stenging av vegen for privatbilar, og vidareføre bruk av skyttelbuss inn til Snøheim i perioden 2014–2017, med samtidig overvaking av og innhenting av kunnskap om trafikk og ferdsselsutvikling i området. Endeleg avgjerd om Snøheimvegen blir teken på bakgrunn av dette i 2017, som er siste frist dersom Forsvarsbygg skal rekkje å fjerne vegen som del av sitt restaureringsprosjekt.

Genmodifiserte organismar (GMO) nasjonalt og internasjonalt

Bruken av genmodifiserte organismar aukar i omfang i mange land, men norske styresmakter har så langt ikkje gitt løyve til genmodifiserte organismar for dyrking eller anna form for utsetjing i naturen. Spørsmål om løyve blir vurdert frå sak til sak. I tillegg til å vurdere spørsmål om helse og miljø, legg ein ved behandling av marknadsføringsløyve for GMO òg til grunn kriteria i genteknologilova om samfunnsnytte, berekraftig utvikling og etikk. EU vurderer å inkludere samfunnsnytteperspektiv i si GMO-lovgiving, og Noreg medverkar no aktivt inn i denne prosessen. Noreg er òg ein pådrivar for å utvikle den internasjonale Cartagena-protokollen om handel med og bruk av GMO i tråd med den norske genteknologilova. Særleg gjeld dette rettleiing for risikovurderingar og vurderingar av samfunnsnytte.

Dei vitenskaplege vurderingane på GMO-området har metodisk mykje til felles med vurderingar knytte til framande arter, mikroorganismar og handel med truga arter. For å sikre ei best mogleg samla og kunnskapsbasert forvaltning av naturmangfaldet i Noreg, vil Klima- og miljødepartementet leggje fleire av desse vitenskaplege vurderingane til eitt organ.

Genressursar

Regjeringa starta i 2014 arbeid med ei forskrift om tradisjonell kunnskap knytt til genetisk materiale som etter planen skal sendast på høyring våren 2015. Dette er eit ledd i gjennomføringa av Nagoya-protokollen under Konvensjonen om biologisk mangfald, om tilgang til genressursar og ei rettferdig og likeverdig fordeling av fordelar som følgjer av bruken av desse ressursane. Forskrifta skal leggje til rette for at urfolk og lokalsamfunn sine interesser blir tekne vare på og respekterte

ved tilgang til og utnytting av kunnskap om genetisk materiale som er utvikla, overført og bevart av eit urfolk eller lokalsamfunn. Det blir òg arbeid med ei forskrift om uttak og utnytting av genetisk materiale under naturmangfaldlova og havressurslova. Det vil bli etablert effektive sjekkpunkt i samsvar med reglane i Nagoya-protokollen for å kontrollere utnytting av genetisk materiale frå utlandet til Noreg.

9.2 Resultatområde 2 Kulturminne og kulturmiljø

Landskap og naturressursar har alltid skapt både moglegheiter og lagt avgrensingar for menneskja sin livsførsel og samsfunnsutvikling. Alle landskap har dermed ein historisk dimensjon som er representert i form av fysiske kulturminne og kulturmiljø, eller i form av kunnskap, erfaringar og hendingar nedfelt i forteljingar og tradisjonsbasert bruk.

Gjennom om lag tolv tusen år har menneske levd, verka og sett slike spor etter seg i det som i dag er Noreg. Dei kulturpåverka trekka i landskapet dannar grunnlag for kunnskap om den historiske utviklinga i dei fysiske omgivnadene, korleis naturen og ressursane i brei forstand er blitt forstått, tatt i bruk og forvalta opp gjennom tidene, og om menneska sitt forhold til kvarande og naturen.

For å sikre denne heilskapen er det naturleg at natur og kulturminne blir sett i samanheng. På denne måten sikrar vi at dei verdiane vi ønskjer å ta vare på, inngår i ein forståeleg samanheng og ikkje blir forvalta som ein fragmentert mosaikk av verdjar.

Kulturminne og kulturmiljø er likevel ikkje berre historie, dei er òg høgst aktuelle i dag, som del av eit levande samtidmiljø. Dei gir kontinuitet og karakter til det fysiske miljøet, og skapar tilhøyrsløse. Kulturminne og kulturmiljø har verdi som bruksressursar. Dei kan auke kvaliteten i våre omgivnader og ha stor betydning for reiselivsnæringa. Slik kan kulturarven ha positiv verknad på nærings- og distriktsutviklinga. Desse perspektiva utgjer verdigrunnlaget i kulturminnepolitikken der målet er å forvalte dei kulturhistoriske verdiane som eit kulturelt og miljømessig ressursgrunnlag for morgondagens samfunn.

Kulturminne og kulturmiljø er ikkje fornybare ressursar. Blir dei øydelagde eller fjerna, er dei tapt for alltid. I dag forsvinn kulturminna eller dei blir skadde i høgt tempo og stort omfang, mellom anna på grunn av raske endringar og omstillingar

på mange felt. Å ta vare på dei kulturhistoriske verdiane er eit framtidsprosjekt, der utfallet er avhengig av korleis vi vel å møte dagens utfordringar.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla for resultatområde Kulturminner og miljø presenterte.

- Nasjonalt mål 2.1. Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast. Innan 2020 skal det liggje føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.
- Nasjonalt mål 2.2. Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Nasjonalt mål 2.3. Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020.
- Nasjonalt mål 2.4. Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Status for dei nasjonale måla og indikatorar på måloppnåing er presenterte på www.miljostatus.no.

Tilstand

Kunnskap om tilstanden til kulturminna og kulturmiljøa er avgjerande for å vite kor ressursane skal setjast inn i arbeidet med å ta vare på desse miljøverdiane i dag og for kommande generasjonar. Gjennom Riksantikvarnes 10 bevaringsprogram blir ulike kategoriar kulturminne og kulturmiljø sette i stand. Statusrapportering frå programma gir ei oversikt over tilstanden til dei ulike kulturminna og kulturmiljøa. Sjå meir om bevaringsprogramma i avsnitt «Politikk for å nå dei nasjonale måla» under.

Pr. juni 2014 er det registrert ca. 295 457 arkeologiske enkeltminne, fordelt på rundt 144 783 lokalitetar. Undersøkingar viser at for kvart arkeologisk kulturminne som er registrert kan det vere meir enn 20 ukjente. Nokre er lett synlege, som gravhaugar og fangstanlegg. Andre ligg skjult i jorda, som for eksempel buplassar frå steinalder og gater og strukturar frå mellomalderen. Arkeologiske kulturminne er svært utsette for tap og øydelegging, særleg i samband med bygg- og anleggsverksemd og i område der jordbruket er intensivt.

Bevaringsprogrammet for utvalte arkeologiske kulturminne har bidratt til en auke i talet på arkeologiske kulturminne som er sikra og som er gjort tilgjengelege for publikum. 93 av dei 450 lokalitetene som programmet omfattar, og der kvar lokalitet kan omfatte fleire kulturminne, har no eit tilfredsstillande vedlikehaldsnivå, og av desse er 75 pst. også tilrettelagt for publikum.

Bergkunsten i Noreg består av bilete som vart hogde, slipte eller måla på berg og kan vere opp til 9 000 år gamle. I kulturminnedatabasen Askeladden er det pr. juni 2014 registrert 1 765 automatisk freda bergkunstlokalitetar, som omfattar over 30 000 figurar eller grupper av figurar. Bergkunsten er utsett for både naturleg nedbrytning og menneskeskapt øydelegging. Gjennom skjøtsel og sikringstiltak er tilstanden til mykje av bergkunsten betra, med ein betydeleg auke frå 2012 til 2013. Gjennom bevaringsprogrammet for bergkunst er 96 bergkunstlokalitetar sette i stand til eit tilfredsstillande vedlikehaldsnivå, og av desse er 23 pst. også tilrettelagt for publikum. Blant prosjekta kan nemnast at sikring og tilrettelegging av unike hellemaleri på Honnhammar i Tingvoll i Møre og Romsdal vart fullført i 2013, etter fleire års innsats. Ein større installasjon for formidling av den sårbare og sjeldne slipte bergkunsten ved Fykanvatn i Glomfjord i Nordland vart òg ferdigstilt.

Det er rundt 123 ruinar frå mellomalderen i Noreg. Det er flest kyrkjeruinar, dernest ruinar etter kloster-, borg- og festningsanlegg. Ein del av desse er i svært dårleg stand. Gjennom bevaringsprogrammet for ruinar er 86 mellomalderruinar tilstandsvurderte. 45 av desse er valde ut og skal sikrast gjennom dokumentasjon, konservering, skjøtsel og tilrettelegging. Til no er det utført arbeid på 18 anlegg i form av konservering, skjøtsel av murane og området omkring, skilting og tilrettelegging, og 14 mellomalderruinar er ferdig konserverte.

I mellomalderen fanst det mellom 1000 og 2000 stavkyrkjer i Noreg og dei var sterkt prega av forfall på grunn av mangelfullt vedlikehald då bevaringsprogrammet for stavkyrkjer starta i 2007. Til no er det gjennomført eit omfattande og kostbart arbeid med å setje i stand stavkyrkjene, som også er inkludert interiør, kyrkjekunst og dekor gjennom bevaringsprogrammet for stavkyrkjer. Istandsetjingsarbeidet er i rute og vil bli avslutta i 2015. Dei 28 kyrkjene skal då framover berre ha behov for årleg ordinært vedlikehald. For at brannsikringa av stavkyrkjene skal oppretthaldes på et forsvarleg nivå er det behov for ei styrking av innsatsen til vedlikehald og utskifting.

Når det gjeld brannsikring er det dessutan særleg tette trehusmiljø med verneverdig bygningar som har behov for auka innsats.

Det finst rundt 248 profane (ikkjekyrkjelege) trebygningar frå mellomalderen som er omfatta av bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. Dette kan vere stabbur, bur, loft og stover på gamle gardsanlegg. Dei vart sette i stand på 1990-talet, og fekk då òg utstyr til brannsløkking. I løpet av dei fire siste åra er i overkant av 20 bygningar sette i stand, men framleis har om lag 12 pst. behov for store utbetringar og 62 pst. har behov for moderate utbetringar.

Totalt er det freda i overkant av 6500 enkeltbygningar i Noreg, noko som utgjer om lag ein promille av alle bygningane i landet. Dei fleste av dei vel 3300 freda bygningane som er i privat eige er tilstandsvurderte, og alle inngår i bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige. 41 pst. av freda bygningar i privat eige har ordinært vedlikehaldsnivå. Det reelle talet kan vere høgare, fordi fylkeskommunane kan ha eit visst etterslep i registrering av tilstand. 18 pst. av bygningane har behov for moderate utbetringar og 41 pst. har behov for større utbetringar. Sidan 2012 har 27 pst. av dei freda bygningane forbetra tilstandsgrad.

Samiske kulturminne som er eldre enn hundre år er automatisk freda. Ei systematisk kartlegging av samiske freda bygningar og tilstanden deira starta i 2011, og vil etter planen vere ferdigstilt i 2017. Registreringsprosjektet inngår som eit delprosjekt i Riksantikvaren sitt overordna prosjekt *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga*.

Eit representativt utval tekniske og industrielle anlegg, knytt til våre viktigaste næringsvegar og som har hatt ei vesentleg betydning for regional og nasjonal industri- og teknikkhistorisk utvikling, skal takast vare på gjennom bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Desse kulturminna representerer særlege tekniske og økonomiske utfordringar når det gjeld istandsetjing og vedlikehald. Til no er åtte av i alt 15 utvalde anlegg sette i stand til eit ordinært vedlikehaldsnivå.

Om lag 240 fartøy har status som verna skip på Riksantikvarens verneliste. Av desse er 10 freda, og dei fleste i god stand. Fartøy er svært vedlikehaldskrevandje, og tilstanden vil raskt forverrast om fartøyet ikkje blir halde ved like.

Når det gjeld verneverdige kulturminne er det, som en del av den overordna satsinga Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga, ei særleg satsing på at kommunane skal få betre oversikt over sine verneverdige kulturminne gjennom

registrering og verdivurdering av dei. Det er òg eit mål å utvikle eit system for å overvake dei verneverdige kulturminna for å kunne sjå korleis kommunane tek vare på verneverdige kulturminne over tid.

Påverknader

Raske samfunnsendringar og omstillingar på mange felt skaper store utfordringar i arbeidet med å ta vare på kulturminne og kulturmiljø for framtida.

Nedbygging av areal til bustad-, nærings- og samferdselsformål er sterkt medverkande til tap og skade på kulturminne og kulturmiljø. I dei neste to tiåra vil folkevekst og urbanisering vere blant dei sterkaste trendane. Det vil setje press på areal og infrastruktur i byar og tettstader, der historiske strukturar og enkeltbygningar representerer store kulturhistoriske verdier.

Mens store og mellomstore norske byar opplever press i retning av vekst og utvikling, blir andre område fråflytta. Mykje av den tradisjonelle industrien blir også lagt ned. Kulturhistorisk viktige enkeltbygningar og bygningsmiljø, industrilokale og anlegg vert ståande utan bruk. Dei kan forfalle raskt dersom dei ikkje blir sette i stand og haldne ved like.

Det gamle arealkrevjande jordbruket er erstatta med intensiv drift på dei mest produktive areala, særleg i dei sentrale strøka. Endring av pløyedjup, drenering eller anna jordarbeiding står for ein stor del av skadane på dei arkeologiske kulturminna under bakkenivå.

Endringar i busetjingsstrukturen og omleggingane i landbruket fører òg med seg opphøyr av gardsdrift. Svært mange kulturminne og kulturmiljø i Noreg ligg i eksisterande og tidlegare landbruksareal som i dag gror igjen. Indirekte kan gjengroing endre den historiske landskapskonteksten kulturminna ligg i, og høvet til oppleving, formidling og verdiskaping blir svekt.

Klimaendringane vil utgjere ei tilleggsbelastning for mange kulturminne. Eit fuktigare klima vil utsetje treverk for større risiko for råte og skadedyrangrep. Om lag fire av fem freda bygningar i Noreg er trebygningar, og så godt som alle mura hus har òg treverk i takkonstruksjonar eller bjelkelag. Endringar av havnivået og auka stormflaumål vil òg føre til skadar på kulturarven. Eit handfast teikn på klimaendringane er at hundrevis av arkeologiske gjenstandar, som har vore innfrosne i fleire tusen år, har smelta fram frå fonner i høg fjellet. Gjenstandane blir raskt brotne ned når dei kjem fram i dagen.

Klimaendringane har òg indirekte konsekvensar som følgje av at energieffektiviserande tiltak i den eksisterande bygningsmassen blir stadig viktigare. Dersom desse tiltaka blir utførte på gal måte, kan verneverdige bygningar få både bygningsskadar og miste sin kulturhistoriske verdi. Samtidig er det viktig at verneverdige bygningar blir energieffektiviserte, både med omsyn til klimaet og slik at dei blir brukbare og attraktive også i framtida.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Stortinget behandla den førre meldinga om kulturminnepolitikken – St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner, for ni år sidan. Meldinga hadde eit høgt ambisjonsnivå og klare mål fram mot 2020.*

I juni 2013 slutta eit samstemt Storting seg til Meld. St. 35 (2012–2013) *Framtid med fotfeste* der både ambisjonsnivået og måla Stortinget vedtok i 2005 er oppretthaldne og førte vidare. Det betyr at målet om at ein skal ta vare på mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping blir ført vidare. Det same gjeld målet om at eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer geografisk, sosial, etnisk, næringsmessig og tidsmessig breidde skal ha varig vern innan 2020.

I meldinga går det fram kva som er gjort så langt på kulturminnefeltet for å nå 2020-måla, korleis vi skal målrette innsatsen dei kommande åra, og korleis vi skal forvalte kulturminneverdiane i lys av dei utfordringane vi vil stå overfor i framtida. Meldinga gir òg eit godt svar på dei risikoelementa som er nemnde i Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon frå 2009.

Vi har komme eit godt stykkje på veg. Særleg gjeld det gjennomgangen av tilstanden til dei freda kulturminna og arbeidet med å setje dei i stand til eit ordinært vedlikehaldsnivå.

Det gjenstår likevel fleire utfordringar før 2020-måla kan nåast. I den nye meldinga er det fremja ei rekkje tiltak som skal medverke til at vi når måla, medrekna ulike tiltak som omfattar meir effektive måtar å arbeide på og meir målretta bruk av midlane. Medrekna er òg satsing på kunnskap og betre register og oversikter, slik at ein lettare kan følgje utviklinga og raskt kan setje inn korrigierende tiltak og styre ressursane inn der behovet er størst.

Langsiktig bevaring

Kulturminne og kulturmiljø representerer miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdier og ressursar for samfunnet både i dag og for framtida. Det er likevel verken mogleg eller ønskeleg å ta vare på alt. For å sikre at eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø blir teke vare på for framtida, må tilgjengelege verkemiddel brukast på best mogleg måte, og prioriteringane vi gjer må vere baserte på kunnskap. Vi må kunne vise kva kulturminne og kulturmiljø som er verneverdige. Om vi lykkast er avhengig av kunnskap om, og oversikt over kulturminna, både i dei ulike offentlege forvaltningsnivåa og blant eigarar og allmenta. Kunnskapsløftet saman med dei ti bevaringsprogramma, fredingsstrategien og den strategiske planen for forvaltning av dei arkeologiske kulturminna og kulturmiljøa er viktige verktøy i dette arbeidet.

Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga (2011–2017)

Kunnskapsløftet vart sett i gang av Riksantikvaren i 2010 som eit svar på Riksrevisjonens forvaltningsrevisjon, Dokument 3:9 (2008–2009). I Kunnskapsløftet blir datagrunnlaget og styringsinformasjonen betra, noko som gir grunnlag for ei meir målretta og effektiv forvaltning av midlar på kulturminneområdet. Det blir utvikla eit forvaltnings- og saksbehandlingssystem for framtida, der digitale verktøy blir nytta til å standardisere, forenkle og effektivisere arbeidsprosessar på tvers av forvaltningsnivåa. Vidare medverkar satsinga til likebehandling og meir føreseieleg saksbehandling.

Kunnskapsløftet omfattar òg ei styrking av kommunane sin kompetanse, blant anna gjennom støtte til arbeid med registreringar, utarbeiding av kulturminneplanar i kommunene og gjennom tilskot til etablering av byantikvarstillingar i kommunane.

Kunnskapsløftet byggjer opp ny kunnskap om kulturminna i dei samiske områda gjennom registrering av automatisk freda samiske bygningar. Formålet er å etablere eit godt grunnlag for kunnskapsbasert forvaltning av denne kulturarven.

Dei 10 bevaringsprogramma

Dei 10 bevaringsprogramma er den fremste satsingen for å nå dei nasjonale måla på kulturminneområdet og fangar opp dei tyngste forpliktingane

knytte til 2020-måla. Det er òg her behovet for ressursar er størst.

Bevaringsprogramma legg vekt på å få fram synlege resultat gjennom tilskot til istandsetjing av freda og fredingsverdige kulturminne. Tilskota blir i hovudsak tildelte private eigarar av kulturminne og kulturmiljø. Nokre av programma har òg som mål å gjere kulturminna meir tilgjengelege for publikum.

Sidan oppstarten i 2007 har det vore lagt ned ein betydeleg innsats innanfor kvart av dei ti programma. Fleire bevaringsprogram er i rute, til dømes programma for stavkyrker og for tekniske og industrielle kulturminne. Vidare er mange ruinar konserverte og det er betydeleg auke i talet på bergkunstlokalitetar og arkeologiske kulturminne som er skjotta og tilrettelagde.

Handverkskompetanse

Riktig handverkskompetanse er avgjerande for å kunne vedlikehalde bygningar og fartøy. I dag har vi for få utøvarar med kompetanse i tradisjonelle handverk, noko som fører til risiko for tap av og skade på dei kulturhistoriske bygningane.

I mai 2011 tok Klima- og miljødepartementet initiativ til å opprette ei interdepartemental arbeidsgruppe, som vurderer etablering av eit tilbod for etter- og vidareutdanning i bygningsvern og restaurering innanfor dagens utdanningssystem. På bakgrunn av dette arbeidet er det etablert eit samarbeid med høgskulen i Sør-Trøndelag for å sjå på høvet til å opprette ei ny bachelorutdanning innan utøvande tradisjonshandverk. Studiet var planlagt med oppstart hausten 2014. Det har vist seg å vere vanskeleg å rekruttere tilstrekkeleg med søkjarar til eit heilt nytt studium med den tidsramma høgskolen hadde. Studiet vil derfor ha oppstart hausten 2015.

Bygg og Bevar

Prosjektet Bygg og Bevar, vart etablert i 2009 i samarbeid med Byggnæringens landsforening. Prosjektet skal medverke til å nå målet på kulturminneområdet om å redusert årlege tapet av kulturminne og kulturmiljø og målet om at alle freda bygningar og anlegg skal vere sikra eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Nettportalen Bygg og Bevar er ein god arena for samarbeid mellom det offentlege og private eigarar og medverker til å betre rammevilkåra for eigarar av kulturhistoriske bygnader. Gjennom nettportalen kobles eigarar saman med handverkarar med rettkompetanse. Den inneheld òg generelt veiledningsma-

teriale, produkt- og bransjenøytral informasjon om mellom anna val av materiale og restaurering av vindauge. Nettportalen er òg ein kanal for spredning av den betydelige kunnskapen som Kulturminneforvaltninga har om korleis den eldre bygningmassen kan energirehabiliterast på ein god måte, slik at ein kan møte behovet for redusert energibruk, samtidig som bygningane sine kulturhistoriske verdiar blir tekne vare på. Prosjektet Bygg og Bevar skal slutførast innan 2015.

Tilskot til verneverdige kulturminne og kulturmiljø i privat eige

Norsk kulturminnefond forvaltar økonomiske verkemiddel som skal medverke til å ta vare på verneverdige kulturminne og kulturmiljø i privat eige. Målgruppa for tilskotsmidlane frå kulturminnefondet er dei private eigarane av verneverdige kulturminne som ikkje er omfatta av Riksantikvarens tilskotsmidlar. Tilskot utløser ein betydeleg eigensinnsats/dugnad og private midlar, og medverkar til å sikre den viktige breidda i kulturminnearbeidet. Midlane medverkar òg til at eit mangfald av kulturminne og kulturmiljø kan nyttast som grunnlag for framtidig oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping.

Verdensarv

Noreg har gjennom Meld. St. 35 (2012–2013) styrkt gjennomføringa av Unescos verdsarvkonvensjon. Meldinga presenterer ein offensiv og heilskapleg politikk på verdsarvområdet og omtaler hovudsatsingar i åra framover. Gjennom dette er det gitt klar prioritering om å styrkje forvaltninga av dei verdsarvområda vi har i dag. Vidare er det lagt vekt på betre organisering av forvaltninga, fremje lokal forankring og engasjement, styrkje formidling av og kunnskap om verdsarven, betre samordning mellom statlege styresmakter med ansvar for verdsarven og leggje til rette for tettare samarbeid mellom nasjonale, regionale og lokale styresmakter. I tillegg er det gitt prioriteringar for Noregs internasjonale innsats på området.

Gjennom ei fleirårig satsing skal det etablerast lokale verdsarvsenter ved dei norske områda. Dette er sett på som eit viktig tiltak for å auke befolkninga sin kunnskap om verdsarven, styrkje den lokale eigarskapen og leggje til rette for god informasjon til besøkande for å sikre berekraftig bruk av verdsarven i tråd med forpliktingane i konvensjonen.

Det er sett i gang ein brei gjennomgang av organiseringa av forvaltninga av verdsarven. Målet er at dei ulike styresmaktene nasjonalt, regionalt og lokalt blir best mogleg koordinerte i forvaltninga av sine verdsarvområde, at roller og ansvar er avklart og at kompetanse, ressursar og kvalitet er sikra.

Fredingsstrategien (2014–2020)

Innanfor lovverket i dag er freding det sterkaste verkemidlet kulturminneforvaltninga har for å sikre at nasjonalt viktige kulturminne blir tekne vare på for ettertida. Riksantikvaren er i ferd med å slutføre arbeidet med ein fredingsstrategi (2014–2020), på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet. Fredingsstrategien skal syte for ei målretta styring av pågåande og nye fredingssaker. Den gir tydelege føringar for kva slag kulturminne og kulturmiljø som skal prioriterast for freding og skal dermed medverke til å nå det nasjonele målet om at eit meir representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere freda innan 2020. Fredingsstrategien skal føre til ein meir effektiv, føreseieleg og ikkje minst eigarinkluderande fredingsprosess. I sistnemnde ligg òg at det skal etterstrevast eit partnerskap mellom det offentlege og eigarane av dei freda kulturminna, både ved nye og ved eksisterande fredingar. Prinsipp for ei meir løysings- og eigarorientert forvaltning er derfor ein viktig del av strategien.

Nasjonal verneplan for fartøy (2010–2017)

For fartøy er det utarbeidd ein eigen verneplan, *Nasjonal verneplan for fartøy* (2010–2017), som legg grunnlag for ei planmessig freding av fartøy etter kategoriar. Dei freda fartøya skal i hovudsak

vere offentleg tilgjengelege, ha allmenn interesse, lokal forankring og ei realistisk økonomisk ramme for å kunne setjast og haldast i stand.

Strategisk plan for forvaltning av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø (2011–2020)

Riksantikvaren la i 2011 fram *Strategisk plan for forvaltning av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø* (2011–2020). Den medverkar til å målrette prioriteringane på arkeologifeltet og fremjar eit heilskapleg perspektiv der pågåande og planlagde tiltak blir sette i ei ramme. Fleire tiltak er sette i gang. Blant desse er tiltak som inngår i *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga* knytte til sikring av eit godt datagrunnlag for forvaltninga, tiltak knytte til rutinar for budsjettering av arkeologiske registreringar og utgravingar. Det er òg utarbeidd kriterium for vurdering av potensial for funn av arkeologiske kulturminne i samband med etablering og lokalisering av vindkraft. Det skal vidare utarbeidast ein felles registreringsstandard ved arkeologiske registreringar og ein plan som skal sikre ei god forvaltning av utvalte arkeologisk kulturminne frå tida etter 1537, som ikkje har eit formelt vern gjennom kulturminnelova.

Vern, bruk og utvikling

Kulturminne og kulturmiljø er viktige miljøressursar. Dei har betydning for menneske sin identitet og trivsel, og dei representerer viktige ressursar i eit berekraftsperspektiv. Kulturminne og kulturmiljø gir stader særpreg og eigenart og kan, saman med andre lokale ressursar, danne grunnlag for utvikling av næringsliv og lokalsamfunn, og for verdiskaping innan reiselivsmarknaden.

Boks 9.1 Båtbyggjering på Moen i Aust-Agder

Riksantikvaren har gjennom fleire år støtta trebåtbyggjering på Moen. Saman med Aust-Agder fylkeskommune og Norsk kulturminnefond er det gitt midlar til å bevare bygningar og båtar, og i dei siste åra også til verdiskapingstiltak som gir kulturmiljøet fleire bein å stå på. Sjølv om staten medverkar økonomisk er det eigarane som tek det største løftet.

I over hundre år har det vore kontinuerleg drift på Moen. Fem store båtbuer, fleire mindre bygningar som smie og kontorbygning og fleire bryggjer blir tekne vare på og haldne vedlike. Det første båthuset vart oppført på Hammeråker i 1875 og det siste båtbyggjeriet kom til i 1943. I alle er det bygd både store og små båtar. Ein minesveipar, ei bilferje, tallause redningsskøyter, fiskebåtar og fritidsbåtar er sjøsette frå beddingane her.

I nokre av buene er det framleis tradisjonell verksemd. Men etterspørselen etter klinka eller kravellbygde trebåtar er ikkje lenger kva den var, og i tillegg er det auka konkurranse om oppdraga. Det trengst derfor inntekter frå anna verksemd òg. Formidling, kunnskapsoverføring og oppleving er blitt viktigare for å kunne tene pengar som igjen kan pløyast tilbake til bygningsmiljøet.

Verdiskapingsmidlar har medverka til at eigarane har sett i stand bryggjer og bygningar og lagt dei til rette for ny verksemd. Moen er no arena for marknader og selskap, arrangement under Trebåtfestivalen og kystkultur dagar, og det blir halde kurs i småbåtbygging. Dette skaper ringverknader hos lokale handverkarar, kunstnarar, overnattings- og serveringsbedrifter.

Verdiskaping på kulturminneområdet

Det er eit mål at kulturminnefeltet skal bli betre integrert i lokale og regionale plan- og utviklingsprosessar. Innsats og verkemiddel frå fleire sektorar kan verke saman for å oppnå felles mål, og

samtidig medverke til at viktige kulturminne og kulturmiljø blir tekne vare på. Her møtest ulike sektorar og interesser. Dette er arenaer der det ligg godt til rette for samarbeid med eldsjeler, eigarar, frivillige, næringsliv og lokalsamfunn.

Boks 9.2 Utvalgte kulturlandskap i jordbruket

Satsinga *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket* omfattar 22 område over heile landet. Felles for dei er at dei har svært store verdier knytte til både naturmangfald og kulturhistorie, og at det finst motiverte og aktive grunneigarar og brukarar som fører vidare den drifta og forvaltninga som har skapt verdiane. Arbeidet er forankra i frivillige avtaler mellom staten og brukarane, og er finansiert i eit spleiselag mellom landbruks- og miljøstyresmakter. Langsiktige avtaler, fleksible løysingar lokalt og føreseielege vilkår for brukarane er sentralt. I jordbrukslandskapet heng natur, kultur og drift uløyseleg saman, og satsinga femner nettopp denne heilskapen. Bøndene er nøkkelaktørane, men satsinga føreset

òg medverknad frå kommunane og eit nært samarbeid mellom landbruks-, natur- og kulturminneforvaltning regionalt og sentralt. Satsinga er leia av Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren. Aktørane samlast jamleg for å utveksle erfaringar. Oppstart var i 2009, og i løpet av det siste året vart *Utvalgte kulturlandskap* evaluert. Evalueringa viser stor tilfredsheit med ordninga, og at den medverkar til å nå nasjonale mål om å ta vare på jordbrukets kulturlandskap. Ingen andre ordningar erstattar den heilskapelege områdetilnærminga. Både departement og direktorat tilrår at satsinga blir ført vidare. I tida framover vil blant anna bli lagt vekt på synleggjering og formidling av resultat.

Å stimulere kommunane til å utarbeide og vedta kulturminneplanar og å utvikle gode oversikter og register over lokale kulturminneverdiar inngår som ein viktig del av sastinga på auka kommunal kompetanse gjennom i *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltninga*. Dette er nødvendige verktøy for å integrere kulturarven i lokalsamfunnsutvikling og verdiskaping.

Med utgangspunkt i erfaring frå *Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet 2006–2010* og *Naturarven som verdiskapar* utarbeider seks departement ein *Nasjonal strategi for verdiskaping basert på natur- og kulturarven*. Mandatet for arbeidet er å kartleggje verkemiddel som støttar opp under verdiskaping og utvikling av lokalsamfunn, og å identifisere faktorar som må til for å lykkast med verdiskaping.

By- og tettstadsområde med kulturhistoriske verdiar

Viktige delar av nasjonen si historie ligg i byane si struktur, kulturmiljø og bygningar. Kulturminna tilfører byromma kvalitet, variasjon og historisk kontinuitet. Dei er vesentlege for bylandskapet sitt særpreg, og gjer byar og tettstader attraktive som buplass og reisemål. Kulturminna i byane og tettstadene våre har òg eit stort potensial for verdiskaping og er viktige i eit berekraftperspektiv.

Riksantikvaren arbeider med å utvikle vidare og formidle dei moglegheitene som ligg i koplinga mellom formelle og faglege verktøy som for eksempel databasen NB!-registeret. Dette er ein database over byar og tettstader i Noreg med kulturmiljø av nasjonal interesse. Registeret omfattar 77 byar der spora etter tusen års byhistorie er kartfesta i 245 delområde. NB!-registeret medverkar til auka kunnskap og gjer planleggingsprosessar meir føreseielege.

Boks 9.3 Gjenbruk av industrimiljø

Ny bruk av eldre bygningsmasse som for eksempel hamneanlegg og industriområde er viktige element i eit berekraftperspektiv og viser korleis kulturminne kan brukast som ressursar i byutviklinga. Internasjonalt finst det mange døme på byar som har brukt rehabilitering av eldre hamne- og industrianlegg til å skape seg ein tydeleg eigenprofil. Gjennom prosjektet *Transformasjon av industrimiljø i by* har Norsk institutt for kulturminneforskning og Norsk institutt for by- og regionforskning undersøkt korleis bruken av kulturminne og kulturmiljø kan inngå som premiss og ressurs i byutviklinga. Prosjektet har samanlikna transformasjonsprosjekt i tre byar: Papirbreidda i Drammen, Hammerdalen i

Larvik og tre område langs Akerselva i Oslo. Desse eksempla viser korleis kommunar, kulturminneforvaltninga og utbyggjarar kan samarbeide i transformasjonsprosessar for å tilføre byane nye kvalitetar gjennom ansvarleg bruk av kulturminneverdiane. NIKU-rapport 58 viser korleis dialog mellom dei involverte aktørane og kulturminneforvaltninga har ført til vellykka resultat. Felles for desse utviklingsprosjekta er at dei kombinerer fleire funksjonar, gjerne i form av kultur og rekreasjon, næring og bumiljø. Plansamarbeid gjennom ulike partnerskapsmodellar er blitt vanleg planpraksis i mange norske bykommunar.

Samarbeid er ein føresetnad for god integrering av dei ulike sektorinteressene i utviklinga av byregionane. I prosjektet *Våre nasjonale gater og plassar* samarbeider Riksantikvaren og Statens Vegvesen mot eit felles mål om god byutvikling. Prosjektet starta i 2011 og hovuddelen av prosjektet blir lansert i 2015. Føremålet er å skape auka medvit om den betydninga gater og offentlege rom i byane har som sosial og offentleg arena, og løfte fram føredøme med store bruksvise, visuelle og meningsberande kvalitetar. Målet er òg å utvikle byane som nasjonale og internasjonale reisemål med betydning for lokalt næringsliv. Tilret-

telegging for både kollektivtrafikk, gåande og syklande, med universell utforming som prinsipp, skal vere ein integrert del av denne utviklinga.

9.3 Resultatområde 3 Friluftsliv

Friluftsliv gir auka trivsel, betrar folkehelsa og aukar forståinga av og interessa for å ta vare på naturverdiar og kulturminne. I dag har vi om lag 1930 statleg sikra friluftsområde i Noreg, og ein unik allemannsrett til ferdslø i utmark. Friluftsliv er kjenneteikna av koplinga mellom fysisk aktivi-

tet og naturoppleving, og at friluftsliv ikkje treng å ha noko konkurranseelement. Særskilt viktig er naturen i nærmiljøet, som er den klart mest etterspurde arenaen for fysisk aktivitet i kvardagen.

Alle vil kunne finne ein eller fleire friluftslivsaktivitetar som dei kan utøve og finne mening i, og som gir både fysisk aktivitet og naturoppleving.

Nordmenn er svært aktive friluftslivsutøvarar. Den norske naturen og landskapet, friluftsliv og nordmenn sitt nære tilhøve til naturen er ein viktig del av det nasjonale medvitte og ein integrert del av mange nordmenn sine liv.

Ein viktig grunn til at friluftsliv er så utbreidd i Noreg er at naturen – både den som er tilrettelagt og den som ikkje er tilrettelagt – er lett tilgjengeleg over heile landet, også frå byar og tettstader. Den lovfesta retten i friluftslova til å kunne ferdast fritt og opphalde seg i naturen (Allemannsretten), og at ferdsle og opphald i naturen er gratis, er andre viktige grunnar til at nordmenn må kunne kallast friluftslivsmenneske. Stadig fleire frå andre land søker til Noreg for å få unike natur- og friluftslivopplevingar.

Nasjonale mål

Nedanfor er dei nasjonale måla presenterte. Status for nasjonale mål og indikatorar er presentert på www.miljostatus.no

- Nasjonalt mål 3.1: Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.
- Nasjonalt mål 3.2: Område av verdi for friluftslivet skal sikrast og forvaltast slik at naturgrunnlaget blir teke vare på.
- Nasjonalt mål 3.3: Allemannsretten skal halddast i hevd.

Tilstand og påverknad

Natur og naturmangfald gir opplevingar, identitet og tilhøyring. Vår generasjon har eit ansvar for å gi kommande generasjonar like godt høve til naturopplevingar som vi sjølve har fått.

Friluftslivet har ei sterk stilling i Noreg. Ei undersøking frå 2011 viser at 76 pst. av befolkninga driv med friluftslivsaktivitetar minst ein gong i måneden. Dette er ein liten auke sidan 2007 (Breivik og Rafoss). To tredelar av befolkninga ønskjer å drive meir fysisk aktivitet i naturen og nærmiljøet (Synovate 2010), og i ei undersøking frå 1999 svarte 19 av 20 nordmenn at natu-

ren er viktig for «det gode liv». Det er først og fremst fred og ro, og det å komme ut i frisk natur folk ønskjer når dei går på tur. Ein stor del av det norske friluftslivet handlar om store og små naturopplevingar som blir minne for livet.

Allemannsretten sin sterke stilling i Noreg heng nært saman med den vekta naturopplevingar har for folk i det daglege. Stadig fleire flytter til byar og tettstader, og då får naturen i og ved slike område ein endå viktigare funksjon som arena for rekreasjon, friluftsliv og naturopplevingar. Samtidig er allemannsretten truga av kommersialisering, privatisering og ikkje minst ulovlege stengsel i strandsona. Mange enkelttinggrep langs kysten, spesielt rundt Oslofjorden og på Sørlandskysten, har redusert tilgangen til attraktive strandområde. Liberal dispensasjonspraksis etter plan- og bygningslova i 100-metersbeltet langs sjøen er ei av årsakene. Mange stader har dette ført til auka hytte- og bustadbygging i område som tidlegare var attraktive for friluftslivet. Samtidig med utstrekt utbygging har det skjedd auka privatisering av strandsona. Slik privatisering kan både vere lovleg og ulovleg. Den ulovlege privatiseringa er kjenneteikna av at hovudmålet er å halde allmenta borte frå område der den har lovleg tilgang til ferdsle og opphald.

Det blir no sett i gang mindre bygging i strandsona enn tidlegare. Til trass for mindre nybygging krympar likevel dei delane av strandsonerearealet som ikkje er påverka av fysiske inngrep, og dermed potensielt tilgjengeleg for friluftsliv. I perioden 2000–2012 har delen av strandsonerearealet som ligg nærare enn 50 meter frå ein bygning blitt fordobla. I 2000 var talet 8,3 pst. mot 16,7 pst. i starten av 2012.

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at befolkningstettleiken aukar i byar og tettstader. Dette er i samsvar med nasjonale mål om ei meir konsentrert utbygging av omsyn til arealbruk, transport og klima. I mange byar skjer det ei lite medviten fortetting som inneber at areal som kan brukast til leik og rekreasjon blir nedbygde. Samanhengande turdrag blir brotne eller smalna inn og mister verdien for turar i nærmiljøet og til nærliggjande, større naturområde. Dette svekkjer høvet til å drive friluftsliv i nærleiken av bustadområda. Natur- og miljøbarometeret frå 2012 viser at av personar over 15 år har om lag 80 pst. i stor grad tilgang på natur- og grøntområde innanfor 1 km frå der dei bur. Delen av befolkninga med god og trygg tilgang til rekreasjonsareal minka med 3 pst. i perioden 1999–2009 (SSB). Det er dei som bur i byområde som har dårlegast tilgang på slike areal. Der folketalet er over 100 000 er det i gjen-

nomsnitt berre 65 pst. som har god tilgang på slike område. Norske byar og tettstader har likevel ein unik nærleik til grøntområde i høve til andre land vi kan samanlikne oss med.

Sidan 1958 har staten medverka til å sikre folk tilgang til friluftslivsområde gjennom kjøp av grunn eller avtaler om bruk og tilrettelegging. I dag har vi om lag 1930 offentlege friluftsområde i Noreg. Dette er område som kommunane og staten i samarbeid har sikra og tilrettelagt for allmenta sitt friluftsliv. I tillegg kjem mange mil med viktige ferdselsårer for friluftsliv der mange gir auka tilgjenge til attraktive område. Eit døme på dette er kyststigar som git betre allmenn tilgang til strandsona. Mange slike turstigar er knytte til kystleiene og rimelege overnattingsstilbod på fyrstasjonar og hytter ved sjøen.

Motoriserte framkomstmiddel i utmark og vassdrag vil i mange tilfelle vere nyttig og naudsynt, som for eksempel i redningstenesta eller i reindrifta. Samtidig fører motorferdsle i naturen til ei rekkje ulemper og skadar, som støy, terrengskadar, forstyrring av dyrelivet og konflikstar med friluftslivet, jf. resultatområde 1 Naturmangfald

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Sikre allemannsretten

Friluftslova er grunnleggjande for å halde allemannsretten i hevd og sikre høve til friluftsliv for alle. Endringane i friluftslova som tredde i kraft 1. januar 2012 har medverka til ei generell styrking av allemannsretten. Endringane inneber mellom anna at det blir tillate å ferdast til fots på veg eller stig gjennom innmark som leier til utmark, og at det blir tillate å ferdast varsamt i skogplantefelt også om sommaren. Endringane i lova gir vidare betre høve til inngrep overfor ulovlege stengsel og skilt som hindrar allmenn ferdsel, opphald og hausting.

I 2013 blei det starta eit arbeid med å sjå nærare på enkelte restriksjonar for nye friluftstyper i verneområda. Dette arbeidet vil halde fram i 2015. Det pågår mellom anna forskning på nye ferdselsformar og fugl, og det blir gjennomført eit forskingsprosjekt på fuglefredingsområda på Lista og Jærstrendene. Vidare er det på Mølen i Vestfold under utarbeiding ein forvaltningsplan som tek sikte på både å ta vare på fuglefredingsområdet og opne opp for blant anna brettsegling og kiting innanfor avgrensa område. I 2015 vil det i tillegg bli starta forskning på kva slag påverknad hesteriding og sykling har på verneverdiane.

Sikring, ivaretaking og tilrettelegging av friluftsområde

Det er stadig behov for å sikre nye område for friluftsliv, anten ved kjøp eller gjennom avtaler om varig bruksrett. Arbeidet for å opne ulike typar av statseigedom for allmenta vil halde fram. Dette er område som til dømes Forsvaret, Jernbaneverket, Statsskog eller andre statlege instansar ikkje lenger har bruk for.

I arbeidet med statleg sikring og tilrettelegging av friluftslivsområde skal område som kan nyttast av mange brukargrupper prioriterast, også inne i byar og tettstadar. Målet er at dei sikra områda skal generere mest mogeleg aktivitet. Det skal framleis òg sikrast viktige friluftslivsområde utanfor byar og tettstader, med hovudvekt på strandsoneområde og område ved innlandsvassdrag. Sikring og tilrettelegging av område for fritidsfiske har òg høg prioritet.

Fylkeskommunane og staten medverkar gjennom skjergardstenesta økonomisk til driftsordningar i Oslofjordområdet, i Skjergardsparkane på Sørlandet og i Vestkystparken i Rogaland og Hordaland. Elles skal lokalt driftsansvar framleis vere ein føresetnad for statleg medverknad til sikring av friluftsområde.

Å ta vare på friluftslivsområde er ein viktig del av den løpande arealforvaltninga i landets kommunar. Særleg kystområda ved dei store byane og sentrale fjellområde i Sør-Noreg opplever eit stort press på utbygging av hytter. Dette har resultert i at mange friluftsområde er bygde ned og privatiserte, jf. omtale under resultatområde 1 Naturmangfald. Det er viktig at statlege føringar for å ta vare på viktige friluftsområde blir følgt i kommunanes arealforvaltning, og at statlege og fylkeskommunale styresmakter følgjer opp og rettleier kommunane om dette.

Fylkeskommunane har etter forvaltningsreforma fått auka ansvar for å sjå til at kommunane følgjer opp friluftsliv i planlegginga si. Fylkeskommunane og kommunane legg til rette for friluftsliv ved mellom anna å ta vare på og utvikle område for grønstruktur, og gjennom ulike stimuleringsiltak. Miljødirektoratet har eit nært samarbeid med fylkeskommunane i friluftslivsarbeidet.

2015 er siste året for prosjektdelen av Miljødirektoratets nærmiljøsatsing. Målet med prosjektet er å kartlegge kva slag tiltak som fungerer best for å få befolkninga i byar og tettstader til å drive med friluftsliv i nærmiljøet. Dette er gjennomført ved utvalde pilotprosjekt. Prosjektet har i første rekkje sett på fysiske tiltak, som til dømes vurdering av kva slag område som det bør satsast på og

korleis desse bør leggjast til rette. Kartlegging av kva slag stimuleringsiltak som fungerer best overfor ulike målgrupper har òg inngått i satsinga. I 2015 skal prosjektdelen av satsinga avsluttast, og arbeidet med å formidle resultat og erfaringar frå satsinga til fylkeskommunar, kommunar, frivillige organisasjonar og friluftsråd skal styrkjast.

Eit fleirårig prosjekt for kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde blei starta i 2014 for å få kommunane til å kartlegge og verdsetje sine friluftslivsområde. Hovudmålet med prosjektet er å unngå at viktige friluftslivsområde grunna mangel på kunnskap blir bygde ned eller forringa på annan måte. Prosjektet blir leia av Miljødirektoratet, og skal gjennomførast i samarbeid med fylkeskommunane. Resultata skal leggjast inn i offentleg tilgjengelege databasar, slik at alle kan få tilgang til registreringane.

Osломarka er næraste turområde for om lag 1,2 millionar menneske. Arbeidet med å forvalte Marka i samsvar med markalova er høgt prioritert, blant anna gjennom ordningane med at alle reguleringsplanar og kommuneplanar som vedkjem Marka må bli stadfesta av Klima- og miljødepartementet. I 2015 vil det bli ferdigstilt forvaltningsplanar for dei fire områda som blei verna etter markalova i 2013.

Stimulering til friluftsliv

Friluftslivet si sentrale stilling i det norske samfunnet skal bestå og forsterkast. Friluftsliv er eit sentralt verkemiddel i folkehelsearbeidet og er ein viktig del av norsk nasjonal identitet og kulturarv. Koblinga mellom fysisk aktivitet og naturoppleving er ein viktig kjelde til livskvalitet og folkehelse for svært mange menneske.

Stimulering og opplæring til naturvennleg friluftsliv er ein viktig del av arbeidet med å auke deltakinga i friluftsliv blant barn og unge. Det er mellom anna viktig at barn og unge blir tekne med ut i naturen gjennom barnehage, skule og tilbod frå frivillige organisasjonar, og på den måten både lærer å ferdast i naturen og får gode naturopplevingar og betre helse. Det er òg viktig at det blir lagt til rette for at menneske med bakgrunn frå andre kulturar får innføring i den norske friluftslivstradisjonen. Staten skal i større grad søkje å samordne innsats og verkemiddel frå ulike sektorar innanfor friluftsliv, slik at desse får større effekt.

Barn, unge og dei som i dag er lite fysisk aktive er hovudmålgruppene for den statlege friluftslivspolitikken. For å nå denne målgruppa skal

friluftsliv i og ved byar og tettstader prioriterast sterkare, både i form av aktivitetsmidlar, sikring og ivaretaking av natur- og friluftsområde og i form av tilrettelegging.

Regjeringa vil utarbeide ei ny stortingsmelding om friluftsliv. Meldinga skal handle om heile friluftslivsfeltet, men vil ha særleg merksemd på korleis talet på dei som utøvar friluftsliv kan aukast, friluftsliv i nærmiljøet og friluftsliv blant barn og unge. Vidare vil meldinga drøfte friluftslivet sin plass i barnehagar og skule, koplinga mellom friluftsliv og reiseliv basert på natur- og kulturarven, nye friluftformer og korleis talet som driv med haustingsaktivitetar i naturen kan aukast. Etter planen skal meldinga fremjast 1. halvår 2016.

Regjeringa vil satse på kulturminne i naturen som opplevingsressurs og motivasjonsfaktor i friluftsliv. Blant anna har Riksantikvaren og Den Norske Turistforeining gått saman om prosjektet *Historiske vandreruter*. Mange ulike aktørar er involverte i dei enkelte vandrerutene, som blant anna lokale turistforeiningar og friluftsråd. Statens naturoppsyn har òg ei sentral rolle i fleire av vandrerutene. Målet med prosjektet er å auke kjennskapen til og bruken av dei gamle ferdsselsvegane som turvegar. Gjennom prosjektet blir kunnskap om kulturminne og kulturhistorie knytt til rutene innhenta og formidla. Rutene skal merkjast og skiltast, og det vil bli sett opp informasjon om kulturminne og kulturhistorie undervegs. Fleire av rutene vil bli opna og prosjektet vidareutvikla i 2015.

Friluftslivsaktivitetar og friluftslivstiltak i regi av organisasjonane skal prioriterast høgt, under dette støtte til IKT-baserte produkt og tenester som kan medverke til at fleire tek del i friluftsliv.

Det skal arrangerast eit nytt Friluftslivets år i 2015. Kommunane og friluftslivorganisasjonane vil ha ei sentral rolle i gjennomføring av året, og Norsk Friluftsliv (tidlegare FRIFO) har ansvaret for den daglege leiinga av planlegging og gjennomføring av året. Viktige tema i året vil vere friluftsliv i nærmiljøet, fritidsfiske og kulturminne som opplevingsverdi i friluftsliv. Barn, unge og barnefamiliar skal ha særleg prioritet. Målet med året er å skape tiltak og friluftslivsaktivitet i heile 2015, gi friluftsliv auka merksemd, og at fleire vil utøve friluftsliv også etter at året er over.

Det blir arbeidd med å utvikle ein merkevare- og kommunikasjonsstrategi og besøksstrategi for nasjonalparkane. Målet med strategiane er å få ei meir samordna profilering av nasjonalparkane, leggje til rette for auka bruk til friluftsliv og auke opplevingskvaliteten for dei besøkande, blant

anna med tilrettelegging i og ved nasjonalparkane. Arbeidet vil bli vidareutvikla i 2015. Sjå nærare omtale under resultatområde 1 Naturmangfald.

Satsinga *Den naturlege skulesekken* har som hovudmål at skulane skal utnytte nærmiljøet som læringsarena for å utvikle elevane og lærarane si nyfikne og kunnskapen deira om natur, gi medvit om berekraftig utvikling og miljøengasjement, gi kunnskap om helse og livsstil og gi gode friluftslivsopplevingar. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Kunnskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet og ei rekkje natur- og friluftsgorganisasjonar.

Samarbeid med friluftsgorganisasjonar og andre

Departementet og den offentlege friluftslivsforvaltninga samarbeider nært med interkommunale friluftsråd og frivillige organisasjonar innanfor friluftsliv. I mange sikra friluftsområde er det friluftsråd som har ansvaret for drifta. Friluftsråda og organisasjonane har mange viktige prosjekt og tiltak både for å stimulere og lære opp til friluftsliv, og for å forvalte og ta vare på viktige friluftsområde.

Samarbeid og dialog med friluftsgorganisasjonane vil framleis vere eit prioritert område og ein integrert del av departementet sitt arbeid med friluftsliv. I alle viktige saker som gjeld friluftsliv vil friluftsgorganisasjonane bli involverte eller høyrde, og i mykje av arbeidet har organisasjonane ei direkte og konkret rolle. Til dømes vil friluftslivsorganisasjonane ha ei sentral rolle i gjennomføringa av Friluftslivets år 2015, og vere viktige bidragsytarar i arbeidet med den nye stortingsmeldinga om friluftsliv.

Det finst ei rekkje tilskotsordningar for friluftslivsaktivitet og sikring av natur- og friluftsområde. Nokre av ordningane er det fylkeskommunen som forvaltar og fordeler på vegner av staten. Kulturdepartementet forvaltar viktige støttemidlar for friluftsliv i form av spelemidlane, i samarbeid med fylkeskommunar, kommunar og dei sentrale friluftsgorganisasjonane.

Motorferdsle i utmark og vassdrag – auka lokal forvaltning innanfor nasjonale retningslinjer

Det er viktig å regulere motorferdsle i utmark for å ta vare på naturmiljøet, fremje trivsel og sikre stille og ro i naturen. Det er Regjeringas mål å få til auka lokal forvaltning av motorferdsle i utmark. I 2014 har eit forslag til endringar i reglane for motorferdsle i utmark som gir kommunane mynde til å etablere løyper for fornøyleseskøyring

med snøskuter vore på høyring. Motorferdslelova med forskrifter vil gi retningslinjer for kvar kommunane kan leggje løypene, kva slag omsyn kommunane må ta og kva slag prosessar kommunane skal følgje når løypene skal etablerast.

Det blei sett i gang ei forsøksordning med mynde for kommunane til å lage løyper for fornøyleseskøyring hausten 2013. Etter ei samla vurdering vart ordninga avvikla våren 2014, men erfaringane frå ordninga er nytta i utforminga av høyringsforslaget, og vil saman med resultat frå høyringa bli eit viktig grunnlag for utforminga av det endelege lovforslaget som etter planen skal leggjast fram for Stortinget hausten 2014.

Regjeringa vil i 2015 leggje vekt på auka kontroll av motorferdsle i utmark, både av Statens naturoppsyn og politiet.

Ved lovendring 21. juni 2013 vart reglane i småbåtlova om bruk av vasskuter endra. Endringa tredde i kraft 1. juli 2013. Endringa inneber at bruk av vasskuterar no er tillate utanfor definerte forbodsbelte langs kysten. Forbodsbelte er særleg grunnitte med omsynet til tryggleik og miljø. Bakgrunnen for endringa er eit ønske om å forenkle regelverket, samtidig som vi held oppe eit høgt beskyttelsesnivå. Endringa vil òg gi større tryggleik for at dei norske reglane om bruk av vasskuter er i samsvar med EØS-avtala.

Meir detaljerte reglar er fastsette i dåverande Miljøverndepartementets forskrift 21. juni 2013 om bruk av vasskuter, som tredde i kraft 1. juli 2013. Det er her fastsett forbodsbelte på 400 meter frå land og verneområde i sjø, og 500 meter frå land og verneområde i ferskvatn. Det er tillate med transportkøyning i låg fart for å komme seg ut gjennom forbodsbelta. I 2015 vil erfaringane med det nye regelverket bli vurderte.

9.4 Resultatområde 4 Forureining

Alle har rett til eit miljø som tryggjer helse og velferd, og til ein natur der mangfaldet og produksjonsevna blir tekne vare på. Medvitet vårt om helse- og miljøfarlege stoff aukar når det for eksempel blir påvist slike stoff i barneleiker. I framtida bør alle produkt vi omgjer oss med vere trygge for helse og miljø. Eit reint miljø er ein føresetnad for eit rikt dyre- og planteliv, og for at vi fritt skal kunne bruke naturen og hauste av naturressursane. Mykje av norsk verdiskaping og produksjon er òg avhengig av eit reint miljø.

Miljøgifter er helse- og miljøfarlege kjemikaliar som blir sakte nedbrotne i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Luft og havstraumar

transporterer miljøgifter til område langt frå utsleppskjelder, og miljøgifter utgjer derfor også ein risiko for livet i arktiske område.

Ressursane i avfallet skal takast vare på og nyttast om igjen i størst mogleg grad. Sluttbehandling av avfall, anten ved forbrenning eller deponering, skal skje slik at miljøet blir minst mogleg påverka. Dette gjeld òg dei radioaktive avfallsstraumane.

Sur nedbør kryssar landegrensene. Gjennom målretta internasjonalt samarbeid er tilførslene av sur nedbør vesentleg reduserte. Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem i store delar av Noreg fleire tiår framover dersom ikkje utsleppa i Europa blir ytterlegare reduserte.

God luftkvalitet reduserer faren for helseskadar, særleg for sårbare grupper som eldre, barn, foster og menneske med eksisterande lidningar. I Noreg finn vi stort sett den reine, klare lufta som er ein føresetnad for menneskeleg helse og trivsel, og som er nødvendig for at planter og dyr skal trivast. Dei høge konsentrasjonane av helseskadelige stoff vi har målt i lufta i fleire av byane våre, viser at situasjonen framleis ikkje er god nok. Overskridingar av dei nasjonale måla for lokal luftkvalitet i fleire norske byar kjem blant anna av utslepp frå mange bilar konsentrerte på eitt område, og mange personar som fyrer med ved eller olje på kalde vinterdagar.

Når det gjeld ozonlaget, som vernar alt liv mot skadeleg ultrafiolett stråling frå sola, har dei relaterte utsleppa vore kraftig reduserte dei siste åra. Likevel vil det ta lang tid før ozonlaget kan friskmeldast.

Støyforureining kan vere eit problem der menneske ferdast og bur. Fråvær av støy har ein positiv innverknad på menneske sitt ve og vel, og oppleving av stille er ein viktig del av kvalitetane i fri-luftsområde og kulturmiljø. Den største støykjelda i Noreg er vegtrafikk. Støy stel i følgje Verdas helseorganisasjon mange friske år av liva til menneske.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla presenterte. Status på mål og indikatorar er presentert på www.miljostatus.no

– Nasjonalt mål 4.1: Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer ein alvorleg trussel mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast, med intensjon om å stanse utsleppa innan 2020.

- Nasjonalt mål 4.2: Risiko for utslepp og bruk av kjemikaliar som er årsak til skade på helse og miljø skal minimerast.
- Nasjonalt mål 4.3: Spreiing av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg. Spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering.
- Nasjonalt mål 4.4: Sediment i sjø som er forureina med helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal ikkje medføre fare for alvorlege forureiningsproblem.
- Nasjonalt mål 4.5: Operasjonelle utslepp til sjø skal ikkje føre til helse- eller miljøskadar eller auka bakgrunnsnivå av olje eller andre miljøfarlege stoff. Risikoen for akutt forureining skal haldast på eit lågt nivå og ein skal kontinuerleg forsøke å redusere risikoen ytterlegare.
- Nasjonalt mål 4.6: Utslepp, risiko for utslepp og spreiding av radioaktive stoff som kan vere årsak til helse- og miljøskade skal haldast på lågast mogleg nivå. Alt radioaktivt avfall skal handterast forsvarleg på godkjent måte.
- Nasjonalt mål 4.7: Veksten i mengda avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten.
- Nasjonalt mål 4.8: Det blir teke sikte på at mengda avfall til gjenvinning skal vere om lag 80 pst., basert på at mengda avfall til gjenvinning skal aukast i tråd med det som er eit samfunnsøkonomisk og miljøvist fornuftig nivå.
- Nasjonalt mål 4.9: Farleg avfall skal takast forsvarleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapasitet.
- Nasjonalt mål 4.10: Helse og miljø skal ikkje ta skade av luftforureining frå SO₂, NO_x, VOC, ammoniakk eller partiklar.
- Nasjonalt mål 4.11: Døgnmiddelkonsentrasjonen av svevestøv (PM10) skal ikkje overskride 50 µg/m³ meir enn 7 dagar pr. år.
- Nasjonalt mål 4.12: Timemiddelkonsentrasjonen av nitrogendioksid (NO₂) skal ikkje overskride 150 µg/m³ meir enn 8 timar pr. år.
- Nasjonalt mål 4.13: Det skal ikkje vere forbruk av følgjande ozonreduserande stoff: HKFK, halon, KFK, tetraklormetan, metylkloroform og HBFK.
- Nasjonalt mål 4.14: Støyplaga skal reduserast med 10 pst. innan 2020 i høve til 1999. Talet på personar utsette for over 38 dB innandørs støy-nivå skal reduserast med 30 pst. innan 2020 i høve til 2005.

Tilstand

Miljøgifter

Kjemikalier bidreg i stor grad til auka velferd og til viktige produkt og tenester i samfunnet. Samtidig kan bruk og utslepp av nokre kjemikalier medføre ein uakseptabel risiko for helse og miljø. Helse- og miljøfarlege kjemikalier kan gi både akutte effektar og langtidseffektar. Helse og miljøfarlege kjemikalier kan framkalle ulike sjukdomar som t.d. kreft og allergiar eller skade forplantningsevne og arvestoff. *Miljøgifter* er helse- og miljøfarlege kjemikalier som blir sakte brotne ned i naturen og hopar seg opp i næringskjedene. Dyr på toppen av næringskjedene er særleg utsette for miljøgifter. Miljøgiftene er derfor ein alvorleg trussel mot naturmangfald, matforsyning og kommande generasjonar si helse.

Mykje er gjort for å redusere risikoen for helse og miljø frå ulike kjemikalier, men det er ikkje tilstrekkeleg for å møte dei langsiktige utfordringane. Nivåa i miljøet av enkelte kjente miljøgifter som PCB er på veg ned, og forbod nasjonalt og internasjonalt har gitt viktige resultat. Industriutsleppa av miljøgifter er kraftig reduserte i Noreg og andre vestlege land, og dei samla utsleppa av prioriterte miljøgifter er vesentleg reduserte dei siste 15 åra.

Utviklinga i risiko frå helse- og miljøfarlege kjemikalier som kan gi skade på helse og miljø er meir uvisst. Det er utvikla ein ny indikator som viser bruk av kjemiske produkt basert på bruksmengder i Produktregisteret og rapporterte utsleppsdata frå industrien i perioden 2003–2012. Indikatoren viser ulik utvikling i bruken for ulike stoff. Indikatoren vil bli utvikla vidare ved å inkludere nye stoff i grunnlaget, og det er for hormonforstyrrende stoff særleg stor uvisse på grunn av at grunnlaget for desse er basert på eit mindre tal stoff.

Miljøgifter frå tidlegare tider ligg mange stader som forureiningar i grunnen på land eller i botnsediment i sjø og ferskvatn. Miljøgifter i forureina sediment og grunn spreier seg vidare oppover i næringskjeda, og det er derfor viktig å rydde opp for å hindre ytterlegare spreiding.

Sjølv om vi har ført ein effektiv kamp mot ei rekkje forureinande utslepp dei siste tiåra, gjenstår framleis store oppgåver. Produkt vi nyttar til dagleg er ei aukande kjelde til utslepp av miljøgifter. Noreg mottek òg betydelege langtransporterte tilførsler av miljøgifter via luft- og havstrumar. Arktis er spesielt utsett for langtransporterte tilførsler av miljøgifter på grunn av dei dominerande hav- og luftstraumane. Dette går særleg ut over dyr høgt i næringskjeda, som isbjørn, polarmåke og spekkhoggarar.

Oljeforureining

Oljeforureining kan skuldast operasjonelle eller utilsikta utslepp frå skip, petroleumsværksemnd og landbasert industri. I tillegg kjem utilsikta utslepp frå landtransport, bunkeranlegg og nedgravne oljetankar. Miljøtilstanden i hav- og kystområde er omtalt under resultatområde 1 Naturmangfald.

Avfall

Avfallsmengdene aukar framleis, og er ei kjelde til utslepp av miljøgifter og klimagassar. Det var ein reduksjon i avfallsmengdene frå 2008 til 2009,

Boks 9.4 Kvikksølv – ei ny global avtale

Kvikksølv er blant dei farlegaste miljøgiftene. Det blir transportert over store avstandar langt frå utsleppskjeldene og utgjer ein trussel mot miljøet og menneske si helse. Kvikksølv kan blant anna skade nervesystemet, og foster og barn er særleg utsette.

Dei samla utsleppa av kvikksølv til luft, jord og vatn frå norske kjelder vart reduserte frå om lag 6 tonn i 1985 til 2,5 tonn i 1995 og vidare til om lag 0,9 tonn i 2010. Det nasjonale utsleppet til luft er i dag betydeleg mindre enn dei mengdene som blir førte til Noreg via luftstrumar frå andre land. Mattilsynet har gitt kosthaldsråd for

enkelte arter av ferskvassfisk på grunn av høgt innhald av kvikksølv, og undersøkingar av kvikksølv i ferskvassfisk i Sør-Noreg (åbor og aure) har vist auka konsentrasjonar av kvikksølv.

Tiltak internasjonalt er nødvendig for å få redusert global spreiding av kvikksølv. Noreg var derfor ein av initiativtakarane til ei ny global avtale om redusert bruk og utslepp av kvikksølv, som det vart semje om i januar 2013 og som vart undertekna i oktober 2013. Noreg er òg ein aktiv pådrivar i å få på plass streng regulering i EU.

men veksten har halde fram etter den tid. Dei siste åra har veksten i avfallsmengdene vore noko større enn den økonomiske veksten. Det meste av avfallet blir materialgjenvunne eller energigjenvunne. Verkemidla på avfallsområdet skal sikre ein samfunnsøkonomisk og miljøvis god balanse mellom det som blir gjenvunne som material, og det som blir brent eller deponert. Det er innført fleire verkemiddel for å stimulere til material- eller energigjenvinning, under dette forbod mot deponering av nedbryteleg avfall og produsentansvar for fleire typar avfall. Det er etablert eigne retur-system for fleire ulike avfallsfraksjonar, mellom anna for elektrisk og elektronisk avfall, batteri, bilvrak, PCB-haldige isolerglasruter og fleire typar emballasjeavfall. Svært gode resultat frå retursystema medverkar til høg gjenvinningsgrad samtidig som miljøgifter i avfallet blir sikra ei forsvarleg behandling.

Mengda farleg avfall aukar òg, men stadig mindre blir handtert på ukjent måte. Det er likevel mogleg å auke innsamling og kontroll med farleg avfall.

Over tid har strengare krav til deponi og forbrenningsanlegg og bruk av meir miljøvenleg teknologi medverka til betydelege reduksjonar i utslepp til luft og vatn frå sluttbehandling av avfall.

Radioaktive stoff

Radioaktive stoff har liknande eigenskapar og potensielle skadeverknader på det ytre miljøet som tungmetall og andre miljøgifter, og kan ha samverkande effekt med andre miljøgifter, noko som kan gi ein gjensidig forsterkande effekt. Det er låge nivå av radioaktiv forureining i Noreg.

Tabell 9.2 Definisjonar

Viktige omgrep	Definisjon
Farleg avfall	Avfall som ikkje kan behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr
Gjenvinning	Fellesnemning for eit kvart tiltak der hovedresultatet er at avfall kjem til nytte ved å erstatte materialar som elles ville vorte brukte eller at avfall er vorte førebudd til dette, under dette førebuing til ombruk, materialgjenvinning og energiutnytting
Materialgjenvinning	Utnytting av avfall slik at materialet blir teke vare på heilt eller delvis, f.eks. produksjon av skrivepapir frå returpapir
Miljøgift	Lite nedbrytelege helse- og miljøfarlege kjemikaliar som hopar seg opp i næringskjedene og i miljøet, eller andre stoff som gir tilsvarende grunn til bekymring

Langtransportert luftforureining

Utsleppa av svovel og nitrogen i Europa er reduserte med høvesvis rundt 60 pst. og 20 pst. sidan 1990 og tilførslene til Noreg er reduserte omtrent tilsvarende.

Tolegrensa for forsuring av overflatevatn var i 2010 overskriden i om lag 8 pst. av Noregs areal. Dette omfanget er redusert frå om lag 29 pst. i 1980, 16 pst. i 1990, og 12 pst. i 2000, men har ikkje endra seg vesentleg etter 2010. Det er ingen overskridingar av tolegrensar for forsuring av skog i Noreg.

I store område i Sør-Noreg er mykje av dyrelivet i ferskvatn sterkt skadd. Skadane på botndyr og krepsdyr er framleis store og situasjonen er ustabil. På 80-talet var rundt 15 000 fiskebestandar

tapte eller sterkt skadde som følgje av forsuring. Vasskvaliteten er blitt betre dei seinare åra. Det er teikn til betring med omsyn til fiskebestandar sidan 1990, sjølv om mange innsjøar framleis er fisketomme.

Areal med overskridingar av tolegrensene for overgjødning av vegetasjon (terrestriske økosystem) minka i perioden 1980–1995, men har ikkje endra seg etter dette. Anslag basert på dei nyaste kartleggingane av tolegrensar viser at desse i perioden 2007–2011 var overskridne i ca. 21 pst. av Noregs areal. Nitrogenavsetningane har ført til endringar i det biologiske mangfaldet både i Noreg og i Europa. I næringsfattig ferskvatn fører auka nitrogentilførsler til auka plantevekst og endringar i det biologiske mangfaldet.

Lokal luftkvalitet

Svevestøv (PM₁₀ og PM_{2,5}) og nitrogendioksid (NO₂) er dei mest dominerande stoffa i lokal luftforureining. Luftkvaliteten har generelt sett blitt betre sidan 1990-talet, men det var framleis overskridingar av nasjonalt mål for svevestøv (PM₁₀) og NO₂ i 2013. Det er ikkje berre dei største byane som har vanskar med å nå nasjonalt mål. Også mindre byar og tettstader har fleire overskridingar enn det som er tillate i forhold til nasjonalt mål for svevestøv.

Når det gjeld NO₂ vart nasjonale mål overskridne i dei største byane. I kuldeperiodar om vinteren kan det bli stillestående luft og høge forureiningsnivå nær dei mest trafikkerte vegane. Det er òg vanleg at slik vinterkulde endar opp med inversjonslokk som hindrar utluftinga. Ofte varer slike lokk berre nokre timar, men dei kan nokre gonger vare fleire dagar i enkelte større byar, slik som for eksempel Oslo og Bergen vinteren 2009/2010. Under slike forhold kan store delar av befolkninga bli eksponerte.

I tillegg kan stoff som svoveldioksid (SO₂), bakkenær ozon (O₃), karbonmonoksid (CO), PAH og benzen bidra til dårleg lokal luftkvalitet.

Ozonreducerande stoff

Episodar med høgare ozonkonsentrasjonar i Noreg førekjem gjerne når det er høgtrykk over kontinentet, som fører til transport av forureina luft nordover. Dei høgaste verdiane blir normalt målte på strekninga frå Vest-Agder til Oslofjorden. Høge ozonkonsentrasjonar førekjem ofte som episodar over nokre timar eller dagar, som regel om våren og tidleg på sommaren. EUs grense for melding til befolkninga blir sjeldan overskriden i Noreg (sist i 2006).

Målsetjingsverdien for vern av landbruksvekstar mot ozonskadar blir overskridne enkelte år, mens verdien som omfattar skog sjeldan blir overskriden i Noreg.

Støy

Støy er eit miljøproblem som rammar svært mange menneske i Noreg i dag. Om lag 1,4 million menneske er utsette for eit gjennomsnittleg støynivå over 55 dB ved bustaden sin. Dette omfattar støy frå veg, fly, jernbane, industri, og anna næringsverksemd. Bortimot ein halv million menneske er mykje eller sterkt plaga, og rundt 200 000 menneske har problem med nattesøvnen som følgje av støy.

Vegtrafikk er den største støykjelda i Noreg og står for nesten 80 pst. av utrekna støyplager.

Ifølgje statistikk frå Statistisk sentralbyrå har talet på personar som er utsette for støy i Noreg auka med 225 000 sidan 1999. I tillegg til folketalsvekst i dei støyutsette områda er det trafikkvekst og auka del tungrafikk som er dei viktigaste årsakene til at talet på støyutsette har auka i denne perioden.

Påverknader

Miljøgifter

Kjemikalieutslappa stammar frå produksjon av råstoff og ferdigvarer i industrien, frå bruk av produkt i heimen, i industri og arbeidsliv, frå spreining av gammal forureining lagra i grunn og sjøbotn og frå avfallsbehandling. Det er titusenvis av kjemikaliar på den europeiske marknaden, og desse går inn i talrike produkt og avfall. For mange av desse kjemikaliane har vi avgrensa kunnskap om deira helse- og miljøverknader. Talet på stoff med moglege helse- og miljøskadelege verknader er stort, og det er aukande utfordringar frå nye stoff. Produkt vi omgir oss med, som reingjeringsmiddel, klede, møblar, leiketøy, hobbyprodukt, PC-ar og mobiltelefonar, kan innehalde stoff vi har liten eller ingen kunnskap om helse- og miljøverknaden av. Vi veit for lite om stoff med hormonforstyrrende eigenskapar, og også om kva samla verknader ved eksponering for mange kjemikaliar kan føre med seg. Det siste blir ofte populært kalla «cocktail»-effekten. Uvisse om mogleg helse- og miljørisiko ved auka bruk av nanomaterialar er òg ei utfordring, og det er naudsynt med auka kunnskap.

Gammal forureining lagra i jord og sjøbotn vil kunne føre til at helse- og miljøskadelege stoff blir spreidde til omgivnadene. Kjemikaliar som er hamna i jordmassar lek sakte ut til omgivnadene og kan takast opp i dyr og planter og komme inn i det biologiske kretsløpet. Forureiningar som ligg avleira i sjøbotnen, kan spreia til omgivnadene gjennom bl.a. oppvirvling, opptak i plantar og beiting og utgjør då først og fremst ein trussel mot planter og dyr i sjøen. Forureiningar blir førte vidare gjennom næringskjedene i sjøen og kan ende opp i fisk og skaldyr som folk et.

Avfall

Sluttbehandling av avfall vil òg kunne føre til fare for utslipp av miljøskadelege stoff til jord, luft og vatn. Avfallsdeponi er strengt regulerte og deponia må samle opp sigevatnet og greie ut reinsebe-

hovet. Reinsekraft blir fastsette for kvart enkelt deponi etter ei konkret vurdering. Krav til oppsamling av deponigass og forbodet mot deponering av nedbryteleg avfall gir reduserte utslipp av klimagassen metan. Utsleppskrava til avfallsforbrenning er svært strenge, og utsleppa frå avfallsforbrenningsanlegga er i dag låge. Dei potensielle miljøskadane frå avfallsbehandling gjer det viktig å minimere mengda avfall som blir sluttbehandla. I tillegg inneheld mange typar avfall material som det kan vere miljøvist gunstig å nytte om igjen. Ved å stimulere til meir gjenbruk og gjenvinning, reduserer vi mengda avfall som går til sluttbehandling samtidig som vi utnyttar ressursane i avfallet betre. Dei stadig veksande avfallsmengdene gjer at utfordringane knytte til avfallsbehandling på lang sikt vil auke om ein ikkje lukkast med å førebyggje avfall.

Det blir produsert og omsett stadig fleire produkt, og mange av desse inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Auka kunnskap og større medvit om miljøgifter gjer òg at nye stoff og produkt blir klassifiserte som farleg avfall. Dette medverkar til at mengdene farleg avfall som oppstår aukar. For å medverke til å førebyggje farleg avfall er det viktig å arbeide for at det blir utvikla meir miljøvennlege produkt. Farleg avfall kan ikkje behandlast saman med vanleg avfall fordi det kan medføre alvorlege forureiningar eller fare for skade på menneske og dyr. Det er òg strenge reglar som skal hindre at slikt avfall blir eksportert til land utan kapasitet til å behandle det forsvarleg. Det er likevel framleis noko farleg avfall som går til ukjent behandling og det er viktig med kontinuerleg innsats for å auke innsamlinga av det farlege avfallet.

Radioaktive stoff

Nivået på radioaktiv forureining generelt er lågt. Utslepp og avfall er nært knytt til aktiviteten i ulike sektorar. Noreg har vesentleg høgare utslipp av produsert vatn frå petroleumsverksemda enn dei andre nordsjølanda. Dei norske utslappa av produsert vatn er kjelde til om lag 50 pst. av dei totale radioaktive utslappa frå petroleumsindustrien i dei områda som er omfatta av Oslo-Pariskonvensjonen (OSPAR) om vern av det marine miljø i Nordaust-Atlanteren.

Radioaktive stoff er nytta til mellom anna behandling av pasientar på sjukehus og i forskning og utdanning. Dette kan medføre utslipp av radioaktive stoff. Det er òg radioaktive komponentar i enkelte forbrukarprodukt som for eksempel røykvarslarar. Radioaktiv forureining og radioaktivt avfall kan òg oppstå som eit biprodukt i ulike

typar prosessindustri, og ved utvinning av mineral og graving i alunskiferhaldig grunn. Forureining og avfall følgjer av oppkonsentrering av naturleg førekommande radionuklidar som finst i berggrunnen, slik som ved utvinning av olje og gass, og ved framstilling av radioaktive stoff og drift av forsøksreaktorane til *Institutt for energiteknikk (IFE)*. Radioaktiv forureining av norske land- og havområde er vidare frå internasjonale kjelder, slike som historiske atomsprengingar i atmosfæren og Tsjernobyl-ulykka. Framtidige ulykker knytte til anlegg i nærområda våre, i særleg grad dei gamle atomkraftverka i Russland, vil kunne ha store konsekvenser for Noreg.

Langtransportert luftforureining

Sur nedbør er resultatet av utslipp av blant anna svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksid (NO_x) og ammoniakk (NH₃). Noreg er særleg utsett for forsurening av vassdrag som følgje av tilførsle av svovel og nitrogen som kjem frå grenseoverskridande luftforureiningar. Utslepp som skjer i eitt land kan føre til betydeleg skade i andre land. Nedfallet av svovel og nitrogen i Noreg stammar først og fremst frå andre land i Europa som Storbritannia, Tyskland og Polen og frå internasjonal sjøfart i dei nære havområda.

Forsuring gir redusert vasskvalitet og har ført til at mange fiskebestandar er reduserte eller har gått tapt, særleg i Sør-Noreg. Anna dyre- og planteliv er òg påverka av sur nedbør. Sjå nærare omtale under resultatområde 1 Naturmangfald.

Nitrogen verkar òg som gjødsel og kan medverke til overgjødsling og endringar i vegetasjonen. Resultat frå norske overvåkingsprogram viser klare koplingar mellom atmosfærisk avsetning av nitrogen og artssamansetning, og at nitrogennedfall påverkar markvegetasjon og algevekst negativt.

Høge konsentrasjonar av ozon ved bakken kan føre til skadar på helse, avlingar, annan vegetasjon og materiell.

Små, helseskadelege partiklar kan transportrast over lange avstandar og på tvers av landegrensar.

Sotpartiklar og andre luftforureiningar kan medverke til klimaendringar. Og klimaendringar kan ha verknad på miljøeffektane av luftforureiningar.

Lokal luftforureining

Dei viktigaste kjeldene til svevestøv er trafikk med eksos og asfaltstøv frå piggdekk, vedfyring og

langtransportert forureining. Den viktigaste kjelda til utslepp av NO₂ er vegtrafikk.

Helserisikoen knytt til lokal luftforureining avheng av kor høg konsentrasjonen av dei forureina stoffa er og kor lenge vi blir utsette for dei. Det er i hovudsak astmatikarar og personar med luftvegslidingar eller hjarte- og karsjukdommar som opplever helseeffektar frå luftforureining i Noreg. Av stoffa som medfører lokal luftforureining er det størst helserisiko knytt til svevestøv. Det er òg helserisiko knytt til nitrogendioksid (NO₂).

Det er venta at konsentrasjonen av svevestøv vil bli redusert på grunn av reinare bilpark, omnar som brenn reinare og redusert bruk av piggdekk, men det vil framleis vere overskridingar av dei nasjonale måla i ei rekkje byar i åra framover. Nivåa varierer sterkt frå år til år, avhengig av meteorologiske faktorar. For NO₂ er det ikkje venta store endringar i konsentrasjonane med dagens verkemiddelbruk, men trenden for NO₂ er meir usikker enn for svevestøv. Auka kunnskap om kva som er dei reelle NO_x-utsleppa og betre kunnskap om korleis NO₂/NO_x-delen vil endre seg med ny bilteknologi vil kunne medføre endra prognosar for framtidige utslepp.

Ozonreducerande stoff

Utslepp av ozonreducerande stoff har svekt ozonlaget dei siste 30 åra. Bruken av stoffa er kraftig redusert, men ozonlaget kan truleg ikkje friskmeldast før i 2050 – 2070. Ozonlaget vernar alt liv mot skadeleg ultrafiolett stråling frå sola. Auka stråling kan blant anna føre til alvorlege sjukdomar, så som hudkreft og augesjukdomar, reduserte avlingar, svikt i matvareproduksjonen, og det kan skade havets økosystem.

Støy

Vårt moderne samfunn er ei kjelde til auka støy for mange menneske. I fleire tiår har vi hatt ei utvikling med stadig meir transport. Dette gir mykje støy. Støy verkar ofte saman med andre stressfaktorar som for eksempel luftforureining. Opplevinga av å bli forstyrra under kvile og avkopling, i samtaler, eller i ein arbeidssituasjon medverkar til mistriksel og redusert velvære og påverkar derfor folks åtferd og helsetilstand. Langvarig irritasjon over støy kan medverke til sjukdom, særleg hos dei som elles er disponerte for sjukdom. Det er påvist at støy kan gi kortvarige fysiologiske forandringar som er typiske for psykisk stress. Stress kan vere ei medverkande årsak til

ulike helseplager, for eksempel muskelspenningar og muskelsmerter, som er svært vanlege årsaker til sjukemelding og uførleik. Det finst òg ei rekkje undersøkingar som viser auka risiko for høgt blodtrykk og utvikling av hjarte- og karsjukdommar.

Forstyrra søvn blir rekna blant dei meir alvorlege negative verknadene av støy. Uforstyrra søvn er ein føresetnad for god fysiologisk og mental helse. Støy vil kunne endre det naturlege søvnmønsteret, gjere det vanskelegare å sovne og føre til at ein vaknar. Konsekvensar av utilstrekkeleg søvn er trøytteleik, nedsett sinnsstemning, redusert yteevne og auka risiko for ulykker. Vidare er det studiar som tyder på at mangelfull søvn er forbunde med auka risiko for ei rekkje helseproblem som angst, depresjon, type 2-diabetes og hjarte- og karsjukdommar.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Miljøforvaltninga har hovudansvaret for gjennomføring og oppfølging av forureiningslova. Miljøforvaltninga har ansvaret for å motverke skadelege verknader av kjemikalier på naturmiljøet og på forbrukarane. Påverknad av arbeidstakarane si helse er arbeidsmiljøstyresmaktene sitt ansvarsområde. Miljøforvaltninga sitt ansvar for helsepåverknad er òg avgrensa til enkelte bruksområde for kjemikaliane. Vidare er ansvaret avgrensa til enkelte eigenskapar ved stoffa. Brann- og eksplosjonsfare ved bruken av kjemikalier fell utanfor miljøforvaltninga sitt ansvar. Miljøstyresmaktene på kjemikalieområdet er Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet og Fylkesmannen.

Miljøstyresmaktene har hovudansvaret for avfallspolitikken. Enkelte verkemiddel ligg likevel under andre departement sine ansvarsområde. Miljøstyresmaktene på avfallsfeltet er Klima- og miljødepartementet, Miljødirektoratet, Fylkesmannen og kommunen.

Miljøforvaltninga har òg ansvar for å verne det ytre miljøet mot skadelege verknader av radioaktiv forureining, blant anna frå utslepp og frå radioaktivt avfall. Miljøstyresmaktene på radioaktivtetsfeltet er Klima- og miljødepartementet og Statens strålevern.

Forureiningslova og tilhøyrande forskrifter er sentrale verkemiddel for å regulere forureinande utslepp til luft og støy. Hovudregelen i forureiningslova er at forureining er forbode. Dermed har ingen lov til å forureine utan at det er gitt løyve til det, anten gjennom individuelt løyve til ei verksemd eller i forskrift.

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåinga. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna medverke til at helse og miljø ikkje tek skade av luftforureining og at støyplagene blir reduserte. Det er gitt konkrete retningslinjer for behandling av luftkvalitet og støy i arealplanlegginga gjennom TA-2842/2011 og T-1442/2012. Sjå òg verkemiddelområdet Regelverk for nærare omtale.

Budsjettmidlar til faglege utgreiingar, forskning og miljøovervaking er eit viktig og nødvendig grunnlag for resultatområdet. God lokal luftkvalitet og fråvær av støy er òg ein føresetnad for eit godt bymiljø, blant anna er planlegging av kor ulike verksemdar skal leggast og innretning av kollektivtilbod svært viktig.

Miljøgifter

Verkemiddelbruken har som formål å redusere risiko for skade på helse og miljø knytt til utslepp og bruk av kjemikalier generelt. For miljøgifter er det lagt til grunn at bruk og utslepp skal stansast innan 2020. Ein viktig del av arbeidet vidare er å identifisere fleire miljøgifter som er omfatta av målet, og følgje opp desse både på nasjonalt og internasjonalt plan. Førre var-prinsippet skal brukast når kunnskapen om risiko for helse og miljø er usikker.

Det er behov for ein særleg innsats fram mot 2020 for å nå målet. For å sikre ein effektiv og samordna innsats i å stanse utslepp av miljøgifter vil Klima- og miljødepartementet leggje fram ein eigen strategi for arbeidet med miljøgifter.

Miljøgifter blir transporterte over store strekingar med luft- og havstraumar, og gjennom handel med produkt og avfall. Derfor er både nasjonalt og internasjonalt arbeid svært viktig og ein føresetnad for å handtere utfordringane vi står overfor. Nasjonalt er forureiningslova og tilhøyrande forskrifter sentrale verkemiddel for å regulere forureinande utslepp, bl.a. utslepp av kjemikalier.

Streng regulering av utslepp av farlege kjemikalier frå industri og prosessar er lagt til grunn gjennom forvaltninga etter forureiningslova. Som hovudregel blir pålegg etter forureiningslova òg nytta som verkemiddel for å sikre opprydding i forureina grunn og forureina botn i sjø og vatn. For forureina grunn er plan- og bygningslova òg ein nyttig reiskap. For å sikre ein samla og effektiv verkemiddelbruk i oppryddingsarbeidet er det i tillegg utarbeidd ein eigen handlingsplan for opp-

rydding i forureina sjøbotn, basert blant anna på fylkesvise tiltaksplanar for opprydding i forureina sjøbotn i dei 17 høgast prioriterte områda i landet.

I tillegg til forureiningslova er produktkontrolllova og forskrifter gitt i medhald av denne sentrale juridiske verkemiddel på kjemikalieområdet. Produkt blir omsette internasjonalt, og norske forbod og andre reguleringar må vere i samsvar med Noregs internasjonale plikter om produktregulering og handel. Kjemikalierregelverket i Noreg og EU er harmonisert gjennom EØS-avtala. Hovudregelen er såleis at dei same krava skal gjelde i Noreg og EU. I 2008 vart det innført eit nytt og svært omfattande kjemikalierregelverk i EU/EØS om registrering, vurdering, godkjenning og restriksjonar på kjemikalier (REACH-regelverket). Vidare utvikling av dette regelverket er svært viktig i kjemikaliepolitikken. Noreg bidreg aktivt i arbeidet for å styrkje regelverket både med å foreslå regulering av stoff og ved gjennomgangen av regelverket som no går føre seg, inkludert endringar for å betre handteringa av nanomaterialar under REACH. Noreg spelte i 2013 inn fem konkrete forbetningspunkt til EU. Eitt av dei fem punkta er at det må vere eit mål å stanse utslepp av miljøgifter innan 2020, i tråd med norsk mål for dette.

Det må òg gjerast meir for å møte nye utfordringar med hormonforstyrrende stoff og nanomaterialar. Det er særleg viktig å arbeide for at Kommisjonen får lagt fram felles kriterium for hormonforstyrrende stoff, og Noreg har teke opp dette med Kommisjonen. Det at menneske og miljø blir utsette for mange helse- og miljøfarlege stoff samtidig, er heller ikkje reflektert i regelverket i dag. I tillegg må kvaliteten på den informasjon som industrien leverer under regimet i dag forbeholdt kraftig. Vidare er informasjon eit viktig verkemiddel for å skape medvit rundt kjemikaliebruk og innhald i produkt. Det europeiske kjemikaliebyrået ECHA (European Chemicals Agency), som har sete i Helsinki, er viktig i EUs kjemikaliearbeid. ECHA er navet i ei omfattande kunnskapsutveksling og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget og er sentralt i arbeidet med nye reguleringar for å beskytte helse og miljø. Noreg har ein nasjonal ekspert tilsett i byrået og er representert i alle komitear og i styret i ECHA. Vi har òg felles reglar med EU om produkt med *biocid* som blir nytta til å øydeleggje uønskte organismar, og nytt regelverk er nylig innført.

Globalt er Noreg aktivt med i arbeidet under Stockholmkonvensjonen om persistente organiske miljøgifter, Basel-konvensjonen om grensekryssande transport av farleg avfall, Rotterdam

konvensjonen om handel med farlege kjemikalier og miljøgiftsprotokollane under FNs økonomiske kommisjon for Europa (ECE). Noreg støttar òg den globale kjemikaliestrategien SAICM. Vidare tek Noreg aktivt del i arbeidet med kjemikaliespørsmål innan FNs Sjøfartsorganisasjon (IMO) og FNs miljøprogram (UNEP). Under FNs miljøprogram vart det i 2013 sluttført forhandlingar om ei ny global avtale for å redusere bruk og utslepp av kvikksølv. Noreg har spelt ei sentral rolle for å få dette resultatet. På bakgrunn av norsk forslag vart det i 2013 òg semje om forbod mot miljøgifta HBCD under Stockholm-konvensjonen. Noreg har i 2013 òg foreslått endå ei ny miljøgift til denne konvensjonen; miljøgifta *deka-BDE*. Det aller meste av transport av kjemikalier globalt skjer med skip. Det er gjennom MARPOL-konvensjonen etablert svært strenge globale krav for å unngå miljøskadelege utslepp frå slik transport. I tillegg har IMO etablert ein eigen konvensjon som regulerer bruk av miljøgifter i botnstoff brukt på skip. Denne konvensjonen forbyr bruk av organotinn. Mjukare verkemiddel enn reguleringar, slik som informasjon, er viktig for å skape medvit rundt kjemikaliebruk og innhald i produkt. Avgifter blir òg nytta for å avgrense bruk av enkelte stoff.

Kunnskapsheving gjennom forskning, kartlegging av potensielt farlege stoff i produkt, avfall og utslepp, og miljøovervaking er svært viktig i kjemikaliearbeidet. Auka kunnskap om helse- og miljøfarlege kjemikalier, under dette nanomaterialar, er nødvendig for å identifisere risiko for helse og miljø, og for å kunne setje i verk effektive reguleringar og tiltak på eit tidleg tidspunkt. Betre kunnskap om miljøgifter i Arktis er av stor strategisk vekt for å få på plass regionale eller globale avtaler for å redusere utslepp av miljøgifter. Data frå Arktis er svært nyttig fordi det er utbreidd internasjonal semje om at stoff som blir funne att i Arktis, langt frå utsleppskjeldene, utgjør alvorlege problem.

Opprydding i forureina grunn og sjøbotn er kostbart og tidkrevjande. Tiltak for å rydde opp i sjøbotn er fremja gjennom fylkesvise tiltaksplanar og prioritering av område som skal ryddast opp. I hovudsak er det prinsippet om at forureinar betaler som skal leggjast til grunn og bruk av pålegg etter forureiningslova er eit viktig verkemiddel for å sikre nødvendig opprydding av forureina grunn og sjøbotn. Statlege styresmakter vil likevel kunne medverke med finansiering der dette er nødvendig. Det er behov for at statlege bidrag til finansieringa kan bli meir føreseielege, og det er derfor gjennom ei særskild fullmakt lagt til rette for at

styresmaktene kan inngå avtaler om finansiering utover løyvinga på oppryddingspostane i det aktuelle året.

Oljeforureining

Oljeforureining skuldast både akutte og operasjonelle utslepp frå offshore olje- og gassverksemd, skipsfart og landbasert verksemd.

Målet om nullutslepp (nullutsleppsmålet) inneber at det som hovudregel ikkje skal sleppast ut olje og miljøfarlege stoff, verken tilsette eller naturleg førekommande kjemiske stoff frå petroleumsvksemda. Nullutsleppsmålet gjeld for heile norsk sokkel. Målet om nullutslepp er vurdert som oppnådd for tilsette kjemikalier. Det er behov for ytterlegare tiltak for enkelte innretningar for å sikre at nullutsleppsmålet blir nådd òg for olje og naturleg førekommande stoff i produsert vatn. Konvensjonen for vern av det marine miljø i nordaust-Atlanteren (OSPAR) har vedteke ei ny tilråding om ei risikobasert tilnærming til handtering av produsert vatn. OSPARs tilråding stadfester det norske nullutsleppsarbeidet og medverkar til forsterka innsats nasjonalt for å redusere risiko frå produsert vatn. Nye risikovurderingar og vurderingar av beste tilgjengelege teknologi (BAT) vil bli gjennomført dei næraste åra, noko som Miljødirektoratet vil nytte som grunnlag for eventuelle krav om tiltak. Ved boring i område med korallar eller sårbar botnfauna, vil det bli stilt strenge krav for å hindre nedslamming som kan føre til skade på faunaen.

Verksemd som kan føre til akutt forureining skal til ei kvar tid ha eit akseptabelt beredskapsnivå sett i høve til risikoen for akutt forureining. Miljødirektoratet stiller krav etter forureiningslova til kommunar, petroleumsvksemd og anna privat verksemd om beredskap mot akutt forureining.

Skipsfarten er internasjonalt regulert gjennom konvensjonar fastsette av FNs sjøfartsorganisasjon (IMO). Noreg medverkar til at utsleppskrava til skip blir stadig strengare gjennom å arbeide for strengare regelverk, ratifisere konvensjonane og syte for god handheving. Sjøfartsdirektoratet står for handheving av desse krava av norskregistrerte skip i alle farvatn, og av utanlandske skip i norsk farvatn gjennom hamnestatskontroll.

Avfall

Det overordna målet med avfallspolitikken er å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og naturmiljø. Det er viktig å

minimere utslepp av lokal forureining, klimagassar og miljøgifter frå avfall. Samtidig ønskjer ein å auke utnyttinga av ressursane i avfallet. Politikken på avfallsfeltet skal medverke til at meir avfall blir halde i krinsløp og kjem til nytte som råvarer.

Avfallspolitikken blir gjennomført gjennom eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel; forureiningslova og forskrifter gitt i medhald av lova, avgifter, refusjons- og panteordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak, og kombinasjonar av desse. Fleire verkemiddel skal stimulere til material- eller energigjenvinning, under dette forbod mot deponering av nedbryteleg avfall og produsentansvar for fleire typar avfall.

Eit rammedirektiv for avfall (2008/98/EF) vart i 2011 innlemma i EØS-avtala. Norsk avfallsregelverk er vurdert å vere i tråd med rammedirektivet. Klima- og miljødepartementet vil foreslå enkelte endringar i forureiningslova, med sikte på å bringe omgrepa i avfallsregelverket meir i samsvar med EU-retten. Når det gjeld returordninga for innsamling av elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall), har EU vedteke nye reglar i direktivet for elektrisk og elektronisk avfall for å effektivisere ordningane og auke innsamlingsmåla. Endringane tredde i kraft i EU i 2012 og vil medføre enkelte endringar i avfallsforskrifta kapittel 1. Departementet har òg teke initiativ til å endre reglane i avfallsforskrifta om berekning av avfallsgebyr for å førebyggje ulovleg kryssubsidiering i avfallssektoren og tydeleggjere reglane for sjølvkostrekneskapen. Miljødirektoratet har gjort ein gjennomgang av retursystemet for drikkevareemballasje.

Klima- og miljødepartementet si avfallsstrategi inneheld både ein avfallsplan og eit program for avfallsførebygging i tråd med krava i rammedirektivet for avfall. Strategien løfter fram enkelte prioriterte område som miljøstyresmaktene vil arbeide med framover. Dette er blant anna avfallsførebygging, der matavfall er høgt prioritert, betre utnytting av ressursane i avfallet gjennom meir materialgjenvinning av blant anna plast og tekstil, og auka kunnskap om miljøgifter frå bilvrak. Andre prioriterte område er auka innsamling av elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) og innføring av ei produsentansvarsordning for fritidsbåtar. Innsamling og handtering av farleg avfall er òg høgt prioritert.

Den tidlegare avgifta på forbrenning av avfall vart innført i 1999 og avvikla i 2010. Avgifta vart innført for å stimulere til auka materialgjenvinning og reduserte avfallsmengder. Ved avviklinga var eit av måla å sikre like konkurransevilk

kår for forbrenning i norske og svenske anlegg, då Sverige hadde vedteke å fjerne si avgift. No har miljøkonsekvensane ved avviklinga vore evaluerte. Evalueringa gir ikkje grunnlag for å seie at avviklinga har hatt negativ effekt på mengda avfall som går til materialgjenvinning og biologisk behandling. Etter 2010 har dei norske forbrenningsanlegga styrkt konkurransevna si noko. Mengda eksportert avfall til Sverige er derfor truleg noko lågare enn om avgifta hadde halde fram.

Etter at deponiforbodet for biologisk nedbrytbart avfall vart innført har ikkje avgifta på deponering lenger betydning for å unngå deponering av avfallsfraksjonar som ein ønskjer å styre til andre behandlingsformer. Miljøomsyn gir derfor ikkje lenger grunn til å oppretthalde avgifta, og den vert foreslått avvikla.

Innsats knytt til å redusere helse- og miljøfarlege stoff i ulike produkt vil ha innverknad på arbeidet med å redusere miljøproblema når produkta blir avfall. Det er viktig å halde fram den store innsatsen som allereie blir gjort internasjonalt for å redusere innhaldet av helse- og miljøfarlege stoff i nye produkt. Farlege kjemikalier i produkt endar før eller seinare opp som avfall. For å redusere mengdene farleg avfall som oppstår blir innhaldet av farlege kjemikalier og miljøgifter i produkt regulert gjennom produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Enkelte stoff eller produktgrupper er forbodne eller avgrensa i forskrift.

Det har vore eit mål om at genereringa av ulike typar farleg avfall skal reduserast innan 2020 samanlikna med 2005-nivå. Dette målet har vist seg vanskeleg å oppnå. Ein av grunnane til dette er dei store mengdene farleg avfall som blir generert i industri-, bergverks-, og petroleumssektoren. Generert mengde farleg avfall her heng nært saman med aktivitetsnivå. Så lenge aktivitetsnivået er høgt eller aukande i desse bransjane er det lite truleg at generert mengd farleg avfall vil bli redusert. Så lenge aktivitetsnivået er høgt eller aukande i desse bransjane er det lite truleg at generert mengd farleg avfall vil bli redusert. Samtidig kan mengda farleg avfall som oppstår frå kasserte produkt reduserast på lang sikt gjennom systematisk innsats for å få ned innhaldet av farlege stoff i produkta. Arbeidet med å redusere og hindre utslepp av slike stoff er allereie godt dekt av kjemikaliepolitikken og dei nasjonale måla for miljøgifter og helse- og miljøfarlege stoff. Det nasjonale målet om at farleg avfall skal takast forsvareleg hand om og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingsskapitet dekkjer både at vi skal sikre innsamling av det far-

lege avfallet som oppstår, og at vi skal sikre at avfallet går til ei miljøvis god behandling utan at vi er avhengige av eksportløyser. Dette målet og dagens indikator, saman med måla i kjemikaliepolitikken, vil dekkje innsatsen mot farleg avfall. Det er på denne bakgrunn ikkje behov for eit eige mål om generering av farleg avfall, som derfor er fjerna frå 2015.

Sjølv om stadig meir farleg avfall blir forsvarleg teke hand om er det likevel farleg avfall som går til ukjent behandling. Det blir gjort ein særleg innsats for å auke innsamlinga av prioritert farleg avfall og å sikre forsvarleg handtering. Auka innsamling av avfall som inneheld olje er prioritert, og informasjon til bransjen og tilsyn er styrkt. Informasjon til befolkninga, bedrifter og kommunar er òg ein viktig del av styresmaktene sitt arbeid for å auke innsamlinga av farleg avfall. Tilsyn med farleg avfall og samarbeid mellom involverte etatar er vesentleg styrkt dei siste åra, og dette arbeidet skal halde fram. Tilsyn har fått auka merksemd for å redusere illegal import og eksport, særleg eksport til fattige land. Forslag til ei lovendring for å skjerpe reaksjonane mot ulovleg eksport og import av farleg avfall vert vedteke av Stortinget 16. juni 2014. Klima- og miljødepartementet vurderer fortløpande utviklinga på området, om verkemidla fungerer etter intensjonen og behovet for nye verkemiddel. For eksempel er det behov for å vurdere om det er mogleg å utnytte ressursane i det farlege avfallet utan at dette fører til auka risiko for helse og miljø.

Noreg tok i 1999 opp miljøproblema knytte til opphogging av skip, og fremja etableringa av eit internasjonalt bindande regelverk i regi av FNs sjøfartsorganisasjon. Dette fekk Noreg tilslutning til, og i 2009 vart ein ny konvensjon om sikker og miljøforsvarleg opphogging av skip (Hong Kongkonvensjonen) fastsett. Stortinget samtykte i å tiltre konvensjonen 14. mai 2013. Krava i konvensjonen er ikkje venta å tre i kraft før tidlegast i 2020.

EU la i 2011 fram ein strategi for auka ressurseffektivitet med forslag til både sektorvise og sektorovergripande tiltak. EU har gått vidare på avfallsfeltet i 2014, og Kommisjonen la 2. juli fram forslag til endringar i fleire avfallsdirektiv. Endringane er særleg knytte til auka ambisjonar for ombruk og materialgjenvinning. Noreg har halde seminar om miljøgifter og materialgjenvinning av plast i Brussel i 2014, og har delteke i relevante høyringar. Generelt følgjer Klima- og miljødepartementet aktivt med på EUs arbeid for auka ressurseffektivitet, og gir innspel på avfalls- og gjenvinningsområdet der vi har relevant erfaring å bidra med.

Radioaktive stoff

Utslepp, risiko for utslepp og spreining av radioaktive stoff som kan forårsake helse- og miljøskade skal haldast på lågast mogleg nivå. Alt radioaktivt avfall skal handterast forsvarleg på godkjent måte. Noreg har i forureiningslova ein god reiskap for å nå måla med å redusere utslepp og risiko for utslepp nasjonalt og for å sikre eit heilskapeleg og miljømessig forsvarleg system for handtering av radioaktivt avfall. Innføringa av eit deklarasjonssystem for radioaktivt avfall har vore eit viktig verkemiddel for å sikre kartlegging av avfallet. Gjennomføring av regelverket med særleg vekt på tilsyn, og å sikre ei god avfallshandtering er høgt prioritert. Eit godt utbygd overvakingssystem er sentralt for å sikre god og oppdatert kunnskap om tilstanden. Arbeidet med å få betre kunnskap om ulike kjelder til radioaktiv forureining, om miljøeffektane av dei og eit betre grunnlag for overvaking skal òg førast vidare. Det er òg prioritert å vidareføre forskning på den verknaden radioaktiv stråling har i det ytre miljøet. For å redusere utslepp og risiko for utslepp av radioaktive stoff frå andre land har Noreg dialog og samarbeid med dei landa der det finst kjelder som kan påverke Noreg.

Ei atomhending kan føre til betydelege konsekvensar for miljøet. Også enkelte tiltak for å beskytte samfunnet kan føre til forureining av miljøet. Tiltak i akuttfasen må derfor vurderast også med tanke på konsekvensar i seinfasen, og det er viktig med eit godt planverk. For å sikre god forankring og gjennomføring av planverk på området i miljøforvaltninga og grunnlag for vidareutvikling, er det planlagt ein ekstra innsats frå 2015 på 2 mill. kroner over 3 år. Ei slik satsing vil òg gi rom for å forsterke arbeidet med beredskapsøvingar.

Langtransportert luftforureining

Internasjonale avtaler

Målet om at helse og miljø ikkje skal ta skade av luftforureining frå SO₂, NO_x, VOC, ammoniakk eller partiklar kan berre nåast gjennom internasjonalt samarbeid for å redusere langtransportert forureining. Takka vere dei internasjonale avtalene under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining*, er tilførslene av sur nedbør til Noreg vesentleg reduserte sidan 1980. Likevel vil vassforsuring framleis vere eit problem i store delar av Noreg fleire tiår framover

dersom tilførselene av svovel og nitrogen ikkje blir ytterlegare reduserte.

Langtransportert luftforureining fører òg til overgjødning av vegetasjon og til høge konsentrasjonar av bakkenært ozon som kan skade både helse, vegetasjon og materialar. Landa som deltek i samarbeidet under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining* er i forskjellig grad råka av ulike skadar som følgje av luftforureiningar. Ettersom dei ulike skadane stort sett skuldast dei same stoffa og utsleppskjeldene, har konvensjonen sine partar valt å gå saman om å finne heilskapelege løysingar på dei forskjellige miljøproblema. Ei lang rekkje land har påteke seg forplikningar om å redusere sine samla utslepp av luftforureiningar, sist gjennom Gøteborgprotokollen av 1999 om reduksjon av forsureing, overgjødning og bakkenært ozon.

Landa som er partar til Gøteborgprotokollen vart i 2012 samde om endringar i protokollen. I tillegg til dei opprinnelege utsleppsforplikningane som gjeld frå 2010, tok partane til protokollen på seg nye utsleppsforplikningar som skal oppfyllest innan 2020. Noreg har teke på seg følgjande forplikningar om utsleppsreduksjonar innan 2020, med 2005 som basisår: svoveldioksid (SO₂): 10 pst., nitrogenoksid (NO_x): 23 pst., flyktige organiske sambindingar unnateke metan (HNMVOC): 40 pst., ammoniakk: 8 pst. og små partiklar (PM_{2,5}): 30 pst.

Noreg deltek aktivt i det internasjonale samarbeidet under *Konvensjonen om langtransportert grenseoverskridande luftforureining* med mål om å redusere tilførselene av luftforureiningar, slik at ein unngår skadar på helse og miljø. Det er viktig å medverke til at fleire av landa i Sør- og Aust-Europa, Kaukasus og Sentral-Asia sluttar seg til den reviderte Gøteborgprotokollen. Noreg vil i arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining òg leggje vekt på at landa skal redusere forureinande utslepp som medverkar til klimaendringar, mellom anna svart karbon (sot).

EU har innlemma forplikningane i Gøteborgprotokollen av 1999 i sitt miljøregelverk. Det vart i desember 2009 bestemt å innlemme EUs direktiv om nasjonale utsleppstak for forureiningar til luft, «takdirektivet» i EØS-avtala. Kommisjonen la i desember 2013 fram forslag til eit nytt direktiv om reduksjon i forureinande utslepp til luft. Forslaget inneber gjennomføring i EU av dei nye utsleppsforplikningane i den reviderte Gøteborgprotokollen av 2012. Kommisjonen foreslår i tillegg nye utsleppsforplikningar som skal gjelde frå 2030. Forslaget til nytt direktiv er til behandling i EU.

Kunnskapsgrunnlaget

Arbeidet med å redusere langtransportert luftforureining er basert på omfattende kunnskap gjennom overvaking, forskning og analysar av utslepp, tilførsler og effektar av luftforureiningar og strategiar for å redusere utslepp i tråd med felles miljømål.

Overvakinga av langtransportert forureining i luft og nedbør omfattar undersøkingar både av tilførsler og effektar av forsurende sambindingar (svovel- og nitrogensambindingar), eutrofiering (nitrogensambindingar), bakkenært ozon, partiklar og miljøgifter (tungmetall, persistente organiske sambindingar). Miljødirektoratet har ansvaret for desse overvakingsprogramma i Noreg, sjå nærare omtale under kapittel 19 Kunnskap.

Noreg samarbeider internasjonalt om å betre kunnskapen om utslepp, tilførsler og effektar av luftforureiningar gjennom Det europeiske overvakingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP) og gjennom dei internasjonale samarbeidsprogramma for miljøeffektar under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*. Landa samarbeider òg innanfor ramma av denne konvensjonen om å utvikle kunnskapsgrunnlaget for val av tiltaksstrategiar for å redusere miljøskadar som følgje av langtransportert luftforureining, bl.a. kunnskap om moglege utsleppsreducerande tiltak og kostnader ved desse.

Norske fagmiljø som *Meteorologisk institutt*, *Norsk institutt for luftforskning* og *Norsk institutt for vannforskning* medverkar i vesentleg grad til denne kunnskapsutviklinga gjennom sine funksjonar som internasjonale fagsenter under *Konvensjonen om grenseoverskridande langtransportert luftforureining*. I tillegg til Miljødirektoratet deltek òg andre norske fagmiljø som Landbruksdirektoratet, Folkehelseinstituttet, Statistisk sentralbyrå og Norsk institutt for skog og landskap i ekspertgrupper under konvensjonen.

Ei viktig oppgåve for miljøforvaltninga i 2015 blir å betre metodane for berekning av utslepp av luftforureiningar i tråd med nye internasjonale retningslinjer for dette. Løyvinga til dette arbeidet vil bli auka med 500 000 kroner.

Arbeidet med å overhalde Noregs internasjonale utslippsforplikningar

Noreg har i Gøteborgprotokollen skyldnader om å halde dei samla årlege utsleppa av svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksid (NO_x), flyktige organiske sambindingar unnateke metan (NMVOC) og

ammoniakk (NH₃) under talfesta nivå frå 2010. Ved innlemming av direktivet om nasjonale utsleppstak for forureiningar til luft («takdirektivet») har Noreg i EØS-avtala teke på seg å halde dei same utsleppstaka som dei vi har i Gøteborgprotokollen. Regjeringa ser det som svært viktig å overhalde dei internasjonale forpliktingane på dette området.

Utsleppstal for 2012 og foreløpige utsleppstal for 2013 publiserte av Statistisk sentralbyrå og Miljødirektoratet, viser at Noreg i begge desse åra overheldt utsleppsforpliktingane for både SO₂ og NMVOC. Utsleppa av NO_x som er omfatta av Gøteborgprotokollen låg i 2012 og 2013 om lag på høvesvis 10 000 tonn og 4 000 tonn over forpliktinga Noreg har i protokollen om eit maksimalt årleg utslepp på 156 000 tonn frå 2010. Ammoniakkutsleppa var i 2012 og 2013 om lag 4 000 tonn høgare enn dei internasjonale forpliktingane som gjeld frå 2010 om å halde dei årlege utsleppa på maksimalt 23 000 tonn. Berekningane av utslepp av ammoniakk frå jordbruk er blitt forbetra og det er dette som forklarar at utsleppa no er høgare enn det Noreg har forplikta seg til.

Hovudinnsatsen framover innanfor det nasjonale arbeidet med langtransportert luftforureining er å redusere utsleppa av NO_x og ammoniakk i tråd med forpliktingane i Gøteborgprotokollen. Av utsleppa som er omfatta av protokollen, blir utslepp av SO₂, NO_x og NMVOC regulerte i utsleppsløyve etter forureiningslova og i tråd med føresegnene i relevante EU-direktiv som er innlemma i EØS-avtala. Slik regulering har dei seinare åra vore særleg viktig for å redusere utsleppa av NMVOC frå lasting og lagring av råolje på sokkelen. På bakgrunn av utsleppsforpliktinga i Gøteborgprotokollen underteikna Klima- og miljødepartementet og Norsk Industri i 2001 ein intensjonsavtale om å redusere svovelutsleppa. Utslepp av SO₂ frå den enkelte verksemda blir regulerte i utsleppsløyve frå Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet og Norsk Industri forlenga i 2013 intensjonsavtala ut 2018. Tilleggsavtala har som formål å sikre at dei årlege utsleppa av SO₂ frå prosessindustrien ikkje skal overstige 11 000 tonn.

Utslepp av SO₂, NO_x og VOC er òg regulerte i forskrifter etter forureiningslova, produktkontrolllova og relevant sektorlovgiving. Til dømes er utsleppa av NO_x frå køyretøy regulerte gjennom køyretøyforskriftene til vegtrafikklova. Krav til kvaliteten på bensin og autodiesel til køyretøy, ikkje-veggåande maskiner og landbrukstraktorar er bestemt i forskrift til produktkontrolllova. Innhaldet av svovel i fyringsolje er regulert i forskrift

til forureiningslova. Krav til utslepp av VOC frå lagring, distribusjon og påfylling av bensin, frå bruk av løysemiddel i visse verksemdar og anlegg, og VOC i maling og lakk er regulerte i forskrifter til forureiningslova og produktkontrolllova.

Nærare 90 pst. av ammoniakkutsleppa i Noreg skjer i landbruket. For å oppfylle Noregs forpliktingar i *Gøteborgprotokollen* om utslepp av ammoniakk, har Landbruks- og matdepartementet innarbeidd strengare krav til utforming av husdyrrom og gjødsellager for ekstra store svine- og fjøfebesetningar i forskrift om gjødselvarer m.v., av organisk opphav. Som følgje av endringane i utsleppsrekneskapen og oppjusteringa av Noreg sine utslepp av ammoniakk, vil Regjeringa no sjå nærare på korleis ein kan redusere utsleppa av ammoniakk frå handtering av husdyrgjødsel ytterlegare gjennom å stimulere til bruk av nye metodar for lagring og spreining av gjødsla.

Avgiftspolitikken er òg viktig for å stimulere til reduserte utslepp til luft. Noreg har i fleire år hatt avgift på svovelinnhaldet i mineraloljer. Avgifta medverkar til å redusere svovelutsleppa. NO_x-avgifta og Miljøavtala mellom Klima- og miljødepartementet og næringsorganisasjonane av 2008 om reduksjon av NO_x-utsleppa er særleg viktige verkemiddel for å redusere desse utsleppa. Klima- og miljødepartementet og næringsorganisasjonane forlenga i 2010 NO_x-avtala for perioden 2011–2017. Miljødirektoratet har som oppgåve å sjå til at organisasjonane overheld sine forpliktingar i NO_x-avtala. Direktoratet har stadfesta at organisasjonane oppfylte reduksjonsforpliktingane på 2 000 tonn for 2008, 4 000 tonn for 2009, 5 000 tonn for 2010, 10 000 tonn for 2011 og 2 000 tonn for 2012. For perioden 2013–2014 er forpliktinga å gjennomføre tiltak som vil redusere dei samla årlege utsleppa med 4 000 tonn.

Regjeringa arbeider innanfor FN's sjøfartsorganisasjon (IMO) for å utvikle eit meir effektivt regelverk for å redusere utsleppa til luft frå skipsfarten. I 2008 fastsette IMO nye krav til utslepp av NO_x gjennom endring i vedlegg VI til MARPOL-konvensjonen. Frå 1. januar 2011 skal skip bygde og maskineri installert etter denne datoen ha 15–22 pst. lågare utslepp enn dei tidlegare krava. Det er òg vedteke krav til utslepp av NO_x frå eksisterande maskineri over 5 000 kW og sylindervolum over 90 liter installert på skip bygde i perioden 1990–1999. Regjeringa vurderer, saman med dei andre Nordsjølanda, å søkje IMO om å gi Nordsjøen status som spesiell region med strengare krav til utslepp av NO_x.

Gjennom MARPOL-konvensjonen, vedlegg VI, er det etablert eit svovelkontrollområde i Nordsjøområdet. Dette inneber at skip må nytte drivstoff med maksimalt 1,0 vektprosent svovel i dette området, mens den alminnelege grensa i MARPOL er 3,5 vektprosent svovel.

Det er vedteke at svovelkravet i svovelkontrollområda skal vere 0,1 vektprosent frå 2015 og at kravet i andre havområde skal vere 0,5 vektprosent frå 2020. Svovelkrava for skipsfarten vil truleg medføre ein sterk reduksjon i bruken av tungolje samtidig som det vil stimulere til at fleire skip blir bygde med gassmotorar.

Lokal luftkvalitet

Føresegnene om lokal luftkvalitet i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 7 er det sentrale verkemiddelet på området lokal luftkvalitet. I forskrifta er kommunane gjort til forureiningsstyresmakt for lokal luft. Forskrifta gir grenseverdier for konsentrasjonar av ei rekkje stoff i luft og stiller krav til målingar, utrekingar, utgreiingar av tiltak og rapportering. Lovgivinga har sitt utspring i EUs rammedirektiv for luftkvalitet, og er innlemma i EØS-avtala. Noreg deltek i styringsgruppa som drøftar EUs vidare strategiar og politikk for å redusere langtransporterte og lokale luftforureiningar.

Noreg mottok 6. november 2013 eit formelt opningsbrev frå ESA om brot på luftkvalitetsdirektivet. Noreg svarte på brevet frå ESA 13. januar 2014. Den 26. april kunngjorde likevel ESA at dei gjekk vidare med saka mot Noreg for brot på luftkvalitetsdirektivet. Noreg fekk same dag òg avslag på søknad om å utsetje fristen for å nå grenseverdiane for NO₂ for alle byar utanom Bergen, som fekk unntak fram til 1.1. 2015.

ESA viser til at Noreg i perioden frå 2008 til 2012 har rapportert ei rekkje overskridingar av direktivet sine grenseverdier for SO₂, NO₂ og PM₁₀. Desse overskridingane er ikkje avviste frå Noregs side, og utgjer brot på direktivet. Vidare peiker ESA i sitt brev på manglar ved kommunane sine tiltaksutgreiingar. ESA viser òg til at målekvaliteten for sone 7 (Troms og Finnmark) i 2009 og 2010 ikkje var i samsvar med direktivet sine krav.

Den grunngitte uttala vart svara på den 26. mai 2014, og ESA vurderer no svaret frå Noreg. Derksom ESA ikkje finn svaret tilfredsstillande, kan dei velje å bringe saka inn for EFTA-domstolen.

Fleire potensielle tiltak og verkemiddel som kan redusere luftforureiningar ligg utanfor Klima- og miljødepartementets myndeområde. Klima- og

miljødepartementet har likevel ei pådrivarrolle i forhold til andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere luftforureining. Dei siste åra har det vore viktig å utvide verktøykassa til kommunar og anleggseigarar slik at det kan setjast i verk tiltak i periodar med overskridingar av grenseverdiane i forureiningsforskrifta. Rettleiar TA-2842 frå 2011 klargjer ansvarsforhold ved innføring av tiltak, og når desse skal innførast.

Det nasjonale målet er strengare enn krava i forureiningsforskrifta. For å få ein luftkvalitet som ikkje berre tilfredsstillar krava i forskrifta, men som òg betrar luftkvaliteten mot nasjonale mål fekk Miljødirektoratet i oppdrag å utarbeide eit forslag til innskjerpa grenseverdier i forureiningsforskrifta kapittel 7 om lokal luftkvalitet. Formålet med ei slik eventuell innskjerping er å gi kommunar og anleggseigarar eit større insitament til å betre lokal luftkvalitet. Miljødirektoratet avga si tilråding 28. februar 2014. I tilrådinga foreslår Miljødirektoratet ei trinnvis innstramming av grenseverdien for partiklar, basert bl.a. på nyare forskning om helseeffektar. Tilrådingane frå direktoratet er til vurdering i departementet. I 2012 kom ei retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging. Retningslinja er eit viktig verkemiddel for å sikre at kommunar når nasjonale mål og grenseverdiane i forskrifta på sikt.

For å kunne gjennomføre tiltak som reduserer nivåa av lokale forureiningar er det nødvendig å dokumentere effekten av tiltak, og det er behov for betre berekningsverktøy på dette området. Geografisk kartlegging av forureining er òg viktig for å få vite kor mange menneske som er utsette for høge nivå. Det er derfor sett i gang eit arbeid med å utvikle og etablere eit nasjonalt berekningsverktøy for lokal luftkvalitet.

Ozonreducerande stoff

Noreg har oppnådd gode resultat i reduksjon og stans i bruk av ozonreducerande stoff. Vi oppfyller forpliktingane i Montrealprotokollen og vi har ei målsetjing om å utvikle dette avtaleverket vidare til framleis å vere eit miljø- og kostnadseffektivt instrument for å avgrense utslipp av ozonreducerande stoff både nasjonalt og internasjonalt. Bindande internasjonale avtaler er avgjerande for å løyse dei globale og grenseoverskridande miljøutfordringane.

Miljøstyresmaktene arbeider òg aktivt med å fase ut all bruk av ozonreducerande stoff i Noreg. Det er likevel framleis attståande utfordringar som må følgjast opp for at ozonlaget skal restitue-

rast innan rimeleg tid. Blant anna gjeld dette slutt på bruk også av gjenvunnen HKFK, og å sikre at stoff som ikkje lenger er i bruk blir forsvarleg tekne hand om og destruerte. Noregs og EUs mål er at bruken av HKFK skal vere fasa ut innan 2015. Frå 1. januar 2015 er det ikkje lenger tillate å etterfylle HKFK-gass på anlegg og utstyr som inneheld denne gassen. Det vart ikkje importert HKFK for bruk i Noreg i 2013, men svært små mengder av stoffet vart importerte til laboratorieførmål, og omlag 12 tonn HKFK og om lag 5 tonn KFK vart eksporterte for destruksjon i Sverige. Import og eksport for desse førmål er unnatekne frå forbodet i norsk og internasjonalt regelverk. Det vart importert 1,4 kilo ozonreducerande stoff i 2013 for bruk i laboratorium, som ikkje medfører utslepp av betydning. Vidare vart det eksportert om lag 30 kilo halon for bruk i luftfartøy. Dette bruksområdet er òg unntekte frå forbodet i norsk og internasjonalt regelverk.

Montrealprotokollen er ei internasjonal avtale som forpliktar medlemslanda til utfasing av bruk og til betydelege reduksjonar i utslepp av gassar som er skadelege for ozonlaget. Utfasingsregimet er strengast for dei rikaste landa, som har stått for størsteparten av utsleppa. FNs miljøprogram, UNEP, har rekna ut at utan Montrealprotokollen ville mengda av ozonreducerande gassar i stratosfæren i år 2050 ha vore fem gonger større enn i dag. Det har vore arbeidd aktivt frå Noregs side dei siste åra for eit vedtak om rask og effektiv nedfasing av produksjon og forbruk av HFK-gassar gjennom Montrealprotokollen.

Støy

Regjeringa vil arbeide for å redusere støyplager gjennom å følgje opp nasjonale og internasjonale forpliktingar. Miljøstyresmaktene følgjer opp status og utvikling i støyutsleppa og støyplaga generelt.

Forureiningsforskrifta kapittel 5 stiller krav til gjennomføring av utbetringstiltak for personar som er utsette for innandørs støy over 42 dB i gjennomsnitt over døgnet. Fleire potensielle tiltak og verkemiddel som kan redusere støyplager ligg utanfor myndeområdet til Klima- og miljødepartementet. Det er dei ulike sektordepartementa som har hovudansvaret for å sikre at støyplaga blir redusert innanfor sin samfunnssektor, og å medverke til at det nasjonale resultatmålet for støy kan bli nådd. Klima- og miljødepartementet har likevel ei pådrivarrolle overfor andre departement og etatar for å få gjennomført tiltak som kan redusere støyplager.

Ein fornuftig arealbruk etter plan- og bygningslova er kanskje det viktigaste verkemiddelet for å førebyggje støyproblem. Det er gitt ei felles retningslinje (T-1442/2012) for behandling av støy i plansaker, med fokus på dei største støykjeldene.

Mange av dei mest støyutsette bustadane har fått fasadeisolering og støyskjerming jf. forureiningsforskrifta, men for å nå måla må vi i tillegg redusere støyen der han oppstår. Støyreducerande tiltak i trafikksamheng kan vere å leggje støysvake vegdekke på norske vegar, tiltak for å auke salet av støyreducerande bildekk og køyretoy, lågare fartsgrenser med meir. Krav til støy frå køyretoy og bildekk er fastsette i forskrift om godkjenning av bil og tilhengar og i køyretoyforskrifta. Gjennom dekkmerkeforskrifta er det innført ei obligatorisk merkeordning for bildekk, som blant anna gjeld støy. Skal ein nå det nasjonale støy målet trengst det likevel nye tiltak og verkemiddel, særleg retta inn mot støy frå vegtrafikken. Klima- og miljødepartementet har i 2014 oppdatert den nasjonale handlingsplanen mot støy ut 2015 saman med sektordepartementa og med innspel frå etatane.

EU arbeider òg med å avgrense støy frå ulike kjelder som køyretoy, fly og flypassar, og frå ei rekkje maskiner til utandørs bruk. Ny rettsakt om støy frå køyretoy vart fastsett i mai 2014. EUs direktiv 2002/49/EF er teke inn i forureiningsforskrifta, og i tråd med dette skal anleggseigarar utarbeide støykart og handlingsplanar for å redusere støy.

9.5 Resultatområde 5 Klima

Innleiing

Klimaet er i ferd med å endre seg. Menneskeleg påverknad er ei hovudårsak. Auka utslepp av klimagassar frå mellom anna forbrenning av kol, olje og gass, fører saman med auka avskoging til global oppvarming på grunn av opphoping av klimagassar i atmosfæren. Klimaendringar har allereie betydelege konsekvensar. Jo varmare det blir, jo større verknader. Utan store kutt i klimagassutsleppa, risikerer vi ei global oppvarming på 4–5 °C i løpet av dette hundreåret, samanlikna med førindustriell tid.

Ein auke i temperaturen på 4 °C eller meir jamført med førindustrielt nivå vil ha svært alvorlege verknader som kan vere irreversible (sjå meir om temperaturendringar og konsekvensar under). Allereie ved to til tre grader vil omfanget av klimaendringar kunne truge mattryggleik,

vassforsyning, helse og levevilkår for verdas befolkning. Endra nedbørsmønster, smeltande snø og is påverkar vasskvalitet og vasstilgang i mange regionar. Klimarelaterte ekstremhendingar, som hetebølgjer, tørke, flaumar, syklonar og skogbrannar, har store kostnader og alvorlege konsekvensar. Samtidig kan risikoen ved alvorleg global oppvarming og ekstremhendingar redusert gjennom tilpassing og snarlege utsleppsreduksjonar.

Leiarane i verda er samde om at den globale temperaturauken må haldast under 2 °C jamført med førindustrielt nivå. Togradersmålet er lagt til grunn i internasjonale klimaforhandlingar og i norsk klimapolitikk. Det er svært krevjande å nå dette målet. Omfattande og snarlege utsleppsreduksjonar må til, og alle sektorar blir berørte. Ifølgje FNs klimapanel har vi allereie sloppet ut nærare to tredelar av den totale mengda CO₂ som vi kan sleppe ut, dersom vi skal overhalde togradersmålet. Det langsiktige svaret på klimautfordringa er at Noreg og andre land blir lågutsleppsammunn, i tråd med tolegrensene for mengda klimagassar i atmosfæren.

Etter klimamøta i København og Cancún har om lag 100 land vedteke klimamål for tida fram til 2020. Desse måla er ikkje nok for å sikre ei utsleppsbane i tråd med togradersmålet. Det er òg mange land som ikkje har klimamål. Derfor vart det bestemt i 2011 å framforhandle ei klimaavtale som skal gjelde for alle land, under FNs klimakonvensjon. Avtala skal vere ferdig i 2015 og ha effekt frå 2020. I tillegg er det sett i gang eit særskilt arbeid for å utløyse større utsleppsreduksjonar før 2020.

Det enkelte land har eit ansvar for å føre ein aktiv nasjonal politikk for å redusere utsleppa av klimagassar. Derfor må vi redusere utsleppa i Noreg, samtidig som vi arbeider for ei internasjonal avtale som gir utsleppskutt i andre land òg. Regjeringa byggjer sin klimapolitikk på forvaltaransvaret og føre var-prinsippet. Den kloden vi skal overlata til barna våre skal vere i minst like god stand som vi overtok den frå våre forfedrar. Noreg må ta ansvar for kommande generasjonar sitt livsgrunnlag ved å medverke til internasjonalt forpliktande utsleppsavtaler og ved å investere i forskning og utvikling av ny teknologi som kan medverke til å realisere eit lågutsleppssammunn. Regjeringa vil føre ein ambisiøs nasjonal klimapolitikk med ei langsiktig omstilling til eit lågutsleppssammunn innan 2050.

Vi må òg tilpasse oss dei klimaendringane vi allereie ser og dei som vi veit vil komme.

Resultatområdet omfattar arbeidet med å redusere utslepp og auke opptak av klimagassar, mellom desse karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O), og fluorhaldige gassar (f-gassane HFK, PFK og SF₆). Resultatområdet omfattar både nasjonal klimapolitikk og internasjonal klimainnsats, som forhandlingar om ei ny klimaavtale, reduserte utslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland, kvotekjøp, kortliva klimadrivarar og andre innsatsområde for å utløyse ytterlegare klimainnsats internasjonalt. Vidare omfattar resultatområdet klimatilpassing og internasjonal klimafinansiering. Frå 2008 har det vore sett av midlar i budsjettet til *klima- og skogsatsinga*. Satsinga inneber mellom anna at Noreg betaler for arbeid med reduksjonar i CO₂-utslepp i utviklingsland gjennom skogbevaring og mot avskoging. Gjennom satsinga er Noreg ein pådrivar internasjonalt for å få til utsleppsreduksjonar også før ei internasjonal avtale er på plass.

Nasjonale mål

Nedanfor blir dei nasjonale måla presenterte.

- Nasjonalt mål 5.1: Noreg skal vere karbonnøytralt i 2050.
- Nasjonalt mål 5.2: Som ein del av ei global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar, skal Noreg ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030. Det inneber at Noreg skal syte for utsleppsreduksjonar i andre land svarande til norske utslepp i 2030.
- Nasjonalt mål 5.3: Noreg skal overoppfylle utsleppsforpliktinga si med 10 prosentpoeng til 9 pst. under 1990-nivå.
- Nasjonalt mål 5.4: Noreg skal fram til 2020 ta på seg ei forplikting om å kutte i dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30 pst. av Noregs utslepp i 1990.
- Nasjonalt mål 5.5: Noreg skal oppnå lågare utslepp av klimagassar gjennom redusert avskoging og skogdegradering i utviklingsland, og medverke til berekraftig utvikling og fattigdomsreduksjon.
- Nasjonalt mål 5.6: Samfunnet skal førebuast på og tilpassast til klimaendringane.

Status på mål og indikatorar er presentert på www.miljostatus.no

Tilstand

Global oppvarming og klimaendringar til no

Oppvarming av klimasystemet er utvitydig og den menneskelege påverknaden er klar, ifølgje den siste hovudrapporten frå FNs klimapanel. Sidan 1880 har global gjennomsnittstemperatur stige med 0,85 °C, og temperaturauken har gått raskare dei siste 60 åra. Klimaet har endra seg betydeleg allereie. Snødekket på den nordlege halvkula har blitt redusert og utbreiinga av havis i Arktis har minka med 3,5–4,1 pst. pr. tiår frå 1979–2012. Både innlandsisen på Grønland og på Antarktis har tapt masse dei siste tjue åra. Over nesten heile verda held isbrear fram å minke. Mykje av den globale oppvarminga er blitt absorbert i verdshava, som har blitt varmare. Havnivået har stige, og havnivåstigninga har vore raskare dei siste tiåra. Havnivåstigninga skuldast både oppvarminga, avsmelting frå isbrear og smelting frå ismassane på Grønland og Antarktis. Havet har òg blitt surare som følgje av opptak av CO₂. Surare havvatn vil på sikt kunne ha stor negativ verknad på livet i havet, mellom anna for korallreva.


Temperaturen aukar meir over land enn over havområda. Auken i temperaturen er særleg sterk ved polane, og den er raskare enn andre stader i Arktis. Dersom utviklinga held fram som no, risikerer vi ei oppvarming på 7–9 °C i Arktis, sjølv om den globale gjennomsnittsauken er på 4–6 °C. Dei siste ti åra er det observert dramatiske endringar i isdekket i Arktis. Både område som er dekte av sjøis og snø, og kor lang tid dei er dekte, minkar. Temperaturauken i nordområda er ekstra alvorleg – konsekvensane her medverkar til å forsterke den globale oppvarminga. Isen reflekterer sollyset. Når isen smeltar, blir det mindre refleksjon av sollys. Den globale oppvarminga blir forsterka.

Det same skjer med sot som legg seg på snø, og dermed ikkje reflekterer sollyset. I Arktis medverkar sot som legg seg på snø og is til nedsmeltinga av is i Arktis, og dermed òg til den globale oppvarminga. Temperaturar i permafrosten har auka med opp til 2 °C. Området med permafrost på den nordlege halvkula kan bli redusert med opptil 80 pst. i høve til i dag, i løpet av dette hundreåret. Om permafrosten tinar, kan store mengder av den sterke klimagassen metan bli frigjorte frå bakken og ytterlegare forsterke og skunde fram klimaendringane. Overvakinga av klimagassar på Svalbard viser ein markant auke i konsentrasjonen av metan dei siste fem åra. Det er foreløpig uvisst om dette har samheng med smelting av permafrost. Forskarar anslår at ein temperaturauke på 3,5 °C på Svalbard vil føre til introduksjon av om lag 80–100 nye plantearter, ein auke på 50–70 pst. Arter som er spesielt tilpassa polarklimaet vil få store problem.

Dei globale utsleppa av klimagassar

I 2010 var globale menneskeskapte utslepp av klimagassar 49 milliardar tonn CO₂-ekvivalentar (klimaeffekt av ulike klimagassar omrekna til klimaeffekt av CO₂) mens dei i 1970 var 27 milliardar tonn CO₂-ekvivalentar. Frå 2000 til 2010 auka årlege globale utslepp frå om lag 40 til 49 milliardar tonn CO₂-ekvivalentar. Dette tilsvarer ein gjennomsnittleg årleg vekst på 2,2 pst. og er raskare enn veksten dei føregåande tre tiåra. Utslepp av CO₂ frå forbrenning av fossile brensler og industriprosessar medverka til 78 pst. av dei samla utsleppa.

Global økonomisk vekst, befolkningsvekst og aukande energibehov med auka bruk av kolkraft har drive utsleppa oppover.




Figur 9.1 Totale årlige menneskeskapte klimagassutslipp per gass 1970–2010

Kjelde: Miljødirektoratet

Truleg vil over to tredelar av utsléppsauken fram-over komme frå mellom- og låginntektsland – utviklingsland som er i gang med ei velstandsutvikling. Kina har allereie gått forbi USA som landet med størst samla utslépp i verda.

Det er framleis dei rike industrilanda som har størst utslépp pr. person, men store framveksande økonomiar (øvre mellominntektsland) som Kina er på om lag same nivå. Låginntektsland har framleis dei lågaste utsléppa og har heller ikkje hatt vekst i utsléppa i same tidsrom.



Figur 9.2 Globale utslépp CO₂ frå fossilt brensel og sementproduksjon per region, 1990–2012


Kjelde: Oliver JGJ, Jansens-Maenhout G, Muntean M and Peters JAHW (2013), Trends in Global CO₂ emissions; 2013 report, The Hague: PBC Netherlands Environmental Assessment Agency Ispra: Joint Research Centre

Utsleppa av klimagassar i Noreg

Dei norske klimagassutsleppa var i 2013 på 52,8 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, omtrent det same som i 2012. Dette ifølgje dei foreløpige utsleppstala frå Statistisk Sentralbyrå (SSB). Bortsett frå i 2009, då utsleppa gjekk ned som følgje av låg økonomisk aktivitet, har ikkje utsleppa vore lågare sidan 1995. Utsleppa låg i 2013 knapt 5 pst. over 1990-nivå. Petroleumverksemda er ifølgje Statis-

tisk sentralbyrå den største utsleppskjelda i Noreg og stod i 2013 for 27 pst. av dei totale klimagassutsleppa, mens industri sto for 22 pst. og vegtrafikk for 19 pst. Innanriks luft- og sjøfart og annan transport stod for 13 pst., mens ulike andre utslepp stod for 19 pst. i 2013.

Skog og landareal har i Noreg dei siste åra teke opp mellom 22 og 27 mill. tonn CO₂ årleg. Det utgjer om lag halvparten av dei samla norske utsleppa av klimagassar.




Figur 9.3 Utslepp av klimagassar i Noreg 1990–2013

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå og Miljødirektoratet

Boks 9.5 Klimagassutslepp og klimaendringar

Den naturlege drivhuseffekten er livsnødvendig for menneske og dyr på jorda. Utan denne ville gjennomsnittstemperaturen på jorda ha vore 18 kuldegrader. Verdhava ville ha vore dekte av is. Klimagassar i atmosfæren slepp gjennom det meste av energien frå sola, som kjem i form av kortbølgja stråling. Samtidig reduserer dei tilbakestrålinga frå jorda i form av infraraud langbølgja varmestråling. Utslepp av klimagassar frå menneskeskapt aktivitet har auka konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren. Konsentrasjonen av CO₂, metan og lystgass har auka med

høvesvis 40 pst., 150 pst. og 20 pst. sidan førindustriell tid. Større konsentrasjonar av klimagassar fører derfor til auka temperatur i den nedre delen av atmosfæren, kalla troposfæren. Global gjennomsnittstemperatur har auka med 0,85 °C sidan 1880. FN's klimapanel seier det er svært truleg at klimagassutsleppa frå menneskeleg aktivitet er den viktigaste årsaka til temperaturauken på jorda dei siste 60 åra. Rapporten konkluderer òg med at klimagassutsleppa våre har varma opp havet, smelta snø og is og heva det globale havnivået frå 1950 og til i dag.



Figur 9.4 Utslepp av klimagassar etter kilde (Noreg)

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå og Miljødirektoratet

Påverknader og konsekvensar

Kor store klimaendringar vi vil få i framtida, avheng av kor store dei globale utsleppa av klimagassar blir. Dersom vi skal ha ein rimeleg sjanse til å kunne avgrense global oppvarming til under to grader, må dei globale utsleppa av klimagassar reduserast med 40–70 pst. i 2050 samanlikna med 2010-nivået, og det må deretter bli negative utslepp (dvs. netto opptak av klimagassar) fram mot 2100. Det betyr at årlege utslepp må reduserast frå 49 mrd. tonn CO₂-ekvivalentar i 2010 til 15–30 mrd. tonn CO₂-ekvivalentar i 2050.

I den femte hovudrapporten viser klimapanelet til fire utviklingsbaner, som representerer heile spekteret av utslepp av klimagassar, kor raskt og kor mykje utsleppa blir reduserte og kor store klimaendringar vi vil få. Utviklingsbana med lågast utslepp gir ein gjennomsnittleg temperaturauke på 0,9–2,3 grader. Dette vil gi om lag 43 pst. reduksjon i havisdekke i Arktis i september, redusere volumet av isbreane i verda med 15–55 pst., redusere utbreiinga av permafrost med 35 pst. og gi ei gjennomsnittleg havnivåstigning på ca. 0,4 m.

Ei utviklingsbane som følgjer dagens utsleppstrend, og som dermed gir dei høgaste utsleppsni-våa, vil gi ein auke i gjennomsnittstemperatur på 3,2–4,5 grader. Dette vil venteleg redusere isdek- ket i Arktis i september med 94 pst., redusere ver- das isbrear med 35–85 pst., redusere utbreiinga av permafrost med 81 pst. og gi ei gjennomsnitt- leg havnivåstigning på 0,63 m.

Å oppnå nødvendige utsleppsreduksjonar for å avgrense den globale oppvarminga til under to grader krev raskare forbetring av energieffektivit- teten, ei tre- til firedobling av fornybar energi eller annan energi med null eller låge utslepp. Teknolo- gien for desse løysingane eksisterer stort sett i dag. Togradersmålet krev òg omfattande bruk av «karbonnegative» løysingar i siste halvdel av hundreåret. Karbonnegative løysingar vil seie at CO₂ blir fjerna frå atmosfæren, for eksempel ved å fange CO₂-utslepp eller auka lagring av karbon gjennom skogplanting.

Handlingsrommet blir mindre dersom vi ven- tar. I scenario der utsleppa stig til over 55 mrd. tonn CO₂-ekvivalentar i 2030, ei venta utvikling utan nye tiltak, må utsleppa reduserast langt ras- kare frå 2030 til 2050 for å overhalde togradersmå-

let. Klimapanelet påpeiker at dette blir dyrare og vanskelegare, og sjansen for å lykkast er mindre. Vi må derfor handle raskt. Det er viktig å sikre at investeringane som skjer i dag i infrastruktur og produkt med lang levetid er «grøne», og at vi ikkje låser oss til høge framtidige utslepp.

Kostnaden ved å gjennomføre tiltak som avgrensar temperaturauken til to grader er at forbruksveksten blir redusert med 0,06 prosentpoeng pr. år. Då er ikkje gevinstane ved å unngå klimaendringar tekne med – dvs. gevinstane ved at vi unngår meir ekstremvêr, flaum, hetebølgjer og vassmangel.

Snarlege tiltak mot avskoging er nødvendig for å oppnå målet om at auken i den globale middeltemperaturen skal haldast under 2 °C jamført med førindustrielt nivå. Klimagassutslepp frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland utgjer ifølgje FNs Klimapanelvurderingar om lag 10 pst. av dei årlege globale utsleppa av klimagassar. Dette er noko lågare enn Klimapanelet la til grunn i 2007, men ein reduksjon i desse utsleppa er framleis eit viktig og føremålstenleg tiltak i innsatsen mot global oppvarming. Tiltak mot avskoging og degradering av skog i utviklingsland er kostnadseffektive og kan gi store og relativt raske utsleppsreduksjonar. Klimaforlika frå 2008 og 2012 har etablert ei brei politisk semje om ei norsk satsing på inntil 3 mrd. kroner årleg for slike tiltak.

Avskoging og skogdegradering i utviklingsland er eit utslag av marknadssvikt – skogen sin samfunnsverdi har ikkje motsvar i ein finansiell verdi. Med andre ord, hogd skog har på kort sikt større økonomisk verdi enn ståande skog. I tillegg er avskoging ofte eit resultat av styringssvikt, fordi skogforvaltninga i mange utviklingsland generelt tilgodeser særinteresser heller enn fellesskapet sitt beste. Eit verkemiddel mot avskoging er derfor å bidra med insentiv til utviklingslanda for å gjennomføre reformprosessar i si arealforvaltning som endrar denne dynamikken. Summen av eksterne og interne insentiv må gjere det truverdig for avgjerdstakarar i utviklingsland at å redusere avskoging og degradering av skog er økonomisk og politisk handterbart på kort sikt, og samfunnsøkonomisk lønnsamt på mellomlang og lang sikt. Den norske klima- og skogsatsinga rettar seg mot å skape slike insentiv.

For å nå togradermålet vil det òg vere viktig å rette større merksemd mot kortliva klimadrivarar som svart karbon (sot), metan og bakkenært ozon. Dette er partiklar og gassar med kort atmosfærisk levetid som òg medverkar til oppvarming. Ein effektiv reduksjon i globale utslepp av kortliva

klimadrivarar dei neste 20 åra vil kunne redusere den venta temperaturstigninga med om lag 0,5 °C fram mot 2050, noko som vil kunne gjere det mogeleg å halde stigninga i den globale middeltemperaturen under 2 °C ut hundreåret.

Reduksjon i utslepp av kortliva klimagassar som svart karbon og metan vil både redusere oppvarminga og ha ein positiv helseeffekt. Internasjonalt har Noreg medverka til å styrkje arbeidet på nordisk plan og innan Arktisk Råd. Under Arktisk Råd er det sett ned ei arbeidsgruppe som våren 2015 skal leggje fram forslag til vedtak om tettere samarbeid mellom landa for å få ned utsleppa av svart karbon og metan i Arktis. Noreg tek òg aktivt del i arbeidet under Climate and Clean Air Coalition (CCAC). Noreg har bl.a. arbeidd for eit tettare samarbeid mellom styresmakter og industri om å redusere utslepp av metan og sot frå olje- og gasssektoren. I tillegg leier Noreg koalisjonen sitt arbeid for å fremje helsegevinstane av utsleppsreduksjonar, saman med Verdas helseorganisasjon.

Noreg arbeider for eit vedtak om rask og effektiv nedfasing av HFK-gassar gjennom Montrealprotokollen. HFK-gassar er kraftige, kortliva klimagassar som er nytta til avkjøling i industriprosessar og i luftkondisjoneringsanlegg. Dersom tiltak for å redusere produksjon og bruk av HFK ikkje blir sette i verk, er det venta kraftig vekst i utslepp av desse gassane i åra framover. Tiltak for å redusere utslepp av HFK har generelt låge kostnader.

Nasjonalt er det sett i gang ein prosess for å utarbeide ein nasjonal handlingsplan for reduksjon i utslepp av kortliva klimadrivarar. Miljødirektoratet har på oppdrag frå Klima- og miljødepartementet utarbeidd ein underlagsrapport som vurderer klima-, helse- og miljøeffektane ved å redusere norske utslepp av kortliva klimadrivarar innan 2030. Klima- og miljødepartementet vil følge opp denne analysen.

Konsekvensar av klimaendringar globalt

Klimaendringane vi har sett dei siste tiåra har hatt verknader på natur og menneske på alle kontinent og hav. Endra nedbørsmønster og smelting av snø og is har påverka kvalitet og tilgang på vatn i mange regionar. Økosystema vert endra ettersom mange dyr og planter flytter på seg eller endrar åtferd. Vi observerer både gradvise endringar som smelting av is, havnivåstigning og havforsuring, og oftare ekstremvêr som flaum, varmebølgjer og ekstrem nedbør. Dette kan gjere enkelte område umoglege å bu i. Skadeverknader

frå flaum og erosjon vil auke i kystområda, og for lågtliggjande land og mindre øystatar vil tilpassingskostnadene kunne svare til mange prosent av bruttonasjonalproduktet i landet. Samtidig anslår FN's Food and Agricultural Organization at matbehovet i verda vil auke med rundt 50 pst. i løpet av dei neste tiåra på grunn av folkeauke og auka velstand. Samla kan endringar i produksjonsvilkår for mat og auka behov for mat få dramatiske konsekvensar for mattryggleiken. Kva slag konsekvensar klimaendringane får avheng av kor sårbart samfunnet er i utgangspunktet. Mange fattige land er svært sårbare, og har låg beredskap og eit svakt forvaltningsapparat for å handtere dagens omfang av klimaendringar. Framtidige klimaendringar vil forsterke eksisterande problem. Endringar i nedbørsmønster og smelting av is og snø påverkar tilgang til vassressursar, og kan gi flaumproblem. Tørke, hetebølgjer og endra nedbørsmønster påverkar jordbruksproduksjonen negativt mange stader. Ekstremvêr som hetebølgjer, flaum og sykklonar har betydelege konsekvensar.

Ein reknar med at klimaendringar på det afrikanske kontinentet særleg vil føre til reduserte vassressursar, redusere produktivitet i jordbruket og til større problem med vassborne og vektorborne sjukdommar. I Asia og Europa er særleg auka førekomst av stormflod og flaum viktig. Økonomiske tap og helseskadar på grunn av hetebølgjer, tørke og ekstremvêr er også venta å auke. Talet på hetebølgjer har auka i delar av Europa, Asia og Australia, noko som kan tilskrivast klimaendringar, og det er oftare kraftig nedbør på land i fleire regionar.

Nyare forskning knyter no enkelthendingar, som den ekstreme kulda og varmen Europa opplevde i 2011, til klimaendringane. Det same gjeld tørken i Aust-Afrika. Dette er konsekvensar av ei global oppvarming på under ei grad. Åtvaringa frå forskinga er klar. Ei global oppvarming over to grader kan bli ei for stor utfordring å handtere for verda.

Konsekvensar av klimaendringar i Noreg

Den gjennomsnittlege årstemperaturen for fastlands-Noreg har auka med om lag 0,8 grader dei siste hundre åra, mens årsnedbøren har auka med knappe 20 pst. sidan 1900. I Noreg er temperaturen venta å stige ytterlegare med mellom 2,3 og 4,6 °C fram til slutten av dette hundreåret, avhengig av kor mykje klimagassutsleppa blir reduserte. Det er vidare venta ytterlegare auke i årsnedbøren på mellom 5 og 30 pst. Ei rekkje

andre endringar vil òg ha innverknad på natur og samfunn: Stigande havnivå, lengre vekstsesong, endra risiko for ekstremhendingar som flaum og skred, høgare havtemperatur, eit surare hav og kortare snøsesong.

Det er venta endringar i alle naturtypar i Noreg som følgje av klimaendringar. Fragmentert natur og det at vi har mange truga arter med låg genetisk variasjon gjer tilpassing vanskeleg, spesielt då klimaendringane skjer relativt raskt. Særleg sårbare er arter og økosystem i Arktis og i høg fjellet som ikkje kan tilpasse seg når leveområda deira blir endra. Eit eksempel er villreinen som er truga av varmare og fuktigare klima om sommaren som gir grobotn for sjukdommar og parasittar, og mildare vintrar med meir ising. Aukande nedbør fører til meir avrenning som påverkar vassdraga, og i ein del vassdrag kan sommartemperaturen bli så høg at arter som laks og aure får problem med å overleve. Endringar i nedbørsmønsteret påverkar forureiningssituasjonen, med auka tilførsel av miljøgifter, partiklar og næringsstoff til mange vassdrag og sjøar. Auka CO₂-konsentrasjon i lufta gjer òg at CO₂ konsentrasjonen har auka, og havet blir surare. Havforsuring er eit tema der ein førebels ikkje veit sikkert kva konsekvensane vil bli, men undersøkingar syner at havforsuring kan ha stor negativ verknad på livet i havet.

Klimaendringane vil påverke heile samfunnet og kvar enkelt av oss, og vil forsterke utfordringar vi allereie har og gi nye. Endringar i flaum og skred kan føre til at stader der det tidlegare har vore trygt å byggje, kan bli meir usette. Allereie utsette område kan bli endå meir utsette fordi flaumar kjem oftare enn før. Meir og meir intens nedbør kan føre til auka problem med overvatn, flaum og skred som samla kan auke kostnadane knytte til utbygging, sikring og vedlikehald. Eit fuktigare klima vil òg føre med seg auka fukt og røte i hus og bygningar. Samtidig vil meir nedbør kunne gi auka inntekter frå vasskraftproduksjon. Eit varmare klima kan påverke drikkevasskvaliteten og auke faren for sjukdommar som blir spreidde av flått og andre varmekjære arter. For landbruket og fiskeri og oppdrett vil eit endra klima gi andre føresetnader for produksjon og drift. Føresetnadene for fritidsinteresser utandørs og friluftsliv vil òg endrast, særleg aktivitetar knytte til snø og is. På viktige område vil klimaendringane endre føresetnader for næringsutvikling og samfunnsplanlegginga. Klima må derfor bli eit viktigare omsyn når planar blir lagt og avgjersler skal takast.

Klimaendringane skaper òg utfordringar i forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø. Endringane går i to ulike retningar; ein gradvis påverknad som kysterosjon og råteskadar eller ekstreme hendingar som flaum, ras og storm. Det er venta at klimaendringane vil føre til at tap, skade og nedbryting av kulturminne går raskare og at bevaringsforholda blir endra. Varme og fukt stimulerer biologiske og kjemiske nedbrytingsprosessar og medfører auka risiko for råte- og soppskadar og skadedyrangrep på trebygningar. Om lag 80 pst. av den freda bygningsmassen er bygd av tre. Ein lengre og varmare vekstsesong vil komme til å endre tradisjonelle landskap.

Mange kulturminne vil vere utsette for ekstreme vêrhendingar som storm, overfløyning og flaum. Vestlandet og kystområda vil truleg merke klimaendringane mest. Fram til neste hundreårskifte ventar ein ei havstigning på 80 cm i dei mest utsette områda, minst 20 pst. meir nedbør og truleg meir storm. På Svalbard vil tining av permafrosten skape utfordringar både i forhold til erosjon og bevaringsforhold. Klimaendringane vil derfor ha betydning for bygningar, for arkeologisk materiale og for kulturmiljø og landskap i form av auka tap, større skadar og endra bevaringsforhold. Gode klimaførebyggjande tiltak er mellom anna å ha godt vedlikehalden bygningsmasse, drive førebyggjande arbeid, sikring, kartlegging og overvaking. Det er viktig å tileigne seg kunnskap om klimaendringane lokalt, men òg på sektornivå. Noreg er eit land som har gode føresetnader for å tileigne seg slik kunnskap og ein må leggje til rette for at dei ulike sektorane kan nytte kunnskapen på ein best mogleg måte, mellom anna i planleggings- og vedtaksprosessar.

Politikk for å nå dei nasjonale måla

Klima- og miljødepartementet sitt overordna ansvar for klima- og miljøpolitikken

Klima- og miljødepartementet har ansvar for arbeidet med nasjonal og internasjonal klimapolitikk, medrekna FNs klimaforhandlingar. Klimautfordringa går på tvers av sektorar og krev derfor samordning og forpliktande samarbeid på tvers av sektorane. Klima- og miljødepartementet har eit overordna ansvar for gjennomføringa av klima- og miljøpolitikken i samsvar med vedtekne politiske mål, og relevant internasjonalt regelverk slik som utsleppsrapportering til FNs klimakonvensjon, og internasjonal kvotehandel. I tråd med sektoransvaret har den enkelte sektor òg ansvar for implementeringa i sin sektor. Klima- og miljødepartementet har ei viktig rolle som pådrivar og koordi-

nator overfor alle sektorar og aktørar. Departementet leier og koordinerer Noregs arbeid med internasjonal klimapolitikk, under dette dei internasjonale klimaforhandlingane, i tett samarbeid med aktuelle departement. Dette inneber koordinering og utforming av norske posisjonar og kontakt med andre land. Departementet har i tillegg ansvar for ei rekkje eigne verkemiddel i klima- og miljøpolitikken. Mellom anna er forureiningslova og klimakvotelova sentrale verkemiddel innanfor resultatområdet. Klima- og miljødepartementets viktigaste etat innan resultatområdet er Miljødirektoratet.

Grunnlaget for Regjeringa sin klimapolitikk

Klimameldinga (Meld. St. 21 (2011–2012) Norsk klimapolitikk) vart lagt fram 25. april 2012. Ved behandlinga av meldinga i Stortinget vart det den 8. juni 2012 gjennom innstillinga frå Energi- og miljøkomiteen, Innst. 390 S (2011–2012), inngått eit breitt klimaforlik i Stortinget. Klimaforliket forsterkar bruken av verkemiddel i den nasjonale klimapolitikken. I regjeringsplattforma for regjeringa Solberg er det slått fast at klimaforliket skal forsterkast. Regjeringa vil føre ein ambisjøs nasjonal klimapolitikk med ei langsiktig omstilling til eit lågutsleppsamfunn innan 2050. Sjå meir om oppfølging og forsterking av klimaforliket under.

Regjeringa arbeider med utforming av ny indikativ utsleppsforpliktning for Noreg, i klimaavtala som skal gjelde frå 2020. Eit norsk innspel skal sendast inn til klimaforhandlingane i løpet av første kvartal 2015. Sjå nærare omtale av dette under Internasjonalt klimaarbeid.

Miljødirektoratet skal hausten 2014 levere innspel til arbeidet med klimapolitikken ut over 2020 og mot 2050. Miljødirektoratet har òg fått i oppdrag å utgreie overgangen til eit lågutsleppsamfunn. Vidare blir det utarbeidd oppdaterte framskrivingar og analysar av opptak og utslepp av CO₂ og andre klimagassar i skog og på andre landareal. Dette vil vere ein bakgrunnsrapport for det vidare arbeidet med klimapolitikken.

Grunnleggjande prinsipp og økonomiske verkemiddel i den nasjonale klimapolitikken

Gjennom mange år har Noreg vore blant dei landa i verda som har brukt dei sterkaste klimapolitiske verkemidla. Noregs mangeårige prioritering av klimapolitikk og vår samla innsats ute og heime, gir oss truverd som pådrivar og brubyggjar i det internasjonale klimaarbeidet. Generelle økonomiske verkemiddel som CO₂-avgift og kvote-

system er sentrale i den nasjonale klimapolitikken, sjå meir om EUs kvotesystem under. Sektorovergripande økonomiske verkemiddel legg grunnlag for desentraliserte, kostnadseffektive og informerte tiltak, der forureinar betaler. Desse verkemidla set ein pris på utslepp av klimagassar og bidreg dermed til å endre produksjons- og forbruksmønster over tid. Avgifter og kvotar gir insentiv til at utsleppsreduksjonane blir gjennomførde til lågast mogleg kostnad for samfunnet. Ein pris på utslipp er også viktig for at ny klimavennlig teknologi skal bli utviklet og for at den blir tatt i bruk. I tillegg til kvotar og avgifter blir det nytta andre verkemiddel, mellom anna direkte regulering, standardar, avtaler og subsidiar av utsleppsreducerande tiltak. Satsing på forskning og utvikling er òg viktig.

Eit viktig prinsipp i norsk klimapolitikk er prinsippet om at forureinar skal betale. Norsk klimapolitikk er òg preget av ei marknadsbasert tilnærming. Noreg meiner i utgangspunktet at den beste måten å redusere utslepp på globalt nivå er å etablere ein global karbonpris. Etter utvidinga av EUs kvotesystem i 2013 er rundt 80 pst. av alle klimagassutsleppa i Noreg underlagt økonomiske verkemiddel. Om lag 30 pst. av dei samla utsleppa er berre pålagt CO₂-avgift. Avgifta omfattar i hovudsak drivstoff til transport og mineralolje til oppvarming. Ein viser til avgiftsproposisjonen frå Finansdepartementet for detaljane om CO₂-avgifta. Frå 2013 er om lag 50 pst. av norske utslepp omfatta av kvotesystemet. EU ETS er frå 2013 langt meir harmonisert enn det har vore tidlegare. Miljødirektoratet har ansvaret for kvoterekneskapen som held oversikt over innleverte kvotar og om dei kvotepliktige bedriftene held kvoteplikta si. Dei har òg ansvaret for å utferde utsleppsløyve og tildele kvotar til dei kvotepliktige verksemdene etter heimel i klimakvotelova og forureiningslova. I overkant av 20 pst. av dei samla utsleppa er berre pålagt kvoteplikt. Petroleumssektoren, som står for om lag 25 pst. av utsleppa, har både kvoteplikt og betaler CO₂-avgift. På område som er underlagt generelle verkemiddel, er Regjeringas utgangspunkt at ein som hovudregel skal unngå ytterlegare regulering. Samtidig vil Regjeringa føre vidare det høvet vi har i dag til å nytte andre verkemiddel i tillegg til kvotar og avgifter, også i desse sektorane.

Aktuelle klimatiltak kan ha negative effektar for naturmangfald og andre viktige miljøverdiar. Det er etablert politikk at ein skal prioritere tiltak som har positiv effekt for å motverke klimaendringar og positiv eller akseptabel effekt for bevaring av naturmangfald og andre viktige miljø-

verdiar. Internasjonalt er Noregs satsing på å bevare regnskog eit godt eksempel på eit slikt vinn-vinn-tiltak med positiv effekt både i klimasamanheng og for bevaring av naturmangfaldet. Også nasjonalt vil ein søkje å finne denne typen vinn-vinn-tiltak.

Om EUs kvotesystem og forholdet til Kyotoprotokollen og EUs klima- og energipakke for 2030

EUs kvotesystem er eit sentralt verkemiddel for å sikre at våre forpliktingar under Kyotoprotokollen blir innfridde. For det første gir kvotesystemet eit prissignal som gjer det meir lønnsamt å redusere utslepp i Noreg. For det andre kan EU-kvotesystemet innrettast på ein slik måte at når verksemdene innleverer EU-kvotar medverkar det direkte til staten si oppfyljing av Kyotoprotokollen. I perioden 2008–2012 var EU-systemet kopla saman med kvotesystemet som vart oppretta gjennom Kyotoprotokollen. Ei slik samankopling inneber at kvar EU-kvotepunkt som bedriftene brukar til å oppfylle kvoteplikta i EU-systemet samtidig vil vere ein Kyoto-kvotepunkt som staten kan nytte til å oppfylle Kyotoprotokollen. Det totale talet kvotar Noreg utferda til kvotepliktige verksemdar gjennom vederlagsfri tildeling og sal, var vel 20 mill. tonn lågare enn verksemdene sine samla utslepp i perioden. Dette førte til at bedriftene over perioden måtte importere vel 20 mill. kvotar til Noreg. Som følgje av samankoplinga mellom EUs kvotesystem og kvotesystemet under Kyoto-protokollen, kunne tilsvarende mengd kvotar nyttast av staten til å oppfylle Kyotoprotokollens første forpliktingsperiode. På denne måten medverka EU-systemet i perioden 2008–2012 i vesentleg grad til staten si oppfyljing av Kyotoprotokollen. EUs kvotesystem for perioden 2013–2020 vil etter alt å dømme bli samankopla med kvotesystemet som blir oppretta gjennom Kyotoprotokollens andre forpliktingsperiode. Detaljane rundt ei eventuell samankopling er ikkje avklarte. Det er derfor for tidleg å seie noko om i kva grad verksemdene si innlevering av kvotar i EU-systemet vil kunne medverke til Noregs oppfyljing av Kyotoprotokollens andre forpliktingsperiode.

I januar 2014 la EU-kommisjonen fram forslag om nytt klimamål for EU: ein samla reduksjon i utsleppa på 40 pst. fram til 2030, samanlikna med 1990. Forslaget til nytt klimamål byggjer på at reduksjonen på 40 pst. blir gjennomført innanfor EU. Det har lenge vore eit stort overskot av kvotar, noko som har ført til låge kvoteprisar. Ulike tiltak har vore drøfta i EU sine organ, og

våren 2014 vart det vedteke å utsetje salet av til saman 900 million kvotar til slutten av inneverande fase i EUs kvotesystem. Noreg har støtta tiltak for å auke kvoteprisane. Høgare kvoteprisar trengst for å gi insentiv til omstilling og teknologitviking. Kommisjonen foreslår å innføre ein marknadsstabiliserande reserve for å sikre høgare kvoteprisar. Det er òg lagt fram forslag om å redusere kvotemengda raskare frå 2020.

EU er vår næraste samarbeidspartnar i klimaforhandlingane. Vår klimapolitikk er, bl.a. gjennom kvotesystemet, tett knytt til EUs klimapolitikk. Nesten 50 pst. av Noregs utslepp er omfatta av EUs kvotesystem. Regjeringa har sendt innspel til EU, med våre synspunkt på forslaget til klima- og energipakke for 2030. Vi tilrådde at EU bør velje eit klart mål for reduksjon av klimagassutslepp i 2030 som samsvarer med togradersmålet. Eitt overordna utsleppsmål vil vere kostnadseffektivt og ein unngår overlappende mål og verkemiddel. Gjennomføringa av eit ambisiøst mål for samla utsleppsreduksjonar vil gi ein høg CO₂-pris i EU. Regjeringa er positiv til forslaget om å redusere kvotemengda i kvotesystemet raskare frå 2021, men meiner det òg er behov for å setje i verk permanente tiltak tidlegare. Regjeringa har påpeikt at eit ambisiøst tak for kvotesystemet, samtidig som kvotesystemet omfattar flest moglege sektorar og klimagassar, vil leggje grunnlaget for omstillinga til eit låutsleppsamfunn i Europa. Godt fungerande energimarknader i Europa må saman med eit sterkt kvotesystem leggje grunnlaget for meir fornybar energi i Europa.

Regjeringa har ein ambisjon om å realisere minst eitt fullskala demonstrasjonsanlegg for CO₂-handtering innan 2020. At verda lykkast med CO₂-fangst og lagring i stor skala er ein føresetnad for at vi effektivt skal klare å redusere klimagassutsleppa. På kort sikt vil ikkje kvotesystemet gi tilstrekkeleg insentiv til å utvikle CO₂-fangst og lagring. Regjeringa har derfor i det norske innspelet tilrådd EU å utvikle vidare arbeidet med å realisere fullskala CO₂-fangst og lagring, gjennom eit stramt kvotesystem kombinert med eit fleksibelt regelverk for transport og lagring av CO₂. Regjeringa har òg tilrådd eit EU-krav om CO₂-fangst og lagring på alle nye kolkraftverk etter 2020.

Oppfølging og forsterking av klimaforliket

Regjeringa vil forsterke klimaforliket (Innst. 390 S (2011–2012)) frå 2012.

I forliket heiter det at: «Flertallet viser til at basert på Statens forurensningstilsyns (nå Klima- og forurensningsdirektoratet) tiltaksanalyse, de

sektorvise klimahandlingsplanene, samt eksisterende virkemiddelbruk, ble det i den forrige klimameldingen anslått som realistisk å ha et mål om å redusere utslippene i Norge med 13–16 millioner tonn CO₂-ekvivalenter i forhold til referansebanen slik den er presentert i Nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert. Dette innebærer i tilfelle at om lag halvparten og opp mot to tredjedeler av Norges totale utslippsreduksjoner tas nasjonalt. Stortingets behandling av klimameldingen innebar en ytterligere opptrapping av klimatiltakene (klimaforliket). Basert på en skjønnsmessig vurdering ble det lagt til grunn at de nye tiltakene i klimaforliket gjør det realistisk å anta ytterligere utslippsreduksjoner i Norge, og at intervallet for utslippsreduksjoner kunne økes til 15–17 millioner tonn CO₂-ekvivalenter i forhold til referansebanen slik den er presentert i Nasjonalbudsjettet for 2007, når skog er inkludert. Flertallet har merket seg at regjeringen i stortingsmeldingen fastslår at mindre fremgang enn forventet i utvikling av klimavennlig teknologi, høyere kostnader ved klimatiltak innenlands, høyere innvandring og sterkere økonomisk vekst og større utslipp frå oljesektoren vil ha betydning for når klimamålene blir nådd, men at disse forholdene ikke endrer ambisjonen om å redusere de nasjonale utslippene.» Ein rapport frå Miljødirektoratet viser at utan nye verkemiddel vil utsleppa i 2020 være høgare enn dette.

Regjeringa Stoltenberg II la i klimameldinga fram forslag om etablering av *Fondet for klima, fornybar energi og energiomlegging*. Forslaget fekk tilslutning i Klimaforliket, jf. Innst. 390 S (2011–2012), der det vart vedteke at fondskapitalen skal utgjere 50 mrd. kroner innan 2016. Regjeringa har beslutta å auke den årlege avkastninga frå fondet betydeleg. I Revidert nasjonalbudsjett 2014 vart det årlege kapitalinnskottet auka til totalt 9,25 mrd. kroner. Regjeringa vil òg foreslå tilsvarende kapitalinnskott i 2015 og 2016. Med desse innskota aukar fondet til 62,75 mrd. kroner i 2016, mot 50 mrd. kroner som er ambisjonen i klimaforliket. Den auka avkastninga frå fondet er ein del av regjeringas strategi for å leggje til rette for at bedrifter og forbrukarar kan medverke til og dra nytte av det grøne skiftet som er i gang. Regjeringa vil komme nærare tilbake til bruken av den auka avkastninga frå og med budsjettåret 2016 i den ordinære budsjettprosessen.

Elektrifisering av olje- og gassutvinning offshore

Ved handsaminga av Innst. S. nr. 114 (1995–1996) vedtok Stortinget at det ved alle nye feltutbyggin-

gar skal leggst fram ei oversikt over energibehov og kostnadene ved å nytte kraft frå land framfor gassturbinar. Kraft frå land skal evaluerast av operatøren og følgjast opp av myndigheitene i samanheng med behandling av kvar enkelt ny plan for utbygging og drift. Ein føresetnad for ei løysing med kraft frå land er at det kan skje utan negative effektar på kraftsystemet. Samtidig må ein ta i vare naturmangfaldet og omsynet til tiltakskostnadene.

Gjennom klimaforliket vart det sett som mål å auke elektrifiseringa av olje- og gassutvinning offshore med kraft frå land ved nye utbyggingar. For å gi selskapa auka insentiv for elektrifisering vart CO₂-avgifta for petroleumsvirksemda auka med 200 kroner pr. tonn ved inngangen av 2013. Det er nesten ei dobling av avgifta som no er tilbake på nivået frå før petroleumsvirksemda i 2008 vart ein del av kvotesystemet.

Miljøvennleg transport

Vegtrafikk er ein av dei store bidragsytarane til norske utslepp av klimagassar. Med behandlinga av Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk* stilte Stortinget seg bak målet om at veksten i persontransporten i storbyområda skal skje ved kollektivtransport, sykkel og gange. Målet vart òg stadfest i Meld. St. 26 (2012–2013) *Nasjonal Transportplan 2014–2023*, jf. Innst. 450 S (2012–2013). Regjeringa følgjer opp dette punktet mellom anna gjennom arbeidet med dei heilskaplege bymiljøavtalene som skal inngåast. Regjeringa legg opp til ei gradvis utbygging av InterCity-strekningane. Regjeringa vil ferdigstille samanhengande dobbeltspor til Tønsberg, Seut/Fredrikstad og Hamar innan 2024 og planlegg vidare med sikte på ferdigstilling av InterCity-strekningane i 2030. Jamfør Innst. 390 S (2011–2012) skal bilavgiftene framleis nyttast til å bidra til ein meir klima- og miljøvennleg bilpark, og avgiftsfordelane for reine nullutslepps-bilar blir førte vidare ut neste stortingsperiode (2017), så framta talet på slike bilar ikkje overstig 50 000.

Energieffektive bygg og utfasing av oljefyring

Energikrava i byggjeforskrifta skal skjerpast til passivhusnivå i 2015 og nesten nullenerginivå i 2020. Regjeringa arbeider med å fastsetje reglar som definerer passivhusnivå og nesten nullenerginivå. Avgjerd om kravnivå vert teken på bakgrunn av utgreiingar av samfunnsøkonomiske og helsemessige konsekvensar og kompetansen i byggenæringa. Bruken av oljekjellar i hushald og til

grunnlast skal fasast ut. I samband med behandlinga av Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk*, bad Stortinget Regjeringa innføre forbod mot fyring med fossil olje i hushald og til grunnlast i andre bygningar i 2020. Regjeringa arbeider med å utforme eit slikt forbod. I klimaforliket er det semje om at fossil fyringsolje som grunnlast må bli fasa ut av alle statlege bygg innan 2018. Regjeringa har som ambisjon å fase ut oljefyring som grunnlast i alle Statsbygg sine eigedommar innan utgangen av 2016 og foreslår å løyve 15 mill. kroner til dette i 2015. Regjeringa foreslår å styrke Enova si støtteordning til energiomlegging i bustader.

Klimatiltak i skog og biogass

Regjeringa vil følgje opp klimaforliket si målsetjing om å halde ved lag eller auke karbonlageret i skogen gjennom aktiv, berekraftig skogpolitikk blant anna gjennom styrkt innsats innan skogplanteforedling, auka plantetettleik og styrking av skogvernet.

Eit viktig punkt i oppfølginga av klimaforliket er planting av skog på nye areal som klimatiltak. I 2013 konkluderte Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet (daværende Statens Landbruksforvaltning) og Skog og landskap i ein etatsrapport med at minst 50 000 dekar kan tilplantast per år over ein 20-årsperiode, med akseptable effektar for naturmangfald og andre miljøverdiar. Arbeidet må vere tufta på grundige faglige avvegiingar mellom klima-, miljø- og næringshensyn. Regjeringa legg derfor opp til ein treårig pilotfase, med mål om å hauste erfaringar med mellom anna klimaeffekt, miljøkriterier og gjennomføring før oppskalering og utvida implementering av tiltaket. I 2015 legg Klima- og miljødepartementet opp til å bruke 3 millionar kroner på dette arbeidet.

Ved behandlinga av Meld. St. 21 (2011–2012) *Norsk klimapolitikk* forutsatte Stortinget at omsynet til naturmangfoldet blir ivaretatt.

For å sikre god klimaeffekt, naturomsyn og lågt konfliktnivå vil pilotfasen bare omfatte (i) planting av norske treslag, (ii) planting på åpne areal og areal i tidleg gjengroingsfase, (iii) planting på areal med høg produksjonsevne og der det er forventet låg negativ endring i albedoeffekten og (iv) planting på areal som ikkje er viktige for naturmangfaldet, friluftslivsinteresser, viktige kulturhistoriske verdiar eller verdifulle kulturlandskap. Innretninga på kriteria vil bli vurdert etter at den treårige pilotfasen er gjennomført. Dersom evalueringa av pilotfasen viser at planting av skog

som klimatiltak er føremålstenleg, vil ein i neste fase vurdere korleis det er hensiktsmessig å fremme auka skogplanting.

Dei same etatane leverte våren 2014 òg ein rapport om målretta gjødsling av skog som klimatiltak. Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet har rapporten til vurdering og vil komme tilbake til oppfølginga.

Som eit ledd i oppfølginga av punktet om å auke karbonlageret gjennom berekraftig skogpolitikk er det gitt i oppdrag til Miljødirektoratet, Landbruksdirektoratet og Skog og landskap å belyse problemstillingar knytta til vern av skog som klimatiltak.

I regjeringsplattforma står det at det skal leggjast fram ein nasjonal biogasstrategi. Biogasstrategien er ei oppfølging av klimaforliket. Regjeringa vil leggje fram strategien hausten 2014. Regjeringa tar i strategien sikte på å lyse ut ein konkurranse gjennom Innovasjon Norge om tilskot til eit pilotanlegg for biogass på inntil 8 millionar kroner og forskning knytt til dette anlegget på 2 millionar kroner. Øvrige verkemiddel vil gå fram av strategien. I klimaforliket frå 2012 vart det semje om at Regjeringa i dei kommande statsbudsjetta skal auke løyvingane til Forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) og opprette eit FME-senter for geotermisk energi.

I 2015 vil Noregs Forskingsråd utlyse i ei ny runde av FME-ordninga. Forskingsrådet vil da kunne gje forprosjektstøtte til område der det i dag ikkje er oppretta eit FME-senter, eksempelvis geotermisk energi.

Eiga klimalov

Basert på erfaringane med lovgiving og verkemiddelbruk i dag vil Regjeringa vurdere om det er føremålstenleg å utarbeide ei eiga klimalov.

Internasjonalt klimaarbeid

Regjeringa følgjer òg opp dei internasjonale punkta i klimaforliket, og vil arbeide for ei brei og ambisiøs klimaavtale. Regjeringa vil medverke til reduserte utslepp av kortliva klimadrivarar som svart karbon (sot) og metan internasjonalt gjennom eit styrkt engasjement, blant anna gjennom den globale koalisjonen for klima og rein luft (CCAC). Nasjonalt vil det mellom anna bli viktig å følge opp utkastet til nasjonal handlingsplan frå Miljødirektoratet.

Regjeringa vil òg medverke til at Det grønne klimafondet kjem over i ein operasjonell fase. Fondet er no ope for bidrag, og det er lagt opp til at

interesserte givarar skal annonsere bidrag hausten 2014. Ressursmobiliseringsprosessen opna formelt med eit møte i Oslo i juni 2014.

Andre verkemiddel i Noreg for reduksjon av klimagassutsleppa

Regjeringa satsar på fangst og lagring av CO₂

Klimaendringane og verdas aukande energibehov er bakgrunnen for Regjeringas satsing på fangst og lagring av CO₂. Regjeringa har utarbeida ein strategi for arbeidet med CO₂-handtering, denne er omtalt i Olje- og energidepartementets Prop. 1 S (2014–2015). Regjeringa sine tiltak omfattar eit breidt spekter av aktivitetar. Strategien inkluderer forskning, utvikling og demonstrasjon, arbeidet med å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg, transport, lagring og alternativ bruk av CO₂ og internasjonalt arbeid for å fremje CO₂-handtering.

Teknologisenteret for CO₂-fangst på Mongstad står sentralt i denne satsinga. Målet med teknologisenteret er å skape ein arena for målretta utvikling, testing og kvalifisering av teknologi for CO₂-fangst. Stønad til forskning, utvikling og demonstrasjon av teknologiar for fangst og lagring av CO₂ får også høg prioritet gjennom CLIMIT-programmet som blir forvalta av Noregs forskningsråd i samarbeid med Gassnova.

Regjeringa har ein ambisjon om å realisere minst eitt fullskala demonstrasjonsanlegg for CO₂-handtering innan 2020. Det er utfordrande å realisere fullskala demonstrasjonsanlegg i Noreg, blant anna fordi det er få eigna punktutslepp. Det vil bli arbeida vidare med å kartleggje alternativa for fullskala demonstrasjon av CO₂-handtering i Noreg. Vidare vil regjeringa løpande vurdere kva alternativ for fullskala demonstrasjon av CO₂-handtering som finst i utlandet. Regjeringa vil vurdere verkemiddel og gjennomføre studiar av moglege fangstprosjekt i Noreg og alternativ for transport og lagring til potensielle fangstprosjekt. Regjeringa vil arbeide vidare med å fremje CO₂-handtering internasjonalt.

Avgifter

CO₂-avgifta skal bidra til kostnadseffektive reduksjonar av utslipp av CO₂. Avgifta omfattar mineralolje, bensin og gass og utslipp frå petroleumsvirksomheit på kontinentalsokkelen.

Avgifta på klimagassane HFK og PFK skal redusere utsleppa av desse gassane ved å stimulere til bruk av gassar med lågare klimaeffekt og utvikling av ny teknologi. Ein viser til Finansde-

partementets Prop. 1 LS (2014—2015) Skatter, avgifter og toll 2015 for detaljane om denne avgifta. Avgifta er supplert med ei refusjonsordning for brukt HFK og PFK som blir levert inn til destruksjon.

CO₂-avgifta og avgifta på HFK og PFK blei auka betydeleg frå 2014. Mellom anna blei avgifta på HFK og PFK og dei generelle satsane for mineralolje og gass i CO₂-avgifta auka med om lag 100 kroner per tonn CO₂-ekvivalentar.

F-gassforordninga

EU har vedteke ei ny forordning (forordning (EU) nr. 517/2014) som regulerer dei fluorerte klimagassane HFK, PFK og SF₆ (F-gassar). Forordninga gjeld frå 1. januar 2015 og er ei vidareføring og skjerping av krava i EUs førre F-gassforordning (forordning (EF) nr. 842/2006). Dei viktigaste nye elementa er eit nedfasingregime for HFK og ein overgang frå metriske tonn til GWP-tonn (tonn basert på globalt oppvarmingspotensial) som måleining. Det foreslegne nedfasingregimet for HFK legg opp til ein trinnvis reduksjon av tilgangen på ny gass i marknaden (produksjon og import) frå 2015 til 2030. Forordninga er enno ikkje innlemma i EØS-avtala.

Støtteordningar

Noreg har omfattande statlege støtteordningar, mellom anna i Enova, som medverkar med midlar til utsleppsreducerande prosjekt i industrien.

Ei CO₂-kompensasjonsordning for industrien blei etablert hausten 2013. Ordninga er forvalta av Miljødirektoratet, og gjeld for perioden 1. juli 2013 til 31. desember 2020. Etableringa av kvotesystemet i EU i 2005 har gitt auka kraftprisar i Noreg. EU har vedteke retningslinjer for statsstøtte som opnar for å gi kompensasjon for industrien sine indirekte kvotekostnader. Formålet er å hindre auke i globale utslepp ved å hindre karbonlekkasje frå industrien i Europa til land med mindre stram klimapolitikk. Den norske CO₂-kompensasjonsordninga er regulert i forskrift og er knytt tett opp mot metoden for utrekning av støtte som er angitt i EUs retningslinjer. Ordninga omfattar alle dei 15 sektorane som har krav på støtte i medhald av EUs retningslinjer. Dette inkluderer blant anna produsentar av aluminium, ferrolegeringar, kjemiske produkt og treforedling. Ordninga er avgrensa til å gjelde kraftavtaler inngått frå og med 2005, året då kvotesystemet vart etablert. Dette inkluderer kraftavtaler som er inngått før 2005, men som er selde vidare på

marknadsvilkår f.o.m. 2005. I tillegg er omfatta andre kjøp av kraft i spotmarknaden. Industrien sin eigen kraftproduksjon skal komme til fråtrekk i utbetalinga av støtte. Ordninga vart godkjend av EFTA sitt overvaksingsorgan ESA i september 2013.

Betre samordning av areal- og transportpolitikken

Arealpolitikk og samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova er eit tverrgående verkemiddel som set rammer for måloppnåing. Kommunal, regional og statleg planlegging skal mellom anna leggje til rette for ein samordna areal- og transportpolitikk som medverkar til låge klimautslepp. Kommunal arealplanlegging medverkar til å redusere samfunnet si sårbarheit for klimaendringar ved å integrere klimatilpassing i planlegginga, kartleggje risiko og sårbarheit, og setje fokus på førebyggjande og utbetrande tiltak. Sjå òg verkemiddelområdet Regelverk og samfunnsplanlegging for nærare omtale.

Med heimel i plan- og bygningslova er det fastsett ei statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunane. Denne pålegg kommunane å innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og sikre meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging i kommuneplanen eller i eigen kommunedelplan. Kommunane er viktige aktørar på dette området fordi dei kan påverke utsleppa frå ei rekke sektorar, representere ei positiv drivkraft i klimaarbeidet, og vere ei viktig inspirasjonskjelde for innbyggjarane i kommunen.

Fylkeskommunen skal òg gjere denne typen planlegging innanfor sitt ansvars- og påverknadsfelt.

I dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging går det fram at revisjon av dei kommunale og regionale klima- og energiplanane skal vurderast minst kvart fjerde år i arbeidet med dei regionale og kommunale planstrategiane. Det er sett i gang eit arbeid for ytterlegare å styrkje det kommunale arbeidet på dette området, gjennom bl.a. ei kartlegging av kommunane sine erfaringar og utfordringar med klima- og energiplanlegging. Det vil som oppfølging av kartlegginga bli utarbeidd konkret rettleiing til kommunane på dette området.

Ei god areal- og transportplanlegging kan medverke betydeleg til å redusere utsleppa frå transport ved tettare utbygging og lokalisering av bustader, handel og offentleg og privat service og arbeidsplassar langs trasear og i knutepunkt på kollektivsystemet. Hovudprinsippa er til dømes

brukt i arbeidet med regional planstrategi for Oslo og Akershus.

Næringslivet og det grønne skiftet

Departementet vil analysere nærare korleis ein meir aktiv politikk for det grønne skiftet og næringslivet kan utviklast.

Det er fleire EU-initiativ for å fremje det grønne skiftet under *Europa 2020-strategien for smart, inkluderande og berekraftig vekst*. Europakommisjonen la blant anna fram ei melding om indre marknad for grønne produkt i april 2013. Målet er auka integrasjon av miljøomsyn i den indre marknaden og utvikling av grønne verdikjeder og sektorovergripande tiltak. Europakommisjonen har etablert treårige pilotar for Product Environmental Footprint (PEF) og Organisational Environmental Footprint (OEF). Noreg deltek i styringskomiteen.

Europakommisjonen la i juli 2014 fram ein omfattande politikkpakke til støtte for ein ressurseffektiv og sirkulær økonomi. Pakken skal medverke både til å oppnå klimamål, auka ressurseffektivitet og fremje økonomisk vekst og sysselsetting. Visjonane for eit ressurseffektivt Europa skal òg gi klare signal til næringsliv og investorar, med stor vekt på utvikling av miljøteknologi, betre produksjonsprosessar og innovasjon i næringslivet. Ressurseffektivitet er òg eit satsingsområde i det nordiske miljøhandlingsprogrammet 2013–2018.

FNs 10 års rammeprogram for berekraftig produksjon og forbruk (2012–2022) er det mest forpliktande området i Rio-erklæringa frå 2012. Målsettinga er å utvikle berekraftig forbruk og produksjon og ressurseffektivitetsinitiativ, på nasjonalt og regionalt nivå. Klima- og miljødepartementet er nasjonalt kontaktpunkt i Noreg. Verksemdar sitt miljømessige *samfunnsansvar* inneber at omsynet til miljø og ressursbruk er integrert i økonomiske avgjerder. I tillegg til å etterleve nasjonale og internasjonale miljøkrav bør både private og offentlege verksemdar ta offensive grep for å redusere sin negative miljøpåverknad ut over det som følgjer av slike krav. Dette kan medverke til kostnadsreduksjonar, betre strategiske utgangspunkt for verksemda på lang sikt og nye marknadshøve. Høge miljøstandardar hos leverandørar og i verdikjeda er òg sentralt i eit miljømessig samfunnsansvar.

Miljøleiving bør vere ein del av den strategiske styringa av verksemda. Eit miljøleivingssystem sikrar at verksemda har oversikt over dei mest

vesentlege klima- og miljøbelastningane den står for, og gjennomfører tiltak for å redusere desse.

Berekraftsrapportering er eit verkemiddel i utviklinga av selskapa sitt arbeid med miljøleiving og måling av resultat. Krav om informasjon til det offentlege er i aukande grad lovregulert, bl.a. gjennom rekneskapslova og miljøinformasjonslova. Noreg er medlem av vennegruppa til § 47 om berekraftsrapportering som viser til denne paragrafen i Rio+20-erklæringa. Gruppa, som vart oppretta i 2012, skal fremje betydinga av bedrifter si berekraftsrapportering.

Innkjøpspolitikken er eit viktig verkemiddel for å nå ei rekkje samfunns mål. Det er rom for å bruke innkjøpspolitikken aktivt som verkemiddel for å få til grøn vekst og for å oppnå klimamåla våre – både nasjonalt og internasjonalt. Klimapanelet (IPCC) tilrår bruk av miljøkrav i offentlege anskaffingar som klimapolitisk verkemiddel. Offentleg sektor har marknadsmakt i kraft av å vere den største forbrukaren i økonomien med rundt 400 mrd. kroner årleg i Noreg.

EU har nyleg vedteke tre nye direktiv om offentlege anskaffingar som blir bindande for Noreg gjennom EØS-avtala. Direktiva skal fremje fleire sidestilte samfunnsformål og samtidig sikre effektiv bruk av samfunnsressursane ved anskaffingar. Dei reviderte direktiva opnar for at offentlege anskaffingar i større grad enn før kan brukast som strategiske verkemiddel for å fremje miljø og innovasjon.

Nasjonalt system for berekning og rapportering av klimagassar

På Klimakonvensjonens partsmøte i 2001 (vedtak 20/CP 7) vart det vedteke at alle industriland må etablere eit nasjonalt system som sikrar at utslepp og opptak av klimagassar er berekna, rapporterte og arkiverte i tråd med Kyotoprotokollens regelverk. Eit slikt nasjonalt system skal inkludere institusjonelle, legale, prosedyrebaserde og finansielle ordningar for alle institusjonar som er involverte, og ei nasjonal eining med eit overordna ansvar for klimagassrekneskapa og rapporteringa. Det norske systemet har i den første forpliktingsperioden under Kyotoprotokollen vore basert på eit samarbeid mellom Miljødirektoratet, Statistisk sentralbyrå og Norsk institutt for skog og landskap. Miljødirektoratet har vore den nasjonale eininga for systemet.

Frå og med 2015 går Noreg inn i ein ny forpliktingsperiode. Det er lagt opp til at det norske nasjonale systemet skal byggje på ei vidareføring av dagens system gjennom eit samarbeid mellom

Miljødirektoratet, Statistisk sentralbyrå og Norsk Institutt for skog og landskap. Disse tre institusjonane er kvar for seg ansvarlege for at eigne bidrag inn i det nasjonale systemet er i tråd med klimakonvensjonens retningslinjer om berekning og arkivering av informasjon om klimagassutslepp og opptak. Miljødirektoratet vil framleis vere den nasjonale eininga med hovudansvaret for klimagassrekneskapen og rapporteringa. Finansieringa av arbeidet knytt til utsleppsrekneskapen blir tildelt over statsbudsjettet.

Internasjonalt klimaarbeid

Bakgrunn

Berre ved å handle i fellesskap og meir målretta kan vi unngå dei verste konsekvensane av global oppvarming. Dette er bakgrunnen for opprettinga av FN's klimakonvensjon, som vart vedteken i 1992 og er det sentrale rammeverket for internasjonalt samarbeid for reduksjon i utslepp av klimagassar og tilpassing til klimaendringar. Klimakonvensjonen har som mål å stabilisere konsentrasjonen av klimagassar i atmosfæren på eit nivå som vil hindre farleg, menneskeskapt påverknad av klimasystemet. I tråd med dette har partane til Klimakonvensjonen blitt samde om ei målsetjing om å halde auken i den globale middeltemperaturen under 2 °C samanlikna med førindustrielt nivå.

Det inneber at dei totale globale utsleppa av klimagassar må reduserast betydeleg framover. Ifølgje FN's klimapanel må dei globale utsleppa vende nedover før 2020 dersom ein skal vere rimeleg trygg på å halde global oppvarming under to grader. Dagens avtaler og klimamål er ikkje tilstrekkelege. Andre forplikingsperiode under Kyotoprotokollen som gjeld for 2013–2020, omfattar om lag 10 prosent av dei globale utsleppa. For Noreg inneber vedtaket ei ny utsleppsforpliktning som svarar til målet om 30 pst. utsleppsreduksjon innan 2020, i høve til 1990-utsleppa. Det var politisk semje på FN's klimakonferanse i 2012 i Doha om at landa skulle starte gjennomføringa av andre forplikingsperiode frå 1. januar 2013. Andre forplikingsperiode under Kyotoprotokollen vert først rettsleg bindande når 144 land har ratifisert endringane i Kyotoprotokollen. Noreg ratifiserte endringane i Kyotoprotokollen 12. juni 2014, som det ellefte landet.

Noreg har òg på vilkår lagt fram eit mål om 40 pst. reduksjon frå 1990-nivå før 2020 dersom det kan medverke til semje om ei ambisiøs klimaavtale der dei store utsleppslanda tek på seg konkrete utsleppsforpliktingar. Desse føresetnadene er ikkje til stades i dag. Regjeringa vil vurdere om

Boks 9.6 The New climate economy

Ei av dei store utfordringane økonomien står overfor i dag er korleis økonomisk vekst kan foreinast med å motverke klimaendringar. Sju land, blant dei Noreg, har gått saman om å opprette *The Global Commission on the Economy and Climate*. Kommisjonen er uavhengig, og består av tidlegare statsleiarar, finansministrar og andre frå økonomi og næringsliv. Kommisjonen skal hjelpe styresmakter, næringsliv og det sivile samfunnet med å fatte kunnskapsbaserte avgjerder som både tek økonomiske omsyn og klimaomsyn.

Kommisjonen lanserte i september 2013 prosjektet *The New Climate Economy*. Rapporten syner korleis en aktiv og fornuftig klimapolitikk også er positiv for den økonomiske utviklinga til land. Prosjektet innhentar kunnskap frå avgjerdstakarar i privat og offentleg sektor i eit utval av land, gjennom nye analysar frå leiande forskingsinstitusjonar verda over, og frå eksisterande kunnskap frå forskings- og analysemiljø. Rapporten vart utgitt i september 2014, og finst på <http://newclimateeconomy.net>.

vilkåret for å auke den norske utsleppsforpliktinga kan verte oppfylt ved at det no skal framforhandlast ei ny klimaavtale, som skal vedtakast i Paris.

Vedtaka under Cancún-avtala frå 2010 har stadfest målsetjingar for utsleppsreduksjonar fram til 2020 frå om lag 90 land. Det betyr at om lag 100 land ikkje har klimamål til 2020. Sjølv om innhaldet i måla ikkje er einsarta og til dels uavklarte, er det klart at det ikkje er tilstrekkeleg for å halde global oppvarming under to grader.

Derfor vart det i 2011 i Durban, Sør-Afrika, bestemt å framforhandle ei ny klimaavtale innan 2015, som skulle gjelde for alle land og med verknad frå 2020. Dei rike industrilanda sin samla del av dei globale utsleppa er no under halvparten og delen blir gradvis mindre, sjølv om få av landa har klart å redusere utsleppa vesentleg sidan 1990. Den største veksten i globale utslepp skriv seg no frå raskt vaksande økonomiar, spesielt utviklingsland i Asia. Samtidig er det industrilanda som har stått for dei største utsleppa av klimagassar til no og har økonomisk evne til å gå føre i kampen mot klimaendringar. Rike land må derfor

gå føre i å ta på seg forpliktingar om kraftige utsleppsreduksjonar. Forhandlingane om ei ny avtale må vere baserte på desse realitetane, samtidig med at ein tek tilstrekkeleg omsyn til at det står igjen betydelege utfordringar i arbeidet for ei berekraftig utvikling.

For å byggje opp under landa sin vilje til å forplikte seg innkalla FNs generalsekretær statar, privat næringsliv og sivile samfunnsaktørar til eit toppmøte i New York i september 2014. Fleire aktørar kom med viktige klimaløfte som førebur vegen mot semje om ein ny klimakonvensjon i 2015.

Ny klimaavtale 2015

Noreg vil vere ein pådrivar og konstruktiv partnar i forhandlingane med sikte på å vere leiande i arbeidet med å styrkje det internasjonale klimaregimet under FN.

Regjeringas overordna mål er å medverke til at forhandlingane under FNs klimakonvensjon fører til ei brei og ambisiøs klimaavtale. Det er behov for ei avtale som har eit langsiktig perspektiv, og som medverkar til auka innsats over tid. Regjeringa vil arbeide for ei avtale som er folkerettsleg bindande for alle land, men der innhaldet i forpliktingane kan variere mellom land. Avtala bør leggje til rette for at utsleppsreduksjonar gjennomførast på ein samfunnsøkonomisk best mogleg måte. Kjernen i avtala bør vere forpliktingar om utsleppsreduksjonar.

Arbeidet med tilpassing til klimaendringar er òg eit sentralt element i ei ny klimaavtale. Regjeringa vil arbeide for at alle land skal ha eit tydelegare ansvar for å tilpasse seg og førebyggje negative konsekvensar av klimaendringar. Eit slikt ansvar bør understøttast av finansiering, teknologi og kapasitetsbygging for sårbare utviklingsland. I arbeidet med ei ny klimaavtale vil det vere viktig å byggje på dei gode systema og institusjonane som allereie er etablerte under FNs klimakonvensjon.

Finansiering er eit viktig element i å finne løysingar på klimautfordringa, og Noreg vil spele ei sentral rolle også for den nye avtala. Under klimatoppmøtet i København i 2009 forplikta i-landa seg til kollektivt å mobilisere 100 mrd. USD pr. år innan 2020 frå ulike typar finansieringskjelder, både offentlege, private og innovative. Det vil vere viktig å byggje vidare på det gode arbeidet som allereie er gjort, mellom anna med å etablere institusjonar og mekanismar for finansiering under Klimakonvensjonen

Det grønne klimafondet vil kunne ha ei viktig rolle i åra framover. Noreg har spelt ei sentral

rolle i opprettinga av fondet, og Noreg var vertskap då Ressursmobiliseringsprosessen opna formelt med eit møte i Oslo 30.6–1.7 2014. Det vart avgjort å arrangere eit møte i siste halvdel av november, der land og andre aktørar blir inviterte til å lansere sine bidrag til fondet. Det gir håp om at kapitaliseringsprosessen blir vellykka og at fondet kan bli eit instrument for omstillinga til lågutleppsamfunn og klimarobuste samfunn slik fondet sitt styrande instrument skriv.

Noregs prioriterte område i forhandlingane om ei ny klimaavtale er:

- Ambisiøse mål om utsleppsreduksjonar for alle store utsleppsland, og ein samla innsats i tråd med togradersmålet.
- Finansiell støtte til utsleppsreduksjonar og tilpassing i utviklingsland, slik at dette gir best moglege resultat for gjennomføring av utsleppsreduserande tiltak og tilpassing til klimaendringar.
- Vere leiande i arbeidet med å redusere avskoging i utviklingsland.
- Gode system som kan etterprøvast for at land innfrir skyldnadene sine, inkludert felles internasjonale reglar for måling, rapportering og verifikasjon av klimagassutslepp.
- Vere ein pådrivar for å setje ein internasjonal pris på karbon og utvikling av fleksible gjennomføringsmekanismar og globale karbonmarknader.
- Regjeringa vil arbeide for ein avtale som legg til rette for at utsleppsreduksjonar vert gjennomført på ein samfunnsøkonomisk best mulig måte.

Sjå elles omfattande omtale av klimaforhandlingane i Revidert nasjonalbudsjett 2014.

Førebuing av Noregs klimaforplikting i 2015-avtala

På klimakonferansen i Warszawa i 2013 vart det bestemt at alle land skal utarbeide nasjonalt bestemte bidrag til avtala. Desse bidraga skal sendast inn i god tid før FNs klimakonferanse i Paris i desember 2015, og helst innan første kvartal 2015 for dei landa som er klare. Bidraga vil danne grunnlag for forhandlingar om endelege forpliktingar i avtala som skal ferdigstillast i Paris.

Det viktigaste elementet er å sende inn ei indikert forplikting om utsleppsreduksjonar i den nye klimaavtala. Regjeringa har derfor sett i gang arbeidet med å definere omfang og ambisjonsnivå for Noreg for perioden etter 2020, og vil leggje fram ei indikativ og vilkårsbunden utslippsforplikting for Noreg, innan utgangen av første kvartal 2015.

Regjeringa vil leggje kunnskapsgrunnlaget frå FN's klimapanel til grunn ved utforminga av ei ny utsleppsforplikting. Det er viktig at vårt innspel er kvantifiserbart, føreseieleg og kan etterprøvast internasjonalt. Bruk av anerkjent og etablert metodikk, mellom anna for berekning av utslepp og utsleppsreduksjonar, er viktig for å skape tillit.

I utforming av eit norsk innspel til utsleppsforplikting vil det bli lagt vekt på å bruke tilnærmingar som vi meiner vil vere gode allmenne løysingar for utsleppsforpliktingar i ei internasjonal avtale, slik som bruk av etablert metodikk frå FN's klimapanel.

Regjeringa vil føre ein ambisiøs nasjonal klimapolitikk med ei langsiktig omstilling til eit lågutsleppsamfunn innan 2050. I omstillinga til eit lågutsleppsamfunn i 2050 vil det vere behov for styrkt teknologiutvikling, ei meir klimavennleg samfunnsplanlegging og ei langsiktig tilnærming til omstilling i alle sektorar. Dette er ein viktig grunn til at Regjeringa har valt å forsterke klimaforliket bl.a. gjennom ei styrking av fondet for klima, fornybar energi og energiomlegging. Dersom vi ikkje får til denne styrkinga, vil det kunne gjere den nødvendige omstillinga til eit lågutsleppsamfunn vanskelegare. Ein ambisiøs politikk nasjonalt må vidare medverke til å redusere utsleppa globalt. Dette inneber at det blir teke omsyn til konsekvensane av kvotesystemet, faren for karbonlekkasje og til industrien si konkurranseevne når politikken blir utforma. Dette gir føringar for verkemiddelbruken for å redusere nasjonale utslepp, og det viser betydninga av å få ei brei, internasjonal klimaavtale.

Noreg har som mål å vere karbonnøytralt innan 2050. Vi har òg sagt oss villige til å ha eit forpliktande mål om karbonnøytralitet seinast i 2030, som ein del av ei global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland tek på seg store forpliktingar. Karbonnøytralitet inneber at Noreg skal syte for utsleppsreduksjonar tilsvarande norske utslepp.

Forpliktingar om utsleppsreduksjonar bør sikre ei kontinuerleg samla avgrensing og reduksjon i dei globale utsleppa. Det skjer best gjennom ei forplikting som kan bli omtalt som eit utsleppsbudsjett, der alle gassar og alle utsleppskjelder tel med, og der forpliktinga dekkjer ein samla tidsperiode. Eit utsleppsbudsjett legg godt til rette for bruk av internasjonale kvotemarknader. I arbeidet med å utforme ei indikativ forplikting med atterhald vil Noreg som hovudtilnærming ta utgangspunkt i ei forplikting fastsett som eit utsleppsbudsjett.

Den nye klimaavtala bør utformast slik at den gir riktige insentiv for alle sektorar både på

kortare og lengre sikt, og slik at det blir føreseieleg for investorar og avgjerdstakarar. Avtala bør òg ha nokre felles, overordna mål, som kan leggje grunnlaget for ambisjonane framover. Målet om å avgrense global oppvarming til under to grader er vesentleg.

Utforminga av regelverket for opptak og utslepp frå skog og andre landareal i ei ny avtale er viktig for Noreg. Frå norsk side vil vi arbeide for løysingar som er opne, som kan samanliknast mellom land, som kan etterprøvast, er føreseielege og som gir insentiv til tiltak med reell effekt på klimaet. Den internasjonale avtala bør byggje på eit felles internasjonalt regelverk som gir gode insentiv for alle land til å gjennomføre tiltak for å redusere avskoging, og tiltak som kan auke karbonlageret i skog. Det er òg viktig å sjå reglane for skog i eit lengre tidsperspektiv.

Skal verda lukkast med å redusere utsleppa i tråd med togradersmålet, må det etablerast ein internasjonal pris på karbon. Det betyr at vi treng omfattande og effektive karbonmarknader i åra som kjem. Gjennom det statlege kvotekjøpsprogrammet som Klima- og miljødepartementet forvaltar, medverkar Noreg til å utvikle marknaden for kvotehandel, jf. Prop. 1 S (2013–2014) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014). Kvotekjøpsprogrammet er også omtalt under programkategori 12.70, kap 1481. Det vil vere viktig for Noreg at ei ny klimaavtale gir gode høve til å bruke fleksible mekanismar. Dei fleksible mekanismane medverkar til å redusere klimagassutsleppa der kostnadene ved dette er minst. Ein ny periode under Kyotoprotokollen vil sikre at alle dei tre fleksible mekanismane under Kyotoprotokollen vert ført vidare. Samtidig har Noreg arbeidd for etablering av nye marknadbaserte mekanismar som ein del av ei større klimaavtale. Nye fleksible mekanismar vil utvide karbonmarknaden. Noreg har mellom anna argumentert for å opprette sektorbaserte mekanismar. Ei utvikling av slike nye marknadbaserte mekanismar vil òg bidra til å utvikle ulike lands kapasitet for måling og rapportering av utslepp. I tillegg blir det forhandla om etableringa av eit internasjonalt rammeverk for å utvikle meir generelle standardar eller prinsipp for internasjonal handel med utsleppsrettar. For å sikre reelle utsleppsreduksjonar er det viktig å etablere felles reglar for måling, rapportering og verifikasjon av internasjonale marknadbaserte mekanismar.

I det norske innspelet skal det klargjerast at nivået på nye klimaforpliktingar vil vere avhengig av tilgang på fleksible mekanismar. Bruk av fleksible mekanismar vil redusere kostnadene og gjere det mogleg å oppnå større samla utsleppsreduk-

sjonar enn dersom det ikkje blir lagt opp til slikt samarbeid mellom land.

Regjeringa vil derfor arbeide for ei avtale som inneber at kvotemarknader blir utvikla vidare som viktig reiskap for å fremje kostnadseffektivitet og auka ambisjonar. Både tilbod og etterspørsel etter kvotar kan endre seg i ei ny klimaavtale. Det er òg usikkert om den nye klimaavtala vil vere basert på ei felles «utsleppseining» som kan kjøpast og seljast mellom land, slik Kyotoprotokollen er. Vi ser i dag ei utvikling i retning av fleire regionale kvotemarknader, som på sikt kan tenkjast å bli knytt saman. For Noreg er det viktig at avtala har eit godt opplegg for kontroll med utferding og overføring av kvotar, slik at ein hindrar dobbelteljing av utsleppsreduksjonane.

Utsleppsreduksjonar i Noreg og kjøp av kvotar for å oppfylle den norske forpliktinga vil innebere kostnader for staten, næringslivet og den enkelte, men kan òg innebere gevinstar. Den viktigaste gevinsten av ei ambisiøs global klimaavtale, er at den vil hindre endå større klimaendringar enn det vi allereie må rekne med, og dermed redusere risiko for alvorlege konsekvensar.

Ein del av klimaforhandlingane har knytt seg til å utvikle eit regelverk for REDD+ (Reducing Emissions from Deforestation and Forest Degradation). Dette arbeidet fekk eit betydeleg gjennombrot under klimapartsmøtet i Warszawa i desember 2013. FN's klimakommisjon vedtok då ein pakke med sju vedtak («Warsawrammeverket») knytte til reduksjon av utslepp frå skog i u-land. Saman etablerer vedtaka frå Warszawa eit komplett rammeverk som definerer korleis REDD+ aktivitetar kan gjennomførast, korleis resultat kan målast, rapporterast og verifiserast, og korleis betaling for reduserte utslepp kan kanalisert. Rammeverket gir ei klar oppfordring til Det grøne klimafondet om å medverke med resultatbasert finansiering for REDD+. Rammeverket set tydelege krav til at u-land må ha rapportert på korleis dei oppfyller miljømessige og sosiale vilkår før dei kan ta imot resultatbaserte betalningar. Noreg fekk gjennomslag for viktige prinsipp knytte til uavhengig verifisering av referansenivå og rapporterte utsleppsreduksjonar, og at resultatbasert finansiering er avhengig av rapportering på miljømessige og sosiale sikringsmekanismer.

Gjennom klima- og skogsatsinga har Noreg sidan 2008 bidrege i stor skala til at utviklingsland skal kunne redusere CO₂-utslepp gjennom skogbevaring og redusert avskoging. Warsawrammeverket vil kunne få stor betydning i åra framover og medverke til auka oppslutning og framdrift i arbeidet med å redusere utslepp frå skog i utvik-

lingsland. Ferdigstillinga av det tekniske rammeverket vil òg leggje til rette for at tropiske skogland kan ta på seg konkrete forpliktingar om å redusere avskoging i ei ny klimaavtale og dermed kunne medverke til å auke det totale ambisjonsnivået i den nye klimaavtala som skal vedtakast i Paris i 2015.

Togradersmålet krev større utsleppsreduksjonar også før 2020

Den internasjonale innsatsen som er mobilisert for å redusere utslepp er betydeleg, men likevel langt ifrå nok. Ifølgje FN sitt miljøprogram, UNEPs «Emissions Gap Report» frå 2012, vil full gjennomføring av desse måla likevel ikkje levere meir enn om lag ein tredjedel av det som er nødvendig før 2020 for å hindre auka temperaturar over to grader. I Durban blei det derfor òg vedteke å arbeide for større utsleppsreduksjonar før 2020 og før ei ny avtale er planlagt å ha effekt.

Meir enn 100 land har ikkje fastsett noko mål om utsleppsreduksjonar eller -avgrensingar før 2020. For å dekkje utsleppsgapet er det viktig at fleire land set seg mål, og høvet til å auke dei noverande ambisjonane må vurderast.

I tillegg må ein utnytte internasjonale felles initiativ som kan medverke med betydelege, raske utsleppsreduksjonar. Noreg deltek i mange av desse initiativa og Regjeringa vil føre vidare og styrkje dette arbeidet. Særleg prioritert er område der vi har nasjonale interesser og kompetanse, og der det er mogleg å oppnå utsleppsreduksjonar raskt. Hovudinnsatsområde i det internasjonale klimaarbeidet vil vere:

- den internasjonale klima- og skogsatsinga,
- innrettinga av internasjonal klimafinansiering i den nye klimaavtala,
- utvikling av internasjonale kvotemarknader og utfasing av subsidiar til fossile brensel,
- kortliva klimadrivarar og rein energi i utviklingsland.

EU har starta arbeidet med ei ny forplikting for åra etter 2020. EU-kommisjonen har lagt fram eit forslag til ein klima- og energipakke for 2030. Kommisjonen foreslår eit mål på 40 pst. som skal gjennomførast innanfor EU-området.

Internasjonal skipsfart

På bakgrunn av eit norsk initiativ vedtok FN sin sjøfartsorganisasjon IMO i 2011 globale og juridisk bindande klimakrav til internasjonal skipsfart. Desse krava omhandlar krav til energieffek-

tiv utforming av nye skip og krav til energieffektiv drift av alle skip. Krava tredde i kraft 1. januar 2013. Etablering av desse krava er eit svært viktig resultat i vanskelege forhandlingar, og det er eit første steg i arbeidet med å redusere utslepp frå skipsfarten. I 2014 vedtok ein å utvide energieffektivitetskrav til fleire skipstypar. Arbeidet i IMO går vidare med sikte på vidare reduksjon av klimagassutslepp frå skipsfarten. Regjeringa vil halde fram med Noregs rolle som pådrivar i IMO sitt arbeid med reduksjon av klimagassutslepp frå internasjonal skipsfart.

Klima- og skogsatsinga

Klima- og skogsatsinga vart lansert under FN's klimaforhandlingar på Bali i desember 2007, som eit bidrag til den internasjonale innsatsen med å redusere utslepp av klimagassar frå avskoging og degradering av skog i utviklingsland (REDD+). Initiativet var ein del av det første klimaforliket i Stortinget i 2008, og er ført vidare og styrkt gjennom det andre klimaforliket i 2012.

I 2014 er to evalueringar av klima- og skogsatsinga publiserte. Norad har, sidan satsinga starta, gjennomført ei følgjeevaluering av satsinga. I tillegg er det gjennomført ei evaluering av klima- og skogsatsinga si strategiske betydning. Begge evalueringane er tilgjengelege på departementets heimesider.

Dei to evalueringane er i all hovudsak svært positive til klima- og skogsatsinga sine resultat og betydning. Satsinga er beskriven som av avgjerande betydning for at det globale arbeidet med klima- og skog har komme så langt som det har gjort, samanlikna med anna internasjonalt klimasamarbeid. Spesielt er framheva betydninga av viljen til å gå inn med storskala og føreseieleg finansiering i ambisiøse, langsiktige, resultatbaserte partnerskap med sentrale skogland. Ein hovudkonklusjon i evalueringane er at dagens hovudretning for satsinga – under dette den sterke og aukande vekta på storskala, resultatbaserte partnerskap med sentrale tropiske skogland – har vore viktig for satsinga si måloppnåing, og bør førest vidare. Sjå boks 6.1 med hovudfunn og anbefalingar i evalueringane i del II. Begge evalueringane er tilgjengelege på departementets heimesider.

Fleire tiltak for å styrkje satsinga sine system for innhenting og formidling av resultat og måloppnåing er sette i verk, bl.a. som oppfølging av kritiske merknader frå Riksrevisjonen i Dok 1 for budsjettåret 2013. Desse tiltaka, mellom anna utarbeiding av ein regelmessig resultatrapport frå

satsinga, vil bli førte vidare. Tiltak for ytterlegare å styrkje satsinga sine system for planlegging og resultatrapportering vil bli sette i verk. Dette vil innehalde kriteria for utveljing av land. Regjeringa har gjennom samlinga av klima- og skogsatsinga i Klima- og miljødepartementet og ved å underlegge Norad Klima- og miljødepartementet s mynde i saker som vedgår satsinga, rydda opp i tidlegare uklare punkt vedrørande ansvarsforhold i satsinga. Desse endringane meiner ein òg har styrkt grunnlaget for ei heilskapleg effektiv leiing og drift av satsinga. På same måten har Regjeringa avklart forholdet mellom tilskotsforvaltning under satsinga og økonomiregelverket, jf. orientering i revidert nasjonalbudsjett 2014.

Regjeringa vil prioritere følgjande område framover for klima- og skogsatsinga:

Betaling for utsleppsreduksjonar og der det er relevant for tidlege styresettreformer som medverkar til utsleppsreduksjonar. Partnerskap med sentrale tropiske skogland – basert på prinsippet om betaling for resultat (første og fremst betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar frå skog) – skal framleis utgjere satsinga sitt primære fokus. Funge- rande partnerskap med andre land for finansiering av REDD er viktig for auka og berekraftig REDD-satsing i framtida. Det tyske REDD+ Early Movers (REM) programmet, Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility Carbon Fund og BioCarbon Fund Tranche 3 vil vere sentrale kanalar for denne innsatsen. Der robuste nasjonale resultatbaserte fond for REDD+ er etablerte i samsvar med internasjonale standardar, til dømes Brasils Amazonasfond, bør desse utgjere den primære kanalen for norsk støtte. Det blir lagt vekt på arbeid for å få fleire land til å medverke med auka midlar til betaling for verifiserte utsleppsreduksjonar frå avskoging og degradering av skog. I innleiande fasar, fram til land er klare for eit samarbeid basert på betaling for utsleppsreduksjonar, skal bruken av betaling for resultat i form av nødvendige reformer styrkjast. Varig skogbevaring føreset institusjonar som fremjar god skogforvaltning. Å bidra til å styrkje slike institusjonar og til betre skogforvaltning, og til å etablere strategiar for gjennomføring vil hindre forseinkingar, føre til raskare utbetalingar og sikre langsiktige framfor kortsiktige utsleppsreduksjonar. Slik støtte føreset sterk politiske vilje i mottakarlanda til å ta på seg forpliktingar, og ei innretting av pengebruken mot tiltak av strategisk betydning for landet sine klima- og skogreformer.

Samarbeid med privat sektor vil vere ein gjennomgåande strategi for satsinga. Målet med eit slikt samarbeid er å skape alliansar der økono-

Boks 9.7 Kva gjer privat sektor for skogane i verda?

Engasjementet frå privat sektor har medverka til å skape eit nytt momentum for redusert avskoging. Privat sektor kan medverke til å redusere avskoginga direkte gjennom marknadspress, anten i form av høgare betalingsvilje for berekraftige råvarer eller i form av innkjøpspolitikk som ekskluderer produsentar som ikkje kan dokumentere nullavskoging. I tillegg til å rydde opp i eigne verdikjeder har selskapa oppmoda styresmakter til å arbeide for ei global klimaavtale under FN's klimakonvensjon, som òg omfattar finansiering av utsléppsreduksjonar.

I 2011 annonserte *Consumer Goods Forum* (CGF) at dei ville bidra til å eliminere avskoging frå dei fire sentrale råvarekjedene innan 2020 (soya, storfekjøtt, palmeolje og papir/papirmasse). CGF er ei global bransjeforeining av multinasjonale selskap med medlemmer som Unilever, Nestle og Walmart og eit samla årleg sal på om lag 20 000 mrd. norske kroner.

I 2013 slutta Noreg seg til *Tropical Forest Alliance 2020* (TFA 2020). Alliansen er sentrert rundt CGF-selskapa sitt mål om avskogingsfrie verdikjeder. Det er eit privat-offentleg partnerskap mellom CGF-selskapene og USA, Noreg, Storbritannia, Nederland, Liberia, Colombia og Indonesia, og ei rekkje sivilsamfunnsorganisasjonar. Det blir arbeidd med å få fleire skogland som medlemmer. Alliansen handlar først og fremst om delte mål og frivillige individuelle og felles tiltak og rettar seg mot kjernen i avskogingsproblemet – ekspansiv og ineffektiv landbruksproduksjon. Den har eigarskap på toppnivå i nokre av verdas største selskap, og på leiarnivå i heile Consumer Goods Forum som representerer hovuddelen av internasjonal etterspørsel etter relevante råvarer. Den fører privat sektor inn som del av løysinga på avskogingsproblemet. Internasjonalt næringsliv kan påverke lokalt næringsliv i dei viktigaste skoglanda på ein meir direkte og effektiv måte enn landa sine eigne eller utanlandske regjeringar, både ved å redusere etterspørselen etter ikkje berekraftige produkt og ved å demonstrere at grøn vekst utan avskoging er mogleg.

Eigarskap hos lokalt næringsliv kan igjen skape grobott for nødvendige reformer i høve til arealplanlegging, styresett og respekt for lover, konsesjonsprosessar, landreform osv. Alliansen kan dermed potensielt medverke til storskala utsléppsreduksjonar.

Palmeoljeindustrien er i dag ein av dei viktigaste årsakene til avskoging og øydelegging av karbonrik torvmyr. Wilmar er Asias leiande jordbruksindustrielskap og står for 45 pst. av handelen med palmeolje i verda. I desember 2013 etablerte Wilmar ein intern policy om berekraftig palmeolje med tre hovudprinsipp for eiga og underleverandørane verksemd: inga avskoging, inga etablering av oljepalmeplantasjar på torvmyr, og inga utnytting av menneske og lokalsamfunn. Andre tunge aktørar i palmeoljeindustrien, som Golden Agri Resources og Cargil, og ei rekkje forbrukarvareselskap, har følgd Wilmars eksempel. Dette kan medverke til ei grunnleggjande endring på produksjonssida i palmeoljesektoren.

Soya og biffkjøtt er andre råvarer med stor etterspørsel som utgjer ein trussel mot skog. Soyaproduksjonen i Amazonas i Brasil har sidan 2006 vore omfatta av eit moratorium. Dei viktigaste industriorganisasjonane gjekk saman om å ikkje drive handel eller eksport av soya produsert i Amazonas på land avskoga etter 2006. Moratoriet har så langt blitt forlenga til desember 2014, men det rår stor uvisse om det vil bli ytterlegare forlenga. Studien «*Slowing deforestation through public policy and interventions in beef and soy supply chains*» i tidsskriftet *Science* (Nr 1118, 2014) viser at Noregs innsats har vore viktig, og vil vere endå viktigare framover på grunn av auka etterspørsel etter varene. Forskarane konkluderer bl.a. med at dei norske bidraga kan bli nødvendige for å sikre vidare redusert avskoging i Brasil i framtiden. Dette mellom anna fordi storbønder bl.a. i Brasil treng eit tilstrekkeleg insentivsystem for at dei skal motstå avskoging, og i staden dyrke på allereie avskoga område.

miske og andre insentiv kan medverke til endring i spesifikke område. Viktig i denne samanhengen er å samarbeide direkte med dei relevante skoglanda og private aktørar for å få på plass dei

rammevilkåra som er nødvendige for at privat sektor skal kunne produsere verdiar utan å medverke til avskoging. Der det er føremålstenleg kan dette arbeidet supplerast med å setje opp finansier-

ingsinstrument som styrkjer og byggjer opp under privat sektor sin innsats (subsidiert av privat sektor sin aktivitet må unngåast). Betydelege ressursar må setjast inn på å utvikle vidare og styrkje eit globalt offentleg-privat klima- og skogpartnerskap mot avskoging og degradering av skog. FN's klimatoppmøte i New York i september 2014 – der eit stort tal likesinna land, private selskap og frivillige organisasjonar samla seg om The New York Declaration on Forests – viser at Noreg si tilnærming til desse spørsmåla no har brei internasjonal tilslutning. Sjå meir her www.un.org/climatechange/summit

Integreringa av klima- og skoginnsatsen i ein breiare 'grøn vekst'-agenda vil bli prioritert. Dette gjeld ikkje minst på landnivå, der det å arbeide for og stille analysekapasitet til disposisjon for å integrere klima- og skoginnsatsen i nasjonale utviklingsstrategiar vil vere avgjerande for å få breitt politisk gjennomslag for nødvendige reformer. Global Green Growth Institutes bidrag i Indonesia og Etiopia, og New Climate Economy-studiens bidrag i Brasil, Etiopia, India og Kina er døme på ein type arbeid som vil bli ein stadig viktigare prioritet for klima- og skogsatsinga. For å sikre gradvis breiare oppslutning om klima- og skogagendaen er det avgjerande å etablere fleire gode døme på bakken. Mellom anna gjennom Verdsbankens BioCarbon Fund Tranche 3 vil klima- og skogsatsinga arbeide saman med sentrale og lokale styresmakter i tropiske skogland, med andre donorar, med det private næringslivet og med det sivile samfunnet for å etablere fleire døme på at visjonen om at auka jordbruksproduksjon og redusert avskoging og degradering av skog kan gå hand i hand, kan omsetjast i praksis.

Støtta til det sivile samfunnet skal førast vidare og blir vurdert styrkt. Eit aktivt sivilt samfunn er avgjerande for å lykkast med å redusere avskoging og degradering av skog globalt, bl.a. for å sikre opne, deltakande og demokratiske avgjeringsprosessar. For perioden 2016–2020 vil vekt bli lagt på støtte mellom anna til urfolk og andre lokalsamfunn sitt arbeid for å sikre rettar til og kontroll over eigne landområde, til samarbeid mellom sivilt samfunn og privat sektor om å etablere avskogningsfrie forsyningskjeder, til tiltak for auka openheit og betre styresett og til vidare konsensusbyggjande arbeid rundt den globale klima- og skoginnsatsen. Spesielt når det gjeld urfolks høve til å hevde sine rettar og delta i prosessar og avgjerder som gjeld dei direkte, er det no ein tydeleg positiv tendens i sentrale skogland, særleg i Indonesia. Dette mogleighetsrommet bør utnytast, tilpassa det enkelte skoglands lokale kon-

tekst, og urfolkskomponenten i sivilsamfunnssatsinga vil derfor bli styrkt, i tillegg til den støtta vi gir indirekte gjennom styresmakter i samarbeidslanda våre.

Halde fram med å bidra til global kunnskapsbase om REDD+ og arealbruk. Regjeringa vil medverke til kunnskapsutvikling på REDD+-området gjennom evalueringar, analysar og forskning. Regjeringas bidrag til REDD+-relevant forskning vil bli styrkt i perioden 2016–2020, og tiltak for å oppnå dette blir sette i gang i 2015.

Auka vekt på kommunikasjon. Klima- og skogsatsinga si kommunikasjonsverksemd – ute og heime – skal styrkjast. Eit særskilt fokus vil bli retta mot informasjonstiltak knytte til framgangen i arbeidet hos våre mest sentrale partnerland og multilaterale organisasjonar og fond.

Innsatsen i følgjande område blir ført vidare og styrkt: Indonesia, Vietnam, Myanmar og regionalt i Mekongbassenget, Etiopia, Liberia, Brasil, Guyana, Peru, Colombia og Ecuador. Regjeringa vil òg vurdere å styrkje innsatsen i land i Kongobassenget. Desse landa dekkjer til saman 58 pst. av skogane i verdas utviklingsland, og har alle – om enn i varierende grad – vist vilje og evne til å ta tak i problemet med avskoging og degradering av skog. Det er lagt opp til gradvis å trappe ned bidraga til multilaterale institusjonar sin innsats for å støtte REDD+-førebuingar i eit stort tal land, til fordel for auka innsats i land som viser reell vilje og evne til framdrift mot målet om å generere utsleppsreduksjonar. Innsatsen for å betre koordineringa og effektiviteten i dei multilaterale institusjonane sitt arbeid vil bli trappa opp.

Nasjonal klimatilpassing

Klimaet er i endring, og endringane vil påverke både natur og samfunn. Menneskeskapte klimaendringar kan skje for raskt til at økosystem får tid til å tilpasse seg. Naturbaserte næringer kan få rammevilkåra sine endra, både med tanke på vekstsesong, nye skadedyr og bakteriar, vasstilsørsel og vassstemperatur. Samtidig kan naturen beskytte samfunnet sin infrastruktur mot for eksempel flaum- og skredskadar, som det er venta at vil bli større risiko for med mildare vèr og hypigare og meir intens nedbør i Noreg. Bygningar og infrastruktur som straumnett, vegar og jernbane, òg kulturminnar, kan på ulike sett ta skade av ekstremvèr eller andre effektar av klimaendringane. Særleg tettbygde område er sårbare for klimaendringane, både fordi mykje viktig infrastruktur er samla på eit avgrensa område, men òg fordi asfalterte overflater hindrar regnvatn i å

trenge ned i grunnen. Mange bygningar ligg i vasskanten eller i skredutsette område.

Alle har eit ansvar for klimatilpassing

Klimaendringane rammar samfunnet i full breidde. Statlege styresmakter, næringsliv, kommunar og enkeltindivid har alle eit ansvar for klimatilpassing. Det ansvaret alle har for eigedomen sin, tenesteyting, produksjon eller anna, ligg fast òg under endra klimatiske forhold, men kan krevje tiltak for å tilpasse seg dei nye føresetnadene. Kunnskap om korleis endringane vil slå ut lokalt står sentralt, slik at ein kan førebu og tilpasse seg og verksemda si.

Kommunane har ei sentral rolle når det gjeld klimatilpassing, ettersom dei både er store forvaltarar av eigedom og infrastruktur, og i tillegg har ansvar for ei rekkje verksemdar og tenester som kan bli påverka av klimaendringane. Enkelte kommunar har allereie utarbeidd planar for klimatilpassing, men det er behov for ytterlegare rettledning og kunnskap i kommunane for at lokalsamfunn skal vere best mogleg tilpassa eit endra klima. Arealplanlegging er eit viktig verktøy for å sikre at samfunn blir bygde slik at skadeverknadene av klimaendringane blir minst moglege. Både fylkeskommune og fylkesmann har viktige ansvarsområde knytte til dette, inkludert rettledning, og bistand i å sikre heilskapleg og regionalt koordinert tilpassingsarbeid.

Fleire statlege etatar har ansvar som er knytt opp mot klimatilpassingsarbeidet. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap arbeider med samfunnstryggleik, og følgjer mellom anna opp kommunar og fylkeskommunar i deira risiko- og sårbarheitsanalysar. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har ansvar for flaum og skred.

Klima- og miljødepartementet har ansvar for å leggje til rette regjeringas heilskapelege arbeid med klimatilpassing. Frå 1. januar 2014 har Miljødirektoratet vore den fagetaten som støttar Klima- og miljødepartementet i dette arbeidet. Det medfører å koordinere det heilskapelege klimatilpassingsarbeidet, men grip ikkje inn i dei ansvarsområda som ligg under andre styresmakter. Som nasjonal koordinator medverkar Miljødirektoratet til at regjeringa sitt arbeid med klimatilpassing blir teke vare på så langt råd er i forvaltninga og i samfunnet. For å sikre at arbeidet med klimatilpassing blir godt forankra og at erfaring og kunnskap frå andre direktorat og sentrale fagmiljø blir tekne omsyn til, skal Miljødirektoratet i arbeidet med klimatilpassing syte for å involvere aktuelle direktorat, lokale og regionale styresmakter og

fagmiljø. I tillegg skal Miljødirektoratet søkje samarbeid med næringslivet og bransjeorganisasjonar der klimaendringar vil ha særleg betydning.

Statlege klimatilpassingstiltak

Stortingsmelding om klimatilpassing i Noreg (Meld. St. 33 (2012–2013)) beskriv klimatilpassingsarbeidet i Noreg. Det skal utarbeidast nye klimaframskrivingar og havnivådata for Noreg i 2100, kunnskap om klimaendringane og klimatilpassingstiltak skal innhentast og formidlast, statlege planretningslinjer for klimatilpassing skal utarbeidast og eit ekspertutval utarbeider oversikt over regelverk på overvassområdet. Miljødirektoratet har ei sentral rolle i alt dette.

Miljødirektoratet skal òg utgreie verknadene av klimaendringar på naturmangfaldet i Noreg, basert på utsleppsbanene skisserte av FN's klimapanel, og vurdere tiltak og verkemiddel for å ta vare på naturmangfaldet i eit klima i endring.

Då alle har ansvar for klimatilpassing og arbeidet går føre seg i ulike sektorar er det ei viktig oppgåve for Miljødirektoratet å samle, halde oversikt over og rapportere om klimatilpassingsarbeidet i Noreg. Noreg er gjennom Klimakonvensjonen (UNFCCC) forplikta til å rapportere status og framdrift.

Miljødirektoratet vil bistå Klima- og miljødepartementet i det internasjonale arbeidet med klimatilpassing, under dette støtte arbeidet med FN's klimapanel og klimakonvensjon, i EU/EØS arbeid og anna bilateralt og multilateralt klimatilpassingsarbeid.

9.6 Resultatområde 6 Polarområda

Innleiing

Dei nasjonale måla som gjeld for Svalbard, Antarktis og Jan Mayen er no samla under resultat område 6: Polarområda. Polarområda i både sør og nord har andre naturtypar enn fastlands-Noreg. Flora og fauna består av andre arter, og arter som berre finst i polarområda. Det er utvikla eit eige verkemiddelapparat for miljøforvaltninga med svalbardmiljølova og tilhøyrande forskrifter, og forskrift om miljøvern og tryggleik i Antarktis. På Svalbard er bevaring av villmark viktig, og det er gjennom fleire stortingsmeldingar fastsett høge miljømål for øygruppa. Dei raske klimaendringane og aukande aktivitet i Arktis har gjort det meir krevjande å nå desse måla. Det er blitt stadig viktigare å ta vare på det sårbare miljøet og sikre ei forsvarleg forvaltning av naturressursane

i Antarktis. Noreg har gjennom ratifiseringa av Miljøprotokollen til Antarktistraktaten saman med antarktislанда forplikta seg til eit omfattende vern av miljøet i Antarktis og avhengige og tilknytta økosystem, og utpeike Antarktis til eit verneområde som skal vere vigd fred og vitskap.

Svalbard har ein både nasjonalt og internasjonalt viktig og verdifull natur- og kulturarv, og bevaring av Svalbards særeigne villmarksnatur er eitt av hovudmåla for norsk svalbardpolitikk. Størsteparten av Noregs totale verna område er på øygruppa, og Noreg forvaltar her nokre av Europas siste villmarker. Dei tilnærma urørte naturområda er viktige for bevaring av det sårbare biologiske mangfaldet som finst her, og har òg stor verdi som kjelde til kunnskap og naturoppleving. Svalbard er ein av dei stadene i verda der klimaendringane er venta å bli størst. Ein må rekne med store økologiske endringar, og betydelege utfordringar i arbeidet med bevaring av naturmangfaldet. På grunn av liten lokal påverknad er Svalbard ein svært velegna stad for å studere verknadene av klimaendringar på arter og økosystem i Arktis. Svalbard er derfor viktig som referanseområde for klima- og miljøforskning.

Svalbard har òg unike kulturminne frå mange generasjonar og nasjonars verksemd. Dette representerer ein eineståande kulturarv også i internasjonal sammenheng. Kulturminna på Svalbard er hovudsakleg samla langs kysten der det var lettast å komme til og rikast tilgang på mat- og fangstressursar. På grunn av klimaet er 300–400 år gamle kulturminne til dels godt bevarte og har eit informasjonspotensiale som ofte er borte frå anna materiale frå same tid i Europa. Øygruppa har òg ei rekkje interessante og unike kulturminne frå nyare tid, knytt til fangst, vitskapeleg utforskning og industriell verksemd. Den største trusselen mot naturmangfald og kulturminne på Svalbard er klimaendringane.

I Antarktis finst nokre av dei siste store urørte naturområda i verda. Det er blitt stadig viktigare å ta vare på dette sårbare miljøet og sikre ei forsvarleg forvaltning av naturressursane i Antarktis. Det internasjonale samarbeidet under Antarktistraktaten, Miljøprotokollen og CCAMLR (Convention on the Conservation of Antarctic Marine Living Resources) der Noreg deltek aktivt er viktig i så måte, og har gitt konkrete resultat i desse områda. Samtidig er presset på Antarktis i dag større enn nokon sinne. Vi står overfor ei rekkje miljøutfordringar knytte til auka aktivitet i området, men det er forhold som er eit resultat av aktivitetar utanfor kontinentet som har mest betydning for miljøutviklinga i Antarktis. Det gjeld først

og fremst dei storskala globale klimaendringane. Kontinentet er òg eit viktig referanseområde for klima- og miljøforskning.

Behovet for eit godt kunnskapsgrunnlag for forvaltninga av kontinentet og erkjenninga av at Antarktis har stor betydning for det globale miljø og vår felles framtid er viktige årsaker til at Noreg held ved lag ein betydeleg forskingsinnsats her.

Nasjonale mål

- Nasjonalt mål 6.1: Omfanget av villmarksprega område på Svalbard skal haldast ved lag, naturmangfaldet skal bevarast tilnærma upåverka av lokal aktivitet og motorisert ferdsel, og verneområda sin verdi som referanseområde for forskning skal sikrast.
- Nasjonalt mål 6.2: Dei 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa på Svalbard skal sikrast gjennom føreseieleg og langsiktig forvaltning.
- Nasjonalt mål 6.3: Negativ menneskeleg påverknad og risiko for påverknad på miljøet i polarområda skal reduserast.

Tilstand

Svalbard

Svalbard med tilgrensande hav- og drivisområde står i dag fram som lite påverka av lokal aktivitet, og miljøtilstanden på Svalbard er i hovudsak god. Med unntak av nokre få busetjingar og nærområda deira er Svalbard framleis eit stort, samanhengande villmarksområde. Dyrelivet er i utgangspunktet freda, og det skjer avgrensa jakt og fangst berre på enkelte arter. 65 pst. av Svalbards landområde og 87 pst. av territorialfarvatnet er i dag freda som naturreservat og nasjonalparker. Også dei delane av Svalbard som ikkje er verna er godt skjerma gjennom svalbardmiljølova. Den gode miljøtilstanden i dag er resultatet av eit målretta vern av arter og område sidan Noreg fikk overhøgd over øygruppa i 1925. Før dette vart dyre- og fuglelivet på Svalbard i fleire hundre år utsett for omsynslaus jakt og fangst, noko som reduserte fleire bestandar kraftig. Etter mange års freding, har fleire arter hatt ein kraftig vekst, men nokre av pattedyr- og fugleartene har ikkje klart å komme tilbake til tidlegare nivå. Raudlista for Svalbard er frå 2010 og inneheld 46 arter av planter, pattedyr og fuglar. Av desse er ti arter kritisk truga, 14 arter er sterkt truga og 22 arter er sårbare. I tillegg er 24 andre arter kategoriserte som nær truga.

Samtidig vert miljøet på Svalbard påverka på ein meir gjennomgripande måte gjennom klima-

endringar. Ein kan allereie sjå effektar av varmare klima og mindre is på utbreiinga av arter som har sjøisen som leveområde, slike som isbjørn og sel. Ein kan òg sjå at reiselivet allereie er påverka av effektane av klimaendringane. Vintrar med lite fjordis gjer at etablerte ruter for ferdsel ikkje lenger kan nyttast. Lite fjordis gjer òg at isbjørn og sel får innskrenka sine leveområde samtidig som motorisert ferdsel i nokre tilfelle blir konsentrert til dei same islagte områda. Dette inneber ein fare for at dei utfordringane desse artene allereie har blir forsterka.

Sjølv om det er lite folketal og låg næringsaktivitet i høve til Svalbards areal, påverkar lokal verksemd miljøet både gjennom inngrep, forstyrningar og slitasje knytte til ferdsel, og i utslepp til vatn, luft og grunn. Den lokale påverkinga frå dagens verksemd er moderat og særleg knytt til områda kring busetjingane og gruveområda. Avfall som driv i land på strendene på Svalbard er eit betydeleg miljøproblem. Det gjeld særleg plastavfall som har svært lang nedbrytingstid. Årleg blir det samla opp 150 kubikkmeter avfall frå strender på øygruppa. Ei nyleg undersøking viste at 90 pst. av havhestane som vart obduserte hadde plastbitar i magen.

Ei rekkje miljøgifter som blir transporterte langvegs frå med luft-, is- og havstraumar til Arktis er framleis ei miljøutfordring. Kvikksølv, PCB, bromerte flammehemmarar og perfluorerte organiske sambindingar er blant dei miljøgiftane som er rekna som mest problematiske. Desse finst i til dels høge konsentrasjonar i artene på toppen av dei marine næringskjedene i Arktis, som isbjørn og sjøfugl. Mens nivåa av miljøgifter som PCB og bly fell, aukar nivåa av enkelte andre miljøgifter. Målingar av miljøgiftnivåa på Svalbard viser at desse stoffa blir transporterte over lange streknigar og ser ut til å hope seg opp i næringskjeda. Dette gir styrkt fagleg dokumentasjon for å stanse bruk og spreing av stoffa.

Kulturminne på Svalbard frå før 1946 er automatisk freda, og talet er stort. Det er meir enn 1800 kjente lokalitetar, og det spenner frå ei enkelt tuft til heile gruvebyar som Grumant. Det er innlagt 1870 Svalbardlokalitetar i Askeladden (den offisielle databasen over freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg) med til saman 2684 enkeltminne, og det er registrert 376 bygningar.

Det går føre seg kontinuerleg sikring, vedlikehald og istandsetjing av bygningar og anlegg, men nokre kulturminne må òg overlatast til påverkna den frå naturkreftene, og vil bli brotne ned over tid. Dette er ei naturleg utvikling som det for eit

stort tal kulturminne verken er praktisk mogleg eller ønskeleg å setje inn tiltak mot.

Jan Mayen

I 2010 vart heile Jan Mayen og territorialfarvatnet freda som naturreservat, med unntak ov områda rundt stasjonen og flyplassen.

Denne vulkanske øya har ein geologi og natur som er unik i norsk samanheng. Som einaste øy i denne delen av norskehavet er Jan Mayen òg eit viktig hekkeområde for sjøfugl, med store bestandar av blant anna havhest og polarlomvi. 27 fuglearter hekkar fast på øya. Øya har ein spesiell og ofte sårbar vegetasjon dominert av mosar, med fleire endemiske arter som berre finst på Jan Mayen. Mens Jan Mayen tidlegare normalt var omgitt av drivis i månadene februar-mai, har det dei siste tiåra ikkje vore is sjølv om vinteren. Dette heng saman med klimaendringane og skrumpande sjøis. Klappmyss og grønlandssel har framleis viktige yngleplassar i drivisen nordvest for Jan Mayen. Dei to kommersielt mest verdifulle marine ressursane rundt øya er reke og haneskjell.

På Jan Mayen har alle dei freda bygningane som er prioriterte for bevaring blitt heilt eller delvis restaurerte gjennom 2000-talet.

Ei lokal avfallsfylling inneheldt betydelege mengder PCB. På 2000-talet vart det gjennomført tiltak for å hindre forureining frå deponiet. Det er i dag inga avfallsdeponering på Jan Mayen. Avfallet blir sortert, pakka og transportert til fastlandet.

Antarktis

Med unntak av ein tidlegare fangstperiode har menneskeleg aktivitet i Antarktis vore relativt avgrensa, og ein kan sjå på kontinentet og havområda utanfor som urørte.

Vegetasjonen på det antarktiske kontinentet består i hovudsak av algar, lav og mose. Sjøfuglane i Antarktis er nært knytte til det marine miljøet og hentar all si næring her. Dei er heile livet på havet, og er berre på land i hekketida. Det er ei rekkje selarter i Antarktis, og desse er i stor grad avhengige av is. Klimaendringar som fører til mindre is synest allereie å påverke fleire pingvinarter. Chinstrap-pingvinane har vanskar med å finne nok mat, og i nordvest på den antarktiske halvøya er bestanden av adeliepingvinar redusert med 65 prosent dei siste 25 åra. Keisarpingvinane er ei anna art som er påverka, og det kan ventast ein stor nedgang i bestanden ved minkande isbreumar rundt kontinentet. Keisarpingvinane tilpassar

seg sakte endringar i miljøet, og klimaet endrar seg raskt.

Luft- og havstraumar fører med seg miljøgifter sørover til Antarktis. For eksempel har ein sidan 1960-åra funne restar av DDT i marine organismar i Antarktis. Det er òg funne PCB i sørjo og sel. Fleire undersøkingar viser likevel at nivået på miljøgiftene er lågt, og lågare enn nivået målt i planter og dyr på den nordlege halvkula.

I dei norske områda i Antarktis er det ingen norske kulturminne på ATCMs (Antarctic Treaty Consultative Meeting) HSM-liste (Historic Sites and Monuments List). I andre område av Antarktis finst ni norske objekt på lista. Kulturminnemiljøet i Whalers Bay som inngår her er årleg eit av dei to mest besøkte stadene i Antarktis. Det er ikkje lenger mogleg aktivt å bevare heile eller delar av anlegget. I staden blir det satsa på informasjon til dei besøkande.

Påverknader

Svalbard

Den største trusselen mot naturmangfaldet på Svalbard er klimaendringar og havforsuring. Temperaturane i Arktis har dei siste tiåra stige dobbelt så raskt som det globale gjennomsnittet. Dette kan òg merkast på Svalbard. Stigande temperatur, raskt minkande sjøis og meir nedbør vil føre med seg store endringar i økosystem og i livsvilkåra for arktiske arter. Dette gjeld særleg arter som har sjøisen som leveområde. På lengre sikt er det fare for at desse artene vil forsvinne frå svalbardområdet. Endringar i permafrosttemperatur og tjukkeleik på det aktive øvste jordlaget kan endre hydrologien og vilkåra for plante- og dyrelivet. Arktiske farvatn er òg utsette for konsekvensar av havforsuring, fordi kaldt vatn tek opp mest CO₂.

Klimaendringane kan òg føre til at påverknad frå fiskeria aukar etter kvart som kommersielle fiskeslag kan bevege seg nordover og inn i Svalbards kystfarvatn. Det føregår eit betydeleg rekrefiske ved Svalbard, men i verneområda er bruk av reketrål berre tillate på djup større enn 100 meter.

Langtransporterte miljøgifter er framleis ei betydeleg utfordring for artene på toppen av næringskjedene. Kvikksølv, PCB, bromerte flammehemmarar og perfluorerte organiske sambindingar er blant dei miljøgiftene som er rekna som mest problematiske.

Svalbard blir òg stadig lettare tilgjengeleg på grunn av mindre havis. Utviklinga går i retning av ei stadig veksande cruiseverksemd både i og utanfor verneområda. Til dømes auka talet på turistar som besøkte Svalbard med fly frå 40 100 til 47 600

mellom 2012 og 2013, mens det er ein svak nedgang frå 2012 til 2013 i talet på passasjerar som besøker Svalbard med oversjøiske cruiseskip. Skipa hadde òg færre seglingar til Svalbard i 2013 i høve til 2012. Talet på personar om bord på dagsturbotar i Isfjorden har auka i same perioden. Det same har talet personar på ekspedisjonscruiseskip på Svalbard. Talet på stader for å stige i land har auka frå 209 i 2012 til 229 i 2013, og talet på personar i land har i same perioden auka frå omlag 120 000 til 136 500.

Kulturminna som ligg utanfor busetjingane på Svalbard er først og fremst truga av klimaendringar og naturleg nedbryting. Over tid bryt naturlege prosessar som vindslitasje, elve- og stranderosjon, råte, erosjon og isbjørnbesøk ned kulturminne, og kan til og med fjerne dei heilt på relativt kort tid. Kulturminneverdiane er òg påverka av auka utbygging i busetjingane og ferdsel i terrenget. Den aukande ferdselen, også til meir fjerntliggjande område, kan føre til auka slitasje. Det harde klimaet på Svalbard er i seg sjølv ein konstant trussel mot bygningar og utstyr som ikkje er i bruk. Endringar i klimaet kan forsterke denne trusselen.

Jan Mayen

Det er ein risiko for lekkasje av olje frå tankanlegget på land, men denne er først og fremst knytt til røyr og ventilar. Den største trusselen for miljøet er vurdert å knyte seg til søl direkte i sjøen. Dermed vil sjøfugl vere mest utsett. Andre truslar mot Jan Mayens naturmiljø er langtransportert forureining, klimaendringar og overfiske. Det er i dag inga organisert turistverksemd på Jan Mayen, og det er ikkje tilrettelagt fasilitetar for mottak av turistar.

Antarktis

Den største påverknaden av naturmiljøet i Antarktis i dag skjer gjennom dei menneskeskaptene globale klimaendringane. Pågåande og venta klimaendringar i dei kommande tiåra påverkar, og vil halde fram med å påverke, storskala prosessar med effektar på klimasystemet både i og utanfor Antarktis. Isen i Antarktis har stor betydning ikkje berre regionalt, men òg i global klimasamheng. Innlandsisen representerer meir enn 90 prosent av all is på jorda si overflate. Saman med isen på Grønland har dette avgjerande betydning for havnivået i framtida. Konsekvensane av klimaendringane i Antarktis er fleirfaldige. På sikt er det venta at havisen vil trekkje seg tilbake, og at

smeltande isbrear vil medverke sterkt til havnivåstigning. Og ikkje minst vil livsvilkåra for planter og dyr endre seg.

Kvar og ein av påverknadsfaktorane i Antarktis utgjør ikkje ein stor trussel mot det antarktiske miljøet, med unntak av klimaendringane. Men det er uvisse rundt spørsmålet om dei samla verknaðene av ei rekkje negative påverknadstrendar som går parallelt og integrert med kvarandre.

Den er ein stadig aukande aktivitet i Antarktis i form av turisme, skipsfart og fiskeri. Fleire menneske besøker Antarktis no enn for berre nokre få år sidan, og særleg har turismen auka jamt i omfang. Dei fleste ilandstigingane skjer i dei områda som har spesielle natur- eller kulturminneverdiar rundt Antarktishalvøya. Berre eit lite tal turistar besøker andre delar av Antarktis, men her òg har tilgjenget med åra blitt større og med det også presset på tidlegare heilt urørte område.

Den vitskapelege verksemda med forskings-ekspedisjonar og faste stasjonar har òg auka kraftig. Mange av stasjonane ligg rundt dei biologisk mest attraktive områda på og ved Antarktishalvøya. Samtidig blir det bygd fleire nye stasjonar i dei meir aude områda på kontinentet.

Det er i dag det aukande fiskeriet i Sørishavet som utgjør den mest openberre påverknadssfaktoren på det marine økosystemet i Antarktis. Bifangst har vore ei tilleggsutfordring ved fiskeaktiviteten. Det er særleg sjøfugl som blir offer for bifangst. Dette er no betydeleg redusert gjennom tiltak som er sette i verk innanfor ramma av CCAMLR. Fleire albatross- og petrellarter er raudlista som truga arter. Tiltak som er sette i verk innanfor ACAP (Agreement on the Conservation of Albatrosses and Petrels), som også Noreg er part til, og tiltak sette i verk innanfor ramma av CCAMLR er venta i fellesskap å medverke til å sikre framtida for desse truga artene.

Introduksjon og spreiding av framande arter er eit aukande globalt problem, då stadig nye arter finn vegen ut av sitt naturlege leveområde og inn i nye. Meir transport og fleire menneske som besøker Antarktis aukar òg faren for innføring av framande organismar. Framande arter kan gjere betydeleg skade der dei etablerer seg, og kan vere årsak til viktige økosystemendringar. Introduserte arter kan òg bere med seg sjukdom som kan slå ut eit naturleg system som ikkje har bygt opp immunforsvar mot desse sykdommane. Både turistnæringa og forskingsaktørane har sett denne utfordringa og arbeider aktivt for å setje i verk tiltak for å avgrense risikoen for ubevisst innførsel av framande organismar.

Ballastvatn er kjent som ei betydeleg årsak til introduksjon av framande arter. Antarktistraktatsystemet har på bakgrunn av dette vedteke retningslinjer for utveksling av ballastvatn i Antarktisområdet som eit føre var-tiltak for å redusere risiko. Framande organismar kan òg overførast ved å vere festa på skipsskroga og i diverse holrom i skroget. I Antarktis kan sjøis medverke til at slike organismar blir skurte av skroget og sleppte ut i miljøet.

Verksemd i Antarktis krev eit tungt logistisk apparat til transport og drift av stasjonar for forskingsformål og som i stor grad nyttar fossile drivstoff som slepp ut forureinande stoff og drivhusgassar til atmosfæren og omkringliggjande område. I den store globale samanhengen er utsleppsniåa relativt ubetydelege, men for enkelte område, spesielt der det er høgt aktivitetsnivå, kan belastninga bli relativt stor. Landa arbeider no aktivt for å finne mest mogleg innovative og effektive måtar for å redusere forbruket av fossilt brensel og dermed redusere utsleppa. Det er allereie innført eit forbod mot at skip som går i Antarktis, brukar tungolje som drivstoff.

Det harde klimaet i Antarktis er i seg sjølv ein konstant trussel mot bygningar og utstyr som ikkje er i bruk. Endringar i klimaet kan forsterke denne trusselen. I tillegg til naturlege nedbrytingsprosessar er auka ferdsel, spesielt knytt til turistnæringa, ein ny trussel mot kulturminna.

Politikk for å nå dei nasjonale måla for polarområda

Svalbard

Det er ei viktig utfordring å regulere cruisetrafikken og forskingsaktiviteten både i og utanfor verneområda, blant anna for å sikre verneområda sin verdi som referanseområde for klima- og miljøforskning. Miljøstyresmaktene har utarbeidd forvaltningsplan for dei store naturreservata på Aust-Svalbard og fastsett ny forskrift om større naturvernområde og fuglereservat på Svalbard. Den nye forskrifta gir saman med forvaltningsplanen tydelege rammer for bruken for lokalbefolkninga, reiselivet, forskinga og forvaltninga. Samtidig blir naturmiljøet teke vare på i ei tid der klimaendringar gjer naturen, dyrelivet og kulturminna ekstra sårbare for påverknad og forstyrning. Arbeidet med slike forvaltningsplanar for nasjonalparkane er starta opp.

Isbjørn er særleg sårbar for effektane av klimaendringar, og under leiing av Norsk Polarinstittutt har ei gruppe ekspertar frå alle dei fem isbjørnnasjonane laga ein felles plan for overva-

king av isbjørn, Det er òg utarbeidd ein nasjonal handlingsplan for isbjørn. Arbeidet med å implementere planen har starta. Norsk Polarinstitut skal i samarbeid med russiske kollegaer gjennomføre ei ny teljing av Svalbard/Barentshavbestanden av isbjørn i 2015. Isbjørn er ein av dei mest klimasårbare artene i Arktis. Den nye teljinga kan indikere om det har skjedd drastiske endringar sidan siste teljing i 2004, etter ein periode med mange år med dårlege isforhold og tap av sjøishabitat. Ei slik teljing vil òg gi eit sentralt referansepunkt for å følgje med i bestandsutviklinga i kommande år med store klimaendringar. Resultata vil òg vere av stor internasjonal interesse fordi dei vil gi viktig informasjon om kva som vil skje med bestandane i andre delar av Arktis etter kvart som havisen trekkjer seg tilbake).

Det vil vidare i 2015 bli gjennomført ei vurdering av dagens artsforvaltning med hovudfokus på haustbare arter og raudlistearter.

Miljøforvaltninga vil i 2015 sjå nærare på ferdsel og konsekvensar av dette for dyrelivet, særleg i fjordane på Vest-Spitsbergen. Det er òg ei utfordring å førebyggje introduksjon og spreiding av frammande arter, og rydde opp i lokale forureiningar til luft, jord og vatn.

Ein handlingsplan mot frammande arter på Svalbard vil bli ferdigstilt, og arbeidet med å implementere planen vil starte opp.

I Kulturminneplan for Svalbard 2013–2023 er det utarbeidd ei samla liste over dei ca. 100 viktigaste kulturminna og kulturmiljøa, der 50 har særleg høg prioritet. Oppfølginga av dei prioriterte objekta varierer frå berre tilsyn, forslag til freding, sikring i arealplan og til omfattande restaurering og vedlikehald. For enkelte kulturminne med særleg stor kulturhistorisk og/eller opplevelsesmessig verdi, vil det vere aktuelt å setje i verk førebyggjande tiltak, for eksempel for å motverke råteskade eller erosjon. Dei industrielle kulturminna er ei særleg utfordring. Desse er viktige symbolstrukturar for Longyearbyen og Svalbard.

Det blir arbeidd med å betre parametra for miljøovervaking av kulturminna. Arbeidet skjer som ein del av MOSJ (Miljøovervaking på Svalbard og Jan Mayen). Tilstandsrapportering på dei enkelte kulturminna skjer gjennom oppdateringar i Askeladden.

Gjennom lovgiving og samarbeid som ledd i internasjonale avtaler og konvensjonar forvaltar Noreg Svalbards natur- og kulturminneverdiar for ettertida på ein berekraftig måte. Svalbard er oppført på Noregs tentative liste til Unescos verdsarvkonvensjon. Arbeidet som er starta opp med å

utgreie Svalbard som eit mogeleg verdsarvområde vil halde fram.

Antarktis

Norsk antarktispolitikk har som eit av fleire mål å sikre at dei unike natur- og miljøverdiane blir tekne vare på for framtidige generasjonar og som viktig referanseområde for forskning på globale miljøsystem. Innanfor denne ramma skal det vere rom for miljøforsvarleg forskning, turisme og næringsdrift.

Noreg skal arbeide aktivt gjennom Antarktistraktaten (ATCM) for å sikre at dei unike natur- og miljøverdiane i Antarktis blir tekne vare på for framtidige generasjonar og for forskning på globale miljøsystem. Noreg skal framleis vere ein aktiv pådrivar for å sikre at klimaendringar er eit viktig punkt på dagsordenen i ATCM, og for oppfølging av tilrådingane frå det særskilte ekspertmøtet om klimaendringar i Antarktis som vart halde i Svolvær i 2010.

Det er store utfordringar knytte til sikring og istandsetjing av kulturminna. Bevaringstiltak blir gjennomførte i samsvar med fagleg grunngitt og avgrensa prioriteringsliste. Det er løyvd midlar til bevaringsarbeid på bl.a. Borchgrevinks hytter på Kapp Adare. Gjennom ei avtale mellom Noreg og Storbritannia om samarbeid om norsk-britiske kulturminne i Antarktis og sub-Antarktis (Syd-Georgia) blir det løyvd midlar til bevaringstiltak i perioden 2012 til 2014.

Norsk Polarinstitut har ei nøkkelrolle i norsk antarktisadministrasjon både som nasjonal operatør for tilrettelegging for forskning og som myndighet etter forskrift om miljøvern og tryggleik i Antarktis. Som ein aktiv part i Antarktistraktaten pliktar Noreg å drive solid og aktiv forskning i Antarktis. Norsk Polarinstitut legg til rette for slik forskning ved å tilby logistikkstøtte (transport, fasilitetar, m.v.) til forskingsprosjekt som har utspring i Noreg. Norsk Polarinstitut er òg hovudleverandør av vitskapeleg kunnskap om Antarktis.

Norsk Polarinstitut er òg nasjonal myndighet etter forskrift om miljøvern og tryggleik i Antarktis. Dei viktigaste oppgåvene som følgjer denne myndigheita er bl.a. vurdering og behandling av meldingar om – og miljøkonsekvensvurderingar for planlagt norsk aktivitet i Antarktis, og å gjennomføre tilsyn på aktivitetar for å sikre at dei blir utførte i tråd med regelverket. Klima- og miljødepartementet er ansvarleg styresmakt når det gjeld vurdering og godkjenning av Norsk Polarinstituttts verksemd i Antarktis. Riksantikvaren er fagleg rådgivar for Norsk Polarinstitut i kulturminnesaker.

Del IV
Organisasjonsendring, fornyingsarbeid
og likestilling

10 Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling

For stillingsoversikt se vedlegg til Prop. 1 S (2014–2015) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet

10.1 Organisering

Klima- og miljødepartementet er overordna styresmakt for Miljødirektoratet, Riksantikvaren, Norsk Polarinstitutt, Norsk kulturminnefond og Svalbards miljøvernfond. Frå 1. juli 2013 er Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet slått saman til Miljødirektoratet. Direktoratet har avdelingar i Oslo og Trondheim. Miljødirektoratet har utarbeidd ein gevinstreiseringsplan for samanslåinga av Direktoratet for naturforvaltning og Klima- og forureiningsdirektoratet. I samband med dette vart direktoratets driftspost (kap. 1420 post 01) redusert med 15 mill. kroner i budsjettet for 2014 (jf. Prop. 1 Tillegg 1 (2013–2014)).

Det statlege miljøarbeidet blir regionalt teke vare på av miljøvernavdelingane hos Fylkesmannen, fylkeskommunane og sysselmannen på Svalbard. Etatar som Statens strålevern, NORAD og Sjøfartsdirektoratet har oppgåver innanfor miljøområdet som Klima- og miljødepartementet styrer.

10.2 Oversikt over fornyingsarbeidet

Informasjonsteknologi

Informasjonsteknologi støttar og medverkar til effektiv samhandling i miljøforvaltninga og med det offentlege publikum. Måla for miljøforvaltninga sin IKT-strategi for 2011–2015 er god kunnskapsforvaltning, tydeleg miljøinformasjon og god formidling. Miljøforvaltninga skal vere ei moderne forvaltning med solide fagsystem, god organisering og samordning av miljødataarbeidet. Miljøforvaltninga sikrar oppfølging av den nasjonale IKT-politikken gjennom fokus på samhandling, digitale tenester og verdiskapande data. Miljøforvaltninga skal ha ei koordinert IKT-utvikling som understøttar forvaltninga sine mål og det skal

haldast eit tydeleg fokus på informasjonstryggleik.

Nettstader og portalar

Nettstaden www.miljostatus.no er Noregs største informasjonsbank om miljø. Her blir informasjon om miljøtilstand og utvikling fortløpande oppdatert og tilpassa aktuelle utfordringar. Eit vesentleg mål er å skape forståing for samhengane mellom miljøtilstanden, kva som påverkar han, konsekvensar og tiltak. Miljødirektoratet er redaktør på vegner av heile miljøforvaltninga.

Nettstaden www.miljokommune.no er ein vegvisar for kommunane og er ein stadig viktigare kommunikasjonskanal mellom staten og kommunane innan kommunens miljøoppgåver. Nettstaden samlar og legg til rette rettleiing frå miljøetane til kommunane, og skal medverke til miljøforbetring ved å hjelpe kommunane til å nytte miljømyndet og utføre pliktene på miljøområdet betre og meir effektivt enn i dag. Miljødirektoratet har redaktøransvaret for nettstaden som er eigd av Klima- og miljødepartementet.

Miljødirektoratet drifrar òg nettstaden www.erdetfarlig.no – der du finn oversikt over dei mest helse- og miljøskadelege stoffa ein kan finne i vanlege forbrukarprodukt. Vidare får du hjelp til å finne dei mest miljøvennlege alternativa og til å kaste produkta riktig når du skal kvitte deg med dei.

I løpet av dei siste åra har det komme mykje ny kunnskap om klimatilpassing frå forskning, statleg forvaltning og kommunar. Nettportalen www.klimatilpasning.no har som mål å samle aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing på ein stad. Portalen er laga hovudsakleg for dei som skal leggje planar og ta avgjerd lokalt og regionalt, men informasjonen skal òg vere lett tilgjengeleg og interessant for alle som er opptekne av kva klimaendringar vil bety for det norske samfunnet. Nettstaden blir drifta av Miljødirektoratet på vegner av Klima- og miljødepartementet. Utvikling av versjon to er i gang.

Miljøforvaltninga arbeider kontinuerleg med å tilpasse og leggje til rette informasjon for ulike

brukarar ved hjelp av ny teknologi og i nye kanalar på nett. Miljøstatus.no har mellom anna gjort tilgjengeleg ei rekkje av karttenestene sine for smarttelefonar og nettbrett. Både Klima- og miljødepartementet og fleire underliggjande etatar er til stades og kommuniserer aktivt i sosiale medium. På Facebook og Twitter treffer ein både gamle og nye brukarar på nye måtar.

10.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Departementet har eit overordna ansvar for samordning og koordinering av det tverrsektorielle samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet knytt til avløpshandtering, kulturminne og symbol, samt beskyttelse av natur og miljø. Det er nedsett eit utval som skal utgreie konsekvensane av meir overvatn i byane. Utvalet skal greie ut gjeldande lover og rammer for kommunanes handtering av overvatn og kom med forslag til endringar og forbedringar. Samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet er følgt opp internt gjennom årleg revisjon av krise- og beredskapsplanverket, og avdelingane sine ROS-analysar. Departementet har delteke på relevante beredskapsøvingar. Deltaking i nasjonale øvingar og øving av interne beredskapsrutinar vil bli vidareført neste år. Departementet har lagt ned eit stort arbeid med eigen tryggleik i 2014.

10.4 Informasjonstryggleik

I desember 2012 vart det lansert ein ny nasjonal strategi for informasjonstryggleik med tilhøyr-

rande handlingsplan. I strategien blir det slått fast at fagdepartementa har eit overordna ansvar for å ivareta tryggleiken i sektoren sin IKT-infrastruktur, og for at det førebyggjande arbeidet med informasjonstryggleik i sektoren er tilfredsstillande. I arbeidet med å følgje opp strategi for informasjonstryggleik ber Klima- og miljødepartementet at underliggjande etatar fokuserer spesielt på følgjande område:

- Kritisk infrastruktur i eiga verksemd
- Førebyggjande tiltak i eiga verksemd
- Beredskapsplanar og behov for å setje i verk krisehandtering i eiga verksemd

I 2014 ga departementet underliggjande etatar i oppdrag å tilretteleggje dokumentasjon for å oppfylle krava til ISO 27001-standarden «Information Security Management System». Departementet følgjer opp framdrifta i dette arbeidet.

10.5 Rapport om likestilling og mangfald i miljøforvaltninga

Miljøforvaltninga er pålagt å arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling og mot diskriminering innanfor eiga verksemd. Tabellane 1.1, 1.2 og 1.3 viser kvinnedelen i verksemdene, totalt og på ulike stillingsnivå, samanlikning av kvinner og menn si månadlege gjennomsnittslønn på ulike stillingsnivå, statistikk for menn og kvinner sitt sjukefråvær, delen av menn og kvinner på deltid og mellombels stilling og fordeling av uttak av foreldrepermisjon for 2013. Norsk kulturminnefond har svært få medarbeidarar og er derfor ikkje med i oversiktene.

Tabell 10.1 Oversikt over del kvinner i pst.

	Totalt	Topplei.	Mellomlei.	Høgtlønte rådg.	Saksbeh.	Kontor
KLD	57,7	42,8	58,9	38,4	58,5	71,4
Miljødirektoratet	53,8	31,3	45,1	55,6	53,5	85,7
NP	38,1	50,0	42,9	41,6	65,4	80,0
RA	60,0	66,7	62,0	54,0	69,0	60,0

Toppleiar omfattar øvste leiar og leiar av avdelingar (mellomleiarar er leiarar av seksjonar og einingar under avdelingsnivå). Høgtlønte rådg. omfattar seniorrådgivarar, spesialrådgivarar og tilsvarande stillingar.

Tabell 10.2 Prosentoversikt over kvinnene og mennene si månedlege gjennomsnittslønn

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA	
	K	M	K	M	K	M	K	M
Totalt	96,7	100	96,4	100	94,6	100	97,5	100
Topplei.	96,6	100	100	96,4	100	99,0	73,1	100
Mellomlei.	99,6	100	96,2	100	100	98,0	100	99,6
Høgtlønte rådg.	85,4	100	97,8	100	84,9	100	97,8	100
Saksbeh.	98,9	100	98,0	100	99,8	100	100	99,5
Kontor	100	87,7	100	97,4	100	81,8	100	94,1

Tabell 10.3 Oversikt over deltid, mellombelse stillingar, foreldrepermisjon og fråvær fordelt på kvinner og menn

	KLD		Miljødirektoratet		NP		RA	
	K	M	K	M	K	M	K	M
Deltid ¹	9,2	3,3	16,8	7,6	6,8	1,4	10,8	3,8
Mellombelse ²	6,6	2,9	9,3	2,7	12,4	15,9	12,1	3,8
Legem. fråv. 2013	3,9	0,9	3,4	1,3	2,1	0,4	3,0	1,7
Foreldreperm. ³	73,9	26,1	51,0	49,0	0	100	44,0	56,0

¹ Pst. del av kvinner/menn på deltid

² Pst. del av kvinner/menn i mellombels stilling

³ Pst. del av det totale foreldrepermisjonsuttaket som blir teke ut av kvinner/menn

I det følgjande er rapportert status og tiltak i dei enkelte verksemdene.

Klima- og miljødepartementet

Det er små endringar i kjønnsbalansen i departementet i dei ulike stillingskategoriane. Lønnsforskjellane totalt sett har blitt mindre, men det er blitt større forskjell blant høgare lønna rådgivarar. På toppleiarnivå i departementet (departementsråd og ekspedisjonssjefar) er det tre kvinner og tre menn. Departementet har òg ansvar for tilsetjing av direktørane for underliggjande etatar, og blant desse er det ei kvinne og tre menn. Kjønnsfordelinga blant medarbeidarane i departementet sine avdelingar, og innan dei enkelte fagområda, er stort sett jamn, men det er eit fleirtal av kvinner i kontorstillingane. Rekruttering og ny organisering er viktige verkemiddel for å få jamn fordeling av kjønn på ulike fagområde og nivå i organisasjonen, saman med tilbod om individuell kompetanse- og karriereutvikling. Ein gjennomgang av alle kunngjorde stillingar i 2013 (mars-desember) viser at av den totale søkjarmassen var 58,4 pst. kvinner. Av medarbeidarane som vart tilsette i

desse stillingane var 60,3 pst. kvinner. Eit hovudmål i lønns- og personalpolitikken er å medverke til likestilling mellom kjønna. Eitt av måla i Klima- og miljødepartementets rekrutteringsstrategi er å auke delane av medarbeidarar med innvandrarbakgrunn og medarbeidarar med redusert funksjonsevne. For å oppnå dette skal personar i målgruppene oppfordrast til å søkje på stillingar i departementet, og kvalifiserte søkjarar skal innkallast til intervju. Strategien inneheld òg tiltak for å finne fleire aktuelle kandidatar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne, blant anna gjennom samarbeid med NAV og utlysning av stillingar på inkludi.no. Det skal òg satsast på haldningsskapande arbeid internt.

Miljødirektoratet

Miljødirektoratet har ei relativt jamn kjønnsfordeling på 46,2 pst. kvinner og 53,8 pst. menn etter samanslåinga i 2013, og ein har med det i stor grad utlikna den ubalansen som eksisterte i dei to tidlegare direktorata Klima- og forureiningsdirektoratet og Direktoratet for naturforvaltning.

Til tross for ei jamn kjønnsfordeling på etatsnivå, kan det likevel vere vesentleg kjønnsmessig ubalanse i dei enkelte organisasjonseiningane som det kan vere grunn til å arbeide målretta med for å utlikne. Miljødirektoratet har derfor formuleringar i sitt personalreglement som skal sikre at kvinner blir oppfordra til å søke. I søkjargrunnlaget til stillingane totalt sett er det ei jamn kjønnsfordeling, men av dei som blir tilsette er det overvekt av kvinner (66 pst.).

Innanfor dei enkelte stillingsgruppene er det ei etter måten jamn kjønnsfordeling. Unntaket er for gruppa direktør/avdelingsdirektør der det er 36 pst. kvinner og 64 pst. menn og for kontorstillingar der det er ei overvekt av kvinner (90 pst.).

Lønnsmessig er det registrert noko forskjell mellom kjønna totalt, med ein gjennomsnittleg månadslønn for menn på bto 47.413 kroner mot kvinner 44.113 kroner. På stillingsgruppenivå er denne ubalansen reflektert på alle stillingsgrupper unntake direktør/avdelingsdirektør og på kontorstillingar, der ubalansen er motsett. Dei to sistnemnde gruppene er så marginale at dei i lita grad motverkar ubalansen i de andre stillingsgruppene. Direktoratet vil nytte aktuell lønnsstatistikk som beskriv avlønning fordelt på kjønn som ein del av grunnlaget for dei lokale forhandlingane for å ta vare på likestillingsperspektivet i lønnsutviklinga.

Miljødirektoratet er ei IA-bedrift og vil formulere nye målsetjingar for IA-arbeidet i løpet av 2014 for å redusere sjukefråvær, fremje integrering og auke pensjonsalderen. Sjukefråværet er etter måten lågt med eit legemeldt fråvær på 2,4 pst. Kvinner har eit noko høgare fråvær med 3,4 pst. mot menns fråvær på 1,3 pst. Det totale fråværet inkludert eigemeldt fråvær er på 3,9 pst. Ei systematisk oppfølging av sjukefråværet i tråd med retningslinjer frå NAV er eit viktig tiltak for å avgrense sjukefråvær og eventuell uførepensjonering. På det førebyggjande området er det etablert gode kartleggingsrutinar for fysisk og psykososialt arbeidsmiljø. På sistnemnte område nyttar ein statens eige kartleggingssystem, Avant, med tilhøyrande oppfølgingsmetodikk.

Miljødirektoratet arbeider for integrering av arbeidstakarar som har falle utanfor arbeidslivet gjennom å tilby praksisplassar og ha rutinar på å innkalle arbeidstakarar med redusert funksjonsevne til intervju føresett at dei er kvalifiserte. Sidan samanslåinga har 4 pst. av kandidatane vore innan denne kategorien. Ingen har likevel blitt tilsette.

Miljødirektoratet har i sin lønnspolitikk fastsett seniordagar i samsvar med føresegnene i

Hovudtariffavtala, der tilsette over 62 år får 13 seniordagar pr. år. Ein eigen livsfasepolitikk vil bli utarbeidd for å ta vare på tilsette i dei enkelte livsfasane, under dette seniorar.

Riksantikvaren (RA)

Tala for 2013 viser små endringar i kjønnsfordeling innanfor fleire stillingskategoriar. I stillingskategori mellomleing er delen menn redusert frå 44 pst. til 38 pst. mens delen kvinner har auka frå 56 pst. til 62 pst. I stillingskategori kontorstillingar er det ein auke frå 33,4 pst. til 40 pst. for menn mens kvinner er redusert frå 66,6 pst. til 60 pst.

Riksantikvaren har framleis ein stor del kvinnelege toppleiarar (66,7 pst.). Den har vore stabil høg dei siste åra.

Tallene for 2013 viser at forskjell på lønn for toppleiarar mellom kvinner og menn er redusert samanlikna med føregåande år. På mellomleiarnivå er det menn som har størst auke på gjennomsnittleg månadslønn. For høgare lønna rådgivarar og saksbehandlarar har kvinner hatt størst auke i månadslønn frå 2012 til 2013. For høgare lønna rådgivarar ligg no kvinner berre kr. 600,- under i gjennomsnittleg månadslønn for menn. (Differansen i 2012 var på kr. 1100,-) og for saksbehandlarar ligg no kvinner og menn likt på gjennomsnittleg månadslønn. (Differansen i 2012 var på kr. 4¹). Totalt for RA har gjennomsnittleg månadslønn for kvinner auka med kr. 2 600,- mens den for menn i same perioden har auka med kr. 500,-. Det er gjort nokre organisatoriske endringar hos RA, som inneber færre personar i leiargruppa. Dette har redusert differansen på månadslønn mellom kjønna. Det har òg vore noko turnover og utskifting på dei andre stillingskategoriane og nokre av endringane heng saman med endringar i samband med nyttilsetjingar. Etaten gir kvinner og menn like moglegheiter for kompetanseutvikling, og fleire kvinner enn menn har delteke på større, individuelle kompetansetiltak. I lokale forhandlingar vil ein vere merksam på forholdet mellom menn og kvinner si gjennomsnittslønn. Det blir arbeidd systematisk og målretta for at kjønnsmessige ulikskapar i lønn blir utjamna. Det er blitt sett i verk tiltak for å sikre at gravide kan stå lengre i arbeid. Det er blitt laga ein eigen handlingsplan for IA i 2013. Blant måla her er å halde fram med minimum ein IA-plass og auka tilsetjing av personar med nedsett funksjonsevne. I rekrutteringa er lagt vekt på at verken nedsett funksjonsevne eller framandspråk skal vere hinder for tilsetjing, så lenge vedkommande er kvalifisert. Personar med

nedsett funksjonsevne blir oppfordra til å søkje stillingar og det blir lagt til rette for at medarbeidarar med nedsett funksjonsevne kan fungere optimalt (100 pst.) i stillinga. RA har tett samarbeid med NAV Arbeidslivssenter og hjelpemiddelcentral, og det er blitt laga ei lett tilgjengeleg elektronisk HMS-handbok med faste rutinar. RA har fleire medarbeidarar med innvandrarbakgrunn. Mangfald er etterstreva, og personar med innvandrarbakgrunn blir oppfordra til å søkje på stillingar, vurderte særskilt og kalla inn til intervju om dei innfrir krava til utdanning og praksis. Kompetanseutvikling for seniorar og kompetanseoverføring blir prioritert.

Norsk Polarinstitutt (NP)

Norsk Polarinstitutt vil forsøke å kartlegge grunnen til at kvinner i gjennomsnitt har lågare inntekt og at denne forskjellen aukar, for å kunne jobbe målretta med funn både ved rekrutteringar og i lokale forhandlingar. Eventuelle kjønnsbetinga lønnsforskjellar på alle nivå skal kartleggjast og søkjast utjamna ved dei lokale lønnsforhandlingane. Ny lønnspolitisk plan er utarbeidd i 2012, og likestillingselementet er vektlagt i utforminga av planane.

Etaten har som overordna mål å vere ein arbeidsplass der likestillingsperspektivet er ein integrert del av verksemda. Likestillingsutvalet ved NP har i 2011 utarbeidd reviderte handlingsplanar for likestilling og mot trakassering, og ein intern likestillingskontakt arbeider aktivt for likestilling på alle plan. NP har benyttet seg av kurs i intensivt likestillingsarbeid som Kif-komiteen arrangerte i 2013. Tema var Kjønnsbalanse i forskning. I etterkant av dette seminaret er det utarbeidd ny handlingsplan for likestilling på instituttet. Ved rekruttering skal både ein mannleg og ein kvinneleg kontaktperson oppgivas i kunngjeringsteksten, og begge kjønn skal vere representerte i utvelgingsprosessen. Kvinner/menn blir oppfordra til å søkje om det finst mindre enn 40 pst. av eit kjønn i ein type stilling. Det blir gjennomført utviklingssamlingar for medarbeidarane med fokus på intern kommunikasjon, språk, samspel og relasjonar. NP har laga ein plan for universell utforming, med intensjon om å vere ein arbeidsplass som fremjar like moglegheiter til samfunnsdeltaking og hindrar diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. NP har inngått samarbeidsavtale med INN Tromsø for å integrere utanlandske medarbeidarar i det norske samfunnet på best mogleg måte. I tillegg blir det tilbode norsk kurs, både grunnkurs og kurs for

vidarekomne. Ved foreldrepermisjon blir det lagt til rette for at mannlege medarbeidarar kan ta ut meir enn fedrekvoten. Tidspunkt for møte og tilstellingar i verksemda blir tilpassa tider for henting av barn i skule og barnehage. Gravide får etter førespurnad tilpassa arbeidsplassen. For permisjonar som er lengre enn 4 månader blir det gjennomført ein obligatorisk medarbeidarsamtale. Eventuelle lønnskilnader som følgje av kjønn blir kartlagde på alle nivå og forsøkt utjamna ved lokale forhandlingar.

10.6 Likestillingsvurdering på fagbudsjettområda

Offentlege verksemdar er i likestillingslova § 1a pålagt å arbeide for likestilling mellom kjønna på alle samfunnsområde. Dette inneber blant anna å vurdere kjønns- og likestillingsperspektivet på departementets fagbudsjettområde der det er relevant og føremålstenleg.

Naturmangfald og friluftsliv

Det er kommunar og organisasjonar som foreslår medlemmene til dei fleste råd og utval på naturforvaltningsområdet. For å få velfungerande råd og utval med høg grad av legitimitet lokalt og regionalt er det viktig at forslag til medlemmer framleis kjem frå brukarar og interessentar for det arbeidet rådet/utvalet skal gjennomføre, men kommunar og organisasjonar blir bedne om alltid å foreslå ei kvinne og ein mann.

Det blir lagt inn krav i tildelingsbrevet til Miljødirektoratet og til Fylkesmannen om å sikre at likestillingslova blir følgt ved oppnemning til og nyoppnemning av statlege råd og utval som direktoratet eller Fylkesmannen har ansvar for.

I følgje TNS Gallups Natur- og miljøbarometer (siste tal frå 2004) betyr kjønn lite for nordmenn si interesse for natur, miljø og friluftsliv. Dette avspeglar seg i arbeidet for å bevare norsk natur for kommande generasjonar og leggje til rette for natur- og friluftslivsopplevingar. Både menn og kvinner har i store trekk dei same høva til friluftsliv, og likestillingsperspektivet er her godt ivareteke. Vi ser òg at det er god fordeling mellom kvinner og menn som arbeider med desse spørsmåla i offentleg forvaltning.

Å delta i jakt og fiske har tradisjonelt vore eit område med stor dominans av menn. Menn dominerer framleis, men delen av kvinner som deltek i slike aktivitetar aukar. I løpet av dei siste åra har talet på kvinnelege medlemmer i Noregs jeger- og

fiskarforbund auka, og det er etablert egne kvinnettverk der jakt og fiske er tema.

Dei fleste budsjettpostane som Miljødirektoratet disponerer innanfor sitt verkeområde er ikkje kjønnsrelevante. Nokre av postane kan likevel nyttast til å fremje likestilling mellom kjønna. Nedanfor følgjer ein kort gjennomgang av desse.

Kap. 1425 post 70 Tilskot til fiskeformål og post 71 Tilskot til viltformål

Grunnlaget for desse to postane er inntekter frå fiskaravgifta og jegeravgifta. Tilskot blir tildelt lag og organisasjonar, og kan ytast til tiltak som fremjar auka deltaking av kvinner i jakt og fiske. Midlar frå dei to postane er bl.a. nytta til kurs og opplegg mynta spesielt på kvinner og ikkje minst familiar. Det er innført ei eiga fiskaravgift for familiar som er grunnlagt med at fiske er ein fin familieaktivitet.

Kap. 1420 post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde og post 78 Friluftslivsformål

Desse postane har indirekte familiefokus ved at midlane dei siste åra har vore retta mot å leggje ut friluftsområde og støtte friluftstiltak i by- og tettstadsnære område, det vil ofte seie i nærleiken av bustader, skular og barnehagar. Ei viktig brukargruppe av desse områda vil vere kvinner og barn. Mange friluftsråd driv aktiv rekruttering av nye befolkningsgrupper gjennom å arrangere turar, kurs o.l.

Internasjonalt klimaarbeid

Noreg arbeider aktivt for å sikre at vedtak under Klimakonvensjonen fremjar likestilling og ikkje-diskriminering. Noreg fremjar i forhandlingane aktivt posisjonar som skal styrkje kvinnes og urfolk si involvering og deltaking i klimaarbeidet, særleg knytt til klimatilpassing og skog.

I oppbygging av den internasjonale institusjonelle arkitekturen for klimaarbeid, arbeider Noreg for balansert representasjon av kvinner og menn.

Norges store satsing på å redusere utslepp frå tropisk skog, Klima- og skogsatsinga, arbeider òg målretta med å auke likestillingsfokuset. Særleg viktig i klima- og skogsatsinga er det å ha ei forståing av korleis likestilling kan inorporerast i nasjonale utviklingsplanar, for slik å få ein effekt under implementering av tiltak. I samarbeid med partnerland, slik som Indonesia, er likestilling søkt inkludert både i avtaleverk og i utvikling og

implementering av tiltak. Departementet har drive kompetanseheving og utviklingsarbeid innan likestilling og REDD+, bl.a i samarbeid med Norad og partnerorganisasjonar som FN.

Kulturminne og kulturmiljø

Riksantikvaren legg vekt på mangfald og likestilling i forvaltninga si og fokuserer på å vere representativ når det gjeld å velje ut kva for kulturminne som blir verna. Intensjonen er å femne livet og historia til både kvinner, menn og minoritetar. Dei fleste kulturminna er kjønnsnøytrale og likestillingsaspektet er derfor knytt til kjønnsfunksjonar og roller i heimen og i samfunnet. På nokre område kan det arbeidet som Riksantikvaren gjer, medverke til at det blir sett større fokus på mangfaldet i befolkninga. Som eksempel kan ein nemne verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. I verdiskapingsprogrammet har Riksantikvaren arbeidd for at aktørar av begge kjønn er involverte i gjennomføringa av tiltak og deltek i nettverket til programmet. Arbeidet med dei sektorvise landsverneplanane medverkar vesentleg til å redusere tapet av verdifulle kulturminne og til å bevare breidda av dei. Dette inneber òg at omsynet til likestilling blir betre teke vare på, for eksempel gjennom bevaring av anlegg med tilknytning til kvinner sin innsats og profesjonalisering innanfor helse- og omsorgssektoren.

Freda bygningar og anlegg har hatt ulike funksjonar og speglar dermed bl.a. kjønnsrollene i familie og samfunn gjennom tidene. Våningshus, stabbur, seteranlegg og tekstilfabrikkar medverkar til å synleggjere typiske rammer for kvinners arbeid. Dette gjeld i stor grad òg bustader generelt.

10.7 Oppfølging av IA-avtala

I styringsdialogen med etatane har Klima- og miljødepartementet lagt opp til tett oppfølging av måla i avtala om eit inkluderande arbeidsliv. I samsvar med IA-avtala er det lagt vekt på behovet for førebyggjande tiltak og systematisk HMS-arbeid. IA-måla blir i stor grad utforma av kvar enkelt etat og tilpassa lokale forhold. Klima- og miljødepartementet har laga ein eigen handlingsplan for oppfylging av måla i IA-avtala.

Resultatutvikling og tiltak

Statistikk frå Statistisk sentralbyrå viser at verksemdene i miljøforvaltninga hadde eit samla lege-

meldt fråvær i 2013 på 3,0 pst. Det legemelde sjukefråværet gjekk dermed litt opp i forhold til 2012 (2,4 pst.). Eigemeldt sjukefråvær er ikkje inkludert i tala.

Verksemdene i miljøforvaltninga har sett i gang fleire tiltak for å førebyggje sjukefråvær, spesielt er vektlagt tiltak for å fremje fysisk aktivitet blant medarbeidarane. Andre førebyggjande tiltak

omfattar blant anna fysioterapi og tilpassing av arbeidsplassar. I forhold til IA-mål 2 og 3, rekruttering av personar med redusert funksjonsevne og auke i pensjonsalder, har verksemdene sett individuelle mål og sett i verk egne tiltak, for eksempel tilbod om praksisplassar og karriereutvikling for seniormedarbeidarar.

Klima- og miljødepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2014–2015) om statsbudsjettet for år 2015 blir dei forslag til vedtak ført opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Klima- og miljødepartementet blir i Prop. 1 S (2014–2015) statsbudsjettet for budsjettåret 2015 dei forslag til vedtak som følgjer ført opp:

Kapitla 1400–1482, 4400–4481 og 5578

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.			
1400	Klima- og miljødepartementet			
	01 Driftsutgifter	213 181 000		
	21 Spesielle driftsutgifter	61 069 000		
	62 Den naturlege skulesekken	2 500 000		
	65 Områdesatsing i byar, <i>kan overførast</i>	10 000 000		
	70 Frivillige miljøorganisasjonar og allmennyttige miljøstiftelsar	54 705 000		
	71 Internasjonale organisasjonar	42 477 000		
	74 Tilskot til AMAP, <i>kan overførast</i>	4 000 000		
	76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	30 507 000		
	79 Tilskot til kulturminneforvaltning	16 998 000	435 437 000	
1406	Miljøvennleg skipsfart			
	21 Spesielle driftsutgifter	5 111 000	5 111 000	
1408	Radioaktiv forureining i det ytre miljø			
	01 Driftsutgifter	14 200 000	14 200 000	
1409	MAREANO			
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	27 362 000	27 362 000	
1410	Miljøforskning og miljøovervaking			
	21 Miljøovervaking og miljødata	165 625 000		
	50 Basisløyvingar til miljøforskningsinstitutta	167 647 000		
	51 Forskningsprogram m.m.	200 576 000		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	53	Internasjonalt samarbeid om miljøforskning	6 760 000	
	54	Artsprosjektet m.m.	29 850 000	
	70	Nasjonale oppgaver ved miljøforskningsinstitutta	40 810 000	
	72	Tilskot til GenØk – Senter for biotryggleik	11 900 000	
	73	Infrastrukturtiltak til miljøinstitutta	12 433 000	635 601 000
		Sum Fellesoppgaver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		1 117 711 000
		Klima, naturmangfald og forureining		
1420		Miljødirektoratet		
	01	Driftsutgifter	586 860 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	125 078 000	
	22	Statlege vassmiljøtiltak	183 940 000	
	23	Oppdrags- og gebyrrelatert verksemd	86 108 000	
	30	Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, <i>kan overførast</i>	23 817 000	
	31	Tiltak i verneområde, <i>kan overførast</i>	46 600 000	
	35	Statlege tileigningar, nytt skogvern, <i>kan overførast</i>	121 112 000	
	39	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 69 og 79</i>	31 649 000	
	61	Tilskot til klimatilpassingstiltak	2 000 000	
	69	Oppryddingstiltak, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 39 og 79</i>	41 120 000	
	70	Tilskot til vassmiljøtiltak, <i>kan overførast</i>	22 600 000	
	72	Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt, <i>overslagsløyving</i>	150 755 000	
	73	Tilskot til rovvilttiltak, <i>kan overførast</i>	68 077 000	
	74	CO ₂ -kompensasjonsordning for industrien	300 000 000	
	75	Utbetaling av pant for bilvrak, <i>overslagsløyving</i>	420 000 000	
	76	Refusjonsordningar, <i>overslagsløyving</i>	93 000 000	
	77	Ymse organisasjonar og stiftelsar m.m.	8 149 000	
	78	Friluftsførmål, <i>kan overførast</i>	137 275 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	79	Oppryddingstiltak, <i>kan overføres, kan nyttast under postane 39 og 69</i>	1 306 000	
	81	Verdsarvområde, kulturlandskap og verdiskaping naturarv, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	25 521 000	
	82	Tilskot til truga arter og naturtypar, <i>kan overføres, kan nyttast under post 21</i>	33 439 000	
	84	Internasjonalt samarbeid	1 782 000	
	85	Naturinformasjonssente, <i>kan overføres</i>	47 720 000	2 557 908 000
1425		Vilt- og fisketiltak		
	01	Driftsutgifter	12 803 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	26 072 000	
	70	Tilskot til fiskeformål, <i>kan overføres</i>	11 000 000	
	71	Tilskot til viltformål, <i>kan overføres</i>	27 600 000	77 475 000
		Sum Klima, naturmangfald og forureining		2 635 383 000
		Kulturminne og kulturmiljø		
1429		Riksantikvaren		
	01	Driftsutgifter	130 159 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	67 953 000	
	50	Tilskot til samisk kulturminnearbeid	3 399 000	
	60	Kulturminnearbeid i kommunane	4 000 000	
	70	Tilskot til automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne, <i>kan overføres</i>	29 605 000	
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap, <i>kan overføres</i>	114 375 000	
	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, <i>kan overføres</i>	50 432 000	
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring, <i>kan overføres</i>	44 997 000	
	74	Tilskot til fartøyvern, <i>kan overføres</i>	56 329 000	
	75	Tilskot til fartøyvernsenter, <i>kan overføres</i>	6 726 000	
	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområde, <i>kan overføres</i>	7 964 000	
	79	Tilskot til verdsarven, <i>kan overføres</i>	38 227 000	554 166 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
1432	Norsk kulturminnefond			
	50 Til disposisjon for kulturminnetiltak		65 487 000	65 487 000
	Sum Kulturminne og kulturmiljø			619 653 000
	Nord- og polarområda			
1471	Norsk Polarinstitut			
	01 Driftsutgifter		213 872 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		66 160 000	
	50 Stipend		496 000	280 528 000
1472	Svalbard miljøvernfond			
	50 Overføringer til Svalbard miljøvern- fond		14 650 000	14 650 000
1474	Fram – Nordområdesenter for klima- og miljøforskning			
	50 Tilskot til statlege mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 70</i>		24 177 000	
	70 Tilskot til private mottakarar, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 01 og 50</i>		28 000 000	52 177 000
	Sum Nord- og polarområda			347 355 000
	Internasjonalt klimaarbeid			
1481	Klimakvotar			
	01 Driftsutgifter, <i>kan overførast</i>		8 746 000	
	22 Kvotekjøp, generell ordning, <i>kan overførast</i>		306 300 000	
	23 Kvotekjøp, statstilsette sine flyreiser, <i>kan overførast</i>		1 500 000	316 546 000
1482	Internasjonale klima- og utviklings- tiltak			
	01 Driftsutgifter		82 686 000	
	73 Klima- og skogsatsinga, <i>kan overførast</i>		2 909 998 000	2 992 684 000
	Sum Internasjonalt klimaarbeid			3 309 230 000
	Sum departementets utgifter			8 029 332 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.				
4400	Klima- og miljødepartementet			
	02	Ymse inntekter	396 000	
	03	Refusjon frå Utanriksdepartementet	1 628 000	2 024 000
		Sum Fellesoppgåver, forskning, internasjonalt arbeid m.m.		2 024 000
Klima, naturmangfald og forureining				
4420	Miljødirektoratet			
	01	Oppdrag og andre ymse inntekter	1 401 000	
	04	Gebyr, forureiningsområdet	34 587 000	
	06	Gebyr, fylkesmannsembeta sine miljøvern-avdelingar	27 752 000	
	07	Gebyr, kvotesystemet	10 895 000	
	08	Gebyr, naturforvaltningsområde	4 618 000	
	09	Internasjonale oppdrag	7 000 000	86 253 000
		Sum Klima, naturmangfald og forureining		86 253 000
Kulturminne og kulturmiljø				
4429	Riksantikvaren			
	02	Refusjonar og ymse inntekter	4 152 000	
	09	Internasjonale oppdrag	1 176 000	5 328 000
		Sum Kulturminne og kulturmiljø		5 328 000
Nord- og polarområda				
4471	Norsk Polarinstitut			
	01	Sals- og utleigeinntekter	10 368 000	
	03	Inntekter frå ymse tenesteytingar	57 144 000	
	21	Inntekter, Antarktis	12 764 000	80 276 000
		Sum Nord- og polarområda		80 276 000
Klimakvotar				
4481	Sal av klimakvotar			
	01	Salsinntekter	335 500 000	335 500 000
		Sum Klimakvotar		335 500 000
Skattar og avgifter				
5578	Sektoravgifter under Klima- og miljødepartementet			

Kap.	Post	Kroner	Kroner	Kroner
	70	Sektoravgifter under Svalbard miljøvernfond	14 650 000	
	71	Jeger- og fellingsavgifter	74 982 000	
	72	Fiskaravgifter	15 684 000	105 316 000
		Sum Skattar og avgifter		105 316 000
		Sum departementets inntekter		614 697 000

Fullmakter til å overskride gitte bevilgninger

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2015 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1400 post 01	kap. 4400 post 02
kap. 1420 post 23	kap. 4420 postane 01, 04, 06, 08 og 09
kap. 1429 post 01	kap. 4429 postane 02 og 09
kap. 1471 post 01	kap. 4471 postane 01 og 03
kap. 1471 post 21	kap. 4471 post 21
kap. 1472 post 50	kap. 5578 post 70

2. Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og gjeld derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorgana som inngår i nettordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter er teke med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

III

Fullmakt til overskridingar

Stortinget samtykkjer i at:

- Klima- og miljødepartementet i 2015 kan overskride løyvinga på kap. 1481 Klimakvotar, post 01 Driftsutgifter, til dekning av honorar, transaksjonskostnader og utgifter til fagleg bistand i samband med sal av klimakvotar.
- Klima- og miljødepartementet i 2015 kan overskride løyvinga på kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Kvotekjøp, generell ordning, med eit beløp som tilsvarar inntekter frå sal av klimakvotar som er rekneskapsført på kap. 4481 Sal av klimakvotar, post 01 Salsinntekter.

IV

Kjøp av klimakvotar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2015 kan inngå avtaler om kjøp av klimakvotar ved bruk av Kyoto-mekanismane innanfor ei samla ramme på 2 000 mill. kroner for gamle og nye forpliktingar under kap. 1481 Klimakvotar, post 22 Kvotekjøp, generell ordning.

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

V

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2015 kan gjere bestillingar av materiell o.l. utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1420		Miljødirektoratet	
	22	Statlege vassmiljøtiltak	15,0 mill. kroner
	31	Tiltak i verneområde	3,0 mill. kroner

VI

Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2015 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap	Post	Nemning	Samla ramme
1420		Miljødirektoratet	
	30	Statlege erverv, bandlegging av friluftsområde	55,0 mill. kroner
	32	Statlege erverv, fylkesvise verneplanar	1,8 mill. kroner
	33	Statleg erverv, marint vern	3,6 mill. kroner
	35	Statlege erverv, nytt skogvern	116,4 mill. kroner
	78	Friluftsmål	3,0 mill. kroner
	85	Naturinformasjonssenter	2,0 mill. kroner
1429	21	Riksantikvaren Spesielle driftsutgifter	14,0 mill. kroner
	71	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	30,0 mill. kroner
	72	Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne	10,0 mill. kroner
	73	Tilskot til bygningar og anlegg frå mellomalderen og brannsikring	10,0 mill. kroner
	74	Tilskot til fartøyvern	12,0 mill. kroner
	77	Tilskot til verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet	1,0 mill. kroner
	79	Tilskot til verdsarven	10,0 mill. kroner
1482	73	Klima- og skogsatsinga	810,5 mill. kroner

VII

Fullmakt til å inngå forpliktingar

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2015 kan pådra seg forpliktingar for framtidige år til å kjøpe inn materiell og til å gi tilsegner om tilskot ut over gitt løyving under kap. 1420 Klima- og miljødirektoratet, postane 39, 69 og 79 Oppryddingstiltak, men slik at sama ramme for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig 127,0 mill. kroner.

VIII

Utbetaling av tilskot

Stortinget samtykkjer i at Klima- og miljødepartementet i 2015 får unntak frå føresegnene i stortingsvedtak av 8. november 1984 om utbetalningar av gitte løyvingar på følgjande måte:

Utbetalningar av tilskot til utviklingsformål kan skje ein gong i året for FNs klima- og skogprogram, og Verdsbankens Forest Carbon Partnership Facility, Forest Investment Program og BioCarbon Fund plus.

Utbetalningar av kjernebidrag til Global Green Growth Institute kan skje i samsvar med organisasjonens regelverk.

IX

Utbetaling av renter på tilskot

Stortinget samtykkjer i at opptente renter på tilskot som er utbetalte frå Noreg til FNs klima- og skogprogram, Brasils Amazonasfond, Guyana REDD+ Investment Fund, Global Green Growth Institute, Forest Carbon Partnership Facility, Forest Investment Program og BioCarbon Fund plus kan nyttast til tiltak som blir avtalte mellom Klima- og miljødepartementet og den enkelte mottakaren.

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Trykk: 07 Oslo AS – 10/2014

